DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2026–2027)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2027

Utgiftskapittel: 600–672, 2470, 2541–2542, 2620–2686

Inntektskapittel: 3605–3672, 5470, 5701–5705

DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2026–2027)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2027

Utgiftskapittel: 600–672, 2470, 2541–2542, 2620–2686

Inntektskapittel: 3605–3672, 5470, 5701–5705

Innhald

Del I **Innleiande del** 9

1 **Mål for arbeids-, inkluderings- og velferdspolitikken** 11

2 **Profil og satsingsområde** 17
2.1 Samla budsjettforslag fordelt på programområde og programkategoriar 17
2.2 Satsingar og hovudprioriteringar 18

3 **Sentrale utviklingstrekk** 25
3.1 Innleiing 25
3.2 Situasjonen i arbeidsmarknaden ... 25
3.3 Arbeidsmiljøtilstanden 31
3.4 Utviklinga i helserelaterte ytingar 32
3.5 Innvandrarar og integrering 38
3.6 Utviklinga for låginntektsgrupper 44
3.7 Pensjon 47
3.8 Utvikling i utgiftene til folketrygda 50
3.9 Kommunale stønader 56

4 **Oppmodingsvedtak** 58

5 **Oversiktstabellar** 77
5.1 Utgifter og inntekter fordelte på kapittel 77
5.2 Bruk av stikkordet «kan overførast» 80

Del II **Budsjettforslag** 83

6 **Arbeids- og inkluderingsdepartementets budsjettforslag for 2027** 85

Programkategori 09.00 Administrasjon 85
Kap. 600 Arbeids- og inkluderingsdepartementet 85
Kap. 601 Utgreiingsverksemd, forsking m.m. 87

Programkategori 09.10 Administrasjon av arbeids- og velferdspolitikken 96
Kap. 604 Utviklingstiltak i arbeids- og velferdsforvaltninga 97
Kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten 98
Kap. 3605 Arbeids- og velferdsetaten 106
Kap. 606 Trygderetten 107

Programkategori 09.20 Tiltak for betra levekår m.m. 109
Kap. 621 Tilskot til sosiale tenester og sosial inkludering 112

Programkategori 09.30 Arbeidsmarknad 117
Kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak 118
Kap. 635 Ventelønn 126
Kap. 3635 Ventelønn m.m. 126

Programkategori 09.40 Arbeidsmiljø og sikkerheit 127
Kap. 640 Arbeidstilsynet 133
Kap. 3640 Arbeidstilsynet 136
Kap. 643 Statens arbeidsmiljøinstitutt 137
Kap. 646 Pionerdykkarar i Nordsjøen 138
Kap. 647 Kompensasjonsordning for oljepionerane 138
Kap. 648 Arbeidsretten, Riksmeklaren m.m. 139

Programkategori 09.50 Pensjonar m.m. under Statens pensjonskasse 141
Kap. 611 Pensjonar frå statskassa 142
Kap. 612 Tilskot til Statens pensjonskasse 143
Kap. 613 Arbeidsgivaravgift til folketrygda 155
Kap. 2470 Statens pensjonskasse 156
Kap. 5470 Statens pensjonskasse 160

Programkategori 09.60 Kontantytingar 161
Kap. 660 Krigspensjon 161
Kap. 664 Pensjonsordninga for arbeidstakarar til sjøs 163
Kap. 665 Pensjonstrygda for fiskarar 165
Kap. 666 Avtalefesta pensjon (AFP) 166
Kap. 667 Supplerande stønad 169

Programkategori 09.70 Integrering og mangfald 172
Kap. 670 Integrerings- og mangfaldsdirektoratet 177
Kap. 3670 Integrerings- og mangfaldsdirektoratet 180
Kap. 671 Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarar 181
Kap. 3671 Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarar 191

Kap. 672 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar 192
Kap. 3672 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar 197

Programkategori 29.20 Einslege forsørgarar ... 198
Kap. 2620 Stønad til einsleg mor eller far 198

Programkategori 29.50 Inntektssikring ved sjukdom, arbeidsavklaring og uførleik 201
Kap. 2650 Sjukepengar m.m. 208
Kap. 2651 Arbeidsavklaringspengar m.m. 214
Kap. 2652 Eit enklare Nav – forsøk med aktivitetspengar for unge 218
Kap. 2655 Uføretrygd m.m. 219

Programkategori 29.60 Kompensasjon for meirutgifter ved nedsett funksjonsevne m.m. 226
Kap. 2661 Grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel m.m. 227

Programkategori 29.70 Alderdom 236
Kap. 2670 Alderdom 236

Programkategori 29.80 Forsørgartap m.m. 241
Kap. 2680 Etterlatne 241
Kap. 2686 Stønad ved gravferd 244

Programkategori 29.90 Diverse inntekter 246
Kap. 5701 Diverse inntekter 246

Programkategori 33.30 Arbeidsliv 249
Kap. 2541 Dagpengar 249
Kap. 5705 Refusjon av dagpengar 251
Kap. 2542 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.m. 252
Kap. 5704 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs 253

Del III Omtale av særlege tema 255

7 Innspel frå pensjonistorganisasjonane til utforminga av eldrepolitikken 257

8 Fordrivne frå Ukraina 259

9 FNs berekraftsmål 264

10 Likestilling og mangfald 275

11 Samfunnstryggleik 289

12 Standardiserte nøkkeltal for nettobudsjetterte verksemder – STAMI 292

13 Nye internasjonale standardar frå ILO 296

Forslag 303

Figuroversikt

Figur 3.1 Antal sysselsette etter næring. Sesongjustert endring sidan 1. kvartal 2015. Indeks 1. kv. 2015=100 25
Figur 3.2 Utvikling i sysselsettingsandelen. Sesong- og brotjusterte kvartalstal 26
Figur 3.3 Utviklinga i arbeidsløysa. Sesongjusterte månadstal. Pst. 2018–2026 27
Figur 3.4 Tilgang og behaldning av ledige stillingar. Sesongjusterte kvartalstal t.o.m. 2. kvartal 2026 27
Figur 3.5 Verksemder med alvorlege rekrutteringsproblem. Pst. 2026 28
Figur 3.6 Utviklinga i sysselsettingsandelen i aldersgruppa 15–29 år. Sesongjusterte kvartalstal t.o.m. 2. kvartal 2026 28
Figur 3.7 Unge utanfor arbeid, utdanning og arbeidsmarknadstiltak. Pst. og antal. 15–29 år. 2015–2025 29
Figur 3.8 Utviklinga i sysselsettingsandelen etter alder. 60–74 år. 4. kvartal 2010–2025 30
Figur 3.9 Andel mottakarar av helserelaterte ytingar, pst. av befolkninga 20–64 år, 2018 eller seinaste år og antal sjukefråværsveker per fulltidstilsett, årleg gjennomsnitt, 2024 33

Figur 3.10 Antal sysselsette som andel av befolkninga 20–64 år og pst. av dei sysselsette som er fråverande pga. sjukdom 34
Figur 3.11 Busette mottakarar av sjukepengar, arbeidsavklaringspengar og uføretrygd som andel av befolkninga (busette i Noreg) 18–66 år. Pst. Tal ved utgangen av året 2005–2025 35
Figur 3.12 Mottakarar av helserelaterte ytingar i alderen 18–29, 30–39, 60–66 og 18–66 år som andel av befolkninga i desse aldersgruppene. Tala er korrigerte for at ein kan ta imot meir enn éi yting samtidig. Tal ved utgangen av året 2005–2025 36
Figur 3.13 Innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre busette i Noreg 1970–2026. Antal 39
Figur 3.14 Innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre etter landbakgrunn. 1.1.2026. Antal 39
Figur 3.15 Ikkje-nordiske innvandringar etter innvandringsgrunn. 1990–2025. Antal 40
Figur 3.16 Utviklinga i talet på busette dei siste 15 åra 41
Figur 3.17 Utdanningsnivå for personar f.o.m. 16 år, etter innvandringskategori og innvandringsgrunn. 2025. Pst. 42
Figur 3.18 Registrerte sysselsette, etter innvandringskategori og innvandringsgrunn. Pst. av personar 20–66 år. Fjerde kvartal 42
Figur 3.19 Registrerte sysselsette, etter innvandringsgrunn og butid. Pst. av personar 20–66 år. Fjerde kvartal 2025 43
Figur 3.20 Sysselsette blant fordrivne frå Ukraina mellom 20 og 66 år. Pst. 43
Figur 3.21 Andelen barn under 18 år med vedvarande låg hushaldsinntekt. Pst. 46
Figur 3.22 Antal alderspensjonistar frå folketrygda, middelbestand. Tusen. Historiske tal 1980–2025. Framskrivingar 2026–2050 48
Figur 3.23 Utgiftsverknad av pensjonsreforma målt i faste grunnbeløp (G). Mrd. 2026-kroner (G = 134 419 kroner) 49
Figur 3.24 Realvekst i median samla inntekt før og etter skatt for personar som er 60 år og eldre, 2014–2024. Pst. 50
Figur 3.25 Utgifter til økonomisk sosialhjelp og antal stønadsmottakarar i løpet av året. Tal i tusen. Utgifter i mrd. faste 2025-kroner. 2006–2025 56
Figur 6.1 Sjukefråværsprosenten. Sesongjustert og sesong- og influensajustert. 1. kvartal 2001–2. kvartal 2026 210
Figur 6.2 Utgiftene folketrygda har til sjukepengar til arbeidstakarar. Mill. kroner. Januar 2020–juni 2026 212
Figur 6.3 Talet på mottakarar av arbeidsavklaringspengar og andelen av befolkninga som får ytinga (pst.). Desember 2016–2025 215
Figur 6.4 Avgangar frå arbeidsavklaringspengar i 2025 – status seks månader etter avgang 217
Figur 6.5 Mottakarar av uføretrygd. Talet på mottakarar og mottakarar som andel av befolkninga i aldersgruppa 18–66 år ved utgangen av året. Tal i tusen. Andel i pst. 2015–2025 223
Figur 9.1 Andel av befolkninga i hushald med vedvarande låginntekt 2007–2024 (EU-skala: 60 pst. av medianinntekta, treårsperiode). Fast og løpande låginntektsgrense 266

Oversikt over boksar

Boks 2.1 Regjeringa sine viktigaste satsingar i arbeids-, integrerings- og velferdspolitikken 19
Boks 3.1 Låginntekt som indikator på fattigdom og levekårsproblem 45
Boks 6.1 Arbeidsmarknadstiltak 119
Boks 6.2 Handlingsplan mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet 131
Boks 6.3 Avtale om redusert sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet (IA-avtalen) 2025–2028 206

DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2026–2027)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2027

Utgiftskapittel: 600–672, 2470, 2541–2542, 2620–2686

Inntektskapittel: 3605–3672, 5470, 5701–5705

Tilråding frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet 25. september 2026, godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)

Del I
Innleiande del

1 Mål for arbeids-, inkluderings- og velferdspolitikken

Arbeids- og inkluderingspolitikken skal legge til rette for høg sysselsetting, eit trygt og seriøst arbeidsliv og gode velferdsordningar som gir økonomisk tryggleik og små forskjellar. Arbeid er grunnlaget for verdiskaping, finansiering av velferdssamfunnet og for deltaking, sjølvstende og tilhøyrsle for den enkelte.

Noreg står framfor store utfordringar i åra som kjem. Ei aldrande befolkning, knappare tilgang på arbeidskraft, omstilling i økonomien og høg etterspørsel etter velferdstenester gjer det avgjerande å få og behalde fleire i arbeid. Samtidig skal dei som av ulike grunnar ikkje kan delta i arbeid, vere sikra trygge og føreseielege inntektsordningar. Arbeids- og velferdsforvaltninga speler ei viktig rolle for å bidra til å nå måla i arbeids- og inkluderingspolitikken.

Departementet sine ni mål viser retning for ein samla politikk for arbeid, inkludering og velferd, og er i samsvar med fleire av prioriteringane i regjeringa sin plan for Noreg. Måla er nærmare omtalte under programkategoriane.

1.1 Ein velfungerande arbeidsmarknad med god utnytting av arbeidskrafta

Høg yrkesdeltaking er ein føresetnad for høg verdiskaping og finansiering av velferdsordningane. For at vi skal løyse oppgåvene som ligg framfor oss og trygge velferda, er det avgjerande at flest mogleg deltar i arbeidslivet. I regjeringa sin plan for Noreg er det sett eit mål om 150 000 fleire i arbeid frå 2024 til 2030 og det er sett i gang eit ungdomsløft. Sysselsettingsandelen skal vere på 82 pst. av befolkninga i aldersgruppa 20–64 år innan 2030, og auke til 83 pst. innan 2035. For å nå desse måla vil regjeringa føre ein aktiv politikk for å få fleire i arbeid og færre på trygd. I tillegg til ein arbeidslivspolitikk som gjer at folk ikkje blir sjuke av jobben og ein arbeidsmarknadspolitikk som aktiverer dei som står utanfor arbeidslivet, må fleire politikkområde bidra. Skattepolitikken må stimulere til arbeid, skole- og utdanningspolitikken må sørge for at fleire fullfører utdanning og blir omskolerte, og helsevesenet må gi nødvendig behandling og oppfølging til dei som treng det.

Arbeidsmarknadspolitikken skal bidra til at fleire av dei som i dag står utanfor, kan delta i arbeidslivet, og samtidig legge til rette for at verksemder får den arbeidskrafta dei treng. Politikken skal motverke uønskt avgang frå arbeidslivet og støtte opp om at folk blir verande i jobb. Regjeringa vil mobilisere, motivere og kvalifisere fleire av dei som står utan arbeid og styrke moglegheitene deira til å komme i jobb. Det er også viktig å redusere barrierar for arbeidsgivarar og støtte opp om inkludering og bruk av den arbeidsevna den enkelte har.

Ein velfungerande arbeidsmarknad krev at arbeidsgivarar som har behov for arbeidskraft og arbeidssøkarar som har relevant kompetanse, finn kvarandre raskt. Det føreset tilgjengeleg informasjon om ledige stillingar og aktuelle jobbsøkarar. Arbeids- og velferdsetaten har ei viktig rolle i å gi mest mogleg fullstendig informasjon om stillingsmarknaden. Etaten tilbyr rekrutteringsbistand til arbeidsgivarar som treng arbeidskraft, og formidlingsbistand til dei som ikkje kjem i arbeid på eiga hand. Innsatsen er spesielt retta mot å inkludere fleire frå utsette grupper i arbeidsmarknaden.

Arbeidsmarknadstiltaka er sentrale for å få fleire i arbeid. Tiltaka skal betre arbeidsevna og styrke moglegheitene i arbeidsmarknaden for personar som står utanfor. Tiltaka skal også senke terskelen for å komme inn i arbeidslivet og legge til rette for at arbeidsgivarane kan inkludere fleire i verksemda. Målet er også å forhindre at personar fell ut av arbeidslivet og blir ståande varig utanfor.

Dagpenge- og permitteringsordninga skal støtte opp om arbeidslinja og sikre delvis kompensasjon for bortfall av arbeidsinntekt ved arbeidsløyse i ein avgrensa periode. Ordningane er utforma med sikte på å motivere til aktiv jobbsøking, bidra til rask overgang til arbeid og sikre god tilgang på arbeidskraft til verksemder som treng det.

Arbeidsinnvandring er eit supplement til den innanlandske arbeidsstyrken. Ein balansert og behovstilpassa arbeidsinnvandringspolitikk skal

bidra til å dekke mangel på arbeidskraft i næringar og regionar som treng det, og støtte opp under ein velfungerande arbeidsmarknad med god utnytting av arbeidskrafta. For å vidareutvikle arbeidsinnvandringspolitikken har regjeringa oppnemnt eit offentleg utval for å gå gjennom erfaringane med arbeidsinnvandring til Noreg og vurdere behovet for endringar. Utvalet skal analysere og vurdere kva betydning og effektar arbeidsinnvandringa har for arbeidsmarknad, arbeidsliv og samfunn.

Sjå nærmare omtale under del II, programkategori 09.30 Arbeidsmarknad, programkategori 33.30 Arbeidsliv og programkategori 09.10 Administrasjon av arbeids- og velferdspolitikken.

1.2 Eit sikkert og seriøst arbeidsliv

Eit sikkert og seriøst arbeidsliv er ein berebjelke i den norske samfunnsmodellen. Høg organisasjonsgrad, trepartssamarbeid og brei tariffdekning bidrar til små forskjellar i lønn, høg produktivitet og stor omstillingsevne.

Heile og faste stillingar direkte i den verksemda der arbeidet blir utført, skal vere hovudregelen i norsk arbeidsliv. Regjeringa har gjort fleire regelverkstiltak for å styrke denne utviklinga, og innsatsen for å auke bruken av faste tilsettingar held fram. I samsvar med regjeringa sin plan for Noreg vil det bli lagt fram forslag om å styrke rettane til dei som utfører arbeid formidla gjennom digitale plattformer.

Verksemdene har ansvar for eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø gjennom systematisk arbeidsmiljøarbeid og arbeidstakarmedverknad. Som eit ledd i å styrke det førebyggande arbeidsmiljøarbeidet vil regjeringa legge fram ein nasjonal arbeidsmiljøstrategi, som blir utforma etter dialog med partane i arbeidslivet. Førebyggande arbeidsmiljøarbeid er også sentralt i Avtale om redusert sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet (IA-avtalen) 2025–2028. Frå 1. januar 2026 blei det innført endringar i arbeidsmiljølova som tydeleggjer og styrker krava til det psykososiale arbeidsmiljøet. Ei viktig oppfølging er å auke innsatsen mot vald og truslar i arbeidslivet.

Delar av arbeidslivet er utfordra av useriøse aktørar, sosial dumping og arbeidslivskriminalitet. Regjeringa held fram arbeidet med å sikre norske lønns- og arbeidsvilkår og verne arbeidstakarar mot utnytting og helseskade.

Som eit sentralt ledd i regjeringa sin plan for Noreg blir det gjennomført ei rekke tiltak mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet. Regjeringa har også styrkt Arbeidstilsynet både gjennom auka løyvingar og strengare handhevingsheimlar. Det tverretatlege samarbeidet mellom aktuelle etatar i Noreg, og eit godt etablert internasjonalt samarbeid er sentrale element i kampen for eit seriøst arbeidsliv.

Sjå nærmare omtale under del II, programkategori 09.40 Arbeidsmiljø og sikkerheit.

I tråd med regjeringa sin plan for Noreg arbeider regjeringa med å gjere yrkesskaderegelverket meir rettferdig og moderne. Sjå nærmare omtale under programkategori 29.90 Diverse inntekter, og dessutan omtale i del I kapittel 4 Oppmodingsvedtak.

1.3 Redusere sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet

Sjukepengar sikrar tryggleik for den enkelte ved inntektstap som følge av sjukdom. Samtidig har høgt sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet store konsekvensar både for dei det gjeld, for verksemdene og for samfunnet. Særleg langtidssjukefråvær aukar risikoen for varig fråfall og uføretrygd, og kan gi lågare inntekt for den sjuke og betydelege samfunnsøkonomiske tap. Dei som fell frå eit arbeidsforhold, er ei sårbar gruppe. Sjukdom og helseproblem er den største årsaka til varig fråfall frå arbeidslivet, og tidleg innsats som bidrar til at folk blir i jobb, er derfor viktig. Redusert sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet er ei av regjeringa sine sentrale prioriteringar gjennom prosjektet Ei friskare befolkning i regjeringa sin plan for Noreg.

Utviklinga i sjukefråværet dei seinare åra, og i mottaket av dei andre helserelaterte ytingane, viser at det trengst ein forsterka innsats frå alle aktørar i sjukefråværsarbeidet. Dette ligg som eit bakteppe for IA-avtalen (2025–2028), der regjeringa saman med partane i arbeidslivet er einige om ei rekke tiltak for å forsterke den førebyggande arbeidsmiljøinnsatsen, betre sjukefråværsoppfølginga, forsterke innsatsen på den enkelte arbeidsplassen og auke kunnskapen om sjukefråvær, fråfall og verksame tiltak.

Ei viktig prioritering i regjeringa sin plan for Noreg er å redusere sjukefråværet og hindre at folk fell ut av arbeidslivet. Arbeidslivet og helse- og omsorgstenestene skal fremme meistring, støtte deltaking og fremme folkehelsa. Befolkninga skal få betre føresetnader for å leve friskare liv og arbeide med den helsa dei har. Arbeid kan fremme helse, og sjukmelding er ikkje alltid riktig behandling. Prosjektet Ei friskare befolkning er eit samarbeid mellom Arbeids- og inkluderingsde-

partementet og Helse- og omsorgsdepartementet, og skal bidra til å utjamne sosiale helseforskjellar, redusere sjukefråværet, sørge for at færre fell ut av arbeidslivet og redusere behovet for bruken av helse- og omsorgstenester. Som ein del av prosjektet gjennomfører regjeringa tiltak retta mot alle aktørane i sjukefråværsarbeidet. Vi vil bl.a. foreslå endringar i medverknads- og aktivitetspliktene til den sjukmelde og tilretteleggingsplikta til arbeidsgivaren, forbetre informasjonsutvekslinga mellom Arbeids- og velferdsetaten og helsetenesta og samarbeide om fleire tiltak retta mot sjukmeldarane. Sjå nærmare omtale av prosjektet i Prop. 1 S (2026–2027) for Helse- og omsorgsdepartementet.

For å auke kunnskapen om årsaker til sjukefråvær og verksame tiltak for å få ned fråværet, gjennomfører regjeringa og partane i arbeidslivet ei brei kunnskapsinnhenting, som skal ligge til grunn for drøftingar mellom partane i 2027 og 2028.

Det er fleire faktorar som påverkar om folk blir ståande i arbeid over tid. Det er òg avgjerande at ein jobbar godt med førebyggande arbeidsmiljøarbeid, med å skape eit arbeidsliv der alle kan delta, med innrettinga av pensjonssystemet, og med tiltak retta mot arbeidsledige. For å lykkast med å redusere fråfall er det heller ikkje nok å berre førebygge og følge opp sjukefråvær. For dei som går ut sjukepengeperioden, er risikoen for fråfall høg. Oppfølginga må vere god og målretta òg mens ein mottar arbeidsavklaringspengar, for at flest mogleg skal kunne komme tilbake til arbeid. Sjå omtale under dei andre måla i dette kapittelet.

Sjå nærmare omtale under del II, programkategori 29.50 Inntektssikring ved sjukdom, arbeidsavklaring og uførleik, og programkategori 09.10 Administrasjon av arbeids- og velferdspolitikken.

1.4 God inkludering av utsette grupper i arbeidsmarknaden

Regjeringa vil arbeide for eit likestilt og inkluderande arbeidsliv der alle som kan og vil jobbe, skal få moglegheit til det. Målet er at fleire personar som står utanfor arbeid og utdanning, og fleire personar med nedsett funksjonsevne eller samansette utfordringar, skal komme inn og bli verande i arbeid. Regjeringa vil legge til rette for dette gjennom kvalifisering, oppfølging og tilrettelegging.

Det er for mange i yrkesaktiv alder som ikkje deltar i arbeid. Talet på personar med nedsett arbeidsevne har auka sidan 2019. Det må sjåast i samanheng med utviklinga for antal mottakarar av arbeidsavklaringspengar, der færre har gått ut av ordninga enn tidlegare. Fleire har vore utan arbeid lenge, har omfattande bistandsbehov og treng arbeidsretta oppfølging for å komme i jobb. Personar med låg formell kompetanse, personar med helseproblem og nokre innvandrargrupper er særleg utsette i arbeidsmarknaden. I tillegg strever fleire unge med å få innpass i arbeidslivet, sjå mål 5.

Mange av dei som står utanfor har samansette utfordringar og treng hjelp frå fleire sektorar samtidig. For å møte desse utfordringane samarbeider arbeids- og velferdsforvaltninga med helse- og omsorgstenestene og utdanningssektoren om å gi eit betre og meir heilskapleg tilbod. Gjennom samarbeid på tvers av sektorar blir verkemiddel og tenester sette i samanheng for å støtte den enkelte sin veg mot arbeid.

Regjeringa vil legge til rette for at personar med nedsett funksjonsevne skal kunne delta i arbeid på linje med andre. Ei effektiv hjelpemiddelforvaltning og god tilrettelegging er sentrale verkemiddel for å støtte denne gruppa inn i arbeidslivet og til å bli verande i jobb.

Sjå nærmare omtale under del II programkategori 09.30 Arbeidsmarknad og programkategori 29.60 Kompensasjon for meirutgifter ved nedsett funksjonsevne m.m.

1.5 Fleire unge skal få moglegheiter til å delta i arbeidslivet

Sysselsettinga blant unge er høg, men det er også arbeidsløysa. For mange unge står utanfor arbeid og utdanning. Å få fleire unge i arbeid er eit sentralt mål for regjeringa. Tidleg deltaking i arbeid er viktig for vidare tilknyting til arbeidslivet og for moglegheita til å forsørge seg sjølv. Mange av dei unge som står utanfor arbeid og utdanning, har samansette utfordringar, og fleire har aldri vore i arbeid.

For å styrke innsatsen lanserte regjeringa ungdomsløftet i 2025. Satsinga skal bidra til at fleire unge kjem i arbeid og til å betre tilgangen på arbeidskraft. Ungdomsløftet er ei av prioriteringane i regjeringa sin plan for Noreg. Regjeringa har, saman med arbeids- og næringslivet, som mål å få 30 000 fleire unge under 30 år i jobb innan 2030. Regjeringa har gjennom ungdomsløftet garantert at unge under 30 år som står utanfor arbeidslivet, skal få tilbod om jobberfaring, oppfølging eller opplæring.

Ungdomsløftet samlar eksisterande og planlagde arbeidsretta innsatsar for unge. Som ein del av ungdomsløftet har regjeringa inngått ein intensjonsavtale med partane i arbeidslivet, store verksemder og brukarorganisasjonar for personar med funksjonsnedsetting. Intensjonsavtalen forpliktar partane til å arbeide saman om å skape jobbmoglegheiter og meistringsarenaer for unge.

I tillegg til arbeidsmarknadstiltak er ungdomsgarantien i Arbeids- og velferdsetaten det mest sentrale verkemiddelet for å få fleire unge i arbeid. Ungdomsgarantien skal sikre at unge som treng arbeidsretta bistand frå Arbeids- og velferdsetaten, får ein fast kontaktperson og tidleg, tett og tilpassa oppfølging så lenge det er nødvendig. Det er også sett i gang fleire forsøk og utviklingsprosjekt for å vidareutvikle og styrke tilbodet til unge, bl.a. eit rekrutteringsprogram til helse- og omsorgssektoren og eit prosjekt for å utvikle betre lågterskeltilbod og meir tilpassa tenester for unge med samansette utfordringar. Vidare er det sett i gang to forsøk – eitt med arbeidsretta ungdomsprogram og eitt med aktivitetspengar for unge. Forsøka skal på ulike måtar undersøke om ytingar utan medisinske inngangsvilkår kan bidra til at fleire unge kjem i arbeid eller utdanning. Regjeringa vil også prøve ut eit fireårig lønnstilskot for unge som står langt frå arbeidslivet, med planlagt oppstart i løpet av hausten 2026.

Sjå nærmare omtale under del II programkategori 09.30 Arbeidsmarknad, programkategori 09.10 Administrasjon av arbeids- og velferdspolitikken, og 29.50 Inntektssikring ved sjukdom, arbeidsavklaring og uførleik.

1.6 God integrering av innvandrarar i arbeid og samfunn

Regjeringa sin plan for Noreg slår fast at personar som kjem til landet skal bli møtte med tydelege krav og forventningar, både om å lære seg norsk, komme i arbeid og delta i fellesskapet. Dei som kjem til Noreg, skal lykkast i Noreg. Arbeid er nøkkelen til integrering. For å komme i arbeid, er gode norskkunnskapar og kvalifisering viktig. Introduksjonsprogrammet og norskopplæringa er sentrale verkemiddel i dette arbeidet. Regjeringa vil styrke arbeidsinsentiva for nykomne flyktningar, og trappe opp innsatsen mot negativ sosial kontroll.

Sidan 2022 har norske kommunar busett over 100 000 flyktningar. Dei fleste er fordrivne frå Ukraina. Busettinga har gått rekordraskt og nesten alle kommunar i landet har tatt imot flyktningar og lagt ned ein imponerande innsats for å få dei ut i jobb og integrerte i lokalsamfunnet. Det er eit mål i busettingspolitikken at flyktningar blir busette raskt og spreidd, i kommunar med eit relevant tilbod om kvalifisering, arbeid, utdanning og andre tenester. Samtidig er det for mange flyktningar som flyttar frå busettingskommunen til ein ny kommune utan å ha ein jobb å gå til, med stort behov for offentlege tenester. Særleg nokre kommunar opplever utfordringar med mykje tilflytting og press på tenestene. Derfor greier regjeringa ut regelverksendringar for å redusere uønskt sekundærflytting.

Regjeringa vil at fleire innvandrarar skal delta i arbeid. Sysselsettinga blant innvandrarar er lågare enn i resten av befolkninga, særleg blant flyktningar og familiane deira. Regjeringa sitt utgangspunkt er at dei som kan arbeide, skal arbeide.

For å styrke overgangen til arbeid, vil regjeringa auke arbeidsinsentiva for nykomne flyktningar. Regjeringa har hatt på høyring eit forslag om ein ny integreringsstønad som skal erstatte introduksjonsstønad, sosialhjelp og bustøtte dei fem første åra etter busetting. Tak på stønaden og gunstigare avkortingsreglar skal gjere at det lønner seg å jobbe. Målet er at fleire skal komme raskare i arbeid og bli økonomisk sjølvstendige.

Gjennom integreringserklæringa har regjeringa tydeleggjort rettar, plikter og forventningar for nykomne flyktningar og familiane deira. Arbeid, norskopplæring og deltaking i samfunnslivet blir framheva som grunnleggande føresetnader for integrering.

Introduksjonsprogrammet og norskopplæringa er sentrale verkemiddel i integreringspolitikken. Gode norskferdigheiter og relevant kompetanse er avgjerande for å komme i arbeid. Samtidig har mange innvandrarar utfordringar med å oppnå eit norsknivå som gir varig tilknyting til arbeid. Norskopplæringsfeltet er prega av eit fragmentert aktørbilde og variasjonar i kvalitet og organisering. Regjeringa har derfor sett ned eit ekspertutval som skal gå gjennom norskopplæringa til vaksne innvandrarar og vurdere korleis tilbodet best kan organiserast og innrettast slik at fleire innvandrarar lærer norsk og kjem i arbeid.

Integreringspolitikken er viktig for å redusere barrierar mot deltaking i både arbeids- og samfunnsliv. Ei ny *Lov om særskild innsats mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vald* tok til å gjelde 1. juli 2026 og arbeidet med å følge opp *Handlingsplanen mot rasisme og diskriminering – ny innsats 2024–2027* held fram. Rasisme og diskriminering er eit utbreidd og vedvarande problem i Noreg. Mange med innvandrarbakgrunn er godt integrerte og har høge ambisjonar, men opp-

lever likevel mindre sosial tilhøyrsle og aksept i storsamfunnet.

Segregerte byområde kan medverke til å forsterke sosial ulikskap og utanforskap. For å følge tettare med på utviklinga og sette i verk tiltak tidleg, har regjeringa gitt Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) i oppdrag å lage ein monitor som måler segregering og levekår i utsette område. Frivillige organisasjonar speler ei viktig rolle i integreringsprosessar og i arbeidet med å skape felles møteplassar og samfunnsdeltaking for alle. IMDi forvaltar ei rekke tilskotsordningar for frivillige organisasjonar som støttar opp om arbeidet deira.

I 2027 legg regjeringa fram ein integreringsstrategi som tar tak i nokre av dei største utfordringane på integreringsfeltet. Målet er auka arbeidsdeltaking, betre levekår og mindre segregering. I tillegg vil regjeringa sjå på kva slags kulturelle barrierar som står i vegen for deltaking på ulike samfunnsarenaer. Strategien skal synleggjere kva regjeringa gjer, og vil gjere, for å få fleire i arbeid, betre levekåra for innvandrarar, motverke segregering og bryte ned dei kulturelle barrierane.

Sjå nærmare omtale under del II programkategori 09.70 Integrering og mangfald.

1.7 Inntektssikringsordningar som gir økonomisk tryggleik og samtidig stimulerer til arbeid

Regjeringa vil ha eit velferdssamfunn med gode ordningar for inntektssikring ved inntektstap og eit godt offentleg tilbod av tenester. Samtidig skal arbeidslinja stå sentralt i velferdspolitikken. Det er eit overordna mål for regjeringa at inntektssikringsordningane skal gi økonomisk tryggleik til personar som midlertidig eller varig ikkje kan delta i arbeidslivet, og gjennom det bidra til utjamning av inntekt og levekår og støtte sosial inkludering.

Ordningane skal sikre inntekt og kompensere for særlege utgifter i samanheng med sjukdom, arbeidsløyse, sjukdom hos barn, midlertidig svikt i arbeids- og inntektsevna, uførleik og alderdom. Det er samtidig eit mål for regjeringa at ordningane er utforma slik at dei i tilstrekkeleg grad tar omsyn til målet om høg sysselsetting og eit omstillingsdyktig arbeidsliv. Det skal vere lønnsamt for kvar og ein å utnytte arbeidsevna si, og samtidig skal ordningane gi ein økonomisk tryggleik som støttar viljen og evna til å ta risiko. Utover omsyna til insentiv og fordeling bidrar inntektssikringsordningane, og særleg dagpengeordninga, til å stabilisere den økonomiske utviklinga.

Nivået på ytingane frå folketrygda er oftast knytt til tidlegare inntekt, og for fleire ytingar er tidlegare arbeidsinntekt òg ein føresetnad for å komme inn under ordninga. Dei fleste vil få høgare inntekt frå arbeid enn frå trygd, noko som stimulerer til å delta i arbeidslivet. Samtidig gir moglegheit for minsteytingar i enkelte ordningar eit sikkerheitsnett for alle.

Omsyna til at inntektssikringsordningane både skal støtte opp om arbeidslinja ved at det skal lønne seg å jobbe, og samtidig gi gode nok ytingar til at dei gir økonomisk tryggleik for dei som ikkje kan jobbe, kan stå i motstrid og må balanserast i utforminga av ordningane. For å sikre føreseielege vilkår og berekraft må hovudprinsippa i ordningane ligge fast over tid. Samtidig må dei tilpassast behova dei skal møte. Regjeringa arbeider kontinuerleg for å hente inn ny kunnskap for å vidareutvikle inntektssikringsordningane, og samtidig balansere dei ulike omsyna.

Sjå òg omtale under del II programkategori 29.50 Inntektssikring ved sjukdom, arbeidsavklaring og uførleik.

1.8 Gode og føreseielege pensjonar for dagens og framtidige generasjonar

Regjeringa arbeider for eit pensjonssystem som kviler på kollektive ordningar som gir god minstesikring for alle, samtidig som folk får utteljing for arbeidet dei har utført gjennom yrkeslivet. Hovudprinsippa i pensjonsreforma – levealdersjustering, fleksibelt uttak av pensjon, opptening for alle år og frå første krone og høvet til å kombinere pensjon og inntekt frå arbeid – ligg fast og er sentrale for den langsiktige berekrafta i systemet.

Med fleire eldre i befolkninga blir yrkesaktiviteten blant eldre stadig viktigare, og pensjonspolitikken må balansere omsynet til økonomisk berekraft og sosial tryggleik.

Pensjonspolitikken har som mål at pensjonssystemet skal vere økonomisk og sosialt berekraftig, og at det skal sikre føreseielege og gode pensjonar for både dagens og kommande generasjonar. Pensjonssystemet må derfor gi gode insentiv til arbeid, samtidig som det er fleksibelt, slik at alle kan velje sjølv når dei vil ta ut pensjon, og kor stor del dei skal ta ut. Det må vidare ha ein god likestillings- og fordelingsprofil, opplevast som rettferdig, vere mest mogleg oversiktleg og føreseieleg og ha god oppslutning i befolkninga. Det er frå 2011 gjennomført ei omfattande reform av pensjonssystemet som trygger pensjonane i framtida og bidrar til å styrke den økonomiske bere-

krafta. Reforma stimulerer til auka yrkesdeltaking, noko som igjen aukar dei offentlege inntektene.

På lang sikt er det særleg levealdersjusteringa som bidrar til innsparingar. Når levealderen aukar, må nye årskull utsette uttaket av pensjon for å få like høg pensjon som dei eldre årskulla. I forlika som leidde opp til pensjonsreforma, var det brei einigheit om at alderspensjon under utbetaling skal regulerast svakare enn lønnsveksten. Dette gjeld for alle alderspensjonistar og dempar utgiftsveksten på kortare sikt òg. Det er rimeleg at dagens eldre òg bidrar til å sikre eit berekraftig pensjonssystem, slik at ikkje neste generasjon får heile rekninga.

Regjeringa la fram Meld. St. 6 (2023–2024) *Et forbedret pensjonssystem med en styrket sosial profil* 15. desember 2023. I meldinga foreslo regjeringa ei rekke tiltak for å styrke den sosiale berekrafta til pensjonssystemet. I samanheng med stortingsbehandlinga av meldinga inngjekk eit breitt fleirtal ein avtale som bygger på forslaga frå regjeringa med enkelte tilføyingar, bl.a. ei slitarordning i folketrygda. Regjeringa vil følge opp pensjonsforliket, og departementet arbeider med eit høyringsnotat med forslag om auka aldersgrenser i pensjonssystemet og tilgrensande ordningar, inkludert ei slitarordning i folketrygda, og nye reglar for regulering av minsteytingane. Departementet tar sikte på å sende ut eit høyringsnotat med lovforslag i løpet av hausten 2026.

Sjå nærmare omtale under punkt 2.2.5 Pensjonsreforma, del II programkategori 29.70 Alderdom og programkategori 09.50 Pensjonar m.m. under Statens pensjonskasse.

1.9 Inkludering i samfunnet og gode levekår for dei mest vanskelegstilte

Regjeringa ønsker eit samfunn med små forskjellar og like moglegheiter. Regjeringa vil redusere sosiale og geografiske forskjellar og motverke fattigdom. Trass i høg sysselsetting og ein godt utbygd velferdsstat, blir enkeltpersonar og familiar ramma av fattigdom og andre levekårsutfordringar. Dei viktigaste grepa for å redusere forskjellar og fattigdom er å inkludere fleire i arbeid, gode og universelle velferdsordningar, og meir rettferdig og omfordelande skatt.

Det sosiale sikkerheitsnettet skal gi tryggleik, bidra til deltaking og hindre at barn og vaksne fell varig utanfor fellesskapet. Dei sosiale tenestene i arbeids- og velferdsforvaltninga er det nedre sikkerheitsnettet i velferdsordningane. Tenestene skal bidra til økonomisk og sosial tryggleik og fremme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet.

Frivillige organisasjonar og sosiale entreprenørar bidrar på ulike måtar i arbeidet med å gi fleire ein sjanse til å komme i arbeid og aktivitet, og er eit viktig supplement til det offentlege velferdstilbodet.

Det er eit mål for regjeringa at personar med nedsett funksjonsevne skal kunne delta i arbeidslivet og samfunnet på lik linje med andre. Hjelpemiddel og tilrettelegging er viktige verkemiddel for å bidra til dette. Hjelpemiddel frå folketrygda er støttefunksjonar, og verkar saman med andre tilretteleggingsfunksjonar i skolen, arbeidslivet og dagleglivet for å tette gapet mellom isolasjon og deltaking.

Sjå òg omtale i del II programkategori 09.20 Tiltak for betra levekår m.m. og programkategori 29.60 Kompensasjon for meirutgifter ved nedsett funksjonsevne m.m.

2 Profil og satsingsområde

2.1 Samla budsjettforslag fordelt på programområde og programkategoriar

Mill. kroner

Nemning	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
Programområde 09 Arbeid og sosiale formål			
09.00 Administrasjon	827,3	853,7	3,2
09.10 Administrasjon av arbeids- og velferdspolitikken	15 995,6	16 693,6	4,4
09.20 Tiltak for betra levekår m.m.	420,5	434,2	3,3
09.30 Arbeidsmarknad	12 517,2	12 986,2	3,7
09.40 Arbeidsmiljø og sikkerheit	1 648,9	1 292,4	-21,6
09.50 Pensjonar m.m. under Statens pensjonskasse	14 507,3	13 322,0	-8,2
09.60 Kontantytingar	5 591,8	6 091,4	8,9
09.70 Integrering og mangfald	22 575,1	18 650,4	-17,4
Sum Arbeid og sosiale formål	74 083,6	70 323,9	-5,1
Programområde 29 Sosiale formål, folketrygda			
29.20 Einslige forsørgarar	1 562,0	1 095,0	-29,9
29.50 Inntektssikring ved sjukdom, arbeidsavklaring og uførleik	272 419,2	291 008,1	6,8
29.60 Kompensasjon for meirutgifter ved nedsett funksjonsevne m.m.	16 822,1	16 712,3	-0,7
29.70 Alderdom	352 070,0	378 160,0	7,4
29.80 Forsørgartap m.m.	3 951,2	3 334,3	-15,6
Sum Sosiale formål, folketrygda	646 824,5	690 309,7	6,7
Programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda			
33.30 Arbeidsliv	17 967,0	18 790,0	4,6
Sum Arbeidsliv, folketrygda	17 967,0	18 790,0	4,6
Sum Arbeids- og inkluderingsdepartementet	738 875,2	779 423,6	5,5

Det samla budsjettforslaget for 2027 frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet er på 779,4 mrd. kroner. Budsjettforslaget inneber ein samla vekst i utgiftene på om lag 40,5 mrd. kroner, eller 5,5 pst., samanlikna med saldert budsjett for 2026.

Samanlikna med saldert budsjett for 2026 er dei største endringane særleg knytte til auka utgif-

ter til ytingar under folketrygda, der den samla veksten er på om lag 44 mrd. kroner. Mykje av dette følger av lønnsvekst og effektar av trygdeoppgjeret. Budsjettforslaget for 2027 for dei G-regulerte ytingane inkluderer anslått effekt av reguleringa av grunnbeløpet i folketrygda per 1. mai 2027 og overhenget frå trygdeoppgjeret frå 2026. Som følge av dette aukar utgiftsanslaget for 2027 med om lag 21,2 mrd. kroner. Det er særleg utgiftene til alderspensjon som bidrar til at utgiftene til folketrygda aukar utover effekten av trygdeoppgjeret. Dette kjem som følge av sterk vekst i antal eldre.

På enkelte andre område går utgiftene ned frå saldert budsjett for 2026. Hovudårsaka til reduksjonen i utgifter er færre flyktningar i målgruppa for integreringstilskotet i 2027, som dermed går ned med om lag 3,7 mrd. kroner. Bl.a. er det store kullet av fordrivne frå Ukraina som kom inn i målgruppa for tilskot i 2022, ute av målgruppa i 2027. Situasjonen i Ukraina er uføreseieleg, og innreisetala i 2027 er svært usikre. Utgiftene til einslege forsørgarar går ned med knapt 30 pst. Frå 1. juli 2026 er det berre einslege foreldre med aleineomsorga for barn under 14 månader eller med aleineomsorga for særleg tilsynskrevjande barn som vil få innvilga stønaden. Talet på mottakarar av ytingar til etterlatne har gått ned dei siste åra, og det er venta ein særleg sterk nedgang i 2027 som kjem av at tidsavgrensinga (som hovudregel tre år) av omstillingsstønad til etterlatne som blei innført frå 2024 får verknad frå 2027. Også reduserte kompensasjonsutbetalingar til oljepionerane trekker ned utgiftene med om lag 0,4 mrd. kroner i 2027. Dette er i tråd med at det meste av utbetalingar er venta å skje i løpet av 2026.

Utgifter under folketrygda i mill. kroner[1]

Nemning	Saldert budsjett 2026	Anslag på rekneskap 2026	Forslag 2027	Pst. endr. 26/27 frå saldert budsjett	Pst. endr. 26/27 frå anslag på rekneskap
Sosiale formål, folketrygda					
Sjukepengar	74 890	77 540	80 552	7,6	3,9
Arbeidsavklaringspengar	56 550	56 285	59 830	5,8	6,3
Uførleik	140 921	141 388	150 291	6,6	6,3
Alderspensjon	352 070	357 450	378 160	7,4	5,8
Anna[2]	22 245	21 525	21 050	-5,4	-2,2
Dagpengar	16 867	16 690	17 605	4,4	5,5
Sum	663 543	670 878	707 488	6,6	5,5

1 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.m. er ikkje inkludert i denne oversikta.
2 «Anna» inkluderer stønad til einsleg mor og far, grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel m.m., etterlatne og stønad ved gravferd.

Ei oversikt over realveksten for sentrale ytingar i folketrygda under Arbeids- og inkluderingsdepartementet er gitt i tabellen *Utviklinga i ytingane frå folketrygda etter stønadstype 2017–2027* under punkt 3.8 Utvikling i utgiftene frå folketrygda.

2.2 Satsingar og hovudprioriteringar

Departementet sine ni mål viser retning for ein samla politikk for arbeid, inkludering og velferd, og skal møte dei langsiktige utfordringane med å

- auke sysselsettinga
- skape eit sikkert, seriøst og meir inkluderande arbeidsliv
- utforme gode velferdsordningar
- bidra til god integrering og til at innvandrarar deltar i arbeids- og samfunnslivet

Regjeringa sine tiltak og verkemiddel er meint å møte disse utfordringane, som det kjem fram av budsjettforslaget frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Nedanfor følger ein overordna omtale av dei viktigaste satsingane og prioriteringane for 2027 på Arbeids- og inkluderingsdepartementet sine ansvarsområde.

Boks 2.1 Regjeringa sine viktigaste satsingar i arbeids-, integrerings- og velferdspolitikken

- Regjeringa foreslår å auke løyvingane til ulike arbeidsretta tiltak med totalt 290,5 mill. kroner i 2027:
  - 50 mill. kroner til *arbeidsmarknadstiltak*, inkludert personellressursar i Arbeids- og velferdsetaten. Auken gir grunnlag for å auke innsatsen med individuell jobbstøtte (IPS) og andre arbeidsmarknadstiltak, medrekna forsøk med fireårig lønnstilskot for unge.
  - 49 mill. kroner til om lag 300 fleire plassar i *varig tilrettelagt arbeid*.
  - 22 mill. kroner til forsøk med arbeidsretta *ungdomsprogram*.
  - 30 mill. kroner til *rekrutteringsprogram til helse- og omsorgssektoren*, særleg for unge som står utanfor arbeid og utdanning (felles med Helse- og omsorgsdepartementet).
  - 30 mill. kroner til *bransjeretta satsing på inkluderande rekruttering av unge*.
  - 30 mill. kroner til *Jobbsjansen* for å få fleire innvandrarkvinner i arbeid.
  - 79,5 mill. kroner til forsøk med *aktivitetspengar for unge* i Trondheim kommune.
- Regjeringa foreslår å auke løyvingane til tiltak som kan bidra til redusert sjukefråvær, med totalt 77,8 mill. kroner i 2027:
  - *Forbetra informasjonsutveksling mellom Arbeids- og velferdsetaten og helsetenesta* – 27,8 mill. kroner til innføring av ny teknologi og ny sjukmeldingsløysing.
  - *Betre avgjerdsstøtte for sjukmeldarar* – 30 mill. kroner til utvikling av avgjerdsstøtte for sjukmeldarar i vurderingar av behov for og omfang av sjukmelding (felles med Helse- og omsorgsdepartementet).
  - *Utprøving av modellar for systematisk samhandling mellom Arbeids- og velferdsetaten og kommunehelsetenesta* – 20 mill. kroner til fleire pilotar i utprøving av modellar for systematisk samhandling mellom Arbeids- og velferdsetaten og kommunehelsetenesta (felles med Helse- og omsorgsdepartementet).
- Regjeringa foreslår å auke ramma til *Arbeids- og velferdsetaten* med 50 mill. kroner, bl.a. til styrkt saksbehandling av sjukepengesaker.
- *Prosjekt 6 i IKT-moderniseringa i Arbeids- og velferdsetaten* vil sørge for nødvendig systemutvikling på utbetalingsområdet i etaten – 332 mill. kroner.
- *Auke løyvinga til Norskopplæringsordninga* med 17,7 mill. kroner for at fordrivne frå Ukraina og andre innvandrarar som har behov for meir norskopplæring skal få eit målretta og fleksibelt opplæringstilbod.
- *Vidareføre auka kapasitet i IMDi* med 32 mill. kroner til å handtere busetting og integrering av fordrivne frå Ukraina.
- *Styrke mangfaldsarbeidet i IMDi retta inn mot statlege verksemder* – 5 mill. kroner.
- *Stønad til parykk for personar over 30 år* – Regjeringa foreslår å auke løyvinga med 11,3 mill. kroner for å auke satsane med 19 pst. Det vil redusere eigenbetalinga for dei som kvalifiserer til støtte.
- *Statens pensjonskasse* – 27 mill. kroner for å sikre arbeidet med administrative førebuingar til innføring av nye pensjonsreglar for personar med særaldersgrense, og pensjonsforliket om bl.a. gradvis auke av aldersgrensene.
- *Betre kvalitet i sensuren for munnleg norskprøve* gjennom innføring av ny sensurordning – 2,5 mill. kroner

2.2.1 Arbeidsmarknadspolitikken

Arbeidsmarknadspolitikken skal bidra til ein velfungerande arbeidsmarknad med god utnytting av arbeidskrafta. Arbeidsmarknadspolitikken legg til rette for at arbeidsledige og personar med nedsett arbeidsevne som kan og vil jobbe får moglegheit til det. Sjå programkategori 09.30 Arbeidsmarknad og programkategori 29.50 Inntektssikring ved sjukdom, arbeidsavklaring og uførleik.

Arbeidsmarknadstiltak

Det er mange som treng bistand for å komme i arbeid, og fleire kan betre jobbsjansane sine ved å delta i arbeidsmarknadstiltak. Regjeringa varsla i Meld. St. 33 (2023–2024) *En forsterket arbeidslinje – flere i jobb og færre på trygd* at ho ville legge meir vekt på den samla samfunnsøkonomiske effekten av arbeidsmarknadstiltak og trappe tiltaksløyvinga gradvis opp. Totalt foreslår regjeringa å

løyve nesten 13 mrd. kroner til arbeidsmarknadstiltak i 2027, medrekna varig tilrettelagt arbeid (VTA) og forsøk med ungdomsprogramyting, jf. kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak.

For 2027 foreslår regjeringa å auke løyvinga til arbeidsmarknadstiltak, inkludert personellressursar i etaten, med 50 mill. kroner. Auken gir grunnlag for å styrke innsatsen med individuell jobbstøtte (IPS) og andre arbeidsmarknadstiltak, medrekna forsøk med fireårig lønnstilskot for unge. Gjennom forsøket med fireårig lønnstilskot vil ein undersøke om eit langvarig lønnstilskot vil gjere det enklare og mindre risikofylt for arbeidsgivarar å tilsette unge med behov for ekstra oppfølging. Målet med forsøket er at fleire unge som står i fare for å bli uføretrygda, eller som allereie er uføretrygda, kjem i ordinært arbeid. Sjå nærmare omtale under del II, kap. 634, post 01 og 76.

Forsøk med arbeidsretta ungdomsprogram med ungdomsyting

I 2025 blei det sett i gang eit forsøk med arbeidsretta ungdomsprogram ved sju Nav-kontor. Formålet er å undersøke om eit fulltidsprogram med strenge aktivitetskrav og ei alternativ inntektssikring utan medisinske inngangsvilkår, vil bidra til at fleire unge får ei stabil tilknyting til arbeidslivet. Regjeringa foreslår å løyve 194 mill. kroner (netto) til forsøket i 2027. Det er ein auke på 22 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2026.

Sjå nærmare omtale under del II kap. 634, post 70.

Fleire plassar i varig tilrettelagt arbeid (VTA)

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til VTA, inkludert personellressursar i Arbeids- og velferdsetaten, med 49 mill. kroner. Det vil gi rom for om lag 300 fleire plassar i 2027. Forslaget er i tråd med regjeringa sin opptrappingsplan, med om lag 2 000 fleire VTA-plassar for perioden 2024–2027.

Sjå nærmare omtale under del II, kap. 634, post 77.

Bransjeretta satsing på inkluderande rekruttering av unge

Regjeringa vil auke innsatsen i ungdomsløftet og foreslår å styrke marknadsarbeidet i Arbeids- og velferdsetaten. Formålet med satsinga er å styrke bistanden frå etaten til arbeidsgivarar som treng arbeidskraft og som ønsker å rekruttere unge som står utanfor arbeid og utdanning.

Regjeringa foreslår 30 mill. kroner til satsinga i statsbudsjettet for 2027. Sjå nærmare omtale under del II, kap. 605, 01 og 605, post 22.

Forsøk med Eit enklare Nav – aktivitetspengar for unge

Regjeringa foreslår å løyve 96,5 mill. kroner (netto) til forsøk med aktivitetspengar for unge i Trondheim kommune. Det er ein auke på 79,5 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2026. Forsøket skal prøve ut ein stønad til unge under 30 år med individuelt tilpassa oppfølging og aktivitet, og skal starte hausten 2026. Målet er at éin stønad, utan krav om diagnose, skal gi raskare saksbehandling og redusere kompleksiteten og byråkratiet, og slik frigjere ressursar til at arbeidsretta oppfølging kan starte nærmast med ein gong. Det vil vere tydelege aktivitetskrav til den enkelte for å ta imot ytinga. I sum blir det foreslått ei løyving på 306,5 mill. kroner til forsøket, der 210 mill. kroner er overført frå andre ytingar, i hovudsak arbeidsavklaringspengar. Sjå nærmare omtale under kap. 2652, post 70.

Rekrutteringsprogram til helse- og omsorgssektoren

Dei kommunale helse- og omsorgstenestene står framfor store personellutfordringar, og samtidig står mange unge utanfor arbeid og utdanning. I eit samarbeid mellom Helse- og omsorgsdepartementet og Arbeids- og inkluderingsdepartementet blei det i 2026 etablert eit program for å rekruttere primært unge utanfor arbeid og utdanning til arbeid i den kommunale helse- og omsorgssektoren. Regjeringa foreslår å løyve 132,6 mill. kroner til programmet i 2027. Det er ein reell auke på 30 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2026.

Sjå nærmare omtale under del II, kap. 634, post 01, kap. 605, post 01 og kap. 760 i Prop. 1 S (2025–2026) Helse- og omsorgsdepartementet.

2.2.2 Tiltak for redusert sjukefråvær

Sjukefråværet i Noreg er for høgt. Det er behov for ein forsterka innsats for å redusere sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet, der alle aktørane bidrar. Som ei oppfølging av Avtale om redusert sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet (IA-avtalen) 2025–2028, og som ein del av prosjektet Ei friskare befolkning, har regjeringa derfor sett i gang arbeid med ei rekke tiltak. Sjå nærmare omtale av arbeid med tiltak for redusert sjukefråvær under del II, programkategori 29.50 Inntektssikring ved sjukdom, arbeidsavklaring og uførleik.

Forbetra informasjonsutveksling mellom Arbeids- og velferdsetaten og helsetenesta – ny sjukmeldingsløysing

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til Arbeids- og velferdsetaten med 27,8 mill. kroner til arbeidet med å forbetre informasjonsutvekslinga mellom Arbeids- og velferdsetaten og helsetenesta. Arbeidet skal bidra til betre kvalitet på opplysningane, redusert ressursbruk, auka rettstryggleik og auka endringsevne for Arbeids- og velferdsetaten. I første omgang blir det utvikla ei ny digital sjukmeldingsløysing, som vil bli tatt i bruk når nødvendige lovendringar er vedtatte. Ny sjukmeldingsløysing vil bl.a. betre kvaliteten på sjukmeldingsopplysningane og gi meir effektiv saksbehandling. Løysinga er også ein føresetnad for vidare tenesteutvikling på fleire område.

Sjå nærmare omtale under del II, programkategori 29.50 og under kap. 605, post 01.

Betre avgjerdsstøtte for sjukmeldar

Regjeringa foreslår å auke løyvinga med 30 mill. kroner til arbeidet med utvikling av avgjerdsstøtte for å gi betre støtte til sjukmeldar i vurderingar av behov for og omfang av sjukmelding. Arbeidet skal gjennomførast av Arbeids- og velferdsdirektoratet i samarbeid med Helsedirektoratet. Det skal bl.a. utviklast funksjonalitet for visning av fagleg retningslinje for sjukmeldingsarbeid og for betre funksjonsvurderingar i legane sine elektroniske pasientjournalsystem. Etablering av ny sjukmeldingsløysing er nødvendig for å kunne utvikle løysing for avgjerdsstøtte. Det blir foreslått 18 mill. kroner til Arbeids- og velferdsetaten og 12 mill. kroner til Helsedirektoratet.

Sjå nærmare omtale under del II, programkategori 29.50 og under kap. 605, post 01, og dessutan Prop. 1 S (2026–2027) for Helse- og omsorgsdepartementet.

Fleire pilotar for utprøving av modellar for systematisk samhandling mellom Arbeids- og velferdsetaten og kommunehelsetenesta

Regjeringa vil forsterke utprøvinga av modellar for samhandling mellom Arbeids- og velferdsetaten og kommunehelsetenesta. I to ulike modellar samarbeider Arbeids- og velferdsetaten høvesvis med Rask psykisk helsehjelp og med kognitiv terapeut og fastlege om brukarar som har behov for oppfølging frå begge sektorar. Målgruppa er særleg personar med milde til moderate psykiske lidingar, ev. også muskel- og skjelettplager. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til utprøvinga med til saman 20 mill. kroner, fordelt på 6,7 mill. kroner til Arbeids- og velferdsetaten og 13,3 mill. kroner over Helse- og omsorgsdepartementet sitt budsjett. Med auken vil tilbodet nå ut til fleire samtidig som det legg eit betre grunnlag for vidare evaluering

Sjå nærmare omtale under del II, programkategori 29.50 og under kap. 605, post 01.

2.2.3 Integrering av innvandrarar

Arbeid er nøkkelen til integrering. For å komme i arbeid, er gode norskkunnskapar og kvalifisering viktig. Regjeringa vil at personar som kjem til landet skal bli møtte med tydelege krav og forventningar, både om å lære seg norsk, komme i arbeid og delta i fellesskapet.

Sjå òg nærmare omtale under programkategori 09.70 *Integrering og mangfald*.

Auka tilskot til Jobbsjansen

For mange innvandrarkvinner står langt frå arbeidslivet. Regjeringa vil at fleire skal komme inn i og få ei stabil tilknyting til arbeidslivet. Gjennom tilpassa oppfølging bidrar tilskotsordninga Jobbsjansen til at fleire heimeverande innvandrarkvinner får kvalifiseringa dei treng for å komme i gang med arbeid eller utdanning. Ordninga har hatt gode resultat når det gjeld overgang til arbeid og utdanning i ei årrekke. Dei siste fem åra har rundt 75 pst. av deltakarane gått rett over til arbeid eller utdanning etter avslutta program. Regjeringa foreslår å auke tilskotet til Jobbsjansen med 30 mill. kroner i 2027.

Sjå nærmare omtale under del II, kap. 671, post 62.

Auka tilskot til Norskopplæringsordninga

For dårlege norskferdigheiter er blant dei største barrierane for å få jobb. Ein del flyktningar, fordrivne frå Ukraina og andre innvandrarar har behov for meir norskopplæring enn dei har rett på for å nå eit godt nok nivå i norsk som gjer at dei kan delta i arbeidslivet. Regjeringa foreslår å auke tilskotet til Norskopplæringsordninga med 17,7 mill. kroner for at kommunar og andre godkjende tilbydarar skal kunne gi fleire som treng det eit målretta og fleksibelt tilbod om norskopplæring.

Sjå nærmare omtale under del II, kap. 671, post 71.

Vidareføring av auka kapasitet i Integrerings- og mangfaldsdirektoratet for å handtere flyktningstraumen frå Ukraina

Sidan 2022 har Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) fått ei midlertidig auka løyving for å handtere den store flyktningstraumen frå Ukraina. Regjeringa foreslår at IMDi får ei midlertidig løyving til dette arbeidet på 32 mill. kroner i 2027. Det skal busettast dobbelt så mange flyktningar i 2027 som i åra før Russlands fullskalainvasjon av Ukraina. Etter fleire år med høge busettingstal skal IMDi òg støtte kvalifiserings- og integreringsarbeidet i kommunane for ei stor målgruppe.

Sjå nærmare omtale under del II, kap. 670, post 01.

Styrking av mangfaldsarbeidet i IMDi retta inn mot statlege verksemder

Regjeringa har som mål at fleire innvandrarar skal komme i arbeid. Innvandrarar skal møte eit arbeidsliv som er opent og inkluderande. Staten har ein lågare andel tilsette med innvandrarbakgrunn enn privat sektor og fylkeskommunal og kommunal sektor. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til IMDi med 5 mill. kroner for at direktoratet skal styrke mangfaldsarbeidet retta inn mot statlege verksemder.

Sjå nærmare omtale under del II, kap. 670, post 01.

Ny sensurordning for munnlege norskprøvar for innvandrarar

Den munnlege norskprøven ligg til grunn for bestått språkkrav når ein skal søke om statsborgarskap og permanent opphaldsløyve. For mange innvandrarar er han òg ein føresetnad for å få tilgang til arbeid og høgare utdanning. Regjeringa foreslår 2,5 mill. kroner til å innføre ei ny sensurordning som skal bidra til betre kvalitet og rettssikkerheit på sensuren av prøvane, gjennom at HK-dir skal etablere eit nasjonalt sensorkorps og innføre ei tosensorvurdering.

Sjå nærmare omtale under del II, kap. 672, post 22.

2.2.4 Arbeids- og velferdsetaten

Driftsbudsjettet

Regjeringa foreslår å auke ramma til Arbeids- og velferdsetaten med 50 mill. kroner, bl.a. til styrkt saksbehandling av sjukepengesaker som oppfølging av auken i samanheng med revidert nasjonalbudsjett, jf. omtale i Prop. 96 S (2025–2026) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2026*.

IKT-modernisering i Arbeids- og velferdsetaten

Ei modernisering av IKT-systema i Arbeids- og velferdsetaten har vore, og er framleis, nødvendig for å skifte ut svært gamle system som ikkje tilfredsstiller krav til sikkerheit og brukarvennlege tenester.

IKT-moderniseringa inneber eit langsiktig utviklingsløp. Regjeringa foreslår å starte arbeidet med eit sjette prosjekt (Prosjekt 6) i IKT-moderniseringa, for å teknisk modernisere utbetalingsløysinga i etaten. Prosjektet bidrar til auka sikkerheit for at Arbeids- og velferdsetaten kan utbetale ytingar, og at etaten unngår midlertidig bortfall av utbetalingsløysinga.

Regjeringa foreslår at Prosjekt 6 startar opp i 2027 med ei kostnadsramme på 1 439 mill. kroner, jf. forslag til romartallsvedtak. I samanheng med det er løyvinga foreslått auka med 332 mill. kroner for 2027.

Sjå del II, programkategori 09.10 for nærmare omtale.

2.2.5 Pensjonsreforma

For å styrke berekrafta i pensjonssystemet og sikre ei god fordeling av byrder og gode mellom generasjonar, blei pensjonsreglane lagde om frå 2011. Pensjonsreforma vil i betydeleg grad bidra til å dempe utgiftsveksten som følger av ei aldrande befolkning, samtidig som dei nye reglane gir gode insentiv til arbeid. Pensjonsreforma er ei grunnleggande endring av det norske pensjonssystemet, der mange av endringane kjem gradvis, og der den fulle effekten av reforma ligg langt fram i tid. Regjeringa vil trygge dei framtidige pensjonane gjennom ein ansvarleg økonomisk politikk, og held fram med å gjennomføre pensjonsreforma.

Sjølv om hovudprinsippa i reforma ligg fast, er det behov for enkelte justeringar for å sikre at pensjonssystemet gir ein trygg og verdig alderdom for alle. Skal systemet vere økonomisk berekraftig, må fleire stå lenger i jobb, slik at aldringa av befolkninga blir møtt med lengre yrkesliv. I tillegg er det eit mål at pensjonssystemet er sosialt berekraftig, der pensjonssystemet er og blir opplevd som rettferdig, og der byrder og gode blir jamt fordelte over generasjonane.

Pensjonsutvalet leverte rapporten sin, NOU 2022: 7 *Et forbedret pensjonssystem*, til Arbeids- og inkluderingsdepartementet 16. juni 2022. Eit samla utval slo fast at pensjonsreforma var nødvendig for å avgrense veksten i utgiftene til alderspensjon frå folketrygda og betre berekrafta i offentlege finansar. Utvalet peikte samtidig på behov for justeringar for å styrke den sosiale berekrafta i pensjonssystemet.

Pensjonsmeldinga og pensjonsforliket

Regjeringa la fram Meld. St. 6 (2023–2024) *Et forbedret pensjonssystem med en styrket sosial profil* 15. desember 2023. I meldinga foreslo regjeringa ei rekke tiltak for å styrke den sosiale berekrafta i pensjonssystemet, bl.a. ein gradvis auke av aldersgrensene, ei betre regulering av minsteytingane og ei styrking av alderspensjon til uføre i yngre årskull. Arbeids- og sosialkomiteen leverte si innstilling Innst. 233 S (2023–2024) 14. mars 2024. Med innstillinga følgde ein avtale mellom dei daverande regjeringspartia (Arbeidarpartiet og Senterpartiet) og partia Høgre, Sosialistisk Venstreparti, Venstre, Kristeleg Folkeparti og Miljøpartiet Dei Grøne. Avtalen inneber at vi no har eit historisk breitt forlik i pensjonspolitikken som støttar opp under målet om gode og føreseielege pensjonar for både dagens og framtidige generasjonar.

Avtalepartane stiller seg i hovudsak bak forslaga som regjeringa la fram i Meld. St. 6 (2023–2024). Vidare har avtalepartane bl.a. blitt einige om å opprette ei slitarordning i folketrygda samtidig med dei andre endringane i pensjonssystemet, ikkje på ny innføre plikt til å fråtre ved særaldersgrensa og auke den alminnelege aldersgrensa for statstilsette. Avtalen seier vidare at skjermingstillegget i alderspensjon til tidlegare mottakarar av uføretrygd skal utvidast til også å omfatte årskulla 1954–1962. Skjermingstillegget er utvida i tråd med pensjonsavtalen, jf. Prop. 5 L (2024–2025), Innst. 89 L (2024–2025), og Lovvedtak 30 (2024–2025).

Endringane som følger av regjeringa sitt forslag og pensjonsforliket krev eit omfattande lovarbeid, og har tatt noko meir tid enn venta. Departementet arbeider framleis med eit høyringsnotat om auka aldersgrenser i pensjonssystemet og tilgrensande ordningar, inkludert ei slitarordning i folketrygda, og nye reglar for regulering av minsteytingane. Departementet tar sikte på å sende ut høyringsnotatet med lovforslag i løpet av hausten 2026.

Implementering av endringane som følger av pensjonsforliket har kravd, og vil krevje, omfattande arbeid med systemutvikling i Arbeids- og velferdsetaten. Regjeringa har sørgt for at det er løyvd midlar til dette i 2024, 2025 og 2026. Regjeringa foreslår å løyve midlar til det i 2027 òg, inkludert midlar til å dekke varige driftskostnader.

Avtalepartane var også einige om at det skal utarbeidast ein heilskapleg strategi for informasjon på pensjonsområdet. På denne bakgrunnen har Arbeids- og velferdsdirektoratet utarbeidd eit utkast til ein slik strategi. Departementet vil komme tilbake til korleis utkastet til strategi vil følgast opp, sjå òg omtale under programkategori 09.10, kap. 605.

Administrative førebuingar i Statens pensjonskasse for innføring av ny offentleg tenestepensjon og oppfølging av pensjonsforliket

Stortinget har vedtatt ny tenestepensjon i offentleg sektor, jf. Prop. 87 L (2018–2019), Innst. 314 L (2018–2019) og Lovvedtak 72 (2018–2019). Som følge av dette gjennomfører Statens pensjonskasse framleis administrative førebuingar. Statens pensjonskasse førebur no arbeidet med fase fire, som omfattar nye pensjonsreglar for personar med særaldersgrense og oppfølging av pensjonsforliket om bl.a. gradvis auke av aldersgrensene, jf. Innst. 233 S (2023–2024). Statens pensjonskasse har gjennomført både kvalitetssikring av kostnadsramma og kvalitetssikring av styringsgrunnlaget for fase fire. Sjå nærmare omtale under del II, programkategori 09.50.

2.2.6 Auka satsar for parykk for personar over 30 år

Personar som heilt eller delvis har mista hår pga. sjukdom kan få støtte til parykk eller anna håerstatning. Satsane for personar over 30 år er vesentleg lågare enn for dei under 30 år, og prisane på parykkar har auka meir enn stønadssatsane dei siste åra.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 11,3 mill. kroner for å auke satsane for stønad til parykk for personar over 30 år med 19 pst. frå 1. januar 2027. Dette inneber at den ordinære satsen blir auka frå 6 265 til 7 455 kroner og den forhøgde satsen frå 16 220 til 19 302 kroner. Sjå nærmare omtale under del II, programkategori 29.60.

2.2.7 Endringar for grunnstønad

Grunnstønad skal kompensere for nødvendige ekstrautgifter som følge av varig sjukdom, skade eller lyte. Det er eit viktig prinsipp at det berre er

dei som faktisk har nødvendige ekstrautgifter som skal få innvilga stønad. Det blir gitt grunnstønad til fleire ulike formål. Dei nødvendige ekstrautgiftene skal dokumenterast, men for nokre grupper er det gitt unntak frå kravet til dokumentasjon. Det kan føre til at personar som ikkje oppfyller vilkåra, likevel får innvilga stønad. Regjeringa foreslår derfor tre tiltak for å bidra til at det ikkje blir gitt grunnstønad til personar som ikkje oppfyller vilkåra, eller ikkje blir gitt for høg stønad. Sjå nærmare omtale under del II, programkategori 29.60.

Dokumentasjonskrav for personar under 18 år med ADHD med hyperaktivitet

Grunnstønad til personar under 18 år som har ADHD med hyperaktivitet, skal gi økonomisk kompensasjon for nødvendige ekstrautgifter som følge av slitasje på klede og sengetøy o.l. Frå 2019 blei kravet om å dokumentere ekstrautgiftene fjerna, og i dag blir denne gruppa direkteplassert på sats 1 (752 kroner per månad) for grunnstønad utan å sende inn dokumentasjon på meirutgiftene, berre dokumentasjon på diagnosen. Etter dette har det vore ein kraftig vekst i talet på mottakarar, frå 500 til 24 600 mottakarar. Departementet foreslår å gjeninnføre kravet til dokumentasjon. Forslaget inneber at alle som kan dokumentere at dei faktisk har høge nok ekstrautgifter, framleis vil få grunnstønad dersom dei sender inn dokumentasjon.

Revurdering av stønad for personar over 18 år med ADHD med hyperaktivitet

Personar over 18 år med ADHD med hyperaktivitet må legge fram dokumentasjon for å få innvilga grunnstønad. Det var derimot ikkje eit dokumentasjonskrav for denne gruppa mellom 2019 og 2022, og i denne perioden var det svært mange som fekk innvilga stønad. Departementet ønsker derfor å revurdere stønaden til mottakarar over 18 år, for å sikre at alle oppfyller vilkåra for ytinga.

Endre direkteplassering frå sats 2 til sats 1 for personar 18–30 år med cøliaki.

Grunnstønad til personar med cøliaki skal gi økonomisk kompensasjon for nødvendige meirutgifter pga. glutenfritt kosthald. Personar med cøliaki blir plasserte direkte på ein sats utan krav til dokumentasjon på meirutgiftene. Personar over 30 år får sats 1 (752 kroner per månad), mens personar mellom 5 og 30 år får sats 2 (1 146 kroner per månad). Departementet foreslår å endre direkteplassering frå sats 2 til sats 1 for dei mellom 18 og 30 år.

2.2.8 Stønad ved gravferd

Regjeringa foreslår å auke eigenandelen for stønad til båretransport frå 10 til 20 pst. av gravferdsstønaden. Samtidig foreslår regjeringa å auke satsen for behovsprøvd gravferdsstønad tilsvarande auken i satsen for eigenandel i stønad til båretransport. Det vil føre til at dei som i dag får stønad frå begge ordningane, kjem likt eller betre ut med dei foreslåtte endringane. Forslaget inneber at satsen for behovsprøvd gravferdsstønad blir auka frå 30 898 kroner 37 000 kroner, og at eigenandelen for stønad til båretransport aukar frå 3 090 kroner til 7 400 kroner. Endringane gjeld for nye tilfelle, dvs. der dødsfallet skjer etter 31. desember 2026. Sjå nærmare omtale under del II, programkategori 29.80.

3 Sentrale utviklingstrekk

3.1 Innleiing

Fleire utviklingstrekk påverkar utfordringsbildet på politikkområda under Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Det gjer seg gjeldande med omsyn til utgiftene på Arbeids- og inkluderingsdepartementet sitt budsjett. Både utviklinga i demografi, innvandring, sysselsetting, arbeidsmarknad, arbeidsmiljøtilstand, levekår og velferdsordningar er sentrale trekk i denne samanhengen.

I denne delen blir det gitt ein overordna omtale av dei sentrale utviklingstrekka. Det gir eit viktig bakteppe for å forstå korleis politikken som det blir lagt opp til, skal verke inn på utviklinga som blir omtalt under.


3.2 Situasjonen i arbeidsmarknaden

Fleire sysselsette

I fjor tok den økonomiske veksten seg opp etter nokre år med svakare utvikling. Framleis låg arbeidsløyse og god vekst i reallønningane tilseier at aktiviteten i norsk økonomi vil halde seg oppe i år og neste år. Samtidig har den geopolitiske situasjonen bidratt til auka uvisse, med konsekvensar òg for norsk økonomi og arbeidsmarknad. Sysselsettinga har vakse moderat i åra etter 2022. I fjor kom det 20 000 fleire personar i jobb enn året før, tilsvarande ein vekst på 0,7 pst. Nasjonalrekneskapen viser no at det var sysselsett 13 700 fleire i andre kvartal 2026 enn ved utgangen av 2025, når ein tek omsyn til naturlege sesongvariasjonar. I Nasjonalbudsjettet 2027 anslår regjeringa at talet på sysselsette personar vil auke med 0,6 pst. i år og ytterlegare 0,4 pst. neste år. Samla har talet på sysselsette auka med 183 000 personar sidan regjeringa tiltredde, frå tredje kvartal 2021 til andre kvartal 2026.

Antal sysselsette har auka i eit fleirtal av næringane det siste året. Det gjeld bl.a. store næringar som industri, varehandel, transport, overnatting og servering og forretningsmessig tenesteyting. Motsett har sysselsettingsnedgangen i bygg og anlegg halde fram, sjølv om endringane har blitt bremsa opp gjennom første halvår i år. Bustadmarknaden har utvikla seg svakt dei siste åra. Anslaga for bustadinvesteringane har blitt nedjusterte og salet av nye bustader har vore svakt sidan i fjor haust.

Om lag 70 pst. av alle sysselsette jobbar i privat sektor, og denne andelen har halde seg nokså stabil over tid. På kortare sikt varierer likevel sysselsettinga meir med konjunkturane i privat sektor enn i offentleg sektor. Sidan 3. kvartal 2021 har den prosentvise veksten i sysselsetting i privat sektor vore nesten dobbelt så stor som i offentleg forvaltning. Det siste året har sysselsettinga i offentleg forvaltning auka om lag i same takt som sysselsettinga i alt.




Figur 3.1 Antal sysselsette etter næring. Sesongjustert endring sidan 1. kvartal 2015. Indeks 1. kv. 2015=100
Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Av den samla oppgangen i sysselsettinga i 2024 og 2025 har meir enn ein av tre komme blant for-

drivne frå Ukraina. Mange av dei er sysselsette i overnattings- og serveringsverksemd, detaljhandel, reinhald og sosiale omsorgstenester. I august i år var 48 pst. av ukrainarane (20–66 år) som har komme etter februar 2022, i jobb, vel 6 prosenteiningar meir enn for ett år sidan. Arbeidsdeltakinga blant dei fordrivne har auka gradvis med butid og etter at dei har gjennomført introduksjonsprogrammet. Sjå nærmare omtale om innvandrarar i arbeidsmarknaden i punkt 3.5.

Små endringar i andelen sysselsette

Samtidig som antalet i jobb har auka, har befolkninga òg auka dei siste åra. Den store tilstrøyminga av fordrivne frå Ukraina er ei viktig forklaring på det. Sysselsettinga som andel av befolkninga som er i arbeid, har gått litt ned, men er framleis høgare enn før pandemien, sjå figur 3.2. Sidan i fjor haust har sysselsettingsandelen i alderen 15–74 år auka noko att.



Figur 3.2 Utvikling i sysselsettingsandelen. Sesong- og brotjusterte kvartalstal

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Auken i sysselsettingsandelen sidan før pandemien må sjåast i samanheng med auka sysselsetting blant unge. Mange av dei kombinerer deltidsjobb med utdanning, sjå nærmare omtale nedanfor. Blant eldre har også sysselsettingsandelen auka. Blant personer midt i arbeidslivet har derimot andelen sysselsette avtatt noko. Samanlikna med andre land har ikkje Noreg særskilt høg sysselsetting i kjernealdersgruppa 25–54 år. Det gjeld særleg for menn, som har eit sysselsettingsnivå under EU-gjennomsnittet for denne aldersgruppa. For eldre (55–64 år) er framleis sysselsettinga i Noreg høgare enn gjennomsnittet i EU, men avstanden er noko redusert òg for seniorane dei siste åra. For unge (15–29 år) har utviklinga gått i motsett retning. Sysselsettinga for unge har auka mykje, og meir enn i mange andre land.

Samla var 69,8 pst. av befolkninga mellom 15 og 74 år sysselsett i 2. kvartal i år, justert for sesongvariasjonar. Det er 0,2 prosenteiningar høgare enn gjennomsnittet i fjor. I aldersgruppa 20–64 år var sysselsettingsandelen 79,1 pst. i 2. kvartal. Det er 0,5 prosenteningar lågare enn i 2025. Regjeringa har eit mål om å auke andelen i arbeid i denne aldersgruppa til 82 pst. fram mot 2030 og ytterlegare til 83 pst. i 2035.


Stabil arbeidsløyse

Arbeidsløysa slik ho blir målt i AKU auka frå 4,0 pst. i 2024 til 4,5 pst. på årsbasis i 2025. Sidan i fjor sommar har det vore mindre endringar. Frå ein topp på rundt 4,7 pst. i februar, har trenden dei siste månadene vore nedgåande, og AKU-arbeidsløysa var 4,5 pst. igjen i 2. kvartal. Det er likevel noko høgare enn i tiårsperioden før koronapandemien. Auken dei siste par åra kjem i hovudsak av at arbeidstilbodet har auka. Fleire som tidlegare stod utanfor arbeidsstyrken har begynt å søke jobb. Det har gitt større tilgang på arbeidskraft, og særleg blant unge som ønsker seg deltidsarbeid ved sida av utdanning. Ifølge Statistisk sentralbyrå (SSB) var nesten 40 pst. av dei arbeidsledige i 2. kvartal 2026 under utdanning.

Den registrerte arbeidsløysa har lege på rundt 2 pst. av arbeidsstyrken i meir enn to år. Ved utgangen av august 2026 var den sesongjusterte registrerte arbeidsløysa 2,1 pst. Det svarte til om lag 62 100 heilt arbeidsledige. Inkludert arbeidssøkarar på arbeidsmarknadstiltak, utgjorde arbeidsløysa da om lag 80 000 personar. Blant dei arbeidsledige er det mange frå særleg utsette grupper, til dømes enkelte innvandrargrupper og personar med låg utdanning.

Arbeidsløysa i AKU er normalt høgare enn den registrerte arbeidsløysa, bl.a. fordi statistikkkjeldene og enkelte definisjonar er ulike. AKU fangar opp fleire nykommarar i arbeidsmarknaden og unge med utdanning som hovudaktivitet som ønsker seg ein deltidsjobb. Blant desse er til dømes dei som ikkje har opparbeidd seg dagpengerettar og som derfor kan vere mindre motiverte til å melde seg som arbeidssøkarar hos Arbeids- og velferdsetaten sjølv om dei reelt sett er arbeidsledige. Når AKU-arbeidsløysa har auka meir enn

den registrerte arbeidsløysa dei siste par åra, kan ei årsak vere den auka tilstrøyminga frå unge som ønsker seg jobb.



Figur 3.3 Utviklinga i arbeidsløysa[1] . Sesongjusterte månadstal. Pst. 2018–2026

[1] Sesong- og brotjusterte seriar.


Kjelder: Statistisk sentralbyrå og Arbeids- og velferdsetaten

Den registrerte arbeidsløysa har vore høgast innan bygg- og anleggsyrke og serviceyrke og anna arbeid i 2025. Det er færrast arbeidsledige innanfor primærnæringar, undervisning, meklarar og konsulentar, samt akademiske yrke. Nesten halvparten av dei registrerte heilt ledige har innvandrarbakgrunn. Blant desse utgjer ukrainarar den største gruppa. Mange ukrainske fordrivne registrerer seg hos Nav-kontora etter at dei har fullført introduksjonsprogrammet. Dei siste månadene har antalet vore rundt 16 000. Om lag 4 000 av dei er registrerte heilt arbeidslause, og om lag like mange deltar i eit arbeidsmarknadstiltak.

Etterspørsel etter arbeidskraft og ledige stillingar

Kvart år er det store straumar i arbeidsmarknaden. Tilgang og behaldning av ledige stillingar kan seie noko om etterspørsel etter arbeidskraft, til dømes om konjunktursvingingar. Fleire ledige stillingar kan òg vere eit uttrykk for auka mangel på arbeidskraft, kompetansemessig eller geografisk ubalanse i arbeidsmarknaden, eller at fleire byter jobb.


Omfanget av ledige stillingar har gått ned etter toppen rundt årsskiftet 2022/2023 ifølge tal frå SSB, men denne statistikken viser at det framleis er klart fleire ledige stillingar no enn før koronapandemien. I gjennomsnitt har det vore 90 800 ledige stillingar i første halvår, om lag som i same periode i fjor. Statistikken over nye ledige stillingar frå Arbeids- og velferdsetaten tyder òg på høgare etterspørsel dei siste åra enn før pandemien, sjå figur 3.4. Prosentandelen ledige stillingar (ikkje vist i figuren) fortel kor mange ledige stillingar det er i pst. av det totale nivået av alle stillingar, dvs. både ledige stillingar og eksisterande jobbar. Prosentandelen har òg hatt ei fallande utvikling sidan toppunktet i årsskiftet mellom 2022 og 2023. Det er flest ledige stillingar innanfor helse og omsorg og varehandel, medan etterspørselen etter arbeidskraft i bygge- og anleggsverksemder nesten har blitt halvert sidan toppunktet i 2. kvartal 2023.



Figur 3.4 Tilgang og behaldning av ledige stillingar. Sesongjusterte kvartalstal t.o.m. 2. kvartal 2026

Kjelder: Statistisk sentralbyrå og Arbeids- og velferdsetaten

Navs bedriftsundersøking frå vinteren 2026 viser at utfordringane med å rekruttere arbeidskraft innan helse- og sosialtenester framleis er store, men dei er likevel mindre enn året før. Vel ein av fire verksemder i bedriftsundersøkinga svarte at dei hadde alvorlege rekrutteringsproblem. To år tidlegare var andelen 10 prosenteiningar høgare. Det peiker i retning av noko mindre rekrutteringsproblem også innan helse- og sosialtenester, sjølv om utfordringane synest klart høgare enn for mange av dei øvrige næringane, sjå figur 3.5.




Figur 3.5 Verksemder med alvorlege rekrutteringsproblem. Pst. 2026

Kjelde: Arbeids- og velferdsetaten (Bedriftsundersøkinga 2026)

Nærmare om deltaking i arbeidsmarknaden blant unge


Unge har ofte ei lausare tilknyting til arbeidsmarknaden, og sysselsettinga blant unge svingar derfor normalt meir med konjunkturane enn ho gjer for andre aldersgrupper. I periodar med høg økonomisk aktivitet kjem fleire unge i arbeid, gjerne i deltidsstillingar i kombinasjon med utdanning. I periodar med mindre etterspørsel etter arbeidskraft er unge meir utsette enn grupper med meir arbeidserfaring.

Mange unge har dei siste åra meldt seg på i arbeidsmarknaden. Sysselsettinga blant unge tok seg kraftig opp etter pandemien og har sidan halde seg på eit høgt nivå. I 2. kvartal 2026 var knappe 68 pst. av alle 15–29-åringar sysselsette, som er den høgaste sysselsettingsandelen blant unge sidan 2009, sjå figur 3.6. Arbeidsløysa blant unge auka også gjennom 2025, men har gått noko ned etter årsskiftet. I 2. kvartal låg arbeidsløysa i aldersgruppa 15–24 år på vel 13 pst., om lag ei prosenteining lågare enn for eitt år sidan. Arbeidsløysa blant dei unge er framleis på eit høgt nivå, noko som i hovudsak kjem av at fleire unge som tidlegare stod utanfor arbeidsstyrken har meldt seg på og søkt jobb.



Figur 3.6 Utviklinga i sysselsettingsandelen i aldersgruppa 15–29 år. Sesongjusterte kvartalstal t.o.m. 2. kvartal 2026

Kjelde: Eurostat



Figur 3.7 Unge utanfor arbeid, utdanning og arbeidsmarknadstiltak. Pst. og antal. 15–29 år. 2015–2025

Kjelde: Statistisk sentralbyrå


Dei fleste unge nyutdanna kjem raskt ut i arbeid etter fullført utdanning. Ifølge SSB var knapt ni av ti nyutdanna i alderen 20–34 år sysselsette i 2025. Det er ein nedgang på vel ei prosenteining frå året før, men sysselsettinga held seg på eit nokså høgt nivå. Samtidig har det vore ein nedgang i andelen nyutdanna med lang høgare utdanning som arbeider i akademiske yrke dei siste fire åra. Det kan tyde på at fleire arbeider i yrke som i mindre grad samsvarer med utdanningsnivået deira.

Arbeidsmarknadsdeltakinga for unge er samla sett god, men det gjeld ikkje for alle. NEET-raten («Not in Employment, Education or Training»), som er andelen unge under 30 år som verken er under utdanning eller i arbeid, har vore nokså stabil over tid. NEET-raten er høgast for dei eldste i aldersgruppa og lågast blant dei under 20 år. I 2025 var 6,9 pst. i aldersgruppa 15–29 år utanfor arbeid og utdanning, slik det blir målt i AKU. Det er lågt i internasjonal samanheng.

I 2025 var 105 000 unge (15–29 år) utanfor arbeid og utdanning, opp 2 000 personar frå året før, ifølge registertal frå SSB, sjå figur 3.7. Dei blir definerte noko ulikt frå AKU-tala ovanfor. Frå 2024 til 2025 er andelen om lag uendra, og han er framleis klart lågare enn før pandemien. Det er særleg mange unge med innvandrarbakgrunn eller helseutfordringar som står utanfor arbeid og utdanning. Dei store tilstrøymingane av fordrivne frå Ukraina har påverka tala. Ifølge tal frå Arbeids- og velferdsdirektoratet ville utanforskapet blant dei mellom 20 og 29 år vore 0,8 prosenteiningar lågare i 2025 om ein ser bort frå ukrainske fordrivne i same aldersgruppe.

Nærmare om deltaking i arbeidsmarknaden blant eldre

Sysselsettinga blant seniorar er aukande. Andelen sysselsette har auka for alle årskulla i alderen 60–74 år frå 2010 til 2025, sjå figur 3.8. Kombinasjonen av betre helse, høgare utdanning og ein gjennomgåande god arbeidsmarknad er viktige forklaringar, i tillegg til pensjonsreforma frå 2011. Dei første åra etter 2010 var auken spesielt stor for aldersgruppa 62–66 år. Frå 2015 har auken òg vore stor for 67–68-åringar. Dei siste åra har det òg vore ein auke i den gjennomsnittlege avtalte arbeidstida for dei eldste aldersgruppene. Samtidig er arbeidsløysa blant eldre låg samanlikna med yngre aldersgrupper, men dei kan ha større vanskar med å komme tilbake i jobb og får lengre periodar med arbeidsløyse. Ifølge Norsk seniorpolitisk barometer meiner dei fleste leiarar at dei over 60 år presterer like godt som yngre arbeidstakarar, men om lag halvparten av leiarane føretrekker likevel å tilsette dei under 30 år framfor dei over 60 år. Samtidig viser barometeret at grensa for når arbeidsgivarane ser på ein kompetent arbeidssøkar som eldre, og derfor vurderer vedkommande som mindre aktuell for intervju, har flytta seg oppover det siste tiåret.



Figur 3.8 Utviklinga i sysselsettingsandelen etter alder. 60–74 år. 4. kvartal 2010–2025[1]

[1] Brot i serien i 2015.
Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Arbeidstid

Om lag tre av fire sysselsette jobbar heiltid. Ifølge AKU har heiltidsandelen blant lønnstakarar auka med nesten to prosenteiningar frå 2021 til 2025, til vel 76 pst. Fleire kvinner i heiltid har bidratt til denne utviklinga. Likevel er forskjellen mellom kjønna framleis stor. I 2. kvartal 2026 jobba 84 pst. av mennene og knapt 68 pst. av kvinnene heiltid. Deltidsandelen er dermed framleis dobbelt så stor for kvinner som for menn. Undersysselsettinga, dvs. andelen deltidssysselsette som ønsker lengre arbeidstid og som kan auke arbeidstida innan ein månad, har auka med 0,5 prosenteiningar sidan i fjor på same tid.

I enkelte næringar og yrke er deltidsandelen særleg høg, som til dømes innan pleie og omsorg og overnatting og servering, der meir enn halvparten av dei tilsette jobbar deltid. Deltid er meir vanleg blant innvandrarar og personar med låg utdanning og blant dei yngste og eldste i befolkninga. Blant dei unge kjem den høge deltidsandelen først og fremst av at mange har utdanning som hovudaktivitet.

Tilknytingsformer

Andelen midlertidig tilsette har halde seg forholdsvis stabil i fleire år. Tal frå den registerbaserte sysselsettingsstatistikken viser at i underkant av 350 000 personar hadde ei midlertidig tilsetting i 2025. Det utgjorde 12 pst. av dei sysselsette, og er om lag det same som året før. Andelen med ei midlertidig stilling var høgast innanfor undervisning, helse- og sosialtenester og overnatting og servering.

AKU viser færre midlertidig tilsette enn den registerbaserte sysselsettingsstatistikken gjer, bl.a. som følge av ulik rapportering av midlertidig tilsetting i dei to statistikkane. I 2. kvartal 2026 var 8,4 pst. av dei sysselsette midlertidig tilsette. Det var ein nedgang på 0,2 prosenteiningar frå 2. kvartal 2025. Blant menn var 6,7 pst. tilsette i ei midlertidig stilling i andre kvartal, mens det same gjaldt 10,2 pst. av kvinnene. Andelen midlertidig tilsette minkar med alderen.

SSB publiserer kvartalsvis statistikk over jobbar i bedrifter som leiger ut arbeidskraft. Utleige utgjorde 53 800 jobbar i 2. kvartal 2026, om lag 500 fleire enn året før. Det blir leigd ut jobbar innan ei rekke yrke. Yrke innan bygg og anlegg utgjorde vel ein firedel av all utleige i 2. kvartal, ein liten auke frå same tid i fjor. Barnehage- og skoleassistentar er òg ei stor gruppe. Utanlandske pendlarar, dvs. arbeidstakarar som ikkje er busette i Noreg, står for om lag ein av tre av jobbane i utleigenæringa. Det ligg ikkje føre eigen statistikk over kva bedrifter som leiger inn arbeidskraft frå utleigefirma.

Personar utanfor arbeidslivet

I 2025 var andelen for dei mellom 20–66 år utanfor arbeid, utdanning og arbeidsmarknadstiltak knapt

19 pst., ifølge foreløpige tall frå SSB. Det er ein auke på 0,5 prosenteiningar frå 2024. Fordrivne frå Ukraina har bidratt til å trekke opp tala noko dei siste par åra. Sidan 2015 har likevel andelen utanfor arbeidslivet gått ned.

Av dei utanfor arbeid, utdanning og arbeidsmarknadstiltak i alderen 20–66 år mottar flest helserelaterte ytingar. I overkant av 40 pst. mottar uføretrygd og i overkant av 10 pst. mottar arbeidsavklaringspengar. Dette er gjerne personar som står langt unna arbeidslivet. I tillegg kjem personar med sjukepengar. Dei blir i hovudsak rekna som sysselsette i denne statistikken. Sidan 2015 har særleg andelen som er uføretrygda auka, sjå nærmare omtale i punkt 3.4 Utviklinga i helserelaterte ytingar.

Arbeids- og velferdsetaten har òg statistikk over personar med nedsett arbeidsevne. Den omfattar personar som har fått ei arbeidsevnevurdering som konkluderer med eit betydeleg behov for innsats for at personen skal komme i arbeid, uavhengig av kva slags yting dei har krav på. Dei fleste som får vedtak om uføretrygd eller sjukepengar fell ikkje inn under denne definisjonen. Ved utgangen av 2. kvartal 2026 var det om lag 252 000 personar, tilsvarande 7,1 pst. av befolkninga i alderen 18–66 år, som var registrerte med nedsett arbeidsevne. Av desse får meir enn to av tre arbeidsavklaringspengar.

3.3 Arbeidsmiljøtilstanden

Dei fleste i Noreg arbeider under gode og forsvarlege arbeidsforhold. Levekårsundersøkinga om arbeidsmiljø 2025 viser at rundt fire av fem arbeidstakarar er tilfredse med jobben sin.[1] Men sjølv om det store bildet er bra, er ikkje høg trivsel alltid samanfallande med godt arbeidsmiljø eller risikofritt arbeid. Det er framleis utfordringar i fleire bransjar og yrke, og delar av arbeidslivet er prega av høgt sjukefråvær og tidleg avgang.

Veksten i tenesteytande sektor dei siste tiåra, spesielt innanfor helse- og sosialsektoren, har ført til at vi har fått fleire yrke med kunde-, brukar- og pasientrelasjonar. Desse yrka inneber oftare emosjonelle krav, rollekonfliktar, samt i visse tilfelle vald og truslar, ofte i kombinasjon med ergonomiske belastningar. I fleire av yrka er også turnusarbeid med ukvæm arbeidstid vanleg. Samtidig er fleire av dei tradisjonelle fysiske, kjemiske og mekaniske arbeidsmiljøeksponeringane framleis utbreidde i mange yrke.

Dei siste åra har digitaliseringa av arbeidslivet skote fart. Organiseringa av arbeidet har endra seg betydeleg i fleire verksemder, med det utfallet at også arbeidsmiljøa er i endring.[2] Den tydelegaste trenden er at arbeidet er mindre stadbunde. Arbeid som tidlegare har vore lokalisert til ei stasjonær eining og eit nettverk på eit einekontor til fastsette arbeidstider blir no utfordra av mobile einingar og nettverk, og digitale møteplassar og moglegheit til å arbeide til andre tider av døgnet. Dette gjer arbeidsdagen meir fleksibel, men det kan også gjere det vanskeleg å planlegge og sette grenser mellom jobb og privatliv. Dette er endringar som kan påverke arbeidsmiljøet på kort og lang sikt og som vi treng meir kunnskap om. I 2025 melde 15 pst. av dei sysselsette at dei jobba heimanfrå i løpet av ei vanleg arbeidsveke.[3]

Mykje tyder på at arbeidsinnhaldet og måten å jobbe på kan halde fram med å endre seg. Innføring og bruk av kunstig intelligens kan framover komme til å medføre store endringar. Monotone oppgåver kan bli enklare å løyse, men endringane kan samtidig føre med seg auka risiko for bl.a. mindre autonomi og medverknad i utforming av eigen arbeidssituasjon. Algoritmisk leiing mogleggjer auka kontroll og overvaking av arbeidstakarar. Ny teknologi og nye arbeidsmetodar kan også bidra til å redusere eksponering for farlege stoff og fysiske belastningar i samanheng med manuelle arbeidsoperasjonar. Samtidig kan dei føre til nye arbeidsmiljøeksponeringar for sysselsette i bransjar knytte til utvikling av nye materiale eller handtering av avfall og resirkulering i samanheng med det grøne skiftet. Det er sentralt å sikre medverknad og tilstrekkeleg opplæring for dei tilsette, spesielt når det gjeld innføring av ny teknologi og korleis dette påverkar arbeidsmiljøet.

Dei siste tiåra har både forskarar, myndigheitene og partane i arbeidslivet retta meir merksemd mot helse og sikkerheit i samanheng med atypiske tilsettings- og tilknytingsformer. Midlertidige tilsettingar, deltidsarbeid, innleige frå bemanningsføretak og plattformøkonomi er eksempel på tilknytingsformer som kan innebere spesifikke utfordringar når det gjeld opplæring, helse og sikkerheit. Sjølv om omfanget av slike ordningar i Noreg har vore relativt lågt og stabilt

[1] Tala er noko lågare enn ved den førre målinga i 2022, men det er vanskeleg å seie om nedgangen er reell, ettersom gjennomføringa av levekårsundersøkinga har blitt endra.

[2] Målene om et mer inkluderende arbeidsliv – status og utviklingstrekk (2023). Rapport 2022. Rapportering frå faggruppa for IA-avtalen.

[3] Levekårsundersøkinga om arbeidsmiljø (2025). Statistisk sentralbyrå.

dei siste tiåra, er det viktig å halde fram med å vere merksam på utviklinga og effektane av ulike former for tilknyting til arbeidslivet. Eit godt arbeidsmiljø har tradisjonelt vore ein konkurransefordel og ein av berebjelkane i eit berekraftig norsk arbeidsliv. Det har gitt grunnlaget for bl.a. høgt jobbengasjement og høvet til å stille høge krav i arbeidet. Det er viktig å oppretthalde ein god arbeidsmiljøstandard også i den vidare utviklinga av arbeidslivet.

Arbeidstid og tilknytingsformer, samt arbeidstakarane si moglegheit til og oppleving av medverking heng tett saman med arbeidsmiljøtilstanden og -forholda på den enkelte arbeidsplass. For nærmare omtale av arbeidstid, ulike tilknytingsformer og organisasjonsgrad viser vi til del I, punkt 3.2 Situasjonen i arbeidsmarknaden, og programkategori 09.40.

Dei største helseutfordringane blant yrkesaktive

Dei største helseutfordringane blant norske yrkesaktive når det gjeld både omfang og kostnader i form av redusert helse, sjukefråvær og uførleik, er muskel- og skjelettplager og lettare psykiske plager som angst og depresjon. Førekomsten av sjølvrapporterte muskel- og skjelettplager har auka svakt blant sysselsette dei siste 20 åra. Førekomsten av psykiske plager har også auka. Det finst omfattande forskingslitteratur som koplar psykiske plager til psykososiale arbeidsmiljøfaktorar. Muskel- og skjelettplager kan også ha samanheng med både psykososiale faktorar og mekaniske belastningar. Tal frå Levekårsundersøkinga om arbeidsmiljø indikerer at om lag 41 pst. av dei med minst eitt sjukefråvær på meir enn 14 dagar siste året oppgir at fråværet heilt eller delvis kjem av helseproblem som er forårsaka av jobben.[4]

Arbeidsforholda har også betydning for andre sjukdomsgrupper som har stor innverknad på helsetilstanden i befolkninga. Eksponering for bl.a. asbest, kvartsstøv, røyk, gass, kjemikaliar og vatn kan føre til sjukdom. Det er vurdert at rundt 3 pst. av alle krefttilfella blant menn kan tilskrivast kreftframkallande stoff på arbeidsplassen.[5] For enkelte kreftformer er denne andelen betydeleg høgare. Årleg blir fleire hundre tilfelle utgreidde for mogleg arbeidsrelatert luftvegs- og hudsjukdom ved dei arbeidsmedisinske avdelingane i landet.

Arbeidsskadar utgjer antakeleg om lag 11 pst. av alle skadetilfella i Noreg, og det er særleg høg skaderisiko blant unge menn og utanlandske arbeidstakarar. Datagrunnlaget for arbeidsskadar er framleis noko usikkert, bl.a. pga. underrapportering. Talet på registrerte arbeidsskadedødsfall har gått betydeleg ned i eit lengre tidsperspektiv, men det har vore nokså stabilt dei siste åra. I 2025 registrerte Arbeidstilsynet 31 arbeidsskadedødsfall, mot 20 arbeidsskadedødsfall i 2024 og 27 i 2023. Dei seinare åra har forsking peikt på at arbeidsrelatert sjukdom er ei klart større årsak til dødsfall enn arbeidsrelaterte ulykker. Ein studie frå 2024 estimerer at 1 pst. av arbeidsrelaterte dødsfall i Norden skriv seg frå ulykker, mens 99 pst. kjem av sjukdom. Ifølge studien er kreft den vanlegaste årsaka til dei arbeidsrelaterte dødsfalla. Dernest følger hjarte- og karsjukdommar, som bl.a. kan ha bakgrunn i stress og lang arbeidstid, og luftvegssjukdommar.[6]

3.4 Utviklinga i helserelaterte ytingar

Mange mottakarar i Noreg samanlikna med i andre land

I Noreg er andelen sysselsette høgare og arbeidsløysa lågare enn i mange andre OECD-land, jf. punkt 3.2 Situasjonen i arbeidsmarknaden. Samtidig er andelen av befolkninga som tar imot helserelaterte ytingar også høgare enn i dei fleste andre land.[7] Helserelaterte ytingar omfattar her sjukepengar, arbeidsavklaringspengar og uføretrygd. Ifølge OECD er både sjukefråværet og den samla andelen mottakarar av arbeidsavklaringspengar og uføretrygd høgare i Noreg enn fråværet og andelen som tar imot liknande ytingar i samanliknbare land, jf. figur 3.9.


---

4 Levekårsundersøkinga om arbeidsmiljø (2025). Statistisk sentralbyrå.

5 Faktabok om arbeidsmiljø og -helse (2024). STAMI-rapport, årgang 25, nr.7, Oslo: Statens arbeidsmiljøinstitutt

6 Takala, J. et al. (2024) «Work today and in the future Part three: Work-related fatalities, diseases and costs in the Nordic countries».

7 *OECD Economic Surveys: Norway 2024*, OECD Publishing, Paris.




Figur 3.9 Andel mottakarar av helserelaterte ytingar, pst. av befolkninga 20–64 år, 2018 eller seinaste år og antal sjukefråværsveker per fulltidstilsett, årleg gjennomsnitt, 2024

Panel A. I figuren omfattar helserelaterte ytingar arbeidsavklaringspengar og uføretrygd for Noreg.

Panel B. Talet på sjukefråværsdagar er basert på AKU, som måler om intervjuobjekta har vore borte frå jobben delar av eller heile referanseveka pga. sjukdom eller skade. Tala i figuren er ikkje korrigerte for at AKU-tal som regel undervurderer sjukefråværet samanlikna med administrative data. Nivået på sjukefråværsdagane avvik dermed frå tala OECD nyttar i sin landrapport om Noreg (OECD Economic Survey – Norway 2026, der OECD gjer slike korrigeringar).

Kjelde: OECD



Figur 3.10 Antal sysselsette som andel av befolkninga 20–64 år og pst. av dei sysselsette som er fråverande pga. sjukdom[1]

[1] Sjukdom er her definert som sjølvrapportert sjukefråvær i Arbeidskraftundersøkinga. For at ein sysselsett skal vere definert som sjuk, må vedkommande ha vore fråverande frå arbeid heile referanseveka. Tala frå arbeidskraftundersøkinga er meir hensiktsmessige å bruke når ein skal samanlikne sjukefråvær mellom land.

Kjelde: Eurostat

At Noreg har mange mottakarar av helserelaterte ytingar, er delvis eit uttrykk for eit godt utbygd velferdssystem med mål om sosial og økonomisk utjamning. I land med mindre utbygde velferdsordningar, er dei som står utanfor arbeidslivet oftare avhengige av familie eller inntekter frå den uformelle delen av økonomien. At vilkåra for ulike ytingar er ulike i forskjellige land, inneber samtidig at personar med liknande problem kan få ulike ytingar i Noreg og andre land. Ein høg andel sysselsette gjer dessutan at fleire har rett til inntektsrelaterte ytingar i Noreg. Det gjer det komplisert å tolke internasjonale samanlikningar av slike tal.


Samtidig som Noreg har ein høg andel sysselsette samanlikna med dei fleste andre land, har vi òg eit høgt sjukefråvær. Mottakarar av sjukepengar er definerte som sysselsette. For å korrigere for arbeidskrafta som går tapt som følge av sjukefråvær, viser figur 3.10 sysselsetting fråtrekt sjukefråvær i Noreg og eit utval samanliknbare land. Korrigeringa trekker ned Noregs sysselsetting samanlikna med dei andre landa, sidan Noreg har eit høgare sjukefråvær.[8]

Auka andel mottakarar

Andelen av befolkninga som får sjukepengar, gjekk svakt ned i perioden 2009–2012 og låg deretter ganske stabilt fram til koronapandemien, sjå figur 3.11. Frå utbrotet av pandemien og fram til 2023 auka andelen mykje, før han har gått noko ned dei siste par åra. Det blei mange fleire av både dei korte og dei lange sjukefråværa frå 2019 til 2024, men det er dei lengre sjukefråværa som slår sterkast ut i fråværsprosenten. Nesten halvparten (43 pst.) av auken i dei tapte dagsverka frå 2019 til 2024 kjem av psykiske lidingar, der først og fremst psykiske symptom/plager står for auken. Fråværsauken pga. psykiske lidingar har vore betydeleg sterkare blant dei under 40 år.[9]

[8] Sjukefråvær, slik det blir omtalt her, er sjølvrapportert fråvær i Arbeidskraftundersøkinga. For at ein sysselsett skal vere definert som sjuk, må vedkommande ha vore fråverande frå arbeid heile referanseveka. Tala frå arbeidskraftundersøkinga er meir hensiktsmessige å bruke når ein skal samanlikne sjukefråvær mellom land.

[9] Nossen, J.P og Delalic, L (2024) «Hvorfor er sykefraværet fortsatt høyt 3–4 år etter starten av pandemien?» Arbeid og velferd 2/2024



Figur 3.11 Busette mottakarar av sjukepengar, arbeidsavklaringspengar[1] og uføretrygd som andel av befolkninga (busette i Noreg) 18–66 år. Pst.[2] Tal ved utgangen av året 2005–2025

[1] For åra 2005–2009 inkluderer arbeidsavklaringspengar forløparane rehabiliteringspengar, attføringspengar og tidsavgrensa uførestønad. Arbeidsavklaringspengar blei innført i 2010.

[2] Summane av andelane i figuren er omtrent dei same om ein justerer for at det er mogleg å motta fleire ytingar samtidig.


Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet

Andelen av befolkninga som får arbeidsavklaringspengar, gjekk ned frå 2011 til 2019, sjå figur 3.11. Andelen med uføretrygd gjekk ned frå 2004 til 2009, etter innføringa av tidsavgrensa uførestønad. I åra etter var andelen forholdsvis stabil, men han auka igjen frå 2016 til 2020. Denne auken må bl.a. sjåast i samanheng med nedgangen i mottak av arbeidsavklaringspengar fram til 2019. Etter 2019 har andelen med arbeidsavklaringspengar auka jamt og mykje, mens andelen med uføretrygd først flata ut, før ein liten auke frå 2023 til 2025.

Samla låg dermed andelen med helserelaterte ytingar[10] forholdsvis stabilt på rundt 18 pst. frå 2005 til 2010, sjå figur 3.12. Så minka han fram til 2019, men har auka betydeleg dei siste seks åra, ettersom andelen mottakarar av alle ytingane har auka, særleg arbeidsavklaringspengar. I 2025 var andelen mottakarar av helserelaterte ytingar i aldersgruppa 18–66 år på 18,9 pst. I antal gjaldt det ved utgangen av 2025 i overkant av 672 000 personar,[11] som er rundt 136 000 fleire enn 20 år tidlegare.

[10] I pst. av befolkninga i alderen 18 til 66 år.

[11] Busette i Noreg.



Figur 3.12 Mottakarar av helserelaterte ytingar i alderen 18–29, 30–39, 60–66 og 18–66 år som andel av befolkninga i desse aldersgruppene. Tala er korrigerte for at ein kan ta imot meir enn éi yting samtidig. Tal ved utgangen av året 2005–2025

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet

Det er flest som mottar helserelaterte ytingar i dei eldste aldersgruppene. Samtidig har det vore ei vriding i retning mindre forskjellar mellom dei eldste og dei yngste. I perioden frå 2005 til 2025 har andelen i alderen 60–66 år som tar imot ei helserelatert yting, gått ned frå om lag 40 pst. til om lag 32 pst., samtidig som det har vore ein auke i fleire av dei yngre aldersgruppene, sjå figur 3.12.

Blant dei mellom 30 og 39 år var det ein nedgang frå 2010 til 2019, før andelen mottakarar auka svært mykje frå 2019 til 2025, sjå figur 3.12. Det er denne aldersgruppa som i størst grad har bidratt til auken i det samla mottaket av dei helserelaterte ytingane sidan 2019.

Blant unge i alderen 18–29 år var andelen mottakarar av helserelaterte ytingar forholdsvis stabil i perioden 2005–2019 og varierte mellom 6,6 pst. og 7,1 pst. Under og etter koronapandemien auka han, og var 8,8 pst. i 2025. Andelen har auka sidan 2019 i alle aldersgrupper, men mest for dei under 40 år.

I 2025 var 22 213 personar i aldersgruppa 18-29 år uføretrygda. Det utgjer 2,7 pst. av befolkninga i same aldersgruppe. Andelen unge uføre var i overkant av 1 pst. av befolkninga i same aldersgruppe i perioden fram til 2009. I åra fram til 2021 meir enn dobla andelen seg, til om lag 2,6 pst. Dei siste fem åra har andelen unge uføre vore om lag uendra, men på historisk høge nivå.

Overgang mellom ytingane

Det er ein nær samanheng mellom utviklinga i dei ulike helserelaterte ytingane. Fleire analysar viser at endringar i sjukefråværet har stor betydning for talet på nye mottakarar av andre helserelaterte ytingar. Når fleire bruker opp sjukepengerettane, blir det isolert sett også fleire som går over til arbeidsavklaringspengar og uføretrygd.[12]

Blant dei som begynte på arbeidsavklaringspengar i første kvartal 2025, fekk 67 pst. sjukepengar to månader tidlegare. Blant dei som slutta å ta imot arbeidsavklaringspengar i 2025, fekk 33 pst. full uføretrygd og ytterlegare 12 pst. uføretrygd i kombinasjon med arbeid seks månader seinare. Statistikk for nye mottakarar av uføretrygd i heile 2025 viser at 76 pst. av desse var registrerte som mottakarar av arbeidsavklaringspengar, og om lag 9 pst. som mottakarar av sjukepengar to månader før dei begynte på uføretrygd. Om lag 10 pst. kom frå kategorien «ukjend», som i hovudsak er personar med særleg alvorlege diagnosar. Overgangen

[12] Kann, I.C., Bragstad, T. og Thune, O. (2013) «Stadig flere på trygd?», Arbeid og velferd 3/2013.
Kann, I.C. og Lima, I.Å. (2015) «Tiltak i NAV Hedmark ga færre nye mottakere av arbeidsavklaringspenger», Arbeid og Velferd 2/2015.
Kann, I.C., Thune, O. og Galaasen, A.M. (2013) «Gir lavere sykefravær færre på langtidsytelser?», Arbeid og Velferd 3/2013.

frå arbeidsavklaringspengar til uføretrygd er høg blant dei unge. Nær 60 pst. av 18–19 åringane og nær 40 pst. av 20–29 åringane som fekk innvilga arbeidsavklaringspengar i 2012, blei delvis eller heilt uføretrygda innan dei neste ti åra.[13]

Mange kombinerer ei helserelatert yting med arbeid

At nokon får ei helserelatert yting, betyr ikkje nødvendigvis at dei står utanfor arbeidslivet. Talet på mottakarar av helserelaterte ytingar speglar derfor ikkje talet på personar som står utanfor arbeidslivet.

Tilknytinga til arbeidslivet varierer mellom ordningane og speglar utforminga deira. Dei aller fleste sjukepengemottakarar er i eit arbeidsforhold. Nesten halvparten av dei som var sjukmelde utover arbeidsgivarperioden på 16 dagar i 2024, kombinerte arbeid og sjukepengar gjennom gradert sjukmelding på eitt eller fleire tidspunkt. Samtidig er gjennomstrøyminga i sjukepengeordninga stor.[14] Blant dei som avslutta eit sjukefråvær på over 16 dagar i 2024, var meir enn ni av ti i arbeid seks månader etter ein avslutta sjukmeldingsperiode (enten berre i arbeid eller i arbeid kombinert med ei yting).

Også for mottakarar av arbeidsavklaringspengar er gjennomstrøyminga forholdsvis stor. Median varigheit ved avgang frå arbeidsavklaringspengar i 2025 var i overkant av to år.[15] Av dei som slutta å ta imot arbeidsavklaringspengar i løpet av 2025, var 45 pst. i arbeid seks månader seinare. Av desse var rett over halvparten berre i arbeid, enten på heiltid eller på deltid, mens resten kombinerte arbeid med ei yting – i mange tilfelle uføretrygd. I underkant av éin av tre (32 pst.)[16] av dei som fekk arbeidsavklaringspengar var i arbeid på eitt eller fleire tidspunkt i løpet av 2025.

Svært få sluttar å ta imot uføretrygd og begynner å jobbe heiltid, men ein del uføretrygda vil i periodar arbeide noko. Av alle som tok imot gradert eller heil uføretrygd i løpet av 2024, var om lag 21 pst. i arbeid på eitt eller fleire tidspunkt.[17]

Nokre faktorar bak utviklinga

Forklaringa på utviklinga i bruken av helserelaterte ytingar over tid er samansett. Ettersom det er store forskjellar mellom kjønn, aldersgrupper og befolkningsgrupper, vil endringar i befolkningssamansettinga på lengre sikt påverke utviklinga i andelen mottakarar. I kva grad det finst tilgjengeleg arbeid for personar med nedsett arbeids- eller inntektsevne, har også betydning for kor mange som tar imot ytingane. Den høge andelen som tar imot ei helserelatert yting, er dermed til ei viss grad eit uttrykk for at personar med helseproblem har utfordringar med å få innpass i arbeidslivet. På kortare sikt kan også konjunktursituasjonen påverke utviklinga i bruken av ytingane. I tillegg vil regelendringar og helsetilstanden i befolkninga påverke både den samla bruken av ytingane og fordelinga mellom dei.

Korleis befolkninga er sett saman vil ha stor betyding for mottaket av helserelaterte ytingar over tid. Sidan 2001 har det blitt fleire i dei eldste aldersgruppene i arbeidsdyktig alder i Noreg. Ettersom helsa blir dårlegare med alderen, bidrar dette isolert sett til at fleire tar imot helserelaterte ytingar. I dei eldste aldersgruppene har samtidig ein stadig lågare andel tatt imot helserelaterte ytingar frå 2002 og fram til koronapandemien i 2020, jf. figur 3.12. Det må sjåast i samanheng med auka utdanningsnivå i befolkninga.

I tillegg bidrar betre helse i befolkninga. Høgare levealder er det tydelegaste målet på betra helsetilstand i befolkninga, og sidan 2002 har den forventa levealderen auka betydeleg. Det vil isolert sett trekke i retning av redusert mottak av helserelaterte ytingar. Samtidig er det fleire barn enn tidlegare med alvorlege helseproblem som veks opp og når vaksen alder, som kan forklare noko av auken i andelen unge med uføretrygd.[18]

Høg arbeidsinnvandring frå midten av 2000-talet har bidratt til å dra ned andelen mottakarar av helserelaterte ytingar, fordi innvandringa har vore særleg stor i aldersgrupper som i liten grad mottar trygdeytingar. I tillegg har nykomne innvandrarar i mindre grad opparbeidd seg trygderettar. Andelen mottakarar av helserelaterte ytingar blant busette som er fødde i Noreg, har vore større enn andelen blant alle busette i heile perioden frå 2005 til 2025.

---

13 Bragstad, T. (2023) «Unge i Nav: «Fra arbeidsavklaringspengar til uføretrygd» Arbeid og velferd 2/2023.

14 Brage, S., Kann, I.C. og Thune, O. (2013) «Er det slik at få individer står for det meste av sykefraværet?», Arbeid og velferd 3/2013.

15 Varigheit er da målt frå start av arbeidsavklaringspengar eller frå førre tilgang til arbeidsavklaringspengar.

16 Andelen er berekna ut frå alle som mottok arbeidsavklaringspengar gjennom heile kalenderåret. Arbeid er definert som at vedkommande har registrert arbeid på meldekortet.

17 Andelen er berekna ut frå alle som fekk uføretrygd gjennom heile kalenderåret. Arbeid er definert som at vedkommande er registrert i Aa-registeret, og at avtalt arbeidstid er minst fire timar i veka.

18 Bragstad, T. (2018) «Vekst i uføretrygding blant unge», Arbeid og velferd 2/2018.

Studiar har vist at fleire innvandrargrupper på lengre sikt har hatt fallande sysselsettingsandelar og auka overgang til helserelaterte ytingar.[19] I den grad innvandrarar buset seg permanent i Noreg, vil effekten av innvandringa på mottak av helserelaterte ytingar i befolkninga dermed endre seg over tid. Sidan 2023 har det vore ein større andel mottakarar av arbeidsavklaringspengar med innvandrarbakgrunn enn i befolkninga elles, som tyder på at dette er i ferd med å endre seg. Dette vil på sikt også kunne føre til fleire mottakarar av uføretrygd.

Etterspørselen etter arbeidskraft har stor innverknad på sannsynet for å ende opp på ei helserelatert yting. Forsking viser at høgare etterspørsel i den lokale arbeidsmarknaden der ein bur, reduserer bruken av både dagpengar og helserelaterte ytingar.[20] Det tyder på at mange er i gråsona mellom arbeidsløyse og helseproblem. Dersom det blir enklare eller vanskelegare å vere i arbeidslivet med redusert helse, vil det òg påverke tala.

For ungdom i gråsona mellom arbeidsløyse og helseproblem er det påvist at dei som får arbeidsavklaringspengar i staden for dagpengar eller økonomisk sosialhjelp, har lågare sannsyn for å komme i jobb og større risiko for overgang til varig uføretrygd.[21] På 1990-talet skjedde det ei vriding frå arbeidsmarknadsrelaterte ytingar til fleire mottakarar av helserelaterte ytingar, som forskarar har sett i samanheng med innstrammingar i den norske dagpengeordninga.[22]

Endringar i regelverket påverkar òg utviklinga i mottak av ytingane. Avviklinga av den tidlegare ordninga med tidsavgrensa uførestønad (2004–2010) har ført til at fleire unge får innvilga uføretrygd på eit tidlegare tidspunkt fordi dei ikkje går på den midlertidige stønaden først.[23] Innføringa av arbeidsavklaringspengar med ei fast lengde har bidratt til at avklaringa skjer raskare enn tidlegare. Sannsynet for at personar under 30 år får innvilga uføretrygd ti år etter å ha starta i eit oppfølgingsforløp på arbeidsavklaringspengar, har derfor blitt større i perioden 2012–2022 enn det var for dei som starta i eit forløp med ei midlertidig helseyting i perioden 1993–2008.[24] Det er færre som ti år seinare deltar i arbeidsstyrken utan helserelaterte trygdeytingar, men litt fleire som kombinerer uføretrygd med arbeid. Det er også færre som er registrerte med nedsett arbeidsevne og ei midlertidig helseyting ved start etter 2010; altså ein større andel som er endeleg «avklart».

Det blei gjennomført ei rekke endringar i regelverket for arbeidsavklaringspengar i perioden 2018 til 2022. Nedgangen i andelen mottakarar av arbeidsavklaringspengar i 2018 kan knytast til innstrammingane i regelverket same år, som bl.a. innebar innføring av karensår, strengare reglar for å få unntak og redusert maksimal varigheit.[25] Noko av dette slo ut i auka uføretrygd.

I 2020–2025 auka talet på mottakarar av arbeidsavklaringspengar. Midlertidige regelendringar, forseinkingar i avklaringsløpa og høgare arbeidsløyse under koronapandemien bidrog til låg avgang frå ordninga f.o.m. 2020. Utviklinga må også sjåast i samanheng med regelendringane frå 2022 med eit nytt arbeidsretta unntak frå varigheitsgrensa på tre år og avvikling av karensåret. Endringane gjer at fleire kan få arbeidsavklaringspengar lenger. Tilgangen har òg auka noko frå 2019. Det kan sjåast i samanheng med auka tilgang frå sjukepengar. Tilgangen var særleg høg i 2024 og 2025.

3.5 Innvandrarar og integrering

I Noreg bur det om lag 1,2 mill. innvandrarar og norskfødde med to innvandrarforeldre, hvv. 18 pst. og 4 pst. av befolkninga. Dei har bakgrunn frå over 200 land. Ved inngangen til 2026 var det flest innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre frå Polen, Ukraina, Litauen, Syria, Somalia, Pakistan, Sverige, Irak, Eritrea og Tyskland. Personar med flyktningbakgrunn utgjer 6 pst. av totalbefolkninga og nær 35 pst. av alle innvandrarar i Noreg.

---

19 Bratsberg, B., Raaum, O. og Røed, K. (2011) «Yrkesdeltaking på lang sikt blant ulike innvandrergrupper i Norge», Rapport 1/2011, Frischsenteret.
Bratsberg, B., Raaum, O. og Røed, K. (2017) «Immigrant labor market integration across admission classes», Nordic Economic Policy Review – Labour Market Integration in the Nordic Countries 2017.

20 Anders, A. G, Markussen, S. & Røed, K. (2019) «Local labor demand and participation in social insurance programs» Labor Economics, December


21 Schreiner, R. (2019) «Unemployed or Disabled? Disability Screening and Labor Market Outcomes of Youths», Memorandum 5/2019, Universitetet i Oslo, Økonomisk institutt.

22 Fevang, E. (2020) «Helserelaterte ytelser og skjult arbeidsledighet – en diskusjon om mulige sammenhenger» – Søkelys på arbeidslivet 3/2020

23 Bragstad, T. (2018) «Vekst i uføretrygding blant unge», Arbeid og velferd 2/2018.


24 Bragstad, T. (2023) «Unge i NAV: Fra arbeidsavklaringspenger til uføretrygd», Arbeid og velferd 2/2023.

25 Danielsen, M., Kalstø, Å., Grønlien, E. (2023) «Innstramminger i regelverk og pandemi – nye aap-mottakere fra 2016 til 2022» Arbeid og velferd 1/2023



Figur 3.13 Innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre busette i Noreg 1970–2026. Antal


Kjelde: Statistisk sentralbyrå



Figur 3.14 Innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre etter landbakgrunn. 1.1.2026. Antal

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Innvandrarar har komme til landet av ulike årsaker. Rundt 41 000 ikkje-nordiske statsborgarar innvandra til Noreg i 2025. Russlands fullskalainvasjon av Ukraina har endra innvandringsbildet, og flukt var i 2025 den vanlegaste grunnen til innvandring, sjølv om talet har gått betydeleg ned sidan toppen i 2022 og 2023. I alt fekk 13 900 flyktningar opphald pga. behov for vern – langt dei fleste var fordrivne frå Ukraina og fekk midlertidig kollektivt vern. Om lag 13 000 personar innvandra av familiære årsaker, 10 500 fekk opphald pga. arbeid i Noreg, og 2 900 kom for å studere.




Figur 3.15 Ikkje-nordiske innvandringar etter innvandringsgrunn. 1990–2025. Antal

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Busetting

Rekordmange flyktningar er blitt busette i åra sidan Russlands fullskalainvasjon av Ukraina i 2022. Samanlikna med åra før, har busettingstala sidan 2022 vore ekstraordinært høge. Per 1. september 2026 har ca. 105 000 ukrainske statsborgarar fått innvilga midlertidig kollektivt vern. Om lag 85 000 har aktive løyver om kollektivt vern. Dei store innkomstane frå Ukraina har bidratt til at ukrainarar no utgjer den nest største landgruppa blant innvandrarar i Noreg. Personar som har fått midlertidig kollektivt vern, får òg tilbod om å bli busette med offentleg hjelp. Per 1. september 2026 har om lag 96 000 fordrivne frå Ukraina blitt busette sidan 2022. I same periode har om lag 13 000 overføringsflyktningar og andre asylsøkarar også blitt busette.

Per 1. september 2026 tok det i gjennomsnitt 4,3 månader frå ein flyktning fekk vedtak om opphald, til vedkomande blei busett i ein kommune. Busettinga har sidan 2022 gått raskare enn tidlegare år. Ventetida har auka noko dei siste åra, men er framleis låg i eit historisk perspektiv. Nokre flyktningar med alvorleg nedsett funksjonsevne eller åtferdsvanskar ventar lenger enn ønskeleg på å bli busette i ein kommune etter at dei har fått vedtak om opphald.




Figur 3.16 Utviklinga i talet på busette dei siste 15 åra

[1] Gjeld per 1. september 2026.
Kjelde: IMDi

Arbeid, utdanning, og kvalifisering

Blant dei som sjølv har innvandra, er det relativt fleire som manglar utdanning eller berre har utdanning på grunnskolenivå, samanlikna med resten av befolkninga. For ein del innvandrarar er utdanningsnivået ukjent, og derfor er det utfordrande å gi eksakte tal. I 2025 hadde 29 pst. av innvandrarane grunnskole som høgaste fullførte utdanning, mot 21 pst. i resten av befolkninga. På den andre sida er andelen som har utdanning på universitets- eller høgskolenivå noko høgare blant innvandrarar enn i resten av befolkninga – hvv. 41 pst. og 38 pst.

Samtidig er det store forskjellar i utdanningsnivå blant innvandrarar, avhengig av innvandringsgrunn og landet dei kjem frå. Over tre av fire som har komme for å studere, har utdanning på universitets- eller høgskolenivå. Blant arbeidsinnvandrarar er det 46 pst. som har høgare utdanning. Dette er ein relativt høg del. Andelen flyktningar med høgare utdanning har auka frå 23 pst. i 2021 til 32 pst. i 2025. Denne auken kjem truleg av innkomstane frå Ukraina.




Figur 3.17 Utdanningsnivå for personar f.o.m. 16 år, etter innvandringskategori og innvandringsgrunn. 2025. Pst.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå


Innvandrarar har i gjennomsnitt lågare sysselsettingsgrad enn resten av befolkninga. I 2025 var 68 pst. av innvandrarane sysselsette, mot 80 pst. i resten av befolkninga. Tala omfattar også arbeidsinnvandrarar, som har ei sysselsetting på om lag same nivå som befolkninga utan innvandrarbakgrunn.

Det er store variasjonar i sysselsettinga blant innvandrarar, avhengig av landbakgrunn, innvandringsgrunn, kjønn og butid i Noreg. Andelen i jobb er relativt høg blant innvandrarar frå land i Europa og Nord-Amerika, som i stor grad har komme som arbeidsinnvandrarar, og låg blant innvandrarar frå land i Afrika og Asia, som har komme som flyktningar. Sysselsettinga er særleg låg blant kvinner i denne gruppa. Sjå òg omtalen av sysselsetting blant innvandrarar generelt under punkt 3.2 Situasjonen i arbeidsmarknaden.



Figur 3.18 Registrerte sysselsette, etter innvandringskategori og innvandringsgrunn. Pst. av personar 20–66 år. Fjerde kvartal

Kjelde: Statistisk sentralbyrå




Figur 3.19 Registrerte sysselsette, etter innvandringsgrunn og butid. Pst. av personar 20–66 år. Fjerde kvartal 2025

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) publiserer årleg ein rapport som samanstiller den nyaste tilgjengelege kunnskapen om integrering på ulike samfunnsområde som arbeidsliv, utdanning og levekår, og politisk og sosial deltaking.[26]

Integrering er ein prosess som tar tid. For dei fleste innvandrarar vil det ta tid å tileigne seg relevant kompetanse, finne jobb, lære norsk og knyte sosiale band i samfunnet. Arbeidsgivarar oppgir òg at språk er den største barrieren for å tilsette innvandrarar.

[26] IMDi (2026). Hvordan går det med integreringen i Norge? *Indikatorer, status og utviklingstrekk i 2026*.



Figur 3.20 Sysselsette blant fordrivne frå Ukraina mellom 20 og 66 år. Pst.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Det er ein positiv samanheng mellom butid og ei rekke indikatorar for integrering. Ved inngangen til 2026 hadde om lag 26 pst. av innvandrarane budd i Noreg under fem år, og litt under halv-

parten av alle innvandrarar hadde budd i landet i ti år eller mindre.[27] Både sysselsettinga og deltaking i frivillig arbeid aukar i løpet av dei første åra i Noreg, og innvandrarar med lengre butid har både høgare inntekt og betre buforhold.[28] Det er likevel store variasjonar mellom innvandrargruppene. Nokre grupper peiker seg ut ved å ha ein stor andel med vedvarande låginntekt, sjølv etter lang butid (SSB, 2023). Sjå nærmare omtale under punkt 3.6 Utviklinga for låginntektsgrupper.

Tal frå SSB viser at 24 900 fordrivne frå Ukraina var sysselsette i Noreg i juli 2026. Dette utgjer 48 pst. av alle busette fordrivne mellom 20 og 66 år. Til samanlikning var sysselsettinga 41 pst. i juli i 2025. Om lag seks av ti jobbar innan helse- og sosialtenester, overnatting og servering, varehandel eller industri. Sysselsettinga aukar med butid. Tal frå Arbeids- og velferdsetaten viser at 66 pst. av dei som kom i 2022, er sysselsette.

Ein samla omtale av korleis regjeringa handterer fordrivne frå Ukraina, finst i del III, under punkt 2 Fordrivne frå Ukraina.

3.6 Utviklinga for låginntektsgrupper

Det store fleirtalet i den norske befolkninga har høg levestandard og gode levekår. Sett under eitt har norske hushald hatt eit betydeleg løft i inntektene over tid. Noreg er blant landa med lågast ulikskap i inntekt. Høg grad av likskap i Noreg og dei andre nordiske landa blir gjerne sett i samanheng med gratis utdanning, universelle offentlege velferdsordningar, koordinert lønnsdanning og små lønnsforskjellar, eit omfordelande skattesystem, høg sysselsetting og eit velorganisert arbeidsliv.

Den disponible realinntekta til hushalda auka i 2024 og 2025, etter to år med fall i disponibel realinntekt bl.a. som følge av reallønnsnedgang og høgare renteutgifter. Auken var særleg driven av auka lønnsinntekter og pensjonar og stønader. Disponibel realinntekt per innbyggar var høgare i 2025 enn i 2020.

Sjølv om inntektene har auka, viser levekårsundersøkinga til SSB at andelen i befolkninga som oppgir økonomiske vanskar og materielle og sosiale manglar har auka, og auken var særleg sterk i åra frå 2021 til 2024. Frå 2024 til 2025 viser indikatorane ei forbetring for befolkninga samla sett på dei fleste indikatorane, noko som truleg har samanheng med den forbetra økonomiske situasjonen for hushalda.

[27] Ibid.
[28] Ibid.

Levekår og låginntekt

Ein andel av befolkninga har låg inntekt. Låginntekt heng ofte saman med manglande arbeidsmarknadstilknyting, låg utdanning, manglande kvalifikasjonar, eller helseutfordringar. Låginntekt kan òg ha konsekvensar for buforhold, helse og sosial deltaking.

Ein mykje brukt indikator på risiko for fattigdom og levekårsproblem er kor stor andel av befolkninga som har ei inntekt under eit gitt nivå. Låginntekt målt som inntekt under 60 pst. av medianinntekta, og der stordriftsfordelar er omrekna med EUs ekvivalensskala, er ein mykje brukt indikator. Kor stor andel av befolkninga som har låginntekt, og korleis låginntektsgruppa er sett saman, blir i stor grad påverka av korleis ein definerer låginntekt, sjå boks 3.1.

I 2024 hadde 11,1 pst. av innbyggarane i Noreg ei årleg inntekt under 60 pst. av medianinntekta med EUs ekvivalensskala, ein auke frå 10,9 pst. i 2023. Studentar og aleinebuande barn under 18 år er ikkje inkluderte. Ein sterk inntektsvekst bidrog til at medianinntekta auka, og at fleire med låge inntekter hamna under låginntektsgrensa. Fleire personar med ukrainsk bakgrunn i befolkninga er òg ei medverkande årsak til auken i andelen med låginntekt. Andelen med vedvarande låginntekt har vore relativ stabil, men har auka noko etter 2010. Andelen med vedvarande låginntekt var 9,5 pst. i treårsperioden 2022–2024, ein auke på 0,3 prosentpoeng frå treårsperioden før. Det er først i perioden 2022–2024 at flyktningar som kom frå Ukraina i 2022 tel med i statistikken for vedvarande låginntekt, sidan det føreset at ein har vore busett i tre år.

Personar med låginntekt målt som avstandar til medianinntekta har ei inntekt som avvik betydeleg frå det generelle inntektsnivået i samfunnet. Samtidig er låginntekt målt på denne måten ikkje alltid samanfallande med dårlege levekår. Hushald med høgare inntekt kan relativt sett ha dårlege levekår som ikkje blir spegla i låginntektsmålet, dersom dei f.eks. har høge buutgifter. Det er derfor nødvendig å supplere låginntektsmålet med andre måtar å måle levekår og fattigdom på. Levekårsundersøkingane til SSB viser at låginntektshushald ikkje berre rapporterer om materielle manglar i større grad enn andre hushald, men òg om sosiale manglar. Personar med låginntekt er særleg utsette i ein situasjon med auka levekostnader, fordi ein større del av inntekta deira går til nødvendige utgifter som mat, straum og bustad. Personar med låginntekt har oftare dårleg helse, bur oftare aleine og har mindre sosial kontakt enn andre. Barn i låginntektshushald opplever oftare enn andre barn at dei

Boks 3.1 Låginntekt som indikator på fattigdom og levekårsproblem

Det er vanleg å bruke relativ låginntekt som ein indikator på fattigdom. Da tar ein utgangspunkt i det generelle inntektsnivået i befolkninga. Låginntektsgrensa blir sett i eit bestemt forhold til medianinntekta, vanlegvis 60 pst. eller 50 pst. av medianinntekta. Medianinntekta er den inntekta som deler befolkninga i to like store delar, der den eine halvparten har lågare inntekt enn medianinntekta og den andre halvparten har høgare inntekt. EU bruker 50 pst. eller 60 pst. (EU-50 og EU-60), og OECD 50 pst. (OECD-50), av medianinntekta som indikator på fattigdom, der EU-60 er ein indikator på risiko for fattigdom («at-risk-of-poverty»). EU og OECD vektar stordriftsfordelar ulikt når ein samanliknar inntektene til hushald av ulik type og storleik. Noreg har inga fastsett låginntektsgrense, og OECDs og EUs grenser for låginntekt blir derfor ofte brukte når omfanget av låginntekt skal kartleggast. EU-60-målet er mest brukt i Noreg, og er ein indikator på andelen personar i risiko for fattigdom.

Inntektsomgrepet omfattar dei fleste kontante inntekter hushalda tar imot, dvs. summen av alle yrkesinntekter, kapitalinntekter og offentlege stønader, fråtrekt skatt. Det er som nemnt ein del faktorar som ikkje er omfatta av inntektsomgrepet, men som likevel påverkar dei økonomiske ressursane i eit hushald. Det gjeld bl.a. verdien av offentlege tenester, verdien av eigeninnsats i heimen mv. og verdien av eigen bustad.

Studenthushald blir ofte haldne utanfor når ein presenterer tal for låginntekt, både fordi studietida er ein forbigåande fase, og fordi studielån ikkje blir rekna som inntekt i inntektsundersøkinga.

For å kunne samanlikne inntekta til hushald med ulik størrelse og samansetting justerer ein hushaldinntekta ved hjelp av ein såkalla ekvivalensskala for å ta høgd for stordriftsfordelar. Ifølge EUs ekvivalensskala treng ein familie med to vaksne og to barn ei inntekt som svarer til 2,1 gonger inntekta til ein einsleg for å ha same levestandard.

Det er vanleg å ta utgangspunkt i låginntekt over tid for å unngå at kortsiktige svingingar i inntekta påverkar indikatorane. Langvarig låginntekt aukar risikoen for fattigdom og levekårsproblem. Som ein indikator på fattigdom tar ein i Noreg ofte utgangspunkt i vedvarande låginntekt målt som at gjennomsnittsinntekta i ein treårsperiode ligg under ei låginntektsgrense sett ved 60 pst. av medianinntekta med EUs ekvivalensskala (EU-60).

Det er stor forskjell på å ha ei gitt kontantinntekt i eit land der sentrale velferdstenester er gratis eller subsidierte, og å ha den same inntekta i eit land der slike tenester må kjøpast i den private marknaden. Ein måte å illustrere dette på er å inkludere verdien av offentlege tenester i inntektene til hushalda. Da blir anslaga for ulikskap og fattigdom lågare enn det som er kjent frå den offisielle statistikken. Studiar har vist at ulikskapen i inntekt (basert på inntekt etter skattar og overføringar) i Noreg blir redusert med om lag 20 pst. dersom ein legg verdien av statlege og kommunale tenester til inntektene til hushalda.[1] For barnefamiliar med låginntekt i perioden 2019–2021 blei andelen under låginntektsgrensa redusert frå 11,3 pst. til 2,7 pst. dersom ein reknar med verdien av offentlege tenester.[2]

---

1 Aaberge, R., Langørgen, A., & P. Lindgren (2017). The distributional impact of public services. Aaberge, R., et al. (2010). The distributional impact of public services when needs differ.

2 En barndom for livet – regjeringen.no

ikkje har tilgang til dei same sosiale goda som andre barn har, som fritidsaktivitetar og ferie.

Det er levekårsfaktorar som ikkje blir fanga opp av inntektsmålet aleine. Eit reint inntektsomgrep inkluderer kontantinntekter og stønader, men fangar bl.a. ikkje opp verdien av offentlege tenester. Verdien av offentlege tenester utgjer ein større del av inntekta for personar med låg inntekt enn for dei med høg inntekt når ein tek utgangspunkt i eit utvida inntektsomgrep. Offentleg finansierte velferdstenester bidrar til at forskjellane i levekår er mindre enn forskjellane i inntekt.


Kjenneteikn blant hushald med låginntekt

Førekomsten av låginntekt har ein sterk samanheng med graden av yrkestilknyting innan hushalda. Blant hushald med personar i alderen 25–

65 år hadde 49,5 pst. av hushald utan nokon yrkestilknytte personar vedvarande låginntekt i treårsperioden 2022–2024. Tilsvarande for hushald med ein yrkestilknytt person i alle tre åra var 5,2 pst. Det er òg ein samanheng mellom utdanningsnivå og låginntekt.

Vedvarande låginntekt er vanlegare blant yngre som bur aleine, einslege forsørgarar, barnerike familiar, personar med innvandrarbakgrunn og aleinebuande minstepensjonistar enn i befolkninga elles. Personar som bur aleine har berre éi inntekt og ikkje nokon å dele dei faste utgiftene med, og dei som forsørger barn må dekke både eigne behov og behova til barna på éi inntekt. Samansettinga av låginntektsgruppa har endra seg over tid. Endra familiemønster, med fleire aleinebuande, har isolert sett bidratt til større førekomst av låginntekt, ettersom hushald med berre éi inntekt er meir utsette for låginntekt enn hushald med to inntekter.

Førekomsten av vedvarande låginntekt blant innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre auka til 25,2 pst. i treårsperioden 2022–2024, etter å ha gått ned dei siste åra. Flyktningar som kom frå Ukraina i 2022 tel no med i statistikken for vedvarande låginntekt, da dei har vore busette i tre år. 89 pst. av ukrainarane som blei busette i Noreg i 2022 hadde vedvarande låginntekt i perioden 2022–2024. Blant desse var det 71 pst. som òg hadde årleg låginntekt i 2024. Som blant andre flyktninggrupper dei siste åra opplever også denne gruppa betring i hushaldsinntektene etter kvart som butida aukar. Omfanget av vedvarande låginntekt i innvandrarbefolkninga varierer betydeleg etter landbakgrunn, innvandringsgrunn og butid. Inntektsnivå og omfanget av vedvarande låginntekt heng tett saman med deltaking i arbeid.



Figur 3.21 Andelen barn under 18 år med vedvarande låg hushaldsinntekt[1]. Pst.

[1] Gjennomsnittleg inntekt etter skatt per forbrukseining (EU-skala) i ein treårsperiode under 60 pst. av mediangjennomsnittet i same treårsperiode.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Sidan tusenårsskiftet har andelen barn i hushald med vedvarande låginntekt auka til dels betydeleg, men etter ein topp i 2018–2020 har andelen gått ned, jf. figur 3.21. I perioden der tala auka, blir utviklinga knytt bl.a. til at det har blitt fleire barnefamiliar med svak yrkestilknyting. Mange av desse har innvandrarbakgrunn. Det har òg over tid vore ein auke i låginntekt blant barn i befolkninga elles, hovudsakleg blant barn som lever med ein einsleg forsørgar. Nedgangen etter 2020 heng saman med lågare innvandring til Noreg i åra fram mot 2020, auka butid hos dei som har komme tidlegare, og auka barnetrygd. Av alle barn i hushald med vedvarande låginntekt har seks av ti innvandrarbakgrunn.

10,2 pst. av alle barn høyrde til eit hushald med vedvarande låginntekt i perioden 2022–2024, tilsvarande 98 700 barn. Dette er ein auke på 0,3 prosentpoeng frå treårsperioden før. Auken kjem i hovudsak av at barn i ukrainske familiar som kom i 2022, no tel med i statistikken for vedvarande låginntekt. For dei fleste andre barn held nedgangen

i delen med låginntekt fram slik ein har sett dei siste åra. Det heng saman med at barnefamiliar har hatt ei relativt god inntektsutvikling dei siste åra. Bl.a. har særleg eineforsørgarar med små barn hatt ei relativ betring, og auken i barnetrygd har også bidratt.

Låginntekt blant alderspensjonistar har gått betydeleg ned over tid. Dette må sjåast i samanheng med større yrkesaktivitet blant eldre og høgare pensjonsopptening blant nye pensjonistkull. Vidare er minste pensjonsnivå for einslege alderspensjonistar auka i fleire omgangar. Etter ein lengre periode med klar nedgang i andelen alderspensjonistar med vedvarande låginntekt, har andelen halde seg relativt stabil dei siste åra og var 8 pst. i perioden 2022–2024. Aleinebuande minstepensjonistar er framleis sterkt overrepresenterte i låginntektsgruppa.

Blant mottakarar av dei helserelaterte ytingane har andelen uføretrygda med vedvarande låginntekt auka til 15,8 pst. i 2022–2024, samanlikna med 15,1 pst. i treårsperioden før. Det har vore ein auke i andelen med vedvarande låginntekt sidan 2015, året da uførereforma trådde i kraft. SSB meiner låginntektsandelen kan ha vore trekt opp av endringar i uføregruppa, med eit høgare innslag av einslege vaksne med barn, aleinebuande og hushaldningar med fleire barn. Blant mottakarar av arbeidsavklaringspengar var andelen med vedvarande låginntekt 19,2 pst. i 2022–2024.

3.7 Pensjon

Det samla pensjonssystemet blir ofte omtalt som tredelt, med alderspensjonen frå folketrygda, tenestepensjonar (pensjonar opptente i arbeidsforhold) inkludert AFP og dessutan individuell pensjonssparing.

Alderspensjonen i folketrygda er berebjelken i pensjonssystemet og utgjer for dei fleste den klart største delen av den samla alderspensjonen. Dei samla utbetalingane av alderspensjon frå folketrygda i 2025 var på 351 mrd. kroner (2026-kroner), og noverdien av dei opptente rettane til alderspensjon i folketrygda er anslått til om lag 11 500 mrd. kroner ved inngangen til 2026.

Retten til tenestepensjon blir gradvis bygd opp gjennom tilsetting og finst i ulike ordningar med varierande utforming og ytingsnivå. Innskotspensjon har over tid blitt det tenestepensjonsproduktet som langt dei fleste arbeidstakarane i privat sektor blir dekte av. Innskotspensjon er kjenneteikna av at eit årleg innskot til pensjon, normalt som ein prosentdel av lønna til den enkelte, er definert i pensjonsavtalen. I offentleg sektor er tenestepensjonsordninga for årskull fødde før 1963 ei bruttoordning som garanterer eit gitt samla nivå på den årlege pensjonen frå folketrygda og tenestepensjonsordninga. Årskull fødde frå og med 1963 tener frå og med 2020 opp offentleg tenestepensjon i ei påslagsordning som blir berekna uavhengig av folketrygda. Ifølge Statistisk sentralbyrå utgjorde pensjonsforpliktingane i tenestepensjonsordningane, utanom privat AFP, drygt 3 100 mrd. kroner ved inngangen til 2026. Av dette beløpet utgjorde forpliktingane til offentleg sektor om lag 57 pst.

AFP i privat sektor gir eit livsvarig påslag til alderspensjon frå folketrygda. AFP i offentleg sektor er lagd om etter mønster av AFP-ordninga i privat sektor for tilsette fødde i 1963 eller seinare, mens AFP framleis er ei tidlegpensjonsordning i alderen 62–66 år for tilsette fødde til og med 1962 og for medlemmar av Pensjonsordninga for apotekverksemd. Alle tilsette i offentleg sektor er omfatta av AFP-ordninga, mens om lag halvparten av dei tilsette i privat sektor arbeider i ei verksemd som er tilslutta AFP-ordninga.

Individuelle pensjonar, inkludert individuell pensjonssparing (IPS), utgjer ein avgrensa del av pensjonssystemet. Pensjonsforpliktingane i desse ordningane utgjorde drygt 77 mrd. kroner ved inngangen til 2026.

Dei daverande regjeringspartia (Arbeiderpartiet og Senterpartiet) og partia Høgre, Sosialistisk Venstreparti, Venstre, Kristeleg Folkeparti og Miljøpartiet Dei Grøne inngjekk våren 2024 ein avtale om justeringar i regelverket for pensjon, med mål om å styrke den sosiale berekrafta i pensjonssystemet. Avtalepartane stiller seg bak forslaga til regjeringa i Meld. St. 6 (2023–2024) *Et forbedret pensjonssystem med en styrket sosial profil*. Sjå nærmare omtale under del I, punkt 1 Gode og føreseielege pensjonar for dagens og framtidige generasjonar. Framskrivingane nedanfor tar utgangspunkt i gjeldande regelverk utan endringane som følger av pensjonsforliket.


Figur 3.22 viser den historiske utviklinga i antal mottakarar av alderspensjon frå folketrygda i perioden 1980–2025, og dessutan framskrivingar til 2050. Ved utgangen av 2025 var det 1 084 600 mottakarar av alderspensjon frå folketrygda.

Antalet har auka sterkt etter 2011, som følge av at det da blei mogleg å ta ut alderspensjon frå ein fylte 62 år. Veksttakten var fallande fram mot 2022, men har auka noko etter 2022. Frå 2025 auka veksten som følge av omlegginga av avtalefesta pensjon (AFP) i offentleg sektor. Som følge av omlegginga er det venta at veksten vil auke

ytterlegare dei nærmaste åra. Etter 2030 fell vekst-takten i framskrivingane gradvis til om lag 1 pst. per år i 2050.

Frå 2025 til 2035 er det anslått at utgiftene til alderspensjon frå folketrygda vil auke frå om lag 351 mrd. kroner til om lag 411 mrd. kroner (2026-kroner). Det er ein vekst på 60 mrd. kroner, eller 17 pst. Berekningar frå SSB anslår at auken fram mot 2060 ville vore dobbelt så stor utan pensjons-reforma.[29]

[29] Fredriksen D., Holmøy E., Strøm B. og Stølen N.M. (2019) «Betydningen av pensjonsreformen for arbeidstilbud og offentlige finanser». Søkelys på arbeidslivet 4/2019.



Figur 3.22 Antal alderspensjonistar frå folketrygda, middelbestand. Tusen. Historiske tal 1980–2025. Framskrivingar 2026–2050

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet

Levealderen i befolkninga aukar stadig, og dette bidrar til veksten i talet på mottakarar av alders-pensjon. I 1980 var den forventa levealderen 72 år for menn og 79 år for kvinner. I 2025 hadde han auka til hvv. 82 og 85 år. I middelalternativet i SSBs befolkningsframskrivingar frå 2026 er det anslått at forventa levealder i 2060 vil vere 87 år for menn og 90 år for kvinner.

Som følge av at fleire tar høgare utdanning, kjem mange seinare ut i yrkeslivet no enn tidlegare. Talet på yrkesaktive per alderspensjonist og uføretrygda har minka frå 3,5 da folketrygda blei etablert i 1967, til 2,1 i 2025.[30] Venteleg vil talet halde fram med å gå ned til 1,5 i 2060. Denne utviklinga stiller offentlege finansar overfor store utfordringar i dei kommande åra, og pensjonsreforma er eit viktig bidrag til å sikre velferdsstaten i framtida.

Arbeids- og velferdsdirektoratet har anslått verknader av pensjonsreforma på utgiftene til alderspensjon, både frå folketrygda samla og fordelte på ulike komponentar, i perioden 2011–2025. I figur 3.23 er dei ulike komponentane definerte slik:

- Skjermingstillegg er effekten av tillegget som skjermar uføre alderspensjonistar mot delar av levealdersjusteringa.
- Fleksibel pensjonsalder er dei samla endringane i utgifter som følge av at den enkelte sjølv kan velje når pensjonen skal takast ut mellom 62 og 75 år. Dette omfattar
  - meirutgifter til personar som tar ut pensjonen før den tidlegare pensjonsalderen på 67 år, og seinare innsparingar når desse får lågare alderspensjon livet ut
  - innsparing som følge av at enkelte utset pensjonsuttaket til etter 67 år, og seinare meirutgifter når desse får høgare alders-pensjon livet ut
- Levealdersjustering inneber at alderspen-sjonen blir justert etter forventa levealder for kvart årskull. Effekten viser innsparinga som følge av levealdersjusteringa under føresetnad av uttak av alderspensjon ved 67 år.

[30] Talet blir påverka av at relativt mange alderspensjonistar og uføretrygda samtidig er yrkesaktive.

– Endra indeksering er innsparinga som følge av at pensjonar under utbetaling blir regulerte lågare enn lønnsveksten.

Reforma har samla bidratt til å redusere utgiftene til alderspensjon i folketrygda med anslagsvis 19,4 mrd. kroner i 2025. Innsparingselementa i pensjonsreforma får meir å seie over tid, bl.a. som følge av levealdersjusteringa.


Frå 2015 er det anslått at veksten i utgiftene til alderspensjon har vore lågare med pensjonsreforma enn han ville vore utan reforma. 2021 er det første året pensjonsutgiftene er berekna å ha vore lågare med pensjonsreforma enn utan.

Effekten av fleksibel pensjonsalder har til no vore klart dominert av uttak av alderspensjon før 67 år. Meirutgiftene til alderspensjon frå folketrygda pga. fleksibel pensjonsalder auka gradvis frå 2011 til 2016. Frå 2017 har desse meirutgiftene minka, og i 2025 er dei anslått til 6,4 mrd. kroner. Som følge av dei nøytrale uttaksreglane, der tidleg uttak gir lågare årleg pensjon, vil dei auka utgiftene på kort sikt som følger av tidleg uttak, bli motverka av reduserte utgifter på lengre sikt. Denne effekten, kalla nøytralt uttak, kjem gradvis, slik at dei auka utgiftene pga. tidleg uttak vil dominere dei nærmaste åra. Så langt er det få personar som har utsett uttaket av pensjon til etter 67 år.

Levealdersjusteringa ved 67 år har så langt hatt avgrensa, men aukande, effekt, sidan justeringa berre gjeld nye mottakarar av alderspensjon frå 2011. Innsparinga som følge av levealdersjusteringa blir redusert av at dei første årskulla er delvis skjerma for effekten av levealdersjusteringa. Innsparinga frå levealdersjusteringa er berekna til 14,8 mrd. kroner i 2025. Effekten av levealdersjusteringa vil bli sterkare over tid, og yngre årskull vil i betydeleg grad bidra til innsparing gjennom levealdersjustering.

Innsparingar som følge av pensjonsreforma dei første åra kjem òg av den nye reguleringa av pensjon under utbetaling, som gjeld alle alderspensjonistar. Den nye reguleringa er isolert sett berekna å ha bidratt til innsparingar på 12,8 mrd. kroner i 2025 samanlikna med om alderspensjonen hadde vore lønnsregulert frå 2011. Innsparinga må samtidig sjåast i samanheng med den sterke auken i utgiftene til alderspensjon som følge av at vi blir fleire eldre.

Pensjonsreforma tar sikte på å etablere eit berekraftig pensjonssystem som gir ei rimeleg byrdefordeling mellom generasjonane. Mens levealdersjusteringa vil bidra til betydelege innsparingar frå yngre generasjonar, kjem bidraget frå dei som i dag er eldre i hovudsak frå dei nye reglane for regulering av pensjon under utbetaling. Med dei utfordringane vi står overfor når det gjeld finansieringa av velferdsordningane, er det rimeleg at også dei eldre bidrar til å sikre eit berekraftig pensjonssystem.




Figur 3.23 Utgiftsverknad av pensjonsreforma målt i faste grunnbeløp (G). Mrd. 2026-kroner (G = 134 419 kroner)

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet

Frå 2022 blir alderspensjon under utbetaling regulert årleg med gjennomsnittet av lønns- og prisveksten. Dei nye reglane gir ei jamnare utvikling av pensjonane enn tidlegare, og ein unngår at alderspensjonistane kan få nedgang i realinntekta når lønnstakarane får reallønnsvekst.

Figur 3.24 viser realveksten i median samla inntekt etter skatt for ulike aldersgrupper i perioden 2014–2024. For aldersgruppa 60 år og eldre sett under eitt har realveksten i samla inntekt etter skatt vore om lag 6 pst. Veksten for aldersgruppa 62–66 år kjem i stor grad av høgare yrkesaktivitet og at mange under 67 år tar ut pensjon mens dei framleis er i jobb. For dei eldste er særleg høgare pensjonar som følge av auka pensjonsopptening ei viktig årsak, samtidig som tidleg uttak av alderspensjon og levealdersjustering trekker i motsett retning for årskulla 1944 og yngre.



Figur 3.24 Realvekst i median samla inntekt før og etter skatt for personar som er 60 år og eldre, 2014–2024. Pst.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Skattereglane behandlar pensjon gunstigare enn yrkesinntekt. F.eks. er trygdeavgifta lågare, og det er eit frådrag i inntektsskatt og trygdeavgift for pensjonistar opp til eit visst beløp på pensjonsinntekta som er dimensjonert slik at minstepensjonistar ikkje betaler skatt. Skattefrådraget blir trappa ned med størrelsen på pensjonen. Saman med eit progressivt skattesystem der progressiviteten i skattereglane for pensjon er ekstra sterk, gjer dette at inntektsveksten før og etter skatt varierer noko mellom aldersgruppene.

3.8 Utvikling i utgiftene til folketrygda

Her følger ei oversikt over realveksten for dei sentrale stønadene på ansvarsområdet til Arbeids- og inkluderingsdepartementet og ei oversikt over utviklinga i talet på mottakarar og gjennomsnittleg yting.

Tabellen *Utviklinga i utgiftene til folketrygda etter stønadstype 2017–2027* nedanfor viser utgiftsutviklinga i utgiftene til folketrygda i nominell verdi og realvekst i pst. Beløpa for perioden 2017–2025 er baserte på rekneskapstal, mens beløpa for 2026 er anslag på rekneskap. For 2027 er det brukt utgiftsanslag som følger av regjeringa sitt budsjettforslag i Gul bok 2027.

Tala for realvekst i tabellen under illustrerer utgiftsendringar utover endringar som kjem av generell prisvekst, lønnsvekst eller andre faste reguleringar som gjeld for dei ulike stønadene. Endringar i sjukepengeutgiftene kjem bl.a. av endringar i det trygdefinansierte fråværet og antal sysselsette. Auken i utgiftene til alderspensjon kjem av ein auke i antal pensjonistar og at nye pensjonistar i gjennomsnitt har høgare pensjon enn dei som fell frå. For uføretrygd og andre stønader illustrerer tala hovudsakleg endringar i antal mottakarar.

For sjukepengar og dagpengar kjem realveksten fram ved at utgiftene blir justerte for lønnsutviklinga. Utgiftene til arbeidsavklaringspengar, uføretrygd, einslege forsørgarar og etterlatne blir

justerte for utviklinga i grunnbeløpet (G) i folketrygda, mens det for alderspensjon er tatt omsyn til at dei fleste pensjonar under utbetaling har blitt justerte med G fråtrekt 0,75 pst.[31] Realveksten viser dermed ikkje effekten av at alderspensjon i hovudsak har blitt regulert med ein lågare sats enn f.eks. arbeidsavklaringspengar og uføretrygd. Dette går fram av dei nominelle tala.

Samla sett har det vore ein realvekst i utgiftene til folketrygda kvart år i perioden tabellen gjeld for, dvs. etter 2017. Utgiftsveksten i desse rettsbaserte ordningane har avgrensa handlingsrommet i budsjettpolitikken i stor grad, og dette er forventa å gjelde også i dei kommande åra ved ei vidareføring av gjeldande regelverk.

[31] Tilsvarande justering er òg brukt for 2021–2027 sjølv om reguleringsreglane har blitt endra for desse åra. Effektar av endringar i reguleringsreglane for desse åra, som har gitt høgare pensjonsregulering dei fleste åra, vil dermed inngå som ein del av realveksten.

Utviklinga i utgiftene til folketrygda etter stønadstype[1] 2017–2027. I nominelle mrd. kroner og gjennomsnittleg årleg realvekst[2]

Stønadsutgifter	Nominell verdi				Gjennomsnittleg årleg realvekst i pst.		
	2017	2021	2026	2027	2017–2021	2021–2026	2026–2027
Sjukepengar	39,8	50,3	77,6	80,6	2,7	3,9	-0,1
Arbeidsavklaringspengar	34,8	33,7	56,3	59,8	-3,6	5,4	2,0
Uførleik	83,1	104,0	141,4	150,3	2,8	1,2	2,0
Alderspensjon	211,2	256,9	357,5	378,2	2,7	2,3	2,2
Stønad til einsleg forsørgar og etterlatne	4,4	3,8	5,1	4,0	-6,5	1,1	-25,0
Dagpengar	13,9	26,0	16,8	17,6	13,2	-12,7	0,6
Stønad til meirutgifter[3]	10,2	10,7	16,4	17,0	-1,1	4,5	1,0
Sum	397,4	485,4	671,0	707,5	2,5	1,9	1,6
Sum, ekskl. dagpengar	383,4	459,4	654,2	689,9	2,0	2,5	1,6

[1] Det er korrigert for større tekniske endringar i perioden. Utgifter til bidragsforskot er f.eks. ikkje medrekna (heller ikke for 2022 og tidlegare), ettersom ansvaret for ordninga blei overført til Barne- og familiedepartementet frå 2023.

[2] Stønadsutgiftene følger kapittelstrukturen.

[3] Stønad til meirutgifter består av Grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel m.m. (kap. 2661, fråtrekt inntekter på 5701.88 Hjelpemiddelsentralar m.m.) og Stønad ved gravferd (kap. 2686).

Hovudtrekka i utviklinga som ligg til grunn for realveksttabellen

Sjukepengar m.m.

I tillegg til sjukepengar, omfattar utgiftskapittelet også pleie-, opplærings- og omsorgspengar.

Realveksten var i sum om lag uendra i 2018 og 2019. I 2020–2022 var realveksten i utgiftene sterkt prega av koronapandemien og midlertidige regelendringar for både sjukepengar og omsorgspengar. I tillegg bidrog andre regelendringar som auka kompensasjonsgrad for sjukepengar til sjølvstendig næringsdrivande i 2017 og 2019 og pleiepengereforma frå 2017 til ytterlegare vekst. Desse forholda bidrog til ein kraftig realvekst i utgiftene på 15,3 pst. i 2020. I 2023 og 2024 var det sterk realvekst på høvesvis 10,3 pst. og 3,9 pst., noko som kan forklarast med sterk vekst i det trygdefinansierte sjukefråværet og i bruken av pleiepengar, etterfølgt av ein svak realnedgang på 0,6 pst. i 2025. For 2026 blir det anslått ein sterk realvekst på 4 pst. Det kjem av at det i Revidert nasjonalbudsjett 2026 blei løyva 20 mill. kroner til fleire saksbehandlarar for sjukepengar i Nav, og at Nav i tillegg gjennomfører fleire andre tiltak for å redusere saksbehandlingstida for sjukepengar. Det vil føre til ein kraftig utgiftsauke i 2026 sjølv om det er venta uendra sjukefråvær. I 2027 er det anslått ein realvekst på -0,1 pst.

Arbeidsavklaringspengar

Realveksten for arbeidsavklaringspengar var sterkt negativ i 2018 og 2019 bl.a. som følge av innstrammingar i varigheitsreglane i 2018. Midlertidige regelendringar, generelle forseinkingar i avklaringsløpa og ein lengre periode med auke i arbeidsløysa under koronapandemien bidrog til låg avgang frå ordninga f.o.m. 2020. Frå 2022 speler òg nye reglar inn som i større grad enn tidlegare gir høve til å ta imot ytinga utover varigheitsgrensa på tre år, eller å få innvilga ein ny stønadsperiode. Ein pressa ressurssituasjon på Nav-kontora kan òg ha bidratt til forseinkingar i avklaringsløpa. Tilgangen har òg auka noko frå 2019. Det kan ha ulike årsaker, men frå 2021 kjem det særleg av høgare sjukefråvær. Auke i tilgangen fram til 2024 og lågare avgang har ført til vekst i talet på mottakarar i perioden 2020–2025, og til sterk realutgiftsvekst i åra 2021–2025. Talet på mottakarar har halde fram med å auke i 2026, men auken har dempa seg. Realveksten i utgiftene til arbeidsavklaringspengar i 2026 og 2027 er anslått til 2,9 og 2,0 pst. I 2027 svarer det til ein auke på om lag 1,2 mrd. 2027-kroner.

Uførleik

Utviklinga i talet på uføre heng særleg saman med befolkningsutviklinga og utviklinga for arbeidsavklaringspengar, sidan dei fleste nye uføre kjem frå arbeidsavklaringspengar. Realutgiftene har auka i heile perioden, særleg i 2018 og 2019, da dei auka 3,3 og 4,4 pst. Det heng saman med regelendringane for arbeidsavklaringspengar i 2018. I perioden 2020–2025, og særleg frå 2021, har veksten vore lågare som følge av regelverksendringar for arbeidsavklaringspengar (midlertidige endringar under koronapandemien og endringane i varigheitsreglane frå 2022). I tillegg førte pandemien til forseinkingar i avklaringsløpa for mottakarar av arbeidsavklaringspengar. I 2026 og 2027 er det forventa ein realvekst på 1,0 og 2,0 pst. Veksten i 2027 svarer til ein auke på om lag 3,0 mrd. 2027-kroner.

Alderspensjon

Vekst i folketalet over 67 år, høgare pensjonsopptening i yngre årskull og fleire aukar av minste pensjonsnivå har bidratt til ein klar realutgiftsvekst i heile perioden. F.o.m. 2021 har alderspensjon under utbetaling frå folketrygda blitt regulert med gjennomsnittet av pris- og lønnsveksten. Det har bidratt til sterkare utgiftsvekst dei siste åra. Pensjonsreforma, og nedgang i andelen som tar ut alderspensjon før 67 år, har dempa veksten. I 2027 er det anslått at pensjonsreforma aleine vil redusere utgiftene til alderspensjon med om lag 27 mrd. kroner.

Utgiftene til alderspensjon vil likevel auke betydeleg i åra som kjem, hovudsakleg fordi det blir fleire alderspensjonistar over 67 år og delvis fordi AFP-reforma i offentleg sektor frå 2025 har ført til at fleire tar ut alderspensjon frå folketrygda før fylte 67 år. Auken i minste pensjonsnivå frå 1. mai 2026 bidrar òg til høgare vekst i 2026 og 2027. I 2026 og 2027 er det anslått at realveksten til alderspensjon blir på hvv. 2,7 og 2,2 pst. Veksten i 2027 svarer til ein auke på 8,3 mrd. 2027-kroner.

Stønader til einslege forsørgarar og etterlatne

Utgiftene til einslege forsørgarar og etterlatne har vore reelt avtakande i heile perioden fram til 2023. Nedgangen for einslege forsørgarar kan ha samanheng med betre barnehagedekning, redusert foreldrebetaling i SFO, at fleire har delt omsorg, og at regelverket for å få overgangsstønad har blitt stramma inn og gjort meir arbeidsretta. For etterlatne kjem nedgangen av høgare levealder, at stadig fleire enker og enkemenn er i arbeid, og at færre barn mistar ein av eller begge foreldra.

I 2024 førte etterlatnereforma til ein betydeleg utgiftsvekst, som følge av høgare satsar og høgare øvre aldersgrense for barnepensjon. Framover vil den innførte tidsavgrensinga og det at stadig fleire enker og enkemenn kjem i arbeid igjen, bidra til nedgang i utgiftene. Utgiftene vil også gå ned som følge av høgare levealder, sidan færre vil bli etterlatne i yrkesaktiv alder. For stønader til einslege forsørgarar har det vore ein nedgang i utgiftene i 2025, og det er forventa ein vidare nedgang i 2026 som følge av dei omfattande endringane som tredde i kraft 1. juli 2026. Endringane inneber at det berre er einslege med aleineomsorg for barn under 14 månader eller særleg tilsynskrevjande barn som kan få overgangsstønad og stønad til barnetilsyn. For andre einslege er stønadene avvikla. Endringane gjeld berre for nye mottakarar frå og med 1. juli 2026, og det er derfor forventa ein større nedgang i utgiftene i 2027.

Utgiftene frå folketrygda til einslege forsørgarar og etterlatne i 2026 og 2027 er venta å gå ned med hvv. 4,3 og 25,0 pst. Den sterke nedgangen i 2027 kjem av innstrammingane i stønader til einslege forsørgjarar, og at tidsavgrensinga (som hovudregel 3 år) av omstillingsstønad til etterlatne får verknad frå 2027. Nedgangen i 2027 svarer til ein reduksjon på om lag 1,3 mrd. 2027-kroner.

Dagpengar

Realveksten i utgiftene til dagpengar har variert frå år til år, frå kraftig nedgang til kraftig auke, som følge av konjunkturendringar og konsekvensar av koronapandemien. Veksten var høgast i 2020 med 301,8 pst. og lågast i 2022 med ein reduksjon på 56,1 pst. I 2026 og 2027 ventar vi ein realvekst på hvv. 4,9 og 0,6 pst. Veksten i 2026 kjem av ein auke i delen av dei arbeidsledige som har opparbeidd rett til dagpengar, fleire tiltaksdeltakarar med dagpengar, og at inntektsgrunnlaget for mottakarane har auka noko meir enn generell lønnsvekst. Veksten i 2027 svarer til ein auke på 0,1 mrd. 2027-kroner.

Stønader til å dekke meirutgifter

Stønader til å dekke meirutgifter inkluderer grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel m.m., og stønad ved gravferd som utgjer om lag 2–3 pst. av utgiftene. I perioden 2017–2022 var det i sum ein liten realnedgang, men med noko variasjon over tid. I 2020 var det ein særleg stor realnedgang på 3,3 pst., fordi koronapandemien førte til mindre etterspørsel etter hjelpemiddel og relaterte tenester. Utviklinga har sidan snudd til kraftig vekst, og realveksten var særleg høg i 2024 med 11,4 pst. I 2026 og 2027 ventar vi ein realvekst på 2,2 og 1,0 pst. Veksten i 2027 svarer til ein auke på om lag 0,2 mrd. 2027-kroner. Årsaka til veksten er fleire eldre. Lågare vekst i 2027 blir skulda av at vi ventar nedgang i utgiftene til grunnstønad som følge av føreslåtte regelendringar for visse grupper som får stønaden på grunnlag av ADHD og cøliaki.

Mottakarar[1] av sentrale ytingar 2020–2027. Gjennomsnittstal[2] for året (utvalde stønadsgrupper)

	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	Pst. endring frå 2020 til 2027
1. Varig inntektssikring									
Alderspensjon	971 700	993 100	1 010 600	1 030 000	1 051 400	1 074 200	1 098 300	1 125 600	15,8
Uføretrygd	356 500	360 200	362 900	366 300	370 200	374 700	378 200	383 100	7,5
Etterlatnepensjonar[3]	25 300	24 900	24 600	24 500	26 700	27 300	26 900	21 300	-15,7
I alt	1 353 400	1 378 100	1 398 200	1 420 800	1 448 200	1 476 200	1 503 400	1 530 000	13,0
2. Midlertidig inntektssikring									
Sjukepengar	130 000	128 400	125 800	152 400	157 200	146 900	153 600	152 600	17,4
Arbeidsavklaringspengar	119 800	130 300	136 700	145 000	154 500	165 100	169 800	173 300	44,7
Overgangsstønad til einslege forsørgarar	10 500	10 300	9 800	9 600	9 300	8 900	8 400	5 700	-45,7
Dagpengar til arbeidsledige	139 700	109 400	40 700	36 700	42 400	48 600	49 400	49 800	-64,3
I alt	400 000	378 400	313 000	343 600	363 300	369 500	381 200	381 500	-4,6
3. Kompensasjon for meirutgifter									
Grunnstønad	125 200	127 300	129 200	133 500	137 800	142 200	145 800	131 500	5,0
Hjelpestønad	62 200	63 000	63 600	67 500	73 400	79 200	86 300	91 500	47,1
I alt	187 400	190 300	192 800	201 000	211 200	221 400	232 100	222 900	19,0

[1] Ein person kan ha fleire stønader. Summen av antal stønadsmottakarar i denne tabellen vil derfor vere høgare enn det reelle antalet personar som får stønad. Tal for 2026 og 2027 er anslag.

[2] Berekna som gjennomsnittet av talet på mottakarar kvar månad av året. Dei fleste stønadene (utanom sjukepengar, arbeidsavklaringspengar og dagpengar) vert utbetalt for heile månadar, og vi kan då tolke dette som talet som til ein kvar tid mottar stønaden.

[3] Etterlatnepensjonar inkluderer mottakarar av pensjon til gjenlevande ektefellar, barnepensjon og pensjon til tidlegare familiepleiarar.

Gjennomsnittleg yting[1] for mottakarar av sentrale ytingar, 2020–2027. Tal i 2027-kroner[2]

	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	Pst.vis endring frå 2020 til 2027
1. Varig inntektssikring									
Alderspensjon	344 800	346 100	343 900	347 400	344 600	340 200	339 200	336 000	-2,6
Uføretrygd	387 200	385 900	386 300	387 300	387 500	389 000	389 200	392 000	1,2
Etterlatnepensjonar[3]	109 500	108 400	106 700	104 600	143 400	138 700	137 300	136 700	24,8
2. Midlertidig inntektssikring									
Sjukepengar	477 100	472 700	490 500	447 000	446 700	469 900	469 900	470 000	-1,5
Arbeidsavklaringspengar[4]	348 700	340 500	336 000	337 000	346 800	341 200	341 500	341 500	-2,1
Overgangsstønad til einslege forsørgarar	221 600	211 400	205 500	199 500	198 300	192 900	192 900	192 900	-12,9
Dagpengar til arbeidsledige	343 900	334 900	326 500	308 200	324 500	319 700	325 200	327 100	-4,9
3. Kompensasjon for meirutgifter									
Grunnstønad	16 600	15 400	14 400	14 000	14 300	13 600	13 000	12 400	-25,1
Hjelpestønad	33 600	33 200	32 500	32 600	34 600	33 900	33 300	33 100	-1,6

1 Gjennomsnittleg yting er berekna som rekneskapstal for året dividert med gjennomsnittleg antal mottakarar. Tal for 2026 og 2027 er anslag. For dei fleste ytingane vil dette tilsvare årleg yting, gitt at ein tar imot ytinga eit heilt år. For sjukepengar og arbeidsavklaringspengar er gjennomsnittleg antal mottakarar berekna som det gjennomsnittlege antalet som har fått ei utbetaling for kvar av månadene i året. Ettersom utbetalingane ikkje alltid gjeld heile månader, vil tala undervurdere årleg yting noko for desse to ytingane.

2 Alderspensjon, uføretrygd, etterlatnepensjonar, arbeidsavklaringspengar og overgangsstønad til einslege forsørgarar er deflaterte med veksten i grunnbeløpet i folketrygda (G). For sjukepengar og dagpengar blir gjennomsnittleg årslønnsvekst nytta, mens grunnstønad og hjelpestønad blir omrekna med konsumprisindeksen.

3 Etterlatnepensjonar inkluderer pensjon til gjenlevande ektefellar, barnepensjon og pensjon til tidlegare familiepleiarar.


4 Omfattar kap. 2651, post 70 (arbeidsavklaringspengar utan tilleggsstønader).

3.9 Kommunale stønader

Økonomisk sosialhjelp

Figur 3.25 viser utviklinga i talet på stønadsmottakarar og utgiftene til økonomisk sosialhjelp i løpet av året for perioden 2006–2025. Talet på sosialhjelpsmottakarar i 2025 var om lag uendra frå 2024. Det blei utbetalt totalt 12,4 mrd. kroner i økonomisk sosialhjelp i 2025. Det var ein auke på 1,2 pst. i faste prisar samanlikna med 2024.

I løpet av 2025 fekk i alt 165 800 personar økonomisk sosialhjelp. Det var 600 færre enn i 2024, ein nedgang på 0,4 pst. Talet omfattar personar som får stønad minst éin månad i løpet av året, og gjeld både personar som får økonomisk sosialhjelp i tillegg til anna inntekt eller annan stønad, og personar som har stønaden som hovudkjelde til forsørging. Sidan tala i figur 3.25 gjeld personar som får sosialhjelp minst éin gong i løpet av året, kan dei ikkje samanliknast med behaldningstal for mottakarar av helserelaterte ytingar eller dagpengar.



Figur 3.25 Utgifter til økonomisk sosialhjelp og antal stønadsmottakarar i løpet av året. Tal i tusen. Utgifter i mrd. faste 2025-kroner. 2006–2025

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet

Ein analyse frå Arbeids- og velferdsdirektoratet[32] viser at i 2024 var utgiftene til sosialhjelp og talet på sosialhjelpsmottakarar høgare enn det har vore sidan 2010. Hovudårsaka til auken frå 2023 til 2024 er at det kom svært mange fordrivne frå Ukraina til Noreg i denne perioden. Det blir av direktoratet vist til at 75 pst. av auken i utgifter, og 78 pst. av auken i tal på mottakarar, kjem av fordrivne frå Ukraina. At veksten i talet på sosialhjelpsmottakarar har stoppa opp i 2025, kan truleg forklarast med at talet på fordrivne som kjem frå Ukraina har avtatt, og at fleire fordrivne frå Ukraina som blei busette i Noreg i 2022 og 2023, har komme i jobb.

Blant alle sosialhjelpsmottakarar hadde 34 pst. i 2025 sosialhjelp som den viktigaste inntekta si ved siste stønadsmottak. Det er om lag like stor andel som i 2024, på 35 pst. Vidare hadde 6 pst. av mottakarane introduksjonsstønad som hovudinntekt ved siste mottak av sosialhjelp. Det var ned frå 8 pst. i 2024. Nedgangen kan forklarast med at det kom færre fordrivne frå Ukraina til Noreg. Om lag 2 pst. av sosialhjelpsmottakarane hadde kvalifiseringsstønad som hovudinntekt i 2025.

I 2025 var 27,1 pst. av sosialhjelpsmottakarane under 30 år. Det er 0,4 prosentpoeng lågare enn nivået i 2024. Frå 2024 til 2025 sokk talet på mottakarar under 30 år med om lag 800, ein nedgang på 2 pst.

I 2025 var andelen innvandrarar[33] blant sosialhjelpsmottakarane nær 56 pst. Andelen er den

[32] Lima, I. (2025) «Sosialhjelp i 2024: fortsatt sterk vekst drevet av ukrainske flyktninger», Arbeid og velferd 2/2025.

[33] I statistikken definerer SSB innvandrarar som utanlandsfødde med to utanlandsfødde foreldre, og inkluderer ikkje norskfødde med innvandrarbakgrunn. Den sistnemnde gruppa utgjorde i 2024 om lag 2 pst. av alle sosialhjelpsmottakarar.

same som i 2024. Dette har vore ein aukande trend; i 2010 var andelen rundt 31 pst. Auken over tid heng saman med at innvandrarbefolkninga har blitt større og at innvandrarar er overrepresenterte blant dei som ikkje har tent opp rettar i folketrygda, bl.a. når det gjeld dei helserelaterte ytingane. Frå 2024 til 2025 auka talet på innvandrarar med sosialhjelp med 600 personar.

Einslege utan barn utgjer ein stor andel av sosialhjelpsmottakarane. I 2025 var 34 pst. av dei som fekk økonomisk sosialhjelp einslege menn utan barn, mens 25 pst. var einslege kvinner utan barn. 24 pst. av mottakarane forsørgde barn under 18 år. Rundt 16 pst. av mottakarane var par utan barn.

Eit fleirtal av sosialhjelpsmottakarane har eit midlertidig og forbigåande hjelpebehov. Likevel er det ein ikkje ubetydeleg andel av dei som får stønad over lang tid, som er gjengangarar eller i høg grad avhengige av stønad. 45 pst. av mottakarane hadde stønad i seks månader eller meir i 2025, mot 44 pst. i 2024. 26 pst. av mottakarane fekk stønad i ti til tolv månader. Det er ein auke frå 24 pst. i 2024. Denne andelen omfattar både personar med sosialhjelp som supplering til anna inntekt og personar med sosialhjelp som den viktigaste inntekta si. I gjennomsnitt fekk sosialhjelpsmottakarane stønad i 5,8 månader i løpet av 2025. Dette er 0,2 månader meir enn i 2024 og 0,5 månader meir enn i 2023. Yngre mottakarar har gjennomgåande kortare stønadsperiodar enn eldre.

I 2025 var det nær 19 pst. av mottakarane som var heilt eller delvis i arbeid siste gong dei fekk sosialhjelp det året. I 2024 var andelen 17 pst. Rundt halvparten av dei arbeidde heiltid, resten arbeidde deltid. Om sosialhjelpa er eit supplement eller den viktigaste inntekta deira, avheng av kor høg arbeidsinntekt dei har.

Kvalifiseringsstønad

Kvalifiseringsprogrammet med tilhøyrande kvalifiseringsstønad er ei lovpålagd oppgåve for alle kommunar.

Ved utgangen av 2025 var det om lag 7 000 deltakarar i kvalifiseringsprogrammet, ein nedgang frå om lag 7 200 ved utgangen av 2024. Av dei som gjennomførte eller planmessig avvikla programmet i 2025, gjekk 47 pst. til arbeid (heiltid, deltid, med eller utan lønnstilskot) ved programslutt, tilsvarande andel som i 2024. Andelen deltakarar under 25 år var 15 pst. i 2025, 2 prosentpoeng mindre enn i 2024. Andelen deltakarar som er fødde i utlandet, har auka dei seinare åra og var i 2024 og 2025 på 68 pst.

4 Oppmodingsvedtak

Oppfølging av oppmodings- og utgreiingsvedtak

Nedanfor følger ei oversikt over oppfølginga av oppmodings- og utgreiingsvedtak under Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Oversikta omfattar alle vedtak frå stortingssesjonen 2025–2026, og dei vedtaka frå tidlegare stortingssesjonar som kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 125 S (2025–2026) meinte ikkje var kvitterte ut. Tabellen nedanfor viser òg om departementet reknar med at rapporteringa om oppmodingsvedtaket no er avslutta, eller om departementet vil rapportere konkret om vedtaket i budsjettproposisjonen neste år òg.

Oversikt over oppmodings- og utgreiingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering avslutta (Ja/Nei)
2025–2026	42	Endringar i lov om pensjonstrygd for fiskarar	Ja
2025–2026	70	Auka fribeløp for uføre	Ja
2025–2026	73	Ikkje foreslå endringar i sosialtenestelova som opnar for at barnetrygd kan reknast som inntekt ved utmåling av sosialhjelp	Ja
2025–2026	82	Legge til rette for auka bruk av gradering i uføretrygd og andre helserelaterte ytingar	Nei
2025–2026	85	Utgreie behovet for og konsekvensen av å la tilsette med VTA-plass jobbe ut over pensjonsalder	Nei
2025–2026	163	Forbetra kompensasjonsnivå for kjemikalieskadde oljepionerar	Ja
2025–2026	164	Utgreiing av tiltak mot samordningsfella	Ja
2025–2026	515	Representantforslag om å gjere det enklare for unge å komme i jobb	Nei
2025–2026	517	Utvida ekspertgruppe som skal gjennomgå Nav	Ja
2025–2026	540	Tiltak som sørger for at flyktningar blir buande lenger i busettingskommunen	Nei
2025–2026	645	Motsegn mot sjukemeldingar	Nei
2025–2026	647	Vidare drift av klagenemnda for trygdeskandalen	Ja
2025–2026	648	Legge fram for Stortinget den interdepartementale utgreiinga «Eksport av velferdsytelser» frå 2014 usladda og med vedlegg	Ja

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering avslutta (Ja/Nei)
2025–2026	649	Legge fram for klagenemnda for EØS-saker den interdepartementale utgreiinga «Eksport av velferdsytelser» frå 2014 usladda og med vedlegg	Ja
2025–2026	655	Pilotprosjekt i utvalde sektorar for å redusere sjukefråvær knytt til overgangsalder	Nei
2025–2026	774	Kunnskap om følgene av endringane i regelverket for arbeidstid frå 2015	Nei
2025–2026	814	Alderstilpassa hjelp til barn i fare for negativ sosial kontroll eller æresmotivert vald	Ja
2025–2026	815	Styrke kompetanse i tenesteapparatet om negativ sosial kontroll og æresmotivert vald	Ja
2025–2026	816	Vurdering av breiare målgruppe for integreringserklæringa	Nei
2025–2026	817	Vurdering av sanksjonar ved brot på integreringserklæringa	Nei
2025–2026	818	Vurdering av konsekvensar ved manglande oppfylling av integreringsforplikting	Nei
2025–2026	1018	Etablering av hurtigspor for godkjenning av yrkessjukdom	Nei
2025–2026	1019	Evaluering av endringane i folketrygdloven om nytt arbeidsulykkesomgrep og tydeleggjering av bevisbyrda	Nei
2024–2025	220	Særskild kompensasjonsordning for oljepionerane	Ja
2024–2025	539	Initiativ til fleire bilaterale samarbeidsavtalar mot arbeidslivskriminalitet med aktuelle tredjeland	Ja
2024–2025	611	Fremme forslag om å heve fribeløpet for uføre	Ja
2024–2025	614	Legge til rette for ein saumlaus overgang frå vidaregåande skole til varig tilrettelagt arbeid (VTA)	Ja
2024–2025	617	Trappe opp VTA med 1 000 plassar i året	Ja
2024–2025	619	Komme med forslag som styrker opptrappingsplanen for VTA ytterlegare, med mål om 1000 nye plassar i året	Ja
2024–2025	621	Prioritere ideelle og offentlege aktørar i arbeidsmarknadstiltak for å sikre best mogleg kvalitet i tiltaka for brukarane	Nei
2024–2025	791	Greie ut eit prikksystem hos Arbeidstilsynet, der sanksjonane blir hardare etter gjentatte brot	Ja
2024–2025	795	Greie ut krav om skriftleg arbeidskontrakt frå første arbeidsdag	Nei
2024–2025	796	Greie ut ei digital løysing for arbeidskontraktar for å sikre enklare kontroll av rettane til arbeidstakarane og at lønnskrav blir ivaretatte	Ja

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering avslutta (Ja/Nei)
2024–2025	798	Greie ut eit prikksystem hos Arbeidstilsynet, der sanksjonane blir hardare etter gjentatte brot, slik at gjengangarane blir sanksjonerte strengare	Ja
2024–2025	802	Innføre eit prikksystem, eit rullebladregister eller ei tilsvarande ordning for juridiske og fysiske personar som er dømde for arbeidslivskriminalitet	Ja
2024–2025	804	Utvide ordninga med HMS-kort til fleire utsette bransjar og forsterke korta	Ja
2024–2025	805	Inkludere fleire sanntidsopplysningar i HMS-kortet og sørge for at sannsynlege brot på reglane automatisk blir rapporterte til den aktuelle tilsynsmyndigheita	Nei
2024–2025	806	Krav om fysisk ID-sjekk eller bruk av BankID ved utferding av HMS-kort	Nei
2024–2025	807	Heimel for Arbeidstilsynet til å handheve lønnstjuveri	Ja
2024–2025	811	Fjerne unntaket for psykiske og fysiske belastningslidingar i folketrygdlova § 13-3 tredje leddet	Nei
2024–2025	812	Endre det avdempa ulykkesomgrepet i folketrygdlova § 13-3 andre leddet	Ja
2024–2025	813	Oppdatere yrkessjukdomslista, slik at kreftformene som rammar kvinnelege brannkonstablar (brystkreft, livmorhalskreft, kreft i eggstokkane), blir godkjende som yrkessjukdom	Nei
2024–2025	814	Oppdatere yrkessjukdomslista, slik at brystkreft som rammar arbeidstakarar i turnus/nattarbeid, blir godkjende som yrkessjukdom	Nei
2024–2025	815	Tydeleggjere presumsjonsregelen, slik at bevisbyrda blir snudd i favør av den sjuke	Ja
2024–2025	816	Endre arbeidsulykkeomgrepet for å forhindre at tilsette i risikofylte yrke har dårlegare yrkesskadedekning	Ja
2024–2025	817	Endre yrkesskaderegelverket slik at yrkesskadedekning skal gjelde under øvingar og trening pålagt av arbeidsgivaren har pålagt	Ja
2024–2025	818	Endre arbeidsulykkeomgrepet slik at tilsette i risikable yrke ikkje står utan dekning under øving	Ja
2024–2025	819	Oppdatere yrkessjukdomslista slik at krefttypane der IARC har funne ein samanheng mellom brannyrket og kreft (sju diagnosar) blir godkjende for brannfolk og feiarar	Nei
2024–2025	820	Etablere eit hurtigspor for å sikre at dei sju kreftformene der IARC har funne ein samanheng med brann- og feiaryrket, blir godkjende som yrkessjukdom i tråd med klassifiseringa til IARC	Nei

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering avslutta (Ja/Nei)
2024–2025	923	Vurdere behovet for å gjere endringar i arbeidsmiljølova for å sikre at styrkeforholdet og interessene til arbeidstakarane i forbindelse med avtale om gjennomsnittsberekning av arbeidstid blir ivaretatte på ein god måte	Nei
2024–2025	951	Tiltak for å motverke at busette flyktningar flyttar frå busettingskommunen etter avslutta introduksjonsprogram	Nei
2023–2024	16	Greie ut medlemskap i pensjonsordning for sjukepleiarar for offentleg godkjende sjukepleiarar tilsette i bemanningsføretak	Nei
2023–2024	52	Strategi for å styrke rolla og tilbodet til ideell sektor på arbeids- og velferdsfeltet	Nei
2023–2024	147	Regelverket for pårørande sine permisjonsmoglegheiter i arbeidslivet	Nei
2023–2024	801	Greie ut forenklingar i regelverket for norske bedrifter som vil rekruttere høgkvalifiserte arbeidstakarar frå tredjeland	Ja
2023–2024	842	Vurdering av eit avgrensa unntak frå arbeidsmiljølova for sjølvstendige konsulentar med spesialkompetanse	Nei
2022–2023	37	Endringar i folketrygdlova m.m. (synleggjering av folkerettslege forpliktingar til trygdekoordinering)	Nei
2022–2023	491	Utviklingstrekk og tiltak for heimekontor og staduavhengige arbeidsplassar	Nei
2022–2023	604	Menneskerettar for personar med utviklingshemming – regelendringar for å gi personar med utviklingshemming i VTA-O varig oppfølging	Ja
2021–2022	813	Berekning av uføretrygd når inntektsevna tidlegare har vore nedsett pga. delvis uførleik utan at inngangsvilkåret for uføreytingar i folketrygda har vore oppfylt	Nei
2020–2021	1200	Avkorting i uføretrygd for fosterforeldre	Ja
2019–2020	627	Rettshevdinga til å stanse køyretøy	Nei
2017–2018	42	Særaldergrenser for tilsette i staten	Nei

4.1 Stortingssesjon 2025–2026

Endringar i lov om pensjonstrygd for fiskarar

Vedtak 42, 2. desember, 2025

> *«Stortinget ber regjeringen sette ned et bredt partssammensatt utvalg, for å vurdere om fiskerpensjonen bør moderniseres i retning av Pensjonsordningen for arbeidstakere til sjøs, til en innskuddsbasert ordning, løpende finansiert av fiskerne og næringen, med en videreført statsgaranti. Ordningen må kunne ivareta både ansatte og selvstendige medlemmer og tilpasses vedtatt pensjonsreform. Ved utformingen av ordningen kan utvalget komme med forslag som hensyntar fiskeres status som selvstendig næringsdrivende og fiskeryrkets særegenheter, og andre hensyn som utvalget mener bør tas i utformingen av en innskuddspensjon for fiskere. Utvalget må ha god fremdrift i arbeidet slik at et omforent forslag til modernisering av pensjonstrygden for fiskere legges frem for Stortinget våren 2027».*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 133 L (2024–2025), Innst. 37 L (2025–2026).

Regjeringa sette i juli 2026 ned eit breitt partssamansett utval for å vurdere ei modernisering av fiskarpensjonen. Utvalet skal levere rapporten sin til Arbeids- og inkluderingsdepartementet innan 22. desember 2026.

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Auka fribeløp for uføre

Vedtak 70, 5. desember 2025

> *«Stortinget ber regjeringen øke fribeløpet i uføretrygden til 1 G med iverksettelse 1. oktober 2026. De to første årene etter at man har fått innvilget uføretrygd, skal den uføretrygdede kunne tjene inntil 0,4 G uten avkorting av trygd. De påfølgende årene skal fribeløpet økes til 1 G. Dette gjelder for løpende og nye saker. Forholdet til tjenestepensjonsordningene skal vurderes.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Meld. St. 1 (2025–2026), Prop. 1 S (2025–2026), Innst. 2 S (2025–2026).

Departementet la fram forslag til lovendringar om auka fribeløp for uføre i Prop. 62 L (2025–2026) for å følge opp stortingsvedtaket. Dette omfatta uførepensjon frå tenestepensjonsordningar. Endringane blei vedtatte av Stortinget i lovvedtak 45 (2025–2026). For nærmare omtale, sjå programkategori 29.50, kapittelomtalen under kap. 2655 Uførleik.

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Ikkje foreslå endringar i sosialtenestelova som opnar for at barnetrygd kan reknast som inntekt ved utmåling av sosialhjelp

Vedtak 73, 5. desember 2025

> *«Stortinget ber regjeringen om å ikke foreslå endringer i sosialtjenesteloven som åpner for at barnetrygd kan regnes som inntekt, ved utmåling av sosialhjelp i hele stortingsperioden.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Meld. St. 1 (2025–2026), Prop. 1 S (2025–2026), Innst. 2 S (2025–2026).

Regjeringa vil, som det går fram av vedtaket, ikkje foreslå endringar i sosialtenestelova som opnar for at barnetrygd kan reknast som inntekt ved utmåling av sosialhjelp i denne stortingsperioden.

Med det ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Legge til rette for auka bruk av gradering i uføretrygd og andre helserelaterte ytingar

Vedtak 82, 5. desember 2025

> *«Stortinget ber regjeringen legge til rette for økt bruk av gradering i uføretrygd og andre helserelaterte ytelser som sykelønn og arbeidsavklaringspenger og sikre at graderte og ugraderte ytelser står i forhold til hverandre.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Meld. St. 1 (2025–2026), Prop. 1 S (2025–2026), Innst. 2 S (2025–2026).

I Prop. 62 L (2025–2026) peikte departementet på at det auka fribeløpet for uføre, sjå omtalen av vedtak 70, trekker i motsett retning av ønsket om auka bruk av gradering i uføretrygda. Den vedtatte ventetida bidrar likevel til å dempe risikoen for dette noko. Departementet varsla at ein vil vurdere andre moglege tiltak for å dempe risikoen for at auka fribeløp fører til auka uføregrader og mindre bruk av gradering. Departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Departementet peikte bl.a. på at auka fribeløp inneber at fleire uføre vil kunne få rett til sjukepengar frå folketrygda samtidig som dei mottar

uavkorta uføretrygd for det same inntektstapet, og at dette er urimeleg. Som varsla har departementet greidd ut saka nærmare og foreslår i statsbudsjettet for 2027 at retten til sjukepengar blir avgrensa til nivået på inntekt etter uførleik. Forslag til tilhøyrande lovendringar vil bli lagt fram i løpet av hausten. Sjå nærmare omtale under programkategori 29.50, kapittelomtalen under kap. 2650 Sjukepengar.

Utgreie behovet for og konsekvensen av å la tilsette med VTA-plass jobbe ut over pensjonsalder

Vedtak 85, 9. desember 2025

> *«Stortinget ber regjeringen utrede behovet for og konsekvensen av å la deltakere på varig tilrettelagt arbeid (VTA) jobbe ut over 67 år og komme tilbake på egnet måte.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:17 S (2025–2026), Innst. 48 S (2025–2026).

Ei utgreiing av behovet for og konsekvensane av å la deltakarar på varig tilrettelagt arbeid jobbe ut over 67 år blei send på høyring 22. juni. Høyringsfristen er 30. oktober 2026.

Forbetra kompensasjonsnivå for kjemikalieskadde oljepionerar

Vedtak 163, 16. desember 2025

> *«Stortinget ber regjeringa komme tilbake med forslag om forbetra kompensasjonsnivå for kjemikalieskadde oljepionerar med budsjettverknad frå 2027. Forslaget må leggjast fram for Stortinget seinast i samband med revidert nasjonalbudsjett 2026.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 7 L (2025–2026), Innst. 53 L (2025–2026), Lovvedtak 8 (2025–2026).

Saka blei behandla i budsjettforhandlingane i samanheng med revidert nasjonalbudsjett, sjå Prop. 96 S (2025–2026).

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Utgreiing av tiltak mot samordningsfella

Vedtak 164, 16. desember 2025

> *«Stortinget ber regjeringen utrede tiltak for at ingen offentlig ansatte taper offentlig tjenestepensjon ved å stå, eller ha stått, lengre i jobb enn 67 års alder (etter oppnådd alder hvor levealdersjustering er fullt ut kompensert for), at dette skal gjelde fra kullene født fra og med 1944, samt hva budsjettkonsekvenser og samfunnsøkonomiske effekter vil være om dette innføres fra 1.1.2027.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:19 L (2025–2026), Innst. 54 L (2025–2026).

Departementet har greidd ut konsekvensane av å sette ei nedre grense for kva forholdstal som blir lagt til grunn i berekninga av samordningsfrådraget som er lik den nedre grensa for kva forholdstal som blir lagt til grunn i berekninga av brutto tenestepensjon, slik at bruken av forholdstala i samband med levealdersjustering og samordning av brutto tenestepensjon med alderspensjon frå folketrygda blir «symmetrisk». Departementet oppfattar at ei slik løysing svarar på det representantforslaget om å avvikle samordningsfella ønsker å oppnå. Departementet peiker likevel på at eit slikt tiltak først og fremst vil auke pensjonen til personar fødde i årskulla 1943–1953, som allereie i all hovudsak ikkje lenger er i arbeid, og ha svært liten effekt på arbeidstilbodet. Om tiltaket skulle innførast frå 1. januar 2027, ville den budsjettmessige konsekvensen i 2027 beløpe seg til om lag 550 mill. kroner.

I statleg sektor blir utbetalingane finansierte løpande, slik at dei auka utbetalingane kvart år ville påverke budsjettet same år. I kommunal sektor vil tiltaket utløyse behov for auka forsikringsmessige avsetningar (premiereserve) på i storleiksorden 3,9 mrd. kroner som umiddelbart må betalast inn, men vil ikkje ha konsekvensar for dei rekneskapsmessige kostnadane i 2027. Endringa vil derfor ikkje få budsjetteffekt i 2027, men vil bli fordelt over dei sju påfølgande åra. På kort sikt vil tiltaket først og fremst påverke likviditeten til kommunane. Dei totale budsjettmessige konsekvensane av tiltaket fram mot 2050 – statleg og kommunal sektor sett under eitt – ville utgjere om lag 9,2 mrd. kroner.

Departementet foreslår ikkje ytterlegare endringar i regelverket for levealdersjustering og samordning av brutto tenestepensjon med alderspensjon frå folketrygda enn dei som allereie er gjennomførte. Sjå nærmare omtale av oppfølginga av oppmodingsvedtaket i del II Programkategori 09.50, kap. 612 Tilskot til Statens pensjonskasse.

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Representantforslag om å gjere det enklare for unge å komme i jobb

Vedtak 515, 5. mars 2026

> *«Stortinget ber regjeringen utrede handlingsrommet for å, innenfor Norges folkerettslige forpliktelser, gi noen flere unntak og følgelig la flere ungdommer under 15 år arbeide noe mer enn to timer på skoledager.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:61 S (2025–2026), Innst. 112 S (2025–2026).

Oppmodingsvedtaket er til behandling i departementet.

Utvida ekspertgruppe som skal gjennomgå Nav

Vedtak 517, 5. mars 2026

> *«Stortinget ber regjeringen utvide ekspertgruppen som skal gjennomgå Nav, slik at gruppen har representasjon fra både ansatte og brukere av Nav, innen 1. april 2026.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:64 S (2025–2026), Innst. 143 S (2025–2026).

Oppmodingsvedtaket er følgt opp, og brukarrepresentant og tilsetterepresentant deltar i ekspertgruppa.

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Tiltak som sørger for at flyktningar blir buande lenger i busettingskommunen

Vedtak 540, 12. mars 2026

> *«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med tiltak som sørger for at flyktninger blir boende lenger i bostedskommunen»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:48 S (2025–2026), Innst. 150 S (2025–2026).

Oppmodingskriteria for busetting for 2027 er justerte for å bidra til at flyktningar blir buande lenger i busettingskommunen. Det skal leggast større vekt på arbeidsmarknaden, tenestetilbodet i regionen og kommunane sin kapasitet. Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) arbeider òg med å betre treffsikker busetting og rettleiing til flyktningar og kommunar. Forslag om å regulere sekundærflytting skal etter planen sendast på høyring hausten 2026.

Motsegn mot sjukemeldingar

Vedtak 645, 23. april 2026

> *«Stortinget ber regjeringen kartlegge utviklingen i omfanget av bestridelser av sykemeldinger, og i hvilke bedrifter og bransjer bestridelser hyppigst skjer, med mål om å forhindre at bestridelse av sykemelding blir misbrukt.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:125 S (2025–2026), Innst. 212 S (2025–2026).

Oppmodingsvedtaket er til behandling i departementet. Departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vidare drift av klagenemnda for trygdeskandalen

Vedtak 647, 23. april 2026

> *«Stortinget ber regjeringen sikre videre drift av klagenemnda for trygdeskandalen etter juni 2026.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:132 S (2025–2026), Innst. 213 S (2025–2026).

Klagenemnda for EØS-saker fekk 23. april 2026 forlengd funksjonsperiode med eitt år fram til 30. juni 2027.

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Legge fram for Stortinget den interdepartementale utgreiinga «Eksport av velferdsytelser» frå 2014 usladda og med vedlegg

Vedtak 648, 23. april 2026

> *«Stortinget ber regjeringen, på egnet måte, fremlegge for Stortinget den interdepartementale utredningen «Eksport av velferdsytelser» fra 2014 usladdet og med vedlegg innen 1. mai 2026.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:132 S (2025–2026), Innst. 213 S (2025–2026).

Stortinget fekk 23. april 2026 oversendt den interdepartementale utgreiinga «Eksport av velferdsytelser» frå 2014, usladda og med vedlegg.

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Legge fram for klagenemnda for EØS-saker den interdepartementale utgreiinga «Eksport av velferdsytelser» frå 2014 usladda og med vedlegg

Vedtak 649, 23. april 2026

> *«Stortinget ber regjeringen fremlegge for klagenemnda for EØS-saker den interdepartementale utredningen «Eksport av velferdsytelser» fra 2014 usladdet og med vedlegg.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:132 S (2025–2026), Innst. 213 S (2025–2026).

Klagenemnda for EØS-saker fekk 23. april 2026 oversend den interdepartementale utgreiinga «Eksport av velferdsytelser» frå 2014, usladda og med vedlegg.

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Pilotprosjekt i utvalde sektorar for å redusere sjukefråvær knytt til overgangsalder

Vedtak 655, 23. april 2026

> *«Stortinget ber regjeringen vurdere pilotprosjekter i utvalgte sektorer for å redusere sykefravær knyttet til overgangsalder, og rapportere om resultatene til Stortinget på egnet måte.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:80 S (2025–2026), Innst. 191 S (2025–2026).

Oppmodingsvedtaket er til behandling i departementet, og departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Kunnskap om følgene av endringane i regelverket for arbeidstid frå 2015

Vedtak 774, 21. mai 2026

> *«Stortinget ber regjeringen, i samarbeid med partene i arbeidslivet, innhente kunnskap om hvordan endringene i regelverket for arbeidstid fra 2015 har påvirket arbeidstakernes arbeidstid, helse og innflytelse over egen arbeidssituasjon samt se dette i sammenheng med øvrige bestemmelser om arbeidstid i arbeidsmiljøloven, og på egnet måte komme tilbake til Stortinget med forslag til eventuelle endringer.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:157 LS (2025–2026), Innst. 247 L (2025–2026).

Oppmodingsvedtaket er til behandling i departementet, og departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte. Sjå òg omtalen av oppmodingsvedtak 923 (2024–2025).

Alderstilpassa hjelp til barn i fare for negativ sosial kontroll eller æresmotivert vald

Vedtak 814, 28. mai 2026

> *«Stortinget ber regjeringen sikre at barn og unge som står i fare for negativ sosial kontroll eller æresmotivert vold, får tidlig, trygg og alderstilpasset hjelp, og at hensynet til barnets beste tydeliggjøres i veiledning og praksis etter loven.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 69 L (2025–2026), Innst. 307 L (2025–2026), Lovvedtak 49 (2025–2026).

Kompetanse i tenesteapparatet er avgjerande for at barn som er utsette for negativ sosial kontroll og æresmotivert vald, får hjelp som er tilpassa alderen deira. Barn og unge oppheld seg store delar av kvardagen i skolen, barnehagen og SFO. Regjeringa vil bidra til at kommunar, fylkeskommunar og private eigarar av barnehagar, skolar og SFO får god tilgang til pedagogiske ressursar for å styrke kompetansen på dette feltet blant dei tilsette (tiltak 19 i handlingsplanen *Sjef i eget liv – styrket innsats mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vold (2025–2028)*). Regjeringa vil òg utarbeide kompetansehevande materiell for tilsette i helsestasjons- og skolehelsetenesta (tiltak 22) og utvikle ein rettleiar for barnevernet sitt arbeid med undersøkingar og hjelpetiltak i barnevernssaker som omfattar ulike former for vald, inkludert negativ sosial kontroll og æresmotivert vald (tiltak 15).

I supplerande tildelingsbrev nr. 2 for 2026 til Integrerings- og mangfaldsdirektoratet har regjeringa bede om at omsynet til barnets beste blir gjort tydeleg i rettleiar til lov om særskilt innsats mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vald.

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Styrke kompetanse i tenesteapparatet om negativ sosial kontroll og æresmotivert vald

Vedtak 815, 28. mai 2026

> *«Stortinget ber regjeringen sikre styrket kompetanse i tjenesteapparatet om negativ sosial kontroll og æresmotivert vold, inkludert forståelse av traumer, psykisk helse og relasjonsbrudd.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 69 L (2025–2026), Innst. 307 L (2025–2026), Lovvedtak 49 (2025–2026).

Kompetanseheving i tenesteapparatet skjer og må skje kontinuerleg. Dei særskilde tenestene som arbeider mot negativ sosial kontroll, det nasjonale kompetanseteamet, mangfaldsrådgjevarane og spesialutsendingane for integreringssaker, har i mandatet sitt å bidra til kompetanseheving i det ordinære tenesteapparatet. I tillegg finst det kompetanseretta innsats innanfor ulike sektorar. Desse er bl.a. skildra i handlingsplanen *Sjef i eget liv – styrket innsats mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vold (2025–2028)*. Planen inneheld fleire tiltak som skal styrke kompetansen om negativ sosial kontroll og æresmotivert vald, bl.a. i barnevernet, politiet og påtalemakta, helse- og omsorgstenestene, barnehagen, skolen og skolefritidsordninga (SFO).

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Vurdering av breiare målgruppe for integreringserklæringa

Vedtak 816, 28. mai 2026

> *«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en vurdering av å inkludere en bredere målgruppe enn den som er foreslått i integreringserklæringen, jf. Prop. 70 L (2025–2026), etter modell av den danske oppholds- og selvforsørgelseserklæring.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 70 L (2025–2026), Innst. 309 L (2025–2026).

Oppmodingsvedtaket er til behandling i departementet, og departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vurdering av sanksjonar ved brot på integreringserklæringa

Vedtak 817, 28. mai 2026

> *«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en vurdering av ulike sanksjoner ved brudd på integreringserklæringen, og hvordan dette eventuelt kan sees i sammenheng med rettigheter knyttet til permanent oppholdstillatelse og statsborgerskap.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 70 L (2025–2026), Innst. 309 L (2025–2026).

Oppmodingsvedtaket er til behandling i departementet, og departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vurdering av konsekvensar ved manglande oppfylling av integreringsforplikting

Vedtak 818, 28. mai 2026

> *«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en vurdering av konsekvenser ved manglende oppfyllelse av integreringsforpliktelser, inkludert økonomiske sanksjoner og betydning for oppholdstillatelse i grove tilfeller.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 70 L (2025–2026), Innst. 309 L (2025–2026).

Oppmodingsvedtaket er til behandling i departementet, og departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Etablering av hurtigspor for godkjenning av yrkessjukdom

Vedtak 1018, 12. juni 2026

> *«Stortinget ber regjeringen sikre at pågående og avgjorte saker etter 2. juni 2025 blir vurdert etter intensjonene i Vedtak nr. 820 (2024–2025) når regjeringen følger opp dette vedtaket om etablering av hurtigspor.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 93 L (2025–2026), Innst. 443 L (2025–2026), Lovvedtak 90 (2025–2026).

Oppmodingsvedtaket er til behandling i departementet, og departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Evaluering av endringane i folketrygdloven om nytt arbeidsulykkesomgrep og tydeleggjering av bevisbyrda

Vedtak 1019, 12. juni 2026

> *«Stortinget ber regjeringen evaluere endringene i folketrygdloven om nytt arbeidsulykkesbegrep og tydeliggjøring av bevisbyrden innen 3–4 år og om disse praktiseres i henhold til intensjonene, inkludert følgeforskning.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 93 L (2025–2026), Innst. 443 L (2025–2026), Lovvedtak 90 (2025–2026).

Oppmodingsvedtaket er til behandling i departementet, og departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

4.2 Stortingssesjon 2024–2025

Særskild kompensasjonsordning for oljepionerane

Vedtak 220, 17. desember 2024

> *«Stortinget ber regjeringen, i arbeidet med kompensasjon for oljepionerene, legge en særskilt kompensasjonsordning til grunn, i tråd med anbefalingene fra NOU 2022: 19 Oljepionerene – en kompensasjonsordning.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8: 16 S (2024–2025), Innst. 101 S (2024–2025).

I samanheng med behandlinga av statsbudsjettet for 2026, vedtok Stortinget den 16. desember 2025 kompensasjonsordninga for kjemikalieskadde oljepionerar slik ho blei foreslått av regjeringa, sjå Prop. 1 S (2025–2026) og Prop. 7 L (2025–2026).

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Initiativ til fleire bilaterale samarbeidsavtalar mot arbeidslivskriminalitet med aktuelle tredjeland

Vedtak 539, 1. april 2025

> *«Stortinget ber regjeringen ta initiativ til flere bilaterale samarbeidsavtaler mot arbeidslivskriminalitet med aktuelle tredjeland, for å oppnå mer strategisk og operativt samarbeid, og komme tilbake til Stortinget senest innen fremleggelsen av statsbudsjettet for 2026.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 8 LS (2024–2025), Innst. 182 S (2024–2025).

Regjeringa vidarefører Fondet for trepartssamarbeid og sosial dialog som ein del av EØS-midlane. Dette gir grunnlag for å finansiere tiltak innan tilsyn, informasjon og erfaringsdeling mellom Arbeidstilsynet og tilsynsmyndigheitene i mottakarlanda. Det er også høve til tilsvarande samarbeidstiltak med land utanfor EØS-området som grenser til mottakarland. Arbeidstilsynet vil legge vekt på tiltak innan informasjon, rettleiing og tilsyn overfor arbeidstakarar frå land utanfor EØS-området som kjem til Noreg for å arbeide.

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Fremme forslag om å heve fribeløpet for uføre

Vedtak 611, 6. mai 2025

> *«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å heve fribeløpet for uføre.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Meld. St. 33 (2023–2024), Innst. 150 S (2024–2025).

Vedtaket var under vurdering i departementet da Prop. 1 S (2025–2026) blei lagd fram, og departementet varsla at regjeringa ville komme tilbake til Stortinget på eit seinare tidspunkt. Stortinget vedtok likevel å auke fribeløpet til 1 G, sjå vedtak 70 (2025–2026). For å følge opp dette, blei forslag til lovendringar om auka fribeløp lagt fram i Prop. 62 L (2025–2026). Sjå nærmare omtale under vedtak 70 (2025–2026).

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Legge til rette for ein saumlaus overgang frå vidaregåande skole til varig tilrettelagt arbeid (VTA)

Vedtak 614, 6. mai 2025

> *«Stortinget ber regjeringen snarest mulig fremme forslag som legger til rette for en sømløs overgang fra videregående skole til varig tilrettelagt arbeid (VTA) for personer som fullfører videregående skole, og som har behov for varig tilrettelagt arbeid.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Meld. St. 33 (2023–2024), Innst. 150 S (2024–2025).

Som bidrag til å sikre ledige VTA-plassar for unge uføre som har fullført vidaregåande skole, har departementet gitt Arbeids- og velferdsdirektoratet ei føring om å prioritere unge uføretrygda ved inntak til varig tilrettelagt arbeid i førehandsgodkjente og ordinære verksemder.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet er også i dialog med Kunnskapsdepartementet om korleis det kan bli lagt til rette for å styrke samarbeidet mellom fylkeskommunane og Arbeids- og velferdsetaten om dei aktuelle gruppene.

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Trappe opp VTA med 1 000 plassar i året

Vedtak 617, 6. mai 2025

> *«Stortinget ber regjeringen trappe opp antallet nye varig tilrettelagte arbeidsplasser (VTA) med*

1 000 plasser i året, med oppstart i forslaget til statsbudsjett for 2026.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Meld. St. 33 (2023–2024), Innst. 150 S (2024–2025).

I Prop. 1 S (2023–2024) la regjeringa fram ein langsiktig plan for å styrke varig tilrettelagt arbeid (VTA) med om lag 2 000 plassar i perioden 2024–2027. Planen følger opp oppmodingsvedtak 605 frå 18. april 2023. Planen er følgt opp med løyvingar som svarer til om lag 500 nye plassar i statsbudsjetta for 2024 og 2025, om lag 700 i 2026 og forslag til løyving som svarer til om lag 300 plassar i 2027.

Det er usikkert om Arbeids- og velferdsetaten vil klare å etablere 1 000 nye plassar i året. Dette heng saman med både administrative forhold og at omfanget av opptrappinga vil vere avhengig av kommunal medfinanisering. Arbeids- og inkluderingsdepartementet si prinsipielle haldning er at løyvingane til arbeidsmarknadstiltak bør følge den årlege budsjettprosessen. Regjeringa foreslår at oppmodingsvedtaket blir oppheva.

Styrking av opptrappingsplanen for varig tilrettelagt arbeid

Vedtak 619, 6. mai 2025

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med forslag som styrker opptrappingsplanen for varig tilrettelagt arbeid (VTA) ytterligere, med mål om 1 000 nye plasser per år.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Meld. St. 33 (2023–2024), Innst. 150 S (2024–2025).

Vi viser til vedtak 617, 6. mai 2025. Regjeringa foreslår at oppmodingsvedtaket blir oppheva.

Prioritere ideelle og offentlege aktørar i arbeidsmarknadstiltak for å sikre best mogleg kvalitet i tiltaka for brukarane

Vedtak 621, 6. mai 2025

«Stortinget ber regjeringen prioritere ideelle og offentlige aktører i arbeidsmarkedstiltak for å sikre best mulig kvalitet i tiltakene for brukerne.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Meld. St. 33 (2023–2024), Innst. 150 S (2024–2025).

Departementet ser oppfølging av vedtaket i lys av korleis Avkommersialiseringsutvalget blir følgt opp. Regjeringa har vidareført innsatsområda i *Strategi for økt innovasjon og bedre tjenester* på arbeids- og velferdsfeltet frå Solberg-regjeringa. Departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Greie ut eit prikksystem hos Arbeidstilsynet, der sanksjonane blir hardare etter gjentatte brot

Vedtak 791, 27. mai 2025

«Stortinget ber regjeringen utrede et prikksystem hos Arbeidstilsynet, hvor sanksjonene blir hardere etter gjentatte brudd, slik at gjengangerne sanksjoneres strengere, og komme tilbake til Stortinget senest innen fremleggelsen av revidert nasjonalbudsjett for 2026.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 80 L (2024–2025), Innst. 334 L (2024–2025), Lovvedtak 74 (2024–2025).

Informasjon om gjentatte brot hos verksemder er tilgjengeleg for Arbeidstilsynet gjennom systemet deira. Gjentatte brot er såleis ein del av vurderinga deira vedrørande sanksjonsbruk allereie i dag. Innføring av eit prikksystem vil ikkje tilføre noko nytt, utover auka administrasjon.

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Greie ut krav om skriftleg arbeidskontrakt frå første arbeidsdag

Vedtak 795, 27. mai 2025

«Stortinget ber regjeringen utrede krav om skriftlig arbeidskontrakt fra første arbeidsdag, og som minimum innføre krav om at lønnsopplysninger og de mest sentrale arbeidsvilkårene skal være gitt skriftlig fra dag én, og komme tilbake til Stortinget i løpet av 2025.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 80 L (2024–2025), Innst. 334 L (2024–2025), Lovvedtak 74 (2024–2025).

Oppmodingsvedtaket er til behandling i departementet, og det er planlagt å sende forslag om lovendring på høyring. Departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Greie ut ei digital løysing for arbeidskontraktar for å sikre enklare kontroll av rettane til arbeidstakarane og at lønnskrav blir ivaretatte

Vedtak 796, 27. mai 2025

> *«Stortinget ber regjeringen utrede en digital løsning for arbeidskontrakter for å sikre enklere kontroll av arbeidstakernes rettigheter og at lønnskrav blir ivaretatt, og komme tilbake til Stortinget innen statsbudsjettet for 2026.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 80 L (2024–2025), Innst. 334 L (2024–2025), Lovvedtak 74 (2024–2025).

På oppdrag frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet har Arbeidstilsynet, i dialog med Skatteetaten og Arbeids- og velferdsetaten, greidd ut ulike sider ved ei eventuell innføring av digitale arbeidsavtalar. Som omtalt i handlingsplanen mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet, vil departementet på bakgrunn av utgreiinga vurdere eventuelle tiltak for å forbetre den digitale informasjonen om arbeidskontraktar og arbeidsforhold, bl.a. om dette kan sjåast i samanheng med pågåande arbeid med digitale lommebøker.

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Greie ut eit prikksystem hos Arbeidstilsynet der sanksjonane blir hardare etter gjentatte brot, slik at gjengangarane blir sanksjonerte strengare

Vedtak 798, 27. mai 2025

> *«Stortinget ber regjeringen utrede et prikksystem hos Arbeidstilsynet, hvor sanksjonene blir hardere etter gjentatte brudd, slik at gjengangerne sanksjoneres strengere, og komme tilbake til Stortinget senest innen fremleggelsen av statsbudsjettet for 2026.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 80 L (2024–2025), Innst. 334 L (2024–2025), Lovvedtak 74 (2024–2025).

Departementet viser til omtala av vedtak 791 av 27. mai 2025 og ser oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Innføre eit prikksystem, eit rullebladregister eller ei tilsvarande ordning for juridiske og fysiske personar som er dømde for arbeidslivskriminalitet

Vedtak 802, 27. mai 2025

> *«Stortinget ber regjeringen innføre et prikksystem, et rullebladregister eller en tilsvarende ordning for juridiske og fysiske personer som har blitt dømt for arbeidslivskriminalitet, der gjentatte grove brudd medfører karantene eller tap av rettighet til å eie og drive en bedrift.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 80 L (2024–2025), Innst. 334 L (2024–2025), Lovvedtak 74 (2024–2025).

Departementet viser for øvrig til omtala av vedtak 791 og 798 av 27. mai 2025 som også gjeld prikksystem. Dette vedtaket rettar seg mot juridiske og fysiske personar som er dømde for arbeidslivskriminalitet. Arbeidstilsynet har ikkje oversikt over personar dømde for arbeidslivskriminalitet, på same måte som politiet. Informasjon om gjentatte brot hos verksemder er derimot tilgjengeleg for Arbeidstilsynet gjennom deira system. Gjentatte brot er såleis ein del av Arbeidstilsynet si vurdering vedrørande sanksjonsbruk allereie i dag. Departementet kan ikkje sjå at innføring av eit prikksystem vil tilføre noko nytt, utover auka administrasjon. Regjeringa foreslår at oppmodingsvedtaket blir oppheva.

Utvide ordninga med HMS-kort til fleire utsette bransjar og forsterke korta

Vedtak 804, 27. mai 2025

> *«Stortinget ber regjeringen utvide ordningen med HMS-kort til flere utsatte bransjer og forsterke kortene med biometriske data og formelle kvalifikasjoner, og deretter utvide kortenes gyldighetstid, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 80 L (2024–2025), Innst. 334 L (2024–2025), Lovvedtak 74 (2024–2025).

Ordninga med HMS-kort blei 1. januar 2026 utvida til å omfatte varebiltransport. Regjeringa har vidare lagt til rette for ei meir effektiv ordning ved at det er innført ein heimel for å pålegge oppdragsgivarar å kontrollere at leverandørane deira oppfyller kravet til HMS-kort. Lovendringa trådde i kraft 1. juli 2026. Resten av punkta i oppmodingsvedtaket vil bli behandla i samanheng med oppføl-

ginga av oppmodingsvedtak 805 (2024–2025) og 806 (2024–2025).

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Inkludere fleire sanntidsopplysningar i HMS-kortet og sørge for at sannsynlege brot på reglane automatisk blir rapporterte til den aktuelle tilsynsmyndigheita

Vedtak 805, 27. mai 2025

> *«Stortinget ber regjeringen inkludere flere sanntidsopplysninger i HMS-kortet, herunder lage en kobling til a-ordningen (lønn og skattetrekk), OTP-innbetalinger og ytelsesutbetalinger fra Nav, samt sørge for at sannsynlige brudd på reglene automatisk rapporteres til den aktuelle tilsynsmyndigheten, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 80 L (2024–2025), Innst. 334 L (2024–2025), Lovvedtak 74 (2024–2025).

Oppmodingsvedtaket er til behandling i departementet. Departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Krav om fysisk ID-sjekk eller bruk av BankID ved utferding av HMS-kort

Vedtak 806, 27. mai 2025

> *«Stortinget ber regjeringen utrede krav om fysisk ID-sjekk eller bruk av BankID ved utstedelse av HMS-kort og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 80 L (2024–2025), Innst. 334 L (2024–2025), Lovvedtak 74 (2024–2025).

Oppmodingsvedtaket er til behandling i departementet. Departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Heimel for Arbeidstilsynet til å handheve lønnstjuveri

Vedtak 807, 27. mai 2025

> *«Stortinget ber regjeringen utrede å gi Arbeidstilsynet hjemmel til å håndheve lønnstyveri.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 80 L (2024–2025), Innst. 334 L (2024–2025), Lovvedtak 74 (2024–2025).

Reguleringa av lønnstjuveri finst i straffelova. I Noreg er det politi, påtalemyndigheit og domstolane som er gitt myndigheit til å handheve strafferettslege føresegner. Departementet legg til grunn at det på prinsipielt grunnlag ikkje er aktuelt å gi Arbeidstilsynet myndigheit til å handheve strafferettslege føresegner. Når det gjeld Arbeidstilsynet si rolle i handheving av føresegna om lønnstjuveri, viser departementet også til handlingsplanen mot arbeidslivskriminalitet og sosial dumping. Der går det fram at regjeringa vil evaluere føresegna om lønnstjuveri i straffelova for å undersøke om ho verkar etter si hensikt. I 2026 blir det gjennomført ei omfangsundersøking med fokus på arbeidslivskriminalitet og lønnstjuveri. Regjeringa vil, med bakgrunn i bl.a. informasjon frå denne undersøkinga, evaluere føresegna om lønnstjuveri og vurdere om det er behov for å gjere endringar i regelverket og/eller andre tiltak hos politi, påtalemyndigheit og andre etatar som er involverte. Arbeidstilsynet si rolle når det gjeld handheving av lønnstjuveri bør sjåast i samanheng med denne evalueringa.

Departementet ser med det oppmodningsvedtaket som følgt opp.

Fjerne unntaket for psykiske og fysiske belastningslidingar i folketrygdlova § 13-3 tredje leddet

Vedtak 811, 2. juni 2025

> *«Stortinget ber regjeringen foreslå å endre folketrygdloven § 13-3 tredje ledd, slik at unntaket for psykiske og fysiske belastningslidelser fjernes.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:134 S (2024–2025), Innst. 361 S (2024–2025).

Oppmodingsvedtaket er til behandling i departementet. Departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Endre det avdempa ulykkesomgrepet i folketrygdlova § 13-3 andre leddet

Vedtak 812, 2. juni 2025

> *«Stortinget ber regjeringen legge frem et forslag til endring av det avdempede ulykkesbegrepet i folketrygdloven § 13-3 annet ledd, slik at sammenligningen med hva som er normalt i arbeidet, strykes, for å sikre at skader som skyldes*

egenskaper ved arbeidet eller arbeidsstedet, også fanges opp.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:134 S (2024–2025), Innst. 361 S (2024–2025). Dette oppmodingsvedtaket og oppmodingsvedtaka 816, 817 og 818, gjeld alle ulykkesomgrepet. Regjeringa viste i Prop. 134 L (2024–2025) *Endringer i folketrygdloven (yrkessykdommer og elektronisk melding av yrkesskade)* til at arbeidsulykkeomgrepet inneber at enkelte kan oppleve at dei ikkje får skaden godkjend som yrkesskade fordi dei har eit risikofylt arbeid. Ei endring av omgrepet kan vere viktig for denne gruppa. Regjeringa varsla derfor i proposisjonen at departementet tok sikte på å sende på høyring eit forslag om endringar i arbeidsulykkeomgrepet våren 2025. I Prop. 93 L (2025–2026) *Endringer i folketrygdloven (utvidet arbeidsulykkesbegrep og tydeliggjøring av bevisbyrden)*, blei det lagt fram forslag om endringar i omgrepet som gjer det enklare å få ein skade godkjent som yrkesskade. Forslaget blei einstemmig vedtatt. Sjå òg vedtak 816, 817 og 818.

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Oppdatere yrkessjukdomslista, slik at kreftformene som rammar kvinnelege brannkonstablar (brystkreft, livmorhalskreft, kreft i eggstokkane), blir godkjende som yrkessjukdom

Vedtak 813, 2. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen oppdatere yrkessykdomslisten, slik at kreftformene som rammer kvinnelige brannkonstabler (brystkreft, livmorhalskreft, kreft i eggstokkene), godkjennes som yrkessykdom.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:134 S (2024–2025), Innst. 361 S (2024–2025).

Oppmodingsvedtaket er til behandling i departementet. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Oppdatere yrkessjukdomslista, slik at brystkreft som rammar arbeidstakarar i turnus/nattarbeid, blir godkjende som yrkessjukdom

Vedtak 814, 2. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen oppdatere yrkessykdomslisten, slik at brystkreft som rammer arbeidstakere i turnus/nattarbeid, godkjennes som yrkessykdom.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:134 S (2024–2025), Innst. 361 S (2024–2025).

Oppmodingsvedtaket er til behandling i departementet. Departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Tydeleggjere presumsjonsregelen, slik at bevisbyrda blir snudd i favør av den sjuke

Vedtak 815, 2. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen foreslå å tydeliggjøre presumsjonsregelen, slik at bevisbyrden snus i favør av den syke. Dersom andre forklaringer er mer sannsynlige enn eksponering i yrket, er det Nav eller forsikringsselskapet som får bevisbyrden.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:134 S (2024–2025), Innst. 361 S (2024–2025).

I Prop. 93 L (2025–2026) *Endringer i folketrygdloven (utvidet arbeidsulykkesbegrep og tydeliggjøring av bevisbyrden)*, blei det lagt fram forslag om endringar i reglane i folketrygdlova om yrkessjukdom, for å gjere bevisbyrda tydeleg i favør av skadelidde. Forslaget blei einstemmig vedteke.

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Endre arbeidsulykkeomgrepet for å forhindre at tilsette i risikofylte yrke har dårlegare yrkesskadedekning

Vedtak 816, 2. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om endringer i arbeidsulykkebegrepet for å forhindre at ansatte i risikofylte yrker i realiteten har dårligere yrkesskadedekning enn ansatte i lite risikofylte yrker.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:134 S (2024–2025), Innst. 361 S (2024–2025).

Oppmodingsvedtak 812, 816, 817 og 818 gjeld alle ulykkesomgrepet. Departementet viser til omtale under vedtak 812.

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Endre yrkesskaderegelverket slik at yrkesskadedekning skal gjelde under øvingar og trening arbeidsgivaren har pålagt

Vedtak 817, 2. juni 2025

> *«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å endre yrkesskaderegelverket slik at yrkesskadedekning skal gjelde under øvelser og trening pålagt av arbeidsgiver.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:134 S (2024–2025), Innst. 361 S (2024–2025). Oppmodingsvedtak 812, 816, 817 og 818 gjeld alle ulykkesomgrepet. Departementet viser til omtale under vedtak 812.

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Endre arbeidsulykkeomgrepet slik at tilsette i risikable yrke ikkje står utan dekning under øving

Vedtak 818, 2. juni 2025

> *«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å endre arbeidsulykkebegrepet slik at ansatte i risikable yrker ikke står uten dekning under øvelse som følge av krav om at selve hendelsen som forårsaker ulykken, er uventet, eller at hendelsen ikke kan ansees som usedvanlig for yrket. Forslaget bør ikke begrense seg til enkelte yrkesgrupper, men gjelde generelt for alle.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:134 S (2024–2025), Innst. 361 S (2024–2025).

Oppmodingsvedtak 812, 816, 817 og 818 gjeld alle ulykkesomgrepet. Departementet viser til omtale under vedtak 812.

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Oppdatere yrkessjukdomslista slik at krefttypane der IARC har funne ein samanheng mellom brannyrket og kreft (sju diagnosar) blir godkjende for brannfolk og feiarar

Vedtak 819, 2. juni 2025

> *«Stortinget ber regjeringen oppdatere yrkessykdomslisten, slik at krefttypene der IARC har funnet en sammenheng mellom brannyrket og kreft (7 diagnoser), godkjennes som yrkessykdom for brannfolk og feiere.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:134 S (2024–2025), Innst. 361 S (2024–2025).

Oppmodingsvedtaket er til behandling i departementet. Departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte

Etablere eit hurtigspor for å sikre at dei sju kreftformene der IARC har funne ein samanheng med brann- og feiaryrket, blir godkjende som yrkessjukdom i tråd med klassifiseringa til IARC

Vedtak 820, 2. juni 2025

> *«Stortinget ber regjeringen etablere et hurtigspor for å sikre at de syv kreftformene der IARC har funnet en sammenheng med brann- og feieryrket, godkjennes som yrkessykdom i tråd med IARCs klassifisering.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:134 S (2024–2025), Innst. 361 S (2024–2025).

Oppmodingsvedtaket er til behandling i departementet. Departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vurdere behovet for å gjere endringar i arbeidsmiljølova for å sikre at styrkeforholdet og interessene til arbeidstakarane i forbindelse med avtale om gjennomsnittsberekning av arbeidstid, blir ivaretatte på ein god måte

Vedtak 923, 2. juni 2025

> *«Stortinget ber regjeringen, i tett dialog med partene i arbeidslivet, vurdere om det er behov for å gjøre endringer i arbeidsmiljøloven § 10-5 første og andre ledd for å sikre at arbeidstakeres styrkeforhold og interesser i forbindelse med avtale om gjennomsnittsberegning av arbeidstid ivaretas på en god måte. Dette må vurderes opp mot øvrige bestemmelser i arbeidsmiljøloven § 10-5 samt § 10-12 fjerde ledd.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:210 LS (2024–2025), Innst. 466 L (2024–2025).

Oppfølginga av vedtaket blir sett i samanheng med Stortingets behandling av Dokument 8: 157 LS (2025–2026) *Representantforslag* om å reversere tidlegare svekkingar i arbeidsmiljøloven og styrke tillitsvalde si myndigheit (sjå oppmodingsvedtak 774 (2025–2026)). Departementet vil sette i gang eit FoU-prosjekt for å få betre forståing av kva effektar lovendringane i 2015 hadde og korleis gjennomsnittsberekninga blir praktisert i dag.

Departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Tiltak for å motverke at busette flyktningar flyttar frå busettingskommunen etter avslutta introduksjonsprogram

Vedtak 951, 2. juni 2025

> *«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag om å innføre tiltak for å motvirke at bosatte flyktninger flytter fra bostedskommunen ved endt introduksjonsprogram.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:181 S (2024–2025), Innst. 330 S (2024–2025).

Oppmodingskriteria for busetting for 2027 er justerte for å bidra til meir treffsikker busetting for å motverke at flyktningar flyttar frå busettingskommunen. Det skal leggast større vekt på arbeidsmarknaden og tenestetilbodet i regionen og kommunane sin kapasitet. Forslag om å regulere sekundærflytting skal etter planen sendast på høyring hausten 2026. Departementet arbeider òg med å vurdere ytterlegare tiltak for å motverke at flyktningar flyttar frå busettingskommunen. Departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

4.3 Stortingssesjon 2023–2024

Greie ut medlemskap i pensjonsordning for sjukepleiarar for offentleg godkjende sjukepleiarar tilsette i bemanningsføretak

Vedtak 16, 7. november 2023

> *«Stortinget ber regjeringen utrede om offentlig godkjente sykepleiere ansatt i bemanningsforetak og som leies ut til institusjoner under sykepleierpensjonsloven, også bør være medlemmer i pensjonsordningen for sykepleiere.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 120 L (2022–2023), Innst. 37 L (2023–2024), Lovvedtak 1 (2023–2024).

Regjeringa har prioritert å få på plass nye pensjonsreglar for yrkesgrupper som har særaldersgrenser, inkludert sjukepleiarar. Etter forslag frå regjeringa har Stortinget vedtatt nye pensjonsreglar. Dei nye pensjonsreglane likebehandlar inntekt frå bemanningsføretak og andre arbeidsgivarar for pensjonerte sjukepleiarar. Departementet arbeider framleis med å følge opp vedtak nr. 16, 7. november 2023, bl.a. i lys av dei nye pensjonsreglane, og vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Strategi for å styrke rolla og tilbodet til ideell sektor på arbeids- og velferdsfeltet

Vedtak 52, 28. november 2023

> *«Stortinget ber regjeringen fremme en strategi for å styrke ideell sektors rolle og tilbud på arbeids- og velferdsfeltet.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:261 S (2022–2023), Innst. 61 S (2023–2024).

Departementet ser oppfølginga av vedtaket i lys av korleis Avkommersialiseringsutvalget blir følgt opp. Regjeringa har vidareført innsatsområda i *Strategi for økt innovasjon og bedre tjenester på arbeids- og velferdsfeltet* frå Solberg-regjeringa. Departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Regelverket for pårørande sine permisjonsmoglegheiter i arbeidslivet

Vedtak 147, 12. desember 2023

> *«Stortinget ber regjeringa gjennomgå og forbedre regelverket for pårørendes permisjonsmuligheter i arbeidslivet for å sikre likestilling og bedre mulighetene til å kombinere arbeid og omsorg uten å pådra seg økonomiske problemer eller falle ut av arbeidslivet.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Meld. St. 24 (2022–2023), Innst. 112 S (2023–2024).

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslo å utkvittere vedtaket i Prop. 1 S (2025–2026), men dette blei ikkje vedtatt, jf. Innst. 15 S (2025–2026). Arbeids- og inkluderingsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet arbeider vidare med oppfølging av vedtaket og kjem tilbake til Stortinget på eigna tidspunkt.

Greie ut forenklingar i regelverket for norske bedrifter som vil rekruttere høgkvalifiserte arbeidstakarar frå tredjeland

Vedtak 801, 17. juni 2024

> *«Stortinget ber regjeringen utrede forenklinger i regelverket for norske bedrifter som vil rekruttere høykvalifiserte arbeidstakere fra tredjeland, utrede om regelverket for selvstendig næringsdri-*

vende bør justeres, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Meld. St. 23 (2023–2024), Innst. 360 S (2023–2024).

Regjeringa oppnemnde 5. juni 2026 medlemmene til arbeidsinnvandringsutvalet som skal gjennomgå arbeidsinnvandringspolitikken og vurdere behov for endringar, bl.a. om vi klarer å rekruttere den utanlandske arbeidskrafta vi har behov for. Rapporten frå utvalet blir lagd fram ved årsskiftet 2027/2028, og regjeringa vil deretter vurdere korleis tilrådingane skal følgast opp. Departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte når dette er vurdert. Departementet ser oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Vurdering av eit avgrensa unntak frå arbeidsmiljølova for sjølvstendige konsulentar med spesialkompetanse

Vedtak 842, 20. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen vurdere et avgrenset unntak fra arbeidsmiljøloven slik at selvstendige IT-rådgivere og konsulenter med spesialkompetanse fortsatt skal kunne levere arbeid og oppdrag.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:154 S (2023–2024), Innst. 449 S (2023–2024).

Ei partssamansett arbeidsgruppe har sett på midlertidig unntak frå godkjenningsordninga for bemanningsføretak som driv utleige av rådgivings- og konsulenttenester innanfor IKT. Arbeidsgruppa har kartlagt korleis konsulent- og rådgivingsverksemd blir organisert, identifisert behova til oppdragsgivarar og oppdragstakarar, og belyst eventuelle utfordringar. Arbeidsgruppa la fram vurderingane sine i ein rapport til Arbeids- og inkluderingsdepartementet 27. mars 2026. Rapporten har vore på høyring. Innspela frå høyringa og den vidare prosessen er no til vurdering i departementet. Departementet vil komme tilbake til Stortinget på eit seinare tidspunkt.

4.4 Stortingssesjon 2022–2023

Endringar i folketrygdlova m.m. (synleggjering av folkerettslege forpliktingar til trygdekoordinering)

Vedtak 37, 26. oktober 2022

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en avklaring av forholdet mellom folketrygdlovens bestemmelser og EØS-retten.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 71 L (2021–2022), Innst. 33 L (2022–2023), Lovvedtak 2.

Oppmodingsvedtaket er til behandling i departementet. Departementet vil komme tilbake til Stortinget på eit seinare tidspunkt.

Utviklingstrekk og tiltak for heimekontor og stadsuavhengige arbeidsplassar

Vedtak 491, 21. februar 2023

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget, på et egnet tidspunkt, med en oppsummering av kunnskapsinnhentingen og om utviklingstrekk for hjemmekontor og stedsuavhengige arbeidsplasser i arbeidslivet samt en vurdering av behovet for ytterligere tiltak i lys av dette.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:34 S (2022–2023), Innst. 188 S (2022–2023).

Departementet følger opp kunnskapsbehov når det gjeld omfanget og konsekvensane av heimekontor og nye måtar å organisere arbeidet på for arbeidstakarar og verksemder, gjennom tre forskingsprosjekt finansierte av midlar frå Forskingsrådet. To av prosjekta blir gjennomførte ved Arbeidsforskningsinstituttet ved OsloMet (CROSSBOW 2021–2026, REFLEX 2023–2027) og eitt prosjekt ved Universitetet i Søraust-Noreg (REMOTE 2021–2026). Vidare gjennomførte Fafo i 2025, på oppdrag frå departementet, eit forskingsprosjekt om arbeidstakarane sin rett til å kople frå. Prosjektet kartla omfanget og konsekvensane av at arbeidstakarane har kontakt med og tilknyting til jobben utanom ordinær arbeidstid, i ulike yrke og næringar. Departementet har god dialog med partane i arbeidslivet om oppfølginga av kunnskapsbehova. Departementet avventar resultata frå forskingsprosjekta (det siste varer til desember 2027) før eventuelle nye tiltak blir vurderte. Departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna vis.

Menneskerettar for personar med utviklingshemming – regelendringar for å gi personar med utviklingshemming i VTA-O varig oppfølging

Vedtak 604, 18. april 2023

> *«Stortinget ber regjeringen sørge for nødvendige regelendringer for å gi personer med utviklingshemming i VTA-O varig oppfølging, uavhengig av hvilket fylke man bor i, og med et omfang tilsvarende det som praktiseres i HELT MED. Oppfølgingen må kunne gis også av andre enn Nav, eksempelvis HELT MED eller vekst- og attføringsbedriftene, gjerne ved at dagens tilskudd erstattes med varig oppfølging av både arbeidstaker og arbeidsgiver. Regjeringen bes komme tilbake med sin oppfølging i forbindelse med statsbudsjettet for 2024.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Meld. St. 8 (2022–2023), Innst. 246 S (2022–2023).

Nye reglar i forskrift om arbeidsmarknadstiltak tredde i kraft 1. september 2026. Dei nye reglane i forskrifta legg til rette for varig oppfølging av deltakarane i varig tilrettelagt arbeid i ordinære verksemder. Arbeids- og velferdsetaten vil kunne drive oppfølging med eigne tilsette eller kjøpe oppfølginga som ei teneste frå førehandsgodkjende verksemder som oppfyller krava i tiltaksforskrifta § 14-5. Som regel vil dette vere aksjeselskap med kommunal eller fylkeskommunal aksjemajoritet, men forskrifta opnar òg for ideelle organisasjonar som har som hovudverksemd å drive sosiale aktivitetar for vanskelegstilte personar.

Departementet ser oppmodningsvedtaket som følgt opp.

4.5 Stortingssesjon 2021–2022

Berekning av uføretrygd når inntektsevna tidlegare har vore nedsett pga. delvis uførleik utan at inngangsvilkåret for uføreytingar i folketrygda har vore oppfylt

Vedtak 813, 16. juni 2022

> *«Stortinget ber regjeringen foreta en gjennomgang av problemstillingen om at arbeidsfolk som blir syke, men som ønsker å fortsette i inntektsbringende arbeid utover 50 pst., får lavere uføretrygd dersom de på et seinere tidspunkt må søke uføretrygd fordi arbeidskapasiteten blir ytterligere redusert, og komme tilbake på egnet måte til Stortinget.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:189 S (2021–2022), Innst. 424 S (2021–2022).

Denne saka inneber avvegingar mellom sentrale omsyn som regelverket for uførepensjon frå tenestepensjon og uføretrygd frå folketrygda skal ivareta. Oppmodingsvedtaket er derfor framleis til vurdering i departementet, og departemenet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

4.6 Stortingssesjon 2020–2021

Avkorting i uføretrygd for fosterforeldre

Vedtak 1200, 10. juni 2021

> *«Stortinget ber regjeringen snarest fremme forslag om at uføre fosterforeldre ikke får avkortning i sin uføretrygd som følge av fosterhjemsoppdraget.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 133 L (2020–2021), Innst. 625 L (2020–2021), Lovvedtak 173-174 (2020–2021).

Departementet viser til at ein som hovudregel vil komme betre økonomisk ut ved å ta på seg (eller halde fram med) fosterheimsoppdrag enn ved å berre motta uføretrygd. Dette gjeld i større grad enn før etter at fribeløpet i 2026 auka frå 0,4 G til 1 G. Dei som mottar KS' rettleiande sats på 1 G for arbeidsgodtgjering (grunnstøtte) beheld denne uavkorta, så framt dei har mottatt uføretrygd i minst to år. Grunnstøtte frå fosterheimsoppdrag gir opptening til alderspensjon i folketrygda. Uføre fosterforeldre får i tillegg utgiftsdekning, barnetrygd, og dei kan ha rett til behovsprøvd barnetillegg. Oppmodingsvedtaket frå Stortinget inneber ein overkompensasjon for uføre som er fosterforeldre samanlikna med andre uføre som har pensjonsgivande inntekt, og ulik behandling av ulike former for pensjonsgivande inntekt. Regjeringa vil derfor ikkje foreslå eigne reglar for kombinasjon av uføretrygd og pensjonsgivande inntekt for uføre fosterforeldre, og foreslår å oppheve oppmodingsvedtaket. Sjå nærmare omtale i del II, programkategori 29.50, kap. 2655.

4.7 Stortingssesjon 2019–2020

Rettshevdinga til å stanse køyretøy

Vedtak 627, 28. mai 2020

> *«Stortinget ber regjeringen utarbeide og legge frem for Stortinget forslag om at Statens Vegvesen skal gis håndhevingsrett til å stanse kjøretøyer etter vedtak fra Arbeidstilsynet.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 60 L (2019–2020), Innst. 293 L (2019–2020), Lovvedtak 105 (2019–2020).

I handlingsplanen til regjeringa mot sosial dumping i transportsektoren frå 2022 varsla regjeringa at ho vil legge fram forslag om å gi Statens vegvesen myndigheit til å reagere mot køyring i strid med stansingsvedtak som Arbeidstilsynet har fastsett. Arbeidstilsynet og Statens vegvesen leverte på oppdrag frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet og Samferdselsdepartementet ein rapport i mai 2025, der dei greidde ut forslaget, bl.a. nødvendige regelverksendringar og praktiske løysingar. Regjeringa tar sikte på å ta stilling til den vidare oppfølginga av vedtaket seinhausten 2026 og vil komme tilbake til Stortinget på eit seinare tidspunkt.

4.8 Stortingssesjon 2017–2018

Særaldersgrenser for tilsette i staten

Vedtak nr. 42, 4. desember 2017

> *«Stortinget ber regjeringen vurdere, i samråd med partene i arbeidslivet, om dagens system med særaldersgrenser for ansatte i staten og statlige virksomheter bør endres, i tråd med utviklingen i samfunns- og yrkesliv.»*

Vedtaket blei gjort ved behandling av Meld. St. 1 (2017–2018), Innst. 2 S (2017–2018).

I avtalen om nye pensjonsreglar for personar med særaldersgrense frå august 2023 går det fram at partane er innforståtte med at det no blir sett i gang eit arbeid for å vurdere det framtidige omfanget av særaldersgrenser. Arbeidet har som siktemål at offentleg sektor i større grad får nyttiggjort kompetansen til personar som i dag har særaldersgrenser. Departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna tidspunkt og på eigna måte.

5 Oversiktstabellar

5.1 Utgifter og inntekter fordelte på kapittel

Forslag til statsbudsjett for 2027 under programområde 09 Arbeid og sosiale formål, 29 Sosiale formål, folketrygda og 33 Arbeidsliv, folketrygda.

Utgifter fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
	Administrasjon				
600	Arbeids- og inkluderings-departementet	305 320	314 202	321 179	2,2
601	Utgreiingsverksemd, forsking m.m.	424 925	513 051	532 473	3,8
	Sum kategori 09.00	*730 245*	*827 253*	*853 652*	*3,2*
	Administrasjon av arbeids- og velferdspolitikken				
604	Utviklingstiltak i arbeids- og velferds-forvaltninga	300 269	214 000	483 182	125,8
605	Arbeids- og velferdsetaten	15 259 108	15 656 968	16 085 012	2,7
606	Trygderetten	125 245	124 638	125 427	0,6
	Sum kategori 09.10	*15 684 622*	*15 995 606*	*16 693 621*	*4,4*
	Tiltak for betra levekår m.m.				
621	Tilskot til sosiale tenester og sosial inkludering	411 830	420 507	434 190	3,3
	Sum kategori 09.20	*411 830*	*420 507*	*434 190*	*3,3*
	Arbeidsmarknad				
634	Arbeidsmarknadstiltak	11 620 144	12 517 215	12 986 183	3,7
635	Ventelønn	133			0,0
	Sum kategori 09.30	*11 620 277*	*12 517 215*	*12 986 183*	*3,7*
	Arbeidsmiljø og sikkerheit				
640	Arbeidstilsynet	945 500	976 231	1 002 631	2,7
643	Statens arbeidsmiljøinstitutt	180 040	186 521	193 257	3,6
646	Pionerdykkarar i Nordsjøen	585			0,0

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
647	Kompensasjonsordning for olje-pionerane	2 517	455 000	64 604	-85,8
648	Arbeidsretten, Riksmeklaren m.m.	29 481	31 120	31 935	2,6
	Sum kategori 09.40	*1 158 123*	*1 648 872*	*1 292 427*	*-21,6*
	Pensjonar m.m. under Statens pensjonskasse				
611	Pensjonar frå statskassa	16 418	18 000	20 000	11,1
612	Tilskot til Statens pensjonskasse	12 164 435	14 327 900	13 156 000	-8,2
613	Arbeidsgivaravgift til folketrygda	1 000	1 000	1 000	0,0
2470	Statens pensjonskasse	168 021	160 369	145 037	-9,6
	Sum kategori 09.50	*12 349 874*	*14 507 269*	*13 322 037*	*-8,2*
	Kontantytingar				
660	Krigspensjon	80 712	70 000	61 000	-12,9
664	Pensjonsordninga for arbeidstakarar til sjøs	18 800	16 800	15 400	-8,3
666	Avtalefesta pensjon (AFP)	4 370 191	4 680 000	5 060 000	8,1
667	Supplerande stønad	705 690	825 000	955 000	15,8
	Sum kategori 09.60	*5 175 393*	*5 591 800*	*6 091 400*	*8,9*
	Integrering og mangfald				
670	Integrerings- og mangfalds-direktoratet	430 365	395 747	422 843	6,8
671	Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarar	21 960 929	20 604 755	16 693 233	-19,0
672	Opplæring i norsk og samfunnskunn-skap for vaksne innvandrarar	1 843 264	1 574 621	1 534 296	-2,6
	Sum kategori 09.70	*24 234 558*	*22 575 123*	*18 650 372*	*-17,4*
	Sum programområde 09	71 364 922	74 083 645	70 323 882	-5,1
	Einslege forsørgarar				
2620	Stønad til einsleg mor eller far	1 641 019	1 562 000	1 095 000	-29,9
	Sum kategori 29.20	*1 641 019*	*1 562 000*	*1 095 000*	*-29,9*
	Inntektssikring ved sjukdom, arbeidsavklaring og uførleik				
2650	Sjukepengar m.m.	70 950 140	74 941 200	80 603 200	7,6
2651	Arbeidsavklaringspengar m.m.	52 155 417	56 550 000	59 829 900	5,8
2652	Eit enklare Nav – forsøk med aktivi-tetspengar for unge		7 000	284 000	3 957,1
2655	Uføretrygd m.m.	133 430 757	140 921 000	150 291 000	6,6
	Sum kategori 29.50	*256 536 314*	*272 419 200*	*291 008 100*	*6,8*

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
	Kompensasjon for meirutgifter ved nedsett funksjonsevne m.m.				
2661	Grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel m.m.	15 121 681	16 822 115	16 712 309	-0,7
	Sum kategori 29.60	*15 121 681*	*16 822 115*	*16 712 309*	*-0,7*
	Alderdom				
2670	Alderdom	334 204 872	352 070 000	378 160 000	7,4
	Sum kategori 29.70	*334 204 872*	*352 070 000*	*378 160 000*	*7,4*
	Forsørgartap m.m.				
2680	Etterlatne	3 465 583	3 581 200	2 911 300	-18,7
2686	Stønad ved gravferd	509 645	370 000	423 000	14,3
	Sum kategori 29.80	*3 975 228*	*3 951 200*	*3 334 300*	*-15,6*
	Sum programområde 29	611 479 114	646 824 515	690 309 709	6,7
	Arbeidsliv				
2541	Dagpengar	15 365 464	16 867 000	17 605 000	4,4
2542	Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.m.	917 971	1 100 000	1 185 000	7,7
	Sum kategori 33.30	*16 283 435*	*17 967 000*	*18 790 000*	*4,6*
	Sum programområde 33	16 283 435	17 967 000	18 790 000	4,6
	Sum utgifter	699 127 471	738 875 160	779 423 591	5,5

Inntekter fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
	Administrasjon av arbeids- og velferdspolitikken				
3605	Arbeids- og velferdsetaten	56 412	35 144	35 511	1,0
	Sum kategori 09.10	*56 412*	*35 144*	*35 511*	*1,0*
	Arbeidsmarknad				
3635	Ventelønn m.m.	178			0,0
	Sum kategori 09.30	*178*			*0,0*
	Arbeidsmiljø og sikkerheit				
3640	Arbeidstilsynet	126 836	123 658	125 750	1,7
	Sum kategori 09.40	*126 836*	*123 658*	*125 750*	*1,7*

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
	Pensjonar m.m. under Statens pensjonskasse				
5470	Statens pensjonskasse	76 000	90 000	80 000	-11,1
	Sum kategori 09.50	*76 000*	*90 000*	*80 000*	*-11,1*
	Integrering og mangfald				
3671	Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarar	11 500	13 743	14 251	3,7
3672	Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar	55 607	62 398	50 759	-18,7
	Sum kategori 09.70	*67 107*	*76 141*	*65 010*	*-14,6*
	Sum programområde 09	326 533	324 943	306 271	-5,7
	Diverse inntekter				
5701	Diverse inntekter	2 397 150	2 335 635	2 404 839	3,0
	Sum kategori 29.90	*2 397 150*	*2 335 635*	*2 404 839*	*3,0*
	Sum programområde 29	2 397 150	2 335 635	2 404 839	3,0
	Arbeidsliv				
5704	Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs	214 201	320 000	240 000	-25,0
5705	Refusjon av dagpengar	70 463	55 000	40 000	-27,3
	Sum kategori 33.30	*284 664*	*375 000*	*280 000*	*-25,3*
	Sum programområde 33	284 664	375 000	280 000	-25,3
	Sum inntekter	3 008 347	3 035 578	2 991 110	-1,5

5.2 Bruk av stikkordet «kan overførast»

Under Arbeids- og inkluderingsdepartementet blir stikkordet «kan overførast» foreslått knytt til desse postane utanom postgruppe 30–49

(i 1 000 kr)

Kap.	Post	Nemning	Overført til 2026	Forslag 2027
601	21	Spesielle driftsutgifter	25 113	105 155
601	22	Kunnskapsutvikling i IA-avtalen m.m.	86 104	37 902
601	71	Tilskot til bransjeprogram under IA-avtalen m.m.	13 181	89 850
601	74	Tilskot til Noregs forskingsråd	27 416	184 600
601	75	Tilskot til berekraftig sjukmelding		16 000

(i 1 000 kr)

Kap.	Post	Nemning	Overført til 2026	Forslag 2027
604	21	Spesielle driftsutgifter	13 640	116 832
605	22	Forskings- og utgreiingsaktivitetar	26 436	84 096
621	63	Sosiale tenester og tiltak for vanskelegstilte	6 750	179 129
621	70	Frivillig arbeid	5 384	121 919
634	21	Forsøk med tilrettelagd vidaregåande opplæring		35 357
634	70	Forsøk med ungdomsprogramyting		225 043
634	75	Varig lønnstilskot		1 071 221
634	76	Tiltak for arbeidssøkarar	70 400	8 010 638
634	77	Varig tilrettelagt arbeid		2 515 508
634	79	Funksjonsassistanse i arbeidslivet	25	151 766
647	01	Driftsutgifter	1 500	11 717
648	21	Spesielle driftsutgifter	590	634
670	21	Spesielle driftsutgifter		33 026
671	60	Integreringstilskot		13 712 012
672	21	Spesielle driftsutgifter	22 933	91 421
2650	76	Tilskot til ekspertbistand	16 995	51 200
2661	72	Stønad til servicehund		9 044

Del II
Budsjettforslag

6 Arbeids- og inkluderingsdepartementets budsjettforslag for 2027

Programkategori 09.00 Administrasjon

Utgifter under programkategori 09.00 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
600	Arbeids- og inkluderings-departementet	305 320	314 202	321 179	2,2
601	Utgreiingsverksemd, forsking m.m.	424 925	513 051	532 473	3,8
	Sum kategori 09.00	730 245	827 253	853 652	3,2

Utgifter under programkategori 09.00 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
01–29	Statens eigne driftsutgifter	433 399	453 507	464 236	2,4
50–89	Overføringar til andre	296 846	373 746	389 416	4,2
	Sum kategori 09.00	730 245	827 253	853 652	3,2

Kap. 600 Arbeids- og inkluderingsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
01	Driftsutgifter	305 320	314 202	321 179
	Sum kap. 600	305 320	314 202	321 179

Overført frå 2025 til 2026:
Post 01: 14 840 000 kroner

Oppgåvene og prioriteringane til Arbeids- og inkluderingsdepartementet følger av politikken og måla som er fastsette for arbeids-, velferds- og integreringspolitikken.

Hovudoppgåva til administrasjonen er å legge til rette for ein kunnskapsbasert, samordna og heilskapleg politikk på ansvarsområda til departementet. Departementet skal vere eit utviklingsorientert og effektivt fagleg sekretariat for den politiske leiinga. Det skal vere ein tydeleg og føreseieleg etatsstyrar og forvaltar av gjeldande lover og anna regelverk.

Rapport 2025

Per 31. desember 2025 var det 216 tilsette i departementet. Kvinneandelen var på 69,9 pst. Vi viser til omtale av kjønnsfordelinga for dei ulike stillingskategoriene i del III, punkt 10 Likestilling og mangfald.

Rekneskapen for 2025 under kap. 600, post 01 viste eit forbruk på 305,3 mill. kroner. Midlane er nytta til å dekke dei ordinære driftsutgiftene til departementet. Av den totale rekneskapen blei 249,8 mill. kroner nytta til å dekke lønn og sosiale kostnader og 55,5 mill. kroner til å dekke andre driftskostnader.

Budsjettforslag 2027

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker dei ordinære driftsutgiftene som er nødvendige for at departementet skal kunne vareta oppgåvene sine. Dei største driftsutgiftene er knytte til lønn, husleige og tenesteavtalar med Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa og Digitaliseringsorganisasjonen til departementa.

Løyvinga er foreslått redusert med 1,7 mill. kroner som følge av etableringa av fleire fellestenester i departementsfellesskapet og overføringa av service- og kontorstøttetenester til Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa og Digitaliseringsorganisasjonen til departementa. Løyvinga under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet er foreslått auka tilsvarande. Dette er ei vidareføring frå revidert nasjonalbudsjett 2026.

Løyvinga er forslått redusert med kr 30 000 mot ein tilsvarande auke under kap. 1605, post 01, som følge av rammeoverføring til Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) til tryggingstiltak og IT-infrastruktur for økonomitenestene til DFØ.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 321,2 mill. kroner.

Kap. 601 Utgreiingsverksemd, forsking m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast*	85 052	101 403	105 155
22	Kunnskapsutvikling i IA-avtalen m.m., *kan overførast*	28 313	37 902	37 902
23	Tiltak for redusert deltid og auka heiltidsandel	14 714		
70	Tilskot	49 248	69 498	69 695
71	Tilskot til bransjeprogram under IA-avtalen m.m., *kan overførast*	68 669	89 850	89 850
72	Tilskot til Kunnskapssenter for lengre arbeidsliv	19 545	20 249	22 998
73	Tilskot til trygderettsleg/EØS-rettsleg forsking og kompetanseutvikling	5 800	6 049	6 273
74	Tilskot til Noregs forskingsråd, *kan overførast*	144 884	172 100	184 600
75	Tilskot til berekraftig sjukmelding, *kan overførast*	8 700	16 000	16 000
	Sum kap. 601	424 925	513 051	532 473

Overført frå 2025 til 2026:
Post 21: 25 113 000 kroner
Post 22: 86 104 000 kroner
Post 23: 735 000 kroner
Post 71: 13 181 000 kroner
Post 74: 27 416 000 kroner

Allmenn omtale

Dei overordna måla regjeringa har for norsk forsking og høgare utdanning går fram av Meld. St. 5 (2022–2023) *Langtidsplan for forskning og høyere utdanning 2023–2032*. Departementet følger opp dei tematiske prioriteringane i langtidsplanen som gjeld sektoransvaret til departementet, og samarbeider med andre departement om sektorovergripande forsking. Dette er i hovudsak omtalt under prioriteringane *Tillit og fellesskap* og *Helse* i langtidsplanen. Langtidsplanen er nærmare omtalt i del III, kap. 5, i Prop. 1 S (2026–2027) for Kunnskapsdepartementet.

Sektorprinsippet i norsk forskingspolitikk inneber at departementet har eit overordna ansvar for forsking innanfor sine ansvarsområde. Ansvaret inneber å bidra til forsking og kompetansebygging for sektoren og å sørge for forsking for politikkutvikling og forvaltning. Myndigheitene og forvaltninga utgjer ein stor del av eigen sektor og er viktige brukarar av forskingsresultata.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har eit samordnings- og pådrivaransvar for integreringspolitikken i Noreg. Det inneber at departementet skal bidra til å skaffe fram eit godt kunnskapsgrunnlag både i eigen sektor og på tvers av sektorar og departement.

Strategien til departementet er å utvikle eit godt kunnskapsgrunnlag for heile breidda i ansvarsområda sine og samtidig vareta prioriterte kunnskapsbehov med utgangspunkt i fastsette mål for arbeids-, integrerings- og velferdspolitikken. Kunnskapsutviklinga skal bidra til god forståing av korleis samfunnet, arbeidsmarknaden, arbeidslivet og integreringa utviklar seg. Ho skal vidare bidra til ein opplyst offentleg debatt, treffsikker politikk og utvikling av gode og effektive tenester og tiltak for å møte store samfunnsutfordringar.

For Arbeids- og inkluderingsdepartementet er utfordringsbildet særleg knytt til berekrafta i velferdsstaten, strukturelle endringar i arbeidsmarknaden, utviklingstrekk som vil forme arbeidsliv og kompetansebehov i framtida, pensjonsspørsmål og yrkesdeltaking blant eldre, god integrering av innvandrarbefolkninga, tiltak for å inkludere utsette grupper i arbeidsmarknaden, og helserelatert fråfall frå arbeidslivet.

Departementet og dei ulike sektorane treng eit variert kunnskapsgrunnlag med god kvalitet for at det skal fungere som grunnlag for avgjerder

og vegval. Nokre område er avhengige av føreseieleg og løpande statistikkproduksjon og årlege analysar av utviklinga over tid. Andre område, f.eks. arbeidsmarknadstiltak, integreringstiltak og reguleringar i arbeidslivet, må evaluerast og vurderast jamleg med tanke på måloppnåing og effekt. Større samfunnsutfordringar og utviklingstrekk må møtast med langsiktig forsking basert på omfattande datagrunnlag og empiri.

Departementet varetar sektoransvaret for forsking hovudsakleg gjennom fem verkemiddel/aktørar:

- Noregs forskingsråd
- Anskaffingar departementet gjer sjølv
- Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI)
- Arbeids- og velferdsdirektoratet (AVdir)
- Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi)

Tildelinga frå departementet til Noregs forskingsråd skal hovudsakleg bidra til langsiktig og målretta kompetanse- og kunnskapsoppbygging for sektoren. Vi viser til omtale av Noregs forskingsråd under kap. 601, post 74.

Forsking og utgreiingar som departementet anskaffar sjølv, skal gi departementet eit kunnskapsgrunnlag for politikkutvikling og forvaltning på kort og mellomlang sikt. Anskaffingane er ofte knytte til pågåande eller kommande utviklingsprosessar og til dagsaktuelle problemstillingar som krev relativt presise beskrivingar av kunnskapsbehov frå departementet si side. Vi viser til omtale under kap. 601, post 21.

Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI) er det nasjonale forskingsinstituttet for arbeidsmiljø og arbeidshelse i Noreg. STAMI skal bl.a. utvikle og formidle kunnskap om samanhengen mellom arbeid og helse, og leverer kvalitetssikra fagkunnskap til bl.a. departementet, Arbeidstilsynet, Havindustritilsynet, bedriftshelsetenesta og partane i arbeidslivet. Vi viser til omtale av STAMI under kap. 643.

Arbeids- og velferdsdirektoratet skal gjennom rolla si som rådgivar og fagleg premissleverandør for departementet arbeide for at eiga verksemd er kunnskapsbasert. Direktoratet skal som hovudregel ha ansvar for kunnskapsinnhenting knytt til verkemiddel, tenester og tiltak på områda til arbeids- og velferdsforvaltninga. Dette inneber både kjøp av forsking i marknaden og bruk av den utgreiings- og analysekompetansen direktoratet har sjølv. Vi viser til omtale under kap. 605, post 22.

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) er fagdirektorat med ansvar for å sette i verk integreringspolitikken og for kunnskapsutvikling på feltet saman med departementet. IMDi har som fagdirektorat særleg ansvar for å skaffe fram og formidle forskings- og utviklingsprosjekt, evalueringar og kunnskapsoppsummeringar om integrering og mangfald, som kan danne grunnlag for kunnskapsbasert politikkutvikling. Dette inneber både å kjøpe forsking i marknaden og å bruke den utgreiings- og analysekompetansen direktoratet har sjølv. Vi viser til omtale under kap. 670, post 21.

Departementet held fram med tiltak for å styrke trygderettsleg/EØS-rettsleg forsking og kompetanseutvikling. Dette blir gjort både gjennom innsatsen i Noregs forskingsråd og gjennom ein samarbeidsavtale med dei juridiske fakulteta ved Universitetet i Oslo, Universitetet i Bergen og Universitetet i Tromsø. Det er etablert ei tilskotsordning øyremerkt desse fakulteta, sjå omtale under kap. 601, post 73.

Deltaking i internasjonale organisasjonar er òg ei kjelde til kunnskap for departementet. Departementet gir tilskot til internasjonale organisasjonar under kap. 601, post 70.

Departementet yter tilskot til Kunnskapssenter for lengre arbeidsliv, og av dette går ein andel til forskings- og utviklingsarbeid. Vi viser til omtale under kap. 601, post 72.

Utgifter til arbeid med kunnskapsutvikling i avtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen), og dessutan tilskot til bransjeprogram og enkelte administrative utgifter knytte til oppfølging av avtalen, blir finansierte under kap. 601. Vi viser til omtale under postane 22 og 71.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Allmenn omtale

Posten finansierer forsking og utgreiingsverksemd som departementet anskaffar sjølv. Posten finansierer òg utvalsarbeid i regi av departementet. Hovudformålet er å gi departementet eit godt kunnskapsgrunnlag for politikkutvikling og forvaltning. Posten dekker heile fagområdet til departementet, men det faglege fokuset varierer over tid i tråd med departementet sine kunnskapsbehov og kommande utviklingsprosessar. Midlane går hovudsakleg til forsking og utviklingsprosjekt, evalueringar, kunnskapsoppsummeringar, statistikk og analysar, i tillegg til informasjon, rettleiing og formidling av kunnskap. Vidare finansierer posten internasjonalt samarbeid om utvikling og utveksling av kunnskap, bl.a. gjennom OECD, ILO og EU-kommisjonen.

Rapport

Eksempel på oppdrag som blei ferdige i 2025–2026 er:

- Kompetanse og tjenestekvalitet ved Nav-kontorene. Utviklingstrekk og sammenhenger over tid (2011–2025) (AFI-rapport 2026:06)
- Reduksjon i ytelser under institusjonsopphold (Proba-rapport 2026-08)
- Tilknytningsformer for selvstendige konsulenter og rådgivere – Rapport fra arbeidsgruppe nedsatt av Arbeids- og inkluderingsdepartementet 27. mars 2026
- Kunstig intelligens, algoritmisk ledelse og arbeidsliv, En litteraturgjennomgang (Nordlandsforskning 2026:7)
- Følgeevaluering av tiltak for en mer målrettet og effektiv bedriftshelsetjeneste (Oslo Economics, 2025:56)
- Statens juridiske handlingsrom for å regulere flyktningers mulighet til å flytte mellom kommuner i større grad enn i dag (Enmannsutredning. April 2026)
- Beslutningsstøtte for bosetting av flyktninger ved bruk av datadrevne anbefalingsverktøy (Agenda Kaupang R1023011 og Ideas2evidence, sept. 2025)
- Kartlegging av innvandrere med d-nummer og langvarig tilknytning til Norge (Fafo-rapport 2025:32)
- «Noen har alltid ballen» – Tverrsektorielt samarbeid rundt unge som ikke er i arbeid eller utdanning (Proba og Ideas2evidence, Proba-rapport 2026-05)

Fleire rapportar er omtalte på regjeringen.no.

Budsjettforslag 2027

Delar av midlane på posten blir sette av til å finansiere inngåtte avtalar og aktivitet som blir ført vidare i 2027. Ny aktivitet som skal finansierast over posten, blir planlagt hausten 2026.

Aktivitet som blir ført vidare, omfattar bl.a. innhenting av statistikk og analysar for å belyse status, utviklingstrekk og utfordringar på ansvarsområda til departementet, igangverande evalueringar, forskingsavtalar, ramme- og samarbeidsavtalar, internasjonalt samarbeid om utvikling og utveksling av kunnskap og pågåande utvalsarbeid.

Departementet har strategiske satsingar som skal bidra til systematisk oppbygging og vedlikehald av kompetanse og kunnskap i forskingsmiljøa og i departementet. Dette omfattar langsiktige forskingsavtalar som òg opnar for forskarinitierte problemstillingar og vinklingar. Det er inngått avtalar som handlar om det kollektive arbeidslivet, utviklinga av ulike tilknytingsformer i arbeidslivet, sivilsamfunnet sitt bidrag på integreringsfeltet, pensjonssystemet og yrkesaktiviteten blant eldre. Departementet satsar òg systematisk på kunnskapsinnhenting som skal styrke det faglege grunnlaget for arbeidsmarknadspolitikken og utforminga av arbeidsmarknadstiltak. SSB gjennomfører ei ny levekårsundersøking blant personar med innvandrarbakgrunn som skal publiserast i 2027.

Departementet fører vidare fleire avtalar med SSB, irekna delfinansiering av forløpsdatabasen FD-Trygd og MOSART-modellen. FD-Trygd er ei viktig kjelde til data om arbeidsmarknadstilpassinga til målgrupper for arbeidsmarknadspolitikken og for trygdeforskinga. Departementet hentar inn kunnskap gjennom bruk og utvikling av MOSART-modellen bl.a. for å kunne vurdere langsiktige effektar av pensjonsreforma.

For 2027 finansierer posten òg utgifter som følger av Noregs formannskap i Nordisk ministerråd.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 105,2 mill. kroner.

Post 22 Kunnskapsutvikling i IA-avtalen m.m., kan overførast

Allmenn omtale

Løyvinga på posten dekker utgifter til kunnskapsutvikling i IA-avtalen og dessutan enkelte andre utgifter knytte til oppfølging av avtala. For nærmare informasjon om sjølve avtala viser vi til omtale under programkategori 29.50.

I Avtale om redusert sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet (IA-avtalen) 2025–2028 er det einigheit om å føra vidare satsinga på kunnskapsutvikling frå førre avtale (IA-FoU-programmet og statistikkforum). Samtidig gjennomførast ei brei kunnskapsinnhenting om årsaker til utviklinga i sjukefråværet og behovet for nye tiltak som skal vere ferdig i 2026, sjå omtale under programkategori 29.50. Utgiftene til kunnskapsinnhentinga blir i all hovudsak finansiert over løyvinga på denne posten. Midlar til kunnskapsinnhentinga omfattar både å gjennomføre FoU-prosjekt og andre kunnskapsaktivitetar og kostnader til organiseringa av arbeidet med kunnskapsinnhentinga.

Vidare kan det bli behov for å nytte delar av midlane på posten til å sette i gang enkelte utviklingsarbeid i 2027, under dette systemutvikling, for å støtte opp under tiltaka i avtala.

Som ein del av IA-avtalen er det etablert bransjeprogram i elleve bransjar. Tilskotsmidlar under ordninga blir løyvde under ein eigen post, kap. 601, post 71, mens midlar til å dekke utgifter til forvaltning av tilskotsordninga, kunnskapsutvikling og evaluering av bransjeprogramma blir løyvde under post 22.

Oppfølging av IA-avtalen inneber eit omfattande arbeid for både partane og myndigheitene. Delar av dei administrative utgiftene knytt til dette blir finansierte over løyvinga på denne posten, irekna utgifter til koordineringsgruppa for IA-avtalen og utgifter til utvikling av informasjonstiltak.

Rapport

Arbeids- og velferdsdirektoratet har eit sentralt ansvar for utvikling av FoU og statistikk innan områda for IA-avtalen. Arbeids- og velferdsdirektoratet har i 2026 fått tildelt 4 mill. kroner til drift av FoU-program, statistikkforum og bidrag inn i sekretariatet for kunnskapsinnhentinga innan IA-avtalen.

Det er i 2026 løyvd 15 mill. kroner til prosjekt i IA-FoU-programmet. IA-FoU-programmet skal bygge målretta, koordinert og heilskapleg kunnskapsgrunnlag for IA-avtalen. Dei prioriterte temaområda for programmet er førebyggande arbeidsmiljøarbeid, betre sjukefråværsoppfølging, samt behov som identifiserast gjennom IA-kunnskapsinnhentinga. For nærmare informasjon om programmet og iverksette prosjekt viser vi til omtale av IA-FoU-programmet på nettsidene til Arbeids- og velferdsetaten.[1]

Statistikkforum er etablert for å bidra til samarbeid og koordinering mellom statistikkprodusentane Arbeids- og velferdsdirektoratet, STAMI og Statistisk sentralbyrå på område knytte til IA-avtalen.

Arbeidstilsynet har forvaltningsansvar for oppfølging av tilskotsordninga for bransjeprogramma og fekk i 2026 tildelt 0,5 mill. kroner.

Arbeidet med kunnskapsutvikling under IA-avtalen, irekna arbeid med FoU-program, blir gjennomført i samarbeid mellom Arbeids- og velferdsetaten og STAMI. Det er også dialog med partane i arbeidslivet.

Budsjettforslag 2027

Midlane på posten i 2027 skal nyttast til satsinga i IA-avtalen på å skaffe fram eit betre data- og kunnskapsgrunnlag. I tillegg skal midlane nyttes til å finansiere utviklingsarbeid i 2027, under dette systemutvikling, for å støtta opp under tiltaka i avtala. Midlane på posten nyttes også til administrative utgifter knytt til oppfølging av avtala, irekna utgifter til koordineringsgruppa for IA-avtalen og utgifter til utvikling av informasjonstiltak.

I oppfølginga av IA-avtalen og i dialog med partane er det vidare lagt til grunn at det skal løyvast midlar over denne posten til felles kunnskapsutvikling og evaluering av bransjeprogramma og til forvaltning av tilskotsordninga. Løyvinga til tilskotsordninga for bransjeprogramma er omtalt under kap. 601, post 71.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 37,9 mill. kroner.

Post 70 Tilskot

Løyvinga dekker tilskot til institusjonar og organisasjonar på politikkområda til departementet og forpliktingane departementet har knytt til internasjonale avtalar. Store delar av løyvinga er bundne opp av internasjonale avtalar og driftstilskot til ulike organisasjonar.

Rapport

Av ei løyving på 49,4 mill. kroner er det utgiftsført 49,2 mill. kroner i 2025.

Om lag 88 pst. av den totale rekneskapen på posten knyter seg til dei internasjonale forpliktingane til departementet. Av desse gjeld dei tre største deltaking i ESF+/EaSI-programmet, European Labour Authority (ELA, europeisk arbeidsmarknadsbyrå) og Det europeiske arbeidsmiljøinstituttet i Bilbao.

Institusjonar og organisasjonar som fekk tildelt midlar i 2025, var:

[1] https://www.nav.no/no/nav-og-samfunn/kunnskap/fou-midler/fou-programmet-under-ia-avtalen

Mottakar/formål	Beløp	Rapportering
Sum internasjonale forpliktingar	*43 353 000*	Midlane er nytta til å dekke utgifter til EU-kontingentar, driftsstøtte til internasjonale organisasjonar mv.
Mental helse – drift av arbeidslivstelefonen	1 800 000	Tilskotet går til drift av arbeidslivstelefonen. Arbeidslivstelefonen er eit lågterskeltilbod med hovudvekt på svarteneste og rettleiing innanfor psykososiale problemstillingar og mellommenneskeleg rådgiving for enkeltpersonar som har utfordringar i arbeidslivet. Førespurnader kjem primært via telefon og chat. Frå 2024 til 2025 gjekk talet på førespurnader via telefon og chat opp fra 3489 til 4118 (18 pst.) medan førespurnader på e-post gjekk ned frå 964 til 370.
Norsk Arbeidslivsforum	95 000	Norsk Arbeidslivsforum skal fremme tverrfagleg utveksling av kunnskap, informasjon og forsking om arbeidslivsspørsmål. Tilskotet blir brukt til å styrke aktivitetane i forumet.
Fair Play Bygg Norge	4 000 000	Formålet med tilskotet er å styrke innsatsen mot useriøsitet og sosial dumping i bygg- og anleggsnæringa. Fair Play Bygg Norge er ein ideell organisasjon med eit styre sett saman av partane på arbeidstakar- og arbeidsgivarsida. Organisasjonen har gjennom fleire år bidratt med informasjonsverksemd, tips til myndigheitene om useriøse aktørar og rettleiing til utsette grupper.
Totalt rekneskapsført	*49 248 000*	

Budsjettforslag 2027

Store delar av løyvinga blir nytta til å følge opp dei internasjonale forpliktingane departementet har. I norske kroner vil størrelsen på kontingenten til internasjonale forpliktingar variere noko frå år til år gjennom perioden, avhengig av aktiviteten og endringar i proporsjonalitetsfaktor og valutakurs.

Det blir gitt tilskot til Det europeiske arbeidsmiljøinstituttet i Bilbao, EU-OSHA, som leverer fagleg, vitskapleg og økonomisk informasjon til EØS-land, Kommisjonen og andre avgjerdstakarar for å fremme betre arbeidsmiljø, helse og sikkerheit på arbeidsplassane.

Noreg deltar i perioden 2021–2027 i EUs program for sysselsetting og sosial innovasjon (EaSI), som er ein del av Det europeiske sosialfondet pluss (ESF+). Programmet gir tilgang til samarbeid, erfaringsutveksling og kunnskapsutvikling på arbeids- og sosialområdet. Deltakinga gir innsikt i EU-politikk og utviklinga i medlemslanda og opnar for prosjektmidlar til forsking og utprøving av nye metodar.

Kontingenten for den norske deltakinga i det europeiske arbeidsmarknadsbyrået, European Labour Authority (ELA), blir dekt under denne posten. ELA skal bidra til meir informasjon om arbeidsmarknaden for arbeidstakarar og verksemder, og styrke myndigheitssamarbeidet om grensekryssande arbeid. Det er ein viktig faktor i arbeidet med å få bukt med sosial dumping og arbeidslivskriminalitet. Etter at forordninga vart tatt inn i EØS-avtalen i 2025 deltar nå Noreg, Island og Liechtenstein fullt ut i det operative arbeidet til ELA. Dei tre landa har ein felles nasjonal ekspert frå Noreg.

Fleire europeiske samarbeidsarenaer der Noreg bidrar aktivt, ligg no under ELA. Det gjeld bl.a. plattforma mot svart arbeid og samarbeidet mellom dei europeiske arbeidsformidlingane (EURES). ELA samarbeider dessutan nært med andre EU-byrå som arbeidslivsstiftelsen Eurofound og arbeidsmiljøagenturet EU-OSHA, og har inngått ein egen samarbeidsavtale med den Administrative kommisjonen for trygdekoordinering.

Andre tilskotsmottakarar knytte til internasjonale forpliktingar er:

- EUROFOUND (kontingent)
- Nordiska expertgruppen för kriteriedokument om kjemiska hälsorisker (driftsstøtte)
- Grensetenesta i Morokulien (informasjonsteneste mellom Noreg og Sverige)

- FN-sambandet (informasjonsverksemd om International Labour Organisation)
- Nordens välfärdscenter (landkontingent)
- OECD-kontingent PIAAC (program for internasjonal vurdering av kompetansen til vaksne)

Løyvinga går også til å støtte ulike institusjonar og organisasjonar, og for 2027 blir det foreslått å gi tilskot til desse:

- Mental helse (tilskot til drift av telefon for arbeidslivet)
- Norsk arbeidslivsforum (driftstilskot)
- Fair Play Bygg Norge

For 2027 er det foreslått ei løyving på 69,7 mill. kroner.

Post 71 Tilskot til bransjeprogram under IA-avtalen m.m., kan overførast

Under IA-avtalen er det etablert bransjeprogram som skal støtte opp under måla om å redusere sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet. Antalet bransjar med bransjeprogram i IA-avtalen blei utvida frå sju til elleve i 2025.

Løyvinga på posten dekker tilskot til bransjeprogramma. Dei etablerte programma har hatt delvis ubrukte tilskot dei siste åra. I inneverande tilskotsperiode vil programma med ubrukte tilskot derfor få redusert si tildeling, slik at løyvinga kan dekke tilskot til fleire program. Bransjetiltaka skal vere målretta og kunnskapsbaserte med formål om å redusere sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet. Tilskotet blir forvalta gjennom ei eiga ordning som Arbeidstilsynet administrerer.

Rapport

I tråd med den gjeldande IA-avtalen er bransjeprogramma vidareførte ut 2028.

Bransjeprogramma leverer halvårs- og årsrapport til Arbeidstilsynet der dei beskriv måloppnåinga og aktiviteten i tilskotsåret.

STAMI har fått i oppdrag å gjennomføre arbeidsmiljøkartleggingar i deltakande verksemder i dei fire nye bransjeprogramma, med ei nullpunktsmåling og ei oppfølgingsmåling. Kartleggingane skal kunne gi grunnlag for eigne prioriteringar i verksemdene, og bidra til kunnskap om arbeidsmiljøet i bransjane.

Budsjettforslag 2027

Det er lagt til grunn at løyvinga skal nyttast til tilskot knytte til gjennomføring av bransjeprogramma under IA-avtalen etter nærmare vilkår fastsette i forskrift.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 89,9 mill. kroner.

Post 72 Tilskot til Kunnskapssenter for lengre arbeidsliv

Kunnskapssenter for lengre arbeidsliv er eit nasjonalt kompetansesenter som skal stimulere og bidra til å utvikle god seniorpolitikk i private og offentlege verksemder og til at fleire seniorar held fram i arbeid. Ein hovudstrategi er å synleggjere dei ressursane seniorane representerer i arbeidslivet. Verksemda til Kunnskapssenter for lengre arbeidsliv skal vere basert på fakta og relevant kunnskap.

Målgruppene for arbeidet er verksemder i norsk arbeidsliv, seniorane sjølve, politiske myndigheiter, arbeidsgivar- og arbeidstakarorganisasjonar, arbeids- og velferdsforvaltninga og organisasjonslivet elles.

Kunnskapssenter for lengre arbeidsliv har eit styre der arbeidslivsorganisasjonar er representerte. I alt er 28 organisasjonar tilslutta senteret i 2026. Tilskotet går til dagleg drift av senteret, irekna informasjon og rådgiving, utvikling og formidling av kunnskap og haldningsskapande arbeid.

Rapport

Kunnskapssenter for lengre arbeidsliv har eit høgt aktivitetsnivå, og deltok på 140 arrangement hos verksemder og organisasjonar i 2025. Senteret jobbar kontinuerleg med å utvikle området for rådgiving og rettleiing, frå innlegg og foredrag til meir opplæring og prosessrettleiing i verksemder, kommunar og etatar. Dei ulike publikasjonane og arrangementa til Kunnskapssenter for lengre arbeidsliv bidrar til merksemd om seniorar i arbeidslivet og har fått dekning i ei rekke riksmedium, i ulike radio- og TV-program og på sosiale medium.

Forskings- og utviklingsarbeid (FoU) er eit viktig grunnlag for arbeidet Kunnskapssenter for lengre arbeidsliv gjer med å gi norsk arbeids- og samfunnsliv meir kunnskap om kva som motverkar utstøyting, og kva som fremmar auka yrkesdeltaking blant seniorar. Det har vore høg aktivitet på FoU-området i heile 2025 og inn i 2026. Aktiviteten omfattar bl.a. kunnskapsoppsummeringar for å kartlegge og analysere forsking som belyser kva betydning god leiing har for utvikling og ivaretaking av seniorar og eldre arbeidstakarar, og for å få

meir kunnskap om alternative seniorkarrierar i overgangen mellom arbeid og pensjon. Kunnskapssenteret gjennomfører òg praksisnære prosjekt om aldersmedviten leiing og planlegging for gode seniorkarrierar i kommunal sektor.

Den årlege undersøkinga *Norsk seniorpolitisk barometer,* som måler oppfatningar av og haldningar til seniorar og seniorpolitiske spørsmål i arbeidslivet, er gjennomført i regi av Kunnskapssenter for lengre arbeidsliv sidan 2003. Barometeret for 2025 var konsentrert om å fange opp eventuelle endringar i haldningar til, og oppfatningar av, seniorpolitiske spørsmål blant leiare i private verksemder og offentleg sektor. Resultata frå undersøkinga og andre nye forskingsresultat blei presenterte på den årlege forskingskonferansen i november 2025.

Budsjettforslag 2027

Kunnskapssenter for lengre arbeidsliv har i sin strategiplan mål om å vere ein kunnskapsleverandør og arbeidslivets føretrekte samarbeidspartner for formidling av kunnskap om kva som skal til for at fleire vil halde fram i arbeid. Arbeidet skal vere kunnskapsbasert og forankra i trepartssamarbeidet i arbeidslivet. Senteret skal stimulere verksemder til å sette aldring og arbeid på dagsordenen, og dessutan utvikle strategiar for å auke yrkesdeltakinga blant dei eldste. Desse satsingsområda er prioriterte:

- forskings- og utviklingsarbeid (FoU)
- opplæring, rettleiing og samarbeid
- kommunikasjon og samfunnspåverknad

I 2027 vil senteret føre vidare innsatsen for å synleggjere kva ressursar seniorane utgjer, og kva utviklingsmoglegheiter dei har i arbeidslivet, bidra til å utvikle eit inkluderande arbeidsliv og arbeide for eit utvida samarbeid om seniorpolitikk mellom arbeidslivsorganisasjonane og mellom organisasjonane og myndigheitene. I tillegg til at FoU framleis vil vere eit viktig grunnlag for arbeidet med å gi norsk arbeids- og samfunnsliv meir kunnskap om seniorane i arbeidslivet, vil Kunnskapssenter for lengre arbeidsliv i 2027 arbeide for å etablere nye samarbeidsprosjekt og å styrke formidlings- og kommunikasjonsarbeidet ytterlegare.

Ein sentral del av dette er oppstarten av eit prosjekt for ein styrkt kunnskaps- og informasjonsinnsats. Formålet er å bidra til at erfaring blir forstått og forvalta som kritisk kompetanse, og at fleire verksemder utviklar konkrete mål for å ta i bruk og føre vidare erfaringskompetansen til eldre arbeidstakarar. Gjennom dette skal prosjektet bidra til at fleire kan stå lenger i arbeid. Prosjektet skal bestå av tre hovudtiltak: eit kunnskapsløft, styrkte møteplassar for partane og ein samordna informasjons- og formidlingsinnsats. Arbeidsgivar- og arbeidstakarorganisasjonane er sentrale samarbeidspartnarar. Prosjektet blir organisert som eit eige satsingsområde, der Kunnskapssenter for lengre arbeidsliv og bidrar med eigne midlar og ressursar. Den samla ramma for prosjektet over tre år er 7,5 mill. kroner, der 2 mill. kroner av løyvinga for 2027 skal øyremerkast prosjektet.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 23 mill. kroner.

Post 73 Tilskot til trygderettsleg/EØS-rettsleg forsking og kompetanseutvikling

Posten omfattar tilskot til dei juridiske fakulteta ved Universitetet i Oslo (UiO), Universitetet i Bergen (UiB) og Universitetet i Tromsø (UiT). Formålet med tilskotet er å bidra til satsingane deira på å styrke forskinga og utviklinga av kompetanse om norsk trygderett, og om kva EØS-retten betyr på dette rettsområdet.

Rapport

Tilskotet blei oppretta i samanheng med revidert nasjonalbudsjett for 2021, jf. Prop. 195 S (2020–2021) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2020* og Innst. 600 S (2020–2021). Tilskotsmottakarane leverte skriftleg rapport i mars 2026. Det er oppretta eit samarbeid mellom institusjonane om å tilby rettleiingsressursar for vitskaplege rekrutteringsstillingar. Vidare er det tilsett i stipendiatstillingar ved alle institusjonane og tildelt mastergradsstipend. Det er òg oppretta eller vidareutvikla spesialemne i undervisninga som behandlar relevante problemstillingar innanfor trygderett og EØS-rett. Fakulteta arrangerer i samarbeid ein årleg konferanse for akademia og forvaltninga for å formidle og diskutere utviklinga innanfor trygderett og EØS-rett. Ved UiO og UiB er det med finansiering frå Forskingsrådet oppretta to forskingssenter som bl.a. skal utvikle kunnskap om integrering av EØS-rett i norsk rett. Dette gir god synergi med tilskotet.

Budsjettforslag 2027

For 2027 er det foreslått ei løyving på 6,3 mill. kroner.

Post 74 Tilskot til Noregs forskingsråd, kan overførast

Noregs forskingsråd (Forskingsrådet) er eit forvaltningsorgan som er underlagt Kunnskapsdepartementet. Forskingsrådet har fem mål:

- auka vitskapleg kvalitet
- auka verdiskaping i næringslivet
- å møte store samfunnsutfordringar
- eit velfungerande forskingssystem
- god rådgiving

Måla er felles for alle departementa. Kunnskapsdepartementet har ansvaret for å samordne styringssignala frå departementa, og har i samarbeid med departementa og Forskingsrådet utarbeidd eit rammeverk for departementa si styring av Forskingsrådet. Den samla måloppnåinga for verksemda er omtalt i budsjettproposisjonen for Kunnskapsdepartementet.

Forskingsrådet er eit viktig verkemiddel for å nå dei forskingspolitiske måla til regjeringa. Vi viser til Meld. St. 5 (2022–2023) *Langtidsplan for forskning og høyere utdanning 2023–2032*. Forskingsrådet har eit ansvar for å følge opp dei tematiske prioriteringane i langtidsplanen som gjeld sektoransvaret til departementet. Desse er i hovudsak omtalte under prioriteringane *Tillit og fellesskap* og *Helse*.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet er ansvarleg for styringa av eigne midlar som blir kanaliserte gjennom Forskingsrådet. Forskingsrådet er ei bruttobudsjettert verksemd med tilsegnsfullmakter. Tilsegnsramma for posten definerer kor mykje ny aktivitet som kan settast i gang i budsjettåret, mens løyvinga dekker forventa utbetalingar i året. Sidan forskingsprosjekta er fleirårige, vil hovuddelen av løyvinga i det gjeldande budsjettåret følge av forpliktingar som er inngåtte i tidlegare budsjettår. Forskingsrådet treng tilsegnsfullmakt frå Stortinget for å kunne forplikte staten utover gjeldande budsjettår. Ei omtale av bakgrunnen for, og hovudtrekka i, den nye budsjettmodellen blei gitt i Prop. 1 S (2024–2025) frå Kunnskapsdepartementet.

Nye tilsegner skal over tid resultere i forsking som reflekterer breidda i sektoransvaret for forsking, det vil seie forsking relatert til arbeidsmarknad, arbeidsmiljø, arbeidshelse og sikkerheit, integrering, økonomisk og sosial tryggleik, arbeids- og velferdstenestene og pensjon.

Innsatsen gjennom Forskingsrådet skal hovudsakleg bidra til langsiktig og målretta kompetanse- og kunnskapsoppbygging for sektoren, inkludert forsking til nytte for politikk- og teneste-utvikling og oppgåveløysinga til forvaltninga. Forskinga skal halde høg vitskapleg kvalitet og samtidig vere relevant for utfordringane og måla i sektoren, irekna samfunnsutfordringar og problemstillingar som bør belysast gjennom sektorovergripande forsking.

Rapport

Departementet vurderer at Forskingsrådet innrettar innsatsen sin i tråd med departementet sine sektorpolitiske prioriteringar knytt til eit omstillingsdyktig arbeidsliv med høg sysselsetting. Innsatsen gjennom Forskingsrådet er òg viktig for å bygge forskingskapasitet på andre strategisk viktige område der sektoren har behov for meir og betre kunnskap.

Forskingsrådet rapporterer om gjennomgåande høg kvalitet og relevans i prosjekt som har fått støtte innanfor departementet sitt sektorområde. Innsatsen i 2025 har støtta opp under perspektivmangfald og tverrsektorielle problemstillingar som møter behovet for meir heilskapleg forsking på tvers av område som arbeid, velferd, helse og utdanning.

Arbeids- og velferdssektoren deltar aktivt som samarbeidspartnar i ulike typar prosjekt. Dette er positivt og i tråd med departementet sine forventningar om at Forskingsrådet skal bidra til brukarmedverknad når det kan gi betre kvalitet og relevans i forskinga.

Budsjettforslag 2027

For 2027 er det foreslått ei løyving på 184,6 mill. kroner på posten. Om lag 2,5 mill. kroner av løyvinga går til nye tilsegner som kjem til utbetaling i 2027, mens 182,1 mill. kroner går til å dekke utbetalingar frå tilsegner gitt tidlegare år.

For 2027 er det foreslått ei tilsegnsfullmakt på 640,3 mill. kroner knytt til posten, jf. forslag til romartalsvedtak.

Forslaget til løyving og tilsegnsfullmakt gir ei tilsegnsramme på 209,1 mill. kroner i 2027.

Post 75 Tilskot til berekraftig sjukmelding, kan overførast

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til tilskot til prosjektet «Berekraftig sjukmelding».

I Avtale om redusert sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet (IA-avtalen) 2025–2028 er det einigheit om å etablere eit samarbeidsprosjekt med Den norske legeforening om berekraftig sjukmelding.

Prosjektet skal styrke fastlegen si rolle i sjukefråværsarbeidet og auke helsekompetansen i befolkninga. Prosjektet omfattar både bevisstgjering og opplæring av fastlegane om deira sjukmeldingspraksis, og tiltak for å gjere pasientane meir bevisste på når sjukmelding er tenleg og når det ikkje er det. Målet er at dialogen mellom lege og pasient om sjukmelding skal bli betre, og på den måten bidra til færre, kortare og meir graderte sjukmeldingar.

Budsjettforslag 2027

Midlane til prosjektet vil bli gitt som tilskot til Den norske legeforening. I tillegg til å dekke kostnader til utvikling av kommunikasjon, undervisning og informasjonsmateriell, skal midlane også nyttast til informasjonstiltak, praksiskompensasjon for deltakande fastlegar og administrativ oppfølging av prosjektet. Evaluering av prosjektet er kunngjort, og det vil bli utvikla kriterium for korleis resultata av prosjektet skal målast.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 16 mill. kroner.

Programkategori 09.10 Administrasjon av arbeids- og velferdspolitikken

Utgifter under programkategori 09.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
604	Utviklingstiltak i arbeids- og velferds-forvaltninga	300 269	214 000	483 182	125,8
605	Arbeids- og velferdsetaten	15 259 108	15 656 968	16 085 012	2,7
606	Trygderetten	125 245	124 638	125 427	0,6
	Sum kategori 09.10	15 684 622	15 995 606	16 693 621	4,4

Utgifter under programkategori 09.10 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
01–29	Statens eigne driftsutgifter	15 543 334	15 858 606	15 761 323	-0,6
30–49	Nybygg, anlegg o.a.	141 288	137 000	113 850	-16,9
	Sum kategori 09.10	15 684 622	15 995 606	15 875 173	-0,8

Arbeids- og inkluderingspolitikken skal legge til rette for høg sysselsetting og gode velferdsordningar som gir økonomisk tryggleik og små forskjellar. Arbeid er grunnlaget for verdiskaping, finansiering av velferdssamfunnet og for deltaking, sjølvstende og tilhøyrsle for den enkelte.

Arbeids- og velferdsforvaltninga speler ei viktig rolle for å bidra til arbeids- og inkluderingspolitikken og fleire av måla som ligg til grunn for politikken, bl.a. måla Ein velfungerande arbeidsmarknad med god utnytting av arbeidskrafta, Redusere sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet og Inntektssikringsordningar som gir økonomisk tryggleik og samtidig stimulerer til arbeid.

For nærmare omtale av måla, sjå andre programkategoriar under del II.

Arbeids- og velferdsforvaltninga består av den statlege Arbeids- og velferdsetaten og dei delane av kommunetenestene som inngår i Nav-kontoret. Det statleg-kommunale samarbeidet i Nav-kontoret, partnarskapet, gir brukarane både statlege og kommunale arbeids- og velferdstenester. Arbeids- og velferdsforvaltninga skal fremme overgang til arbeid, sikre inntekt og kompensere for særlege utgifter og bidra til sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet.

Den statlege Arbeids- og velferdsetaten er nærmare omtalt under kapitla i denne programkategorien. Programkategorien inneheld også omtale av Trygderetten, som er eit domstolsliknande forvaltningsorgan som skal avgjere om enkeltpersonar har rett til trygd og pensjon. Trygderetten behandlar saker frå Arbeids- og velferdsetaten, Nasjonalt klageorgan for helsetenesta og offentlege pensjonskasser der det er ueinigheit om retten til trygde- og pensjonsytingar.

Programkategori 09.10 inneheld kapitla 604, 605, 3605 og 606.

Kap. 604 Utviklingstiltak i arbeids- og velferdsforvaltninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast, kan nyttast under post 45*	158 981	77 000	116 832
45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, *kan overførast, kan nyttast under post 21*	141 288	137 000	366 350
	Sum kap. 604	300 269	214 000	483 182

Overført frå 2025 til 2026:
Post 21: 13 640 000 kroner
Post 45: 41 450 000 kroner

Allmenn omtale

Løyvinga dekker utgifter til særskilde utviklingstiltak i arbeids- og velferdsforvaltninga. For 2027 dekker løyvinga utgifter til prosjekt i IKT-moderniseringa i Arbeids- og velferdsetaten som er starta opp tidlegare år, Prosjekt 4 og Prosjekt 5. Utviklinga av moderne systemløysingar under kap. 604 held fram, og regjeringa foreslår i 2027 og starte opp eit sjette prosjekt, Prosjekt 6, i IKT-moderniseringa.

Modernisering av IKT-systema til etaten har vore, og er framleis, nødvendig for å skifte ut svært gamle system som ikkje tilfredsstiller krav til sikkerheit og brukarvennlege tenester. Systema fører òg til unødvendig mykje manuell behandling i ytingsforvaltninga, og komplekse og gamle løysingar gjer det vanskeleg å implementere politiske reformer. Formålet med moderniseringa er å bidra til meir effektiv saksbehandling, betre tenester for brukarane, auka sikkerheit og endringsevne, ei einskapleg arbeids- og velferdsforvaltning og betre tenester overfor offentlege og private samarbeidspartnarar.

Moderniseringa gir bl.a. auka automatisering av vedtaksbehandlinga, nye sjølvbeteningsløysingar for brukarane, digital samhandling med samarbeidspartnarar og betre integrasjon med viktige fellesløysingar i offentleg sektor. Dette vil bidra til betre kvalitet i ytingsforvaltninga og i dei arbeidsretta tenestene, raskare saksbehandling og redusert risiko for feilutbetalingar. Brukarane vil i stadig høgare grad oppleve at dei ikkje treng å gi opplysningar til forvaltninga meir enn éin gong. I moderniserte løysingar er nødvendig informasjonssikkerheit definert som eit absolutt krav.

I Prosjekt 4 er utviklinga av kritisk funksjonalitet for saksbehandlingsløysingane ferdig i tråd med føresetnadene for innhaldet i prosjektet. Det gjenstår nokre oppgåver knytt til å ferdigstille løysingane og å migrere gamle saker frå Arena til ny løysing, jf. òg omtale i Prop. 1 S (2025–2026). Prosjektet er planlagt avslutta i 2027. For 2026 er løyvinga (inkludert overført beløp frå 2025) 155,1 mill. kroner til Prosjekt 4. For 2027 blir det foreslått løyvd 19 mill. kroner til prosjektet. Som for tidlegare år, blir det foreslått å ta ut gevinstar i tråd med forpliktande gevinstrealiseringsplan for prosjektet, jf. forslag under kap. 605, post 01.

I Prosjekt 4 er det lansert nye søknads- og innsynsløysingar for dagpengar, arbeidsavklaringspengar, tiltakspengar, ei løysing for digital utveksling av informasjon med tiltaksarrangørar og lansert ny saksbehandlingsløysing for tilleggsstønadene tilsyn barn, læremiddel, buutgifter og dagleg reise. Det er lansert eit nytt arbeidssøkarregister, og på tiltaksområdet er det lansert nye saksbehandlingsløysingar for dei aller fleste tiltakstypane. På ytingsområdet er det lansert nye saksbehandlingsløysingar for ytingane dagpengar, arbeidsavklaringspengar og tiltakspengar. Det er òg lansert ei nasjonal løysing for arbeidslivsenterane, slik at desse betre kan støtte verksemder som får tenester frå senterane. Det er òg lansert ei løysing som samlar kvalitetssikra informasjon om arbeidsmarknadstiltak på éin stad. Utbetalingsløysinga Abetal blei, som planlagt, fasa ut tidleg i 2023.

I 2026 starta arbeidet med Prosjekt 5 i IKT-moderniseringa i Arbeids- og velferdsetaten i tråd med Stortinget sitt vedtak om kostnadsramme for prosjektet på 344 mill. kroner, jf. òg omtale i Prop. 1 S (2025–2026). Prosjekt 5 er planlagt gjennomført i perioden 2026–2028. For 2026 er løyvinga 114 mill. kroner til Prosjekt 5. For 2027 blir det foreslått løyvd om lag 132 mill. kroner til prosjektet.

I Prosjekt 5 blir det gjennomført nødvendig systemutvikling på pensjons- og uføreområdet i Arbeids- og velferdsetaten, for å forlenge levetida

til systemløysinga og redusere risikoen for at etaten ikkje kan behandle og utbetale ytingar til pensjonistar og uføretrygda.

Utviklinga av moderne systemløysingar under kap. 604 held fram. Noverande utbetalingsløysing i Arbeids- og velferdsetaten består av ulike applikasjonar, og baserer seg på fleire programmeringsspråk og plattformer. Mange av applikasjonane har høg risiko for feil. Teknologien er 20-30 år gammal. Det må derfor settast i verk tiltak for å ivareta krav til grunnleggande nasjonale funksjonar (GNF). Arbeids- og velferdsetaten har òg forpliktingar gjennom folketrygdlova, økonomiregelverket, sikkerheitslova, arkivregelverket og personvernregelverket. Dersom det ikkje blir sett i verk tiltak på utbetalingsområdet, vil det vere høg risiko for fleire feilsituasjonar og meir ustabil drift. Det aukar risikoen for at etaten ikkje får utbetalt ytingar til brukarane.

Regjeringa foreslår derfor å starte arbeidet med eit sjette prosjekt, Prosjekt 6 i IKT-moderniseringa i Arbeids- og velferdsetaten, for å teknisk modernisere utbetalingsløysinga i etaten. Prosjektet er greidd ut etter statens prosjektmodell med ekstern kvalitetssikring av konsept (KS1) og plangrunnlag (KS2). Regjeringa foreslår i tråd med anbefalinga til ekstern kvalitetssikrar at Prosjekt 6 startar opp i 2027. Regjeringa foreslår ei kostnadsramme på 1 439 mill. kroner, jf. forslag til romartallsvedtak. I samanheng med det er løyvinga foreslått auka med 332 mill. kroner for 2027.

Ekstern kvalitetssikrar konkluderer med at prosjektet er samfunnsøkonomisk lønnsamt, basert på høg positiv verknad av dei ikkje-prissette effektane som veg opp for dei prissette kostnadene. Den største positive verknanden er at prosjektet bidrar til auka sikkerheit for at Arbeids- og velferdsetaten kan utbetale ytingar, og at etaten unngår midlertidig bortfall av utbetalingsløysinga.

Prosjektet vil bidra til at Arbeids- og velferdsetaten kan gå bort frå stormaskin og eldre programmeringspråk på utbetalingsområdet. Etaten vil nytte nyare teknologi, der kompetansetilfanget frå markedet er tilstrekkeleg for framtidig vedlikehald og vidareutvikling av utbetalingsløysinga.

Ein overgang til nyare teknologi vil dekke etterlevingsgapa i sikkerheitslova, og vil sikre at Arbeids- og velferdsetaten ivaretar GNF. Prosjekt 6 vil legge til rette for etterleving av anna regelverk, og at dei fleste identifiserte avvika blir lukka.

IKT-moderniseringsprosjekta er komplekse prosjekt med tydeleg risiko i gjennomføringa. Arbeids- og inkluderingsdepartementet følger prosjekta tett med omsyn til gjennomføring, risiko og nødvendige tiltak undervegs for å nå formålet med moderniseringsarbeidet.

Budsjettforslag 2027

For 2027 foreslår regjeringa å løyve 483,2 mill. kroner til Prosjekt 4, Prosjekt 5 og Prosjekt 6 i IKT-moderniseringa i Arbeids- og velferdsetaten.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 45

For 2027 er det foreslått ei løyving på 116,8 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast, kan nyttast under post 21

For 2027 er det foreslått ei løyving på 366,4 mill. kroner.

Kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
01	Driftsutgifter	15 194 069	15 581 176	16 000 916
22	Forskings- og utgreiingsaktivitetar, *kan overførast*	65 039	75 792	84 096
	Sum kap. 605	15 259 108	15 656 968	16 085 012

Overført frå 2025 til 2026:
Post 01: 641 295 000 kroner
Post 22: 26 436 000 kroner

Allmenn omtale

Arbeids- og velferdsetaten har ansvaret for å gjennomføre den statlege delen av arbeids- og velferdspolitikken og forvaltar arbeidsmarknadslova, folketrygdlova (med unntak av kapittel 5 Stønad ved helsetenester) og andre lover der oppgåver er lagde til etaten. Etaten skal sikre rett yting og teneste til kvar enkelt og følge opp og kontrollere tenester, ytingar og utbetalingar. Sentrale brukargrupper omfattar arbeidssøkarar, mottakarar av helserelaterte ytingar og familieytingar, pensjonistar og brukarar av hjelpemiddel. Etaten yter òg tenester til arbeidsgivarar og samhandlar med aktørar i ulike sektorar.

Arbeids- og velferdsdirektoratet leier Arbeids- og velferdsetaten og er fagdirektorat for etaten og for dei kommunale sosiale tenestene. I dei fleste tilfella er det dei lokale Nav-kontora som følger opp brukarar og tilbyr tenester. I første tertial 2026 var det i gjennomsnitt om lag 14 600 statlege årsverk og i oktober 2025 om lag 6 700 kommunalt tilsette i arbeids- og velferdsforvaltninga.

I 2025 blei det utbetalt om lag 703 mrd. kroner i statlege ytingar. Utgifter til kommunale stønader som Nav-kontora forvaltar, og ytingar på vegner av Statens pensjonskasse kjem i tillegg. I 2025 fekk om lag 3 millionar brukarar ei utbetaling frå Arbeids- og velferdsetaten.

Rapportering, strategiar og tiltak for 2027

Arbeids- og velferdsforvaltninga har ei viktig rolle i å bidra til bl.a. arbeid til alle i eit inkluderande arbeidsliv, gode velferdstenester og mindre ulikskap i levekår.

Regjeringa har oppretta ei ekspertgruppe som skal gi konkrete råd til korleis Arbeids- og velferdsetaten bør organiserast framover for å gi folk betre tenester. Regjeringa vil at ekspertgruppa skal gå igjennom om etaten fungerer etter hensikta, og om arbeids- og velferdsforvaltninga er godt nok rusta for framtida.

Regjeringa har oppnemnd eit utval som skal revidere folketrygdlova. Det skal foreslå endringar for at lovverket til folketrygda skal bli enklare. Målet er bl.a. at brukarane skal få betre hjelp frå Arbeids- og velferdsetaten.

Regjeringa auka i 2022 ramma til Arbeids- og velferdsetaten varig med 225 mill. kroner. I 2025 sørgde regjeringa for ein ytterlegare varig auke av ramma til etaten med 100 mill. kroner for å møte utfordringa med lange saksbehandlingstider og betre kvaliteten i saksbehandlinga. Regjeringa foreslår for 2027 å auke ramma med 50 mill. kroner.

Regjeringa legg gjennom tillitsreforma vekt på å gi Nav-kontora og tilsette i førstelinja større handlingsrom til å nyttiggjere seg av den faglege kompetansen sin i arbeidet. Formålet er at folk skal få betre tenester som er tilpassa ulike behov og livssituasjonar. Det betyr bl.a. å utnytte det statleg-kommunale samarbeidet i Nav-kontora betre for å gi fagleg gode og lokalt tilpassa tenester og at dei tilsette reelt skal vere med på å bestemme.

Av Prop. 1 S (2024–2025) gjekk det fram at Arbeids- og velferdsetaten har sett i gang tiltak og forsøk med formål om at samarbeidet mellom leiinga, medarbeidarane, dei tillitsvalde, vernetenesta og brukarutval i etaten skal vere tett og tillitsfullt. Dette arbeidet skjer i hovudsak lokalt, og er eit tiltak i tillitsreforma. F.eks. skal etaten, saman med Trondheim kommune, i 2026 starte opp eit forsøk med éi yting til unge under 30 år, med individuell oppfølging og eit fokus på ressursar og moglegheiter framfor avgrensingar – *Eit enklare Nav – aktivitetspengar for unge*. Sjå nærmare omtale av forsøket under del II, programkategori 29.50 Inntektssikring ved sjukdom, arbeidsavklaring og uførleik.

Mange av fagsystema i Arbeids- og velferdsetaten er gamle og utdaterte, og det tar tid å endre dei. Etaten ønsker å utvikle nye løysingar som tar omsyn til personvern i alle utviklingsfasar og fase ut gamle IKT-system som ikkje ivaretar dagens krav. Dette arbeidet skjer gjennom både det kontinuerlege vedlikehaldet og fornyinga som etaten gjer med midlar frå ordinær driftsramme (kap. 605, post 01) og konkrete prosjekt som det er løyvd særskilde midlar til. Det går fram av tidlegare budsjettproposisjonar til Stortinget at moderniseringa av fagsystema er nødvendig for bl.a. å etterleve alle krav til regelverk og intern kontroll. Det gjekk bl.a. fram av Prop. 1 S (2012–2013) at arbeidet med å betre den interne kontrollen i Arbeids- og velferdsetaten sine IKT-system er eit langsiktig arbeid, og at eit fullverdig regime for intern kontroll i systema kan tidlegast vere klart når den planlagde moderniseringa av etatens IKT-system er gjennomført. Moderniseringa av Arbeids- og velferdsetaten sine system har vore, og er framleis, nødvendig av omsyn til krav i økonomiregelverket og krav til sikkerheit og personvern, men òg for å gi betre tenester, jf. omtale av IKT-moderniseringa i etaten under kap. 604 og forslag om eit nytt Prosjekt 6 i moderniseringa.

Arbeids- og velferdsdirektoratet har dei siste åra arbeidd med å etablere eit heilskapleg kvalitetssystem som vil vere eit viktig element for å bidra til god kvalitet i vedtak og tenester i etaten, og dermed òg eit viktig bidrag for å betre intern-

kontrollen. Arbeidet med utvikling og forbetring av kvalitet og internkontroll held fram. Krava til internkontroll i etaten er nærmare spesifisert i Instruks om virksomhets- og økonomistyring for Arbeids- og velferdsdirektoratet. Departementet sett òg krav til internkontroll i tildelingsbrevet og instruksen til direktoratet.

På bakgrunn av bl.a. Riksrevisjonen sin kritikk av internkontrollen i Arbeids- og velferdsetaten i Dokument 1 (2025–2026) og tilrådingar til departementet, blei KPMG engasjert til å gjere ein ekstern gjennomgang og vurdering av internkontrollen i etaten, knytt til etaten sin IKT-portefølje. KPMG leverte sin rapport i juni 2026. Departementet vil ha dialog med Arbeids- og velferdsdirektoratet for å følge opp hovudfunn og tilrådde tiltak. Oppfølginga vil sjåast i samanheng med etaten sitt eige pågåande arbeid med å forbetre internkontrollen i etaten.

Som ein del av eit nytt, breitt pensjonsforlik i 2024, sjå nærmare omtale under del I, punkt 2.2.5 Pensjonsreforma, er det einigheit om at det skal utarbeidast ein heilskapleg strategi for informasjon på pensjonsområdet. I pensjonsavtale 28. februar 2024 heter det bl.a.; *«Arbeids- og velferdsetaten skal ha tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å bistå den enkelte i spørsmål om eigne pensjonsval. Også rollene og ansvaret til tenestepensjonsleverandørane må inngå i informasjonsstrategien.»* På denne bakgrunnen har Arbeids- og velferdsdirektoratet utarbeidd eit utkast til ein slik strategi. I det vidare arbeidet med ein heilskapleg strategi for informasjon på pensjonsområdet vil Arbeids- og velferdsdirektoratet avklare kva føresetnader som må ligge til grunn for at eit slikt heilskapleg ansvar kan forvaltast på ein god måte.

Arbeidsretta tenester

Dei arbeidsretta tenestene frå Arbeids- og velferdsetaten skal bidra til at fleire kjem i arbeid, og til at verksemdene får dekt behovet sitt for arbeidskraft.

For at arbeidssøkarar og arbeidstakarar raskt skal finne kvarandre har Arbeids- og velferdsetaten ei viktig rolle i å gi mest mogleg fullstendig informasjon om stillingsmarknaden. Etaten tilbyr rekutteringsbistand til arbeidsgivarar som ønsker å tilsette personer med bistandsbehov, og kan bl.a. bistå ved opp- og nedbemanningar. Arbeids- og velferdsetaten tilbyr også individuelt tilpassa formidlingsbistand til dei som ikkje kjem i jobb på eiga hand. Rekruttering og formidling av arbeidskraft frå og til EØS-området skjer i tillegg gjennom samarbeidet mellom arbeidsmarknadsmyndigheitene i EØS-landa og Sveits i EURES-nettverket (European Employment Services), no dels samorda med ELA.

Etaten har ei viktig rolle i å støtte personar som treng hjelp til å komme i arbeid, både ordinære arbeidssøkarar og dei som står lenger unna arbeidsmarknaden og har behov for meir omfattande oppfølging. Ungdomsgarantien omfattar unge mellom 16 og 30 år som treng hjelp frå Arbeids- og velferdsetaten for å komme i arbeid eller utdanning. Garantien skal sikre at dei unge får ein fast kontaktperson og tidleg, tett og tilpassa oppfølging så lenge det er nødvendig. Arbeidsmarknadstiltaka er viktige verkemiddel for å styrke den enkelte sin moglegheit til å skaffe eller behalde arbeid, sjå nærmare omtale under programkategori 09.30 Arbeidsmarknad.

Arbeids- og velferdsetaten har også ei sentral rolle i sjukefråværsarbeidet. Vi viser til nærmare omtale av arbeidet etaten gjer for å redusere sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet og følge opp IA-avtalen under programkategori 29.50 Inntektssikring ved sjukdom, arbeidsavklaring og uførleik.

For å sikre ei kunnskapsbasert utvikling av arbeids- og velferdsforvaltninga er det viktig å utvikle god informasjon om resultata av innsatsen Arbeids- og velferdsetaten legg ned for å få fleire i arbeid. I 2025 tok Arbeids- og velferdsdirektoratet i bruk ein ny indikator for overgang til arbeid. Indikatoren tar omsyn til brukarsamansetting og lokale arbeidsmarknadsforhold. Indikatoren, som er utvikla saman med Oslo Economics og Frisch-senteret[2], gir eit betre bilde av korleis innsatsen til forvaltninga påverkar vegen mot arbeid for brukarane, enn det rein statistikk over overgang til arbeid gjer. Indikatoren skal bidra til læring, utvikling og betre avgjerder i Nav-kontora. Resultata så langt viser ein svakt negativ indikator, men ei positiv utvikling frå året før. Det betyr at Arbeids- og velferdsetaten hjelper om lag like mange inn i arbeid som ein kunne forvente ut frå tidlegare resultat. Arbeidet med nye indikatorar må sjåast i samanheng med evalueringar, jf. omtalen nedanfor om *Kunnskapsbaserte tenester*.

Ytingsforvaltninga

Eit sentralt mål for ytingsforvaltninga er at brukarane skal få utbetalt rett yting til rett tid. Vidare skal forvaltninga av ytingane sørge for høg kvalitet i vedtaka og at brukarane får ivaretatt rettane sine på ein god måte.

---

[2] Oslo Economics og Frisch-senteret (2022). *Hvordan kan vi måle om NAV lykkes med å få flere i arbeid?* Rapport 2022:10. Oslo: Oslo Economics.

For 2025 blei ramma til etaten varig auka med 100 mill. kroner for å møte utfordringa med lange saksbehandlingstider og betre kvaliteten i saksbehandlinga.

Auken i antalet personar som treng hjelp frå Arbeids- og velferdsetaten, har ført til fleire søknader om ytingar. Likevel var det i 2025 nedgang i dei samla saksbehandlingstidene. I 1. tertial 2026 steig dei noko igjen. Det er framleis utfordringar med restansar og lang saksbehandlingstid på fleire område. Regjeringa foreslår å auke ramma til Arbeids- og velferdsetaten med 50 mill. kroner, bl.a. til styrkt saksbehandling av sjukepengesaker, jf. omtale i Prop. 96 S (2025–2026) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2026*.

Det er viktig at etaten sørger for at personar ikkje blir ståande utan yting til livsopphald som ein konsekvens av lang saksbehandlingstid.

Ekspertgruppa som regjeringa oppretta, skal gi konkrete råd til korleis Arbeids- og velferdsetaten bør organiserast framover for å gi folk betre tenester. Folketrygdlovutvalet skal komme med forslag til forenklingar av regelverket. Utvalet skal bl.a. legge til rette for masseforvaltning, digitalisering og hel-/delautomatisert saksbehandling.

Som ledd i kontrollarbeidet til Arbeids- og velferdsetaten deltar etaten i det tverretatlege samarbeidet mot arbeidslivskriminalitet. Grov trygdesvindel er ofte mogleg gjennom, eller kombinert med, annan arbeidslivskriminalitet eller andre former for økonomisk kriminalitet. Arbeids- og velferdsetaten er derfor ein viktig deltakar i a-krimsamarbeidet. Vi viser til nærmare omtale av det tverretatlege samarbeidet under programkategori 09.40 Arbeidsmiljø og sikkerheit.

Justis- og beredskapsdepartementet har sett ned ei interdepartemental samordningsgruppe som skal følge opp tiltak frå Meld. St. 15 (2023–2024) *Felles verdier – felles ansvar – Styrket innsats for forebygging og bekjempelse av økonomisk kriminalitet.* Fleire tiltak i meldinga gjeld Arbeids- og velferdsetatens innsats mot trygdesvindel og krev bidrag frå etaten.

Hjelpemiddelforvaltninga

Hjelpemiddel frå folketrygda skal kompensere for utgifter til å betre arbeidsevna eller funksjonsevna i dagleglivet for personar som har varig sjukdom, skade eller lyte. I samarbeid med kommunar, fylkeskommunar og den statlege spesialisthelsetenesta skal hjelpemiddelsentralane bidra til å halde ved lag tilgjengelege og samanhengande tenester av høg kvalitet.

Hjelpemiddelforvaltninga står overfor ulike utfordringar, særleg knytte til ei auka saksmengd, som i hovudsak skriv seg frå den demografiske utviklinga med ein aukande andel eldre i befolkninga. Det er også utfordringar knytte til korleis hjelpemiddelforvaltninga skal møte endra forventningar blant brukarane.

Hjelpemiddelsentralane

Saksbehandlingstidene for saker behandla på hjelpemiddelsentralane har vore god trass auka saksmengde, særleg for hjelpemiddel til dagleglivet.

Det blir satsa på digitale løysingar for å effektivisere og forenkle handteringa av hjelpemiddel for å ta hand om den auka saksmengda.

Hjelpemiddelsaker i Nav Arbeid og ytingar

Nav Arbeid og ytingar behandlar også enkelte hjelpemiddelsaker, slik som høyreapparat og ortopediske hjelpemidlar. Dei fleste sakene gjeld refusjonar til firma som leverer hjelpemiddel til brukarar. Dei siste åra har det vore lang saksbehandlingstid på hjelpemiddelsaker i Nav Arbeid og ytingar.

Forvaltninga av stønad til høyreapparat er delt mellom Arbeids- og velferdsetaten og spesialisthelsetenesta. På bakgrunn av lange ventetider for å få tildelt høyreapparat, lanserte regjeringa i juni 2025 ein høyreapparatgaranti med mål om maksimalt fire månaders ventetid på høyreapparat innan 2029. Arbeids- og inkluderingsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet samarbeider no om å sjå på moglege endringar i regelverk og saksbehandling slik at ventetidene blir reduserte.

Vi viser til nærmare omtale av hjelpemidlar under programkategori 29.60 Kompensasjon for meirutgifter ved nedsett funksjonsevne m.m. Når det gjeld høyreapparat, viser vi også til nærmare omtale i budsjettproposisjonen for Helse- og omsorgsdepartementet.

Betre brukarmøte

Arbeids- og velferdsetaten arbeider for å legge til rette for betre brukarmøte. Arbeids- og velferdsdirektoratet hentar inn informasjon om erfaringane personbrukarane og arbeidsgivarane har med etaten og vurderingane deira av tenestene frå etaten gjennom årlege brukarundersøkingar. Brukarundersøkingane for 2026 er venta å vere klare innan 1. desember. Brukerundersøkingane frå 2025 viser at 76 pst. har tillit til Arbeids- og velferdsetaten. For to år sidan svarte 74 pst. at dei hadde

tillit. For tre år sidan var andelen 71 pst. For dei som meiner at dei blir møtt med respekt, har andelen auka i seinare år og var i 2025 på 82 pst.

Nav.no blir mykje brukt. For siste halvdel av 2025 hadde nav.no om lag 4,8 millionar innloggingar kvar månad. Digitaliseringa av tenestene endrar måten arbeids- og velferdsforvaltninga tilbyr tenestene sine på, noko som blei forsterka i samanheng med koronapandemien. Det generelle arbeidet med å utvikle digitale tenester tar utgangspunkt i behova og føresetnadene til innbyggarane. Det har over år blitt lansert fleire nye digitale løysingar for både brukarar, arbeidsgivarar og saksbehandlarar.

Digitale tenester gir i mange tilfelle grunnlag for å erstatte og supplere besøk på Nav-kontoret. Kombinasjonen av digitale tenester og dialog, telefoni og fysiske møte gjer brukarmøtet meir fleksibelt og tilgjengeleg. For nærmare omtale av digital utvikling, sjå overskrifta Effektivisering gjennom digitalisering og kap. 604. For brukarar som har behov for å oppsøke Nav-kontoret, f.eks. ved individuelle vurderingar av stønad til livsopphald og arbeidsretta oppfølging, vil det vere tenleg med ein timeavtale slik at både brukaren og rettleiaren kan vere førebudde og ha moglegheit til å sette av tilstrekkeleg tid. Nav-kontoret skal samtidig sørge for nødvendig bistand til brukarar som ikkje er på digitale plattformer, er i ein nødssituasjon, har lese- og skrivevanskar, språkproblem, eller som av andre årsaker har vanskeleg for å bruke sjølvbeteningsløysingar og telefoni. Arbeids- og velferdsetaten har sidan 2024 hatt eit eige tilbod om telefonrettleiing til brukarar på samisk.

Kunnskapsbaserte tenester

Brukarane til Arbeids- og velferdsforvaltninga skal bli møtt av kunnskapsorienterte rettleiarar og saksbehandlarar med høg kompetanse.

Arbeids- og velferdsdirektoratet har sidan 2016 styrkt samarbeidet med universitets- og høgskolesektoren for å auke kvaliteten og relevansen i forskinga, utdanningane og kunnskapsutviklinga på tenesteområda til forvaltninga. Direktoratet har per hausten 2026 samarbeidsavtalar med OsloMet – Storbyuniversitetet, Universitetet i Innlandet (INN), Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU), Juridisk fakultet ved Universitetet i Oslo (UiO) og Universitetet i Agder (UiA).

Kunnskapstilfanget på arbeids- og velferdsfeltet er betydeleg, både gjennom forskingsprogram, evalueringar, kunnskapsoversikter og ei rekkje FoU-prosjekt og analysar i regi av Arbeids- og velferdsetaten.

Arbeids- og velferdsetaten nyttar ordninga offentleg sektor-ph.d. Til saman har sju kandidatar disputerte sida ordninga blei oppretta, og Arbeids- og velferdsdirektoratet finansierer per hausten 2026 fem stipendiatar i ordninga. Direktoratet er partnar i fleire forskingssøknader og forskarskoler i regi av Forskingsrådet, og er partnar i KI-sentret The Norwegian Centre for Trustworthy AI (TRUST) som vart innvilga støtte i 2025. Ei satsing på forskingstøtta digitalisering av arbeids- og velferdstenestene vart starta i direktoratet i 2025.

Direktoratet inngjekk nye rammeavtalar for FoU-oppdrag med ei rekkje forskingsmiljø på områda evalueringar, kartlegging og analyse, effektstudiar og kunnskapsoppsummeringar i 2025. Undersøkingar av effektar av tiltak og tenester forvaltninga administrerer og set i verk, blir supplerte med systematiske kartleggingar av erfaringar frå tenesteytarar og brukarar. Kunnskapen blir brukt inn i tenesteutviklinga til forbetring av praksis, og som grunnlag for råd og avgjerder.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet samarbeider med Arbeids- og velferdsdirektoratet om kunnskapsbehov i arbeids- og velferdssektoren. Direktoratet har utarbeida ein FoU-strategi for Nav for perioden 2026–2030 som stadfestar prinsippa for FoU-arbeidet i arbeids- og velferdsforvaltninga. Strategien presenterer verkemiddel for FoU-arbeidet, beskriv korleis FoU-arbeid kan bidra til kunnskapsbasert praksis- og utviklingsarbeid i forvaltninga og til å forsterke rolla som fagdirektorat gjennom å forbetre grunnlaget for avgjerder, råd og anbefalingar. Strategien har òg tre nye strategiske utviklingsområde som skal støtte opp under kunnskapsbasert tenesteutvikling i Nav: systematisk utprøving og forsøksverksemd, utvikling av modell for praksisnær tenesteutvikling og utvikling av verktøy som skal understøtte at kunnskap vert teken i bruk.

Det er i strategiperioden lagt særleg vekt på kunnskapsoppbygging innan tre tematiske satsingsområde – «Nav og innbyggarane», «Arbeidsinkludering» og «Tillit og rettstryggleik». Direktoratet har årleg hatt opne utlysingar av forskingsmidlar til satsingsområda, der forskingsmiljøa kan søkje om støtte til prosjekt frå ein pott på inntil 30 mill. kroner. Fire nye forskingsprosjekt innan satsingsområdet «Samhandling med brukarane» fekk støtte i 2025. Seinhausten 2026 blei det gjort ei open utlysing innan satsingsområdet «Arbeidsinkludering». Grunna arbeidet med ny strategi vart det inga utlysing i 2025.

Rolla Arbeids- og velferdsdirektoratet har som fagdirektorat for etaten og dei kommunale sosiale

tenestene skal vidareutviklast. Det inneber både å legge til rette for kunnskapsutviklinga på feltet, og byggje opp under ein lærande organisasjon der kunnskap kan bli formidla og teken i bruk i forvaltninga på tenlege måtar lokalt, regionalt og sentralt. Den kunnskapsfunksjonen og rolla direktoratet har som fagleg rådgivar for departementet, og som kompetanseorgan ut mot sektoren, andre offentlege organ og allmenta, skal òg vidareutviklast.

Effektivisering gjennom digitalisering

Gode, digitale løysingar for brukarane og organisatoriske tilpassingar for auka kvalitet og effektivitet i saksbehandlinga og tenesteproduksjonen er viktige for å kunne gi betre oppfølging av dei brukarane som treng bistand for å komme i arbeid. Etaten har over tid dreidd frå manuell saksbehandling til digitale løysingar og er i gang med fleire viktige tiltak for tenesteutvikling og digitalisering som kvar for seg vil kunne gi positive verknader for brukarane og for effektiviseringa av forvaltninga. Som ein del av arbeidet med å forbetre informasjonsutvekslinga mellom Arbeids- og velferdsetaten og helsetenesta, blir det utvikla ei ny digital sjukmeldingsløysing. Sjå nærmare omtale under målet Redusere sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet under programkategori 29.50 Inntektssikring ved sjukdom, arbeidsavklaring og uførleik og forslag til auka løyving under kap. 605, post 01.

Ei grunnleggande modernisering av IKT-systema i Arbeids- og velferdsetaten er nødvendig for å skifte ut svært gamle system som ikkje tilfredsstiller krav til sikkerheit og brukarvennlege tenester. IKT-moderniseringa i etaten har så langt bestått av fleire prosjekt, og det blir foreslått eit nytt Prosjekt 6 i moderniseringa, jf. nærmare omtale under kap. 604.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet arbeider saman med underliggande verksemder og forvaltninga elles for å tilpasse regelverket slik at det legg til rette for digital utvikling, forenkling og ei effektiv forvaltning. Mindre manuell saksbehandling og fleire digitale løysingar medfører at ein større andel av driftsutgiftene blir nytta til digital produksjon og utvikling og til vedlikehald av digitale løysingar. Det vil bl.a. hindre at nye digitale løysingar raskt blir utdaterte og forelda.

Arbeids- og velferdsetaten har over fleire år arbeidd langsiktig og strategisk med å redusere avhengnaden til konsulentar. Etaten har tatt eit større ansvar og eigarskap til drift, forvaltning og vidareutvikling av digitale produkt, medan konsulentar skal bidra med kapasitet når etaten treng det til oppgåver av midlertidig karakter. Etaten hadde i 2025 om lag 400 interne utviklarar, mot ingen i 2015. Omfattande moderniseringstiltak vil framleis krevje målretta bruk av innleige i marknaden, både når det gjeld kapasitet og særskild spisskompetanse.

Etaten har eit klart mål om å halde fram med å redusere behovet for eksterne konsulentar og styrke intern kompetanse, først og fremst når det gjeld drift, forvaltning og vidareutvikling. Det er likevel ei utfordring at konkurransen om tilgangen på IKT-kompetanse er aukande.

Partnarskapet

Det var 246 Nav-kontor ved utgangen av 2025. Som følge av kommunesamanslåingar og vertskommunesamarbeid har det gjennom åra vore endringar i dei lokale partnarskapa. Det var 64 vertskommunesamarbeid med til saman 197 kommunar i 2024.

Partnarskapet mellom stat og kommune i Nav-kontora blir utøvd lokalt. Tenesteinnhaldet i Nav-kontora vil variere, avhengig av samarbeidsavtalen som er inngått mellom etaten og den enkelte kommunen. For å styrke partnarskapet og bidra til vidareutvikling av Nav-kontora har KS og Arbeids- og inkluderingsdepartementet ein samarbeidsavtale om partnarskapet i Nav-kontora. Samarbeidsavtalen er en del av konsultasjonsordninga mellom regjeringa og KS. Noverande avtale varar ut 2026, og avtalen blir evaluert hausten 2026. Fokusområda for noverande avtale er tilgjengelege, heilskaplege tenester og førebyggande arbeid, arenaer og prosessar for å styrke partnarskapet, og digitalisering i Nav-kontora. I tråd med avtalen har KS og departementet samarbeidd om ein felles strategi for digitalisering i Nav-kontora og har etablert ein felles samarbeidsarena for digitalisering i Nav-kontora. Dette støttar opp under digitaliseringspolitikken, med formål om auka samhandling og samordning mellom statleg og kommunal sektor for å sikre samanhengande tenester, auka deling av data og auka bruk av felles IKT-løysingar.

Digisos er eit samarbeid mellom KS Digital (digitale fellestenester for kommunar og fylkeskommunar), kommunane og Arbeids- og velferdsdirektoratet. Digisos har gitt betre tenester for dei som søker om stønad til livsopphald etter sosialtenestelova hos kommunane. Både digital søknad om økonomisk sosialhjelp og digitalt innsyn i eiga sak er tilgjengelege for alle.

Budsjettforslag 2027

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga under posten skal dekke lønns- og driftsutgifter i Arbeids- og velferdsetaten.

For 2027 blir det foreslått ei løyving på 16 mrd. kroner, som samla sett inneber ein auke med om lag 420 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2026. Dette inkluderer lønns- og prisjustering. Nedanfor er dei fleste forslaga til løyvingsendringar på posten samanfatta. Fleire av forslaga er omtalt nærmare under andre programkategoriar, kapittel og postar.

Bl.a. som ein oppfølging av auken i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett, foreslår regjeringa å auke ramma til Arbeids- og velferdsetaten med 50 mill. kroner, bl.a. til styrkt saksbehandling av sjukepengesaker, jf. omtale i Prop. 96 S (2025–2026) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2026*.

Regjeringa foreslår å auke driftsløyvinga til Arbeids- og velferdsetaten med 28,5 mill. kroner for å styrke innsatsen i ungdomsløftet gjennom ei bransjeretta satsing på inkluderande rekruttering av unge som står utanfor arbeid og utdanning. Innsatsen vil bli retta mot bransjar med behov for arbeidskraft. Løyvinga vil gi rom for å tilsette fleire marknadskontaktar i Arbeids- og velferdsetaten i utvalde regionar. Satsinga vil bli evaluert, sjå nærmare omtale under kap. 605, post 22.

Som følge av forslaget om å auke løyvinga til arbeidsmarknadstiltak i 2027, foreslår regjeringa å auke driftsløyvinga til Arbeids- og velferdsetaten med 6 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2026, sjå nærmare omtale under kap. 634, post 76.

Det blir også foreslått å auke løyvinga under kap. 605, post 01, med 9 mill. kroner til å gjennomføre om lag 300 nye VTA-plassar i 2027, jf. omtale under kap. 634, post 01 og post 77.

Det blir foreslått å auke løyvinga under kap. 605, post 01, med til saman 12 mill. kroner knytte til regelverksendringar for grunnstønad, jf. omtale under kap. 2661, post 70.

Det blir foreslått å auke løyvinga under kap. 605, post 01 med 19 mill. kroner knytt til forslaget om å avgrense retten til sjukepengar for uføre, sjå omtale under programkategori 29.50.

I 2026 blei driftsløyvinga til Arbeids- og velferdsetaten auka med 35,5 mill. kroner til rettleiarressursar og administrative kostnader til ungdomsprogrammet. Det ligg føre eit auka løyvingsbehov for vidareutvikling av systemstøtta i 2027. Løyvinga blir derfor foreslått auka med 14 mill. kroner i 2027. Sjå omtale under kap. 634.

I 2026 auka driftsløyvinga til Arbeids- og velferdsetaten med 10 mill. kroner til ei ny saksbehandlingsløysing for forsøket *Eit enklare Nav – aktivitetspengar for unge*. Driftsutgiftene til etaten i samanheng med forsøket vil auke i 2027. Løyvinga blir foreslått auka med 12,5 mill. kroner i 2027. Sjå nærmare omtale av forsøket under programkategori 29.50 Inntektssikring ved sjukdom, arbeidsavklaring og uførleik.

Gitt ny avtale om områdesatsing mellom Oslo kommune og staten frå 2027, foreslår regjeringa å styrke driftsløyvinga med 15 mill. kroner. Midla skal gå til Nav-kontor som er omfatta av områdesatsinga, med sikte på å auke innsatsen for å få fleire i arbeid.

Regjeringa foreslår å auke driftsløyvinga til Arbeids- og velferdsetaten med 27,8 mill. kroner til arbeid med å forbetre informasjonsutvekslinga mellom Arbeids- og velferdsetaten og helsetenesta. Som ein del av arbeidet blir det i første omgang utvikla ei ny digital sjukmeldingsløysing. Sjå nærmare omtale under målet Redusere sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet under programkategori 29.50 Inntektssikring ved sjukdom, arbeidsavklaring og uførleik.

Regjeringa foreslår å auke driftsløyvinga til Arbeids- og velferdsetaten med 18 mill. kroner til arbeidet med utvikling av avgjerdsstøtte for å gi betre støtte til sjukmeldar i vurderingar av behov for og omfang av sjukmelding. Arbeidet skal gjennomførast av Arbeids- og velferdsdirektoratet i samarbeid med Helsedirektoratet. Det skal løyvast 12 mill. kroner over Helse- og omsorgsdepartementets budsjett til arbeid i Helsedirektoratet. Det skal utviklast funksjonalitet for visning av fagleg retningslinje for sjukmeldingsarbeid og for betre funksjonsvurderingar i legane sine elektroniske pasientjournalsystem. Sjå nærmare omtale under målet Redusere sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet under programkategori 29.50 Inntektssikring ved sjukdom, arbeidsavklaring og uførleik.

Regjeringa foreslår å auke driftsløyvinga til Arbeids- og velferdsetaten med 6,7 mill. kroner for å skalere opp utprøvinga av to modellar for systematisk samhandling mellom Arbeids- og velferdsetaten og kommunehelsetenesta. Saman med ein auke i løyvinga under Helse- og omsorgsdepartementet sitt budsjett vil det gi rom for fleire pilotar. Det vil gi eit utvida tilbod og legge betre til rette for vidare evaluering. Sjå nærmare omtale under målet Redusere sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet under programkategori 29.50 Inntektssikring ved sjukdom, arbeidsavklaring og uførleik.

Arbeids- og velferdsetaten deltar i programmet for framtidas innkrevjing i regi av Skatteetaten. Programmet går føre seg i fleire steg. I den samanhengen foreslår regjeringa å redusere kap. 605, post 01 med 40,8 mill. kroner i 2027.

Driftsløyvinga blei auka med 30 mill. kroner i 2026 slik at Arbeids- og velferdsetaten kunne utvikle systema sine til å foreta automatiske trekk av fagforeiningskontingent. Frå og med 2027 vil Arbeids- og velferdsetaten ha kostnader knytt til drift og forvaltning av den nye løysinga på 6 mill. kroner. Løyvinga blir foreslått redusert med 24 mill. kroner i 2027.

I 2026 blei løyvinga auka med 13 mill. kroner til å utvikle betre lågterskeltilbod og meir tilpassa tenester for unge med samansette problem. Regjeringa foreslår å auke driftsløyvinga i samanheng med utviklingsarbeidet med 10 mill. kroner i 2027. Sjå også omtale under kap. 621, post 63.

I 2026 blei løyvinga auka med 12,5 mill. kroner for å gjennomføre forslag til endringar i uføreregelverket frå 1. juli 2026. Dette gjeld innføring av eit tak på reduksjonssatsen når uføretrygd blir kombinert med arbeid, auke minste inntekt før uførleik for gifte og sambuande og harmonisere minstenivåa for gifte og sambuande, som blei reversert i samanheng med Revidert nasjonalbudsjett 2026. Arbeids- og velferdsetaten vil ha varige driftskostnader som følge av regelendringane. Løyvinga blir foreslått redusert med 12 mill. kroner.

Som følge av auka fribeløp for uføretrygd blei driftsløyvinga auka med 6 mill. kroner i 2026. Det ligg føre eit redusert behov i 2027. Løyvinga blir foreslått redusert med 5 mill. kroner i 2027.

Regjeringa har tidlegare informert Stortinget om at oppfølginga av pensjonsforliket har tatt meir tid enn venta, jf. Prop. 1 S (2025–2026) og Prop. 96 S (2025–2026). Det ligg føre eit redusert løyvingsbehov for gjennomføring av endringane fra pensjonsforliket. Regjeringa foreslår å redusere kap. 605, post 01 med 5,1 mill. kroner i 2027. Sjå nærmare omtale av pensjonsforliket under del I, punkt 2.2.5 Pensjonsreforma.

Driftsløyvinga blei i 2026 auka med 3,6 mill. kroner i samanheng med oppstart av eit rekrutteringsprogram til helse- og omsorgssektoren, særleg for unge som står utanfor arbeid og utdanning. For å samle budsjettmidlane til programmet, blir det foreslått å overføre 3,6 mill. kroner frå kap. 605, post 01 til kap. 634, post 01.

Regjeringa forslår å flytte 10 mill. kroner frå kap. 605, post 01 til kap. 634, post 01 i samanheng med at pilotprosjektet om tettare oppfølging i VTA i ordinær verksemd er blitt ei permanent ordning.

For å samle budsjettmidlane til forskingsstøtte for digitalisering av arbeids- og velferdstenestene, blir det foreslått å overføre 2,5 mill. kroner frå kap. 605, post 01 til kap. 605, post 22.

Fra 1. januar 2027 får Trygderetten ansvar for direkte anke. Dette inneber endringar i arbeidsfordelinga mellom Nav klageinstans og Trygderetten. Overgangen til direkte anke vil gi mindre arbeid med ankesakene i Nav klageinstans. Løyvinga under kap. 605, post 01 blir derfor foreslått redusert med 2 mill. kroner.

Som følge av ny kostnadsfordelingsmodell for fellesløysingar i Digitaliseringsdirektoratet, blir kap. 605, post 01 foreslått redusert med 5,3 mill. kroner mot tilsvarande auke under kap. 1540 Digitaliseringsdirektoratet, post 23 Utvikling og forvaltning av nasjonale fellesløysingar.

Driftsløyvinga til Arbeids- og velferdsetaten blei auka med 2 mill. kroner i 2026 som følge av forslaget om å fase ut stønad til einsleg mor eller far frå 1. juli 2026 for hovudgruppa av mottakarar. Fra 2027 blir løyvinga redusert med 2 mill. kroner. Sjå nærmare omtale under kap. 2620.

Dei vedtatte endringane i etterlatneytingane i folketrygdlova inneber store endringar i saksbehandlingssystemet til Arbeids- og velferdsetaten. For å implementere reforma har det tidlegare år blitt løyvd midlar til formålet. Det ligg føre eit redusert løyvingsbehov for gjennomføring av reforma i 2027. Løyvinga blir foreslått redusert med 16,6 mill. kroner i 2027.

Driftsløyvinga til Arbeids- og velferdsetaten blir foreslått redusert med 102 mill. kroner som følge av gevinstuttak frå Prosjekt 4 i IKT-moderniseringa. Dette svarer til 50 pst. av dei årlege netto innsparingane.

Driftsløyvinga blir foreslått redusert med 0,9 mill. kroner som følge av lågare inntekter under kap. 3605, post 01.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 16 mrd. kroner.

Post 22 Forskings- og utgreiingsaktivitetar, kan overførast

FoU-midlane til Arbeids- og velferdsdirektoratet er i hovudsak samla under post 22. Løyvinga blir bl.a. nytta til kunnskapsinnhenting knytt til verkemiddel på områda til arbeids- og velferdsforvaltninga. Arbeids- og velferdsdirektoratet lyser ut FoU-midlar både som enkeltoppdrag og i form av opne utlysingar av prosjektmidlar innanfor tematiske satsingsområde. Vi viser til nærmare omtale ovanfor om kunnskapsbaserte tenester.

Som følge av at den styrka innsatsen i ungdomsløftet knytt til å hjelpe arbeidsgivarar som ønsker å rekruttere unge arbeidssøkarar skal bli evaluert, foreslår regjeringa å auke løyvinga under kap. 605, post 22 med 1,5 mill. kroner i 2027.

For å samle budsjettmidlane til forskingsstøtte for digitalisering av arbeids- og velferdstenestene, blir det foreslått å overføre 2,5 mill. kroner frå kap. 605, post 01 til kap. 605, post 22.

Det er foreslått overført 1,5 mill. kroner til følgeforsking av rekrutteringsprogrammet frå Helse- og omsorgsdepartementet kap. 760, post 21. Flyttinga er ei vidareføring av tilsvarande flytting i Revidert nasjonalbudsjett 2026, jf. Innst. 450 S (2025–2026).

For 2027 er det foreslått ei løyving på 84,1 mill. kroner.

Kap. 3605 Arbeids- og velferdsetaten

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
01	Administrasjonsvederlag	9 039	7 761	7 115
04	Tolketenester	6 761	5 063	5 250
05	Oppdragsinntekter m.m.	40 612	22 320	23 146
	Sum kap. 3605	56 412	35 144	35 511

Post 01 Administrasjonsvederlag

Inntektene under post 01 består av vederlag for administrasjonen etaten gjer av enkelte andre ytingar enn dei ytingane som er frå folketrygda.

Kjeldene til administrasjonsvederlag er
- kommunale tilleggsytingar
- Statens pensjonskasse

Arbeids- og velferdsetaten kan overskride løyvinga under kap. 605, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under denne posten, jf. forslag til romartalsvedtak II.

Det er venta ein reduksjon i inntektene på posten med 0,9 mill. kroner. Dei reduserte inntektene er knytt til at antalet som etaten fakturer for er blitt redusert som følge av ny offentleg AFP.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 7,1 mill. kroner.

Post 04 Tolketenester

Under post 04 blir det rekneskapsført inntekter frå tolketenester som andre instansar enn Arbeids- og velferdsetaten skal dekke. Arbeids- og velferdsetaten kan overskride løyvinga under kap. 605, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under denne posten, jf. forslag til romartalsvedtak II.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 5,3 mill. kroner.

Post 05 Oppdragsinntekter m.m.

Under post 05 blir det inntektsført bl.a. driftsrelaterte inntekter. Arbeids- og velferdsetaten kan overskride løyvinga under kap. 605, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under denne posten, jf. forslag til romartalsvedtak II.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 23,1 mill. kroner.

Kap. 606 Trygderetten

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
01	Driftsutgifter	125 245	124 638	125 427
	Sum kap. 606	125 245	124 638	125 427

Overført frå 2025 til 2026:
Post 01: 4 419 000 kroner

Allmenn omtale

Trygderetten er eit domstolsliknande forvaltningsorgan som skal avgjere om enkeltpersonar har rett til trygd og pensjon. Trygderetten behandlar saker frå Arbeids- og velferdsetaten, Nasjonalt klageorgan for helsetenesta og offentlege pensjonskasser der det er ueinigheit om retten til trygde- og pensjonsytingar.

Trygderetten er styrkt dei seinare åra og disponerte om lag 67 årsverk i 2025.

Rapportering, strategiar og tiltak for 2027

Nøkkeltal saksbehandling 2021–2025

År	2021	2022	2023	2024	2025
Innkomne saker	4 663	3 934	3 108	3 861	4 629
Behandla saker (produksjon)	3 415	4 114	5 149	4 918	4 437
Gjennomsnittleg saksbehandlingstid (dagar)	359	414	398	211	127
Saker med saksbehandlingstid på meir enn 12 månader	2 245	3 254	3 413	465	98
Restansar ved utgangen av året	4 826	4 646	2 505	1 448	1 640

Tabellen viser utviklinga i vesentlege indikatorar for ankebehandlinga i Trygderetten.

Saksinngangen til Trygderetten har svinga. I 2024 var det ein auke med totalt 3861 mottekne ankesaker, og 4629 ankesaker i 2025. Likevel har den gjennomsnittlege saksbehandlingstida, talet på saker med meir enn tolv månaders saksbehandlingstid og restansane gått betydeleg ned frå 2023 til 2025, jf. tabellen ovanfor. Arbeids- og velferdsetaten er ankemotpart i over 90 pst. av ankesakene. Saksinngangen til Trygderetten blir dermed påverka av bl.a. talet på vedtak om pensjons- og trygdeytingar i Arbeids- og velferdsetaten. Arbeids- og velferdsdirektoratet og Trygderetten samarbeider for å lage gode prognosar for ankeinngang til Trygderetten.

Trygderetten har dei seinare åra sett i gang fleire utviklings- og forbetringstiltak som har bidratt til å effektivisere saksavviklinga og drifta elles. Som del av oppfølginga av NOU 2023: 11 *Raskt og riktig* sette Trygderetten hausten 2023 i gang eit tidsavgrensa restanseprosjekt for å bygge ned restansar og gjennomføre andre tiltak som utvalet foreslo. Saksbehaldninga i Trygderetten har blitt betydeleg redusert dei seinare åra. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i 2025 var på om lag fire månader, som utgjer stor forskjell frå nærmare 14 månader i 2022.

Trygderetten held i 2026 frem med å bygge ned restansar for å førebu overgangen til direkte anke til Trygderetten 1. januar 2027. Direkte anke inneber at den private parten skal sende inn

anken sin over vedtaket frå ankemotparten om pensjon og trygd til Trygderetten, og ikkje til ankemotparten slik som ordninga har vore fram til no. Overgangen til direkte anke følger av Prop. 135 L (2024–2025) *Endringer i trygderettsloven mv. (ankeerklæring til Trygderetten, avgjørelse innen seks måneder mv.)* som ble vedtatt av Stortinget 1. juni 2025. Fleire av lovendringane i proposisjonen følger opp NOU 2023: 11 *Raskt og riktig* og skal bidra til betre og meir effektiv saksavvikling. Samtidig med innføring av direkte anke til Trygderetten, blir det bl.a. også innført eit krav om at Trygderetten skal behandle ankar innan seks månader frå dei tar imot saka. Innføringa inneber bl.a. meir rettleiing og førebuing av ankesakene enn tidlegare.

Der det er venta at ei avgjerd får betydning for praksisen på eit saksområde, kan det settast utvida rett, jf. trygderettslova § 7 andre ledd bokstav d. Utvida rett er viktig for rettsavklaring og einsarta praksis. I 2025 blei det avsagt tolv prinsipielle avgjerder med fem medlemmer og tre prinsipielle avgjerder med tre medlemmer. Gjennom fleire prosjekt, bl.a. saman med Nav klageinstans, jobbar Trygderetten med kontinuerleg forbetring av kvaliteten i vedtaka.

I NOU 2023: 11 *Raskt og riktig* blei det foreslått at Trygderetten får status som særdomstol. Regjeringa har valt å ikkje følge opp forslaget. Det er ikkje ønskeleg med fleire særdomstolar, ettersom generalistdomstolar er hovudregelen i Noreg. Trygderetten har òg raskare saksbehandling enn på fleire år. Dei siste åra, og i hovedsak etter at NOUen ble lagt fram, kan Trygderetten vise til ein mer effektiv saksbehandling og god innsats med å sikre kvaliteten på avgjerdene sine. Ei effektiv og god saksbehandling er viktig for rettstryggleiken til brukarane, og det er ifølge utvalet ikkje noko som tyder på at det ikkje er tillit til Trygderetten.

Budsjettforslag 2027

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga under post 01 skal dekke lønns- og driftsutgifter i Trygderetten.

Det tidsavgrensa restanseprosjektet blir avslutta i 2026. Løyvinga blir derfor foreslått redusert med 6,7 mill. kroner.

I samanheng med overgang til direkte anke til Trygderetten og auka saksinngang, blir løyvinga foreslått auka med 4 mill. kroner.

Løyvinga er redusert med 9 000 kroner mot ein tilsvarande auke under kap. 1605, post 01, som følge av rammeoverføring til Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) til tryggingstiltak og IT-infrastruktur for økonomitenestene til DFØ.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 125,4 mill. kroner.

Programkategori 09.20 Tiltak for betra levekår m.m.

Utgifter under programkategori 09.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
621	Tilskot til sosiale tenester og sosial inkludering	411 830	420 507	434 190	3,3
	Sum kategori 09.20	411 830	420 507	434 190	3,3

Utgifter under programkategori 09.20 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
01–29	Statens eigne driftsutgifter	106 579	111 308	115 426	3,7
50–89	Overføringar til andre	305 251	309 199	318 764	3,1
	Sum kategori 09.20	411 830	420 507	434 190	3,3

Inkludering i samfunnet og gode levekår for dei mest vanskelegstilte

Det sosiale sikkerheitsnettet skal gi tryggleik til alle og bidra til at dei som har behov for det, får nødvendig hjelp til å delta i arbeidslivet og på andre arenaer i samfunnet.

Dei sosiale tenestene i arbeids- og velferdsforvaltninga er det nedre sikkerheitsnettet i velferdsordningane. Tenestene skal bidra til økonomisk og sosial tryggleik og fremme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet.

Frivillige organisasjonar og sosiale entreprenørar er viktige supplement til det offentlege i dette arbeidet. Det blir lagt til rette for samarbeid mellom Nav-kontor og frivillig sektor på ulike måtar.

Kommunane har, gjennom ansvaret for dei sosiale tenestene i Nav-kontoret, ei sentral rolle i å fremme sosial og økonomisk tryggleik. Ansvaret omfattar både førebyggande sosialt arbeid og dei individuelle tenestene opplysning, råd og rettleiing, økonomisk stønad, midlertidig butilbod, individuell plan og kvalifiseringsprogram.

Arbeids- og velferdsdirektoratet er fagdirektoratet for dei kommunale sosiale tenestene og skal gjennom ulike tilretteleggande tiltak bidra til at kommunane ivaretar ansvaret for desse tenestene på ein god måte. Blant viktige verkemiddel i arbeidet til direktoratet er kompetansehevande tiltak og tilskotsmidlar til å utvikle dei sosiale tenestene. Statsforvaltarane er ein viktig samarbeidspartnar.

Førebyggande sosialt arbeid

Sosiale tenester og sosialfagleg arbeid er viktig i eit heilskapleg tenestetilbod til personar som opplever sosiale problem, men òg i arbeidet kommunane gjer for å førebygge at slike problem oppstår. Arbeids- og inkluderingsdepartementet har gitt Arbeids- og velferdsdirektoratet i oppdrag å gjennomføre eit program for førebyggande sosialt arbeid og heilskapleg førebyggande innsats lokalt. Eit overordna mål for programmet er å førebygge

at menneske fell utanfor og får sosiale problem, slik at færre blir ståande permanent utanfor arbeids- og samfunnslivet. Programmet skal bidra til meir merksemd rundt førebyggingsansvaret, og til at kommunar og Nav-kontor ivaretar dette ansvaret på ein betre måte.

Direktoratet har i 2026 bl.a. gitt tilskotsmidlar til tolv Nav-kontor til utvikling av samarbeid med frivillige organisasjonar og sosiale entreprenørar for å førebygge utanforskap og sosial ekskludering. I samarbeid med fire statsforvaltarembete har direktoratet organisert læringsnettverk for prosjekta som får tilskot.

Kvalifiseringsprogrammet

Kvalifiseringsprogrammet med tilhøyrande kvalifiseringsstønad har sidan 2010 vore ei lovpålagd oppgåve for kommunane og ein rett for dei som oppfyller vilkåra i lova. Programmet er retta mot personar mellom 18 og 67 år som har vesentleg nedsett arbeids- og inntektsevne, og ingen eller svært avgrensa ytingar til livsopphald etter folketrygdlova eller arbeidsmarknadslova. Formålet med programmet er å bidra til at fleire i målgruppa kjem i arbeid.

Erfaringane med kvalifiseringsprogrammet har i stor grad vore positive, men det har samtidig vore nokre vedvarande utfordringar. Bl.a. har talet på deltakarar minka til eit nivå som er lågare enn forventa, og det har vekt bekymring for om kommunane vurderer deltaking for alle i målgruppa og tildeler program til dei som oppfyller vilkåra i lova. Departementet har på denne bakgrunnen gått nærmare gjennom erfaringane med programmet og sett dei i samanheng med dei samla verkemidla i Nav-kontoret.

For å støtte arbeidet til kommunane og Nav-kontora, vil Arbeids- og velferdsdirektoratet i 2027 innføre eit stimuleringstilskot til Nav-kontor/kommunar som ønsker å gjennomføre ein forsterka innsats med kvalifiseringsprogrammet og finne gode løysingar på område som har vist seg å vere utfordrande.

Økonomisk sosialhjelp

Kommunane har ei plikt til å stille vilkår om aktivitet til sosialhjelpsmottakarar under 30 år. Det inneber òg å stille vilkår om norskopplæring dersom manglande norskkunnskap er årsaka til at mottakarane ikkje er sjølvhjelpne.

I ei evaluering av aktivitetsplikta blir det trekt fram at ho bidrar til betre opplæring av brukargruppa, men ein betydeleg mangel er at få Nav-kontor evnar å gi meiningsfull og veleigna aktivitet til heile breidda av denne samansette gruppa.[3]

Oslo Economics har på oppdrag frå Arbeids- og velferdsdirektoratet kartlagt kva slags tiltak og aktivitetar kommunane tilbyr sosialhjelpsmottakarane.[4] Kartlegginga viser at tilbodet varierer mykje mellom kommunane, og at dei i ulik grad bruker statlege arbeidsmarknadstiltak framfor kommunale tiltak.

For å heve kvaliteten i tilbodet til unge med samansette problem, har regjeringa sett i gang eit arbeid med å utvikle betre lågterskeltilbod og meir tilpassa tenester. Målet er å førebygge fråfall frå utdanning og inkludere fleire unge som står utanfor arbeid og utdanning. Eit av innsatsområda i dette utviklingsarbeidet er å utarbeide og prøve ut lokale arbeidsretta lågterskeltilbod i utvalde kommunar. Elleve kommunar har i 2026 mottatt tilskot til å delta i dette arbeidet. Sjå nærmare omtale under kap. 621, post 63.

Økonomi- og gjeldsrådgiving

Økonomisk rådgiving, irekna gjeldsrådgiving, er ein del av rettleiingsplikta som Nav-kontora har etter sosialtenestelova. Formålet med økonomisk rådgiving er å bidra til at enkeltpersonar og familiar med økonomiske problem og gjeldsbyrder får kontroll og styring over eigen økonomi.

Det er over fleire år sett iverk tiltak for å heve kvalitet og kompetanse og gjere tilbodet om økonomisk rådgiving meir tilgjengeleg. Statsforvaltarane driv opplæring og kompetanseheving for tilsette i Nav-kontora. Det er oppretta ei rådgivings- og rettleiingsteneste for Nav-rettleiarar som arbeider med økonomisk rådgiving. Navs økonomi- og gjeldsrettleiingstelefon er eit lågterskeltilbod og supplement til den personlege rådgivinga i Nav-kontora. Det er utvikla ein digital vegvisar for økonomisk rådgiving på nav.no.

Oxford Research har på oppdrag frå Arbeids- og velferdsdirektoratet gjennomført ei undersøking av den økonomiske rådgivinga i Nav-kontora.[5] Rapporten dannar eit godt grunnlag for å vidareutvikle tenesta. Statsforvaltarane og Statens

---

[3] Hernæs, Ø. M. (2021). *Delrapport 2 Kvantitativ evaluering av innføring av plikt for kommunene til å stille vilkår om aktivitet til sosialhjelpsmottakere under 30 år.* Oslo: Stiftelsen Frischsenteret for samfunnsøkonomisk forskning. Rapport 3/2021.

[4] Oslo Economics (2023). *NAVs tjenestetilbud til sosialhjelpsmottakere: Oppfølging, aktivitetstilbud og aktivitetsplikt.* Oslo.

[5] Oxford Research (2024): Tilgjengelighet og kvalitet på økonomisk rådgivning i Nav-kontor. Rapport 2024/12.

helsetilsyn har i 2024 og 2025 gjennomført eit landsomfattande tilsyn med Nav-kontora sitt ansvar for tenesta økonomisk rådgiving til personar i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Oppsummerande rapport frå det landsomfattande tilsynet er planlagt ferdigstilt hausten 2026.

Barn, unge og familiar

Barn er spesielt sårbare i vanskelege livssituasjonar, og det er viktig at behova deira blir ivaretatte i familien sitt møte med Nav-kontoret. Arbeids- og velferdsdirektoratet har sett i verk tiltak for å ivareta og styrke barne- og familieperspektivet i arbeids- og velferdsforvaltninga. Direktoratet har utarbeidd ein rettleiar om barnets beste for tilsette i arbeids- og velferdsforvaltninga. Rettleiaren omfattar både dei kommunale sosiale tenestene og den statlege forvaltninga. Rettleiaren blir innarbeidd i heile arbeids- og velferdsforvaltninga. Dette inneber bl.a. oppdatering av rundskriv og fagleg opplæringsmateriell. Statsforvaltarane gjennomfører ulike opplæringsaktivitetar for å gjere rettleiaren kjend blant tilsette ved Nav-kontora. Direktoratet utviklar òg kompetansemateriell til bruk i Nav-kontora.

I 2022 og 2023 gjennomførte statsforvaltarane eit landsomfattande tilsyn med Nav-kontora sitt ansvar for å ivareta behova til barna når familiar søker økonomisk sosialhjelp. Som ei oppfølging, blir det i 2026 og 2027 gjennomført ein landsomfattande tilsynsaktivitet om ansvaret til Nav-kontora for å vurdere barnet sitt beste når familien søker sosialhjelp. Det blir prøvd ein ny tilsynsmetode der Nav-kontora gjennomfører eigenkontroll, og ved behov set i gang forbetringstiltak. Det er forskings- og utviklingsarbeid knytt til tilsynet, finansiert av Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Mange barnefamiliar som er i kontakt med Nav-kontoret, har samansette utfordringar og behov for oppfølging frå ulike delar av arbeids- og velferdsforvaltninga og andre tenester i kommunen. Regjeringa vil prøve ut ulike modellar for ei familiekoordinatorrolle i Nav-kontora, sjå omtale under kap. 621, post 63.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet deltar i Kjernegruppe for utsette barn og unge (KUBU). Det er òg etablert ein tilsvarande struktur på direktoratsnivå der 13 underliggande etatar deltar i eit felles etatssamarbeid. Gjennom dette skal statlege aktørar i større grad sjå politikkområda i samanheng og støtte kommunane i arbeidet med å gi barn og unge tidleg, koordinert og tilpassa hjelp. Sjå nærmare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Barne- og familiedepartementet.

Statsforvaltarane

Statsforvaltaren skal, gjennom tilsyn, klagesaksbehandling og tiltak som styrker kompetanse, bidra til at kommunane ivaretar sitt ansvar for dei sosiale tenestene i Nav-kontoret og yter forsvarlege sosiale tenester som oppfyller krav i regelverket. Statsforvaltarane si klagebehandling gir ein uavhengig kontroll av kommunale vedtak, som bidrar til at enkeltpersonars rettar blir ivaretatte. Samtidig bidrar tilsynsarbeidet til læring og kvalitetsforbetring i tenestene, ved å avdekke systematiske svakheiter og spreie kunnskap om god praksis og gi opplæring i sosialtenestelova.

I regi av Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet blei det hausten 2025 gjennomført ei ressurskartlegging hos statsforvaltarane. Ho viste ein ubalanse mellom oppgåver og ressursar på ei rekke fagområde, medrekna på sosialtenesteområdet. Det er særleg den sterke veksten i talet på rettsklager sidan 2022 som har medført ein ubalanse mellom ressursar og oppgåver på sosialtenesteområdet.

I revidert nasjonalbudsjett for 2026 blei statsforvaltarane sitt driftsbudsjett styrkt med 5,5 mill. kroner, jf. Prop. 96 S (2025–2026) og Innst. 450 S (2025–2026). Løyvinga skal bidra til kortare saksbehandlingstid for rettsklager i embeta, samt hindre at andre oppgåver på sosialtenesteområdet, som tilsyn, rettleiing og opplæring i Nav-kontora, i for stor grad må nedprioriterast pga. høg klageinngang. Midlane vil i første rekke konsentrerast om embete med størst avvik i saksbehandlingstider og som har flest restansar. Det gjeld Agder, Innlandet, Møre og Romsdal og Rogaland. I tillegg får statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus midlar for å behandle saker frå andre embete.

Regjeringa foreslår no å auke statsforvaltarane sitt driftsbudsjett med 10 mill. kroner til statsforvaltarane sitt arbeid på sosialtenesteområdet. Dette skal sikre ei meir varig styrking av statsforvaltarane sitt arbeid på dette området. Den auka finansieringa skal bidra til å styrke arbeidet med tilsyn, rettleiing og opplæring i ein periode med stort press på tenestene, samt bidra til å styrke rettstryggleiken til mottakarar av sosiale tenester ved at rettsklager blir behandla innan rimeleg tid. Departementet vil vurdere om det er behov for å justere kriterium og vektinga av kriteria i fordelinga av driftsmidlane mellom embeta. Sjå òg omtale under kap. 1520, post 01 i Prop. 1 S (2026–2027) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Departementet vil jobbe vidare med forslag til tiltak frå ressurskartlegginga, bl.a. sjå på moglegheiter for forenkling og auka effektivitet i klagesaksbehandlinga på sosialtenesteområdet.

Kap. 621 Tilskot til sosiale tenester og sosial inkludering

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
21	Spesielle driftsutgifter	106 579	111 308	115 426
63	Sosiale tenester og tiltak for vanskelegstilte, *kan overførast*	174 973	174 546	179 129
70	Frivillig arbeid, *kan overførast*	113 788	117 569	121 919
74	Tilskot til pensjonistorganisasjonar m.m.	16 490	17 084	17 716
	Sum kap. 621	411 830	420 507	434 190

Overført frå 2025 til 2026:
Post 21: 5 372 000 kroner
Post 63: 6 750 000 kroner
Post 70: 5 384 000 kroner

Kap. 621 omfattar løyvingar til kompetanse- og kvalitetsutvikling av dei sosiale tenestene i kommunane og tilskot til frivillig arbeid for sosialt og økonomisk vanskelegstilte. Løyvingane blir forvalta av Arbeids- og velferdsdirektoratet, som ivaretar oppgåver på sosial- og levekårsområdet.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga går til tiltak for å legge til rette for kompetanse- og kvalitetsutvikling i dei sosiale tenestene i kommunane. Størsteparten av midlane går til å dekke drift av Arbeids- og velferdsdirektoratets og statsforvaltarens kompetanse- og utviklingstiltak retta mot kommunar og Nav-kontor, jf. kap. 621, post 63.

Arbeids- og velferdsdirektoratet er fagdirektoratet for kommunale sosiale tenester. Ein sentral del av fagdirektoratsrolla er å bidra til at kommunane gjennom Nav-kontora kan levere tenester av god kvalitet til innbyggarane. Mange som tar imot tenester frå Nav-kontor, har samansette bistandsbehov og behov for både statlege og kommunale tenester. Rolla inneber også å fremme heilskap og samanheng mellom dei sosiale tenestene og andre tenester i Nav, og heilskaplege og koordinerte tenester mellom Nav-kontora og andre tenesteytarar for brukarar med samansette behov.

Direktoratet bidrar til utvikling og vidareutvikling av tenester, arbeidsformer og verktøy til bruk i Nav-kontora. Dette omfattar bl.a. kompetansehevande tiltak og læringsverktøy, utvikling av digitale løysingar og anna tenesteutvikling, jf. omtale under kap. 621, post 63.

Kompetansehevande tiltak

Direktoratet samarbeider med statsforvaltarane om kompetanseutviklingstiltak for dei sosiale tenestene i Nav-kontora. Arbeids- og velferdsdirektoratet har, saman med utvalde statsforvaltarar, utvikla læringsverktøy som er eigna til å utvikle ny praksis på tvers av statlege og kommunale tenester i Nav-kontora. Læringsverktøya skal tilbydast resten av landet i løpet av 2026.

Fleire av Nav sine brukargrupper kan vere særleg utsette for alvorlege former for vald og overgrep, som negativ sosial kontroll, æresrelatert vald, radikalisering og menneskehandel. Desse erfaringane kan ha store og langvarige konsekvensar for utdanning, arbeid og livsmeistring. For å kunne gi rett bistand, må alle Nav-tilsette ha grunnleggande kunnskap om desse temaa. Nav Grünerløkka har fått i oppdrag av Arbeids- og velferdsdirektoratet å vere eit nasjonalt kompetansemiljø. Målsettinga med arbeidet er å styrke kompetansen hos dei tilsette i Nav, slik at dei blir betre rusta til å oppdage og følge opp brukarar som kan vere utsette for dette. Nav Grünerløkka har også ei nasjonal rådgivande rolle, bl.a. å gi råd og rettleiing til Nav-kontor og andre samarbeidspartnarar på desse områda.

Direktoratet skal i samarbeid med statsforvaltarane gjennomføre tiltak for å auke kunnskapen om kvalifiseringsprogrammet og bidra til at alle som oppfyller vilkåra for å delta, får tilbod om program. Nav fylke/region er ein viktig samarbeidspartnar i dette arbeidet.

Statsforvaltarane skal òg bidra til individuell tilpassing av tiltak i aktivitetsplikta for sosialhjelpsmottakarar under 30 år.

Direktoratet og statsforvaltarane gjennomfører tiltak for å heve kvalitet og kompetanse i tilbodet om økonomisk rådgiving, sjå omtale over.

Utvikling av digitale verktøy

Arbeids- og velferdsdirektoratet har ansvar for å utvikle og forvalte digitale sjølvbeteningsløysingar for økonomisk sosialhjelp på nav.no. Dette blir gjort i samarbeid med KS Digital og kommunane. Løysingane omfattar digital søknad om økonomisk sosialhjelp, innsyn i søknadsstatus, og ei digital flate for innsyn i sentrale stønadsopplysningar for Nav kontaktsenter. Ei digital løysing for klage er under utvikling.

Det er også behov for å utvikle digitale verktøy som understøttar oppfølging av brukarane på tvers av stat og kommune i Nav-kontora. Arbeids- og velferdsdirektoratet og Nav Oslo har inngått eit samarbeid med KS, Delprogram sysselsetting i Oslo, Oslo kommune og Nav Gamle Oslo om å utforske moglegheitene for utvikling av digitale verktøy som støttar brukaroppfølging på tvers av stat og kommune. Prosjektet heiter *Éin innbyggar – eitt Nav* og er ein del av tillitsreforma. Arbeidet bygger opp under måla i Arbeids- og inkluderingsdepartementet og KS sin nye strategi for digitalisering av Nav-kontoret.

Tverrsektorielt samarbeid

Arbeids- og velferdsdirektoratet deltar i samarbeidet om ei rekke tverrsektorielle strategiar og satsingar. Direktoratet deltar i etatssamarbeidet for utsette barn og unge. Etatssamarbeidet skal bidra til å samordne innsatsen til staten overfor kommunar og statlege tenester, med mål om at barn, unge og familiane deira får nødvendig og tilpassa hjelp og oppfølging.

Budsjettforslag 2027

For 2027 er det foreslått ei løyving på 115,4 mill. kroner.

Post 63 Sosiale tenester og tiltak for vanskelegstilte, kan overførast

Løyvinga går til tilskot til kommunane for å utvikle dei sosiale tenestene i Nav-kontoret og utviklingsprosjekt retta mot sosialt og økonomisk vanskelegstilte. Kommunane har gjennom sosialtenestelova ansvar for viktige fellesoppgåver for å sikre alle innbyggarar gode levekår.

Formålet med tilskotsordninga er å stimulere til utvikling av dei sosiale tenestene og tiltak i kommunane etter sosialtenestelova. Ordninga skal bidra til kunnskapsbasert tenesteutvikling, og at kunnskap om nye arbeidsmetodar og samarbeidsmodellar blir delt. Det overordna målet er eit heilskapleg og samordna tenestetilbod tilpassa behova til brukarane, auka kvalitet i tenestene og ei betring i levekår. Målgruppa er sosialt og økonomisk vanskelegstilte som har behov for sosiale tenester, og andre som står i fare for å komme i ein vanskeleg livssituasjon. Tiltaka skal ta utgangspunkt i lokale utfordringar. I tråd med måla for ordninga kan det òg givast tilskot til lokale tiltak som inngår i nasjonale forsøk og satsingar.

Som følge av at beløpsgrensa for rapportering på øyremerkte tilskot til kommunar og fylkeskommunar blei auka frå 1. januar 2026, er krava til rapportering forenkla i regelverket for ordninga. Det er òg gjort andre justeringar i regelverket med sikte på forenkling og for å tydeleggjere formålet med ordninga. Statsforvaltarane har vedtaksmyndigheit for tilskot til lokalt initierte tiltak.

Det er i 2026 fordelt 86,4 mill. kroner til vidareføring av 122 lokale utviklingstiltak. Målgruppene for tiltak er bl.a. unge med svak tilknyting til utdanning og arbeidsliv, barnefamiliar med låginntekt og levekårsproblem, flyktningar og innvandrarar, i tillegg til langtidsmottakarar av sosialhjelp. I behandlinga av statsbudsjettet for 2026 blei det vedtatt å innlemme 33 mill. kroner frå kap. 621, post 63 i kommuneramma, jf. Innst. 15 S (2025–2026). Det er som ei følge av dette ikkje lyst ut midlar til nye lokale prosjekt i 2026.

Arbeids- og velferdsdirektoratet har over tid jobba med kunnskapsbasert tenesteutvikling med utgangspunkt i tilskotsforvaltninga. Målet er å heve kvaliteten i den lokale tenesteutviklinga og opparbeide eit systematisk nasjonalt kunnskapsgrunnlag. Direktoratet jobbar med å identifisere lovande arbeidsmetodar med sikte på å overføre desse til andre Nav-kontor, og det blir gjennomført prosessevaluering av utprøvingane. Satsinga heng saman med andre kompetansetiltak i regi av Arbeids- og velferdsdirektoratet og statsforvaltarane.

Nærmare om nasjonale forsøk og satsingar

Midlar over denne posten blir òg nytta til oppfølging av ei rekke nasjonale forsøk og satsingar.

Det er sett i gang eit arbeid i Arbeids- og velferdsdirektoratet for å utvikle betre lågterskeltil-

bod og meir tilpassa tenester for unge med samansette utfordringar. Utviklingsarbeidet omfattar tre innsatsområde: å utarbeide og prøve ut lokale arbeidsretta lågterskeltilbod i utvalde kommunar, å utvikle modellar for kvalifisering og inkludering på arbeidsplassen for unge som ikkje klarer å gjennomføre ordinære opplæringsløp, og å utvikle modellar for samarbeid med relevante aktørar om å førebygge fråfall frå vidaregåande opplæring.

I 2025 blei elleve Nav-kontor inviterte til å utvikle og prøve ut arbeidsretta lågterskeltilbod i kommunal regi. Kommunane har søkt om og er tildelte tilskotsmidlar frå Arbeids- og velferdsdirektoratet til dette. Det er oppretta eit nettverk for læring, der målet er erfaringsutveksling og læring mellom Nav-kontora, og med Arbeids- og velferdsdirektoratet. Det er også anskaffa ei følgeevaluering av dei arbeidsretta lågterskeltilboda i kommunal regi. OsloMet/Arbeidsforskningsinstituttet har fått oppdraget.

I 2026 vil utviklingsarbeidet bli trappa opp og utvida til å omfatte utprøving av modellar for kvalifisering og inkludering på arbeidsplassen for unge som ikkje greier å gjennomføre ordinære utdanningsløp. Det blir også prøvd ut modellar for samarbeid med relevante lokale aktørar for å førebygge fråfall frå skolen og bidra til at ungdom som har falle ut av vidaregåande opplæring, kjem tilbake.

Det er sett av 33 mill. kroner til utviklingsarbeidet under kap. 621, post 63 i 2027, ei styrking på 4,5 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2026. Vi viser også til omtale under kap. 605, post 01 for omtale av lønns- og driftsutgifter i Arbeids- og velferdsetaten i samanheng med utviklingsarbeidet.

Direktoratet har ansvaret for å gjennomføre eit program for å styrke og vidareutvikle førebyggande sosialt arbeid og heilskapleg førebyggande innsats lokalt, *Program førebygging*. Som del av programmet har tolv Nav-kontor søkt om tilskot til utvikling eller vidareutvikling av samarbeidet med frivillige organisasjonar og sosiale entreprenørar for å førebygge utanforskap og sosial ekskludering i 2026. Det er tildelt totalt 17,2 mill. kroner til tolv Nav-kontor.

Som ei oppfølging av Meld. St. 28 (2024–2025) *Tro på framtida – uansett bakgrunn* vil regjeringa prøve ut ulike modellar for ei familiekoordinatorrolle i Nav-kontora. Det finst per i dag ingen spesifikk modell for ei slik koordinatorrolle. Det er behov for breiare innsikt i og kunnskap om bruken av og innhaldet i ei familiekoordinatorrolle i Nav-kontora. Sidan 2019 er det gitt tilskot til prosjekt som gjeld familiekoordinator, og til andre prosjekt som omhandlar oppfølging av barnefamiliar i arbeids- og velferdsforvaltninga. Arbeids- og velferdsdirektoratet set i 2026 i gang ei kartlegging av innhaldet i desse prosjekta og i praksisen hos andre Nav-kontor. Saman med bl.a. tidlegare erfaringar med modellar for oppfølging av låginntektsfamiliar, er formålet å identifisere kriterium for lovande arbeidsmodellar. Desse vil så bli prøvde ut i andre Nav-kontor. Dette vil danne grunnlag for å utvikle eit rammeverk for heilskapleg oppfølging av barnefamiliar i Nav-kontora.

Som ledd i oppfølginga av handlingsplanen mot radikalisering og valdeleg ekstremisme kan midlar over denne posten gå til kompetanse- og utviklingstiltak og til prosjekt knytte til dei sosiale tenestene retta mot radikalisering og valdeleg ekstremisme.

I 2027 vil Arbeids- og velferdsdirektoratet innføre eit stimuleringstilskot som skal bidra til at utvalde Nav-kontor kan utvikle og forsterke innsatsen med kvalifiseringsprogrammet. Målet er å styrke Nav sitt arbeid med kvalifiseringsprogrammet ved å finne gode lokale løysingar. Satsinga skal også bygge kunnskap om kvalifiseringsprogrammet som kan brukast nasjonalt.

Budsjettforslag 2027

Områdesatsinga i Oslo for kvalifisering til arbeid blei finansiert med 15 mill. kroner over denne posten i 2026. Midlane til områdesatsinga i Oslo for kvalifisering til arbeid blir overførte frå kap. 621, post 63 til kap. 605, post 01, dersom staten og Oslo kommune inngår ny avtale frå 2027. Sjå nærmare omtale under kap. 605, post 01.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 179,1 mill. kroner.

Post 70 Frivillig arbeid, kan overførast

Løyvinga går til frivillige organisasjonar og private stiftingar som arbeider for vanskelegstilte. Desse fungerer som talerøyr for sosialt og økonomisk vanskelegstilte og utfører likemanns- og sjølvhjelpsarbeid. Enkelte organisasjonar tilbyr tenester og tiltak til målgruppa.

Over denne posten blir det gitt tilskot til Stiftelsen Kirkens Bymisjon; 2,81 mill. kroner til drift av Samarbeidsforum mot fattigdom og 11,7 mill. kroner til drift av Batteriet Oslo, Batteriet Sør, Batteriet Vest-Norge og Batteriet Midt-Norge. Det blir òg gitt 2,38 mill. kroner i tilskot til Stiftelsen Kirkens Bymisjon Nordland til drift av Batteriet Nord-Norge. I tillegg blir det gitt tilskot til For-

eningen for sosialt arbeid over posten. Dette tilskotet utgjer 175 100 kroner.

Samarbeidsforum mot fattigdom består av åtte brukar- og pårørandeorganisasjonar. Representantar frå samarbeidsforumet deltar på møte i Kontaktutvalet mellom regjeringa og representantar for sosialt og økonomisk vanskelegstilte. Det blei halde tre møte i Kontaktutvalet i 2025 og to møte i første halvår 2026.

Batteria er ressurssenter for frivillige organisasjonar og grupper som arbeider mot fattigdom og sosial ekskludering. Batteriet Oslo er sekretariat for Samarbeidsforum mot fattigdom. Batteria er i kontakt med eit stort nettverk av organisasjonar lokalt.

Tilskot til brukarstyrte organisasjonar som arbeider mot fattigdom

Over denne posten blir det gitt tilskot til brukarstyrte organisasjonar som arbeider mot fattigdom. Målet med tilskotsordninga er å fremme eigenorganisering, sette organisasjonane i betre stand til å drive interessepolitisk arbeid og bidra til meir brukarmedverknad. I 2026 er det gitt tilskot til tolv organisasjonar. Arbeids- og velferdsdirektoratet forvaltar ordninga. Tilskotet blir ført vidare i 2027.

Tilskot til humanitære tiltak retta mot EØS-borgarar

Over posten blir det òg gitt tilskot til frivillige organisasjonar og kommunar som tilbyr overnatting, sanitære tiltak og matutdeling til EØS-borgarar som kjem til Noreg for å tigge. I 2026 er det gitt tilskot til 15 tiltak. Arbeids- og velferdsdirektoratet forvaltar ordninga. Tilskotet blir ført vidare i 2027.

Tilskot til lågterskel arbeidsretta aktivitetar

Det blir over posten gitt tilskot til lågterskel arbeidsretta aktivitetar i regi av frivillige organisasjonar. Formålet med tilskotsordninga er å gi sosialt og økonomisk vanskelegstilte eit tilbod om arbeidsretta aktivitet for å gi alle moglegheit til å komme i arbeid og å betre levekåra for dei vanskelegast stilte. Målgruppa er personar som står langt frå arbeidsmarknaden. Tilskotsordninga er evaluert eksternt (Proba-rapport nr. 2021-12). Det er fastsett ny forskrift for tilskotsordninga, som gjeld frå 1. januar 2026. Forskrifta fører vidare hovudinnhaldet i tidlegare regelverk når det gjeld mål, målgrupper, og kven og kva typar tiltak det blir gitt tilskot til. Forvaltninga av ordninga blir lagd til Arbeids- og velferdsetaten. I 2026 er det innvilga tilskot til totalt 91 prosjekt, irekna 36 nye prosjekt og 55 prosjekt som er sette i gang tidlegare år. Tilskotet blir ført vidare i 2027.

Tilskot til sosialt entreprenørskap

Det blir over posten gitt tilskot som skal stimulere til utvikling av sosialt entreprenørskap og til sosiale entreprenørar som rettar verksemda si mot å motverke fattigdom og sosial ekskludering. Målgruppa er sosialt og økonomisk vanskelegstilte som enten opplever eller står i fare for å oppleve fattigdom og sosial ekskludering. I 2026 har 14 aktørar fått tilskot. Tilskotet blir ført vidare i 2027. Departementet vil saman med Arbeids- og velferdsdirektoratet, som forvaltar ordninga, vurdere nærmare korleis tilskotet bør innrettast framover.

Budsjettforslag 2027

For 2027 er det foreslått ei løyving på 121,9 mill. kroner.

Post 74 Tilskot til pensjonistorganisasjonar m.m.

Tilskotsordninga skal gi økonomiske bidrag til drifta av pensjonistorganisasjonar og til det eldrepolitiske arbeidet deira. Ordninga er regulert i ei eiga forskrift. Målgruppa for tilskotsordninga er landsdekkande pensjonistorganisasjonar som har som formål å fremme eldrepolitiske interesser, irekna dei sosiale, økonomiske, helsemessige og kulturelle interessene til pensjonistar.

Pensjonistorganisasjonar uttrykker store ambisjonar om å vere ein aktør som tar ansvar for korleis samfunnet skal utvikle seg slik at alder ikkje står i vegen for gode, aktive og verdige liv. Regjeringa ønsker eit meir aldersvennleg samfunn og aktive eldre. Det er viktig at regjeringa nyttiggjer seg kompetansen organisasjonane har når det gjeld behova til eldrebefolkninga, og at verkemidla kan innrettast best mogleg. Derfor stod det i Hurdalsplattforma at regjeringa vil gi pensjonistorganisasjonar forhandlingsrett på andre område enn reguleringa av pensjonane og dermed gjere det mogleg for dei å drøfte viktige spørsmål i eldrepolitikken. Som ei oppfølging av dette er det inngått ein avtale med pensjonist- og arbeidstakarorganisasjonar om at det skal haldast fire årlege møte mellom representantar frå regjeringa og organisasjonane om dei årlege statsbudsjetta, leidde av arbeids- og inkluderingsministe-

ren. For meir informasjon om innspel frå pensjonistorganisasjonane til eldrepolitikken, sjå omtale i del III, punkt 1.

Tilskotet til pensjonistorganisasjonar m.m. er sentralt for at desse organisasjonane bl.a. skal kunne vere i stand til å gi innspel til eldrepolitikken. Det er innvilga tilskot til åtte organisasjonar i 2026, fordelt forholdsmessig etter talet på medlemmer.

Arbeids- og velferdsdirektoratet forvaltar tilskotsordninga.

Budsjettforslag 2027

For 2027 er det foreslått ei løyving på 17,7 mill. kroner.

Programkategori 09.30 Arbeidsmarknad

Utgifter under programkategori 09.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
634	Arbeidsmarknadstiltak	11 620 144	12 517 215	12 986 183	3,7
635	Ventelønn	133			0,0
	Sum kategori 09.30	11 620 277	12 517 215	12 986 183	3,7

Utgifter under programkategori 09.30 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
01–29	Statens eigne driftsutgifter	775 993	822 345	868 611	5,6
50–89	Overføringar til andre	10 844 284	11 694 870	12 117 572	3,6
	Sum kategori 09.30	11 620 277	12 517 215	12 986 183	3,7

Arbeidsmarknadspolitikken skal støtte opp om måla om ein velfungerande arbeidsmarknad med god utnytting av arbeidskrafta, god inkludering av utsette grupper i arbeidsmarknaden og at fleire unge skal få moglegheit til å delta i arbeidslivet. Arbeidsmarknadstiltaka er sentrale verkemiddel som bidrar til å nå desse måla, gjennom å styrke den enkelte sine moglegheiter i arbeidsmarknaden og legge til rette for at arbeidsgivarar kan inkludere fleire i verksemdene sine. Under denne programkategorien følger regjeringa sitt budsjettforslag for kapittel 634 Arbeidsmarknadstiltak for 2027.

I tillegg til arbeidsmarknadstiltaka har Arbeids- og velferdsetaten andre verkemiddel som skal bidra til dei same måla. Etaten skal rettleie og følge opp jobbsøkarar, kartlegge kva behov den enkelte har for bistand, og gi informasjon om arbeidsmarknaden. For unge mellom 16 og 30 år med behov for arbeidsretta bistand gjeld ungdomsgarantien, som skal sikre tidleg, tett og tilpassa oppfølging så lenge dei treng det. Sjå nærmare omtale av den arbeidsretta innsatsen til etaten under programkategori 09.10. Administrasjon av arbeids- og velferdspolitikken.

Ungdomsløftet er eit samarbeid mellom myndigheitene, partane i arbeidslivet, store verksemder og brukarorganisasjonar retta mot personar med nedsett funksjonsevne. Målet er å få fleire unge i arbeid og auke tilgangen på arbeidskraft. Samarbeidet skal bidra til betre utnytting av verkemidla i arbeidsmarknadspolikken og til å finne nye vegar inn i arbeidslivet. Dei siste åra er det sett i gang fleire forsøk i arbeids- og velferdsforvaltninga for å styrke og vidareutvikle tilbodet til unge arbeidssøkarar. Ungdomsprogrammet, rekrutteringsprogrammet til helse- og omsorgssektoren og eit nytt forsøk med fireårig lønnstilskot for unge er blant dei som er nærmare omtalte under denne programkategorien. Forsøk med aktivitetspengar for unge er omtala under programkategori 29.50. Inntektssikring ved sjukdom, arbeidsavklaring og uførleik.

Kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
01	Driftsutgifter	724 057	768 577	833 254
21	Forsøk med tilrettelagd vidaregåande opplæring, *kan overførast*	51 803	53 768	35 357
70	Forsøk med ungdomsprogramyting, *kan overførast*	9 723	209 000	225 043
75	Varig lønnstilskot, *kan overførast*		1 033 000	1 071 221
76	Tiltak for arbeidssøkarar, *kan overførast*	8 307 121	7 747 541	8 010 638
77	Varig tilrettelagt arbeid, *kan overførast*	2 264 804	2 410 174	2 515 508
78	Tilskot til arbeids- og utdanningsreiser	120 656	138 280	143 396
79	Funksjonsassistanse i arbeidslivet, *kan overførast*	141 980	156 875	151 766
	Sum kap. 634	11 620 144	12 517 215	12 986 183

Overført frå 2025 til 2026:
Post 01: 10 815 000 kroner
Post 76: 70 400 000 kroner
Post 79: 25 000 kroner

Allmenn omtale

Alle som tar kontakt med eit Nav-kontor, og som ønsker eller treng bistand for å komme i arbeid, har rett til å få vurdert behovet sitt for bistand. Arbeidsmarknadstiltak kan nyttast dersom Nav-kontoret vurderer at deltaking i tiltak er nødvendig og hensiktsmessig for at den enkelte kan skaffe seg eller behalde arbeid.

Målet med dei fleste arbeidsmarknadstiltaka er å sette tiltaksdeltakarane i betre stand til å skaffe seg eller behalde arbeid. Tiltaka kan også nyttast for å avklare arbeidsevne eller gi eit meiningsfullt arbeid til personar som har vanskar med å få arbeid på ordinære lønns- og arbeidsvilkår. Personar som ikkje har rett til andre ytingar frå arbeids- og velferdsforvaltninga, kan få tiltakspengar når dei deltar i arbeidsmarknadstiltak.

Arbeidsmarknadstiltak blir tildelte etter ei individuell vurdering av kva slags arbeidsretta bistand den enkelte treng. Dei fleste som blir arbeidsledige, kjem raskt i arbeid utan annan bistand frå Arbeids- og velferdsetaten enn bruk av sjølvbetente løysingar. For ledige blir derfor arbeidsmarknadstiltak vanlegvis først vurderte etter ei tid med jobbsøking i kombinasjon med oppfølging frå ein Nav-rettleiar.

I 2025 og hittil i 2026 hadde om lag åtte av ti deltakarar i arbeidsmarknadstiltak nedsett arbeidsevne. Personar med nedsett arbeidsevne står midlertidig utanfor arbeidsmarknaden av ulike årsaker, men ofte grunna helseproblem, og har eit meir omfattande behov for bistand for å komme i arbeid enn arbeidsledige.

Arbeidsmarknadstiltaka er organisert på ulikt vis. Dei kan arrangerast i Arbeids- og velferdsetatens eigenregi, kjøpast inn i tråd med regelverket for offentlege anskaffingar, nyttast i det ordinære skole- og utdanningssystemet og i arbeidslivet, eller arrangerast av førehandsgodkjente tiltaksarrangører.

Tiltaka arbeidsretta rehabilitering, avklaring og oppfølging blir kjøpte inn etter anbod. Oppfølging blir også gjennomført i Arbeids- og velferdsetatens eigenregi gjennom tiltaka arbeid med støtte og individuell jobbstøtte (IPS). Arrangørar av tiltaka varig tilrettelagt arbeid (VTA) og arbeidsførebuande trening (AFT) er førehandsgodkjent av Arbeids- og velferdsetaten og får eit fast tilskot per deltakar. Opplæring blir gjennomført i det ordinære utdanningssystemet, eller kjøpt etter regelverket for offentlege anskaffingar. For fleire av arbeidsmarknadstiltaka blir det gitt tilskot til arbeidsgivarar. Tilskota til arbeidsgivarar for tiltaka varig lønnstilskot, inkluderingstilskot og mentor blir tildelte på individuelt grunnlag som kompensasjon for nedsett produktivitet eller tilretteleggingskostnader. For tiltaket midlertidig lønnstilskot er det faste satsar.

Boks 6.1 Arbeidsmarknadstiltak

Avklaring – Formålet med tiltaket er å kartlegge og vurdere arbeidsevna til tiltaksdeltakaren og eventuelle spesifikke behov for bistand for å skaffe seg eller behalde arbeid. Avklaring kan bli tilbydd personar som har behov for meir omfattande avklaring enn den Arbeids- og velferdsetaten kan tilby.

Oppfølging – Tiltaket skal styrke moglegheitene deltakarane har for å få eller behalde arbeid. Oppfølginga kan gjennomførast av eksterne leverandørar og i Arbeids- og velferdsetatens eigenregi. Arbeids- og velferdsetatens oppfølgingstiltak i eigenregi består av arbeid med støtte, individuell jobbstøtte (IPS) og ungdomsgaranti.

Mentor – Tiltaket skal gi deltakarane nødvendig hjelp til å kunne gjennomføre arbeidsmarknadstiltak eller få eller behalde lønt arbeid i ei ordinær verksemd. Mentoren kan gi praktisk bistand, rettleiing og opplæring i arbeidsrelaterte ferdigheiter tilpassa behova til kvar enkelt deltakar.

Arbeidstrening – Tiltaket skal prøve ut kva moglegheiter ein person har på arbeidsmarknaden, gi relevant arbeidserfaring og bidra til å styrke moglegheitene til å få arbeid. Tiltaksdeltakaren får tilrettelagd arbeidstrening i ordinært arbeidsliv.

Arbeidsførebuande trening – Tiltaket skal bidra til at personar med nedsett arbeidsevne og samansette bistandsbehov får prøvd ut og styrkt moglegheitene sine i arbeidsmarknaden. Deltakarane skal få tilbod om arbeidsutprøving og kvalifisering i eit tilrettelagt arbeidsmiljø og i det ordinære arbeidslivet.

Opplæring – Tiltaket skal bidra til at arbeidssøkarar får kompetanse som kvalifiserer til ledige jobbar. Opplæringa kan omfatte kortvarige kurs, norskopplæring, opplæring i grunnleggande ferdigheiter og førebuande opplæring for vaksne. Tiltaket kan også omfatte vidaregåande opplæring, høgare yrkesfagleg utdanning eller høgare utdanning.

Arbeidsretta rehabilitering – Tiltaket skal bidra til meistring av helserelaterte og sosiale problem som kan vere til hinder for deltaking i arbeidslivet.

Inkluderingstilskot – Tilskotet skal kompensere for tilleggskostnader arbeidsgivarar har i forbindelse med tilrettelegging av arbeidsplassen for personar med behov for arbeidsretta bistand frå Arbeids- og velferdsetaten.

Tilskot til sommarjobb – Tilskotet kan givast til arbeidsgivarar som tilbyr sommarjobb til personar under 30 år med behov for arbeidsretta bistand frå Arbeids- og velferdsetaten.

Midlertidig lønnstilskot – Tilskotet kan givast til arbeidsgivarar for å bidra til at personar kan bli fast tilsette i ordinære verksemder, og for å hindre utstøyting av personar som står i fare for å falle ut av arbeidslivet.

Varig lønnstilskot – Tiltaket skal bidra til at personar med varig og vesentleg nedsett arbeidsevne kan skaffe seg eller behalde ordinært arbeid, og bidra til å motverke overgang til uføretrygd.

Arbeids- og utdanningsreiser – Tiltaket – ei pengestøtte til transportutgifter – skal bidra til at personar som pga. nedsett funksjonsevne har vanskar med å kome seg fram, kan vere i ordinært arbeid eller gjennomføre arbeidsretta utdanning.

Funksjonsassistanse i arbeidslivet – Tiltaket er retta mot yrkesaktive personar som har omfattande fysiske funksjonsnedsettingar, og til blinde og sterkt svaksynte. Ordninga inneber at dei får ein lønt assistent som hjelper til med praktiske formål i arbeidssituasjonen.

Varig tilrettelagt arbeid – VTA gir arbeid til personar som får, eller i nær framtid er venta å få, innvilga uføretrygd, og som har behov for spesiell tilrettelegging og tett oppfølging. VTA blir arrangert i førehandsgodkjente verksemder eller ordinære verksemder. Tiltaket er utan tidsavgrensing.

Arbeidsmarknadstiltaka er rammefinansierte, og utgiftene fordeler seg på ulike postar under kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak. Post 01 Driftsutgifter inneheld utgifter til Arbeids- og velferdsetatens oppfølgingstiltak i eigenregi. Rettleiarar til ungdomsgarantien er finansierte under kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten, post 01 Driftsutgifter. Post 21 Spesielle driftsutgifter inneheld forsøk med midlar til tilrettelagd vidaregåande opplæring. Post 70 omfattar utgifter til ungdomsprogra-

mytinga i samband med forsøket med arbeidsretta ungdomsprogram. Hovudvekta av arbeidsmarknadstiltak, og utgifter til tiltakspengar, blir budsjetterte under post 76 Tiltak for arbeidssøkarar. Tiltaket varig lønnstilskot blir budsjettert under post 75, medan varig tilrettelagt arbeid blir budsjettert under post 77 Varig tilrettelagt arbeid. Tilskot til arbeids- og utdanningsreiser blir budsjetterte under post 78. Post 79 inneheld utgifter til funksjonsassistanse i arbeidslivet.

Rapport og utvikling

Gjennomføring av arbeidsmarknadstiltak

Tal frå Arbeids- og velferdsdirektoratet viser at det blei gjennomført om lag 68 000 tiltaksplassar per månad i gjennomsnitt i 2025 under kap. 634, post 01 Driftsutgifter og post 76 Tiltak for arbeidssøkarar. Talet inkluderer også varig lønnstilskot, som blei skilt ut på eigen budsjettpost (post 75) i 2026. Samanlikna med 2024 er det ein oppgang på nær 3 000 plassar i gjennomsnitt per månad. Det samla talet på plassar i 2025 fordelte seg med om lag 16 300 plassar retta mot ledige og 51 700 plassar til personar med nedsett arbeidsevne. I tillegg kjem tiltaksplassar i varig tilrettelagt arbeid, som er omtalte i eit eige avsnitt nedanfor.

Under kap. 634, post 01 Driftsutgifter, post 75 Varig lønnstilskot og post 76 Tiltak for arbeidssøkarar har det til saman blitt gjennomført i underkant av 67 600 plassar i gjennomsnitt per månad i første halvår 2026. Av desse var om lag 15 700 plassar for ledige og om lag 51 900 plassar for personar med nedsett arbeidsevne. I første halvår 2026 deltok i gjennomsnitt 4 800 ukrainere i eit arbeidsmarknadstiltak per månad. Det er omtrent 800 færre enn årsgjennomsnittet for 2025.

Dei to mest brukte arbeidsmarknadstiltaka i 2025 under post 76 var oppfølging og arbeidsførebuande trening. Desse utgjorde til saman om lag 28 pst. av tiltaksplassane. Dei to tiltaka som utgjorde størst andel av utgiftene i kroner under post 76 i 2025 var arbeidsførebuande trening og midlertidig lønnstilskot.

Samanlikna med 2024 var det ein reduksjon i bruken av midlertidig lønnstilskot på om lag 1 100 plassar i gjennomsnitt per månad i 2025. Andelen tiltaksplassar som gjekk til midlertidig lønnstilskot blei redusert frå om lag 13 pst. til om lag 11 pst. i same periode. I første halvår 2026 var det i gjennomsnitt rundt 4 400 deltakarar på midlertidig lønnstilskot, rundt 4 200 færre deltakarar enn i første halvår 2025. Nedgangen har samanheng med det høge aktivitetsnivået på arbeidsmarknadstiltak i første halvår 2025. For at Arbeids- og velferdsetaten skulle halde seg innanfor vedteken budsjettramme, måtte etaten redusere aktivitetsnivået frå første til andre halvår 2025. Det førte til at nivået på midlertidig lønnstilskot var betydeleg lågare ved inngangen til 2026 enn ved inngangen til 2025. Hittil i år har det vore en jamn økning i bruken av tiltaket, og i august 2026 var det over 5 800 deltakere i midlertidig lønnstilskot. Det er ein auke med 2 500 personar frå januar 2026.

Formell opplæring gjennom opplæringstiltaket har vore tydelegare vektlagt dei siste åra, særleg fag- og yrkesopplæring. I 2025 blei det gjennomført om lag 5 000 plassar innan fag- og yrkesopplæring på vidaregåande skole-nivå eller høgare yrkesfagleg utdanning. Det er like mange plassar som i 2024.

Oppfølgingstiltaket individuell jobbstøtte (IPS) og forsøket med IPS ung er styrkt dei siste åra. Det inneber at fleire med moderate til alvorlege psykiske lidingar og/eller rusmiddelproblem får tilbod om samtidig helsemessig og arbeidsretta oppfølging. I IPS samarbeider Arbeids- og velferdsetaten med helse- og omsorgstenesten. Totalt har deltakartalet i IPS og IPS ung auka frå om lag 350 deltakarar i gjennomsnitt i 2018 til nær 5 100 deltakarar i gjennomsnitt per august 2026.

Kvalifiseringsprogrammet rettar seg mot personar som har vesentleg nedsett arbeids- og inntektsevne, og som ikkje har ytingar frå folketrygda eller berre har svært avgrensa ytingar frå folketrygda. Arbeidsmarknadstiltak i statleg eller kommunal regi inngår som viktige element i programmet. Ved utgangen av 2025 deltok 53 pst. av deltakarane i kvalifiseringsprogrammet berre i statlege tiltak. 13 pst. av deltakarane deltok i både statlege og kommunale tiltak, mens 35 pst. deltok i berre kommunale tiltak.

Unge, langtidsledige og innvandrarar frå land utanfor EØS er særleg utsette i arbeidsmarknaden, og deltar oftare i arbeidsmarknadstiltak enn andre. Blant innvandrarar frå land utanfor EØS, arbeidssøkarar under 30 år og langtidsarbeidssøkarar[6] deltok hhv. 21 pst., 16 pst. og 19 pst. på arbeidsmarknadstiltak i 2025, mot 13 pst. blant arbeidssøkarar sett under eitt. I gruppa personar med nedsett arbeidsevne var andelane på tiltak for innvandrarar utanfor EØS-området og unge under 30 år hhv. 22 pst. og 37 pst. i 2025, samanlikna med 27 pst. for personar med nedsett arbeidsevne samla sett.

---

[6] Her avgrensa til arbeidssøkarar som har vore arbeidssøkande i meir enn to år.

Varig tilrettelagt arbeid

Det blei gjennomført om lag 14 080 plassar i gjennomsnitt per månad i varig tilrettelagt arbeid (VTA) i 2025, noko som er om lag 580 fleire plassar enn i 2024.

I første halvår 2026 blei det gjennomført om lag 14 330 plassar i gjennomsnitt per månad, av desse var om lag 10 030 plassar i førehandsgodkjente verksemder og om lag 4 300 plassar i ordinær verksemd.

I juni 2026 utgjorde plassar i ordinær verksemd 30,1 pst. av alle plassane i VTA, noko som er ein auke på 0,9 prosentpoeng samanlikna med juni 2025.

Frå 1.september 2026 er det innført forsterka oppfølging av deltakarar i VTA i ordinær verksemd. Samtidig er VTA i ordinær verksemd skilt ut som et eige tiltak i forskrift om arbeidsmarknadstiltak. Endringane har gjort at talet på gjennomførte plassar i første halvår 2026 er noko lågare enn forventa.

Varig lønnstilskot

Det blei gjennomført om lag 3 900 plassar i gjennomsnitt per månad i varig lønnstilskot i 2025, noko som er om lag same nivå som i 2024. Varig lønnstilskot skal bidra til at personar med varig og vesentleg nedsett arbeidsevne kan skaffe seg eller behalde ordinært arbeid, og bidra til å motverke overgang til uføretrygd.

Tilskot til arbeids- og utdanningsreiser

I 2025 var det i gjennomsnitt litt over 1 000 personar som fekk tilskot til arbeids- og utdanningsreiser. Nivået har halde seg stabilt første halvår 2026, med i overkant av 1 000 personar i gjennomsnitt per månad. Arbeids- og utdanningsreiser kan givast til personar som er i ordinært lønt arbeid, medrekna dei med varig eller midlertidig lønnstilskot, eller som er i arbeidsretta utdanning.

Funksjonsassistanse i arbeidslivet

I 2025 var det i gjennomsnitt om lag 390 personar som fekk tiltaket funksjonsassistanse i arbeidslivet. Nivået har auka i første halvår 2026, til om lag 480 deltakarar i gjennomsnitt per månad.

Utvikling, kvalitet, resultat

For å betre bruken av arbeidsmarknadstiltaka er det sentralt å vidareutvikle kunnskapen om kva som er god tiltaksbruk. Arbeids- og velferdsdirektoratet formidlar resultat frå evalueringar og analysar av arbeidsmarknadstiltak til rettleiarane i Nav-kontoret, slik at dei kan bruke denne kunnskapen når dei vel tiltak. Arbeids- og velferdsetaten stiller krav til kvalitet og resultat av arbeidsmarknadstiltaka, og følger opp dette overfor tiltaksleverandørane.

Regjeringa ønsker ei raskare og meir stabil tilknyting til arbeidslivet for fleire gjennom ein effektiv og kunnskapsbasert bruk av arbeidsmarknadstiltak. Arbeidsmarknadstiltak kan ha mange ulike effektar både på individnivå og på arbeidsmarknaden. Tiltaka har ikkje berre direkte verknader for deltakarane, men kan også påverke andre arbeidssøkarar og måten arbeidsmarknaden fungerer på meir generelt.

Dei siste åra er det gjennomført fleire evalueringar av arbeidsmarknadstiltaka. Funn frå områdegjennomgangen av arbeidsmarknadstiltak og effektevalueringar gjennomført av Oslo Economics, Frischsenteret og Proba Samfunnsanalyse viser at arbeidsmarknadstiltaka i hovudsak framstår som samfunnsøkonomisk lønnsame.[7] Midlertidig lønnstilskot og utdanning kjem best ut.

Det er også gjennomført fleire evalueringar av enkelttiltak. Oslo Economics gjennomførte ei effektevaluering av arbeidstrening i 2024 som indikerer positive effektar på overgang til ordinært arbeid.[8] Vidare gjennomførte Proba samfunnsanalyse ei evaluering av varig lønnstilskot i 2023, der hovudfunnet er at tiltaket framstår som klart samfunnsøkonomisk lønnsamt.[9] Samtidig blir det peikt på behov for å betre kvaliteten på forvaltninga av tiltaket.

Arbeidsførebuande trening blei evaluert i 2023.[10] Evalueringa viste positive effektar på overgang til arbeid og utdanning, sjølv om seinare studiar har vist noko varierande resultat.[11] I ettertid

---

7 Oslo Economics, Frischsenteret, Proba Samfunnanalyse og CMS Cluge (2023). *Områdegjennomgang av arbeidsmarkedstiltak: Anbefalinger for effektiv og kunnskapsbasert bruk.* Rapport 2023: 88. Oslo: Oslo Economics.

Oslo Economics og Frischsenteret (2024). *Effekter av arbeidsmarkedstiltak.* Rapport 2024: 26. Oslo: Oslo Economics.

Frischsenteret og Proba samfunnsanalyse (2025). Effekter av arbeidsmarkedstiltak for personer med nedsatt arbeidsevne. *Samfunnsøkonomene*, 2025:2.

8 Oslo Economics (2024). *Effekter av arbeidsmarkedstiltaket Arbeidstrening. Delrapport 2.* Oslo

9 Proba samfunnsanalyse (2024). *Evaluering av varig lønnstilskudd.* Rapport 2024:05. Oslo.

10 Berg, H., Gleinsvik, A., Golombek, R., Røed, K., Staalesen, P.D., Vestøl, G.M. og Zhang, T. (2023). *Hvor godt virker arbeidsforberedende trening?* Oslo: Frischsenteret og Proba samfunnsanalyse.

er det gjort endringar som inneber sterkare vekt på arbeidsutprøving i ordinært arbeidsliv, betre moglegheiter for formell opplæring og oppfølging etter at deltakaren er tilsett. Forskriftsendringane tredde i kraft frå 1. januar 2026.

På oppdrag frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet har Proba Samfunnsanalyse sett i gang ei kartlegging av avklaringstiltaket og ei effektevaluering av oppfølgingstiltak. Sistnemnde blir gjennomført i samarbeid med Frischsenteret. Vidare gjennomfører Oslo Economics ei effektevaluering av opplæringstiltaket. Desse evalueringane vil etter planen ligge føre hausten 2027.

I Meld. St. 33 (2023–2024) *En forsterket arbeidslinje* varsla regjeringa fleire forsøk for å prøve ut nye verkemiddel og få meir kunnskap om kva som verkar for å få fleire unge i arbeid. I august 2025 blei forsøket med arbeidsretta ungdomsprogram sett i gang. Forsøket undersøker om eit fulltidsprogram med strenge aktivitetskrav og ei ungdomsyting utan medisinske inngangsvilkår kan bidra til at fleire unge får ei stabil tilknyting til arbeidslivet. I løpet av hausten 2026 vil det etter planen bli sett i gang eit forsøk med fireårig lønnstilskot for unge. Her er formålet å undersøke om lønnstilskot til arbeidsgivarar i inntil fire år kan bidra til at unge som står langt unna arbeidslivet, og som har høg risiko for å bli uføretrygda eller allereie er uføretrygda, kjem i ordinært arbeid. Forsøka vil bli evaluerte.

I 2026 er det også sett i verk eit rekrutteringsprogram til helse- og omsorgssektoren. Programmet er forankra i ein nasjonal intensjonsavtale mellom staten ved Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartmentet og Kommunal- og distriktsdepartementet, KS og arbeidstakarorganisasjonane. Målet er å rekruttere fleire unge arbeidssøkarar til ein sektor med stort behov for arbeidskraft. Forsøket vil bli evaluert.

Budsjettforslag 2027

I 2025 stod om lag 647 000 personar i alderen 20–66 år utanfor arbeid, utdanning og arbeidsmarknadstiltak, ifølge tal frå SSB. Blant unge i alderen 15 – 29 år var tilsvarande tal på 105 000. Talet på personar registrert med nedsett arbeidsevne har auka sidan 2019, og utgjer i gjennomsnitt 250 000 personar per august 2026. Dette er personar som Arbeids- og velferdsetaten meiner har behov for betydeleg oppfølging og støtte for å skaffe eller behalde arbeid. Talet på registrerte med nedsett arbeidsevne har auka trass i at arbeidsløysa har vore låg dei siste åra.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til arbeidsmarknadstiltak, inkludert personellressursar i etaten, med 50 mill. kroner i 2027 samanlikna med Saldert budsjett 2026. Styrkinga skal bl.a. bidra til at fleire unge får hjelp til å komme i arbeid. Regjeringa foreslår også å styrke varig tilrettelagt arbeid, inkludert personellressursar i Arbeids- og velferdsetaten, med 49 mill. kroner samanlikna med Saldert budsjett 2026.

Berekningsteknisk er det anslått at løyvinga under kap. 634, post 01 Driftsutgifter, post 75 Varig lønnstilskot og post 76 Tiltak for arbeidssøkarar, kan gi rom for å gjennomføre om lag 71 900 plassar i 2027. Kva tiltakstypar som bør veljast, kjem an på kva som er mest hensiktsmessig for den enkelte. Prisane på tiltaka varierer. I tillegg kan samansettinga av arbeidssøkarane og behova deira vise seg å avvike frå det som er lagt til grunn for budsjettet. Det realiserte tiltaksnivået vil derfor avvike frå det som berekningsteknisk er lagt til grunn for løyvinga.

Berekningsteknisk gir løyvinga under kap. 634, post 77 Varig tilrettelagt arbeid rom for å gjennomføre om lag 15 000 plassar i 2027.

Budsjettforslaget blir omtalt nærmare nedanfor under dei enkelte postane.

Post 01 Driftsutgifter

Oppfølgingstiltak i Arbeids- og velferdsetatens eigenregi omfattar arbeid med støtte og individuell jobbstøtte (IPS), og er heimla i forskrift om oppfølgingstiltak i Arbeids- og velferdsetatens egenregi.

I IPS samarbeider jobbspesialistar i Arbeids- og velferdsetaten med helsetenesta for å bidra til at personar med moderate til alvorlege psykiske lidingar og/eller rusproblem kjem over i lønt arbeid. Regjeringa vil bygge ut IPS, og har som mål å få på plass eit landsdekkande tilbod.

Frå 2021 blei forsøket med IPS ung sett i verk. Innsatsen var retta mot personar under 30 år med samansette psykiske problem og/eller rusutfordringar. Målet var å gi fleire i målgruppa arbeidsretta oppfølging i kombinasjon med behandling frå helsetenesta, slik at dei kunne gjennomføre utdanning og komme i ordinært arbeid. Frå 1. september 2026 er IPS ung innlemma som ein permanent del av IPS. Samtidig er aldersgrensa endra slik at personar kan delta frå det kalenderåret dei fyller 16 år.

---

[11] Oslo Economics og Frischsenteret (2024). *Effekter av arbeidsmarkedstiltak.* Rapport 2024:26. Oslo: Oslo Economics.

I 2027 foreslår regjeringa å styrke løyvinga til oppfølgingstenester i Arbeids- og velferdsetatens eigenregi med 10 mill. kroner. Styrkinga vil gi rom for å auke bruken av IPS, medrekna IPS ung.

Under kap. 634, post 01, inngår også tiltaket arbeid med støtte. Arbeid med støtte nyttast også i samband med rekrutteringsprogrammet og varig tilrettelagt arbeid i ordinære verksemder.

Rekrutteringsprogrammet starta opp våren 2026 i 23 kommunar. Programmet er ein koordinert satsing mellom Helse- og omsorgsdepartementet og Arbeids- og inkluderingsdepartementet om å rekruttere særleg unge som står utanfor arbeid og utdanning til den kommunale helse- og omsorgstenesta. I 2026 var den samla ramma for programmet 100 mill. kroner. For 2027 foreslår regjeringa å utvide programmet med reelt 30 mill. kroner, medrekna 8,8 mill. kroner over denne posten, sjå også omtale under Prop. 1 S (2026–2027) Helse- og omsorgsdepartementet kap. 760, post 60. I tillegg er 3,6 mill. kroner omdisponert frå kap. 605, post 01, sjå omtale under programkategori 09.10. Med kompensasjon for lønn- og prisstigning blir samla ramme for programmet 132,6 mill. kroner, medrekna 40,1 mill. kroner på denne posten.

Frå 1. september 2026 tredde ny forskrift om varig tilrettelagt arbeid i ordinær verksemd (VTA-O) i kraft. Det inneber at pilotprosjektet, der jobbspesialistar i Arbeids- og velferdsetaten gir forsterka oppfølging til deltakarar i VTA-O, går over i ei permanent ordning. I samband med dette blir det foreslått å omdisponere 10 mill. kroner frå kap. 605, post 01 til kap. 634, post 01. Vidare foreslår regjeringa å styrke løyvinga til oppfølgingstenester i Arbeids- og velferdsetatens eigenregi med 11 mill. kroner som følge av opptrappinga av antal plassar i varig tilrettelagt arbeid. Sjå nærmare omtale under kap. 634, post 77.

For 2027 er det foreslått ei samla løyving på 833,3 mill. kroner under kap. 634, post 01.

For å sikre nødvendig fleksibilitet i gjennomføringa av arbeidsmarknadstiltaka foreslår regjeringa følgande omdisponeringsfullmakt:

Fullmakt til å omdisponere midlar frå kap. 634, post 01, til kap. 634, post 76

Regjeringa foreslår at Arbeids- og inkluderingsdepartementet får fullmakt til å omdisponere inntil 10 pst. av løyvinga under kap. 634, post 01 Driftsutgifter, til kap. 634, post 76 Tiltak for arbeidssøkarar, for å sikre fleksibilitet, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 21 Forsøk med tilrettelagd vidaregåande opplæring, kan overførast

Posten er knytt til forsøk med midlar som skal støtte opp under tilrettelagd fag- og yrkesopplæring for brukarane til Arbeids- og velferdsetaten. Forsøket starta opp i 2023 og har ei ramme på fem år.

Mange arbeidssøkarar som er i kontakt med Arbeids- og velferdsetaten har ikkje fullført vidaregåande opplæring. Dei har auka risiko for å bli ståande utanfor arbeidslivet. Formålet med forsøksmidlane er å stimulere til eit utvida, lokalt samarbeid mellom Arbeids- og velferdsetaten og fylkeskommunen om gjennomføring av fag- og yrkesopplæring som er betre tilpassa brukarane til Arbeids- og velferdsetaten, og som inkluderer verkemidla til både etaten og fylkeskommunen.

Midlane skal bidra til å dekke tenester som kjem i tillegg til det som vanlegvis inngår i ordinære skoleløp i vidaregåande opplæring, men som mange arbeidssøkarar treng for å kunne fullføre opplæringa. Forsøksmidlane skal vidare kunne dekke administrative kostnader ved tverrsektorielt samarbeid. Til saman har 30 prosjekt fått tildelt midlar i forsøksperioden så langt. Som følge av at forsøket har ei ramme på fem år, vil midlane til forsøket bli trappa noko ned i 2027 samanlikna med tidlegare år. Forsøket blir evaluert.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 35,4 mill. kroner.

Post 70 Forsøk med ungdomsprogramyting, kan overførast

Ved sju Nav-kontor i Agder, Vestland, Vestfold og Telemark er det sett i gang forsøk med eit arbeidsretta ungdomsprogram med ei eiga ungdomsyting. Formålet er å undersøke om eit fulltidsprogram med strenge aktivitetskrav og ei alternativ inntektssikring utan medisinske inngangsvilkår, vil bidra til at fleire unge oppnår ei stabil tilknyting til arbeidslivet. I august 2026 var det om lag 760 deltakarar i programmet.

Målgruppa for forsøket er unge som treng rettleiing eller med nedsett arbeidsevne som blir vurderte å kunne komme over i arbeid eller utdanning i løpet av eitt år. Inntak til programmet skjer etter ei individuell vurdering og maksimal varigheit for deltaking er som hovudregel eitt år. Sidan eit vesentleg formål med forsøket er å etablere eit alternativ til arbeidsavklaringspengar, svarer ytinga til minstesatsane for arbeidsavklarings-

pengar. For å få ytinga må ein gjennomføre dei avtalte aktivitetane.

Forsøket blei satt i gang i august 2025 og skal evaluerast. Basert på evalueringa skal regjeringa seinast innan fire år ta stilling til om programmet skal vidareførast. Målet er å auke overgangen til jobb og utdanning, og å førebygge og avgrense tilstrøyminga til helserelaterte ytingar.

Regjeringa foreslår å løyve 225 mill. kroner til ungdomsprogramytinga i 2027. Løyvinga vil gi rom for å utbetale yting til om lag 1 150 deltakarar i programmet i gjennomsnitt per månad.

Post 75 Varig lønnstilskot, kan overførast

Varig lønnstilskot skal bidra til at personar med varig og vesentleg nedsett arbeidsevne kan skaffe seg eller behalde ordinært arbeid, og bidra til å motverke overgang til uføretrygd. Auka bruk av varig lønnstilskot vil derfor også kunne gje ein reduksjon i ytingar over trygdebudsjettet.

For å gjere det enklare å ta i bruk varig lønnstilskot og legge til rette for betre forvaltning av tiltaket, blei varig lønnstilskot overført frå kap. 634, post 76 til ny budsjettpost 75 frå 2026. Det gjer at Nav-kontoret slepp å prioritere mellom brukare med varige behov og dei med midlertidige behov sidan midlertidige tiltak og varige tiltak ikkje lenger blir budsjettert på same post.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 1,1 mrd. kroner.

Post 76 Tiltak for arbeidssøkarar, kan overførast

Dei fleste tiltaka som er omtalte i boks 6.1, samt tiltakspengar, blir finansierte under kap. 634, post 76. Arbeids- og velferdsetaten skal nytte tiltaksløyvinga best mogleg ut frå situasjonen i arbeidsmarknaden og behova til den enkelte.

Regjeringa foreslår å styrke tiltaksløyvinga med 34 mill. kroner i 2027. Auken i tiltaksløyvinga vil gi fleire moglegheit til å delta i arbeidsmarknadstiltak. I løpet av hausten 2026 er det planlagt oppstart av eit forsøk med fireårig lønnstilskot for unge som står langt unna arbeidslivet. Forsøket blir finansiert under kap. 634, post 76. Tiltaket skal gjere det enklare og mindre risikofylt for arbeidsgivarar å tilsette unge med behov for ekstra oppfølging. Som følge av fleire tiltaksdeltakarar i 2027 foreslår regjeringa også å auke driftsløyvinga til Arbeids- og velferdsetaten. Sjå nærmare omtale under kap. 605, post 01.

Det er anslått at forsøk med aktivitetspengar vil redusere utgiftene til tiltakspengar med 3 mill. kroner i 2027, ettersom fleire deltakarar i forsøket vil få aktivitetspengar i staden for tiltakspengar. Sjå nærmare omtale under kap. 2652, post 70.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 8 mrd. kroner.

I tillegg til løyvinga i 2027 kjem behovet for tilsegnsfullmakter på 3 124,5 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak. Desse tilsegnsfullmaktene er knytte til tiltaksplassar som blir gjennomførte i 2027, men der utgiftene kjem til utbetaling i 2028, og til å halde ved lag tiltaksaktiviteten over årsskiftet 2027–2028.

For å sikre nødvendig fleksibilitet og god ressursutnytting i gjennomføringa av arbeidsmarknadstiltaka foreslår regjeringa følgande omdisponeringsfullmakter:

Fullmakt til å omdisponere midlar frå kap. 634, post 01, til kap. 634, post 76

Vi viser til omtale under kap. 634, post 01 Driftsutgifter.

Fullmakt til å omdisponere midlar frå kap. 634, post 76, til kap. 634, post 79

Vi viser til omtale under kap. 634, post 79 Funksjonsassistanse i arbeidslivet.

Fullmakt til å omdisponere midlar frå kap. 634, post 76, til kap. 634, post 78

Vi viser til omtale under kap. 634, post 78 Tilskot til arbeids- og utdanningsreiser.

Post 77 Varig tilrettelagt arbeid, kan overførast

Varig tilrettelagt arbeid i førehandsgodkjent verksemd (VTA-F) og varig tilrettelagt arbeid i ordinære verksemd (VTA-O) er to tiltak for personar som får, eller i nær framtid er venta å få innvilga uføretrygd, og som har behov for spesiell tilrettelegging og tett oppfølging. Tiltaka blir finansiert gjennom tilskot etter faste satsar eller oppfølgingsressursar.

Regjeringa foreslår å styrke løyvinga til varig tilrettelagt arbeid med 29 mill. kroner. Forslaget gir rom for å opprette om lag 300 nye plassar i dei to VTA-tiltaka i 2027. Styrkinga er i tråd med opptrappingsplanen for VTA (2024–2027) som regjeringa la fram i statsbudsjettet for 2024.

Frå 1. september 2026 tredde ny forskrift om VTA-O i kraft. Deltakarar skal få oppfølging frå tilsette i førehandsgodkjente verksemder eller frå

tilsette gjennom tiltaket arbeid med støtte i Arbeids- og velferdsetatens eigenregi.

Det inneber også at pilotprosjektet, der deltakarar i VTA-O får forsterka oppfølging, går over i ei permanent ordning. På bakgrunn av dette blir det foreslått at styrkinga av personellressursar som følge av opptrappinga av tiltaksnivået blir fordelt mellom driftsløyvinga til Arbeids- og velferdsetaten og løyvinga til oppfølgingstenester i Arbeids- og velferdsetatens eigenregi. Sjå nærmare omtale under kap. 605, post 01 og kap. 634, post 01.

Samla gir forslaget rom for å gjennomføre om lag 15 000 plassar i 2027.

Prisen per tiltaksplass varierer mellom VTA i førehandsgodkjente verksemder og VTA i ordinære verksemder. Fordelinga mellom VTA i førehandsgodkjente verksemder og ordinære verksemder skal reflektere behova til brukarene, og det gjennomførte tiltaksnivået kan derfor avvike frå det tiltaksnivået som berekningsteknisk ligg til grunn for løyvinga.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 2,5 mrd. kroner.

I tillegg til løyvinga i 2027 kjem eit behov for tilsegnsfullmakter på 1 369,2 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak. Desse tilsegnsfullmaktene er knytte til tiltaksplassar som blir gjennomførte i 2027, men der utgiftene kjem til utbetaling i 2028, og til å halde ved lag tiltaksaktiviteten over årsskiftet 2027–2028.

Post 78 Tilskot til arbeids- og utdanningsreiser

Tilskot til arbeids- og utdanningsreiser skal bidra til at personar som pga. nedsett funksjonsevne har vanskar med å komme seg fram, kan vere i ordinært arbeid eller gjennomføre arbeidsretta utdanning. Tilskotet kan givast til personar som er i ordinært arbeid, eller som gjennomfører arbeidsretta utdanning for å skaffe seg eller behalde ordinært arbeid.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 143,4 mill. kroner.

For å sikre nødvendig fleksibilitet i gjennomføringa av ordninga med arbeids- og utdanningsreiser foreslår regjeringa følgande omdisponeringsfullmakt:

Fullmakt til å omdisponere midlar frå kap. 634, post 76, til kap. 634, post 78

Regjeringa foreslår at Arbeids- og inkluderingsdepartementet får fullmakt til å omdisponere eit beløp frå kap. 634, post 76 Tiltak for arbeidssøkarar, til kap. 634, post 78 Tilskot til arbeids- og utdanningsreiser, på inntil 10 pst. av løyvinga under kap. 634, post 78, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 79 Funksjonsassistanse i arbeidslivet, kan overførast

Funksjonsassistanse kan givast til yrkesaktive personar som har omfattande fysiske funksjonsnedsettingar, og til blinde og sterkt svaksynte. Funksjonsassistanse må vere nødvendig for at personane skal kunne vere i ordinært lønt arbeid. Ordninga inneber ein lønt assistent som hjelper den enkelte med praktiske formål i arbeidssituasjonen. Assistenten skal ikkje utføre dei ordinære arbeidsoppgåvene arbeidstakaren har.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 151,8 mill. kroner.

I tillegg til denne løyvinga i 2027 kjem eit behov for tilsegnsfullmakter på 98,1 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak. Desse tilsegnsfullmaktene er knytte til funksjonsassistanse som blir gitt i 2027, men der utgiftene kjem til utbetaling i 2028, og til å halde ved lag aktiviteten over årsskiftet 2027–2028.

For å sikre nødvendig fleksibilitet i gjennomføringa av funksjonsassistanse i arbeidslivet foreslår regjeringa følgande omdisponeringsfullmakt:

Fullmakt til å omdisponere midlar frå kap. 634, post 76, til kap. 634, post 79

Regjeringa foreslår at Arbeids- og inkluderingsdepartementet får fullmakt til å omdisponere eit beløp frå kap. 634, post 76 Tiltak for arbeidssøkarar, til kap. 634, post 79 Funksjonsassistanse i arbeidslivet, på inntil 10 pst. av løyvinga under kap. 634, post 79, jf. forslag til romartalsvedtak.

Kap. 635 Ventelønn

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
01	Driftsutgifter, *overslagsløyving*	133		
	Sum kap. 635	133		

Frå mai 2025 er det ingen mottakarar igjen på ventelønn.

Budsjettforslag 2027

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Det er ikkje foreslått løyving på denne posten for 2027.

Kap. 3635 Ventelønn m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
01	Refusjon statleg verksemd m.m.	178		
	Sum kap. 3635	178		

Budsjettforslag 2027

Post 01 Refusjon statleg verksemd m.m.

Det er ikkje foreslått løyving på denne posten for 2027.

Programkategori 09.40 Arbeidsmiljø og sikkerheit

Utgifter under programkategori 09.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
640	Arbeidstilsynet	945 500	976 231	1 002 631	2,7
643	Statens arbeidsmiljøinstitutt	180 040	186 521	193 257	3,6
646	Pionerdykkarar i Nordsjøen	585			0,0
647	Kompensasjonsordning for oljepionerane	2 517	455 000	64 604	-85,8
648	Arbeidsretten, Riksmeklaren m.m.	29 481	31 120	31 935	2,6
	Sum kategori 09.40	1 158 123	1 648 872	1 292 427	-21,6

Utgifter under programkategori 09.40 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
01–29	Statens eigne driftsutgifter	975 288	1 026 061	1 043 908	1,7
50–89	Overføringar til andre	182 835	622 811	248 519	-60,1
	Sum kategori 09.40	1 158 123	1 648 872	1 292 427	-21,6

Programkategorien inneheld kapittel i statsbudsjettet som omhandlar arbeidet og innsatsen regjeringa gjer for å oppretthalde og styrke arbeidet med arbeidsmiljø og sikkerheit. Det aller meste av innsatsen retta mot målet om eit sikkert og seriøst arbeidsliv er omtala under denne kategorien.

Programkategorien inneheld også ei omtale av nokon sentrale verkemiddel som bidrar til målet, bl.a. Arbeidstilsynet og Statens arbeidsmiljøinstitutt.

Ansvarsområde

Arbeidsmiljø- og sikkerheitsområdet omfattar arbeidsrett, arbeidsmiljø og sikkerheit i norsk landbasert arbeidsliv. Arbeidsmiljø- og sikkerheitsmyndigheitene har ansvaret for å forvalte arbeidsmiljølova, med tilhøyrande forskrifter, og arbeidstvistlovgivinga. Forvaltningsansvaret inkluderer i tillegg regelverk for medråderett i selskapslovgivinga, ferielova og lønnsnemndlova m.m. På arbeidsmiljø- og sikkerheitsområdet har departementet etatsstyringsansvar for Arbeidstilsynet (kap. 640) og Statens arbeidsmiljøinstitutt (kap. 643) og administrativt ansvar for Riksmeklaren (kap. 648) og Arbeidsretten (kap. 648).

Strategiske verkemiddel

Tilsyn, rettleiing, informasjon og myndigheitssamarbeid

Arbeidstilsynet prioriterer kva bransjar og verksemder innsatsen bør rettast mot, basert på kunnskap om risiko. Valet av verkemiddel tar utgangspunkt i forholda i den aktuelle bransjen, utfordringane til verksemdene og den kunnskapen etaten har om kva som vil bidra til mest effektiv påverknad.

Kunnskapsformidling gjennom rettleiing og informasjon er viktige verkemiddel for å bidra til at verksemdene har tilstrekkeleg kunnskap for å kunne arbeide førebyggande med helse, miljø og sikkerheit (HMS).

Samtidig er det viktig at myndigheitene følger opp brot på regelverket med tilsyn og kontroll. Ved tilsyn i enkeltverksemder kan Arbeidstilsynet bruke ulike reaksjonar dersom dei avdekker regelverksbrot. Arbeidstilsynet er ein førebyggande etat, og pålegg om å rette opp i forhold, for på den måten å bidra til forbetringsarbeid i verksemdene, er sentralt. Regjeringa legg samtidig vekt på at det skal nyttast strenge reaksjonsmiddel som tvangsmulkt og gebyr for brot når det er behov for det, og at reaksjonane må stå i forhold til kor alvorlege og vesentlege brota er.

Regelverksutvikling

Regelverket på arbeidsretts-, arbeidsmiljø- og sikkerheitsområdet skal bidra til god HMS-tilstand og gode arbeidsforhold i verksemdene, utan sosial dumping og arbeidslivskriminalitet. Regelverket skal vere brukarvennleg og tilgjengeleg, og det er også eit mål at det er stabilt og føreseieleg. Samtidig må regelverket handtere dei stadige endringane og utfordringane i arbeidslivet. I tråd med EØS-avtalen gjennomfører Noreg bl.a. EU-direktivet om arbeidsrett og arbeidsmiljø. Både rettspraksis og regelverksendringar i EU påverkar behovet for regelverksutvikling på feltet.

Kunnskapsutvikling

Det er store og samansette kunnskapsbehov knytte til områda arbeidsrett, arbeidsmiljø, arbeidshelse og sikkerheit. Oppdatert kunnskap om risikoforhold og årsakssamanhengar mellom arbeid og helse er avgjerande både for at verksemdene og partane i arbeidslivet skal kunne følge opp det ansvaret dei har for å førebygge helseskadar og ivareta arbeidstakarane, og for at myndigheitene skal kunne følge opp sitt ansvar og sine oppgåver.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet ivaretar det overordna sektoransvaret for forsking på arbeidsvilkår, arbeidsrett, arbeidsmiljø og sikkerheit gjennom tre sentrale strategiske verkemiddel: Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI, kap. 643), relevante porteføljar i Noregs forskingsråd (kap. 601), og målretta FoU-oppdrag knytte til den forskinga departementet har behov for i samanheng med politikkutforming og forvaltning (kap. 601). I tillegg driv Det juridiske fakultetet ved Universitetet i Oslo eit løpande fagleg utviklingsarbeid for å ivareta og utvikle brei fagleg kompetanse innanfor både nasjonal og internasjonal arbeidsrett (kap. 648).

Partssamarbeid

Den norske arbeidslivsmodellen, med bl.a. eit omfattande partssamarbeid, er ein av føresetnadene for dei gode resultata som er oppnådde med eit velfungerande arbeidsliv, eit godt arbeidsmiljø, låg arbeidsløyse samanlikna med andre europeiske land og høg yrkesdeltaking. Arbeidstilsynet skal bidra til eit godt partssamarbeid, både nasjonalt, regionalt og lokalt, og vidareutvikle samarbeid og dialog med partane i aktuelle fora og ulike nærings-, bransje og temaaktivitetar.

Eit sikkert og seriøst arbeidsliv

Den norske arbeidslivsmodellen bygger på høg organisasjonsgrad for arbeidstakarar og arbeidsgivarar, partssamarbeid, medverknad og medråderett på arbeidsplassane. Regjeringa vil jobbe i nært samarbeid med partane for å sikre eit seriøst og organisert arbeidsliv med høg grad av tariffdekning.

Arbeidsforholda i Noreg er i hovudsak bra, men på fleire område er det framleis utfordringar. Det seriøse arbeidslivet blir bl.a. utfordra av låg organisasjonsgrad, useriøse aktørar, sosial dumping og arbeidslivskriminalitet i delar av fleire utsette bransjar. Auken av arbeidarar innafor plattformselskap bidrar i nokre tilfelle til denne utviklinga. I sin plan for Noreg viser regjeringa til behovet for å styrke rettane til arbeidstakarane bl.a. gjennom å sikre faste, heile stillingar med norske lønns- og arbeidsvilkår og at hovudregelen er fast tilsetting direkte i den verksemda der arbeidet blir utført. Innsatsen for eit seriøst arbeidsliv er også styrkt bl.a. gjennom handlingsplanar og påfølgande tiltak mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet. Eit sikkert og seriøst arbeidsliv er viktig for å verne arbeidstakarar mot helseskade og utnytting. Tydelege rammevilkår for arbeidslivet, med vekt på sikre og seriøse arbeidsforhold, legg også forholda betre til rette for dei seriøse verk-

semdene. Kvar verksemd må ta ansvar for seriøse arbeidsforhold og førebyggande arbeidsmiljøarbeid på dei lokale arbeidsplassane, og myndigheitene vil legge til rette gjennom nødvendige regelverksendringar, tilsyn og rettleiing.

Arbeidsplassar der gode arbeidsforhold er sikra, bidrar i tillegg til auka inkludering og redusert sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet. Ei satsing på førebyggande arbeidsmiljøarbeid er derfor ein viktig del av IA-avtalen. Sjå nærmare omtale under programkategori 29.50.

Sentrale utviklingstrekk på området er nærmare omtalte i del I, punkt 3.3 Arbeidsmiljøtilstanden og punkt 3.2 Situasjonen i arbeidsmarknaden.

Førebyggande arbeidsmiljøarbeid

Eit arbeidsmiljø som førebygger skade og sjukdom og fremmar jobbmotivasjon og trivsel, er avgjerande både for at den enkelte skal ha eit godt liv, og for at arbeidslivet skal vere produktivt og inkluderande.

Dei fleste i Noreg har gode og forsvarlege arbeidsforhold, men i fleire yrker og næringar er det framleis utfordringar. Det er også godt dokumentert at det er årsakssamanhengar mellom arbeidsmiljøeksponeringar og redusert helse, redusert jobbengasjement og sjukefråvær hos arbeidstakarar.

Nasjonale overvakingsdata og forsking viser at det framleis finst eit betydeleg potensial for å redusere førekomsten av helsebelastningar blant yrkesbefolkninga gjennom å sette i verk tiltak på arbeidsplassen. Sjå nærmare om utfordringsbildet i del I, punkt 3.3 Arbeidsmiljøtilstanden.

Verksemdene er ansvarlege for at arbeidsmiljøet er fullt forsvarleg, og for at førebyggande arbeidsmiljøarbeid blir gjennomført. Verksemdene må kartlegge risikoar og sette i verk tiltak ut frå risikoforholda. Medverking, samarbeid og opplæring i arbeidsmiljøarbeid er avgjerande for å lykkes med arbeidsmiljøarbeidet.

Arbeidstilsynet og STAMI gjennomførte i 2025 nye undersøkingar av systematisk HMS-arbeid i norske verksemder. Resultata viser at verksemdene, ved å jobbe med risikovurdering og risikoreduserande tiltak, framleis har eit betydeleg potensial for å førebygge arbeidsrelaterte skadar, sjukdommar og plager betre. Også Kvinnearbeidshelseutvalget peikte i sin rapport, NOU 2025: 5 *Kvinners arbeidshelse – Kunnskap og tiltak* på at det største potensialet for å auke kvinners deltaking og tilknyting til arbeidslivet ligg i å styrke og målrette det systematiske og kunnskapsbaserte førebyggande arbeidsmiljøarbeidet i næringar der sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet er høgt. Myndigheitene legg til rette ved å gi rammer i lovverk og sørge for at det blir drive eit kunnskapsbasert arbeid med tilsyn og rettleiing, og dessutan at det kontinuerleg blir bygd opp ny kunnskap. Som ein del av regjeringa sin plan for Noreg lanserer regjeringa ein nasjonal arbeidsmiljøstrategi, for å styrke det førebyggande arbeidsmiljøarbeidet. Partane i arbeidslivet har bidratt med innspel.

Det førebyggande arbeidsmiljøarbeidet er heilt sentralt i innsatsen for å redusere sjukefråvær og førebygge fråfall frå arbeidslivet og er derfor eit av innsatsområda i Avtale om redusert sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet (IA-avtalen) 2025–2028. Gjennom eit av verkemidla i IA-avtalen, Arbeidsmiljøsatsinga, bidrar Arbeidstilsynet, STAMI, Arbeids- og velferdsetaten og Havindustritilsynet til å utvikle kunnskap, kompetanse og verktøy om førebyggande arbeidsmiljøarbeid til verksemdene. Det finst også elleve bransjeprogram i ulike bransjar som hovudorganisasjonane i arbeidslivet leier. Sjå nærmare omtale av IA-avtalen under programkategori 29.50.

Tydelegare krav til det psykososiale arbeidsmiljøet

Regjeringa held fram arbeidet for eit styrka psykososialt arbeidsmiljø i verksemdene. Endringar i arbeidsmiljølova som gjer krava til det psykososiale arbeidsmiljøet tydelegare trådde i kraft 1. januar 2026. Arbeidstilsynet er i gang med eit intensivert kommunikasjons- og rettleiingsarbeid for å auke kunnskapen og medvitet om det psykososiale arbeidsmiljøet. Når denne første fasa er over, vil temaet også følgast opp i tilsyn. Regelverksendringane følgast også opp med kunnskapsutvikling. Andelen arbeidstakarar som i levekårsundersøkingane rapporterer om eit belastande psykososialt arbeidsmiljø er høg i enkelte næringar, bl.a. i helse- og omsorg, undervisning, barnehage og SFO, overnatting og servering og luftfart. Dette inkluderer, med unntak for overnatting og servering, også ein høg førekomst av vald og truslar. Arbeidstilsynet har registrert ein generell auke i talet på varsel om hendingar med påført valdsskade og truslar i perioden 2015-2025, og dette er eit alvorleg arbeidsmiljøproblem. Regjeringa prioriterer derfor styrka tilsynsaktivitet på området i dei utsette delane av arbeidslivet. Tiltak som kan styrke førebygginga av psykososiale belastningar er også viktig som eit verkemiddel for at folk skal klare og ønske å jobbe der arbeidskrafta trengs aller mest, slik som f.eks. innan helse og omsorg kor vi veit at behovet vil vekse.

Seriøse og anstendige arbeidsvilkår, sosial dumping og arbeidslivskriminalitet

Trygge arbeidstakarar i heile og faste stillingar i eit organisert arbeidsliv gir det beste vernet mot sosial dumping og useriøse arbeidsforhold, bl.a. ved at terskelen for å ta opp problem på arbeidsplassen blir lågare. Regjeringa har lagt frem regelverksendringar som styrker rettane til arbeidstakarane og legg til rette for å auke bruken av faste tilsettingar. Høg organisasjonsgrad og tariffavtaledekning og sterke fagorganisasjonar er kjernen i den norske arbeidslivsmodellen og bidrar til å redusere risikoen for eit todelt arbeidsliv.

Ein samordna innsats frå fleire myndigheiter er nødvendig for å førebygge og få bukt med arbeidslivskriminalitet. Dette krev samarbeid om kunnskap, verkemiddel og sanksjonar.

Arbeidstilsynet er sentrale i dette arbeidet, og regjeringa har styrka Arbeidstilsynet med til saman over 100 mill. kroner sidan 2021 for å bidra til at tilsynet kan auke kapasiteten på tilsyn, og ta i bruk nye og strengare sanksjonsheimlar.

Organisert arbeidsliv

Organisasjonsgraden for arbeidstakarar har lenge lege stabilt på om lag 50 pst, men har hatt ein auke dei siste åra. I 2025 var den 52,6 pst. noko som er det høgaste nivået på mange år. Organisasjonsgraden er høgast i offentleg sektor, med om lag 80 pst., og under 40 pst. i privat sektor. Samtidig er det utviklingstrekk som kan gjere det utfordrande å halde ved lag og styrke organisasjonsgradane i arbeidslivet.

Andelen lønnstakarar som jobbar i ei verksemd som er medlem av ei arbeidsgivarforeining, har auka dei siste ti åra. Det er anslått at om lag 49 pst. av lønnstakarane i privat sektor er tilsette i ei verksemd med tariffavtale.[12] I offentleg sektor har alle verksemder tariffavtale.

Regjeringa fører ein politikk som stimulerer til høgare organisasjonsgrad blant både arbeidstakarar og arbeidsgivarar. Regjeringa vil i samarbeid med organisasjonane i arbeidslivet jobbe for å styrke informasjonen om rolla til fagforeiningane og trepartssamarbeidet, bl.a. gjennom seminar og oppdatert forsking på området.

Organisasjonsgradane aukar[13]

	Organisasjonsgraden blant arbeidstakarar	Organisasjonsgraden blant arbeidsgivarar
2022	49,9	72
2023	50,5	75
2024	52,1	76
2025	52,6	76

Tilknytingsformer

Innleige frå bemanningsføretak skal ikkje fortrenge faste stillingar og derfor er regelverket stramma inn. Det er framleis høve til innleige frå bemanningsføretak til vikariat og på visse vilkår kan det gjerast avtale med tillitsvalde om tidsavgrensa innleige. Dessutan kan verksemdene leige arbeidskraft seg imellom.

Bruken av innleige og andre alternative tilknytingsformer blir følgd gjennom fleire kartleggingsprosjekt og utvida statistikk. Innleige har dei siste åra blitt vesentleg redusert innan helse og omsorg. Regjeringa vil utgreie om tenestene kan bli ivaretatt forsvarleg utan unntaket som gir utvida høve til innleige av helsepersonell, med sikte på å legge fram ein plan for avvikling, jf. Meld. St. 11 (2025–2026) Helsepersonellplan 2040.

For innleige i arrangementsbransjen er iverksettinga av dei nye innleiereglane foreløpig utsett. Departementet har fått utført ei kartlegging av bruken av innleige ved gjennomføring av arrangement. Denne viser at innleige har eit avgrensa omfang, og at løysingar som bruk av eigne tilsette og kontraktar med oppdragstakarar blir brukt i større grad. Departementet vil vurdere vidare oppfølging.

Det er også gjort ei kartlegging av oppdragsorganisering for konsulent- og rådgjevartenester, med vekt på enkeltpersonføretak og aksjeselskap med ein tilsett. Dei fleste har uendra oppdragsmengde etter innføringa av nye innleigereglar, men sjølvstendig næringsdrivande innan IKT har opplevd nedgang. Ei partssamansett arbeidsgruppe, sett ned av departementet, har vurdert om innleige er ei mogleg tilknytingsform for verksemder der eigaren er einaste arbeidande person. I rapporten frå arbeidsgruppa har dei delt seg i

[12] Nergaard, K (2026). Fafo-notat 2026:11 / Organisasjonsgrader, tariffavtaledekning og arbeidskonflikter 2025

[13] Nergaard, K (2026). Fafo-notat 2026:11 / Organisasjonsgrader, tariffavtaledekning og arbeidskonflikter 2025

synet på om det er behov for ein særregel for dette formålet. Arbeidsgruppa er samla om å tilrå ein rettleiar for å klargjere handlingsrommet for oppdragsgivar. Departementet arbeidar no med vidare oppfølging.

Regjeringa vil styrke rettigheitene for dei som utførar arbeid gjennom digitale plattformer, eller som på anna vis har ein arbeidskvardag med omfattande digital styring. Det tas sikte på å legge fram eit høyringsforslag om nye reglar som skal gjennomføre direktivet om betre arbeidsvilkår for plattformarbeid i norsk rett. Det blir gjennomført fleire tiltak for å styrke kunnskapsgrunnlaget om konsekvensane kunstig intelligens og digital styring har for arbeidsmiljø og arbeidstakarane sin medverknad. Regjeringa har tatt initiativ til styrka samarbeid med partane i arbeidslivet om innføring av kunstig intelligens i arbeidslivet.

Handlingsplan mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet

Regjeringa la fram ein ny handlingsplan mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet i august 2025.

Handlingsplanen inneheld ei rekke tiltak for å fremme eit organisert arbeidsliv, styrke rettane til arbeidstakarar og hindre at dei blir utnytta, mobilisere forbrukar- og innkjøpsmakt og styrke det tverretatlege samarbeidet om kontroll og oppfølging. Dessutan inneheld planen tiltak for å auke kunnskapen om sosial dumping og arbeidslivskriminalitet og tiltak for styrkt internasjonalt samarbeid. Sosial dumping og arbeidslivskriminalitet heng saman med økonomisk kriminalitet. Innsatsen må derfor sjåast i samanheng med oppfølging av tiltaka i Meld. St. 15 (2023–2024) om økonomisk kriminalitet.

Regjeringa vil halde fram med å utarbeide årlege oversikter om korleis tiltaka i handlingsplanen blir følgde opp, og drøfte utfordringar og vidare innsats med partane i arbeidslivet.

Den første statusrapporten for handlingsplanen mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet blei publisert i juni 2026.[14] Den viser at dei fleste av tiltaka i planen er igangsett. Planen bygger på førre handlingsplan frå regjeringa, og fleire av tiltaka er del av eit vedvarande arbeid, som f.eks. oppfølging av treparts bransjeprogram og ulike informasjonstiltak.

[14] Statusrapport for handlingsplan mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet – juni 2026

Boks 6.2 Handlingsplan mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet

Handlingsplanen innehald 38 tiltak, bl.a.:

Organisert arbeidsliv og eit styrkt trepartssamarbeid. Regjeringa har auka skattefrådraget for fagforeiningskontingent og har støtta tiltak som fremmer høgare organisasjonsgrad og fleire tariffavtalar. Fair Play Bygg Noreg har fått auka støtte. I tillegg er det etablert eit nytt treparts bransjeprogram for jordbruk- og gartnarnæringa, samtidig som eksisterande bransjeprogram er vidareført for å sikre gode arbeidsvilkår i utsette bransjar.

Styrke arbeidstakarrettar og hindre utnytting. Regjeringa skal foreslå endringar i utlendingsregelverket for å hindre utnytting av utanlandske arbeidstakarar. Lovreglane om lønnstjuveri skal evaluerast for å sjå om dei fungerer etter intensjonen. Det er innført HMS-kort for varebiltransport. Myndigheitene skal bruke sentrale møteplassar som Skatteetaten sin ID-kontroll og Servicesenter for utanlandske arbeidstakarar til å formidle viktig informasjon om rettar og plikter i norsk arbeidsliv.

Mobilisere forbrukar- og innkjøpsmakt. Det skal bli enklare å finne fram til seriøse leverandørar, bl.a. gjennom betre deling av informasjon og utvikling av digitale verktøy. Noregsmodellen for offentlege innkjøp skal vidareutviklast, og offentlege byggherrar skal samarbeide tettare for å sikre at innkjøp skjer frå seriøse leverandørar. Informasjonen til forbrukarar skal styrkast. Arbeidstilsynet skal publisere tilsynsrapportane sine og vedtaka om stans, og på den måten gjere informasjonen lettare tilgjengeleg for både innkjøparar og forbrukarar.

Auke kunnskapen om sosial dumping og arbeidslivskriminalitet. Regjeringa skal styrke kunnskapsgrunnlaget, bl.a. gjennom eigne forskingsprosjekt i departementa og i dialog med Forskingsrådet. Det skal også gjerast endringar i reguleringa slik at Nasjonalt tverretatleg analyse- og etterretningssenter (NTAES) kan dele meir informasjon med etatane som samarbeider om innsats mot arbeidslivskriminalitet.

Tverretatleg samarbeid mot A-krim

Det krevst samordna innsats frå ei rekke offentlege myndigheiter for å førebyggje og få bukt med arbeidslivskriminalitet. Det er organisert eit tverretatleg samarbeid mellom Arbeidstilsynet, Arbeids- og velferdsetaten, Skatteetaten og politiet. Etatane arbeider i fellesskap med å bygge og dele kunnskap om kriminelle aktørar i arbeidslivet. Kunnskapen blir lagt til grunn for å prioritere innsats, verkemiddel og sanksjonar. Eit døme frå det siste året er etatane sitt felles arbeid med etterretning, kontrollinnsats og rettleiing overfor aktørar som driv med naturbasert opplevingsturisme i Nord-Noreg. Oppfølginga skjer i samarbeid med ei rekke andre offentlege og private aktørar. Målet er å stanse ulovleg verksemd og gjere nye aktørar i næringa kjende med sine plikter etter norsk lovgjeving.

I samsvar med regjeringa sin handlingsplan mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet skal den tverretatlege innsatsen mot arbeidslivskriminalitet vidareutviklast. Departementa arbeider med tiltak for å følge opp dette. Det er bl.a. behov for å sjå nærmare på korleis styringa av samarbeidet kan forbetrast, korleis rolle- og arbeidsfordelinga mellom etatane bør vere og korleis forholdet skal vere mellom a-krimsamarbeidet og andre samarbeidsflater mot økonomisk kriminalitet.

Internasjonalt samarbeid

European Labour Authority (ELA)

Noreg deltar i den europeiske arbeidsmarknadsmyndigheiten (ELA). Saman med dei andre EØS/EFTA-statane har vi ein nasjonal kontaktperson i ELA, National Liaison Officer (NLO).

Mandatet til ELA omfattar fleire EU-rettsakter som er tatt inn i EØS-avtalen og gjennomført i norsk rett. Det gjeld bl.a. utsending av arbeidstakarar i forbindelse med tenesteyting, visse reglar innanfor vegtransport, fri bevegelse av arbeidskraft og trygdekoordineringsreglane.

Samarbeidet innanfor ELA inngår som eit av tiltaka i den nye handlingsplanen mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet. Full deltaking i aktivitetane til ELA kan bidra til ein meir samordna og effektiv innsats mot grenseoverskridande arbeidslivskriminalitet, betre informasjonsutveksling og bistand frå ELA ved tilsyn som blir gjennomførte saman med andre statar. ELA skal også bidra til meir effektiv og rettferdig arbeidsmobilitet i den indre marknaden, bl.a. gjennom EURES.

Den internasjonale arbeidslivsorganisasjonen (ILO)

ILO er ein viktig internasjonal arena for å fremme grunnleggande rettar i arbeidslivet og trepartssamarbeidet. Myndigheitene og partane i arbeidslivet samarbeider om norsk oppfølging av ILO gjennom arbeidet i den norske ILO-komiteen.

Den 114. Arbeidskonferansen til ILO

ILO heldt den 114. Arbeidskonferansen frå 1. til 12. juni 2026 i Genève. Dette er ILOs årlege generalforsamling, og konferansen samlar regjeringar, og arbeidsgivar- og arbeidstakarrepresentantar frå ILO sine 187 medlemsland for å drøfte ulike tema knytte til det globale arbeidslivet. Om lag 5600 delegatar og rådgivarar deltok i arbeidet på årets konferanse. Generaldirektøren sin rapport til konferansen handla i år om eit svært sentralt tema «*A moment of choice: Harnessing artificial intelligence for decent work*». Rapporten blei drøfta over fleire dagar, og her deltok arbeids- og inkluderingsministeren med eit norsk innlegg.

Konferansen hadde ei andregongs drøfting av ein konvensjon og ein rekommandasjon om anstendig arbeid i plattformøkonomien. Det blei fatta vedtak om en konvensjon men av tidsmessige grunnar blei det ikkje vedtatt ein rekommandasjon. I tillegg var det viktige diskusjonar i fleire komitéar, bl.a. om ei transformativ dagsorden for likestilling i arbeidslivet, og om sosial dialog og trepartssamarbeid. Komitéane oppmodar styret og generaldirektøren om ta omsyn til konklusjonane og utarbeide handlingsplanar for å sette dei ut i livet.

Tolking av konvensjon ILO nr. 87 med omsyn til retten til streik

I desember 2023 sendte ILO eit fortolkingsspørsmål til FN-domstolen (ICJ). Spørsmålet var om streikeretten er verna av ILO konvensjon nr. 87 frå 1948. Dette er eit prinsipielt spørsmål som det har vore stor ueinigheit om i ILO over lang tid. Fleire statar og organisasjonar leverte skriftlege og munnlege innlegg gjennom prosessen. Noreg argumenterte for at retten til å streike er ein menneskerett som er verna av konvensjon 87 om foreiningsfridom og beskyttelse av organisasjonsretten. Innspelet bygger på ønsket til regjeringa om å legge vekt på arbeidstakarrettigheiter i arbeidet med å fremme menneskerettar internasjonalt. Det er også ei solidarisk handling med arbeidstakarar i alle verdas land.

ICJ avsa si fråsegn den 21. mai 2026. ICJ slår samrøystes fast at domstolen har kompetanse til å gi den rådgjevande fråsegna som er etterspurd og med ti røyster mot fire var domstolen av den oppfatninga at retten til streik for arbeidstakarar og deira organisasjonar er verna etter konvensjonen om foreiningsfridom og vern av organisasjonsretten, 1948 (nr. 87). ICJ har ikkje tatt ei avgjerd om det presise innhaldet, omfanget eller utøvinga av denne retten.

ILO vel nytt styre i juni 2027

ILO sitt styre har tre møte i året (mars, juni og november). Styret er samansett av 28 representantar frå myndigheitene og 14 representantar frå kvar av partane. I tillegg kjem 28 vararepresentantar. Det er etablert ei uformell nordisk rotasjonsordning som sikrar at eitt nordisk land alltid har plass i styret. Noreg skal ha styreplassen frå 2027–2030 for første gong sidan perioden 2014–2017. Noreg vil ha plass som varamedlem i styret, noko som inneber at vi ikkje vil ha rett til å stemme.

Kap. 640 Arbeidstilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
01	Driftsutgifter	925 351	956 433	982 100
21	Spesielle driftsutgifter, regionale verneombod	20 149	19 798	20 531
	Sum kap. 640	945 500	976 231	1 002 631

Overført frå 2025 til 2026:
Post 01: 41 050 000 kroner

Allmenn omtale

Arbeidstilsynet følger opp at norske verksemder held eit høgt nivå med omsyn til helse, arbeidsmiljø og sikkerheit. Vidare følger Arbeidstilsynet, på eit fagleg og sjølvstendig grunnlag, opp at verksemdene ivaretar ansvaret sitt etter arbeidsmiljølovgivinga, allmenngjeringslovgivinga og anna relevant regelverk som ligg til myndigheita Arbeidstilsynet har.

Tilsynsmyndigheita til Arbeidstilsynet omfattar meir enn 220 000 verksemder med om lag 2,8 millionar tilsette i det landbaserte arbeidslivet. Arbeidstilsynet rettar innsatsen mot næringane, yrka og verksemdene der det er størst risiko for arbeidsrelaterte helsebelastningar, useriøsitet og alvorlege brot på arbeidsmiljølova.

Arbeidstilsynet er også sekretariat for Rikslønnsnemnda, Tariffnemnda og Tvisteløysingsnemnda, som er eigne forvaltningsorgan.

Arbeidstilsynets organisering blei endra frå 1. januar 2026, og består no av eit direktorat og eit tilsyn (ytre etat) fordelt på 5 tilsynsområder og nasjonale funksjonar. Arbeidstilsynet disponerte 711 årsverk i 2025, jf. også likestillingsomtalen i del III.

Rapportering, strategiar og tiltak for 2027

Arbeidstilsynets innsats bidrar både til at det førebyggande arbeidet i verksemdene blir betra, at verksemdene sørger for forsvarlege arbeidsforhold, og at fleire kriminelle aktørar blir avdekte og stansa eller får redusert handlingsrom. Dette bidrar til målet om eit sikkert og seriøst arbeidsliv, medrekna å hindre fråfall og auke inkluderinga, i tillegg til at det også bidrar til målet om å redusere sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet.

Det er viktig at Arbeidstilsynet er synlege og nærverande i arbeidslivet. Det viktigaste verkemiddelet deira er tilsyn, og den mest brukte reaksjonen deira er pålegg til verksemdene om å utbetre påpeikte forhold. I 2025 blei det gjennomført over 14 000 tilsyn, og det blei vedtatt over 19 000 pålegg om forbetringstiltak. Ei kunnskapsoppsummering frå STAMI har vist at pålegg om å rette opp brot på regelverket fører til betre etterleving hos dei aller fleste kontrollerte verksemdene. Pålegg er såleis ein effektiv reaksjon i veldig mange tilfelle.

I tida framover skal Arbeidstilsynet gjennomføre fleire tilsyn og vere meir til stades og synlegare, og på den måten påverke fleire direkte. Fleire og meir treffsikre tilsyn kan også føre til meir bruk av strenge reaksjonar i dei mest alvorlege sakene. For å komme dit effektiviserer

Arbeidstilsynet arbeidsprosessane sine og metodikken sin, f.eks. gjennom å bruke meir digitalisering i delar av prosessane.

Det er også viktig at Arbeidstilsynet har ei spesiell merksemd på utfordringar som kan komme av plattformarbeid, og at dei bidrar til myndigheitenes innsats for å sikre rettigheitene til arbeidstakarar som utførar arbeid gjennom digitale plattformar.

Arbeidstilsynet rår også over andre verkemiddel når dei følger opp verksemder, f.eks. rettleiing og kunnskapsformidling, regelverksutvikling, og godkjenningsordningar. Etaten skal nytte det verkemiddelet som har størst effekt basert på den kunnskapen dei har om forholda i arbeidslivet.

Arbeidstilsynet har også eit forpliktande strategisk og operativt samarbeid med andre myndigheiter, også internasjonalt, og dei samhandlar med partane i arbeidslivet og bransjeorganisasjonar.

Innsats for betre førebyggande arbeid i verksemdene

I delar av arbeidslivet finst det verksemder som ikkje i tilstrekkeleg grad arbeider systematisk og førebyggande med kjende og til dels alvorlege arbeidsmiljøutfordringar. Arbeidstilsynet erfarer at særleg små verksemder kan ha mangelfulle risikovurderingar, og utfordringane varierer både mellom yrke og bransjar og frå arbeidsplass til arbeidsplass. Arbeidstilsynet samarbeider tett med STAMI for å sikre oppdaterte og kunnskapsbaserte tilstandsvurderingar og risikobilde. Kva verkemiddel Arbeidstilsynet vel, avheng bl.a. av kva som er arbeidsmiljøutfordringane i den aktuelle verksemda, og kor omfattande, komplekse og alvorlege utfordringane er. I tillegg avheng det av kva kunnskap, motivasjon og ressursar verksemda har til å forbetre arbeidsmiljøet.

Arbeidsmiljø handlar om innhaldet i arbeidet og korleis verksemdene organiserer, planlegg og gjennomfører arbeidet på den enkelte arbeidsplassen. Førebygging er eit langsiktig og kontinuerleg arbeid, der bl.a. kunnskapen og samarbeidet til arbeidsgivarane og arbeidstakarane om systematisk førebyggande arbeid er viktige faktorar for å lykkast. Arbeidstilsynet vil arbeide vidare med arbeidsmiljøsatsinga i samarbeid med STAMI, Arbeids- og velferdsetaten og Havindustritilsynet. Vi viser til nærmare omtale av verkemidla under IA-avtalen under programkategori 29.50.

Etter dei tidlegare omtalte endringane i regelverket går det tydeleg fram av lova at kravet om eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø gjeld like mykje og på same måte for det psykososiale arbeidsmiljøet som for det fysiske og at bl.a. emosjonelle belastningar, motstridande krav og stor arbeidsmengde er arbeidsmiljøfaktorar som må vurderast og handterast på arbeidsplassen. Arbeidstilsynet er i gang med en informasjons- og rettleiingskampanje og arbeider saman med partane om det.

Arbeidstilsynet gjennomførte over 7 500 tilsyn innanfor arbeidet med førebygging i verksemdene i 2025, om lag på same nivå som året før. Innsatsen har ført til at meir enn 4 200 verksemder har gjennomført eitt eller fleire forbetringstiltak.

Fleire studiar dei seinare åra har vist at sjukdom er den klart største årsaka til arbeidsrelaterte dødsfall og tap av livskvalitet. I tillegg er kostnadene knytte til arbeidsrelaterte sjukdommar betydeleg. Derfor rettar Arbeidstilsynet no meir av innsatsen mot sjukdomsførebygging, og det kjem dei til å halde fram med dei neste åra.

Innsats mot sosial dumping og useriøsitet

Arbeidstilsynet følger opp at verksemdene oppfyller krava frå arbeidstakarane til lønns- og arbeidsvilkår, innkvartering og sikkerheit, spesielt i næringar med ein høg del utanlandske arbeidstakarar og i næringar med allmenngjord lønn. Arbeidstilsynet følger også opp at verksemdene ivaretar ansvaret sitt for å etterleve vilkåra for innleige.

Arbeidstilsynet nyttar ulike verkemiddel for å bidra til at verksemdene har seriøse og anstendige arbeidsvilkår. I dette inngår bl.a. tilsyn, rettleiing om rettar og plikter i arbeidsforhold, bl.a. gjennom Servicesentera for utanlandske arbeidstakarar (SUA), og dessutan målretta informasjonstiltak og kampanjar retta mot utanlandsk arbeidskraft på relevante språk. Etaten har også ein fleirspråkleg chatbot for å understøtte arbeidstakarar og arbeidsgjevarar med svar på relevante spørsmål. I tillegg kan kven som helst melde inn tips via nettsida deira på både norsk og engelsk.

I 2025 gjennomførte Arbeidstilsynet over 5 500 tilsyn mot sosial dumping og useriøsitet, ei relativt stor auke frå året før. På bakgrunn av tilsyna, og annan innsats mot useriøsitet, sette om lag 2 800 verksemder i verk eitt eller fleire forbetringstiltak.

Arbeidstilsynet forvaltar fleire godkjenningsordningar og register som bidrar til større seriøsitet. Dette gjeld bl.a. for verksemder innan bilvask, dekkskift og dekkhotell, bedriftshelsetenester, reinhaldsverksemder og verksemder med løyve til asbestarbeid. Dei forvaltar også godkjenningsordninga for bemanningsføretak. Dette skal bidra til at verksemder som tilbyr slike tenester, oppfyller krav i forhold til arbeidsmiljø og krav til seriøse lønns- og arbeidsvilkår for arbeidstakarane

sine. I tillegg skal det bli enklare for tenestekjøparar og innleigarar å velje seriøse leverandørar.

Allmenngjeringsordninga bidrar til å hindre sosial dumping og konkurransevriding. Tilsyn og reaksjonar forsterkar denne effekten fordi dei gjer det meir sannsynleg at brot på regelverket blir oppdaga. Arbeidstilsynet fører tilsyn med informasjonsplikta og sjå-tilplikta til bestillarar og oppdragsgivarar, og følger opp om offentlege oppdragsgivarar etterlever krava til kontroll og oppfølging av lønns- og arbeidsvilkår ved anskaffingar.

Treparts bransjeprogram er eit viktig tiltak i kampen mot useriøsitet. I dei ulike treparts bransjeprogramma (reinhald, bilpleie, landbruk og gartneri, uteliv og transport) har Arbeidstilsynet, saman med partane i arbeidslivet, gjennomført fleire rettleiings- og informasjonstiltak for å auke kunnskapen om arbeidsmiljøutfordringar og førebygge useriøsitet i desse bransjane.

Innsats mot arbeidslivskriminalitet

Arbeidslivskriminalitet er framleis ei utfordring i delar av arbeidslivet, og innsatsen krev eit breitt samarbeid mellom ulike myndigheiter, jf. tidlegare omtale.

Som del av innsatsen mot arbeidslivskriminalitet gjennomførte etaten om lag 1 300 tilsyn i 2025 mot dette formålet. 440 verksemder har sett i verk eitt eller fleire forbetringstiltak.

Arbeidstilsynet har samarbeidsavtalar med tilsynsmyndigheitene i Estland, Litauen, Latvia, Polen, Romania og Bulgaria. Formålet med avtalane er å samarbeide om både informasjons- og rettleiingstiltak, og kontrolltiltak f.eks. gjennom felles samordna kontrollar for å gjere det vanskelegare for utanlandske aktørar å utføre arbeidslivskriminalitet i Noreg. Arbeidstilsynet samarbeider med tilsynsmyndigheitene i dei andre nordiske og baltiske landa om bl.a. analysearbeid og utveksling av erfaringar med tilsynsinnsats og trepartssamarbeid. I tillegg deltar dei i ei rekke ELA-aktivitetar knytt til kunnskapsdeling, tilsynsverktøy og informasjonstiltak. Regjeringa vidarefører Fondet for trepartssamarbeid og sosial dialog som ein del av EØS-midlane. Dette gir grunnlag for å finansiere tiltak innan tilsyn, informasjon og erfaringsdeling mellom Arbeidstilsynet og tilsynsmyndigheitene i mottakarlanda. Det er også høve til tilsvarande samarbeidstiltak med land utanfor EØS-området som grenser til mottakarland. Arbeidstilsynet vil legge vekt på tiltak innan informasjon, rettleiing og tilsyn overfor arbeidstakarar frå land utanfor EØS-området som kjem til Noreg for å arbeide. Slike tredjelandsborgarar kan vere særskilt utsett for sosial dumping og arbeidslivskriminalitet i dei europeiske arbeidsmarknadene.

Budsjettforslag 2027

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker lønns- og driftsutgifter til Arbeidstilsynet. Dette skal bl.a. finansiere tilsyn, rettleiing, kunnskapsutvikling og informasjon, behandling av søknader, dispensasjonar, regelverksarbeid og internasjonalt arbeid.

For 2027 foreslår regjeringa ei løyving på 982,1 mill. kroner, noko som samla sett inneber ein auke på 25,7 mill. kroner frå saldert budsjett for 2026, inkludert pris- og lønnsjusteringar.

Regjeringa foreslår å redusere driftsløyvinga til Arbeidstilsynet med 0,7 mill. kroner som følge av gevinstrealisering knytt til reduserte leigekostnader for statlege verksemder.

Løyvinga er redusert med 0,1 mill. kroner mot ein tilsvarande auke under kap. 1605, post 01, som følge av rammeoverføring til Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) til tryggingstiltak og IT-infrastruktur for økonomitenestene til DFØ.

Regjeringa foreslår at løyvinga under kap. 640, post 01, kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3640, post 06 og post 07, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, regionale verneombod

Løyvinga dekker kostnader som Arbeidstilsynet har ved å administrere ordninga med regionale verneombod i overnattings- og serveringsverksemdene og reinhaldsbransjen.

Regjeringa foreslår at løyvinga kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3640, post 08, jf. forslag til romartalsvedtak.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 20,5 mill. kroner.

Kap. 3640 Arbeidstilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
04	Kjemikaliekontroll, gebyr	2 338	5 781	5 995
06	Refusjonar	2 319	4 042	4 192
07	Byggesaksbehandling, gebyr	26 363	26 602	27 586
08	Refusjon av utgifter til regionale verneombod	19 704	20 108	20 852
85	Tvangsmulkt	9 612	7 175	7 175
86	Gebyr for brot	66 500	59 950	59 950
	Sum kap. 3640	126 836	123 658	125 750

Post 04 Kjemikaliekontroll, gebyr

Posten omfattar inntekter frå gebyr i forbindelse med kjemikaliekontroll.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 6 mill. kroner.

Post 06 Refusjonar

Posten omfattar bl.a. refusjonar for midlertidige utlegg og innbetaling av kursavgift der Arbeidstilsynet tar deltakaravgift.

Regjeringa foreslår at Arbeidstilsynet kan overskride løyvinga under kap. 640, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under denne posten, jf. forslag til romartalsvedtak.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 4,2 mill. kroner.

Post 07 Byggesaksbehandling, gebyr

Posten omfattar gebyrinntekter for tenester Arbeidstilsynet utfører for verksemdene ved byggesaksbehandling, etter arbeidsmiljølova § 18-9.

Regjeringa foreslår at Arbeidstilsynet kan overskride løyvinga under kap. 640, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under denne posten, jf. forslag til romartalsvedtak.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 27,6 mill. kroner.

Post 08 Refusjon av utgifter til regionale verneombod

Inntektene under posten er refusjon for utgifter til drift av regionale verneombod som blir administrerte av Arbeidstilsynet. Utgiftene blir ført på kap. 640, post 21.

Regjeringa foreslår at Arbeidstilsynet kan overskride løyvinga under kap. 640, post 21, mot tilsvarande meirinntekter under denne posten, jf. forslag til romartalsvedtak.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 20,9 mill. kroner.

Post 85 Tvangsmulkt

Inntektene under posten omfattar innkravd tvangsmulkt som verksemder er blitt ilagde fordi dei ikkje har følgt pålegg frå Arbeidstilsynet.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 7,2 mill. kroner.

Post 86 Gebyr for brot

Posten omfattar inntekter frå gebyr som er blitt ilagde verksemder for brot på arbeidsmiljøregelverket.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 60 mill. kroner.

Kap. 643 Statens arbeidsmiljøinstitutt

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
50	Statstilskot	180 040	186 521	193 257
	Sum kap. 643	180 040	186 521	193 257

Allmenn omtale

Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI) er det nasjonale forskingsinstituttet på arbeidsmiljø- og arbeidshelseområdet i Noreg. STAMI skal få fram og foredle kunnskap om arbeidsmiljø og arbeidshelse og formidle denne kunnskapen til heile breidda av norsk arbeidsliv.

STAMI bygger verksemda si på forsking og vitskapleg fagkompetanse, og fordeler ressursinnsatsen mellom forsking, arbeidsmiljøovervaking, arbeidslivsstøttande oppgåver, myndigheitsstøttande funksjonar, undervisning og kunnskapsformidling. STAMI skal bidra til den internasjonale forskingsfronten, hente heim kvalitetssikra kunnskap og omsette og formidle denne til det beste for norsk arbeidsliv. Gjennom dette skal STAMI bidra til kunnskapsbaserte tiltak og prioriteringar i norske verksemder og hos arbeidsmiljømyndigheitene og partane i arbeidslivet.

STAMI forskar på faktorar som kan bidra til å fremme god arbeidshelse, gode arbeidsmiljøforhold og førebygge arbeidsrelatert sjukdom, skade og fråfall frå arbeidslivet. Det faglege nedslagsfeltet til STAMI dekker alle forhold som speler inn på arbeidsmiljø og arbeidshelse. Instituttet skal, så langt det er mogleg, dekke det behovet arbeidslivet har for ny kunnskap om arbeidsmiljø- og arbeidsforhold, og har bl.a. ansvaret for å halde ved lag og vidareutvikle kompetanse på forsking om arbeidsrelaterte kjemikalieskader. Innsatsen til instituttet skal støtte opp under arbeidet med å vidareutvikle eit trygt og inkluderande arbeidsliv i Noreg.

Instituttet har eit fagråd med representasjon frå partane i arbeidslivet og arbeidsmiljømyndigheitene.

STAMI disponerte ved inngangen av 2026 om lag 143 årsverk.

Rapportering, tiltak og strategiar for 2027

STAMI bidrar til kvalitetssikra kunnskap om årsakssamanhengar mellom arbeid og helse og arbeidsevne. Sikker kunnskap er viktig for å drive god førebygging og forbetring, særleg i ei tid prega av høg endrings- og omstillingstakt. På arbeidsmiljøområdet er det spesielt viktig med ein uavhengig og partsnøytral premissleverandør av kunnskap med høg vitskapleg standard og tillit.

I 2025 omfatta den vitskaplege publiseringsaktiviteten ved STAMI 84 vitskaplege artiklar publiserte i fagfellevurderte tidsskrift. Dette svarar til 1,9 vitskaplege artiklar per forskarårsverk, noko som indikerer ein høg kunnskapsproduksjon. Instituttet hadde i alt 88 pågåande forskingsprosjekt i 2025. Av desse hadde 47 prosjekt ei budsjettramme på over to millionar. 31 prosjekt var nye i 2025. Over halvparten av prosjekta blir gjennomførte i samarbeid med internasjonale forskarar. Tematikken i prosjekta dekker breidda i kunnskapsbehova på arbeidsmiljøområdet i norsk arbeidsliv godt.

På grunnlag av nasjonale arbeidsmiljøovervakingsdata har STAMI dei siste åra vore særleg opptatt av å formidle kunnskap om kva for arbeidsmiljøfaktorar som er blant dei viktigaste å arbeide med i Noreg. I tillegg har instituttet retta merksemd mot samanhengane mellom arbeidsmiljøet i verksemdene og kva kvalitet og resultat dei oppnår.

STAMI fordeler forskingsinnsatsen mellom tre hovudområde. Desse områda speglar utfordringar knytte til arbeidsrelatert sjukdom i norsk arbeidsliv:

a. psykososialt og organisatorisk arbeidsmiljø, irekna arbeidstid, fråfall, inkluderande arbeidsliv og nye organisasjons- og arbeidsformer
b. fysiske og mekaniske arbeidseksponeringar
c. kjemisk og biologisk arbeidsmiljø, irekna effektar av nanoteknologi og andre nye teknologiar

STAMIs strategi for perioden 2026–2035 legg særleg vekt på forsking knytt til ny teknologi og digitalisering, grøn omstilling og auka arbeidsdeltaking. Robuste nasjonale datakjelder, styrkt internasjonalt samarbeid og vidareutvikling av for-

skingsmetodikk er framheva i strategien som svært viktige faktorar for produksjonen av relevant kunnskap av høg kvalitet på feltet.

Eit av dei sentrale innsatsområda til STAMI er Nasjonal overvaking av arbeidsmiljø og -helse (NOA). NOA har som mål å utvikle eit felles kunnskapsgrunnlag om statusen og utviklinga på arbeidsmiljøområdet for aktørane i arbeidslivet. Dei viktigaste oppgåvene til NOA er å samle, analysere og formidle informasjon om arbeidsmiljø og arbeidshelse i Noreg og å legge dette materialet til rette for kunnskapsbaserte risikovurderingar og prioriteringar hos tilsynsetatane. NOA gjer data og informasjon tilgjengelege på noa.stami.no og gjennom ei eiga faktabok om arbeidsmiljø og -helse kvart tredje år. Den neste kjem i 2027.

STAMI har arbeidd vidare med arbeidsmiljøsatsinga i samarbeid med Arbeidstilsynet, Arbeids- og velferdsetaten og Havindustritilsynet. Sjå nærmare omtale av verkemidla under IA-avtalen under programkategori 29.50. STAMI har ei sentral rolle i kunnskapsproduksjonen, utvikling av kunnskapsbaserte arbeidsmiljøverktøy og samhandlinga mellom bransjeprogram og arbeidsmiljøsatsing.

STAMI vidareutviklar kontinuerleg metodar og kanalar for kunnskapsutvikling og -formidling for å styrke tilbodet til alle målgrupper og legge betre til rette for forskingsbasert førebyggande verksemd. Instituttet arbeider også systematisk med å bygge opp store databasar med tidsseriedata, som framover vil gi eit solid grunnlag for forsking på årsakssamanhengar innan arbeidsmiljø og arbeidshelse. STAMI har vidare eit særskilt ansvar for å følge med på, kvalitetssikre og hente relevant kunnskap frå den internasjonale forskingsfronten, og for å utarbeide systematiske kunnskapsoppsummeringar på sentrale fagområde for norsk arbeidsliv.

Budsjettforslag 2027

Post 50 Statstilskot

STAMI er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter, med løyving som netto tilskot til drift av instituttet. Inntektene instituttet får frå bidragsforskinga, har dei siste åra utgjort om lag 15 pst. av det totale budsjettet deira, medrekna offentlege midlar frå andre finansieringskjelder, først og fremst Noregs forskingsråd, fond i EU/EØS og andre forskingsfond.

Løyvinga er endra som følge av pris- og lønnsjusteringar og gevinstrealiseringar m.m.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 193,3 mill. kroner.

Kap. 646 Pionerdykkarar i Nordsjøen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
72	Tilskot, *kan overførast*	585		
	Sum kap. 646	585		

Kap. 647 Kompensasjonsordning for oljepionerane

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
01	Driftsutgifter, *kan overførast*	2 517	21 000	11 717
70	Kompensasjonsutbetalingar til oljepionerane, *overslagsløyving*		434 000	52 887
	Sum kap. 647	2 517	455 000	64 604

Overført frå 2025 til 2026:
Post 01: 1 500 000 kroner

Allmenn omtale

I tråd med anbefalingane og berekningane frå rapporten frå oljepionerkommisjonen, NOU 2022: 19 *Oljepionerene – en kompensasjonsordning* ble det med verknad frå 1. januar 2026 oppretta ei kompensasjonsordning for kjemikalieskadde oljepionerar.

Rapport

Kompensasjonsordninga blei opna for søknader den 5. januar 2026. Det er den uavhengige oljepionernemnda som behandlar søknader. I samanheng med Revidert nasjonalbudsjett for 2026 blei det gjort ei endring i sjukdomslista i lova (sjå Prop. 96 S (2025–2026) og Prop. 95 LS (2025–2026). Per 31. august 2026 har oljepionernemnda teke imot 197 søknader, og behandla 149 av dei. 47 søknader har blitt innvilga, og det er til saman utbetalt 44,2 mill. kroner. Tolv av sakane er sendt vidare til arbeidsmedisinsk utgreiing.

Delar av midlane til administrasjon av ordninga er løyva på kap. 600 Arbeids- og inkluderingsdepartementet, post 01 *Driftsutgifter*, og kap. 732 Regionale helseføretak, post 70 *Særskilte tilskot, kan overførast, kan nyttes under postane 72, 73, 74 og 75*.

Budsjettforslag 2027

Post 01 Driftsutgifter, kan overførast

Posten omfattar utgifter til å drifte nemnd og sekretariat, og dessutan nødvendige kostnader til IKT-utvikling, arkivering, søknadsbehandling og utbetaling av kompensasjon.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 11,7 mill. kroner.

Post 70 Kompensasjonsutbetalingar til oljepionerane, overslagsløyving

Posten omfattar utbetalingar til kompensasjon til oljepionerar som fylle vilkåra i ordninga. Vilkåra framkommer av *Lov om kompensasjonsordning for kjemikalieskadde oljepionerar*, sjå også Prop. 7 L (2025–2026).

For 2027 er det foreslått ei løyving på 52,9 mill. kroner.

Kap. 648 Arbeidsretten, Riksmeklaren m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
01	Driftsutgifter	27 271	28 219	28 926
21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast, kan nyttast under post 01*		611	634
70	Tilskot til fagleg utvikling	2 210	2 290	2 375
	Sum kap. 648	29 481	31 120	31 935

Overført frå 2025 til 2026:
Post 01: 1 395 000 kroner
Post 21: 590 000 kroner

Allmenn omtale

Arbeidsretten er ein spesialdomstol som avgjer kollektivrettslege tvistar innanfor dei rammene for domsmyndigheitene som arbeidstvistlova og tenestetvistlova trekker opp. Arbeidsretten behandlar også tvistar om forståing, gyldigheit og eksistens av tariffavtalar og saker om brot på fredsplikta og om erstatningsansvar for tariffbrot og ulovleg arbeidskamp.

I tillegg til den dømmande verksemda skal Arbeidsretten drive utoverretta fagleg verksemd.

Riksmeklaren er ein uavhengig institusjon som meklar i tariffkonfliktar der det er brot mellom partane i forhandlingane om å opprette og/eller fornye tariffavtale. Samfunnsoppdraget til Riksmeklaren er å bidra til å bevare arbeidsfreden ved å hjelpe partane i arbeidslivet gjennom mekling og finne minnelege løysingar i interessetvistar.

Arbeidsretten og Riksmeklaren disponerte ved inngangen til 2026 hvv. fire og to tilsette, jf. også likestillingsomtalen i del III.

Rapport

Arbeidsretten fekk inn 33 nye saker i 2025, mot 21 i 2024. Retten avsa 11 dommar i 2025, mot 19 i 2024. Talet på dagar med hovudforhandlingar var 26 i 2025, mot 39 i 2024. Tida som gjekk frå ei stemning kom inn til Arbeidsretten, til det blei halde hovudforhandling, var i 2025 5 månader og 24 dagar, mot 7 månader og 12 dagar i 2024.

Saksmengda til Riksmeklaren kan variere mykje mellom år med hovudoppgjer og år med mellomoppgjer. 2025 var eit år med mellomoppgjer. Talet på saker i 2025 var på nivå med tidlegare mellomoppgjer.

Det kom inn totalt 21 meklingssaker i 2025, dette er om lag det same talet som i 2023 da det også var mellomoppgjer. Ein sak enda i konflikt. Talet på konfliktar (1) i 2025 har ikkje vært lågare sidan 2011.

Budsjettforslag 2027

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar driftsutgiftene til Arbeidsretten og Riksmeklaren m.m.

Løyvinga er endra som følge av pris- og lønnsjusteringar. Regjeringa foreslår å redusere driftsløyvinga til Arbeidsretten og Riksmeklaren med 0,1 mill. kroner som følge av gevinstrealisering knytt til reduserte leigekostnader for statlege verksemder.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 28,9 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 01

Saksmengda og utgiftene til institusjonane på kapittelet varierer ut frå korleis lønnsoppgjera går, om det er hovud- eller mellomoppgjer, og om oppgjera er samordna eller forbundsvise. Posten skal dekke utgifter ved institusjonane på kapittelet og dessutan kompetanseoppbygging og utgreiingar innan feltet kollektiv arbeidsrett.

For å kunne handtere svingingane i budsjettbehova frå år til år har posten stikkorda «kan overførast» og «kan nyttast under post 01».

For 2027 er det foreslått ei løyving på 0,6 mill. kroner.

Post 70 Tilskot til fagleg utvikling

Det juridiske fakultetet ved Universitetet i Oslo driv eit løpande fagleg utviklingsarbeid innanfor arbeidsrett. Målet er å oppretthalde, styrke og vidareutvikle brei fagleg kompetanse på feltet, både i eit samfunnsperspektiv og for det praktiske retts- og arbeidsliv. Arbeidet omfattar både nasjonal og internasjonal arbeidsrett, med særleg vekt på EØS-rett, inkludert utviklinga i rettspraksis. Arbeidet er eit viktig og nødvendig bidrag til den løpande kunnskapsutviklinga innanfor arbeidsrett. Gjennom dette arbeidet bidrar fakultetet også til å binde saman fagmiljøa innan arbeidsrett som finns på dei andre universiteta og lærestadene i landet. Arbeidet speler også ei viktig rolle i eit samfunnsperspektiv, bl.a. ved å legge til rette for involvering av- og samhandling med partane i arbeidslivet. For inneverande periode (2018–2027) bidrar myndigheitene årleg med 50 pst. av kostnadene i prosjektet.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 2,4 mill. kroner.

Programkategori 09.50 Pensjonar m.m. under Statens pensjonskasse

Utgifter under programkategori 09.50 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
611	Pensjonar frå statskassa	16 418	18 000	20 000	11,1
612	Tilskot til Statens pensjonskasse	12 164 435	14 327 900	13 156 000	-8,2
613	Arbeidsgivaravgift til folketrygda	1 000	1 000	1 000	0,0
2470	Statens pensjonskasse	168 021	160 369	145 037	-9,6
	Sum kategori 09.50	12 349 874	14 507 269	13 322 037	-8,2

Utgifter under programkategori 09.50 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
01–29	Statens eigne driftsutgifter	12 161 853	14 326 900	13 157 000	-8,2
30–49	Nybygg, anlegg o.a.	188 021	180 369	165 037	-8,5
	Sum kategori 09.50	12 349 874	14 507 269	13 322 037	-8,2

Inntekter under programkategori 09.50 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
5470	Statens pensjonskasse	76 000	90 000	80 000	-11,1
	Sum kategori 09.50	76 000	90 000	80 000	-11,1

Pensjonspolitikken har som mål at pensjonssystemet skal vere økonomisk og sosialt berekraftig, og at det skal sikre føreseielege og gode pensjonar for både dagens og kommande generasjonar. Pensjonssystemet må derfor gi gode insentiv til arbeid, samtidig som det er fleksibelt, slik at alle kan velje sjølv når dei vil ta ut pensjon, og kor stor del dei skal ta ut.

Det samla pensjonssystemet blir ofte omtalt som tredelt, med alderspensjonen frå folketrygda, tenestepensjonar (pensjonar opptente i arbeidsforhold) inkludert AFP og dessutan individuell pensjonssparing. Denne programkategorien omfattar tenestepensjonsordningar i Statens pensjonskasse.

Det blir dessutan vist til mål 8 om gode og føreseielege pensjonar for dagens og framtidige generasjonar i del I i innleiinga.

Allmenn omtale

Programkategorien omfattar både ytingane som Statens pensjonskasse administrerer, og den administrative drifta av Statens pensjonskasse som forvaltningsbedrift. Statens pensjonskasse forvaltar den største tenestepensjonsordninga i Noreg. Ytingane frå Statens pensjonskasse omfattar

- alderspensjon
- uførepensjon
- etterlatnepensjon (barnepensjonar og enke- og enkemannspensjonar)

Statens pensjonskasse administrerer òg pensjonsordningar for bl.a. statsrådar, stortingsrepresentantar, apotekverksemd, det kunstnariske personalet ved Den Norske Opera & Ballett og følgepersonar i utanrikstenesta. I tillegg administrerer Statens pensjonskasse

- pensjonar av statskassa, jf. nærmare omtale under kap. 611 Pensjonar frå statskassa
- avtalefesta pensjon (AFP)
- enkelte særordningar for forsvarspersonell (kompensasjon for psykisk belastningsskade etter tenestegjering i internasjonale operasjonar m.m.)
- eingongserstatningsordning for vernepliktige m.m.
- tariffbaserte personskadeerstatningar (særavtalar for reiser innanlands og utanlands, stasjonering i utlandet m.m.)
- krav etter bilansvarslova for personskade forårsaka av bilane til staten
- bustadlån for yrkesaktive medlemmer og pensjonistar i Statens pensjonskasse, jf. kap. 1565 under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet
- krav etter yrkesskadeforsikringslova for tilsette i staten, jf. kap. 1566 under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet
- gruppelivsordninga heimla i hovudtariffavtalen (HTA) § 23 (erstatning til etterlatne når medlemmer døyr), jf. kap. 1567 under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet

Medlemmer[15]

Staten har sidan 1917 hatt ei lovheimla tenestepensjonsordning for embets- og tenestemennene sine og for skoleverket. Statens pensjonskasse hadde ved utgangen av 2025 om lag 1 159 000 medlemmer. Av desse er det om lag 335 000 pensjonistar, 303 000 yrkesaktive medlemmer og 12 000 som er delvis yrkesaktive i kombinasjon med pensjon. I tillegg har 509 000 medlemmer rett til oppsett pensjon. Desse medlemmene har opparbeidd seg pensjonsrettar i Statens pensjonskasse, men er for tida ikkje tilsette i ei medlemsverksemd.

Statstilsette (tilsette i staten som juridisk eining) og kommunalt og fylkeskommunalt tilsette lærarar har obligatorisk medlemskap i Statens pensjonskasse. Av dei yrkesaktive medlemmene høyrer i overkant av halvparten til i statsforvaltninga, om lag ein tredel høyrer til i skoleverket i kommunal og fylkeskommunal sektor, og om lag ein tidel høyrer til i andre verksemder.

Overføringsavtalen

Det er inngått ein overføringsavtale mellom Statens pensjonskasse og andre leverandørar av offentlege tenestepensjonsordningar (kommunale pensjonskasser, livsforsikringsselskap og lovfesta pensjonsordningar). Overføringsavtalen skal sikre at pensjonen til medlemmene ikkje blir påverka ved skifte av arbeidsgivar innanfor offentleg sektor. Statens pensjonskasse er koordinerande organ for overføringsavtalen og administrerer bl.a. regelverket for oppgjer (refusjon) mellom pensjonsordningane.

[15] Tala er utanom apotekverksemd.

Kap. 611 Pensjonar frå statskassa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
01	Driftsutgifter, *overslagsløyving*	16 418	18 000	20 000
	Sum kap. 611	16 418	18 000	20 000

Allmenn omtale

Pensjon frå statskassa (rettferdspensjon) er ei særordning etablert gjennom praksis med heimel i Grunnlova § 75 bokstav i. Gjennom ordninga kan Stortinget, ut frå ei skjønnsmessig vurdering, gi pensjon til personar som ikkje har kunna tene opp pensjonsrettar i Statens pensjonskasse på ordinær måte. Dei som får pensjon frå statskassa, er i hovudsak tidlegare lokalt tilsette arbeidstakarar ved norske utanriksstasjonar som ikkje er dekte av adekvate lokale trygde- og forsikringsordningar.

Pensjon frå statskassa blir berre gitt unntaksvis, men representerer ein viktig sikringsventil som har stor verdi for dei få det gjeld. Ordninga blir administrert i samarbeid med Utanriksdepartementet.

Rapport

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gir midlertidig tilsegn om pensjonar frå statskassa etter søknad. Forslag til vedtak blir lagde fram for Stortinget i ein eigen årleg proposisjon. Departementet gav tilsegner om 13 nye pensjonar i 2025. I 2024 og 2023 blei det gitt tilsegner om hvv. 12 og 16 nye pensjonar.

Budsjettforslag 2027

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Utgiftsanslaget for 2027 inkluderer anslått effekt av trygdeoppgjeret i 2026 og 2027.

Anslaget for 2027 er på 20 mill. kroner. Dette er 2 mill. kroner høgare enn anslaget i saldert budsjett for 2026. Anslaget for 2027 er basert på prognose for 2026.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 20 mill. kroner.

Kap. 612 Tilskot til Statens pensjonskasse

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
01	Driftsutgifter, *overslagsløyving*	12 222 086	14 513 900	13 156 000
22	Sluttoppgjer, *overslagsløyving*	-57 651	-186 000	
	Sum kap. 612	12 164 435	14 327 900	13 156 000

Allmenn omtale

Den delen av netto pensjonsutgifter som ikkje blir finansiert av premieinnbetalingar, dekker staten ved tilskot. Ifølge § 16 i lov om Statens pensjonskasse skal alle medlemmer betale innskot med 2 pst. av pensjonsgrunnlaget. Ifølge § 18 skal alle medlemsverksemder betale arbeidsgivarandelen av pensjonspremien. Sjå nærmare omtale av pensjonspremie nedanfor under overskrifta *Premiebetaling til Statens pensjonskasse og synleggjering av pensjonskostnadene til staten*.

Inntektssida utgjer i første rekke pensjonspremie frå medlemsverksemdene. Dette er innskot for pensjonsrettar som skal utbetalast langt fram i tid, mens utbetalingane er til dei som tidlegare har vore yrkesaktive, eller etterlatne etter dei. Det er derfor ikkje nokon direkte samanheng mellom utgiftene og inntektene på kapittelet i kvart enkelt budsjettår. Utgiftssida utgjer i første rekke utbetalingar til alderspensjon, uførepensjon, etterlatnepensjon og avtalefesta pensjon (AFP). I tillegg blir det budsjettert avskrivingar, administrasjonsutgifter og renteutbetalingar. Det blir òg budsjettert utbetalingar til yrkesskadeforsikring før 1. januar 1996 som ikkje blir dekte av premieinnbetalingar.

Hovudtrekk ved regelverket og foreslåtte endringar

Alderspensjon frå offentleg tenestepensjon er utforma på to ulike måtar, ei bruttoordning og ei påslagsordning, og kva årskull ein høyrer til, avgjer kva for modell som gjeld.

For dei som i dag får alderspensjon frå offentleg tenestepensjon, er heile eller det mest vesentlege av tenestepensjonsordninga ei bruttoordning, det vil seie at ho sikrar eit samla nivå på tenestepensjonen og folketrygda. Først blir det berekna ein brutto tenestepensjon, som ved full oppteningstid utgjer 66 pst. av pensjonsgrunnla-

get (sluttlønn) opp til 12 G før levealdersjustering. Netto tenestepensjon blir berekna ved at det blir gjort frådrag for alderspensjon frå folketrygda etter bestemte samordningsreglar.

Den nye påslagsordninga gjeld for årskull fødde i 1963 eller seinare og blei sett i verk 1. januar 2020. Årskull fødde før 1963 skal behalde bruttoordninga. Den nye tenestepensjonen fekk verknad for utbetalt pensjon når 1963-kullet fylte 62 år, det vil seie frå 2025. For årskull fødde i 1963 eller seinare gjeld også ein ny avtalefesta pensjon (AFP).

Som i bruttoordninga er dei nye reglane like for kvinner og menn, og dei sikrar ei livsvarig utbetaling av pensjon. Den nye ordninga gir betre insentiv til å stå lenger i jobb og gjer det lettare for offentleg tilsette å kompensere for effekten av levealdersjusteringa. Den nye alderspensjonen er utforma som ei påslagsordning der

- alle år i jobb fram til 75 år gir pensjonsopptening
- pensjonen blir berekna uavhengig av folketrygda
- pensjonen kan takast ut fleksibelt frå 62 år, og kan kombinerast med arbeidsinntekt utan at pensjonen blir redusert

Forslag til lovvedtak om ny avtalefesta pensjon (AFP) blei fremma 15. desember 2023 ved Prop. 35 L (2023–2024). Stortinget har vedtatt lovendringane, jf. behandlinga av Innst. 231 L (2023–2024) og Lovvedtak 51 (2023–2024). Ny AFP fekk verknad for utbetalt pensjon når 1963-kullet fylte 62 år, det vil seie frå 2025. Utfyllande reglar om AFP er fastsette i forskrift. Ved Prop. 5 L (2024–2025), vedtatt 13. desember 2024, blei det lovfesta at Statens pensjonskasse kan inngå avtale om å dele kostnadene til AFP med andre leverandørar av AFP. I Prop. 106 L (2024–2025) blei det fremma eit forslag om at kostnadsfordelingsavtalen mellom pensjonsleverandørane skulle vere ein føresetnad for å vere omfatta av den nye offentlege AFP-ordninga. Lovforslaget blei vedtatt av Stortinget 26. mai 2025.

Årskull fødde før 1963 skal behalde gammal AFP som er ei tidlegpensjonsordning. Toleransebeløpet for avkorting for medlemmer av Statens pensjonskasse fødde i 1962 eller tidlegare, er auka frå 15 000 kroner til 0,26 G per 1. januar kvart år, med verknad frå 1. januar 2025.

Frå og med 1. juli 2021 er plikta til å fråtre ved nådd særaldersgrense oppheva i aldersgrenselova og sjukepleiarordninga. Opphevinga inneber ingen endringar i rettane til pensjon for personar med særaldersgrense. For fast tilsette med 60 års aldersgrense etter forsvarslova blei plikta til å fråtre ved særaldersgrensa fjerna frå 1. juli 2025.

Regjeringa og partane i offentleg sektor blei 25. august 2023 einige om nye pensjonsreglar for personar som har særaldersgrense og er fødde i 1963 eller seinare. Dei nye reglane inneber at personar med særaldersgrense får eit særalderspåslag, som er eit påslag til livsvarig pensjon som kjem på toppen av ordinær pensjon. Særalderspåslaget er 5,8 pst. for dei som har aldersgrense 65 år, 6,5 pst. for dei som har aldersgrense 63 år, og 7,7 pst. for dei som har aldersgrense 60 år. Avtalen inneber vidare at tidlegpensjonsordninga blir avvikla frå og med 1965-kullet for dei som har aldersgrense 65 år, og dessutan at 85-årsregelen blir fasa ut for dei som har aldersgrense 60 og 63 år. Dei nye reglane inneber òg at særaldersgrensene og utbetalingsperioden for tidlegpensjon blir flytta oppover i takt med hevinga av aldersgrensene i folketrygda. Den 10. april 2025 fremma regjeringa Prop. 108 L (2024–2025) med forslag om lovendring som følgde opp avtalen inngått 25. august 2023, og samtidig lovendring i tråd med ein avtale inngått mellom dei same partane 13. januar 2025 om å auke fribeløpet for dei som skal ha ny tidlegpensjon. Lovforslaget blei vedtatt av Stortinget 10. juni 2025.

Uførepensjonen frå offentlege tenestepensjonsordningar er ei nettoordning der ytinga blir berekna uavhengig av folketrygda. Reglane for avkorting av uførepensjon mot arbeidsinntekt er lagde tett opp til reglane som gjeld for den nye uføretrygda i folketrygda.

Departementet la fram forslag til lovendringar om auka fribeløp for uføre i Prop. 62 L (2025–2026) for å følge opp oppmodingsvedtak nr. 70, 5. desember 2025. Det blei foreslått å auke fribeløpet frå 40 pst. til 100 pst. av G etter 24 månader sidan verknadstidspunktet for uføretrygd eller verknadstidspunktet for auke av uføregraden. Forslaga i proposisjonen gjaldt både uføretrygd frå folketrygda, men òg uførepensjon frå bl.a. Statens pensjonskasse. Endringane blei vedtatte av Stortinget i lovvedtak 45 (2025–2026) og sanksjonert i statsråd 12. juni 2026. Endringa i folketrygdlova tredde i kraft 1. oktober 2026 med verknad frå 1. januar 2026. Endringa i lov om Statens pensjonskasse vil tre i kraft seinare, slik at IKT-systema kan tilpassast. Endringa skal likevel få verknad frå 1. januar 2026.

Bruttopensjonar skal i Statens pensjonskasse bereknast av pensjonsgrunnlaget medlemmene har når dei fråtrer stillinga si. Grunnlaget blir i utgangspunktet fastsett ut frå den faste arbeidsinntekta medlemmene har idet dei fråtrer. Dersom ein medlem har hatt eit høgare pensjonsgrunnlag på eit tidlegare tidspunkt, skal det høgare grunnlaget gjelde for tida før grunnlaget gjekk ned. Pensjonen for resten av tida blir rekna

av grunnlaget på fråtredingstidspunktet. Ved endringsforskrift 21. mai 2026 nr. 893 er det gitt reglar som fastslår når eit slikt delt pensjonsgrunnlag skal bli berekna. Reglane fastslår korleis eit tidlegare pensjonsgrunnlag skal samanliknast med eit seinare pensjonsgrunnlag for å vurdere kva som er høgast.

Forsvaret og Statens pensjonskasse arbeider med oppfølginga av ein dom i Høgsterett 2. april 2025 der fartøy- og landbasert vakttillegg for to tilsette i Kystvakta blei rekna som pensjonsgivande variable tillegg i Statens pensjonskasse. Høgsterett kom fram til at tillegga for dei to oppfylte vilkåra for å vere pensjonsgivande etter hovudtariffavtalen i staten (HTA) om å vere føreseielege, avtalt i tariffavtale, for arbeid som førekjem regelmessig gjennom året og er vederlag for arbeid i ordinær stilling. Oppfølginga gjeld tilsvarande tillegg for andre tilsette og andre tilfeller med utbetalt variabelt tillegg etter arbeidstidsavtale for Forsvaret der kriteria etter HTA på individuelt grunnlag er oppfylte. Dersom kriteria er oppfylte, blir pensjonsgrunnlaga endra tilbake til 2020. Endringane vil ha innverknad på løpande pensjonar frå 1. april 2022.

Regjeringa la fram Meld. St. 6 (2023–2024) *Et forbedret pensjonssystem med en styrket sosial profil* 15. desember 2023. I meldinga foreslår regjeringa ei rekke tiltak for å styrke den sosiale berekrafta i pensjonssystemet. Tre sentrale forslag er

- ei gradvis heving av aldersgrensene i pensjonssystemet og tilgrensande ordningar (helserelaterte ytingar, dagpengar m.m.) for personar fødde i 1964 og seinare, i takt med auken i forventa levealder
- lønnsregulering av minstesatsane i alderspensjon, kombinert med at løpande pensjonar blir regulerte med gjennomsnittet av pris- og lønnsveksten
- auka pensjon til uføre i yngre årskull gjennom auka alder for opptening og overgang til alderspensjon for personar som får uføretrygd

Arbeids- og sosialkomiteen leverte si innstilling (Innst. 233 S (2023–2024)) 14. mars 2024. Med innstillinga følgde ein avtale mellom dei daverande regjeringspartia (Arbeidarpartiet og Senterpartiet) og partia Høgre, Sosialistisk Venstreparti, Venstre, Kristeleg Folkeparti og Miljøpartiet Dei Grøne. Avtalepartane stiller seg bak forslaga frå regjeringa om å heve aldersgrensene gradvis, regulere minsteytingane i pensjonssystemet betre og styrke alderspensjonen til uføre. Vidare har avtalepartane blitt einige om å opprette ei slitarordning i folketrygda samtidig med dei andre endringane i pensjonssystemet, og at den alminnelege aldersgrensa for statstilsette og andre medlemmer i Statens pensjonskasse går opp frå 70 til 72 år. Regjeringa fremma Prop. 73 L (2024–2025) den 10. april 2025 med reglar for å auke aldersgrensa frå 70 til 72 år. Dei foreslåtte lovendringane blei vedtatt av Stortinget 27. mai 2025, med verknad frå 1. januar 2026.

Opptente pensjonsrettar

Verdien av opptente pensjonsrettar i Statens pensjonskasse (med unntak av pensjonsordninga for apotekverksemd) blei ved utgangen av 2025 estimert til 799 mrd. kroner. Av dette beløpet gjeld 84 pst. alderspensjon, påslagspensjon, AFP og særalderspensjon, 12 pst. gjeld etterlatnepensjon, mens 4 pst. gjeld uførepensjon.

Pensjonar frå Statens pensjonskasse – utviklingstrekk

Talet på pensjonistar i Statens pensjonskasse har auka kraftig frå 2010 og fram til i dag.[16] I denne perioden har talet på alderspensjonistar gått frå 104 000 til 198 000. Talet på særalderspensjonistar (pensjonistar som går av ved særaldersgrense før dei fyller 67 år) har auka frå 5 800 til 7 000, mens talet på AFP-pensjonistar har minka frå 13 200 i 2010 til 9 600 i 2025.

I perioden 2026–2035 er det venta at talet på alders- og særalderspensjonistar held fram med å vekse. Deretter er det venta at veksten avtar. I tråd med avtalen av 3. mars 2018 og Stortingets vedtak i samanheng med behandlinga av Prop. 35 L (2023–2024) er dagens AFP, med verknad frå 2025, erstatta av ein ny AFP etter mønster av AFP i privat sektor. I 2029 vil dagens AFP vere utfasa. Når ny, livsvarig AFP erstattar dagens AFP, som er ei rein tidlegpensjonsordning, vil talet på AFP-mottakarar auke markant over tid.

Talet på uførepensjonistar har vist ein nedgåande tendens i fleire år. Frå 2019 har nedgangen flata noko ut.

Premiebetaling til Statens pensjonskasse og synleggjering av pensjonskostnadene til staten

Medlemsverksemdene i Statens pensjonskasse betaler ein arbeidsgivarandel i form av ein pensjonspremie. Betalinga av pensjonspremie for yrkesaktive medlemmer kan i dag delast inn etter verksemder som betaler pensjonspremie utan at

[16] Tala nedanfor inkluderer ikkje alders- og særalderspensjonistar som SPK betaler refusjonar for til andre pensjonsordningar.

det blir gjennomført eit forsikringsteknisk oppgjer (bl.a. statlege verksemder), og verksemder som betaler pensjonspremie med forsikringsteknisk oppgjer (i hovudsak fristilte statlege verksemder).

Det har over fleire år vore arbeidd med å modernisere premiesystemet i Statens pensjonskasse. I 2022 blei det innført ein ny, verksemdsspesifikk og hendingsbasert premiemodell for betaling av pensjonspremie for statlege verksemder. For medlemsverksemdene elles har Statens pensjonskasse innført ein hendingsbasert premiemodell gradvis over fleire år. Premiemodellen tar løpande omsyn til dei faktiske hendingane i medlemsbestanden, slik at premiereserven til kvar tid samsvarer med oppteninga til medlemmene. Dette skal bidra til å ansvarleggjere statlege verksemder meir for eigne pensjonskostnader. Det blir vist til nærmare omtale i Prop. 1 S (2021–2022) for Arbeids- og sosialdepartementet.

Statens pensjonskasse vil forbetre arbeidet med hendingsbasert premiemodell ytterlegare. Dei arbeider bl.a. med tiltak for å gi medlemsverksemdene betre forståing av kva som påverkar pensjonspremien, og betre forståing av premie per termin, og dessutan med forbetringar i informasjonen til verksemdene.

Rapport

Utvikling i talet på pensjonar 2024–2025 og anslag for 2026–2027 (ekskl. refusjonar)

Pensjonsart	2024	2025	2026	2027
Alderspensjon (inkl. tidleg uttak)	188 000	194 000	202 000	214 000
Avtalefesta pensjon	10 400	9 600	8 600	7 100
Særalderspensjonar	7 000	6 800	6 700	6 600
Uførepensjon	30 000	29 000	29 000	29 000
Ektefellepensjon (etterlatnepensjon)	44 000	45 000	45 000	45 000
Barnepensjon (etterlatnepensjon)	1 400	1 400	1 400	1 400
Avtalefesta pensjon livsvarig og betinga tenestepensjon	0	700	2 000	4 000
Alle pensjonsartar	280 800	286 500	294 700	307 100

I samanheng med overgangen til ny refusjonsløysing i 2024 har ein del refusjonsutbetalingar vore forseinka også i 2025 og 2026. Dette gjer det meir utfordrande enn tidlegare å gi treffsikre anslag for talet på refusjonsutbetalingar framover. Statens pensjonskasse får derfor ikkje skilt ut refusjonar per dekning. Som ein konsekvens av dette vil tabellen sjå annleis ut enn han har gjort tidlegare.

Det er anslått ein netto auke i alle pensjonsartar på 8 200 i 2026 og ytterlegare 12 400 i 2027.

Budsjettforslag 2027

For 2027 er det foreslått ei løyving på 13 156 mill. kroner. Dette er 1 172 mill. kroner lågare enn saldert budsjett for 2026 og 992 mill. kroner høgare enn rekneskapen for 2025.

Regulering av pensjonar under utbetaling

Utgiftsanslaget for 2027 inkluderer anslått effekt av trygdeoppgjeret i 2026 og 2027. Stortinget har vedtatt at pensjonar under utbetaling skal regulerast med eit gjennomsnitt av pris- og lønnsveksten med verknad frå 2022. Anslaget for verknaden i 2027 av trygdeoppgjeret i 2026 og 2027 utgjer 1 408 mill. kroner under kap. 612.

Pensjonsutbetalingar

Utbetalingane for alderspensjonar, uførepensjonar og etterlatnepensjonar er samla venta å utgjere 39 376 mill. kroner i 2027. Det er ein auke på 4 317 mill. kroner samanlikna med rekneskapen for 2025 og ein auke på 1 943 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2026. Av auken utgjer anslaget for verknaden i 2027 av trygdeoppgjera i 2026 og 2027 totalt 1 295 mill. kroner. Vidare er det lagt til grunn ein netto vekst i talet

på alderspensjonar, uførepensjonar og etterlatnepensjonar med totalt 11 900, frå 284 100 i 2026 til 296 000 i 2027. Anslaga for dei ulike pensjonsartane går fram av tabellen ovanfor.

Avtalefesta pensjon

Det er budsjettert med ei utbetaling på 3 467 mill. kroner til avtalefesta pensjonar i 2027. Det er ein reduksjon på 382 mill. kroner samanlikna med rekneskapen for 2025 og ein reduksjon på 247 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2026. Av dette utgjer anslaget for verknaden i 2027 av trygdeoppgjera i 2026 og 2027 ein auke på 112 mill. kroner.

Pensjonspremie

Anslaget for innbetaling av pensjonspremie er 29 171 mill. kroner. Det er 2 837 mill. kroner høgare enn i rekneskapen for 2025 og 2 926 mill. kroner høgare enn i saldert budsjett for 2026. Hovudårsaka til auken i premieinntektene er at ein større del av inntekta til dei tilsette i Forsvaret blir pensjonsgjevande, sjå ovanfor om dommen i Høgsterett 2. april 2025. Vidare aukar premieinnbetalingane noko som følge av eitt år med lønnsvekst i dei statlege verksemdene, og av endringar i regelverket for medlemmar med særaldersgrense.

Inntekter og utgifter til Statens pensjonskasse – postane 01 og 22 (i 1 000 kroner)

	Rekneskapen 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
Sluttoppgjer	-57 651	-186 000	0
Alderspensjonar	22 485 698	25 872 000	25 495 000
Særalder	3 316 224	3 832 000	3 663 000
Uførepensjonar	2 223 900	2 429 900	2 257 000
Etterlatnepensjonar	4 855 100	5 299 000	5 302 000
AFP-pensjonar	3 849 499	3 714 000	3 467 000
Refusjonspensjonar til andre pensjonsordningar	2 178 400		2 659 000
Refusjonspensjonar frå andre pensjonsordningar	-1 033 400	-1 107 000	-1 266 000
Yrkesskadeforsikring	10 917	4 000	4 000
Renter pensjonsutbetalingar	7 275	8 000	8 000
Renter refusjonspensjonar	0	2 000	2 000
Avskrivingar	22 075	30 000	30 000
Administrasjonsutgifter	648 431	681 000	712 000
Utgifter i alt	38 506 468	40 578 900	42 333 000
Pensjonspremie inkl. AFP	26 334 015	26 245 000	29 171 000
Refusjon yrkesskade	6 941	4 000	4 000
Renteinntekter refusjonspensjonar andre ordningar	1 077	2 000	2 000
Inntekter i alt	26 342 033	26 251 000	29 177 000
Samla tilskot (utgifter – inntekter)	12 164 435	14 327 900	13 156 000

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Løyvinga på posten gjeld differansen mellom premieinntekter og pensjonar utbetalte for tidlegare opptente rettar for medlemmer i Statens pensjonskasse.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 13,2 mrd. kroner.

Post 22 Sluttoppgjer, overslagsløyving

Løyvinga på posten skal dekke sluttoppgjer for verksemder som melder seg ut av Statens pensjonskasse. Det ligg førebels ikkje føre vedtatte utmeldingar med verknad for budsjettet for 2027.

For 2027 blir det ikkje foreslått nokon løyving på denne posten.

Oppfølging av oppmodingsvedtak nr. 164, 16. desember 2025

Innleiing og bakgrunn

Ved behandlinga av representantforslag 19 L (Dokument 8:19 L (2025–2026), Innst. 54 L (2025–2026)) fatta Stortinget oppmodingsvedtak 164:

> *«Stortinget ber regjeringen utrede tiltak for at ingen offentlig ansatte taper offentlig tjenestepensjon ved å stå, eller ha stått, lengre i jobb enn 67 års alder (etter oppnådd alder hvor levealdersjustering er fullt ut kompensert for), at dette skal gjelde fra kullene født fra og med 1944, samt hva budsjettkonsekvenser og samfunnsøkonomiske effekter vil være om dette innføres fra 1.1.2027.»*

Representantforslaget som førte fram til oppmodingsvedtak 164 er det nyaste i ei rekke representantforslag om å justere reglane for samordning og levealdersjustering av offentleg tenestepensjon. Hovudinnvendinga mot regelverket har heile tida vore at tenestepensjonen etter samordning blir redusert for dei som utset uttaket av tenestepensjon til etter dei har kompensert for effekten av levealdersjusteringa. Representantforslaga, som alle har hatt til formål å avvikle denne såkalla «samordningsfella», har likevel ikkje oppnådd fleirtal i Stortinget.

Problemstillinga oppstod i samanheng med pensjonsreforma i 2011 da det blei innført nye reglar for alderspensjon frå folketrygda med nye opptjeningsreglar, levealdersjustering og fleksibelt, nøytralt uttak av alderspensjon. Sidan berekninga av brutto alderspensjon frå offentlege tenestepensjonsordningar blir påverka av størrelsen på alderspensjonen frå folketrygda, blei det nødvendig å tilpasse tenestepensjonen til dei nye reglane i folketrygda. Ved tariffoppgjeret i offentleg sektor i 2009 blei det inngått ein avtale om offentleg tenestepensjon og AFP i offentleg sektor som innebar at alderspensjon frå offentleg tenestepensjonsordning blei vidareført som ein samordningspliktig bruttopensjon, og at offentleg AFP blei vidareført som ei tidlegpensjonsordning.

Avtalen blei følgt opp med nødvendige lovendringar. Lovendringane i dei lovfesta offentlege tenestepensjonsordningane og samordningslova innebar at både alderspensjon frå offentlege tenestepensjonsordningar (bruttopensjonen) og samordningsfrådraget for alderspensjon frå folketrygda opptent etter gamle reglar skal levealdersjusterast ved å bruke forholdstala i folketrygda. Levealdersjustering og samordning skal skje tidlegast frå 67 år. I tilfelle der alderspensjon frå folketrygda er tatt ut tidlegare enn 67 år, skal samordninga skje som om folketrygda var tatt ut ved 67 år. Det inneber at offentleg tilsette sin årlege samla pensjon blir lågare dersom alderspensjonen frå folketrygda blir tatt ut før ein sluttar i jobb. Brutto tenestepensjon kan aukast ved å arbeide etter 67 år, men ikkje meir enn til ein har kompensert for effekten av levealdersjusteringa, det vil seie inntil pensjonen ved full opptjeningstid utgjer 66 pst. av pensjonsgrunnlaget. Det er ikkje ei tilsvarande avgrensing på levealdersjusteringa av samordningsfrådraget, noko som inneber at tenestepensjon etter samordning blir redusert for dei som jobbar etter at dei har kompensert for effekten av levealdersjusteringa, men samla pensjon blir likevel ikkje lågare, føresett at ein tek ut alderspensjon frå folketrygda og tenestepensjonsordninga samtidig. For dei som tek ut folketrygda før dei tek ut tenestepensjonen, vil årleg pensjon frå folketrygda, i dei fleste tilfelle, ikkje auke ved vidare jobb. Dette inneber at årleg samla pensjon blir redusert for dei som har tatt ut folketrygda og som jobbar etter at dei har kompensert for effekten av levealdersjusteringa. Personar som står lenge i jobb, og først tar ut alderspensjon frå folketrygda når dei fråtrer stilling, vil få ein årleg samla pensjon som klart er høgare enn bruttogarantien på 66 pst. Det er berre personar som har tatt ut alderspensjon frå folketrygda før dei fråtrer stilling som får ein låg årleg pensjon. Viss ein skulle hatt reglar som gav høg årleg samla pensjon for dei som tok ut alderspensjon frå folketrygda tidleg, måtte ein ha hatt samordningsreglar som kompenserte for at tidleg uttak av alderspensjonen frå folketrygda inneber ein lågare årleg pensjon. Det er ikkje rimeleg å gi høgare tenestepensjon til dei som har mottatt alderspensjon frå folketrygda samtidig med å stå i offentleg stilling, enn til dei som ventar med å ta ut alderspensjon frå folketrygda til ein fråtrer stilling.

I Prop. 61 L (2017–2018), jf. Innst. 343 L (2017–2018), blei det foreslått reglar for samordning av alderspensjon frå offentleg tenestepensjonsordning med alderspensjon frå folketrygda for årskulla frå og med 1954-kullet. Det blei også foreslått reglar for korleis tenestepensjonen skal

levealdersjusterast. Proposisjonen blei lagd fram og behandla etter at partane inngjekk avtale om ny offentleg tenestepensjon.

Dei nye oppteningsreglane i folketrygda inneber at pensjonsoppteninga blir akkumulert i ei pensjonsbehaldning. Dei nye reglane for samordning av alderspensjon frå offentleg tenestepensjonsordning med alderspensjon frå folketrygda er tilpassa desse nye oppteningsreglane. Dei nye samordningsreglane gjeld delvis for årskulla 1954–1962, som får alderspensjon frå folketrygda etter både nye oppteningsreglar (folketrygdlova kapittel 20) og gamle reglar (folketrygdlova kapittel 19). For årskull frå og med 1963-kullet gjeld dei nye samordningsreglane fullt ut for all opptening av tenestepensjon i dagens bruttoordning, som gjeld for opptening til og med 2019.

Sentrale prinsipp som er nedfelte i regelverket for dei eldre årskulla, blei vidareførte også for yngre årskull. Samordning og levealdersjustering skal tidlegast skje frå fylte 67 år. Dersom alderspensjonen frå folketrygda er tatt ut tidlegare enn tenestepensjonen, skal det samordnast som om pensjonane er tatt ut samtidig, slik at tenestepensjonen ikkje kompenserer for tidleg uttak av alderspensjon frå folketrygda. Det er vidareført samordningsfordelar også for yngre årskull ved at delar av behaldninga frå folketrygda er fritatt frå samordning. Det blei også gitt eit tillegg til tenestepensjonen (netto kronebeløp) som sikrar at alle som får samordna alderspensjonen frå tenestepensjonsordninga med alderspensjon frå folketrygda, får utbetalt tenestepensjon.

Offentleg tenestepensjon som skal samordnast med alderspensjon frå folketrygda opptent etter nye reglar, skal levealdersjusterast med delingstal. Dette sikrar at levealdersjusteringa av offentleg tenestepensjon får same effekt som levealdersjusteringa av folketrygda. Det blir tatt omsyn til at ny alderspensjon frå folketrygda blir opptent i ei behaldning, medan tenestepensjonen blir opptent som ei årleg yting.

Lovendringa frå 2018 innførte nemninga justeringstal som eit felles omgrep for levealdersjustering av brutto alderspensjon frå offentleg tenestepensjonsordning. Justeringstal er knytt til levealdersjusteringa som skjer både på bakgrunn av forholdstal for den delen som er knytt opp mot alderspensjon frå folketrygda etter folketrygdlova kapittel 19, og delingstal for den delen som er knytt opp mot alderspensjon frå folketrygda etter folketrygdlova kapittel 20. Endringa gjeld ikkje som omgrep for levealdersjusteringa av samordningsfrådraget.

Nærmare om tidlegare forslag i Stortinget om å endre samordningsreglane og tidlegare gjennomførte justeringar

Det har ei rekke gonger blitt fremma forslag om å justere reglane for samordning og levealdersjustering av offentleg tenestepensjon. Ei hovudinnvending mot regelverket har vore at tenestepensjonen, etter samordning, blir redusert for dei som utset uttak av tenestepensjon til etter at dei har kompensert for effekten av levealdersjusteringa. Temaet, som ofte blir kalla «samordningsfella», er behandla av Stortinget fleire gonger, bl.a. i Innst. 187 L (2018–2019), jf. Representantforslag 46 L (2018–2019), i Innst. 71 L (2020–2021), jf. Representantforslag 141 L (2019–2020), og i Innst. 175 L (2022–2023), jf. Representantforslag 53 L (2022–2023).

Representantforslag 46 L (2018–2019) blei fremma av stortingsrepresentantane Per Olaf Lundteigen, Sigbjørn Gjelsvik og Kjersti Toppe. I representantforslaget blei det foreslått følgande:

«I

I lov 6. juli 1957 nr. 26 om samordning av pensjons- og trygdeytelser gjøres følgende endring: § 24 nr. 1 skal tredje ledd lyde: Dersom tjenestepensjonen tas ut etter fylte 67 år, benyttes forholdstallet på uttakstidspunktet. Dette gjelder også dersom det er tatt ut hel eller delvis alderspensjon fra folketrygden på et tidligere tidspunkt. Det skal likevel ikke benyttes lavere forholdstall enn 1,000 ved beregning av samordningsfradragene.

II

Endringen trer i kraft straks med virkning fra 1. januar 2011»

Ved stortingsbehandlinga stemte representantane frå Raudt, Senterpartiet og éin representant frå Framstegspartiet for forslaga, og representantforslaget oppnådde ikkje fleirtal i Stortinget. Representantforslag 141 L (2019–2020) blei fremma av stortingsrepresentantane Per Olaf Lundteigen, Sigbjørn Gjelsvik, Kjersti Toppe og Trygve Slagsvold Vedum. I representantforslaget blei det foreslått følgande:

«I

I lov 6. juli 1957 nr. 26 om samordning av pensjons- og trygdeytelser gjøres følgende endringer: § 24 nr. 1 tredje ledd skal lyde: Dersom tjenestepensjonen tas ut etter fylte 67 år, benyttes forholdstallet på uttakstidspunktet. Dette gjelder også dersom det er tatt ut hel

eller delvis alderspensjon fra folketrygden på et tidligere tidspunkt. Det skal likevel ikke benyttes et lavere forholdstall enn 1,000 ved beregning av samordningsfradragene. § 24 a. nr. 3 skal lyde: Samordningsfradraget fastsettes ved å dividere samordningsbeholdningen med et delingstall fastsatt etter folketrygdloven § 20-13. Dersom tjenestepensjonen tas ut før eller ved fylte 67 år, legges delingstallet ved fylte 67 år til grunn. Dersom tjenestepensjonen tas ut etter fylte 67 år, benyttes delingstallet på uttakstidspunktet. Det skal likevel ikke benyttes et delingstall lavere enn 13,42 ved beregning av samordningsfradraget.

II

Loven trer i kraft straks med virkning fra 1. januar 2011.»

Ved stortingsbehandlinga stemte representantane frå Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Raudt og ein uavhengig representant for representantforslaget, som dermed ikkje oppnådde fleirtal. Men Stortinget bad regjeringa greie ut lovendringar for å redusere kravet til innbetaling av premie frå medlemmer i SPK, kommunale pensjonskasser og andre offentlege bruttotenestepensjonsordningar frå det tidspunktet den enkelte har kompensert for levealdersjusteringa. Vidare bad Stortinget regjeringa komme tilbake med vurderingar av korleis ein ytterlegare kan styrke arbeidslinja for offentleg tilsette fødde i åra 1944–1962.

Stortinget fatta følgande oppmodingsvedtak:

«Vedtak 238

Stortinget ber regjeringen utrede lovendringer for å redusere kravet til innbetaling av premie fra medlemmer i SPK, kommunale pensjonskasser og andre offentlige brutto tjenestepensjonsordninger fra det tidspunktet den enkelte har kompensert for levealdersjusteringen.

Vedtak 239

Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med vurderinger av hvordan en ytterligere kan styrke arbeidslinjen for offentlig ansatte født i årene 1944–1962.»

Representantforslag 53 L (2022–2023) blei fremma av stortingsrepresentantane Dagfinn Henrik Olsen, Gisle Meininger Saudland, Erlend Wiborg, Sylvi Listhaug, Morten Wold og Himanshu Gulati.

I representantforslaget blei følgande foreslått:

«I

I lov 6. juli 1957 nr. 26 om samordning av pensjons- og trygdeytelser gjøres følgende endringer: § 24 nr. 1 tredje ledd skal lyde: Dersom tjenestepensjonen tas ut etter fylte 67 år, benyttes forholdstallet på uttakstidspunktet. Dette gjelder også dersom det er tatt ut hel eller delvis alderspensjon fra folketrygden på et tidligere tidspunkt. Det skal likevel ikke benyttes et lavere forholdstall enn 1,000 ved beregning av samordningsfradragene. § 24 a. nr. 3 skal lyde: Samordningsfradraget fastsettes ved å dividere samordningsbeholdningen med et delingstall fastsatt etter folketrygdloven § 20-13. Dersom tjenestepensjonen tas ut før eller ved fylte 67 år, legges delingstallet ved fylte 67 år til grunn. Dersom tjenestepensjonen tas ut etter fylte 67 år, benyttes delingstallet på uttakstidspunktet. Det skal likevel ikke benyttes et delingstall lavere enn 13,42 ved beregning av samordningsfradraget.

II

Loven trer i kraft straks.»

Ved stortingsbehandlinga stemte representantane frå Framstegspartiet og Raudt for forslaget, og representantforslaget fekk ikkje fleirtal i Stortinget.

Eit fleirtal i komiteen, som bestod av representantane frå Arbeidarpartiet og Høgre, hadde følgande merknad, jf. Innst. 175 L (2022–2023):

«Uten å ta stilling til de konkrete forslagene nå mener dette flertallet det er naturlig å behandle eventuelle endringer av pensjonssystemet i en helhetlig gjennomgang og ikke i det gjeldende representantforslaget. Dette flertallet ber derfor om at regjeringen kommer tilbake med omtale av problemstillingene og forslag til tiltak som styrker incentivene til å jobbe lenger for årskullene før 1963 i sin varslede stortingsmelding som oppfølging av NOU 2022: 7 *Et forbedret pensjonssystem*.»

Representantforslaget som førte fram til oppmodingsvedtak 164 er altså det nyaste i ei rekke representantforslag om å justere reglane for samordning og levealdersjustering av offentleg tenestepensjon. Hovudinnvendinga mot regelverket har som nemnt vore at tenestepensjonen etter samordning blir redusert for dei som utsett uttaket av tenestepensjon til etter dei har kompensert for effekten av levealdersjusteringa, men ingen av representantforslaga har oppnådd fleirtal i Stortinget.

Det er tidlegare gjennomført justeringar i regelverket for å betre insentiva til å stå lenger i arbeid.

Parallelt med departementet si oppfølging av utgreiinga frå Pensjonsutvalet, Meld. St. 6 (2023–2024), la departementet fram Prop. 37 L (2023–2024) som følgde opp Stortinget sitt oppmodingsvedtak 239 (om å vurdere korleis ein ytterlegare kan styrke arbeidslinja for offentleg tilsette fødde i åra 1944–1962, som blei fatta i samanheng med behandlinga av representantforslag 141 L (2019–2020)) og fleirtalsmerknaden ved behandlinga av representantforslag 53 L (2022–2023), jf. Innst. 175 L (2022–2023) (om at eventuelle endringar i pensjonssystemet burde behandlast som ein del av ein heilskapleg gjennomgang, ikkje i det gjeldande representantforslaget).

Lovendringane som blei vedtatt ved behandlinga av Prop. 37 L (2023–2024) førte til at, med verknad frå 12. april 2024, den nedre grensa for kva delingstal som skal leggast til grunn ved berekninga av bruttopensjonen blei oppheva. Endringa styrkte insentiva til utsett avgang frå arbeidslivet for årskull fødde i 1954–1962 i den perioden det enkelte årskullet er i ein alder der delingstalet er lågare enn 13,42, det vil seie etter den alderen der det er kompensert for levealdersjusteringa. Departementet grunngav avgrensinga til desse årskulla med at oppmodinga frå Stortinget gjaldt tiltak for å styrke insentiva til utsett avgang frå arbeidslivet, og at tiltak retta mot årskull fødde før 1954 ville ha avgrensa effekt.

Det blir også vist til avtalen om offentleg tenestepensjon 3. mars 2018, punkt 8 om nye samordningsreglar og levealdersjustering av bruttopensjon, der det går fram at reglane for levealdersjustering av bruttopensjon som skal samordnast med gammal folketrygd blir endra slik at dei som står i arbeid etter 67 år skal få betre pensjonsutteljing (bruttopensjonen kan bli høgare enn 66 pst.), ved at nedre grense for forholdstalet blir redusert ved utsett uttak heilt til delingstalet er 13,42. Ved den alderen delingstalet er 13,42, er forholdstalet lågare enn 1,000, sidan levealdersjustering med delingstal er noko «strengare» enn levealdersjustering med forholdstal, og bruttopensjonen tilsvarande høgare.

Departementets forståing av oppmodingsvedtaket

Levealdersjusteringa av brutto offentleg tenestepensjon blir som nemnt gjennomført ved hjelp av forholdstal for den delen av tenestepensjonen som blir samordna med alderspensjon frå folketrygda opptent etter gamle oppteningsreglar (folketrygdlova kapittel 19), og ved hjelp av delingstal for den delen av tenestepensjonen som blir samordna med alderspensjon frå folketrygda opptent etter nye reglar (folketrygdlova kapittel 20). Det same gjeld for samordningsfrådraget (frådraget for folketrygda) – samordningsfrådraget for opptening etter gammal oppteningsmodell blir berekna med forholdstal, og samordningsfrådraget for opptening etter ny oppteningsmodell blir berekna med delingstal.

I gjeldande regelverk er det ei avgrensing på kor lågt forholdstalet som blir lagt til grunn for å berekne bruttopensjonen, altså den offentlege tenestepensjonen før frådrag for folketrygda, kan vere, medan det ikkje er nokon nedre grense for kor lågt forholdstalet som blir lagt til grunn for å berekne samordningsfrådraget kan vere. Dette fører til at personar som jobbar utover den alderen der dei fullt ut har kompensert for levealdersjusteringa, får auka samordningsfrådrag fordi eit lågare forholdstal blir lagt til grunn, medan dei ikkje får auka bruttopensjon fordi forholdstalet har ei nedre grense. Resultatet blir at tenestepensjonen blir redusert. Dette har i nokre samanhengar blitt omtalt som «asymmetrisk bruk av forholdstal». Departementet legg til grunn at det er denne asymmetriske bruken av forholdstal det blir sikta til når det blir vist til at «offentleg tilsette taper pensjon ved å stå i jobb etter at det er kompensert for levealdersjusteringa».

I representantforslaget som førte fram til Vedtak 164 blei det foreslått både at forholdstalet som blir lagt til grunn for å berekne samordningsfrådraget ikkje skulle vere lågare enn 1,000, og at delingstalet som blir lagt til grunn for å berekne samordningsfrådraget ikkje skulle vere lågare enn 13,42. I og med at det ikkje er nedre grense for kva delingstal som blir lagt til grunn for å berekne brutto tenestepensjon som blir samordna med alderspensjon frå folketrygda opptent etter ny oppteningsmodell, legg departementet til grunn at det heller ikkje er behov for ei nedre grense for delingstal for å berekne samordningsfrådraget (grensene er i utgangspunktet «symmetriske»). Det vil seie at «asymmetrien» berre gjeld forholdstala, ikkje delingstala, og at eventuelle tiltak for at «offentleg tilsette ikkje skal tape offentleg tenestepensjon ved å stå, eller ha stått, lengre i jobb enn 67 års alder», derfor berre er relevante for årskull som heilt eller delvis har opptening etter gammal oppteningsmodell (folketrygdlova kapittel 19), det vil seie årskull fødde 1943–1962.

Vidare er den nedre grensa for kva forholdstal som blir lagt til grunn for å berekne bruttopensjonen berre 1,000 for årskulla 1943–1953. For overgangskulla fødde i 1954–1962, følger nedre grense for forholdstalet av ved kva alder delingstalet for det enkelte årskullet er 13,42. Ved kva alder års-

kulla 1954–1962 fullt ut har kompensert for levealdersjusteringa – og der bruttopensjonen ikkje lenger aukar ved utsett uttak – og den tilhøyrande nedre grensa for forholdstalet som blir lagt til grunn ved berekning av bruttopensjonen, er vist i tabellen under.

Alder der ein fullt ut har kompensert for levealdersjusteringa og kva forholdstal som gjeld ved uttak ved denne alderen

Årskull	Alder der ein fullt ut har kompensert for levealdersjusteringa og der bruttopensjonen ikkje lenger aukar ved utsett uttak	Nedre grense for forholdstalet som blir lagt til grunn for å berekne bruttopensjonen
1954	69 år og 2 månader	0,941
1955	69 år og 3 månader	0,943
1956	69 år og 5 månader	0,941
1957	69 år og 7 månader	0,939
1958	69 år og 9 månader	0,938
1959	69 år og 11 månader	0,937
1960	70 år og 1 månad	0,936
1961	70 år og 3 månader	0,934
1962	70 år og 4 månader	0,934

Alderen der ein fullt ut har kompensert for levealdersjusteringa, og der bruttopensjonen ikkje lenger aukar ved utsett uttak, er også den alderen der «samordningsfella» oppstår. Departementet legg til grunn at det mest aktuelle tiltaket for å sikre at offentleg tilsette ikkje taper pensjon ved å stå, eller ha stått, lengre i jobb enn 67 års alder (etter oppnådd alder der levealdersjustering er fullt ut kompensert for), vil vere å sette ei nedre grense for kva forholdstal som blir lagt til grunn for å berekne også samordningsfrådraget på 1,000 for årskull fødde til og med 1953, og ei nedre grense lik det som går fram av tabellen over for årskulla 1954–1962, og gjennom dette sikre at bruken av forholdstala er «symmetrisk». Departementet legg vidare til grunn at eventuelle tiltak må omfatte alle årskulla 1943–1962, sjølv om Stortinget har bede om at det blir greidd ut tiltak for årskull fødde frå og med 1944.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Statens pensjonskasse (SPK) og Kommunal landspensjonskasse (KLP) er dei to største leverandørane av offentleg tenestepensjon i Noreg. For å kunne gjere greie for dei økonomiske og budsjettmessige konsekvensane av å innføre tiltak for å motverke «samordningsfella» som er gjord greie for i det førre punktet, har departementet innhenta estimat og overslag frå SPK og KLP på kor mykje framtidige pensjonsutbetalingar vil auke som følge av at nedre grense for kva forholdstal som blir nytta i samordninga av brutto tenestepensjon for årskulla 1943–1953 blir sett til 1,000, og at nedre grense for kva forholdstal som blir nytta i samordninga av brutto tenestepensjon for årskulla 1954–1962 blir sett lik det som er nedre grense for forholdstalet som blir lagt til grunn for berekning av bruttopensjonen, jf. tabellen som blei presentert i førre punkt. Det er lagt til grunn at endringa blir innført frå 1. januar 2027, og at pensjonar som er under utbetaling blir rekna om frå dette tidspunktet.

Tabellen under viser årlege meirutbetalingar i 2027 frå SPK og KLP dersom endringar i regelverket får verknad frå 1. januar 2027. Endringar i andre kommunale tenestepensjonsordningar kjem i tillegg.

Overslag på meirutbetalingar frå SPK og KLP i 2027 fordelt på årskull. Mill. 2026-kroner

Årskull	Statens pensjonskasse	Kommunal landspensjonskasse
1943	14	– [1]
1944	59	56
1945	52	58
1946	63	52
1947	58	35
1948	55	26
1949	52	25
1950	49	24
1951	46	20
1952	35	18
1953	34	15
1954	12	6
1955	9	4
1956	6	3
1957	2	2
1958	0	1
1959	0	0
1960	0	0
1961	0	0
1962	0	0
Samla	546	346

[1] Kommunal landspensjonskasse har ikkje inkludert 1943-kullet i overslaga.

Kjelde: Statens pensjonskasse og Kommunal landspensjonskasse

Det går fram at samla meirutbetalingar i 2027 frå SPK er anslått til om lag 546 mill. kroner og frå KLP til om lag 350 mill. kroner, til saman om lag 900 mill. kroner. Det går vidare fram at meirutbetalingane er høgast for dei eldste årskulla, og blir gradvis lågare for yngre årskull. Fordelinga mellom årskull er om lag den same i SPK og KLP. Noko variasjon kan skuldast ulikskapar i bestandane.

Dei årlege meirutbetalingane frå SPK, som altså er anslått til om lag 546 mill. kroner i 2027, vil auke noko i 2028 og 2029. Deretter vil dei årlege meirutbetalingane gradvis reduserast og er tilnærma null rundt 2052. Dei samla meirutbetalingane er anslått til i overkant av 5,3 mrd. 2026-kroner.

Dei årlege meirutbetalingane frå SPK fordeler seg som vist i tabellen under.

Årlege meirutbetalingar frå SPK til pensjon dersom regelverket blir endra med verknad frå 1. januar 2027. Mill. 2026-kroner

År	Meirutbetaling
2027	546
2028	548
2029	549
2030	541
2031	509
2032	457
2033	409
2034	357
2035	308
2036	259
2037	214
2038	173
2039	135
2040	99
2041	69
2042	44
2043	32
2044	23
2045	15
2046	9
2047	4
2048	3
2049	2
2050	1
2051	0
2052	0
Sum	5 307

Kjelde: Statens pensjonskasse

Den umiddelbare auken i premiereserven knytt til dei som er pensjonistar i dag, utgjer om lag 5 mrd. kroner, dvs. om lag 94 pst. av dei samla meirutgiftene.

Pensjonsordningane i SPK er ikkje fonderte. Utbetalingane blir finansierte løpande av staten og medlemsverksemdene. Dei einaste kundegruppene i SPK som har reguleringsansvar for pensjonistar, er dei statlege fristilte verksemdene (om lag 60 verksemder) og Pensjonsordninga for apotekverksemd (POA). Desse vil måtte betale inn premie for auken i premiereserve, anslått til i underkant av 400 mill. kroner. Den resterande delen av meirutbetalingane vil bli finansiert løpande over statsbudsjettet når meirutbetalingane inntreffar.

Pensjonsordningane som KLP administrerer, er alle fullt ut fonderte forsikringsordningar. Når framtidige pensjonsplikter aukar, må det umiddelbart avsettast meir kapital i forsikringstekniske reservar. Pensjonsordningane i KLP blir finansierte ved premieinnbetalingar og avkastning som blir avsett til finansiering av framtidige pensjonsplikter. Ei lovendring som fører til at samordningsfrådraget for dei råka medlemmene blir lågare og netto tenestepensjon høgare, vil ifølge KLP utløyse behov for auka forsikringsmessige avsetningar (premiereserve) på om lag 3,9 mrd. kroner. Kommunar og helseføretak som er KLP-kundar, vil derfor umiddelbart oppleve krav om auka premieinnbetalingar. KLP har samtidig berekna at dei rekneskapsmessige kostnadene for kommunane ikkje vil bli påverka av endringane i 2027. I kommunebudsjetta er det dei rekneskapsmessige kostnadene som blir førte det enkelte året. Samtidig er det dei betalte premiane som skal belaste kommunebudsjetta over tid. Dette skjer ved at differansen mellom dei betalte premiane og dei rekneskapsmessige kostnadene, det såkalla premieavviket, blir innarbeidd i kommunebudsjetta, normalt over dei sju påfølgande åra. Endringane ville dermed ikkje få budsjetteffekt for kommunane i 2027, men ville i staden bli fordelte, og få budsjetteffekt, over dei sju påfølgande åra. På kort sikt ville tiltaket først og fremst påverke likviditeten til kommunane. Alt anna likt vil tiltaket føre til ein ytterlegare auke i premieavviket i kommunesektoren, som ved utgangen av 2025 var på 63 mrd. kroner. Eit stort premieavvik er isolert sett med på å svekke likviditeten til kommunane.

Departementet gjer merksam på at det skisserte tiltaket har noko lågare kostnader enn endringa som er foreslått i tidlegare representantforslag for årskulla 1954–1962. Dette skuldast at det i det skisserte tiltaket ikkje blir sett ei nedre grense for delingstalet som blir lagt til grunn for å berekne samordningsfrådraget – ettersom det ikkje er nokon nedre grense for å berekne bruttopensjonen, og ved at nedre grense for forholdstalet som blir lagt til grunn for å berekne samordningsfrådraget kan vere lågare enn 1,000 dersom nedre grense for å berekne bruttopensjonen er lågare enn 1,000.

Gjennomføring av tiltaket vil krevje tilpassingar i pensjonsleverandøranes system. SPK har anslått at dei administrative kostnadene, medrekna systemendringar og reberekning av pensjonar vil vere om lag 5 mill. kroner. KLP påpek at ei eventuell innføring frå og med januar 2027 vil kunne medføre så betydelege tilpassingar i pensjonsberekningssystemet at det ikkje er gitt at dei vil vere i posisjon til å kunne gjennomføre endringane frå ønska starttidspunkt.

Departementets vurdering

Departementet viser til at avvikling av samordningsfella har vore vurdert ei rekke gonger tidlegare som følge av ei rekke representantforslag. Hovudinnvendinga mot regelverket har vore at tenestepensjonen blir redusert ved arbeid ut over den alderen der det er kompensert for levealdersjusteringa.

Oppmodingsvedtak nr. 164, 16. desember 2025 gjeld ei vurdering av tiltak for å sikre at ingen offentleg tilsette taper tenestepensjon ved å stå, eller ha stått, lengre i jobb enn etter oppnådd alder der levealdersjustering er fullt ut kompensert for. Etter departementet sitt syn vil eit tiltak om å bruke same forholdstal/delingstal ved berekning av både bruttopensjonen og samordningsfrådraget sikre dette. Det vil innebere at dei som jobbar, eller har jobba, utover den alderen der dei har kompensert for levealdersjusteringa, likevel ikkje får redusert (netto) tenestepensjon.

Som følge av tidlegare lempingar i regelverket for berekning av brutto tenestepensjon som blir samordna med alderspensjon frå folketrygda opptent etter nye opptening sreglar (kapittel 20), vil eit slikt tiltak likevel ha størst effekt for årskull fødde før 1954. Årskulla 1943–1953 er i dag i alderen 73–83 år. Langt dei fleste har allereie hatt avgang frå arbeidslivet. Eit tiltak som skissert blir følgeleg vurdert til å ikkje i særleg grad påverke arbeidstilbodet frå desse årskulla. Tiltaket vil derfor i hovudsak innebere auka utgifter. Dei totale budsjettkonsekvensane av tiltaket fram mot 2050 – statleg og kommunal sektor sett under eitt – ville utgjera om lag 9,2 mrd. kroner.

Etter departementet si vurdering er det uheldig å endre regelverket for årskull som allereie har til-

passa seg regelverket, og der dei fleste allereie har gått av med pensjon. Blant personar i denne aldersgruppa vil det vidare vere personar som bestemte seg for å slutte i jobb fordi vidare arbeid ga låg pensjonsmessig utteljing, og det vil vere personar som har jobba på pensjonistvilkår med lågare lønn for å unngå redusert tenestepensjon. Dei vil med rette kunne hevde at dei hadde innretta seg annleis dersom dei hadde fått utteljing for det. Det vil ikkje vere mogleg å skilje dei som ville ha halde fram i jobb dersom reglane var annleis, frå dei som uansett ville ha slutta i jobb. Reglane bør derfor ikkje endrast for nokon i desse årskulla.

Offentleg tilsette i årskulla 1943–1953 er sikra at samla årleg pensjon er minst 66 pst. av tidlegare lønn, dersom dei venta med å ta ut alderspensjon frå folketrygda til dei slutta i jobb. Dei som har lågare årleg pensjon, har tatt ut alderspensjon frå folketrygda før dei slutta i jobb, og har dermed mottatt både pensjon frå folketrygda og lønn. Departementet meiner at det ikkje er rimeleg at tidleg uttak av alderspensjon frå folketrygda skal gi grunnlag for høgare årleg tenestepensjon.

Departementet understrekar vidare at ei regelverksendring også vil få effekt for pensjonistar som har venta med å ta ut folketrygda til dei faktisk har slutta i offentleg stilling, og dermed faktisk mottek ei samla alderspensjon på minst 66 pst. av tidlegare lønn. Med den aktuelle regelendringa vil den løpande samla pensjonen aukast også for denne gruppa, og han vil kunne overstige 85 pst. av tidlegare lønn.

Departementet vil derfor ikkje gjere ytterlegare endringar i regelverket for levealdersjustering og samordning av brutto tenestepensjon med alderspensjon frå folketrygda. Departementet visar til at tiltaket er anslått å ville ha auka utbetalingar av alderspensjon frå SPK med nær 550 mill. kroner og frå KLP med om lag 350 mill. kroner i 2027 – til saman om lag 900 mill. kroner, og dei totale budsjettkonsekvensane fram mot 2050 ville utgjere over 9 mrd. kroner, utan at tiltaket ville ha nemneverdige positive effektar på arbeidstilbodet.

Kap. 613 Arbeidsgivaravgift til folketrygda

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
01	Driftsutgifter, *overslagsløyving*	1 000	1 000	1 000
	Sum kap. 613	1 000	1 000	1 000

Allmenn omtale

Kapittelet omfattar arbeidsgivaravgift til folketrygda av berekna arbeidsgivarandel og medlemsandel for verksemder som ikkje er pålagde å betale arbeidsgivarandel, og medlemsandel direkte til Statens pensjonskasse. Kapittelet har utgjort ei teknisk berekning av arbeidsgivaravgifta.

Budsjettforslag 2027

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Løyvinga på posten skal dekke berekna arbeidsgivaravgift for arbeidsgivarandelen og medlemsandelen av pensjonsinnskotet for verksemder som ikkje er pålagde å betale arbeidsgivarandel og medlemsandel direkte til Statens pensjonskasse. Arbeidsgivaravgifta i 2027 er berekna til 1 mill. kroner. Dette er same beløpet som i rekneskapen for 2025 og same beløpet som i saldert budsjett for 2026.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 1 mill. kroner.

Kap. 2470 Statens pensjonskasse

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
24	Driftsresultat	-20 000	-20 000	-20 000
45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, *kan overførast*	188 021	180 369	165 037
	Sum kap. 2470	168 021	160 369	145 037

Overført frå 2025 til 2026:
Post 45: 11 939 000 kroner

Allmenn omtale

Statens pensjonskasse er ei forvaltningsbedrift, jf. § 7 i løyvingsreglementet. Det inneber at driftsbudsjettet til Statens pensjonskasse er nettobudsjettert. Statens pensjonskasse hadde i gjennomsnitt 472 avtalte årsverk i 2025. Ytingane frå Statens pensjonskasse er nærmare omtalte under innleiinga til programkategori 09.50.

Ordningane som Statens pensjonskasse forvaltar skal bidra til å sikre økonomisk tryggleik. Statens pensjonskasse skal gjennom forvaltninga av ordningane og gjennom tenestene, informasjonen og rettleiinga dei gir til medlemmene og medlemsverksemdene, bidra til å nå følgande mål for samfunns- og brukareffektar: medlemmene og medlemsverksemdene opplever økonomisk føreseielegheit, medlemmene kan ta opplyste val ut frå sin eigen livssituasjon og fleire medlemmer arbeider meir og lenger. Ordningane skal forvaltast slik at dei bidrar til at staten blir oppfatta som ein attraktiv og profesjonell arbeidsgivar. Statens pensjonskasse skal ha tilgjengelege tenester med god service, sikre rettane til medlemmene, vere effektiv og skape meirverdi for samfunnet.

Styringsparametrar og resultatkrav blir fastsette i styringsdialogen mellom Arbeids- og inkluderingsdepartementet og Statens pensjonskasse.

Rapportering, strategiar og tiltak for 2027

Utbetaling av ytingar og innkrevjing av premie

Statens pensjonskasse skal utbetale rett yting til rett tid og fastsette og krevje inn rett premie til rett tid. Tabellen nedanfor viser resultatkrava og resultata for 2025 knytte til desse måla:

Mål og resultatkrav 2025	Resultat 2025
Statens pensjonskasse skal utbetale rett yting til rett tid	
Av nye og endra pensjonar skal minst 96 pst. vere utan vesentlege feil ved hvv. første gongs utbetaling og endringstidspunktet.	99,7 pst.
Alle søknader om nye bustadlån og refinansiering blir behandla innan 14 dagar.	22 dagar
SPK skal legge til rette for rettidig utbetaling av samla pensjonsytingar uansett når dokumentasjon ligg føre, målt 12 månader glidande. Rettidigheita skal vere minimum 80 pst.	85,6 pst.
Statens pensjonskasse skal fastsette og krevje inn rett premie til rett tid	
SPK skal fakturere medlemsverksemdene med minst 98 pst. korrekt premie i samsvar med motteke grunnlag og føresetnadene som ligg til grunn for premieberekninga.	99,8 pst.
SPK skal sende ut alle premiefakturaer til medlemsverksemdene innan avtalt fakturadato.	100 pst.

Administrative førebuingar til det nye pensjonsregelverket

Statens pensjonskasse vil halde fram arbeidet med dei administrative førebuingane i 2027, slik at dei kan forvalte det nye pensjonsregelverket (ny offentleg tenestepensjon, jf. omtale under kap. 612) effektivt og korrekt, og dermed sikre rettssikkerheit og tryggleik for medlemmer og medlemsverksemder i Statens pensjonskasse.

Stortinget vedtok ny tenestepensjon i offentleg sektor, jf. Prop. 87 L (2018–2019), Innst. 314 L (2018–2019) og Lovvedtak 72 (2018–2019). Den nye tenestepensjonen fekk verknad for utbetalt pensjon da 1963-kullet fylte 62 år, dvs. frå 2025.

I 2023 blei det gjennomført ei ekstern kvalitetssikring (KS2) av kostnadsrammer og usikkerheit for fase tre av pensjonsprogrammet til Statens pensjonskasse, Pro25. På bakgrunn av KS2-rapporten tilrådde regjeringa overfor Stortinget i Prop. 118 S (2022–2023) *Tilleggsløyvingar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2023* at Pro25 fase tre starta opp i 2023, med ei kostnadsramme på 391 mill. 2023-kroner inkl. mva. På bakgrunn av Innst. 490 S (2022–2023) blei dette vedtatt av Stortinget, jf. romartalfullmakt XIV. Tredje fase Pro25, er i rute, og Statens pensjonskasse har følgt opp alle merknader og anbefalingar frå kvalitetssikringa. Det valde konseptet vil sikre at pensjonsreglane blir godt ivaretatt i den nye løysinga, og samtidig gi eit godt grunnlag for at medlemmer av Statens pensjonskasse skal kunne ta opplyste pensjonsval.

Statens pensjonskasse har gjennomført både kvalitetssikring av kostnadsramma og kvalitetssikring av styringsgrunnlaget for fase fire, som omfattar nye pensjonsreglar for personar med særaldersgrense, og pensjonsavtalen på Stortinget frå 2024 om bl.a. innføring av normert pensjonsalder. Gjennomføringsarbeidet er godt i gang, og Statens pensjonskasse følger opp alle tilrådingar og merknader frå kvalitetssikringa.

Informasjon og kunnskapsformidling

Regelverket for offentleg tenestepensjon er komplisert. Kva reglar som gjeld kjem an på når du er fødd, og det finst fleire overgangsreglar for ulike årskull. I 2025 fekk dei første årskulla utbetalt pensjon etter det nye regelverket for offentleg tenestepensjon.

For at medlemmene skal kunne ta informerte val om pensjon, treng dei relevant informasjon tilpassa sin situasjon. Statens pensjonskasse har derfor drive eit breitt informasjonsarbeid og tatt i bruk fleire kanalar i tillegg til nettsider og innlogga sider. I løpet av 2025 sende SPK ut om lag 340 000 informasjonsutsendingar til medlemmene. Det blei arrangert over 330 kurs for 12 400 medlemmer. På same måte deltok nesten 1 200 tilsette innan rapportering og HR i verksemdene på kurs, ein auke på om lag 80 pst. samanlikna med året før.

Kundesenteret svara på 130 000 førespurnader, ein nedgang på 10 pst. Samtidig viste pågangen ei forskyving frå telefon til e-post, der talet på e-postførespurnader auka med litt over 30 pst. Samla sett viser dette eit stort informasjonsbehov.

Brukarundersøkingane viser samtidig at både medlemmene og medlemsverksemdene er nøgde med Statens pensjonskasse. I 2025 var den samla medlemstilfredsheita 86 av 100 poeng, opp frå 84 poeng i 2024 og over målet på 80 poeng. Tilfredsheita blant verksemdene var 78 poeng, opp frå 75 poeng i 2024 og over målet på 75 poeng. Tal frå første tertial 2026 viser at resultata held seg stabile.

I 2027 skal Statens pensjonskasse vidareutvikle informasjonen til medlemmene og verksemdene og halde fram arbeidet med å gjennomføre pensjonsreforma, bl.a. ved å innføre nytt regelverk for medlemmer med særaldersgrenser. Statens pensjonskasse skal òg utforske korleis auka automatisering, meir skreddarsydd informasjon og hendingsbaserte utsendingar kan gi meir relevant informasjon når brukarane treng han.

Sjølvbetening

Ambisjonen til Statens pensjonskasse er at flest mogleg skal kunne betene seg sjølve og finne informasjonen dei treng på spk.no. I 2025 hadde spk.no nærmare 2,5 millionar besøk, ein auke på vel 20 000 samanlikna med 2024.

I sjølvbeteningsløysinga «Min side» kan medlemmene bl.a. rekne ut framtidig pensjon, søke om pensjon og lån, og sjå kommande pensjonsutbetalingar.

I 2025 tok fleire medlemmer som er omfatta av det nye regelverket, i bruk den digitale søknaden for ny offentleg tenestepensjon. Delen som fekk svar med ein gong dei søkte, auka frå 0 ved inngangen til året til 53,7 pst. i desember. Den digitale pensjonssøknaden fekk 88 av 100 poeng i tilfredsheit.

Eit sentralt mål med den digitale søknadsprosessen er å hjelpe medlemmene med å ta informerte val om pensjon. Mange brukar pensjonskalkulatoren for å orientere seg og utforske kva moglegheiter dei har, også lenge før dei skal ta ut pensjon. Medlemmer fødde i 1963 eller seinare som

brukar kalkulatoren, gjer i gjennomsnitt sju berekningar kvar.

«Min virksomhet» er sjølvbeteningsløysinga for medlemsverksemdene. I første tertial 2026 fekk verksemdene tilgang til eit nytt digitalt fakturagrunnlag, som gjer det enklare å finne og bruke informasjon om premie. Dette støttar ambisjonen om å gjere det lettare for medlemsverksemdene å administrere pensjonsøkonomien sin.

Statens pensjonskasse har òg tatt i bruk løysinga «Sikker dialog» i «Min virksomhet». Løysinga blir brukt av meir enn 800 verksemder og skal gi tryggare utveksling av personopplysningar, betre oversikt og mindre bruk av e-post.

I 2027 skal Statens pensjonskasse vidareutvikle informasjonen og tenestene på «Min side» og «Min virksomhet». Målet er trygge, heilskaplege og brukarvennlege tenester som gjer at fleire kan finne svar og løyse oppgåver sjølve.

Post 24 Driftsresultat

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
24.1	Driftsinntekter, *overslagsløyving*	-831 046	-850 000	-900 000
24.2	Driftsutgifter, *overslagsløyving*	626 381	641 000	692 000
24.3	Avskrivingar	97 972	115 000	135 000
24.4	Renter av statens kapital	-3 711	4 000	3 000
24.5	Til investeringsformål	76 000	90 000	80 000
24.6	Til reguleringsfond	14 404	-20 000	-30 000
	Sum post 24	-20 000	-20 000	-20 000

For 2027 er det foreslått ei løyving på –20 mill. kroner på post 24 Driftsresultat.

Underpost 24.1 Driftsinntekter, overslagsløyving

Inntektene til Statens pensjonskasse er knytte til betaling for dei administrative tenestene som blir utførte i pensjons-, låne- og personskadeordningane og andre ordningar som Statens pensjonskasse tilbyr. Vel 80 pst. av inntektene kjem frå administrasjon av dei ulike pensjonsordningane, der administrasjonspremie knytt til den statlege pensjonsordninga etter lov om Statens pensjonskasse utgjer det aller meste. Inntektene aukar med 50 mill. kroner frå saldert budsjett for 2026. Auken kjem av høgare pensjonsgrunnlag i ordningane under lov om Statens pensjonskasse og større volum i andre ordningar.

Underpost 24.2 Driftsutgifter, overslagsløyving

Lønnskostnader utgjer om lag halvparten av driftsutgiftene til Statens pensjonskasse Det blir foreslått å auke driftsutgiftene med 51 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2026. Auken skriv seg i hovudsak frå auka lønns- og prisvekst. Investeringane vil framleis vere på eit høgt nivå, men Statens pensjonskasse vil dreie meir av ressursane mot forvaltning og vedlikehald av IT-systema etter at nytt lånesystem, analysesystem og vesentlege delar av Pro25 blir ferdig utvikla og satt i drift. Dette vil visast som ein auke i driftsutgiftene i rekneskapen.

Underpost 24.3 Avskrivingar

Avskrivingane er foreslått auka med 20 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2026. Auken skriv seg frå nytt lånesystem, analysesystem og vesentlege delar av Pro25 som blir sett i drift no.

Underpost 24.4 Renter av statens kapital

I samsvar med reglane for forvaltningsbedrifter skal det bereknast rente for den kapitalen som er investert i bedrifta. Det er budsjettert med 3 mill. kroner i renter i 2027. Det er ein reduksjon på 1 mill. kroner frå saldert budsjett for 2026.

Underpost 24.5 Til investeringsformål

Posten omfattar avsetting til eigenfinansierte investeringar, jf. kap. 5470, post 30. Det er budsjettert med ei eigenfinansiering på 80 mill. kroner i 2027. Dette er ein reduksjon på 10 mill. kroner frå saldert budsjett for 2026, og inkluderer eit foreslått trekk frå reguleringsfondet på 30 mill. kroner, jf. omtale under post 24.6 Til reguleringsfondet.

Underpost 24.6 Til reguleringsfond

Reguleringsfondet skal nyttast til å dekke svingingar i økonomien i verksemda mellom ulike år og til uføresette utgifter i det enkelte budsjettåret. Fondet er ein del av eigenkapitalen til forvaltningsbedrifta. Det blir lagt til grunn at fondet kan nyttast til gjenkjøp av bl.a. systemløysingar. Det er budsjettert med eit trekk på fondet på 30 mill. kroner. Trekket skal nyttast til å dekke eigenfinansieringa av utviklingsaktivitetane Statens pensjonskasse driv med i samanheng med ny offentleg tenestepensjon, sjå òg omtalen under post 24.5 Til investeringsformål.

Det blir fremma forslag om at det blir gitt høve til å omdisponere inntil 50 mill. kroner frå reguleringsfondet til investeringsformål, jf. forslag til romartalsfullmakt.

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga på posten gjeld investeringar i varige driftsmiddel, primært programvareutvikling.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 165 mill. kroner. Dette er 15,3 mill. kroner lågare enn saldert budsjett for 2026. Midlane skal i hovudsak dekke utgifter knytte til ny offentleg tenestepensjon og utvikling av eksisterande IT-system. Ein del av midlane skal brukast til å sikre arbeidet med administrative førebuingar til innføring av nye pensjonsreglar for personar med særaldersgrense, og pensjonsforliket om bl.a. gradvis auke av aldersgrensene. Vidare skal løyvinga dekke utgifter til å ferdigstille arbeidet med prosjektet nytt IKT-system for bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse som har noko auka kostnader og tar lengre tid å ferdigstille enn tidlegare lagt til grunn.

Balanse Statens pensjonskasse

Med verknad frå rekneskapsåret 2025 har Statens pensjonskasse gått frå to separate «rekneskapseiningar» til éi verksemd med eit samla rekneskap. Som følge av dette er balansen endra, slik at Statens pensjonskasse frå 2025 rapporterer eit samla mellomverande med statskassa, inkludert mellomverande knytt til ordningane Statens pensjonskasse forvaltar.

(i kroner)

	Rekneskap 2024	Rekneskap 2025
Eigedelar		
Anleggsmiddel		
Driftsmiddel, eigedommar	734 226 160	824 315 335
Sum anleggsmiddel	734 266 160	824 315 335
Omløpsmiddel		
Varebehaldning, varer i arbeid	0	0
Kortsiktige fordringar	51 222	5 737 801 762
Kortsiktige plasseringar	0	0
Mellomvære med statskassa	202 366 797	0
Sum omløpsmiddel	202 418 019	5 737 801 762
Sum eigedelar	936 684 179	6 562 117 098

(i kroner)

	Rekneskap 2024	Rekneskap 2025
Eigenkapital og gjeld		
Eigenkapital		
Eigenkapital utan reguleringsfond	603 682 351	679 682 351
Reguleringsfond	171 837 588	186 241 510
Sum eigenkapital	775 519 939	865 923 861
Langsiktig gjeld		
Den renteberande kapitalen til staten	130 583 809	144 632 984
Anna langsiktig gjeld	0	0
Sum langsiktig gjeld	130 583 809	144 632 984
Kortsiktig gjeld		
Kortsiktig gjeld	30 580 432	29 279 854
Mellomvere med statskassa	0	5 522 280 399
Sum kortsiktig gjeld	30 580 432	5 551 560 253
Sum eigenkapital og gjeld	936 684 179	6 562 117 098

Kap. 5470 Statens pensjonskasse

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
30	Avsetting til investeringsformål	76 000	90 000	80 000
	Sum kap. 5470	76 000	90 000	80 000

Post 30 Avsetting til investeringsformål

Løyvinga på posten skal dekke avsetningar til investeringsformål til inntekt i statsrekneskapen, jf. omtale under kap. 2470, underpost 24.5.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 80 mill. kroner.

Programkategori 09.60 Kontantytingar

Utgifter under programkategori 09.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
660	Krigspensjon	80 712	70 000	61 000	-12,9
664	Pensjonsordninga for arbeidstakarar til sjøs	18 800	16 800	15 400	-8,3
666	Avtalefesta pensjon (AFP)	4 370 191	4 680 000	5 060 000	8,1
667	Supplerande stønad	705 690	825 000	955 000	15,8
	Sum kategori 09.60	5 175 393	5 591 800	6 091 400	8,9

Utgifter under programkategori 09.60 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
50–89	Overføringar til andre	5 175 393	5 591 800	6 091 400	8,9
	Sum kategori 09.60	5 175 393	5 591 800	6 091 400	8,9

Kategorien omfattar kontantytingar og tilskot til visse lovregulerte pensjonsordningar utanom folketrygda som heilt eller delvis blir finansierte av staten. Det gjeld krigspensjon, statstilskot til pensjonsordninga for arbeidstakarar til sjøs, statstilskot til pensjonstrygda for fiskarar, statstilskot til avtalefesta pensjon (AFP) i privat sektor og supplerande stønad.

Kap. 660 Krigspensjon

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
70	Tilskot, militære, *overslagsløyving*	17 544	15 000	12 000
71	Tilskot, sivile, *overslagsløyving*	63 168	55 000	49 000
	Sum kap. 660	80 712	70 000	61 000

Hovudtrekk ved regelverket

Hovudformålet med krigspensjonen er å gi invalidepensjon til personar som har fått mein eller redusert arbeidsevne som følge av skade eller påkjenningar under krigsdeltaking, motstandsverksemd, politisk fangenskap eller sjøteneste under den andre verdskrigen.

Krigspensjonen er primært ein invalidepensjon og er heimla i fire lover:

- lov 13. desember 1946 nr. 21 om krigspensjonering for militærpersoner (militærlova), som omfattar militærpersonar som har fått mein som følge av skade, sjukdom eller påkjenningar under tenestegjering i den andre verdskrigen
- lov 13. desember 1946 nr. 22 om krigspensjonering for hjemmestyrkepersonell og sivilpersoner (sivillova), som omfattar følgande hovudgrupper som har fått mein som følge av skade, sjukdom eller påkjenningar under den andre verdskrigen: Dei som deltok i den hemmelege militære motstandsrørsla, innbyggarar som blei skadde av krigshandlingar på norsk jord, til dømes under bombing, skipskonvoimannskap og andre sjøfolk i teneste på norske skip, og sivile som sat i fiendtleg politisk fangenskap (t.d. i konsentrasjonsleirar).
- tilleggslov 29. juni 1951 nr. 34, som gjeld sjømenn med ei fartstid på minst seks månader under den andre verdskrigen som ikkje var utsette for krigsulykke som oppgitt i sivillova, og personell ved det norske feltsjukehuset i Korea
- lov 22. mars 1968 nr. 2 om tillegg til krigspensjoneringslovene av 1946, som omfattar seks kategoriar av krigsdeltakarar og politiske fangar som var utsette for usedvanleg hard påkjenning

Det gjeld eitt felles pensjonsgrunnlag for dei såkalla innsats- og overgrepsgruppene og eitt for tilfeldige krigsramma.

Hovudprioriteringa framover er framleis å sikre at dei krigsskadde og dei etterlatne etter dei får rett yting til rett tid.

Rapport

Dei aktuelle pensjonslovene regulerer forhold som ligg mange år tilbake i tid, og utgiftene til krigspensjon går ned for kvart år som følge av at talet på pensjonistar går ned.

Militære

Utgiftene til militære krigspensjonistar i 2025 fordelte seg med 0,7 mill. kroner til invalidepensjon, 16,9 mill. kroner til enkepensjon og ingen utgifter til skadekur. Korrigert for den årlege reguleringa er dette ein nedgang frå 2024 på 9,6 pst. for invalidepensjonistane og 19,1 pst. for enkepensjonistane.

I desember 2025 var det 6 militære invalidepensjonistar og 117 militære enkepensjonistar. Talet på invalidepensjonistar gjekk ned med 14 pst. frå same perioden i 2024, mens talet på enkepensjonistar gjekk ned med 27 pst. I 2025 var avgangen ein invalidepensjonist og 44 enkepensjonistar. Det var ein tilgang på ein enkepensjonist i 2025. Gjennomsnittsalderen ved utgangen av 2025 var 92,0 år for invalidepensjonistane og 92,7 år for enkepensjonistane.

Sivile

Utgiftene til sivile krigspensjonistar i 2025 fordelte seg med 17,7 mill. kroner til invalidepensjon, 45,5 mill. kroner til enkepensjon og 0,1 mill. kroner til skadekur. Korrigert for den årlege reguleringa er dette ein nedgang frå 2024 på 14,2 pst. for invalidepensjonistane og 16 pst. for enkepensjonistane.

I desember 2025 var det 165 sivile invalidepensjonistar og 365 sivile enkepensjonistar. Talet på invalidepensjonistar og enkepensjonistar gjekk begge ned med 14 pst. frå same perioden i 2024. I 2025 var det ein avgang på 26 invalidepensjonistar og 68 enkepensjonistar, mens det var ein tilgang på 7 enkepensjonistar (og ingen invalidepensjonistar).

Gjennomsnittsalderen ved utgangen av 2025 var 88,5 år for invalidepensjonistane og 89,6 år for enkepensjonistane.

Budsjettforslag for 2027

Post 70 Tilskot, militære, overslagsløyving

Det er lagt til grunn eit gjennomsnittleg mottakartal på 91 pensjonistar og ei gjennomsnittleg yting på 131 980 kroner.

Utgiftsanslaget for 2027 inkluderer anslått effekt av trygdeoppgjeret i 2026 og 2027.

Som følge av dette aukar utgiftsanslaget med 0,4 mill. kroner på post 70.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 12 mill. kroner.

Post 71 Tilskot, sivile, overslagsløyving

Det er lagt til grunn eit gjennomsnittleg mottakartal på 419 pensjonistar og ei gjennomsnittleg yting på 116 998 kroner.

Utgiftsanslaget for 2027 inkluderer anslått effekt av trygdeoppgjeret i 2026 og 2027.

Som følge av dette aukar utgiftsanslaget med 1,6 mill. kroner på post 71.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 49 mill. kroner.

Kap. 664 Pensjonsordninga for arbeidstakarar til sjøs

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
70	Tilskot, *overslagsløyving*	18 800	16 800	15 400
	Sum kap. 664	18 800	16 800	15 400

Allmenn omtale

Pensjonsordninga for arbeidstakarar til sjøs er ei lovbestemt pliktig tenestepensjonsordning som blei oppretta i 1948. Ordninga omfattar som hovudregel norske statsborgarar og personar med fast adresse i Noreg som er tilsette som arbeidstakarar på skip og visse flyttbare innretningar som er innførte i norsk skipsregister (NOR eller NIS) med minst hundre bruttotonn.

Maritim pensjonskasse (MPK) forvaltar ordninga. I 2025 forvalta MPK pensjonsrettar for om lag 130 000 medlemmer, av desse om lag 32 000 yrkesaktive medlemmer. MPK har eit eige styre på fem medlemmer som departementet utnemner for fire år om gangen. Styret leier MPK i samsvar med føresegner fastsette i lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonsordning for arbeidstakere til sjøs og dessutan etter instruksen departementet gir styret.

Styret har ansvar for å utvikle den overordna strategien for verksemda og har òg det overordna ansvaret for forvaltninga av reguleringsfondet. Styret har vidare ansvar for drifta innanfor dei rammene departementet har trekt opp i tildelingsbrev og instruks med meir, inkludert godkjenning av administrasjonsbudsjettet til MPK.

Inntektene til ordninga er pensjonspremie frå arbeidstakarar og reiarlag, avkastning frå fondet til ordninga og lovbestemte tilskot frå staten. Hovudprinsippet for finansieringa av ordninga er at ho skal vere sjølvfinansiert ved at arbeidstakarane og arbeidsgivarane skal betale det pensjonen kostar. Dei årlege inntektene til ordninga dekker løpande dei årlege utgiftene til pensjonar og administrasjon etter eit utlikningsprinsipp. Dersom dei årlege inntektene til ordninga overstig dei årlege utgiftene, skal differansen overførast til reguleringsfondet til ordninga. Reguleringsfondet er bygd opp av midlar frå partane i ordninga og inngår ikkje i statsrekneskapen.

Det er eit mål at pensjonsordninga skal ha ei berekraftig finansiering over tid, og at ho skal vere sjølvfinansierande. Dersom dei årlege inntektene til ordninga ikkje dekker dei årlege utgiftene, dekker overføring frå fondet differansen. Dersom det ikkje er tilstrekkelege midlar i reguleringsfondet til ordninga, dekker garantitilskot frå staten differansen.

Staten dekker den berekna delen av pensjonsutgiftene som kjem av tillegg for fartstid under den andre verdskrigen, enkepensjonar etter menn som var medlem i ordninga før 1. september 1939, og utanlandsk kvalfangst. I tillegg har staten sidan 1983 ytt eit fast årleg tilskot på 8 mill. kroner som erstatning for laste- og fyravgifter. I 2025 kravde MPK inn om lag 1,5 mrd. kroner i premiar frå om lag 700 reiarlag fordelte på om lag 2 000 skip. Premieinntektene dekte pensjonsutbetalingane fullt ut i 2025. Det lovpålagde tilskotet til staten utgjorde 18,8 mill. kroner. Tilskotet er på veg ned, og i 2035 vil det venteleg vere tilnærma likt det faste tilskotet i lova på 8 mill. kroner.

Hovudtrekk ved regelverket

Ordninga er fleire gonger tilpassa endringar i folketrygdlova, sist med verknad frå 1. januar 2020. Dei som er tilsette etter 2020, og medlemmer som per 1. januar 2020 ikkje hadde fylt 50 år, får pensjon etter nye reglar. Medlemmer som har opptente rettar etter tidlegare reglar, får rettane konverterte til

ei pensjonsbehaldning ved overgang til ny ordning ved pensjonering. Medlemmer som hadde fylt 50 år pr. 1 januar 2020, følger gammalt regelverk fullt ut og får ikkje opptening etter nye reglar.

Personar som fell inn under den gamle ordninga, må ha minst 150 pensjonsgivande månader (12,5 år) for å få pensjon og minst 360 månader (30 år) for å få full alderspensjon. Årleg pensjon utgjer på tidspunktet for uttak 0,91 pst. av G per fartsmånad for overordna arbeidstakar og 0,76 pst. av G for underordna arbeidstakar (0,65 pst. av G for fartstid før 1. mai 1993). Pensjonen blir ytt fullt ut ved sida av eventuell alderspensjon frå folketrygda. Alderspensjon under utbetaling blir regulert med eit gjennomsnitt av lønns- og prisvekst. Det blir utbetalt eit eingongsbeløp (tilbakebetaling av pensjonsavgift) etter nærmare reglar for personar som ikkje har opptent nok fartstid til å få pensjon. Det kan ytast eit pensjonstillegg til personar som har minst tre års fartstid dei siste fem åra før dei går av med pensjon. Pensjonen frå pensjonsordninga for arbeidstakarar til sjøs fell bort dersom pensjonisten får arbeidsavklaringspengar eller uføretrygd frå folketrygda for full uførleik. Er ytinga frå folketrygda gradert, fell ein tilsvarande del av pensjonen frå pensjonsordninga bort. Tilsvarande gjeld dersom pensjonisten får avtalefesta pensjon i offentleg sektor fram til pensjonisten fyller 65 år.

Personar som fell inn under den nye ordninga, må ha tre års opptening for å få rett til pensjon. Pensjonen blir tent opp til ei pensjonsbehaldning med 6,3 pst. av eiga inntekt opp til eit tak på 12 G. Det er fleksible og nøytrale reglar for uttak av pensjon. Tidlegaste nedre uttaksalder er 62 år. Pensjon kan takast ut i perioden mellom 62 og 70 år og blir utbetalt i perioden mellom 62 og 80 år. Det er ein minste utbetalingsperiode på sju år. Ein kan kombinere uttak av pensjon med å halde fram med å arbeide. Slikt framhald av arbeid i ordninga gir opptening av pensjon fram til ein fyller 70 år. Uttak av pensjon kan òg kombinerast med uttak av pensjon frå andre ordningar. Alderspensjon under utbetaling blir regulert med eit gjennomsnitt av lønns- og prisveksten.

Rapport, strategiar og tiltak for 2027

Hovudprioriteringane for MPK er å sikre at dei som har rett til det, får pensjon til rett tid, yte god service til medlemmer og kundar, forvalte reguleringsfondet til ordninga og dessutan gjennomføre løpande og langsiktige analysar av den økonomiske situasjonen for ordninga. MPK har hatt god måloppnåing på dagleg drift i 2025, og legg vekt på god og effektiv administrasjon og brukarservice, og på forenkling og fornying. Verksemda har høg grad av automatisering, med nettbaserte sjølvbeteningsløysingar for kundar og medlemmer.

MPK planlegg IT-investeringar som vil gi auka kunde- og medlemstilfredsheit. Slike tiltak omfattar både det å gi opptenande medlemmer meir informasjon om rettane deira, og det å sørge for ei forbetra brukaroppleving i nettportalar.

Pensjonsordninga hadde eit overskot i 2025 på 410 mill. kroner, som er tilførte reguleringsfondet. Reguleringsfondet var ved utgangen av 2025 på om lag 1,4 mrd. kroner. Pensjonsforpliktingane til ordninga er på om lag 22 mrd. kroner. Styret i MPK fastset reglementet for forvaltning av reguleringsfondet i samsvar med instruksen departementet har gitt styret.

Økonomien i ordninga er knytt til den generelle sysselsettingssituasjonen for arbeidstakarar til sjøs og offshorepersonell om bord på norske og utanlandske skip og installasjonar som blir disponerte av norske reiarlag, noko som igjen har samanheng med rammevilkåra for norsk skipsfart og offshoreverksemd. Om lag halvparten av den aktive medlemsmassen er sysselsett innanfor offshoresektoren.

Ifølge prognosane til MPK vil inntektene til ordninga dei neste åra overstige utgiftene, slik at reguleringsfondet vil bli bygd ytterlegare opp. Ordninga er anslått å være sjølvfinansierande over tid med meir enn 25 000 medlemmer. MPK har utarbeidd ulike scenario der medlemsmassen blir redusert frå dagens nivå på 32 000 heilt ned til 20 000 medlemmer over ein seksårsperiode. Nedgangen er om lag på nivå med utviklinga under utflagginga av flåten på 1980-talet. Utrekningane viser at dersom denne reduksjonen skjer allereie frå 2027, vil ordninga få eit negativt resultat frå seint på 2030-talet. Utan endringar i nivå på premie og/eller pensjonsytingar, vil reguleringsfondet i eit slikt scenario vere brukt opp på 2060-talet. Dersom reduksjonen derimot skjer litt ut på 2030-talet, vil avkastninga frå eit større reguleringsfond bidra til at ordninga er sjølvfinansierande i heile prognoseperioden.

Verksemda har hatt ei tilknyting til staten sidan ho blei oppretta i 1948 og har vore følgd opp av departementet gjennom ein formalisert og dokumentert styringsdialog. Dette inneber at departementet utarbeider tildelingsbrev og instruks til MPK i tillegg til å gjennomføre etatsstyringsmøte.

I 2025 har departementet gjennomført to etatsstyringsmøte med MPK, der også styreleiaren i MPK har deltatt. Sentrale område i styringsdialogen er økonomien til ordninga, rett pensjon og premie og dessutan risikovurderingar knytte til

verksemda. Riksrevisjonen reviderer MPK, og hadde ingen vesentlege merknader til rekneskapen for 2025.

Departementet vurderer kva slags tilknyting MPK skal ha til staten i framtida. Direktoratet for forvaltning og økonomistyring og eit eksternt advokatfirma har gitt departementet fagleg bistand i dette arbeidet. Det er mykje som taler for at MPK bør organiserast som ei verksemd utanfor staten. Vurderingane departementet gjer, er omfattande og har nokre års perspektiv. Departementet legg til grunn, som omtalt i Prop. 1 S (2025–2026) Arbeids- og inkluderingsdepartementet, at dagens praksis og rammer for verksemda, inkludert rekneskap og styringsdialog, blir vidareførte inntil tilknytingsforma er avklart. Etter vurderinga til Direktoratet for forvaltning og økonomistyring inneber dette at MPK ikkje må føre rekneskap etter periodiseringsprinsippet i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Budsjettforslag 2027

Post 70 Tilskot, overslagsløyving

Utgiftsanslaget for 2027 inkluderer anslått effekt av trygdeoppgjeret i 2026 og 2027.

Det er venta at ordninga vil gå med overskot i 2026 og 2027. Dette inneber at reguleringsfondet vil auke ytterlegare. Statstilskotet etter § 15 i lova er venta å utgjere 15,4 mill. kroner. Det er lagt til grunn eit gjennomsnittleg tal på mottakarar på om lag 440 og ei gjennomsnittleg årleg yting på om lag 20 000 kroner. Det faste årlege statstilskotet utgjer 8 mill. kroner.

Posten har fått stikkordfullmakta «overslagsløyving» ettersom utgiftsnivået på statstilskotet følger av regelverk etter § 15 i lova, som omtalt i allmenn omtale. Stikkordfullmakta omfattar ikkje ei eventuell utløysing av garantitilskot frå staten.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 15,4 mill. kroner.

Kap. 665 Pensjonstrygda for fiskarar

Allmenn omtale

Pensjonstrygda for fiskarar er ei lovbestemt, pliktig ordning for personar som har fiske som hovudnæring. Det er i underkant av 5 000 aktive fiskarar i ordninga og om lag 1 600 pensjonistar. Pensjonstrygda er utlikningsfinansiert og blir finansiert av partane sjølve ved medlemspremie, omsettingsavgift på førstehandsverdien av råstoff levert frå norske fiskarar og eventuelle bidrag frå eit likviditetsfond. Trygda er garantert av staten, det vil seie at dersom inntektene eit år ikkje er tilstrekkelege til å dekke utgiftene, pliktar staten å dekke underskotet dersom det ikkje er midlar i likviditetsfondet. Det følger av forarbeida til fiskarpensjonslova (Ot.prp. nr. 46 og Innst. O. VIII – begge for 1957) at det er ein klar føresetnad at det er fiskerinæringa sjølv som skal dekke alle kostnader knytte til Pensjonstrygda for fiskarar og administrasjonen av denne. Det er Garantikassa for fiskarar som administrerer pensjonstrygda.

Effektivisering i fiskerinæringa har ført til at det har blitt færre aktive fiskarar dei siste 20–30 åra, og dette har skapt ein ubalanse mellom talet på avgiftsbetalande fiskarar og pensjonistar. Dermed har pensjonsutgiftene vore høgare enn inntektene, og det har vore behov for betydelege bidrag frå likviditetsfondet. Fondet blei oppbrukt i 2020, og som ei følge av det blei det ytt eit tilskot over statsbudsjettet til å dekke utgiftene ved ordninga i perioden 2020–2023.

For å sikre ein betre balanse mellom inntektene og utgiftene til ordninga har ein auka både medlemspremien og omsettingsavgifta i fleire omgangar. Medlemspremien og omsettingsavgifta utgjer i 2025 hvv. 17 960 kroner og 0,4 pst.

Under Regjeringa Solberg varsla det daverande Arbeids- og sosialdepartementet i statsbudsjettet for 2020 ein gjennomgang av pensjonstrygda for fiskarar med sikte på å finne fram til ei varig løysing. Bakgrunnen var dels at ordninga må tilpassast pensjonsreforma, og dels at ho er underfinansiert. Som ei følge av dette sende departementet 16. september 2021 på høyring eit forslag om å lukke ordninga, slik at ho på sikt blei avvikla. I høyringsrunden reiste enkelte kritikk mot prosessen, og derfor blei det hausten 2022 sett ned ei partssamansett arbeidsgruppe som fekk i oppdrag å greie ut om det var behov for ei særskild pensjonsløysing for fiskarar, og korleis ho i så fall burde vere. Arbeidsgruppa ferdigstilte rapporten sin 20. desember 2024, og konkluderte med at pensjonstrygda for fiskarar bør lukkast og på sikt avviklast. Arbeidsgruppa sine hovudtilrådingar var dei same som blei foreslått i høyringsnotatet hausten 2021.

Regjeringa følgde opp arbeidsgrupperapporten med å legge fram Prop. 133 L (2024–2025) 10. april 2025 med forslag om at ordninga blir lukka for nye medlemmer, slik at ho på sikt blir avvikla. I behandlinga i Stortinget 2. desember 2025 var det ikkje fleirtal for ei lukking og avvikling av ordninga. Stortinget bad i staden om eit breitt partssamansett utval for å vurdere ei modernisering av ordninga

etter mønster av ordninga i Maritim pensjonskasse, og der eit forslag skal leggast fram for Stortinget våren 2027. Departementet oppnemnde 2. juni 2026 eit breitt partssamansett utval for å vurdere ei modernisering av ordninga, med frist for utvalet sin rapport 22. desember 2026.

Hovudtrekk ved regelverket

Pensjonstrygda for fiskarar blei oppretta ved lov 28. juni 1957 nr. 12. Ordninga er ei pliktig, lovfesta tidlegpensjonsordning for aldersgruppa 60–67 år for personar som er oppførte på blad B i fiskarmanntalet.

For rett til pensjon må ein ha betalt premie i minimum 14,4 år (750 veker). Full pensjon oppnår ein når ein har betalt premie i 30 år (1 560 veker). Full årleg pensjon utgjer 1,6 G på tidspunktet for uttak. Pensjonen under utbetaling blir regulert med eit gjennomsnitt av lønns- og prisveksten. Pensjonen blir avkorta mot uføreytingar, arbeidsavklaringspengar og avtalefesta pensjon.

Ordninga er utlikningsfinansiert og er føresett å vere sjølvfinansiert av partane gjennom medlemspremie og avgift på omsetting av fisk. Trygda er garantert av staten.

Rapport

I 2025 var utgiftene til trygda på 196,1 mill. kroner, av dette utgjorde pensjonsutgiftene 188,5 mill. kroner, mens det resterande var utgifter til refusjon av medlemspremie og administrasjonsutgifter, samt tilbakebetaling av ubenytta statstilskott. Inntektene frå medlemspremien var på 79,6 mill. kroner, mens omsettingsavgifta var på 119,5 mill. kroner. Overskotet var dermed på 3 mill. kroner

Budsjettforslag 2027

Post 70 Tilskot

Det er forventa at trygda vil gå med 10 mill. kroner i overskot i 2027 og at likviditetsfondet vil utgjere 40 mill. kroner ved utgangen av 2027. Dette inneber at det ikkje er venta behov for statstilskot i 2027. Utgiftsanslaget for 2027 inkluderer anslått effekt av trygdeoppgjeret i 2026 og 2027. Trygdeoppgjeret påverkar både inntekts- og utgiftssida i trygda. Som følge av dette aukar anslaget for overskot med 2 mill. kroner.

For 2027 er det ikkje venta behov for løyving over statsbudsjettet.

Kap. 666 Avtalefesta pensjon (AFP)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
70	Tilskot, *overslagsløyving*	4 370 191	4 680 000	5 060 000
	Sum kap. 666	4 370 191	4 680 000	5 060 000

Hovudtrekk ved regelverket

Staten gir tilskot til AFP etter lov 19. februar 2010 nr. 5 om statstilskot til arbeidstakarar som tar ut avtalefesta pensjon i privat sektor (AFP-tilskotslova). Tilskotet frå staten skal etter lova utgjere ein tredel av pensjonsutgiftene til AFP-pensjonistane. Staten skal òg dekke utgiftene til eit kompensasjonstillegg som blir ytt til arbeidstakarar som er fødde i åra 1944–1962. Andelen staten står for av AFP-utbetalingane, når kompensasjonstillegget er medrekna, utgjorde 42 pst. i 2025.

I tillegg til å dekke ein del av pensjonsutgiftene bidrar staten indirekte til finansieringa ved å dekke utgiftene til administrasjonen Arbeids- og velferdsetaten gjer, ved at kompensasjonstillegget er skattefritt, og ved at det er skattefritak for premieinnbetalingane frå bedriftene. Dei direkte utgiftene staten hadde til statstilskot til AFP, var i 2025 på 4 370 mill. kroner.

Pensjonsutgiftene til AFP i privat sektor elles er det arbeidsgivarane som dekker.

AFP-ordninga er ei kvalifikasjonsordning, det vil seie at arbeidstakarar må oppfylle bestemte krav for å ha rett til ytinga. Ein må ha ein viss inntekt på uttakstidspunktet, vedkommande må på uttakstidspunktet vere reell arbeidstakar i ei bedrift som er omfatta av AFP-ordninga, og vedkommande må ved fylte 62 år ha vore arbeidstakar i minst 7 av dei siste 9 åra i ein eller fleire bedrifter som er omfatta av AFP-ordninga.

Ytinga er utforma som eit livsvarig påslag til alderspensjonen frå folketrygda. Pensjonen blir berekna på grunnlag av alle år med pensjonsgivande inntekt til og med det året arbeidstakaren fyller 61 år. Årskulla fødde i 1944–1962 får òg eit kompensasjonstillegg. Formålet med kompensasjonstillegget er å kompensere dei aktuelle årskulla som hadde kort tid igjen til pensjonering da pensjonsreglane blei endra, og dermed avgrensa moglegheiter til å tilpasse seg ny AFP. AFP blir berekna slik at summen av dei årlege utbetalingane skal vere uavhengig av når pensjonen blir tatt ut, det vil seie same nøytrale løysing som gjeld for alderspensjon frå folketrygda. AFP kan takast ut frå 62 år og fritt kombinerast med arbeidsinntekt.

Tilsyn med ordninga osv.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet fører tilsyn med Fellesordningen for AFP i privat sektor. Formålet med tilsynet er å sikre at administrasjonen og finansieringa av pensjonsordninga er i samsvar med føresegnene i AFP-tilskotslova og vedtektene. Departementet gjennomførte to tilsynsmøte i 2025, i tråd med forskrift om tilsyn med AFP-ordningar. Riksrevisjonen får kopi av referata frå tilsynsmøta.

Ifølge AFP-tilskotslova skal premien til arbeidsgivarane fastsettast slik at han er stor nok til å dekke løpande utgifter og til å gi grunnlag for å legge seg opp eit pensjonsfond. Pensjonsfondet skal, saman med den erkjende plikta arbeidsgivarane har til å halde fram med premiebetaling etter at avtalane eventuelt har enda, gi tilstrekkeleg sikkerheit for å dekke dei forventa framtidige forpliktingane til arbeidsgivarane.

Ifølge årsrapporten for 2025 frå Fellesordningen for AFP i privat sektor svarte pensjonsforpliktingane til i overkant av 114 mrd. kroner, og pensjonsfondet var i overkant av 96 mrd. kroner, slik at pensjonsfondet utgjorde om lag 84 pst. av pensjonsforpliktingane til Fellesordningen. Ved årsslutt 2025 var det dermed i overkant av 18 mrd. kroner av pensjonsforpliktingane til ordninga som ikkje var sikra i pensjonsfondet, men som i tråd med lova er sikra av den erkjende plikta arbeidsgivarane har til å halde fram med premiebetaling etter at avtalen eventuelt endar. Ifølge Fellesordningen vil arbeidsgivarane ved eit eventuelt opphøyr per utgangen av 2026 måtte betale inn premier tilsvarande i underkant av to år for å dekke udekka forpliktingar. Som følge av at ordninga framleis fases inn, tilseier prognoser at antal år med premier for å dekke udekka forpliktingar vil auke framover med uendra regelverk. Prognosane for dette er usikre og avhenger av ein rekke ulike faktorar.

I tilsynsmøta med Fellesordningen har departementet tatt opp om premiesatsen blir fastsett slik at han gir tilstrekkeleg sikkerheit for dekning av forpliktingane Fellesordningen har framover. Ifølge Fellesordningen følger styret deira kontinuerleg opp forholdet mellom forpliktingane og pensjonsfondet, bl.a. i samanheng med at styret behandlar årsresultatet, og når årets premiesats blir fastset. Departementet vil i tilsynsmøta framover følge med på utviklinga av forpliktingane og fonderingsgrada til ordninga og på størrelsen på fondet. Det er satt i gang eit arbeid med å revidere tilsynsforskriften.

Fakturert premie i 2025 var i overkant av 11 mrd. kroner. Utbetalingane til AFP i 2025 var om lag 6 mrd. kroner. Styret fastset premiesatsen. For 2025 var premiesatsen 2,7 pst.

Styret i Fellesordningen har ifølge lova ansvar for plassering av fondsmidlane. Ei ekstern vurdering av kapitalforvaltningsstrategien som departementet fekk utført i 2024 som eit ledd i tilsynsansvaret viste at forvaltninga i hovudsak er forsvarleg, med føremålstenlege risikorammer og god risikospreiing. Tilsynsmøta med departementet stadfestar at det er god kontroll med kapitalforvaltninga. Det er utarbeidd oppfølgingspunkt etter rapporten. Departementet har dialog med Fellesordningen om oppfølging av dette som del av dei ordinære tilsynsmøta.

Revisoren for Fellesordningen hadde ingen vesentlege merknader til rekneskapen for 2025.

Alternativ til den gjeldande AFP-ordninga

LO og NHO evaluerte i 2017 AFP-ordninga i privat sektor, som blei lagt om som ein del av pensjonsreforma i 2011, og konkluderte med at ordninga etter omlegginga i hovudsak har fungert som føresett, men at det er enkelte forhold ved den noverande ordninga som bør greiast ut vidare.

LO og NHO blei i tariffoppgjeret i 2018 einige om å greie ut alternativ til den gjeldande AFP-ordninga, jf. protokollen til tariffpartane 8. april 2018. Av protokollen går det fram at eit felles mål for ei framtidig ordning er at det skal vere betre samsvar mellom kor lenge ein har vore i ei AFP-bedrift, og kva ein får utbetalt i pensjon. Det daverande Arbeids- og sosialdepartementet og Finansdepartementet hjelpte partane i utgreiingsarbeidet.

Utgreiingsarbeidet identifiserte eit mogleg handlingsrom og etablerte nokre rammer for løysingar som kan balansere ulike omsyn. Arbeidet er dokumentert i rapporten *Utredning av en mulig*

reformert AFP-ordning i privat sektor, som blei publisert 12. mai 2021. AFP i privat sektor er partane si ordning.

Den 26. august 2026 publiserte SSB ein ny rapport, *Utredning av mulige modeller for ny avtalefestet pensjon i privat sektor*. Rapporten er eit framhald av arbeidet med å belyse moglege nye modellar for AFP i privat sektor med utgangspunkt i utgreiinga LO og NHO samarbeidde om i 2021. Rapporten er eit fagleg utgreiings- og avgjerdsgrunnlag. Same dag publiserte LO ein rapport med LO-sekretariatet sitt framlegg til oppfølging av kongressvedtaket om endring av AFP i privat sektor.

Regjeringa er innstilt på å gå i forhandlingar med partane med sikte på ei omlegging dersom partane ønsker å gå vidare med ei omlegging av ordninga.

Rapport

Utgiftsutviklinga

Det er berre AFP-ordninga i privat sektor som får statstilskot under kap. 666, post 70. I kommunal og statleg sektor dekker arbeidsgivaren utgiftene fullt ut.

Utgiftene til AFP under kap. 666 i 2025 var på 4 370 mill. kroner, mot 4 036 mill. kroner i 2024. Målt i løpande prisar var dette ein auke på 334 mill. kroner, eller 8,3 pst. Auken kjem av ein vekst i talet på mottakarar og i det gjennomsnittlege statstilskotet per mottakar.

Ettersom den nye AFP-ordninga i privat sektor i lang tid vil vere under innfasing, må det forventast høg årleg vekst i talet på mottakarar og i utgiftene i åra framover også.

Viktige utviklingstrekk for grupper som er omfatta av kap. 666, post 70

Ved inngangen til 2026 var om lag 12 400 føretak med om lag 989 000 arbeidstakarar tilknytte ordninga. 143 883 pensjonistar fekk AFP i privat sektor ved utgangen av 2025, og av desse var 48 621 under 67 år. Auken frå utgangen av 2025 er på 10 213 personar. Den årlege auken i perioden 2011–2025 har vore på 9 000–10 000 personar.

Talet på mottakarar av AFP med statstilskot under kap. 666, post 70, tal ved utgangen av året, 2023–2025

	Tal			Endring i pst. frå året før		
År	I alt	Menn	Kvinner	I alt	Menn	Kvinner
2023	123 817	89 664	34 153	9,0	8,6	9,9
2024	133 670	96 478	37 192	8,0	7,6	8,9
2025	143 883	103 553	40 330	7,6	7,3	8,4

Det har vore ein omfattande vekst i talet på mottakarar av ny AFP i privat sektor. Veksten kjem i hovudsak av at AFP no blir gitt som eit livsvarig tillegg til alderspensjonen, og at den nye ordninga, som blei innført i 2011, i lang tid vil vere under innfasing. Talet på mottakarar av ny AFP som andel av befolkninga i alderen 62–66 år har auka frå 3,3 pst. i 2011 til 15,3 pst. i 2025.

Talet på nye mottakarar av AFP med statstilskot under kap. 666, post 70, tal ved utgangen av året, 2023–2025

	Tal			Endring i pst. frå året før		
År	I alt	Menn	Kvinner	I alt	Menn	Kvinner
2023	11 329	8 054	3 275	10,5	11,8	7,4
2024	11 205	7 903	3 302	-1,11	-1,91	0,8
2025	11 642	8 179	3 463	3,9	3,5	4,9

Utviklinga i gjennomsnittleg AFP-pensjon

Ved utgangen av 2025 var den gjennomsnittlege årlege pensjonen 75 354 kroner for mottakarar av AFP. Den gjennomsnittlege pensjonen var høgare for menn enn for kvinner.

Gjennomsnittleg pensjon per 31. desember 2023–2025, nominelle beløp, kroner

	Ny AFP		
År	Alle	Kvinner	Menn
2023	71 823	64 334	74 657
2024	73 623	66 037	76 537
2025	75 354	67 685	78 330

Dei fleste som tar ut AFP, startar uttaket når dei fyller 62 år. I 2025 gjaldt dette 84 pst. av dei nye mottakarane. Andelen som tar ut AFP ved 62 år, har variert mellom 55 og 87 pst. sidan 2011. Heile 97 pst. av dei som tok ut AFP i 2025, tok ut ytinga før dei fylte 67 år.

Blant mottakarane av AFP i alderen 62–66 år var det 66 pst. som kombinerte pensjonen med arbeid ved utgangen av 2025. Dette er uendra frå 2024.

At det er mogleg å kombinere arbeid og pensjon utan avkorting, har ført til at mange som elles ikkje ville tatt ut pensjon, no har tatt ut alderspensjon og AFP ved sida av arbeid.

Dei i alderen 62–66 år som kombinerte AFP med arbeid, hadde ei gjennomsnittleg avtalt arbeidstid på 34 timar per veke, noko som viser at dei fleste arbeider opp mot heiltid. Dette var ein marginal auke samanlikna med 2024.

Budsjettforslag 2027

Post 70 Tilskot, overslagsløyving

Det er lagt til grunn eit gjennomsnittleg statleg bidrag på om lag 31 700 kroner per mottakar og eit gjennomsnittleg tal på pensjonistar på 159 900 personar.

Utgiftsanslaget for 2027 inkluderer anslått effekt av trygdeoppgjeret i 2026 og 2027. Som følge av dette aukar utgiftsanslaget med 102 mill. kroner under kap. 666.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 5,1 mrd. kroner.

Kap. 667 Supplerande stønad

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
70	Tilskot til personar over 67 år med kort butid, *overslagsløyving*	415 377	430 000	475 000
71	Tilskot til uføre flyktningar med kort butid, *overslagsløyving*	290 313	395 000	480 000
	Sum kap. 667	705 690	825 000	955 000

Supplerande stønad har som formål å garantere ei minsteinntekt for personar med kort butid i Noreg. Ordninga skal avlaste kommunane med tanke på utgiftene dei har til økonomisk stønad til den aktuelle gruppa. Stønaden er behovsprøvd.

Hovudtrekk ved regelverket

Stønaden er regulert i *lov 29. april 2005 om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg* og er ikkje ei folketrygdyting. For å ha rett til stønad må ein ha rett til opphald, og vere busett, i Noreg. Det krevst ikkje avgiftsbetaling, og ordninga har klare trekk av å vere ei sosialhjelpsordning.

Ordninga sikrar ei inntekt på nivå med garantipensjon frå folketrygda til personar som har fylt 67 år, og som ikkje har eller berre har liten alderspensjon frå folketrygda.

Frå 2021 omfattar ordninga òg uføre flyktningar. For å få stønad må ein ha fått behandla kravet sitt om uføretrygd, og det må vere konkludert med at vilkåra i folketrygdlova for rett til uføretrygd er oppfylte, med unntak av kravet om å ha

medlemskap på førehand. Denne gruppa blir sikra ein stønad inntil den minste årlege ytinga for uføretrygd frå folketrygda.

Stønaden blir gitt etter ei streng behovsprøving og blir redusert eller fell bort dersom mottakaren har pensjon, inntekt eller formue. Det same skjer dersom ektefellen, sambuaren eller den registrerte partnaren har det. Det er vidare avgrensa kor lenge dei som får stønaden, kan opphalde seg i utlandet. Søknad må derfor settast fram ved personleg oppmøte, og stønaden blir berre gitt for tolv månader om gongen.

Trygdeforordninga (forordning 883/2004) har ei eiga føresegn i artikkel 70 om «særlige ikke-avgiftsbaserte kontantytelser». For å bli omfatta av denne kategorien av ytingar må ytingane vere førte opp i vedlegg X til forordninga. Dette er gjort for ordninga med supplerande stønad gjennom EØS-komiteens vedtak 1. juli 2011, nr. 76/2011, sjå EØS-avtalen vedlegg VI, del I, nr. 1, bokstav k. Dette inneber at trygdeforordninga ikkje får full verknad for stønaden, og han kan vere unntatt frå eksport også innanfor EØS.

Rapport

Ved utgangen av 2025 var det 3 218 mottakarar av supplerande stønad over 67 år. Det er 249 fleire enn ved utgangen av 2024. Frå 2021 har ordninga òg omfatta uføre flyktningar. Dette er mottakarar under 67 år. Foreløpige tal per desember 2025 viser at det da var 1 308 uføre flyktningar som fekk supplerande stønad. 47 pst. av dei var kvinner og 53 pst. menn. Om lag 45 pst. av mottakarane over 67 år er einslege, og om lag 60 pst. er kvinner. Ved utgangen av 2025 fekk 91,5 pst. av mottakarane over 67 år redusert yting, dei aller fleste fordi dei òg fekk alderspensjon frå folketrygda. Andelen kvinner med redusert yting er marginalt høgare enn andelen menn med redusert yting, hvv. 91,8 pst. og 90,5 pst. Over tid har andelen med redusert yting auka fordi mottakarane i gjennomsnitt har tent opp betre rettar ved alderspensjon enn før.

I 2025 fekk 5,1 pst. av innvandrarane over 67 år supplerande stønad. Mottakarane er hovudsakleg innvandrarar frå land med lite utbygde sikringssystem i Afrika, Asia og Aust-Europa utanfor EU. Mange har budd lenge nok i Noreg til å ha fått norsk statsborgarskap. Blant mottakarane i desember 2025 var 50 personar fødde i Noreg.

Utgiftene til supplerande stønad var 706 mill. kroner i 2025. Utgiftene til uføre flyktningar var 290 mill. kroner, mens utgiftene til mottakarar over 67 år var 415 mill. kroner. Blant uføre flyktningar var den gjennomsnittlege årlege ytinga 246 979 kroner i 2025, og blant mottakarar over 67 år var ho 134 415 kroner. Blant mottakarar over 67 år har den gjennomsnittlege ytinga (i faste kroner) gått ned. Det er fordi mottakarane i stadig større grad har andre inntekter ved sida av.

Talet på personar med supplerande stønad, andel med redusert yting og gjennomsnittleg yting, gjennomsnitt for året. 2023–2025

År	Gjennomsnittleg antal stønadsmottakarar	Andel med redusert yting, pst.	Gjennomsnittleg yting, nominelle kroner	Gjennomsnittleg yting i 2024-kroner
2023	2 747	90,9	129 848	143 115
2024	2 908	91,2	132 463	138 847
2025	3 090	91,3	134 415	134 415

Talet på uføre flyktningar med supplerande stønad (mottakarar under 67 år), del med redusert yting og gjennomsnittleg yting, gjennomsnitt for året. 2023–2025.

År	Gjennomsnittleg tal på stønadsmottakarar	Andel med redusert yting, pst.[1]	Gjennomsnittleg yting, nominelle kroner	Gjennomsnittleg yting i 2024-kroner
2023	548	41	220 575	243 113
2024	854	66	232 841	244 063
2025	1 175	55	246 979	246 979

[1] Andelen er berekna blant mottakarar per desember og blant mottakarar som har meir enn ein periode med stønad.

Utgiftsutviklinga 2023–2025

År	Mill. 2025-kroner	Endring frå året før	Endring i pst.	Mill. kroner (nominelle kroner)	Endring frå året før	Endring i pst.
2023	133	68	104,2	121	65	116
2024	208	75	56,6	199	78	65
2025	290	82	39,2	290	91	46

Budsjettforslag for 2027

Post 70 Tilskot til personar over 67 år med kort butid, overslagsløyving

Det er lagt til grunn eit gjennomsnittleg antal mottakarar på 3 439 og ei gjennomsnittleg yting på 138 451 kroner.

Utgiftsanslaget for 2027 inkluderer anslått effekt av trygdeoppgjeret i 2026 og 2027. Som følge av dette aukar utgiftsanslaget med 15 mill. kroner på post 70.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 475 mill. kroner.

Post 71 Tilskot til uføre flyktningar med kort butid, overslagsløyving

Det er lagt til grunn eit gjennomsnittleg antal mottakarar på 1 749 og ei gjennomsnittleg yting på 271 667 kroner.

Utgiftsanslaget for 2027 inkluderer anslått effekt av trygdeoppgjeret i 2026 og 2027. Som følge av dette aukar utgiftsanslaget med 19 mill. kroner på post 71.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 480 mill. kroner.

Programkategori 09.70 Integrering og mangfald

Utgifter under programkategori 09.70 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
670	Integrerings- og mangfaldsdirektoratet	430 365	395 747	422 843	6,8
671	Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarar	21 960 929	20 604 755	16 693 233	-19,0
672	Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar	1 843 264	1 574 621	1 534 296	-2,6
	Sum kategori 09.70	24 234 558	22 575 123	18 650 372	-17,4

Utgifter under programkategori 09.70 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
01–29	Statens eigne driftsutgifter	571 846	535 889	566 341	5,7
30–49	Nybygg, anlegg o.a.	57 168	69 661	65 495	-6,0
50–89	Overføringar til andre	23 605 544	21 969 573	18 018 536	-18,0
	Sum kategori 09.70	24 234 558	22 575 123	18 650 372	-17,4

Inntekter under programkategori 09.70 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
3671	Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarar	11 500	13 743	14 251	3,7
3672	Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar	55 607	62 398	50 759	-18,7
	Sum kategori 09.70	67 107	76 141	65 010	-14,6

Programkategori 09.70 Integrering og mangfald omfattar særskilte løyvingar til busetting og kvalifisering av flyktningar og integrering av innvandrarar. Løyvingane skal bidra til at innvandrarar blir tidleg integrerte i det norske samfunnet og blir økonomisk sjølvstendige. Dei skal understøtte Arbeids- og inkluderingsdepartementets mål 6 om *God integrering av innvandrarar i arbeid og samfunn*, og bidra til at flyktningar blir busette raskt og treffsikkert over heile landet, at innvandrarar kjem i jobb og får ei stabil tilknyting til arbeidslivet og at fleire innvandrarar deltar i samfunnslivet.

Budsjettkapitla i programkategorien inneheld løyvingar til Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi), som set i verk og følger opp integreringspolitikken og er ein pådrivar og bidrar til samordning i integreringsarbeidet på tvers av sektorar.

Kommunane mottar fleire særskilte tilskot for arbeidet med busetting, kvalifisering og integrering av flyktningar og innvandrarar. Det blir også løyva tilskot til frivillige organisasjonar som bidrar til integrering og inkludering. I tillegg mottar Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) og Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) særskilte løyvingar for oppgåver på integreringsfeltet.

God integrering av innvandrarar i arbeid og samfunn

Regjeringa vil at personar som kjem til Noreg blir møtt med tydelege krav og forventningar om å lære norsk, komme i arbeid og vere ein del av fellesskapet. Samfunnet skal stille krav og stille opp, som det blir slått fast i regjeringa sin Plan for Noreg. Arbeid gir økonomisk sjølvstende, deltaking og nettverk. Innvandrarar skal ha dei same moglegheitene som andre innbyggarar og skal ikkje falle utanfor pga. sosiale forskjellar, rasisme, diskriminering eller negativ sosial kontroll.

Over éin million innbyggarar i Noreg er enten innvandrarar sjølve eller fødde i Noreg av to foreldre som har innvandra. Innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre utgjer 22 pst. av befolkninga og har bakgrunn frå over 200 land. Det er ulike årsaker til at dei har komme til landet, bl.a. arbeid, flukt, utdanning og familie. Ved inngangen til 2026 var det flest med bakgrunn frå Polen, Ukraina, Litauen, Syria, Somalia, Pakistan, Sverige, Irak, Eritrea og Tyskland.

Sidan februar 2022 har det komme særleg mange fordrivne frå Ukraina som har fått midlertidig kollektivt vern i Noreg. Russlands fullskalainvasjon av Ukraina har sett systema for mottak og integrering på prøve. Rekordmange har blitt busette i kommunar over heile landet. Kommunane har lagt ned ein imponerande innsats og vist stor fleksibilitet og omstillingsevne. Regjeringa er innstilt på å halde fram med å bidra, men talet på flyktningar og fordrivne som kjem til Noreg, må vere berekraftig over tid.

I 2027 vil regjeringa legge fram ein integreringsstrategi som tar tak i nokre av dei største utfordringane på integreringsfeltet. Målet er auka arbeidsdeltaking, betre levekår og mindre segregering. I tillegg vil regjeringa sjå på kva slags kulturelle barrierar som står i vegen for deltaking på ulike samfunnsarenaer. Strategien skal synleggjere kva regjeringa gjer, og vil gjere, for å få fleire i arbeid, betre levekåra for innvandrarar, motverke segregering og bryte ned dei kulturelle barrierane.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har ansvar for integreringspolitikken og har ei pådrivar- og samordningsrolle på tvers av sektorar. Ansvaret omfattar busetting av flyktningar, kvalifisering av innvandrarar, tolking i offentleg sektor, statsborgarskap, førebygging av negativ sosial kontroll og æresmotivert vald, oppmoding til mangfald i arbeidslivet og arbeid for deltaking i samfunnsliv og mot rasisme, diskriminering og ekstremisme. Samtidig har alle sektorar eit sjølvstendig ansvar for å sikre at politikken deira treff heile befolkninga, også innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre. God integrering krev godt samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunane, statsforvaltarane, Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi), Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir), Arbeids- og velferdsdirektoratet, Utlendingsdirektoratet, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir), arbeidsgivarane og sivilsamfunnet.

Flyktningar blir busette raskt og treffsikkert over heile landet

Busettinga av flyktningar skal vere styrt, spreidd, rask og treffsikker. Styrt og spreidd busetting inneber at nykomne flyktningar og fordrivne skal busettast i alle landsdelane og i kommunar av ulik størrelse. Rask busetting inneber at nykomne flyktningar skal busettast så raskt som mogleg etter at dei har fått opphaldsløyve, er kartlagde og kommunane har takka ja til å ta dei imot. Treffsikker busetting inneber bl.a. at dei skal busettast i kommunar med relevant tilbod om kvalifisering, utdanning, arbeid og andre tenester, og at kartleggingane som blir gjort før busetting er god. Einslege mindreårige flyktningar og barnefamiliar skal prioriterast i busettingsarbeidet.

Sidan 2022 har kommunane busett over 110 000 flyktningar, dei fleste fordrivne frå Ukraina. For å gjere det mogleg å busette og integrere så mange flyktningar på kort tid, og for å dempe presset på systemet for mottak og busetting, har regjeringa sett inn fleire tiltak. Det er innført midlertidige endringar i fleire lovar og sett inn tiltak for å redusere innreisetala og dempe presset på kommunane. Det er svært usikkert korleis Russlands angrepskrig i Ukraina og innreisetala utviklar seg framover. Prognosane for kor mange som har behov for å bli busett i 2026 og 2027 er usikre, og dei kan endre seg mykje på kort tid. Denne uvissa er ei utfordring i kommunane sitt arbeid med busetting og integrering. Samtidig viser erfaringane at dagens busettingsordning er godt rusta til å møte store og raske svingingar i ankomstar av flyktningar.

Busetting er ei frivillig oppgåve for kommunane. Staten inngår avtaler med kommunane om å busette flyktningar. IMDi oppmodar kommunane om å busette eit gitt antal flyktningar i løpet av eit år. Ansvarsfordelinga er nedfelt i ein samarbeidsavtale om mottak og busetting av flyktningar mellom staten ved Arbeids- og inkluderingsdepartementet og kommunesektoren ved KS (Kommunenesektorens organisasjon).

Kor mange og kva kommunar som blir oppmoda om å busette flyktningar, kjem an på talet som har fått opphaldsløyve og kriteriar for oppmodning. Departementet fastset oppmodningskriteria kvart år. Regjeringa utvida kriteria for 2026 med fleire forhald, etter fleire år med forenkla kriterie pga. høge ankomsttal og busettingsbehov. Bl.a. skal IMDi i oppmodinga si legge stor vekt på levekårsutfordringar og høg innvandrarandel. Regjeringa har spissa oppmodningskriteria for 2027 ved at IMDi skal ta omsyn til sekundærflytting ved oppmoding om kor mange flyktningar den enkelte kommune skal busette. Som hovudregel skal kommunar med høg andel uønskt sekundærtilflytting ikkje bli oppmoda om å busette flyktningar. Kommunane gjer vedtak om kor mange dei kan ta imot. Kommunane avgjer sjølv om dei vil busette flyktningane og kvar i kommunen dei blir busette.

Dei fleste flyktningar blir buande i busettingskommunen eller flyttar pga. jobb eller utdanning. Samtidig er det for mange flyktningar som flyttar frå busettingskommunen til ein ny kommune utan å ha ein jobb å gå til, og ofte med eit stort behov for offentlege tenester. Særleg nokre kommunar opplever utfordringar med mykje tilflytting og press på tenestene. Regjeringa greier derfor ut regelverksendringar for å redusere uønskt sekundærflytting.

Innvandrarar kjem i jobb og får ei stabil tilknyting til arbeidslivet

Regjeringa har som mål at fleire innvandrarar skal delta i arbeid og få ei stabil tilknyting til arbeidslivet. Vaksne som får opphald i Noreg, skal så raskt som mogleg bli ein del av samfunnet og bidra på lik linje med andre. Innvandrarar er ei samansett gruppe, og deltakinga i arbeidslivet varierer. Samla sett er sysselsettinga lågare enn i resten av befolkninga, særleg blant flyktningar og familiane deira. Regjeringa sitt tydelege mål er at innvandrarar som kan arbeide, skal arbeide.

Regjeringa har sett i gang eit arbeid med å styrke arbeidsinsentiva for nykomne flyktningar. I dag mottek ein del flyktningar meir i ytingar enn dei kan få i løn. Regjeringa har derfor hatt på høyring eit forslag om ein ny integreringsstønad som skal erstatte nykomne flyktningar sin rett til introduksjonsstønad, sosialhjelp og bustøtte dei fem første åra i landet. Tak på stønaden og gunstigare avkortingsreglar skal gjere at det løner seg å jobbe. Målet er at fleire nykomne flyktningar skal kome ut i jobb. Forslaget vil òg bidra til eit enklare og meir oversiktleg regelverk for kommunane. Det blir tatt sikte på iverksetting frå 2028.

Gjennom integreringserklæringa har regjeringa tydeleggjort kva rettar, plikter og forventningar som gjeld for nykomne flyktningar og familiane deira. Her blir arbeid og norskopplæring framheva som sentrale føresetnader for deltaking og integrering.

Introduksjonsprogrammet og norskopplæringa er sentrale verkemiddel i integreringspolitikken. Regjeringa har gjennom endringar i integreringslova styrkt arbeidsrettinga og lagt betre til rette for at fleire kan oppnå formell kompetanse, særleg gjennom fag- og yrkesopplæring. Samarbeidet mellom kommunar, fylkeskommunar og Arbeids- og velferdsetaten skal bidra til meir heilskaplege og arbeidsretta kvalifiseringsløp.

Gode norskferdigheiter er avgjerande for tilgang til arbeid og utdanning. Samtidig har mange innvandrarar utfordringar med å oppnå eit norsknivå som gir varig tilknyting til arbeid. Norskopplæringsfeltet er prega av eit fragmentert aktørbilete og variasjonar i kvalitet og organisering. Regjeringa har derfor sett ned eit ekspertutval som skal gjennomgå norskopplæringa til vaksne innvandrarar og vurdere korleis tilbodet best kan organiserast og innrettast slik at fleire innvandrarar lærer norsk og kjem i arbeid. Utvalet skal levere si utgreiing innan sommaren 2027.

I tillegg til dei lovregulerte ordningane for nykomne innvandrarar er det utvikla tiltak retta

mot ei breiare målgruppe. IMDi arbeider, i samarbeid med HK-dir og Arbeids- og velferdsdirektoratet, for å styrke tilgangen til tilrettelagd fag- og yrkesopplæring for vaksne innvandrarar. Det blir òg gjort ein særskild innsats for å auke deltakinga blant kvinner med innvandrarbakgrunn i arbeid og utdanning, bl.a. gjennom Jobbsjansen (sjå nærmare omtale under kap. 671, post 62).

Samtidig blir det lagt til rette for fleksible opplæringstilbod for personar som ikkje er omfatta av rettar etter integreringslova. Tilskotsordningar, som norskopplæringsordninga, supplerer det kommunale tilbodet og skal bidra til at fleire utviklar norskferdigheiter som gir grunnlag for deltaking i arbeid. Frivillige organisasjonar er òg eit viktig supplement til dei offentlege tenestene, bl.a. gjennom lågterskeltilbod i norsk og sosial deltaking.

Regjeringa vil òg legge til rette for at kompetansen til innvandrarar blir betre nytta i arbeidslivet, bl.a. gjennom HK-dir sitt prosjekt «Ein god veg inn!». Her utviklar HK-dir tre digitale tenester som har som mål å bidra til at ukrainske flyktningar får brukt kompetansen dei allereie har. Tenestene skal òg bli tilgjengelege for andre målgrupper.

Å få brukt kompetansen sin handlar ikkje berre om å ha dei rette kvalifikasjonane. Forsking viser at personar med innvandrarbakgrunn kan møte barrierar i rekrutteringsprosessar som ikkje fullt ut kan forklarast med forskjellar i kvalifikasjonar og erfaring. Regjeringa arbeider målretta for å gjere arbeidsgivarar meir bevisste på etnisk mangfald som ein ressurs. Innsatsen omfattar tiltak retta mot arbeidsgivarar for å auke rekrutteringa av personar med innvandrarbakgrunn og styrke arbeidet med mangfald og inkludering. Arbeidet blir sett i samanheng med innsatsen mot diskriminering i arbeidslivet og skjer i samarbeid med partane i arbeidslivet.

Samla skal innsatsen bidra til auka sysselsetting, betre utnytting av kompetansen til innvandrarar og eit meir inkluderande arbeidsliv.

Fleire innvandrarar deltar i samfunnslivet

Det er eit mål for integreringspolitikken at innvandrarar skal delta i det norske samfunnslivet på lik linje med andre innbyggarar, gjennom sterke fellesskap og gode fellesarenaer. For å legga til rette for eit godt og rettferdig samfunn for alle, må innvandrarar og barna deira kunne delta på alle samfunnsarenaer. Integreringspolitikken skal bidra til at innvandrarar får innsikt i, og sluttar opp om, dei grunnleggande verdiane i det norske samfunnet. Frivillige organisasjonar skaper viktige arenaer for integrering og deltaking i samfunnet. Integreringspolitikken er viktig for å redusere barrierar mot deltaking i både arbeids- og samfunnsliv.

Innvandrarar og deira norskfødde barn er betydeleg meir utsette for diskriminering enn befolkninga elles.[17] Integreringsbarometeret for 2025 visar at det er høgt medvit om dette i befolkninga. 78 pst. svarar at dei trur diskriminering av innvandrarar førekjem i stor grad (30 pst.) eller i nokon grad (48 pst.).[18] Rasisme og diskriminering finst i alle delar av samfunnet og er eit hinder for inkludering av innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre i samfunns- og arbeidslivet i Noreg. Regjeringa lanserte *Handlingsplanen mot rasisme og diskriminering – ny innsats 2024–2027* i november 2023 med 50 tiltak som saman skal bidra til å førebygge rasisme og diskriminering i arbeidsliv, på ungdomsarenaer og i lokalsamfunn. Alvorsgraden og dei negative konsekvensane av rasisme og diskriminering krev kontinuerleg merksemd og målretta haldningsarbeid over tid.

Frivillige organisasjonar speler ei viktig rolle i integreringsprosessar og i arbeidet med å skape felles møteplassar og samfunnsdeltaking for alle. Som varsla vart tilskotet til nasjonale ressurssenter i 2026 lagt om frå ei namngjeven til ei søkbar ordning. Dette bidrar til likebehandling, etterprøvbarheit og openheit, noko som er viktig for å sikre tillit og legitimitet til ordninga. IMDi tildeler tilskotsmidlar til frivillige organisasjonar gjennom fem ulike ordningar: integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar, drift av innvandrarråd og organisasjonar, drift av nasjonale ressurssenter for integrering, tilskot til små og nystarta organisasjonar, og til sosiale møteplassar for gutar og unge menn.

Alle i Noreg har rett til å leve eit trygt og fritt liv. Derfor er det eit av hovudmåla til regjeringa å kjempe mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vald, medrekna tvangsekteskap og kjønnslemlesting. Regjeringa betra førebygginga og foreslått lovendringar for at fleire kan ta frie val og bestemme over eigen framtid.

Ei ny *Lov om særskild innsats mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vald* tok til å gjelde 1. juli 2026. Formålet med den nye lova er å førebyggje og hindre at personar blir utsette for negativ sosial kontroll og æresmotivert vald, og å sørgje for at

---

17 Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi). (2025). Hvordan går det med integreringen i Norge? Indikatorer, status og utviklingstrekk i 2025. IMDi

18 Brekke, J.-P., Fladmoe, A., Hesstvedt, S., & Wollebæk, D. (2026). Holdninger til innvandring, integrering og mangfold: Integreringsbarometeret 2026 (Rapport 2026:3). Institutt for samfunnsforskning.

utsette personar får nødvendig bistand. Lova regulerer dei særskilde statlege hjelpetenestene, som det nasjonale, tverretatlege kompetanseteamet, ei ordning med mangfaldsrådgjevarar som har særleg kompetanse om negativ sosial kontroll og æresmotivert vald, plasserte ved utvalde skula over heile landet, og spesialutsendingar for integreringssaker ved utvalde norske utanriksstasjonar. Lova skal sikre kvaliteten i den særskilde innsatsen mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vald og vareta personvernet. Det er òg gjort endringar i *barnevernslova, straffelova, passlova og ID-kortlova,* med verking frå 1. januar 2026*,* for å førebyggje negativ sosial kontroll og æresmotivert vald. Endringane gir moglegheit for å vedta utreiseforbod for barn som står i fare for å bli utsette for skadelege utanlandsopphald.

Regjeringa lanserte *Sjef i eige liv – styrkt innsats mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vald 2025–2028* i 2025. Som ein oppfølging av handlingsplanen, la regjeringa fram ein ny *innsatsplan som skal førebyggje og hindre at barn og unge blir sende på ufrivillige utanlandsopphald til Somalia*. Innsatsplanen består av 12 ulike tiltak, som går i fleire spor: førebygging i Noreg, støtte til somaliske styresmakter som arbeider for å betre forholda for barn og unge i landet, og etablering av ein arena for dialog mellom norske og somaliske styresmakter om førebygging og hjelp til etterlatne. Tiltak mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vald er òg ein del av *Opptrappingsplanen mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar (2024–2028) Tryggleik for alle*.

Mangelfull bruk av tolk kan vere ein barriere for å gi forsvarleg hjelp og rettssikkerheit, likeverdige offentlege tenester og god informasjon til alle innbyggarar. Mangel på tilpassa og forståeleg informasjon og rettleiing frå offentlege styresmakter, til dømes i ein krisesituasjon, kan få alvorlege følger. Det kan også vere ein barriere for deltaking i samfunnet og tillit til det offentlege. Det skapar også unødige utgifter for offentlege myndigheiter.

Ny teknologi er ein moglegheit og ressurs for å nå frem med informasjon til og kommunisere med innbyggarar som ikkje meistrar norsk. Samtidig kan slik teknologi også innebere ein fare for at kommunikasjon blir upresis eller ikkje blir korrekt, og kan ikkje erstatte profesjonell tolking utført av eit menneske fullt ut i dag.

Lov om offentlige organers ansvar for bruk av tolk mv. (tolkelova) tok til å gjelde 1. januar 2022. Loven pålegg offentlege organ å bruke tolk når det er nødvendig for å ivareta rettssikkerheit og forsvarleg hjelp og teneste for innbyggarar som ikkje meistrar norsk i tilstrekkeleg grad. Det er eit mål å få fleire kvalifiserte tolkar i offentleg sektor på språk det er behov for, i samarbeid med relevante utdanningsinstitusjonar. Sidan tolkelova trådde i kraft har delen oppdrag gjennomført med kvalifisert tolk auka.

I fleire byområde med opphoping av dårlege levekår er personar med innvandrarbakgrunn i fleirtal. Staten og nokre utvalde kommunar har eit avtalebasert, langsiktig samarbeid om felles satsingar i visse område med store levekårsutfordringar, kalt områdesatsingar. Nye statlege mål for områdesatsingane frå 2027 skal vere å bidra til auka sysselsetting, gode oppvekst- og nærmiljø og varige, betre tenester i levekårsutsette område. Kommunal- og distriktsdepartementet koordinerer avtalane, og Arbeids- og inkluderingsdepartementet har dei siste åra styrka innsatsen med midlar til Oslo, Drammen, Fredrikstad, Sarpsborg og Østfold fylkeskommune. Gjeldande avtale med Oslo går ut i 2026. Regjeringa tar sikte på å inngå ny avtale med Oslo frå 2027, med ein ekstra innsats på sysselsetting. Sjå nærmare omtale under kap. 671, post 62, kap. 605, post 01, og i Prop. 1 S for Kommunal- og distriktsdepartementet.

Segregerte byområde kan medverke til å forsterke sosial ulikskap og utanforskap, og at bustadsegregeringa er aukande i Noreg. Regjeringa har gitt IMDi i oppdrag å lage ein monitor som måler segregering og levekår i utsette område. Formålet er å følge tettare med på utviklinga og setje i verk tiltak tidleg. Ein slik monitor skal gi endå betre og meir systematisk kunnskap om kva tiltak som bør setjast i verk for å motverke ulikskap, marginalisering og utanforskap. Første leveranse frå IMDi kjem hausten 2026.

Norsk statsborgarskap har ein viktig symbolverdi ved at det markerer ein tilhøyrsel til det norske samfunnet og dei grunnleggande verdiane i det. Statsborgarskapet gir sentrale rettar, som stemmerett ved stortingsval, norsk pass og vern mot utvisning, og er ein føresetnad for visse stillingar i staten. Det er derfor legitimt å stille krav til søkjarar, men krava må vere rettferdige og moglege å oppfylle. Statsborgarskap skal vere noko ein kan oppnå gjennom innsats og deltaking.

Regjeringa vil føre ein statsborgarpolitikk som legg til rette for integrering gjennom tydelege og føreseielege vilkår. Krav til butid, norskferdigheiter og samfunnskunnskap skal bidra til deltaking i arbeids- og samfunnsliv.

Regjeringa arbeider med endringar i statsborgarlova for å gjere regelverket betre eigna for digitalisering og automatisering. Formålet er å effektivisere saksbehandlinga og redusere ventetida for

søkarane. Regjeringa tar òg sikte på å skjerpe og harmonisere krav til butid, bl.a. ved å stille krav om samanhengande butid og redusere talet på særreglar. Endringane skal bidra til meir likebehandling, enklare praktisering og kortare saksbehandlingstid, samtidig som krava understøttar målet om varig tilknyting til Noreg før statsborgarskap blir innvilga.

Regjeringa legg vekt på at gode norskferdigheiter er sentrale for deltaking i arbeid og samfunnsliv. Krava til norskferdigheiter på nivå B1 for å ha rett til statsborgarskap etter søknad, skal støtte opp om dette målet. Vidare skal regelverket for tilbakekall av statsborgarskap vere føreseieleg og bidra til rettstryggleik. Regjeringa legg vekt på at praktiseringa av reglane skal vere i tråd med grunnleggande rettstryggleiksomsyn og forholdsmessigheit. For nærmare informasjon om utvikling i talet søknader om statsborgarskap og restansar, sjå omtale under kap. 490 i Prop. 1 S (2026–2027) for Justis- og beredskapsdepartementet.

Kap. 670 Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
01	Driftsutgifter	400 370	363 417	389 817
21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast*	29 995	32 330	33 026
	Sum kap. 670	430 365	395 747	422 843

Overført frå 2025 til 2026:
Post 01: kr 13 863 000

Allmenn omtale

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) set i verk og følger opp integreringspolitikken, er ein pådrivar og bidrar til samordning i integreringsarbeidet på tvers av sektorar.

IMDi skal ivareta arbeidet med å busette nykomne flyktningar og sikre god kvalitet i kvalifiserings- og integreringstilbodet. IMDi er eit fagdirektorat og nasjonalt kompetansesenter med ansvar for integreringsfeltet, irekna tolking i offentleg sektor og arbeid mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vald. I 2025 hadde IMDi 282 tilsette. Desse var lokaliserte i Oslo (185 tilsette) og Narvik (28 tilsette). 69 mangfaldsrådgivarar var plasserte på skolar rundt om i landet.

Rapportering, strategiar og tiltak for 2027

IMDi skal sørge for styrt, spreidd, rask og treffsikker busetting, støtte opp om integrering av nykomne flyktningar og legge til rette for at fleire med innvandrarbakgrunn deltar i arbeids- og samfunnsliv.

Russlands fullskalainvasjon av Ukraina har ført til at Noreg har fått eit stort antal flyktningar frå våre eigne nærområde. Dei høge innreisetala frå Ukraina har lagt eit stort press på heile utlendingsforvaltninga og prega arbeidet til IMDi sidan 2022. Direktoratet har ei viktig rolle og har bidratt til at det har blitt busett rekordmange flyktningar dei siste åra. Dette har IMDi gjort i samarbeid med bl.a. kommunane og ansvarlege sektormyndigheiter. For å støtte arbeidet og samarbeidet med tenester elles, har IMDi gjennomført ei rekke kompetansehevande tiltak retta mot kommunane.

Flyktningar blir busette raskt og treffsikkert over heile landet

Busettinga av flyktningar skjer i eit samarbeid mellom stat og kommune. IMDi har det statlege ansvaret for busettinga og ei pådrivarrolle på tvers av etatar og forvaltningsnivå. For å ivareta heilskapsperspektivet og sikre eit koordinert integrerings- og busettingsarbeid, samarbeider IMDi med sentrale aktørar som bl.a. Utlendingsdirektoratet (UDI), Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) og Kommunesektorens organisasjon (KS). IMDi har tett dialog og samarbeid med alle aktuelle partar om mottak og busetting av fordrivne frå Ukraina og flyktningar frå andre land.

IMDi skal følge opp busettingspolitikken til regjeringa, med mål om styrt, spredt, rask og treffsikker busetting. Regjeringa vil unngå at flyktningar blir busette i område med store levekårsut-

fordringar der ein høg andel har innvandrarbakgrunn og sekundærtilflyttande flyktningar. IMDi si fordeling av talet på flyktningar til kommunane tar utgangspunkt i oppmodingskriteria for busetting, som departementet har fastsett, og dialog med KS og fylkeskommunane.

Treffsikker busetting føreset god kartlegging av flyktningar, slik at koplinga mellom den enkelte flyktningen og busettingskommunen blir best mogleg. Målet er at alle skal bli busett i en kommune som kan gi dei eit relevant tilbod om arbeid eller utdanning, og at dei får tilbod om tilpassa kvalifisering og relevante tenester etter at dei er busette. Asylmottaka har ansvar for å hente inn busettingsrelevant informasjon om busettingsklare bebuarar, mens vertskommunar for mottak skal kartlegge kompetansen til mottaksbebuarar. IMDi har ansvar for den busettingsførebuande kartlegginga av overføringsflyktningar. Busettingskommunar kartlegg kompetansen til flyktningane som ikkje har blitt kartlagde før busetting. IMDi utviklar nye digitale verktøy for kartlegginga. I 2026 har IMDi pilotert ny løysing for kartlegging av busettingsrelevant informasjon for mottaksbebuarar. Digital samanstilling av datagrunnlaga vil bidra til meir treffsikker busetting.

Ekstraordinært høge innreisetal frå Ukraina førte til at talet på busette har mangedobla seg. Sjølv om innreisetala er blitt redusert, er det venta at over dobbelt så mange flyktningar skal busettast i 2026 og 2027 som i tida før Russlands fullskalainvasjon av Ukraina. Sjå nærmare omtale under del III, punkt 2 Fordrivne frå Ukraina.

Innvandrarar kjem i jobb og får stabil tilknyting til arbeidslivet

Integreringspolitikken skal bidra til at fleire innvandrarar kjem i arbeid og forsørger seg sjølve. Dei som kjem til Noreg, skal lykkast i Noreg. IMDi har ei sentral rolle for å nå dette målet, særleg gjennom å legge til rette for gode kvalifiseringsløp og styrke samhandlinga mellom sentrale aktørar.

Direktoratet skal sørge for at nykomne flyktningar og fordrivne får tilgang til kvalifiseringstilbod av god kvalitet, tilpassa behova i arbeidsmarknaden. Direktoratet skal styrke arbeidsrettinga i kvalifiseringa og fremme overgang til arbeid, både for dei som har relevant kompetanse, og for dei som har behov for formell opplæring. Dette inneber å støtte kommunar og fylkeskommunar i å utvikle meir treffsikre og heilskaplege kvalifiseringstilbod.

IMDi skal videre ha ei koordinerande rolle i kvalifiseringsarbeidet og bidra til samordning mellom sentrale aktørar, inkludert Arbeids- og velferdsetaten, fylkeskommunane, utdanningssektoren og arbeidsgivarar. Arbeids- og velferdsdirektoratet og Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse er sentrale samarbeidspartnarar.

IMDi skal styrke kunnskapsgrunnlaget på integreringsfeltet og legge til rette for læring og utvikling gjennom rettleiing, kompetanseheving og deling av god praksis. Gjennom tilskotsordningar og fagleg støtte skal direktoratet bidra til å utvikle god praksis og meir effektive kvalifiseringsløp.

Introduksjonsprogrammet er statens viktigaste verkemiddel for å kvalifisere nykomne flyktningar og deira familie til arbeid. IMDi skal støtte kommunane i gjennomføringa av programmet og bidra til at det er arbeidsretta og tilpassa den enkelte. Direktoratet skal samarbeide med statsforvaltarane om rettleiing av kommunane si etterleving av integreringslova og bidra til god regelverksforvaltning.

IMDi skal òg legge til rette for at arbeidsgivarar i større grad tek i bruk kompetansen til innvandrarar, bl.a. gjennom kunnskap, verktøy og tiltak som fremmer rekruttering og inkludering.

Høge innkomstar av fordrivne har auka behovet for kapasitet i kommunane. IMDi skal bidra til at kommunane har tilstrekkeleg informasjon og rettleiing som støtte til busetting og kvalifisering, og tilpasse innsatsen til endra behov.

Samla skal innsatsen til IMDi bidra til raskare overgang til arbeid, betre utnytting av kompetansen og meir stabil tilknyting til arbeidslivet.

Fleire innvandrarar deltar i samfunnslivet

IMDi har ei viktig oppgåve i å redusere barrierar som kan hindre deltaking i arbeids- og samfunnsliv. Dette betyr at IMDi skal vere ein aktiv pådrivar for inkludering og like moglegheiter for innvandrarar på alle område i samfunnet. IMDi skal òg bidra til at innvandrarar får kunnskap om rettane og pliktene sine i Noreg.[19] IMDi skal førebyggje negativ sosial kontroll og æresmotivert vald, og arbeide for å førebyggje og kjempe mot rasisme og diskriminering mot innvandrarar. IMDi skal òg styrke kompetansen og kapasiteten til kommunane og frivillige organisasjonar i arbeidet med å redusere barrierar og auke deltakinga til innvandrarar i arbeids- og samfunnsliv.

[19] Se bl.a. nyinorge.no

Sivilsamfunnet og dei frivillige organisasjonane har ei sentral rolle i integreringsarbeidet. Organisasjonane tilbyr møteplassar og aktivitetar, og skaper tillit, nettverk og forståing av det norske samfunnet. Samtidig bidrar organisasjonane i arbeidet med å redusere barrierar til dømes knytta til negativ sosial kontroll og æresmotivert vald, rasisme og diskriminering. IMDi skal støtte opp om frivillig innsats og bidra til at frivillige organisasjonar har høg aktivitet og breitt nedslagsfelt, bl.a. gjennom forvaltninga av fleire tilskotsordningar.

Regjeringa legg til rette for at arbeidsgivarar skal førebygge og kjempe mot rasisme og diskriminering på arbeidsplassen, bl.a. gjennom nettsida mika.no som IMDi har utvikla og forvaltar. Nettsida gir arbeidsgivarar tilgang til fagleg kunnskap som fremmar mangfald og inkludering på arbeidsplassen. I 2025 har IMDi, i samarbeid med partane i arbeidslivet, gjennomført ein kampanje for å styrke kunnskapen og medvitet hos arbeidsgivarar om ubevisste og diskriminerande haldningar i rekrutteringsprosessar.

IMDi har i 2026 utvikla eit verktøy som gir kommunane ein ny og praktisk metode for å kartlegge opplevd rasisme og diskriminering. Kartleggingа skal bidra til likebehandling og gjere kommunen til ein god stad å bu, uavhengig av bakgrunn og identitet. IMDi skal vere ein pådrivar for at kommunane tek i bruk og gjennomfører kartleggingа.

IMDi har ei sentral rolle i det førebyggande arbeidet mot negativ sosial kontroll, æresmotivert vald, tvangsekteskap og kjønnslemlesting. Direktoratet har ansvar for å følge opp mange av tiltaka i handlingsplanen *Sjef i eget liv – styrket innsats mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vold 2025-2028*. Dei skal òg koordinere oppfølgingа av handlingsplanen på direktoratsnivå og involvere frivilligheita og andre relevante aktørar i arbeidet.

I 2025 var det 69 mangfaldsrådgivarar utplasserte på ungdomsskular, vidaregåande skular og vaksenopplæringssenter i alle fylke i landet. Etter forslag frå regjeringa blei ordninga styrkt med seks mangfaldsrågivarstillingar i 2024 og ytterlegare fire stillingar i 2025. Mangfaldsrådgivarane gir rettleiing og oppfølging til elevar og deltakarar som står i fare for, eller er utsette for, negativ sosial kontroll og æresmotivert vald. I 2025 rettleidde mangfaldsrådgivarane i til saman 1 101 saker. Samtidig arbeider dei førebyggande gjennom kompetanseheving, samarbeid med skular og andre tenester, og informasjon om rettar, valgmoglegheiter og handlingsrom. I 2025 har IMDi arbeidd med å vidareutvikle ordninga. Dette inkluderer bl.a. førebyggjande arbeid med foreldre og styrking av samarbeidet med dei andre særskilde tenestene.

Det er avgjerande at tilsette som jobbar i tenester som møter barn, unge og vaksne som kan vere utsette for negativ sosial kontroll og æresmotivert vald har nødvendig kompetanse til å førebyggje, avdekke og handtere slike saker. Kompetanseheving er ein sentral del av IMDi sitt arbeid på dette feltet. Mangfaldsrådgivarar, spesialutsendingar for integreringssaker ved utanriksstasjonar og IMDis fagteam for førebygging av negativ sosial kontroll og æresmotivert vald gjennomførte i 2025 ei rekkje kompetansehevingstiltak for tilsette i ulike tenester over heile Noreg. IMDi driftar òg nettportalen Nora, som gir barn, unge, foreldre og fagpersonar informasjon om rettar, negativ sosial kontroll og æresmotivert vald, og om kvar ein kan få råd, rettleiing og hjelp.

Det nasjonale tverretatlege kompetanseteamet mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vald er òg ei viktig teneste. Teamet rettleier og gir råd til dei ordinære tenestene, f.eks. tilsette i politi, barnehagar, skolar, asylmottak, helsestasjonar, barnevernstenesta, krisesenter, norske utanriksstasjonar og UDI, om korleis dei skal handtere enkeltsaker og følge opp utsette. Teamet bidrar òg med kompetanseheving til tilsette i dei ordinære tenestene gjennom å halde foredrag og seminar om tematikken. I tillegg gir dei også råd til frivillige organisasjonar og privatpersonar. Regjeringa har styrkt kompetanseteamet med fleire stillingar i statsbudsjetta for 2024 og 2025. I 2025 bestod teamet av i underkant av 14 stillingar, med representantar frå Bufdir, IMDi, UDI, Politidirektoratet, Arbeids- og velferdsdirektoratet, Helsedirektoratet og Utdanningsdirektoratet. Bufdir har ansvar for koordineringa og den dagleg drifta av kompetanseteamet. I 2025 rettleidde dei i 1 360 enkeltsaker.

I tillegg til å rettleie i enkeltsaker og drive kompetanseheving skal kompetanseteamet forvalte refusjonsordninga som dekkjer retur til Noreg for personar som blir utsette for negativ sosial kontroll og æresmotivert vald i utlandet. Teamet er òg kontaktpunkt for Utanriksdepartementet i saker der utsette personar oppheld seg i utlandet. Teamet bidrar med kartlegging og koordinerer kontakten med aktuelle etatar i Noreg. Kompetanseteamet koordinerer og tildeler òg plassar i det nasjonale bu- og støttetilbodet for personar over 18 år som er utsette for negativ sosial kontroll og æresmotivert vald. I 2024 blei bu- og støttetilbodet utvida med ei pilotordning for personar som har returnert frå ufrivillig utanlandsopp-

hald og har store hjelpebehov, men som ikkje fyller kriteria for å få ein plass i det ordinære bu- og støttetilbodet. Det kan vere fordi dei ikkje er trusselutsette eller fordi dei har ein tilleggsproblematikk som gjer at dei ikkje kan bu i butilbodet av tryggleiksomsyn.

IMDi er nasjonal fagmyndigheit for tolking i offentleg sektor. Direktoratet skal rettleie om tolkelova og bidra til at offentlege verksemder bestiller og bruker kvalifiserte tolkar, samt sikre tilstrekkeleg tilgang på kvalifiserte tolkar i aktuelle språk. IMDi har òg ansvar for å drifte Nasjonalt tolkeregister og for kunnskapsutviklinga på feltet. Delen av tolkeoppdrag som blir gjennomført med kvalifisert tolk har auka frå 48 pst. i 2020 til 73 pst. i 2025. Ukrainsk og arabisk er dei mest etterspurde tolkespråka.

Tolkelova er sektorovergripande og regulerer tolking mellom norsk og andre språk, inkludert teiknspråktolking. Sektormyndigheitene har ansvar for forsvarleg bruk av tolk innanfor eigne ansvarsområde. Som integreringsmyndigheit har IMDi ansvar for rettleiing knytt til tolking på språk som flyktningar og innvandrarar bruker. Arbeids- og velferdsdirektoratet har ansvar for tolking for døve, personar med nedsett høyrsel og døvblinde. Retten til å bruke samiske språk er regulert i samelova.

Post 01 Driftsutgifter

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) er fagdirektorat, premissleverandør og utøvande organ for integreringspolitikken. IMDi samarbeider med sektormyndigheiter, kommunane og fylkeskommunane.

Budsjettforslag 2027

Sjølv om innvandringa frå Ukraina i 2027 er forventa å vere lågare enn rekordåra 2022, 2023 og 2024, skal det framleis busettast dobbelt så mange flyktningar samanlikna med åra før Russlands fullskalainvasjon av Ukraina. På same tid skal IMDi etter fleire år med svært høge busettingstal støtte kvalifiserings- og integreringsarbeidet i kommunane for ei stor målgruppe. Regjeringa foreslår derfor å vidareføre ekstraløyvinga til IMDi på 32 mill. kroner i 2027.

Regjeringa har som mål at fleire innvandrarar skal kome i arbeid. Innvandrarar skal møte eit arbeidsliv som er ope og inkluderande. Staten har ein lågare del tilsette med innvandrarbakgrunn enn privat sektor og fylkeskommunal og kommunal sektor. Regjeringa foreslår å auke løyvinga med 5 mill. kroner for at IMDi skal styrke mangfaldsarbeidet retta inn mot statlege verksemder. Arbeidet skal gjennomførast i samarbeid med DFØ og andre relevante aktørar.

Løyvinga er redusert med 0,2 mill. kroner mot ein tilsvarande auke under kap. 1605, post 01, som følge av rammeoverføring til Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) til tryggingstiltak og IT-infrastruktur for økonomitenestene til DFØ.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 389,8 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

FoU-midlane til Integrerings- og mangfaldsdirektoratet er samla under kap. 670, post 21. Løyvinga skal nyttast til forskings- og utviklingsprosjekt, bl.a. evalueringar, informasjon og rettleiing og kunnskapsoppsummeringar for å utvikle og formidle kunnskap om integrering og mangfald. Midlane skal bidra til å auke kunnskapen om integrering blant myndigheitene og aktørar med ansvar for integreringspolitikk. Løyvinga på posten skal òg dekke utgifter til berekningsutvalet som kartlegg utgiftene kommunane har til busetting og integrering av flyktningar. I 2025 ferdigstilte IMDi 25 prosjekt, mange av dei følgde opp med lanseringar eller anna formidlingsarbeid, med sikte på å auke kunnskapen om integrering blant ulike målgrupper.

Budsjettforslag 2027

Regjeringa foreslår å rammeoverføre 0,5 mill. kroner til kap. 100, post 01 over Utanriksdepartementets budsjett for å styrke spesialutsendinga for integreringssaker i Pakistan og Afghanistan sitt arbeid mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vald.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 33,0 mill. kroner.

Kap. 3670 Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

Løyvinga under kap. 670 Integrerings- og mangfaldsdirektoratet, post 01 Driftsutgifter, kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3670, post 01, jf. romartalsvedtak II.

Kap. 671 Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, *kan overførast*	49 606	52 930	54 783
60	Integreringstilskot, *kan overførast*	19 402 774	17 435 182	13 712 012
61	Særskilt tilskot ved busetting av einslege mindreårige flyktningar, *overslagsløyving*	1 891 929	2 439 340	2 175 155
62	Kommunale integreringstiltak	334 167	379 521	426 492
70	Busettingsordninga og integreringstilskot, oppfølging	2 746	2 845	2 950
71	Tilskot til integreringsarbeid i regi av sivilsamfunn og frivillige organisasjonar	237 438	249 410	275 421
72	Kvalifiseringsordningar for tolkar	22 330	24 134	25 027
73	Tilskot	19 939	21 393	21 393
	Sum kap. 671	21 960 929	20 604 755	16 693 233

Overført frå 2025 til 2026:
Post 45: 11 013 000 kroner

Kap. 671 omfattar integreringstilskot og særskilt tilskot ved busetting av einslege mindreårige som går til kommunar for arbeidet med busetting, kvalifisering og integrering av flyktningar. Kapittelet omfattar òg ulike tilskotsordningar der kommunar og fylkeskommunar kan søke om tilskot til å styrke og vidareutvikle kvalifiserings- og integreringsarbeidet og dessutan midlar til KS for deira arbeid på feltet. Vidare ligg tilskot til sivilsamfunn og frivillige organisasjonar på integreringsfeltet og tilskot til kvalifiseringsordningar under dette kapittelet. Kapittelet omfattar òg midlar til digitaliseringsarbeid i regi av IMDi.

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga på posten dekker større utstyrsanskaffingar og vedlikehald av investeringsmessig karakter. Løyvinga skal nyttast til å utvikle gode digitale tenester som skal gjere arbeidet med busetting, integrering og tilskotsforvaltning enklare. Dei digitale tenestene til IMDi skal gi effektive system for brukarane, bidra til betre resultat i integreringsarbeidet og sikre ei meir einskapleg behandling av kommunar og flyktningar.

Tenesteområdet busetting har vore særleg prioritert dei seinare åra. Ei avgjerdstøtte for busetting ved hjelp av KI-språkmodell er under utvikling. Det er tatt i bruk ein minimumsversjon for å hjelpe arbeidet med treffsikker busetting. Minimumsversjonen tar enkle omsyn, som arbeidsmarknad, utdanningstilbod og kapasitet i kommunen. I tenesta som kartlegg kompetansen til flyktningar, er det no enklare å dele informasjonen med andre aktørar, særleg kommunane. Det er òg mogleg å kartlegge anna busettingsrelevant informasjon i tenesta, slik som behov for individuell tilrettelegging, tilhøyrsel til Noreg og livssituasjon. Løysinga for berekning og utbetaling av integreringstilskot er blitt vidareutvikla. Det har bl.a. blitt enklare å handtere saker som krev enkel behandling. I tenesta for utbetaling av tilskot til norskopplæring er berekningsgrunnlaget forbetra, og sjølvbeteningstenesta for tilskot til busetting av personar med alvorleg funksjonsnedsetting eller åtferdsvanskar er forbetra med automatisk utsetting av fristar for søknader og rapportering. Generelt har tenestene blitt langt meir brukarvennlege for kommunane. Datavarehuset er ei anna stor digital satsing som har gitt meir tilgjengelege datakjelder og talgrunnlag og meir automatiserte prosessar, til både interne og eksterne brukarar. For eksterne brukarar har det bl.a. ført til fleire statistikkar og hyppige oppdateringar på tal- og statistikksidene til IMDi. Datavarehuset og satsingar på god datakvalitet

bidrar til å legge til rette for effektiv styring, deling og gjenbruk av data.

Arbeidet med ei konseptvalutgreiing av framtidig digital teneste for kvalifiseringsordningane etter integreringsregelverket er satt i gang i tråd med statens prosjektmodell. Formåla for den framtidige tenesta er å bidra til auka produktivitet i integreringsarbeidet, betre styrings- og avgjerdsgrunnlag for integreringsforvaltninga og enklare tilpassing til endringar i regelverk, organisering og faglege behov.

IMDis nettenester har òg vore prioriterte. Nettstaden Ny i Noreg (nyinorge.no) er utvikla som ein del av arbeidet med livshendinga Ny i Noreg, sjå regjeringa sin nasjonale digitaliseringsstrategi 2024–2030. Nettstaden samlar informasjon frå offentlege styresmakter og gjer det enklare for nykomne asylsøkarar, flyktningar og andre innvandrarar å finne fram i offentlege tenester og i den nye kvardagen i Noreg. Arbeidet har samla verksemder på tvers av sektorar om felles brukarbehov og dermed bidratt til meir koordinerte, brukarvenlege og samanhengande tenester.

Budsjettforslag 2027

For 2027 er det foreslått ei løyving på 54,8 mill. kroner.

Post 60 Integreringstilskot, kan overførast

Hovudtrekk ved regelverket

Kommunane får integreringstilskot når dei buset personar som får opphald som overføringsflyktningar eller på bakgrunn av søknad om asyl, og for familiesameining med desse. Tilskotsordninga skal òg medverke til å busette eldre og personar med alvorlege, kjende funksjonsnedsettingar eller åtferdsvanskar.

Kommunane skal gjennomføre eit målretta busettings-, kvalifiserings- og integreringsarbeid, slik at flyktningane kan forsørge seg sjølve og delta i samfunnet.

Tilskotet skal gi ei rimeleg dekning av dei gjennomsnittlege meirutgiftene kommunane har til dette arbeidet i busettingsåret og dei fire neste åra.

Rapport

Dei mange fordrivne frå Ukraina som har komme til Noreg, har ført til at busettingsbehovet og talet på busette i kommunane har auka betydeleg dei siste åra. Frå 2022 til 2025 blei det busett over 103 000 flyktningar i kommunane. Per 1. september 2026 er ytterlegare 6 500 busette. Den gjennomsnittlege ventetida frå vedtak om opphald til busetting i ein kommune hittil i 2026 er 4,3 månader. Tabellen nedanfor viser utviklinga i talet på busette og ventetida dei siste åra. Tala i tabellen inkluderer både fordrivne frå Ukraina og flyktningar frå andre land, irekna overføringsflyktningar.

Integreringstilskotet, saman med tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap, særskilt tilskot ved busetting av flyktningar med alvorleg nedsett funksjonsevne eller åtferdsvanskar, og særskilt tilskot ved busetting av einslege mindreårige, utgjer den viktigaste finansieringa av busettings- og integreringsarbeidet til kommunane. Som følge av auken i talet på busette flyktningar i kommunane, har løyvinga til integreringstilskotet auka betydeleg dei siste åra.

Eit berekningsutval kartlegg årleg dei gjennomsnittlege meirutgiftene kommunane har til busetting og integrering av flyktningar og personar med opphald på humanitært grunnlag. Rapporten frå berekningsutvalet for 2025 viser at dekningsgraden for integreringstilskotet var 96,7 pst., opp frå 90,9 pst. i 2024. Tilskottsatsane blei prisjustert i 2025, samtidig som gjennomsnittsutgiftene i kommunane har gått noko ned. Mens kostnadene til sosialhjelp har blitt høgare, har kostnadene til introduksjonsstønad gått betydeleg ned. Dette har samanheng med at ein større del av flyktningane som kommunane mottar integreringstilskot for var komne lengre i integreringsløpet i 2025 enn dei var året før, og færre deltok i introduksjonsprogram og mottok introduksjonsstønad.

Det er svært usikkert korleis utgiftene til kommunane og dekningsgraden for integreringstilskotet vil utvikle seg i åra framover, og departementet følger nøye med på utviklinga. Det er mange usikre komponentar som speler inn på kostnadsbildet, bl.a. samansettinga av flyktningane, kva behov dei har, korleis dei fordeler seg på årskulla i integreringsløpet, når på året dei blir busette, korleis kommunane utformar og dimensjonerer tiltaka og tenestene sine, og kor mange som går over til arbeid eller utdanning. Spesielt usikkert er det korleis bustadutgiftene vil utvikle seg, og kor mange som vil gå over til arbeid etter avslutta introduksjonsprogram. Når fleire kjem i arbeid og kan forsørge seg sjølve, bidrar det til å redusere utgiftene i kommunane, både til sosialhjelp og til andre oppfølgingstiltak. I tillegg er prognosane for kor mange fordrivne frå Ukraina som vil komme til Noreg, og kor mange det blir behov for å busette, svært usikre.

Nøkkeltal for busetting 2021–september 2026

År	2021	2022	2023	2024	2025	Per 1.9.2026
Busette totalt[1]	4 489	31 258	33 701	25 618	12 596	6 486
Busette einslege mindreårige[2]	108	510	647	797	783	312
– av desse IMDi	89	423	560	709	677	282
– av desse Bufetat	19	87	87	88	106	30
Busette i barnefamiliar[3]	3 606	20 160	20 159	14 483	6 088	2 099
– av desse busette barn	2 110	10 328	9 605	7 035	3 002	1 019
Busette andre vaksne[4]	775	10 576	12 894	10 338	5 723	4 075
Gjennomsnittleg ventetid frå vedtak til busetting (månader)						
– totalt	6,3	2,3	2,5	3,0	3,1	4,3
– einslege, mindreårige	3,1	2,5	2,8	4,4	5,0	5,1
– barnefamiliar[3]	6,7	2,4	2,5	2,9	3,1	4,0
– andre vaksne[4]	4,3	2,0	2,4	3,2	2,9	4,4

[1] Totalen inneheld busette personar med skjerma identitet.
[2] Inkluderer einslege mindreårige med følgeperson.
[3] Inkluderer vaksne i familiar med barn under 18 år og barn i familiar.
[4] Inkluderer alle vaksne som ikkje er del av barnefamiliar.

Målet er at introduksjonsprogrammet skal bidra til stabil tilknyting til arbeid. Det er derfor særleg interessant å måle deltakinga i arbeid og utdanning eitt eller fleire år etter avslutta introduksjonsprogram. Tabellen nedanfor viser andelen deltakarar som var sysselsett eller under utdanning (vidaregåande nivå eller høgare) eitt og fem år etter avslutta program.

Nøkkeltal for resultat i kvalifiseringsarbeidet (introduksjonsprogram)

	Totalt pst.	Kvinner pst.	Menn pst.
Andel av dei som avslutta program 2023, sysselsett eller under utdanning 2024	67	65	71
Andel som avslutta program i 2019, sysselsett eller i utdanning i 2024	68	60	73
Andel av dei som avslutta program i 2025 som gjekk direkte over i arbeid eller utdanning	45	38	53
Andel som hadde forberedende opplæring for voksne (grunnskole/grunnskolefag) som del av sitt program 2025	8		
Andel som hadde vidaregåande skole / fag i vidaregåande skole som del av sitt program 2025	3		

Oppfølging og kontroll

Kommunane skal ikkje legge fram særskild rekneskap for integreringstilskotet. Eit berekningsutval kartlegg kvart år utgiftene kommunane har til busetting og integrering, sjå omtale ovanfor. Denne kartlegginga gir ei oversikt som viser om det er rimeleg samsvar mellom tilskotet og utgiftene til kommunane. Kartlegginga inkluderer bl.a. utgifter til integreringstiltak som introduksjonsprogram, barne- og ungdomsverntenester, sysselsettingstiltak, yrkeskvalifisering, arbeidstrening, kommunale helsetenester, sosialkontor/sosialtenester, barnehagar og integreringstiltak i grunnskolen.

Budsjettforslag 2027

Alle kommunar får tilskot etter den same satsstrukturen og nivået. Satsane er viste i tabellen.

Satsar for integreringstilskot, kroner

Busettingsår	2023[1]	2024	2025	2026	2027
År 1 (einslege, vaksne)	241 100	241 100	250 500	250 500	260 000
År 1 (andre vaksne)	194 400	194 400	202 000	202 000	209 700
År 1 (einslege, mindreårige)	187 000	187 000	194 300	194 300	201 700
År 1 (barn)	194 400	194 400	202 000	202 000	209 700
År 2	249 500	249 500	259 200	259 200	269 100
År 3	177 400	177 400	184 300	184 300	191 300
År 4	88 000	88 000	91 400	91 400	94 900
År 5	72 000	72 000	74 800	74 800	77 600
Sum (einslege, vaksne)	828 000	828 000	860 200	860 200	892 900
Sum (andre vaksne)	781 300	781 300	811 700	811 700	842 600
Sum (einslege, mindreårige)	773 900	773 900	804 000	804 000	834 600
Sum (barn)	781 300	781 300	811 700	811 700	842 600

[1] I tillegg fekk kommunane eit tilskot på 50 000 kroner for kvar flyktning dei busette i 2023 utover det talet kommunen opphavleg blei oppmoda om for 2023.

Når kommunane buset barn i barnehagealder (0–5 år) får dei eit eingongstilskot til særskild tilrettelegging for barn av nykomne innvandrarar, f.eks. til tospråklege assistentar. Tilskotssatsen er foreslått til 30 000 kroner i 2027.

Når kommunane buset personar over 60 år, får dei òg eit ekstra eingongstilskot. Satsen er foreslått til 194 700 kroner i 2027.

Ved busetting av personar med alvorleg nedsett funksjonsevne eller åtferdsvanskar, kan kommunane få ekstra tilskot på grunnlag av dokumenterte behov. Ordninga har to delar, og personane kan utløyse enten tilskot 1 eller tilskot 2. Satsen for tilskot 1 er foreslått til 211 900 kroner og satsen for tilskot 2 til inntil 2 042 000 kroner i 2027. For personar som blir busette frå to av UDIs særskilde buløysingar, særskild bu- og omsorgsløysing for valdelege og utagerande bebuarar (særbol) og særskild pleie- og omsorgsløysing for bebuarar med omfattande helse- og omsorgsbehov (særpleie), er satsen for tilskot 2 foreslått til 2 696 200 kroner. Tilskot 1 er eit eingongstilskot, mens tilskot 2 kan utbetalast i inntil fem år. Flyktningar som blir busette frå UDIs særskilde buløysingar – tilrettelagd avdeling, særbol eller særpleie – kan utløyse tilskot 2 i inntil ti år. Personar som får behandling på sjukehus, på sjukeheim eller i rehabilitering, men som elles ville oppheldt seg i ei av UDIs særskilde buløysingar, kan òg utløyse utvida sats i inntil ti år. Einslege mindreårige kan utløyse tilskotet til og med det året dei fyller 20 år, sjølv om perioden for integreringstilskot er ferdig.

Tilskot til ressurskrevjande tenester, jf. Prop. 1 S (2026–2027) for Kommunal- og distriktsdepartementet, omfattar òg ressurskrevjande flyktningar. Innslagspunktet for 2027 i denne ordninga ligg i flukt med maksbeløpet for tilskot 2 og er i 2027 på 2 042 000 kroner.

Hovudårsaka til at løyvingsbehovet under posten er redusert frå saldert budsjett for 2026, er færre flyktningar i målgruppa for integreringstilskotet i 2027. Bl.a. er det store kullet av fordrivne frå Ukraina som kom inn i målgruppa for tilskot i 2022 ute av målgruppa i 2027. Situasjonen i Ukraina er uføreseieleg, og innreisetala i 2027 er svært usikre.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 13,7 mrd. kroner.

Post 61 Særskilt tilskot ved busetting av einslege mindreårige flyktningar, overslagsløyving

Hovudtrekk ved regelverket

Kommunane får eit særskilt tilskot når dei buset einslege mindreårige flyktningar. Einslege mindreårige skal busettast så raskt som mogleg i eit godt bu- og omsorgstilbod tilpassa kvar enkelt og dei lokale forholda.

Det blir utbetalt ein høg sats til og med det året barnet fyller 16 år, og ein lågare sats frå og med det året ungdommen fyller 17 år. Tilskotet blir utbetalt frå og med den månaden barnet blir busett, og til og med det året den einslege mindreårige fyller 20 år.

Rapport

I perioden frå 2022 til 2026 har det komme fleire einslege mindreårige enn åra før. Det har òg komme fleire under 15 år. Spesielt har talet på einslege mindreårige som kjem utan følgeperson og har behov for tilpassa bu- og omsorgstiltak retta mot ungdom, auka dei siste åra. Samtidig er kapasiteten pressa i kommunane som har gjort vedtak om å busette einslege mindreårige. Dette har gjort busettingsarbeidet ekstra krevjande. Ventetida frå vedtak til busetting for einslege mindreårige utan følgeperson er om lag fem månader per 1. september 2026. Einslege mindreårige under 15 år ventar ekstra lenge, i gjennomsnitt 7,5 månader per 1. september 2026.

Rapporten for 2025 frå berekningsutvalet som årleg kartlegg dei gjennomsnittlege meirutgiftene kommunane har til busetting og integrering av einslege mindreårige flyktningar, viser at dekningsgraden for integreringstilskotet og det særskilde tilskotet ved busetting av einslege mindreårige over dei fem første åra er på 103,9 pst. Dette er ein nedgang frå 2024, da dekningsgraden var på 107,2 pst. I 2025 blei tilskotssatsane ved busetting av einslege mindreårige justert ned. Nedgangen i dekningsgraden kan i stor grad skuldast dette. Samtidig varierer utgiftene mykje frå kommune til kommune, særleg knytta til kva for botiltak dei enslege mindreårige har, og kor tett oppfølging dei har behov for. Utgiftene i kommunane og dekningsgrada til tilskotet blir bl.a. påvirka av aldersfordelinga av dei einslege mindreårige og kor mange som skal bosettast med og utan følgeperson.

Det er svært usikkert korleis utgiftene til kommunane og dekningsgraden for tilskota vil utvikle seg i åra framover, og departementet følger nøye med på utviklinga. Det er òg usikkert kor mange fordrivne frå Ukraina, irekna einslege mindreårige, som vil komme til Noreg og kor mange det blir behov for å busette i åra som kjem.

Oppfølging og kontroll

Kommunane skal ikkje legge fram særskilt rekneskap for særskilt tilskot ved busetting av einslege mindreårige flyktningar. Eit berekningsutval kartlegg utgiftene kommunane har til busetting og integrering. Denne kartlegginga gir ei oversikt som viser om det er rimeleg samsvar mellom tilskotet og utgiftene til kommunane.

Budsjettforslag 2027

Reduksjonen i behovet for løyving på posten samanlikna med saldert budsjett for 2026 kjem i hovudsak av at det er ein reduksjon i prognosen for talet på einslege mindreårige som kjem inn i målgruppa for tilskot i 2027. Situasjonen i Ukraina er uføreseieleg, og innreisetala i 2027 er svært usikre.

Regjeringa foreslår at satsane for særskilt tilskot ved busetting av einslege mindreårige flyktningar skal vidareførast på same nivå i 2027 som i 2026. Det blir foreslått ein sats på 1 098 700 kroner til og med det året personen fyller 16 år, og 692 800 kroner frå og med det året personen fyller 17 år.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 2,2 mrd. kroner.

Post 62 Kommunale integreringstiltak

Tilskotsposten består av seks tilskotsordningar i 2027: Jobbsjansen, tilskot til områdesatsingar, tilskot til utvikling av kvalifiserings- og integrerings-

tiltak, tilskot til nasjonalt bu- og støttetilbod til personar over 18 år som er utsette for negativ sosial kontroll og æresmotivert vald, tilskot til tilrettelagd fag- og yrkesopplæring for vaksne innvandrarar og tilskot til forsøksordning med introduksjonsprogram til kvinner som har familieinnvandra med norske og nordiske borgarar og personar med permanent opphaldsløyve.

Rapport

	Rekneskap 2025 (mill. kroner)
Jobbsjansen, kvalifiseringsprosjekt for heimeverande innvandrarkvinner	169,8
Jobbsjansen, per capita-basert	10,8
Områdesatsing	50,7
Utvikling av kommunale integreringstiltak	51,5
Nasjonale bu- og støttetilbod til personar over 18 år som er utsette for negativ sosial kontroll og æresmotivert vald	29,7
Tilrettelagd fag- og yrkesopplæring for vaksne innvandrarar	16,7

Jobbsjansen

Formålet med Jobbsjansen er å auke sysselsettinga blant innvandrarkvinner som står langt frå arbeidsmarknaden og har behov for kvalifisering for å komme i jobb eller ordinær utdanning. Gjennom individuelt tilpassa program skal deltakarane oppnå kvalifikasjonar som gir grunnlag for stabil tilknyting til arbeidslivet og økonomisk sjølvstende. IMDi forvaltar ordninga.

I 2025 blei det løyvd 180,6 mill. kroner til Jobbsjansen. Av dette beløpet gjekk 169,8 mill. kroner til den ordinære ordninga og 10,8 mill. kroner til forsøket med per capita-modell. IMDi har tildelt midlar til 48 prosjekt, der 15 er nye. Kommunane bidrar med ei gjennomsnittleg eigenfinansiering på omtrent 29 pst. Prosjekta legg vekt på fleksible og langsiktige kvalifiseringsløp som kombinerer formell opplæring med arbeidsretta kurs og praksis. Bruken av *Supported Employment*-metodikk og målretta arbeidsmarknadstiltak er sentrale element i prosjekta.

Resultata for ordninga er stabile og høge. Dei fem siste åra har mellom 76 og 79 pst. av deltakarane gått vidare til arbeid, utdanning eller ein kombinasjon. Av dei 539 deltakarane som avslutta programmet i 2025, gjekk 410 vidare til jobb, utdanning eller ein kombinasjon av desse. Måloppnåinga for 2025 var 76 pst. Tal frå SSB viser òg at deltakarane i stor grad oppnår varig tilknyting til arbeidslivet. Mellom dei som avslutta Jobbsjansen i 2021, var 78 pst. i arbeid eller utdanning i 2024.

Frå 2026 blei finansieringsmodellen lagd om til ein modell basert på faste satsar per deltakar, i tråd med erfaringane frå piloteringa av per capita-modellen i perioden 2022–2025 og tilrådingar frå IMDi. Omleggingа skal bidra til meir føreseieleg finansiering og enklare forvaltning. Sjå omtale lenger nede.

Tilskotet til Jobbsjansen vart styrka med 23 mill. kroner i 2026. Totalt har ordninga blitt styrka med 119 mill. kroner sidan 2021. Dette tilsvarer ein auke på over 630 deltakarplassar.

Områdesatsingar

Områdesatsingar er eit verkemiddel for å betre miljø, butilhøve og levekår i utsette byområde. Satsingane har særleg handla om å forbetre oppvekstvilkåra for barn og unge, men rettar seg òg mot auka sysselsetting, betre folkehelse, auka deltaking, inkluderande bumiljø og førebygging av kriminalitet.

Løyvinga til områdesatsingane over kap. 671, post 62, var i 2025 på 50,7 mill. kroner, som gjekk til Oslo (49,6 mill. kroner), og Strømsø i Drammen (1,1 mill. kroner). Tilskotet til Oslo var fordelt med 22,8 mill. kroner til Oslo indre aust, 23,6 mill. kroner til Oslo sør og 3,1 mill. kroner til Groruddalen.

Tilskotet auka med 10 mill. kroner i 2025, bl.a. for å styrke den førebyggande innsatsen mot barne- og ungdomskriminalitet.

Den totale statlege løyvinga til områdesatsingar i 2025 var om lag 258 mill. kroner frå seks departement, jf. Prop. 1 S (2024–2025) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

Utvikling av kommunale integreringstiltak

Kommunane har best kjennskap til lokale forhold, bedrifter og organisasjonar, og har gode føresetnader for å løfte fram gode prosjekt som kan forbetre kvalifiseringsarbeidet. Formålet med ordninga er å heve kvaliteten og forbetre resultata i kvalifiserings- og integreringsarbeidet til kommunane og fylkeskommunane med sikte på å få målgruppa ut i arbeid eller utdanning. Tilskotsordninga skal òg bidra til kunnskaps- og metodeutvikling av nasjonal interesse, med overføringsverdi til andre kommunar og fylkeskommunar.

I 2025 bestod ordninga av fem delområde, der både kommunane og fylkeskommunar kunne søke om prosjektmiddel. Delområda var:

1. innovative løysingar i introduksjonsordninga og opplæring i norsk og samfunnskunnskap
2. utvikling av tiltak som gir psykisk støtte
3. forsøk med å utvikle ein nasjonal samarbeidsmodell for fag- og yrkesopplæring
4. etablering av kommunale, interkommunale eller regionale velkomsttilbod
5. arbeid for mangfald og mot rasisme og diskriminering

Målgruppa for ordninga er innvandrarar. Innanfor delområde tre til fem er nykomne innvandrarar omfatta av introduksjonslova og integreringslova prioriterte.

Den samla tilskotramma var på 51,5 mill. kroner i 2025. IMDi mottok 100 søknader, der 44 prosjekt fekk tilskot.

Det nasjonale bu- og støttetilbodet til personar over 18 år utsette for negativ sosial kontroll og æresmotivert vald

Formålet med bu- og støttetilbodet er at brukarane skal få hjelp innanfor trygge rammer til å etablere seg på nytt og kunne leve eit så normalt liv som mogleg. Tilbodet skal vere eit tillegg til dei lovpålagde hjelpetilboda og tenestene kommunane gir. Bufdir har eit overordna ansvar for støttetilbodet. Kompetanseteamet mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vald koordinerer og tildeler plassar i tilbodet. Kommunane har det operative ansvaret for innhaldet i og drifta av dei enkelte tilboda.

I 2025 fekk 42 personar tildelt plass i butilbod i fem ulike kommunar. Dei fleste var kvinner. Bebuarane får miljøterapeutisk oppfølging, dei får etablert kontakt med aktuelle tenester i kommunen og frivillige i relevante organisasjonar, og dei får tilbod om å delta i nettverk for bebuarar og tidlegare bebuarar. I 2024 blei bu- og støttetilbodet utvida med ei pilotordning for personar som har returnert frå ufrivillig utanlandsopphald og har store hjelpebehov, men som ikkje fyller kriteria for å få ein plass i det ordinære bu- og støttetilbodet. Det er så langt etablert to plasser til pilotmålgruppa. Det har vist seg å vera utfordrande for kommunane å etablera dei planlagde plassane i pilotordninga. For å legge til rette for betre utnytting, er ordninga gjort noko meir fleksibel, bl.a. med omsyn til bruk av bustader.

Av dei 42 personane som ble tildelt plass i bu- og støttetilbodet i 2025, var 8 personar i pilotmålgruppa.

Tilrettelagd fag- og yrkesopplæring for vaksne innvandrarar

Formålet med tilskotsordninga er å stimulere til etablering og gjennomføring av tilrettelagd fag- og yrkesopplæring for vaksne innvandrarar, med mål om at fleire oppnår fag- eller sveinebrev. Ordninga skal bidra til å dekke meirutgifter knytt til tilrettelegging og oppfølging utover det fylkeskommunen er forplikta til å gi etter opplæringslova § 19-8 andre ledd. IMDi forvaltar ordninga, og fylkeskommunar kan søke om midlar.

Målgruppa er vaksne innvandrarar med rett til vidaregåande opplæring som har behov for tilrettelegging og tett oppfølging for å gjennomføre opplæringa. Gjennom ordninga skal fylkeskommunane utvikle og vidareutvikle tilbod og bidra til kunnskaps- og metodeutvikling med overføringsverdi til andre fylke. Deltakarar blir rekrutterte frå introduksjonsprogrammet, Jobbsjansen og Nav-kontor. Deltakarar frå søkarlista til vidaregåande opplæring kan også rekrutterast. Ved stor etterspørsel skal deltakarar frå introduksjonsprogrammet og Jobbsjansen prioriterast.

I 2025 deltok totalt 1 789 vaksne innvandrarar i ordninga, ein oppgang frå tidlegare år. Av det totale talet var 9 pst. deltakarar i introduksjonsprogrammet. Det er ein auke frå 2024, då det same gjaldt 5 pst. Sjølv om andelen aukar, blir tala framleis rekna som noko usikre. Fleire fylkeskommunar melder om at dei manglar direkte tilgang til informasjon om deltakarar er omfatta av introduksjonsprogrammet.

Budsjettforslag 2027

Regjeringa foreslår å auke tilskotet til Jobbsjansen med 30 mill. kroner i 2027, for at fleire innvandrarkvinner som står langt frå arbeidsmarknaden skal få den oppfølginga og kvalifiseringa dei treng for å

komme i arbeid eller utdanning. Auken gir om lag 160 fleire deltakarplassar i 2027. Dette vidarefører styrkinga av Jobbsjansen dei siste åra. I 2027 vil ordninga ha over 1 300 deltakarplassar.

Midlane til områdesatsing i Oslo blir tildelt med atterhald om at det blir inngått ein ny avtale mellom staten og Oslo kommune frå 2027. Frå Arbeids- og inkluderingsdepartementets kap. 671, post 62 blir midlane for 2027 fordelte på følgande måte:

- 4 mill. kroner til Sarpsborg kommune.
- 4 mill. kroner til Fredrikstad kommune.
- 1 mill. kroner til Østfold fylkeskommune.
- 51,44 mill. kroner til Oslo kommune.
- 1,16 mill. kroner til Strømsø i Drammen.

I Prop. 1 S (2025–2026) foreslo regjeringa å etablere ei ny forsøksordning med å tilby introduksjonsprogram til kvinner som har fått innvilga familieinnvandring med norske og nordiske borgarar og personar med permanent opphaldsløyve. Målet med ordninga er å få fleire i arbeid eller utdanning. Forsøket blei starta opp i midten av 2026. Det blir foreslått å styrke forsøket med 8,8 mill. kroner, som følge av heilårseffekten av forsøket som inntreff i 2027.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 426,5 mill. kroner. Tabellen nedanfor viser korleis midlane skal fordelast mellom dei ulike tilskotsordningane.

Fordeling av midlar til kommunale integreringstiltak

	Mill. kroner
Jobbsjansen, kvalifiseringsprosjekt for heimeverande innvandrarkvinner	248,5
Områdesatsing	61,6
Utvikling av kvalifiserings- og integreringstiltak	53,5
Nasjonale bu- og støttetilbod til personar over 18 år utsette for negativ sosial kontroll og æresmotivert vald[1]	30,8
Tilrettelagd fag- og yrkesopplæring for vaksne innvandrarar	17,3
Forsøksordning med introduksjonsprogram for kvinner som har familieinnvandra med norske og nordiske borgarar og personar med permanent opphaldsløyve	14,8

[1] Midlane går til det ordinære bu- og støttetilbodet og til pilotordninga for personar som har returnert frå ufrivillig utanlandsopphald.

Post 70 Busettingsordninga og integreringstilskot, oppfølging

Midlane på posten skal nyttast til det samla arbeidet KS gjer på flyktningfeltet. Formålet er å sikre kunnskapsgrunnlag og samarbeid mellom staten og KS om busetting og kvalifisering av flyktningar.

Midlane er brukte til KS si oppfølging av tilskotsordningar, deltaking i berekningsutvalet og i Nasjonalt utval for mottak og busetting av flyktningar. KS deltar òg i fylkesvise møte for å vurdere oppmodingar om busetting i kvar kommune. I tillegg er midlane brukte til samarbeid med IMDi og UDI, jf. samarbeidsavtalen om mottak og busetting av flyktningar.

Budsjettforslag 2027

For 2027 er det foreslått ei løyving på 3,0 mill. kroner.

Post 71 Tilskot til integreringsarbeid i regi av sivilsamfunn og frivillige organisasjonar

Tilskotsposten består av to tilskotsordningar i 2027: Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar og tilskot til norskopplæringsordninga. Frå 2026 blei den namngitte ordninga med tilskot til nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet lagd om til ei søkbar ordning og lagd inn under den generelle ordninga for tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar.

Rapport

Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar

Formålet med tilskotsordninga er å auke deltakinga i arbeid og samfunn blant personar med innvandrarbakgrunn. Målgruppa for ordninga er personar med innvandrarbakgrunn, bebuarar i stat-

lege mottak for asylsøkarar og befolkninga elles i lokalsamfunn.

Tilskotsordninga støtter tiltak for å styrke informasjon om norsk samfunnsliv, norsktrening og førebyggande arbeid mot rasisme, diskriminering, negativ sosial kontroll, æresmotivert vald, tvangsekteskap og kjønnslemlesting. Tilskotet har òg gått til å styrke små og nyetablerte organisasjonar på integreringsfeltet.

IMDi forvaltar 30 pst. av løyvinga og gir i hovudsak støtte til tiltak og prosjekt av nasjonal karakter. 40 kommunar forvaltar resten (70 pst.), og dei gir støtte til prosjekt av lokal karakter og driftsstøtte til lokale innvandrarorganisasjonar.

Det blei løyvd 141,2 mill. kroner til tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar i 2025. IMDi har innvilga 46,3 mill. kroner i tilskudd til 98 nasjonale prosjekt, deriblant 24 innvandrarorganisasjonar. Det vart òg innvilga driftsstøtte til 19 regionale innvandrarorganisasjonar. IMDi har rettleidd kommunane og lagt til rette for erfaringsdeling knytt til forvaltninga av tilskotsordninga.

Kommunane innvilga støtte til 1 127 tiltak og prosjekt i i 2025.

Lokale innvandrarorganisasjonar kan òg søke om driftsstøtte. I 2025 innvilga kommunane totalt 10,9 mill. kroner i driftsstøtte til 191 lokale innvandrarorganisasjonar for å auke aktiviteten, kompetansen, kapasiteten og samarbeidet med det offentlege og andre frivillige aktørar.

I 2025 blei det løyvd 9 mill. kroner for å etablere ei tilskotsordning til frivillige organisasjonar som vil etablere sosiale møteplassar for gutar og unge menn for å førebygge kriminalitet og hindre rekruttering til kriminelle miljø. Tiltaket er del av ei felles satsing frå regjeringa for å førebygge utanforskap og motverke kriminalitet blant barn og unge. I 2025 fekk 22 frivillige organisasjonar i tolv kommunar støtte til å etablere slike sosiale møteplassar. Prosjekta har blitt gjennomførte i risikoutsette område.

Tilskot til nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet

Tilskot til nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet skal bidra til auka tillit til og tilhøyrsle i det norske samfunnet, og til auka deltaking og representasjon blant innvandrarar og barna deira på ulike samfunnsarenaer. Det skal bidra til betre kunnskap om integrering i befolkninga, inkludert om moglegheiter og utfordringar i integreringsprosessen. Dei nasjonale ressursmiljøa har bidratt med kunnskap og kompetanse i kontakt med offentlege instansar, næringsliv og internasjonale organisasjonar. Organisasjonane spelte i 2025 ei viktig rolle i å handtere store flyktninginnkomstar og bidro med bl.a. rettshjelp, språkkurs og arbeidskvalifiserande tiltak. Det hjelper enkeltindivid og grupper som er utsette for marginalisering, negativ sosial kontroll, utanforskap og diskriminering. Organisasjonane er òg aktive i samfunnsdebatten og driv med formidlings- og påverknadsarbeid overfor myndigheitene og andre aktørar.

Det blei løyvd 38,9 mill. kroner til ordninga i 2025 over statsbudsjettet fordelte på 14 nasjonale ressursmiljø. Frå 2026 er den namngitte ordninga gjort søkbar og lagd inn under den generelle ordninga for tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar under namnet «tilskot til nasjonale ressurssenter». Ordninga blei styrka med 5 mill. kroner i samband med dette.

Tilskot til norskopplæringsordninga

Formålet med norskopplæringsordninga er å gi eit målretta og fleksibelt tilbod til innvandrarar som ikkje har, eller har brukt opp, rettar etter introduksjons- eller integreringslova, og som har behov for å styrke norskferdigheitene sine. Ordninga skal bidra til at deltakarane på sikt når nivå B1 eller høgare, og til utvikling av nye metodar for norskopplæring i samarbeid mellom frivillige, offentlege og private aktørar. IMDi forvaltar ordninga.

I 2025 blei det løyvd 51,5 mill. kroner til ordninga. IMDi tildelte tilskot til 51 tilbydarar. Til saman deltok 5 600 personar, og 3 000 oppnådde B1 eller høgare språknivå i 2025.

Budsjettforslag 2027

Regjeringen vil setje i gang ei evaluering av omlegginga av tilskot til nasjonale ressurssentre for integrering som oppfølging av verbalvedtaket i Stortinget frå forliket om revidert nasjonalbudsjett for 2026. Evalueringa vil omfatte bl.a. om kriteria for tildelinga, som er nedfelt i forskrifta om tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar, er treffsikre og i kva grad tilskota har effekt og bidrar til å oppnå formålet til ordninga.

For dårlege norskferdigheiter er blant dei største barrierane for å få jobb. Ein del flyktningar, fordrivne frå Ukraina og andre innvandrarar har behov for meir norskopplæring enn dei har rett på for at dei kan delta i arbeidslivet. Regjeringa foreslår å auke tilskot til norskopplæringsordninga

med 17,7 mill. kroner for at kommunar og andre godkjende tilbydarar skal kunne gi fleire eit målretta og fleksibelt tilbod om norskopplæring.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 275,4 mill. kroner på posten med denne fordelinga:

- 202,4 mill. kroner til tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar, av dette 43,5 mill. kroner til nasjonale ressurssenter, 9,6 mill. kroner til tiltak retta mot å skape sosiale møteplassar for gutar og unge menn og 1 mill. kroner til å støtte små og nystarta organisasjonar på integreringsfeltet.
- 73 mill. kroner til tilskot til norskopplæringsordninga.

Post 72 Kvalifiseringsordningar for tolkar

IMDi er nasjonal fagmyndigheit for tolking i offentleg sektor, og arbeider med å auke kvaliteten og tilgangen på kvalifiserte tolkar over heile landet.

Løyvinga skal finansiere den faglege og administrative gjennomføringa av autorisasjonsprøven for tolkar og anna utdanning og kvalifisering av tolkar. Frå 2026 skal løyvinga òg finansiere ein ny statsautorisasjonsprøve i teiknspråktolking.

Formålet med kvalifiseringsordningane er å få fleire kvalifiserte tolkar i offentleg sektor på språk det er behov for. Høgskolen på Vestlandet, OsloMet og Samisk høgskole får tilskot gjennom ordninga.

Utdanningsinstitusjonane skal sørge for tenleg og fagleg forsvarleg drift av kvalifiseringstilboda og ei kunnskapsbasert utvikling av dei. Kvalifiseringstilboda skal planleggast på grunnlag av behovet offentlege organ har for tolking på ulike språk, sett opp mot dekningsgraden for tolkar oppførte i Nasjonalt tolkeregister på dei aktuelle språka. Nasjonalt tolkeregister er eit offentleg innsynsregister over tolkar i Noreg i ulike kvalifikasjonskategoriar. IMDi forvaltar registeret.

Rapport

2 940 tolkar (unike personar) var registrerte i Nasjonalt tolkeregister i 2025, mens talet på oppføringar var 3 740. Orsaka til ulike tal er at ein tolk kan vere oppført med fleire tolkespråk. Frå 2024 er det ein auke i personar på 11,4 pst. (frå 2 639) og ein auke i oppføringar på 9,7 pst. (frå 3 410).

457 nye personar fekk tilstrekkelege kvalifikasjonar til å bli oppførte i Nasjonalt tolkeregister i 2025.

Per 31. desember 2025 var det oppført 2 202 tolkar i Nasjonalt tolkeregister som var registrerte med høgre kvalifikasjonar i tolking frå universitet eller høgskole (statsautorisasjon, bachelorgrad, grunnemne, kategori A–D i registeret). 1 538 var oppførte i registeret utan tolkeutdanning, men med gjennomført tospråktest og kurs i tolkens ansvarsområde eller statsautorisert translatør/fagomsettar og kurs (kategori E).

Budsjettforslag 2027

For 2027 er det foreslått ei løyving på 25,0 mill. kroner.

Post 73 Tilskot

Løyvinga blir brukt til ei tilskotsordning for tiltak som skal auke det etniske mangfaldet i arbeidslivet, til deltaking i nasjonale og internasjonale kunnskapsforum, til arbeid mot negativ sosial kontroll og til enkelte namngitte tilskot.

Rapport

Det var løyvd 11,2 mill. kroner til tilskotsordninga for tiltak for auka etnisk mangfald i arbeidslivet i 2025. Tilskotet skal stimulere private og offentlege arbeidsgivarar til å bli meir bevisste på etnisk mangfald som ressurs og fremme tiltak med formål om å auke rekrutteringa av innvandrarar og betre bruken av kompetansen deira. Midlane gjekk til 26 verksemder i 2025. Totalt fekk IMDi 65 søknader om tilskot i 2025, det same som i 2024.

I 2025 blei det løyvd 0,2 mill. kroner til kunnskapsforumet Konsortium for forsking på terrorisme og internasjonal kriminalitet. Det blei òg løyvd 0,55 mill. kroner til Transatlantic Council on Migration. Deltaking i foruma har gitt tilgang til ny forsking, seminar og nettverk til nytte for politikkutviklinga på integreringsfeltet.

Det blei løyvd 2,5 mill. kroner til TV 2 Skole i 2025. Formålet med tilskotet er å gjere norskopplæring meir tilgjengeleg for flyktningar og nykomne innvandrarar gjennom digitale læringsressursar. Midlane har finansiert vidare utvikling av TV 2 Skole si integreringspakke, som omfattar norskopplæring på grunnleggande nivå, fleirspråklege aktualitetssendingar og tilrettelagde nyheitssendingar på fleire språk, inkludert ukrainsk. Bruken av tenestane auka betydeleg i 2025. Talet på brukarar av norskopplæringstilbodet på A1-nivå auka frå 492 100 i 2024 til 842 957 i 2025. Tilsvarande har bruken av nyheitssendingar på ukrainsk auka frå 18 192 til 31 376.

I 2025 blei det løyvd 3,5 mill. kroner til mentorordninga mot negativ sosial kontroll. Av desse

midlane gjekk 2,3 mill. kroner til Mentorfamilie i regi av Oslo Røde Kors og 1,2 mill. kroner til brukarnettverket Sammen i regi av Oslo Krisesenter. Det blei vidare løyvd 2,8 mill. kroner til arbeid mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vald. 1,5 mill. kroner gjekk til dei regionale ressurssentra om vald, traumatisk stress og sjølvmordsførebygging (RVTS) for kompetanseheving på området negativ sosial kontroll, vald og overgrep, spesielt gjennom dei regionale nettverka. Midlane har gått til ulike tiltak som nettverkssamlingar, seminar, konferansar og fagdagar i både fysisk og digitalt format. Målgruppene har inkludert eit breitt spekter av aktørar i det offentlege hjelpeapparatet, frivillige organisasjonar og trussamfunn, som alle speler en viktig rolle i det førebyggande arbeidet. Det ble òg løyvd 1,2 mill. kroner til opplæringstilbodet «Endringsagenter».

Budsjettforslag 2027

For 2027 er det foreslått ei løyving på 21,4 mill. kroner. Midlane skal fordelast slik:

- 11,9 mill. kroner til tilskotsordningar for tiltak som skal auke det etniske mangfaldet i arbeidslivet.
- 3,5 mill. kroner til mentorordninga for utsette for negativ sosial kontroll og æresmotivert vald, av dette 2 325 000 kroner til Røde Kors for drift av Mentorfamilieordninga og 1 155 000 kroner til Oslo Krisesenter for drift av mentornettverket Sammen.
- 2,5 mill. kroner til TV 2 Skole.
- 0,55 mill. kroner til Transatlantic Council on Migration.
- 0,2 mill. kroner til *Konsortiet for terrorismeforskning*.
- 2,8 mill. kroner til arbeid mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vald ved Dei regionale ressurssentra om vald, traumatisk stress og sjølvmordsførebygging (RVTS), av dette 1 540 000 kroner til arbeid med kompetanseheving i regi av regionale nettverk og 1 220 000 kroner til opplæringstilbodet «Endringsagenter».

Kap. 3671 Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
04	Tilskot til integreringsprosjekt i asylmottak i regi av frivillige organisasjonar, ODA-godkjende utgifter	11 500	13 743	14 251
	Sum kap. 3671	11 500	13 743	14 251

Post 04 Tilskot til integreringsprosjekt i asylmottak i regi av frivillige organisasjonar, ODA-godkjende utgifter

Det første året flyktningar og asylsøkarar er i Noreg, kan nokre av utgiftene til opphaldet deira klassifiserast som offisiell utviklingsbistand (ODA) etter retningslinjene til OECD/DAC. Desse utgiftene inkluderer nokre middel til integreringstiltak i asylmottak under kap. 671, post 71. For 2027 foreslår departementet at 14,3 mill. kroner av utgiftene knytte til integreringstiltak i asylmottak blir rapporterte inn som utviklingshjelp.

Kap. 672 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast*	86 386	91 341	91 421
22	Prøvar i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar	55 095	48 801	52 077
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, *kan overførast*	7 562	16 731	10 712
60	Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar	1 693 901	1 416 935	1 379 470
61	Kompetansekartlegging i mottak før busetting	320	813	616
	Sum kap. 672	1 843 264	1 574 621	1 534 296

Overført frå 2025 til 2026:
Post 21: 22 933 000 kroner
Post 45: 8 603 000 kroner

Allmenn omtale

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) er ein sentral aktør på integreringsfeltet, med ansvar for oppfølging og fagutvikling knytt til oppgåver som er regulert i integreringslova.

HK-dir forvaltar læreplanar i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar og gir rettleiing til kommunar og fylkeskommunar om gjennomføring av opplæringa. Direktoratet har òg fagleg ansvar for læreplanar i førebuande opplæring for vaksne (FOV), som kan nyttast i norskopplæringa etter integreringslova og som arbeidsretta element i introduksjonsprogrammet. Vidare har direktoratet ansvar for utvikling og kvalitetssikring av norskprøvane, samfunnskunnskapsprøva og statsborgarprøva, og for systema for gjennomføring av desse. Kvalitetsarbeidet er særleg viktig for å sikre pålitelege prøvar og rettssikkerheita til kandidatane.

Direktoratet har òg eit nasjonalt, tverrsektorielt systemansvar for dei offentlege karriererettleiingstenestene. HK-dir støttar og rettleier fylkeskommunane, som skal sørge for tilbod om karriererettleiing til personar i målgruppa for introduksjonsprogrammet, og kommunane som tilbyr kurs i karrierekompetanse som del av livsmeistringselementet i introduksjonsprogrammet.

HK-dir samarbeider tett med Arbeids- og velferdsdirektoratet og IMDi om oppfølging av integreringsarbeidet. Direktorata vurderer jamleg status og behov for tiltak for å styrke overgang til arbeid for fordrivne frå Ukraina.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga skal nyttast til å utvikle kompetanse, metodar og læringsressursar for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar og utgiftene HK-dir har til dette. Vidare skal løyvinga nyttast til etter- og vidareutdanning for lærarar i norsk og samfunnskunnskap og til det nasjonale tilbodet om digital, lærarstyrt norskopplæring for innvandrarar. Løyvinga skal òg bidra til HK-dir sitt arbeid med å støtte og rettleie fylkeskommunar og kommunar om karriererettleiing og kurs i karrierekompetanse. I tillegg omfattar løyvinga midlar til igangsetting og prosjektoppfølging av nytt prøvesystem, jf. omtale av prosjektet under post 45.

Rapport

Etter- og vidareutdanning av lærarar i norsk og samfunnskunnskap etter integreringslova

HK-dir finansierer og bidrar fagleg til etter- og vidareutdanning for lærarar i norsk og samfunnskunnskap. Fleirspråkleg kompetanse er sentralt for å sikre at deltakarane får opplæring i samfunnskunnskap på eit språk dei forstår. Etterutdanningstilbodet for fleirspråklege lærarar, som sidan 2024 blir gjennomført av NTNU på oppdrag frå HK-dir, skal bidra til fagleg og pedagogisk utvikling i tråd med måla i læreplanen i samfunnskunnskap. Tilbodet bidrar til å heve kvaliteten i opplæringa og til implementering av læreplanen.

HK-dir gir òg tilskot til statsforvaltarane for regionale og lokale kompetanseutviklingstiltak retta mot lærarar, leiarar og skoleeigarar i vaksenopplæringa. Tiltaka er behovsbaserte og blir ofte gjennomført i samarbeid med universitet og høgskolar. Kompetanseutviklinga omfattar bl.a. arbeid med læreplanforståing, arbeidsretta opplæring og bruk av digitale verktøy.

Vidare gir HK-dir tilskot til universitet og høgskolar for å sikre at lærarar oppfyller kompetansekravet i norsk som andrespråk. I 2025 blei det gitt tilskot til åtte studietilbod, og lærarar frå heile landet deltok gjennom stipend- og vikarordninga. Utdanningstilboda har over tid gitt eit betydeleg bidrag til å styrke kompetansen i norsk som andrespråk i vaksenopplæringa. Evalueringar viser at tilboda blir opplevde som relevante og bidrar til auka kvalitet i opplæringa.

Støtte og rettleiing til fylkeskommunar som skal drive karriererettleiing for nykomne flyktningar

Integreringslova gir personar i målgruppa for introduksjonsprogrammet rett og plikt til å gjennomføre karriererettleiing. Fylkeskommunane skal sørge for tilbodet, og HK-dir støttar og rettleier dei gjennom kompetanseheving, digitale ressursar, nettverk for erfaringsdeling og utvikling av kunnskapsgrunnlag.

I 2025 gjennomførte 3 142 nykomne flyktningar individuell karriererettleiing. Av desse hadde 1 948 rett og plikt til rettleiing, medan 1 194 hadde kollektivt vern og dermed berre rett. Personar med kollektivt vern får i hovudsak tilbod om grupperettleiing, og i 2025 deltok 4 530 i slik rettleiing.

HK-dir har vidare støtta utvikling av kurs i karrierekompetanse som del av det obligatoriske elementet Livsmeistring i eit nytt land. I samarbeid med Universitetet i Søraust-Noreg har direktoratet gitt kompetanseheving til tilsette i kommunane som underviser i karrierekompetanse.

For å styrke kunnskapsgrunnlaget samarbeidde HK-dir og IMDi i 2025 om å gi Fafo i oppdrag å kartlegge gjennomføringa av livsmeistringskurs i kommunane.

Eit nasjonalt digitalt tilbod om norskopplæring

HK-dir etablerte i 2024 eit nasjonalt digitalt tilbod om lærarstyrt norskopplæring som eit supplement til den ordinære opplæringa i kommunane. Tilbodet er retta mot vaksne innvandrarar med rett til opplæring etter integreringslova, og skal bidra auka kapasitet og fleksibilitet. Bl.a. skal det vere enklare å kombinere opplæring med arbeid eller praksis.

Ei følgeevaluering frå Proba samfunnsanalyse, i samarbeid med ideas2evidence, viser at tilbodet i stor grad har styrkt kapasiteten og fleksibiliteten i kommunane. Tilbodet fungerer særleg godt for deltakarar med høgare utdanning og gode digitale ferdigheiter, og blir opplevd som fleksibelt. Samtidig er bruken lågare enn forventa. Evalueringa viser òg at enkelte kommunar nyttar delar av tilbodet som sjølvstudium utan lærar, noko som ikkje er i tråd med krava etter integreringslova. Kommunane etterspør meir rettleiing og støtte i bruk av digitale opplæringstilbod, noko HK-dir følger opp.

Per mai 2026 hadde om lag halvparten av kommunane teke tilbodet i bruk.

Det er òg gjennomført ei utgreiing av behovet for eit nasjonalt digitalt tilbod i samfunnskunnskap. Kartlegginga viser at mange kommunar har utfordringar med å oppfylle krava til opplæring, bl.a. knytt til kapasitet, tilgang på lærarar og små språkgrupper, særleg når det gjeld oppstart innan frist og opplæring på språk deltakarane forstår.

Forvalte læreplanar i norsk og samfunnskunnskap

HK-dir bidrar med kompetanseheving retta mot kommunane knytt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Direktoratet gjennomfører mellom anna konferansar og fagdagar for leiarar og lærarar, og utviklar fagressursar til bruk i lokalt utviklingsarbeid.

Det er framleis eit stort behov for å styrke kvaliteten i nettbasert og arbeidsretta norskopplæring. Arbeidsretta opplæring blir sett i samanheng med bruk av førebuande opplæring for vaksne (FOV) i kvalifiseringsløp, til dømes i introduksjonsprogrammet. Direktoratet vil vidareutvikle ressursar for arbeidsgivarar for å legge til rette for språkutvikling på arbeidsplassen. Å sjå opplæring i samanheng med språkutvikling i arbeidslivet kan senke terskelen for deltaking og bidra til meir varig tilknyting til arbeid.

HK-dir bidrar òg med informasjon og rettleiing til kommunane om opplæring i norsk og samfunnskunnskap, bl.a. gjennom samarbeid med IMDi om fagressursar knytte til introduksjonsprogrammet. Direktoratet gir vidare faglege vurderingar i arbeidet med IMDi si forvaltning av tilskot til kommunale utviklingstiltak og i rettleiing knytt til integreringslova.

Sjå omtale av utgreiing av behovet for eit nasjonalt digitalt tilbod i samfunnskunnskap under post 21.

Budsjettforslag 2027

Løyvinga på posten blir redusert med 3,3 mill. kroner som følge av ein reduksjon i behovet til stipendordninga for lærarar som underviser i norsk etter integreringslova.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 91,4 mill. kroner.

Post 22 Prøvar i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

Løyvinga skal gå til å dekke utgiftene HK-dir har til å rettleie og informere om prøvar, til å utvikle og halde ved like prøvar i norsk og samfunnskunnskap, til å gjennomføre prøvane og til sensur og tilbakemelding til opplæringsstadene om resultata. Arbeidet inkluderer òg statsborgarprøven. Formålet med prøvane er å gjere det mogleg for vaksne innvandrarar å vise og dokumentere ferdigheiter i norsk og samfunnskunnskap. Løyvinga inkluderer forventa avlagte prøvar av fordrivne frå Ukraina. I tillegg inngår midlar til igangsetting, prosjektoppfølging og driftsutgifter til nytt prøvesystem, jf. omtale av prosjektet under post 45.

Rapport

I 2025 blei det avlagt 88 078 norskprøvar, fordelt på 27 865 munnlege prøvar og 60 213 skriftlege prøvar. 56 pst. av dei som avla den munnlege norskprøven, oppnådde nivå B1 eller høgare. Dette var ein marginal nedgang frå 2024.

Den skriftlege norskprøven er sett saman av tre delprøvar: lytte-, lese- og skriveprøven. Prosentdelane som oppnådde B1 eller B2 i 2025 var noko høgare enn i 2024. I 2025 oppnådde 46 pst. dette på lytteprøven, 48 pst. på leseprøven og 49 pst. på skriveprøven.

I 2025 blei det avlagt 14 712 prøvar i samfunnskunnskap. Til samanlikning vart det avklart 12 512 prøvar i 2024. Totalt sett var 80 pst. av prøvane bestått i 2025, mot 79 pst. i 2024. Tilbodet skal bli gitt på eit språk som deltakaren forstår. 57 pst. av prøvane blei avlagde på norsk i 2025.

I 2025 var det 5 973 kandidatar som gjennomførte 6 215 statsborgarprøvar. Dette er ein auke i talet på avlagde prøvar på 17 pst. frå 2024. 92 pst. av kandidatane bestod prøven i 2025, omtrent same del som i 2024.

Budsjettforslag 2027

Den munnlege norskprøven ligg til grunn for bestått språkkrav når ein skal søke om permanent opphaldsløyve og statsborgarskap. For mange innvandrarar er den òg ein føresetnad for å få tilgang til arbeid og høgare utdanning. Regjeringa foreslår å innføre ei ny sensurordning som skal bidra til betre kvalitet og rettssikkerheit på sensuren av prøvane, gjennom at det skal etablerast eit nasjonalt sensorkorps og innførast ei tosensorvurdering. Det er foreslått å auke løyvinga på posten med 2,5 mill. kroner til dette tiltaket.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 52,1 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga på posten skal gå til å utvikle gode digitale verktøy som skal forenkle og forbetre HK-dir sitt arbeid for kvalifisering av nykomne flyktningar og innvandrarar og for nyttiggjering av kompetansen sin. Løyvinga skal gå til utvikling av samanhengande digitale tenester.

Rapport

HK-dir utviklar tre samanhengande digitale tenester med mål om å gjere overgangen til arbeid enklare for fordrivne frå Ukraina: ei digital karriererettleingsteneste, ei rådsteneste for utanlandsk fagskoleutdanning og ei database med vurdering av utanlandske kvalifikasjonar. Tenestane er i første omgang retta mot ukrainarar, men vil også bli tilgjengelege for andre målgrupper. Utviklinga av tenestene går over fleire år.

Sidan 2023 har HK-dir arbeida med å anskaffe og etablere eit nytt prøvesystem i norsk og samfunnskunnskap, irekna statsborgarprøven. Deler av arbeidet held frem i 2027. Det nye systemet vil erstatte dagens system. Utgiftene til investering og anskaffing av nytt prøvesystem blir dekte innanfor den gjeldande løyvinga på kap. 672, post 21, post 22 og post 45.

Budsjettforslag 2027

I 2027 er det ikkje lenger behov for auka løyving til investeringsutgifter til nytt prøvesystem i norsk og samfunnskunnskap. Posten blir derfor redusert med 6,4 mill. kroner. For 2027 er det foreslått ei løyving på 10,7 mill. kroner.

Post 60 Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

Hovudtrekk ved regelverket

Løyvinga skal dekke tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for asylsøkarar i mottak. Formålet med tilskotet er å gi asylsøkarar tidleg kjennskap til det norske språket og samfunnslivet. Asylsøkarar som bur i mottak og er over 18 år, har plikt til å delta i opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Vertskommunar for mottak er ansvarlege for tidleg kvalifisering etter integreringslova og skal tilby asylsøkarar 175 timar opplæring i norsk og 25 timar opplæring i samfunnskunnskap. Opplæringa i samfunnskunnskap skal vere tilpassa deltakargruppa og tilbydast på eit språk som deltakarane forstår. Vertskommunen skal sørge for at opplæringa blir gitt så snart som mogleg etter at asylsøkarar i målgruppa er registrerte i eit mottak i kommunen. Vertskommunar for asylmottak får tilskot etter kor mange personar det er i målgruppa for opplæring.

Løyvinga dekker òg tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for personar som har fått eit opphaldsløyve som nemnt i integreringslova § 27, og for personar som har fått innvilga opphaldsløyve som nemnt i introduksjonslova § 17 første ledd, før 1. januar 2021. Formålet med tilskotet er at kommunar eller fylkeskommunar gir opplæring til vaksne innvandrarar med rett og/eller plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap, slik at dei lærer tilstrekkeleg norsk og får nødvendig kunnskap om samfunnet til å kunne fungere i arbeids- og samfunnslivet. Tilskotet skal òg gå til å gjennomføre prøvar i norsk og samfunnskunnskap. Innvandrarar mellom 18 og 67 år som har fått innvilga opphaldsløyve som nemnt i integreringslova § 27, har rett og plikt til å delta i opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Kravet i integreringslova er at kvar enkelt skal nå eit individuelt bestemt nivå i norsk. Kor lenge opplæringa i norsk varer, er avhengig av utdanningsbakgrunnen til den enkelte. Kommunen og/eller fylkeskommunen som gjennomfører opplæringa, får tilskot per person som er registrert som deltakar. Tilskotet blir utbetalt i inntil tre år.

Flyktningar frå Ukraina med midlertidig kollektivt vern har rett, men ikkje plikt, til opplæring i norsk i inntil eitt år. Personar med dette løyvet har ikkje rett eller plikt til opplæring i samfunnskunnskap. Kommunane får tilskot i eitt år for opplæringa. Tilskota skal stimulere til effektivitet, gjennomstrøyming og resultat i opplæringa.

Rapport

Norskopplæring for asylsøkarar i mottak

I 2025 deltok 2 518 asylsøkarar i norskopplæring for asylsøkarar. 1 074 asylsøkarar deltok i opplæring i samfunnskunnskap i 2025. Dette svarer til ein deltakingsandel på 24 pst., ein nedgang på 4 prosentpoeng frå 2024. Deltakingsnivået er framleis mykje lågare enn før starten på Ukraina-krigen. I 2021 deltok 44 pst. i opplæringa.

Opplæring i norsk og samfunnskunnskap

Tal frå SSB viser at det i løpet av 2025 var 48 024 personar som deltok i opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar. Dette er ein tydeleg nedgang etter at deltakartalet var på sitt høgaste nokon sinne i 2024, da 57 975 deltok i opplæringa. Nesten halvparten av deltakarane var frå Ukraina. Av dei nær 24 000 ukrainarane som deltok i opplæringa i norsk i 2025, var 57 pst. kvinner. Året før var kvinneandelen blant deltakarane frå Ukraina 60 pst. Det er framleis òg mange deltakarar frå Syria.

Opplæringa i norsk og samfunnskunnskap skal starte så snart som mogleg og seinast innan tre månader etter at personen blir folkeregistrert i kommunen, eller at krav om deltaking blir sett fram. Tal frå IMDi viser at av dei 5 317 personane som fekk rett og plikt til opplæring i 2025, starta 49 pst. i norskopplæringa innan tre månader, mot 45 pst. året før. Det var 7 103 personar som hadde rett til norskopplæring i 2025, og 70 pst. starta opplæringa innan tre månader. På same måte som tidlegare har fleire av dei fordrivne frå Ukraina starta norskopplæring innan både tre og seks månader enn andre deltakarar. Ei forklaring kan vere at når ein stor del av deltakarane er fordrivne frå Ukraina, med forholdsvis lik utdanningsbakgrunn og like behov, kan det gå raskare å få nye deltakarar inn i eksisterande opplæringstilbod eller å starte opp nye klassar tilpassa behova.

Oppfølging og kontroll

Kommunane skal ikkje legge fram særskild rekneskap for tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar. Eit berekningsutval kartlegg utgiftene kommunane har til busetting og integrering. Gjennom denne kartlegginga blir det gitt ei oversikt som viser om det er rimeleg samsvar mellom tilskotet og utgiftene til kommunane. Meir informasjon om kva utgifter som inngår i kartlegginga finst i rapporten frå berekningsutvalet for 2025.

Budsjettforslag 2027

Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for asylsøkarar i mottak

Vertskommunen får tilskot for kvar person i målgruppa. Satsen for tilskot til opplæring i norsk for asylsøkarar i mottak er i 2027 foreslått til 18 800 kroner. Satsen for tilskot til opplæring i samfunnskunnskap for asylsøkarar i mottak i 2027 er foreslått til 2 700 kroner.

Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap

Kommunane får tilskot for kvar person i målgruppa som har rett og plikt eller rett til opplæring. Tilskotet har to satsar. Personar frå Afrika, Oseania (utanom Australia og New Zealand), Aust-Europa, Sør- og Mellom-Amerika utløyser høg sats. Personar frå Vest-Europa, Nord-Amerika, Australia og New Zealand utløyser låg sats.

For at dei økonomiske rammevilkåra for små og mellomstore kommunar skal bli betre, får kommunar med mellom 1–3 personar og 4–150 personar i målgruppa òg eit grunntilskot. Satsen for grunntilskot for kommunar med 1–3 personar i målgruppa er foreslått til 260 800 kroner, og satsen for kommunar med 4–150 personar i målgruppa er foreslått til 776 900 kroner i 2027. Kommunar med 1–150 personar i målgruppa per 15. januar 2027 vil få utbetalt grunntilskot.

Satsar for persontilskot, kroner

	2025		2026		2027	
Tilskotsår	Låg sats	Høg sats	Låg sats	Høg sats	Låg sats	Høg sats
År 1	17 500	41 200	18 200	42 900	18 900	44 600
År 2	31 800	82 000	33 000	85 100	34 300	88 300
År 3	19 800	56 500	20 500	58 600	21 300	60 800
Sum	69 100	179 700	71 700	186 600	74 500	193 700

Personar med midlertidig kollektivt vern har rett til opplæring i norsk i inntil eitt år. Satsen for tilskot for eittårig norskopplæring er 54 200 kroner.

Reduksjonen i det totale løyvingsbehovet under posten samanlikna med saldert budsjett for 2026, kjem i hovudsak av ein reduksjon i talet på personar i målgruppa for tilskotet som følge av ein reduksjon i prognosen for innreisetal av fordrivne frå Ukraina. Situasjonen i Ukraina er uføreseieleg, og det er knytt svært stor uvisse til innreisetala i 2027.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 1,4 mrd. kroner.

Post 61 Kompetansekartlegging i mottak før busetting

Tilskotsordninga blei etablert i 2021. Løyvinga dekker tilskot til kompetansekartlegginga vertskommunane gjennomfører av personar med opphaldsløyve i mottak før busetting. Formålet med kompetansekartlegging før busetting er at fleire skal bli busette i ein kommune som kan gi dei eit relevant tilbod om utdanning eller arbeid, og at introduksjonsprogrammet blir betre tilpassa behova til den enkelte.

Å kartlegge kompetansen til mottaksbebuarar var ei ny oppgåve for vertskommunar for asylmottak frå 2021. Rundt 95 pst. av personane i asylmottak med innvilga individuelt vern, og som var i målgruppa for introduksjonsprogram, blei kartlagt før busetting i 2025. Det er ein auke på eit par prosentpoeng frå 2024.

Budsjettforslag 2027

Satsen for tilskot til kompetansekartlegging er foreslått til 852 kroner i 2027.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 0,6 mill. kroner.

Kap. 3672 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
01	Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter	55 607	62 398	50 759
	Sum kap. 3672	55 607	62 398	50 759

Post 01 Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter

Det første året flyktningar og asylsøkarar er i Noreg, kan nokre av utgiftene til opphaldet deira klassifiserast som offisiell utviklingsbistand (ODA) etter retningslinjene til OECD/DAC. Desse utgiftene inkluderer nokre middel til integreringstiltak i asylmottak under kap. 672, post 60. For 2027 foreslår departementet at 50,8 mill. kroner av utgiftene knytte til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for asylsøkarar i mottak blir rapporterte inn som utviklingshjelp.

Programkategori 29.20 Einslege forsørgarar

Utgifter under programkategori 29.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
2620	Stønad til einsleg mor eller far	1 641 019	1 562 000	1 095 000	-29,9
	Sum kategori 29.20	1 641 019	1 562 000	1 095 000	-29,9

Utgifter under programkategori 29.20 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
50–89	Overføringar til andre	1 641 019	1 562 000	1 095 000	-29,9
	Sum kategori 29.20	1 641 019	1 562 000	1 095 000	-29,9

Målet om inntektsikringsordningar som gir økonomisk tryggleik og samtidig simulerer til arbeid, ligg til grunn for stønad til einsleg mor eller far. Stønadene skal bidra til inntektssikring for einslege foreldre som har åleineomsorg for små eller særleg tilsynskrevjande barn. Ordninga skal gi økonomisk tryggleik der omsorgsansvaret kan avgrense moglegheita til å forsørge seg sjølv gjennom arbeid i ei midlertidig periode. Under følger budsjettforslaget for kapittel 2620 Stønad til einsleg mor eller far.

Kap. 2620 Stønad til einsleg mor eller far

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
70	Overgangsstønad, *overslagsløyving*	1 573 848	1 514 000	1 090 000
72	Stønad til barnetilsyn til einsleg mor eller far i arbeid, *overslagsløyving*	57 968	43 000	4 000
73	Tilleggsstønader og stønad til skolepengar, *overslagsløyving*	9 203	5 000	1 000
	Sum kap. 2620	1 641 019	1 562 000	1 095 000

Hovudtrekk ved regelverket

Det blei gjort omfattande endringar i stønad til einsleg mor eller far frå 1. juli 2026. Endringane inneber at berre einslege med aleineomsorg for barn under 14 månader eller særleg tilsynskrevjande barn kan få overgangsstønad, og at stønad til barnetilsyn til einslege i arbeid som hovudregel berre kan bli gitt til einslege med barn under 14 månader. For einslege elles er stønadene avvikla. Stønader til dekning av utgifter i samband med yrkesretta aktivitet er avvikla for alle, ettersom det ikkje lenger blir stilt krav om yrkesretta aktivitet for rett til overgangsstønaden. Endringane er nærmare omtalt i Prop. 43 L (2025–2026) *Endringer i folketrygdloven (delvis avvikling av stønad til enslig mor eller far)* og Prop. 1 S (2025–2026) *Arbeids- og inkluderingsdepartementet*. Bakgrunnen for den delvise avviklinga er bl.a. at ordningane har fått mindre betydning over tid, samtidig som andre velferdsordningar og tenester gir einslege forsørgarar betre moglegheiter til arbeid og sjølvforsørging.

Frå 1. juli 2026 er formålet med stønadene løyvde under postane 70–73 å sikre inntekt for foreldre som i ein midlertidig periode er ute av stand til å forsørge seg sjølve gjennom arbeid fordi dei er aleine om omsorga for små eller særleg tilsynskrevjande barn. Aleineomsorg for barn ligg etter lova føre når den einslege forelderen varig har klart meir av den daglege omsorga enn den andre forelderen. Full overgangsstønad utgjer 2,25 G per år (grunnbeløpet i folketrygda). Stønaden er inntektsprøvd og blir redusert med 45 pst. for inntekt som overstig halvparten av grunnbeløpet i folketrygda.

For einslege med aleineomsorg for barn under 14 månader kan overgangsstønad bli gitt til og med den kalendermånaden barnet fyller 14 månader. I direkte tilknyting til ein løpande stønadsperiode kan stønadsperioden bli forlenga med inntil 24 månader, dersom barnet har ein forbigåande sjukdom som hindrar stønadsmottakaren i å arbeide. For einslege med aleineomsorg for særleg tilsynskrevjande barn, kan overgangsstønad bli gitt så lenge vilkåra for stønad er oppfylte, fram til utløpet av den månaden barnet fyller 18 år.

Stønad til barnetilsyn til einsleg mor eller far som er i arbeid, kan bli gitt dersom den einslege må overlate nødvendig tilsyn med barn under 14 månader til andre pga. arbeidet. For barn som må ha vesentleg meir tilsyn enn det som er vanleg for jamaldra barn, kan det givast stønad til barnetilsyn også når barnet er mellom 14 månader og 18 år. Det same gjeld når den einslege pga. arbeidet sitt må vere borte frå heimen i lengre periodar eller på andre tidspunkt enn det ein vanleg arbeidsdag medfører. Stønad til barnetilsyn kan også bli gitt i inntil eitt år når den einslege har en forbigåande sjukdom som hindrar vedkomande i å vere i arbeid.

Endringane i stønad til einsleg mor eller far gjeld berre for nye mottakarar frå og med 1. juli 2026. Det er fastsett forskrift om overgangsreglar som inneber at einslege som har søkt om og fått innvilga stønad etter dei reglane som gjaldt fram til 1. juli 2026, vil kunne behalde stønadene heilt fram til 1. juli 2031. Dei som er omfatta av overgangsreglane og har plikt til å vere i yrkesretta aktivitet, kan få stønader som kompenserer for utgifter knytte til gjennomføringa av den yrkesretta aktiviteten, sjå § 9 i forskrift 25. juni 2026 nr. 1361 om overgangsregler i forbindelse med endringer i folketrygdloven kapittel 15 Stønad til enslig mor eller far frå 1. juli 2026.

Rapport

Utgiftsutviklinga

Stønadsutgifter til einsleg mor eller far, løpande kroner (i 1 000 kroner) ved utgangen av 2023–2025

År	2023	2024	2025	Endring 2024–2025 pst.
Post 70 Overgangsstønad	1 581 617	1 605 440	1 573 848	-2

Frå 2024 til 2025 gjekk utbetalingane av overgangsstønad ned med 2 pst. Målt i fast G gjekk utgiftene til overgangsstønad ned med 6,5 pst.

Fast G inneber at rekneskapstala er justerte for utviklinga i grunnbeløpet i folketrygda, slik at dei årlege utgiftene blir meir samanliknbare. Nedgangen i utgifter målt i fast G kjem i hovudsak av at det gjennomsnittlege talet på mottakarar av overgangsstønad har gått ned over åra.

I første halvår 2026 blei det rekneskapsført 810 mill. kroner i overgangsstønad til einsleg mor eller far under kap. 2620, post 70. Dette inneber ein oppgang i utgiftene til overgangsstønad på om lag 1,9 pst. samanlikna med første halvår 2025.

Mottakarar av overgangsstønad og stønad til barnetilsyn

Ved utgangen av 2025 fekk om lag 8 690 personar overgangsstønad. Det er ein nedgang på om lag 455 personar, eller om lag 5 pst., frå året før. Ved utgangen av første halvår 2026 var det om lag 8 940 personar som fekk overgangsstønad, ein reduksjon på 2,2 pst. frå same perioden året før. Samanlikna med juni 2006 og juni 2016 er nedgangen på hvv. 66,7 pst. og 47,4 pst.

Ved utgangen av 2025 fekk 3 415 personar stønad til barnetilsyn, ein nedgang på om lag 17,5 pst. frå utgangen av 2024. Av dei som fekk stønad til barnetilsyn ved utgangen av 2025 mottok om lag 48 pst. overgangsstønad samtidig.

Budsjettforslag 2027

Post 70 Overgangsstønad, overslagsløyving

Frå 1. juli 2026 er det berre einslege foreldre med aleineomsorg for barn under 14 månader eller med aleineomsorg for særleg tilsynskrevjande barn som vil få innvilga stønaden. Det er anslått at det i gjennomsnitt vil vere om lag 5 680 mottakarar av overgangsstønad i 2027. Den gjennomsnittlege ytinga er anslått til om lag 192 920 kroner i 2027.

Utgiftsanslaget for 2027 inkluderer anslått effekt av trygdeoppgjeret i 2027. Som følge av dette aukar utgiftsanslaget for 2027 isolert sett med til saman 44 mill. kroner.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 1,1 mrd. kroner.

Post 72 Stønad til barnetilsyn til einsleg mor eller far i arbeid, overslagsløyving

Stønad til barnetilsyn dekker 64 pst. av dei dokumenterte utgiftene til barnetilsyn opp til ein maksimumssats. Stønad til barnetilsyn blir gitt uavhengig av retten til overgangsstønad.

Frå 1. juli 2026 kan stønad til barnetilsyn til einsleg mor eller far som er i arbeid som hovudregel berre bli gitt dersom den einslege må overlate nødvendig tilsyn med barn under 14 månader til andre pga. arbeid. For barn som må ha vesentleg meir tilsyn enn det som er vanleg for jamaldra barn, kan det givast stønad til barnetilsyn også når barnet er mellom 14 månader og 18 år. Det er anslått at om lag 240 personar vil få stønad til barnetilsyn i 2027. Gjennomsnittleg årleg yting blir anslått til om lag 16 250 kroner.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 4 mill. kroner.

Post 73 Tilleggsstønader og stønad til skolepengar, overslagsløyving

Post 73 omfattar stønad til skolepengar og andre tilleggstønader som berre blir gitt til mottakarar av overgangsstønad som har plikt til å vere i yrkesretta aktivitet. Berre dei einslege som har søkt og var innvilga stønader etter dei reglane som gjaldt fram til 1. juli 2026, kan no få desse stønadene. Dei nærmare reglane om kva for stønader dei som er omfatta overgangsreglane kan få, er regulert i overgangsforskrifta § 9.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 1 mill. kroner.

Programkategori 29.50 Inntektssikring ved sjukdom, arbeidsavklaring og uførleik

Utgifter under programkategori 29.50 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
2650	Sjukepengar m.m.	70 950 140	74 941 200	80 603 200	7,6
2651	Arbeidsavklaringspengar m.m.	52 155 417	56 550 000	59 829 900	5,8
2652	Eit enklare Nav – forsøk med aktivitetspengar for unge		7 000	284 000	3 957,1
2655	Uføretrygd m.m.	133 430 757	140 921 000	150 291 000	6,6
	Sum kategori 29.50	256 536 314	272 419 200	291 008 100	6,8

Utgifter under programkategori 29.50 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
50–89	Overføringar til andre	256 536 314	272 419 200	291 008 100	6,8
	Sum kategori 29.50	256 536 314	272 419 200	291 008 100	6,8

Programkategori 29.50 *Inntektssikring ved sjukdom, arbeidsavklaring og uførleik* omfattar i hovudsak løyvingar til dei helserelaterte ytingane i folketrygda.

Eit godt velferdssystem skal gi tryggleik både i kvardagen og når ein møter utfordringar. Inntektssikringsordningane skal gi økonomisk tryggleik ved inntektstap og bidra til utjamning av levekår. Samtidig skal ordningane støtte opp under arbeidslinja, ved at det skal lønne seg å arbeide og utnytte restarbeidsevna. Det skal støtte opp under arbeidet med *Mål 3: Redusere sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet* og *Mål 7: Inntektssikringsordningar som gir økonomisk tryggleik og samtidig stimulerer til arbeid.*

Dei helserelaterte ytingane har ulike formål, og både inngangsvilkåra, varigheita og kompensasjonsgraden varierer. Det er likevel ein nær samanheng mellom dei. Sjukepengar, arbeidsavklaringspengar og uføretrygd inngår som ulike delar av eitt og same stønadsforløp for mange mottakarar, og utviklinga i kor mange som får éi yting, kan dermed påverke dei andre. Utviklinga for dei enkelte ytingane bør derfor sjåast i samanheng over tid.

Redusere sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet

Utviklinga i sjukefråværet dei seinare åra, og i mottaket av dei andre helserelaterte ytingane, viser at det trengst ein forsterka innsats for å redusere sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet der alle aktørane bidrar. Dette ligg som eit bakteppe for Avtale om redusert sjukefråvær og fråfall frå

arbeidslivet (IA-avtalen) 2025–2028, sjå samla omtale i boks 6.3.

Samtidig er årsakene samansette og krev forsterka og koordinerte tiltak også utover ramma av IA-avtalen, ikkje minst knytte til helsetenesta og sjukmeldaren si rolle. Som ein del av regjeringa sin plan for Noreg, har Helse- og omsorgsdepartementet og Arbeids- og inkluderingsdepartementet derfor gått saman om prosjektet Ei friskare befolkning. Eit sentralt mål for arbeidet er å redusere sjukefråværet og å sørge for at færre fell ut av arbeidslivet. For å lukkast må ein sjå arbeid og helse betre i samanheng, og ein må legge til rette for at folk i så stor grad som mogleg kan stå i arbeid med den helsa dei har. For ein nærmare omtale av breidda i prosjektet, sjå del I, punkt 1.3 og Prop. 1 S (2026–2027) for Helse- og omsorgsdepartementet.

Gjennom prosjektet Ei friskare befolkning og i oppfølginga av IA-avtalen har regjeringa sett i gang arbeid med ei rekke tiltak retta mot alle aktørane for å redusere sjukefråværet. Sjukmeldarane treng betre verktøy og støtte i rolla som portvaktarar og for å auke bruken av gradert sjukmelding, redusere lengda på sjukmeldingane, og i større grad vurdere alternativ til sjukmelding. Arbeidsgivarane må betre oppfølginga og tilretteleggingа av arbeidet for sjukmelde arbeidstakarar, og arbeidstakarane må i større grad bidra til retur til jobb og oppfylle medverknads- og aktivitetsplikta i sjukefråværet for å kunne få sjukepengar. Oppfølginga frå Arbeids- og velferdsetaten må utviklast samtidig som etaten utøver god kontroll og handheving. Dessutan må det bli betre dialog og samhandling mellom aktørane i sjukefråværsoppfølginga. Fleire av tiltaka følger opp anbefalingar frå ei arbeidsgruppe frå 2024 om utvikling av sjukefråværsoppfølginga.[20]

Betre sjukefråværsoppfølging

Eit effektivt og tenleg system for oppfølging av sjukmelde står sentralt i arbeidet med å redusere sjukefråværet. I dag finst det eit omfattande lovregulert system for rollene dei ulike aktørane har i oppfølginga av sjukefråvær. Arbeidsgivaren har hovudansvaret for å legge arbeidet til rette og for å følge opp arbeidstakarar som er sjukmelde, mens sjukmelde har plikt til å medverke, vere i arbeidsrelatert aktivitet og samarbeide om å finne løysingar. Sjukmeldaren og Arbeids- og velferdsetaten har òg klart definerte roller i oppfølgingsarbeidet, og etaten har i tillegg eit særleg ansvar for å følge opp sjukmelde utan arbeidsgivar. Det er fastsett «stoppunkt» med konkrete krav til oppfølging innan gitte tidsfristar, bl.a. dialogmøte 2, som i utgangspunktet skal gjennomførast for alle sjukmelde seinast innan 26 vekers sjukefråvær.

Aktivitetskravet har òg ei sentral rolle i sjukefråværsoppfølginga. Det inneber at den sjukmelde så tidleg som mogleg, og seinast innan åtte veker, skal vere i arbeidsrelatert aktivitet. Den sjukmelde kan få unntak frå dette aktivitetskravet når medisinske grunnar klart er til hinder for slik aktivitet, eller når arbeidsrelaterte aktivitetar ikkje kan gjennomførast på arbeidsplassen.

Departementet hadde vinteren 2026 på høyring forslag om endringar i medverknads- og aktivitetspliktene til den sjukmelde og tilretteleggingsplikta til arbeidsgivaren. Endringane skal tydeleggjere ansvaret den sjukmelde har for å delta aktivt og ta initiativ i oppfølgingsarbeidet og plikta arbeidsgjevaren har til å legge til rette, for å styrke samarbeidet mellom dei og for å få sjukmelde raskare tilbake i arbeid. Det kan også forenkle oppfølgings- og rettleiingsarbeidet til Arbeids- og velferdsetaten. Departementet tar sikte på å fremme ein lovproposisjon rundt årsskiftet 2026-2027.

Regjeringa ønsker ei meir behovstilpassa sjukefråværsoppfølging frå Arbeids- og velferdsetaten og har sett i verk eit lovarbeid for å regulere dette. Intensjonen er at etaten skal prioritere sjukmelde etter behov, og at det skal vere tidleg dialog mellom aktørane, individuell rettleiing og meir bruk av arbeidsmarknadstiltak. Målet er at fleire skal komme raskare tilbake i arbeid, og at ressursane til etaten blir brukte meir effektivt. Departementet tar sikte på å sende forslag på høyring våren 2027. Å utvikle eit system for å identifisere sjukmelde med behov for oppfølging er òg ein sentral del av arbeidet. Arbeids- og velferdsdirektoratet har utvikla ein første versjon av ei slik løysing, som blir prøvd ut ved fleire Nav-kontor i alle fylka med sikte på å tilby ho til heile landet.

Arbeids- og velferdsetaten gjennomfører eit forsøk med forsterka oppfølging i seks fylke retta mot sjukmelde med låge og uklare jobbutsikter. Forsøket inneber å utvikle og prøve ut ein oppfølgingsmetodikk som er tilpassa målgruppa. Formålet er å redusere omfanget av gjentakande sjukefråvær ved hjelp av ei meir føreseieleg og systematisk oppfølging og meir aktiv bruk av arbeidsretta tiltak og andre verkemiddel. Prosjektet er ein del av oppfølginga av Avtale om redusert sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet (IA-avtalen) 2025–2028 og blir gjennomført i perioden frå 2025

[20] https://www.regjeringen.no/globalassets/departementene/aid/bilder/rapporter/2025/mars-2025/rapport-utvikling-av-sykefravarsoppfolgingen1682053.pdf

til 2028. Oxford Research har fått i oppdrag å evaluere forsøket.

Arbeids- og velferdsdirektoratet har starta eit arbeid med å vidareutvikle meir konkret informasjon og rettleiing frå etaten til arbeidsgivarar og arbeidstakarar, inkludert å utforske «dulting» som verktøy for å auke etterlevinga av regelverket. Dulting kan vere eit tiltak retta mot dei ulike aktørane for å endre åtferd i ønskt retning. Arbeidet omfattar i første omgang rettar og plikter for arbeidsgivarar og arbeidstakarar. Bl.a. testar etaten ut bruk av dulting for å få fleire til å lage oppfølgingsplan og gjennomføre dialogmøte 1 mellom den sjukmelde og arbeidsgivaren. Arbeidet er ein del av oppfølginga av Avtale om redusert sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet (IA-avtalen) 2025–2028.

Tiltak for å styrke sjukmeldaren si rolle i sjukmeldingsarbeidet

I arbeidet med å redusere sjukefråværet har sjukmeldaren ei sentral rolle. Gradert sjukmelding skal vere hovudalternativet ved sjukmelding, sidan det kan gi auka yrkesdeltaking og kortare sjukefråvær. Regjeringa arbeider med fleire tiltak retta mot sjukmeldaren, som skal støtte opp om auka bruk av gradert sjukmelding

Over tid har det komme på plass fleire verkemiddel for å støtte opp om sjukmeldarrolla i sjukefråværsoppfølginga. Det er etablert ein rettleiar som skal gi fagleg støtte til sjukmeldarar og bidra til meir føreseielege vilkår og meir likebehandling i sjukmeldingsprosessen. Vidare er det etablert obligatorisk opplæring i sjukmeldingsarbeid for å sikre at legar har tilstrekkeleg kunnskap til å vurdere arbeidsevna til pasientane og moglegheita deira til å vere heilt eller delvis i arbeid. Det er òg utvikla kurs i sjukmeldingsarbeid. Dette er del av kursporteføljen til *Stiftelsen Senter for kvalitet i legetjenester* (SKIL).

Partane i Avtale om redusert sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet (IA-avtalen) 2025–2028 er einige om å sette i verk prosjektet *Berekraftig sjukmelding*. Prosjektet skal styrke rolla til fastlegen i sjukefråværsarbeidet og auke helsekompetansen i befolkninga. Prosjektet omfattar både bevisstgjering og opplæring av fastlegane om sjukmeldingspraksisen deira. Å auke helsekompetansen i befolkninga inneber å styrke forståinga av at sjukmelding berre er eitt av fleire moglege tiltak når funksjonsevna er nedsett. Sjukmelding kan ha både positive og negative effektar, og ein skal vere open for ulike løysingar når ein oppsøker lege. Målet er at dialogen mellom lege og pasient om sjukmelding skal bli betre og bidra til færre, kortare og fleire graderte sjukmeldingar. Den norske legeforening gjennomfører prosjektet, i nært samarbeid med partane i arbeidslivet. Prosjektet skal gjennomførast i perioden 2025–2028. Evalueringsoppdraget er kunngjort med sikte på oppstart hausten 2026. Sjå òg omtale under kap. 601, post 75.

I takstforhandlingane i 2026 blei staten og kommunane einige med Den norske legeforening om ei rekke nye takstar i normaltariffen for fastlegar og avtalespesialistar, som skal bidra til lågare sjukefråvær og auka bruk av graderte sjukmeldingar. Bl.a. er det innført nye takstar for dei konsultasjonane der sjukmelding er relevant. Det blir gitt lågare takst ved full sjukmelding, høgare takst for gradert sjukmelding og høgast takst for inga sjukmelding. I tillegg er det innført ein ny takst for jobbfokusert samtale med sjukmeld pasient, som kan gi systematikk og tydelegare retning i dialogen mellom pasient og lege for å finne alternativ til sjukmelding. Det er òg innført ein ny takst for dialog om tilrettelegging på arbeidsplassen der både arbeidsgivaren og den sjukmelde deltar. Denne taksten skal kunne nyttast i samanheng med vurdering av sjukmelding. Effekten av dei nye takstane skal vurderast fram mot takstforhandlingane neste år.

Helsedirektoratet har i samarbeid med Arbeids- og velferdsdirektoratet fått i oppdrag å utarbeide ei nasjonal fagleg retningslinje om sjukmeldingsarbeid i 2026, som skal ha sterkare grad av normering enn dagens sjukmeldingsrettleiar. Formålet med retningslinja er å bidra til færre, kortare og fleire graderte sjukmeldingar. Diagnosegrupper med størst forventa effekt av den faglege normeringa på sjukefråværet skal prioriterast i arbeidet. Arbeidet blir gjennomført i dialog med Legeforeningen, Norsk Kiropraktorforening og Norsk Manuellterapeutforening. Det er òg dialog med brukarrepresentantar. Utkast til retningslinje skal publiserast innan utgangen av 2026 og vil bli sendt på høyring tidleg i 2027.

Arbeids- og velferdsdirektoratet har i samarbeid med Helsedirektoratet starta opp arbeid med utvikling av avgjerdsstøtte for å kunne gi betre støtte til sjukmeldaren i vurderingar av behov for og omfang av sjukmelding. Det skal bl.a. utviklast funksjonalitet for visning av fagleg retningslinje for sjukmeldingsarbeid og for betre funksjonsvurderingar i legane sine elektroniske pasientjournalsystem. Målet er at sjukmeldaren ved vurdering av behov for sjukmelding skal ha enkel tilgang til dei faglege retningslinjene, som skal støtte opp under og gi meirverdi i sjukmeldarane sine trygdemedisinske vurderingar. Regjeringa foreslår å styrke etaten si løyving til arbeidet, sjå omtale under kap. 605, post 01.

Boks 6.3 Avtale om redusert sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet (IA-avtalen) 2025–2028

I avtalen signert 12. februar 2025 er myndigheitene og partane i arbeidslivet einige om ein kraftigare innsats frå alle partar for å få ned sjukefråværet. Innsatsen omfattar:

- å forsterke den førebyggande arbeidsmiljøinnsatsen
- å gjere sjukefråværsoppfølginga betre
- å forsterke innsatsen på kvar enkelt arbeidsplass
- å auke kunnskapen om sjukefråvær, fråfall og verknadsfulle tiltak for få ned fråværet

Avtalepartane er einige om at alle aktørane i *sjukefråværsoppfølginga* må følge opp pliktene sine betre, og at det trengst nye tiltak for å auke innsatsen til alle aktørane. Arbeids- og inkluderingsdepartementet har hatt på høyring forslag til endringar i folketrygdlova og arbeidsmiljølova i reglane om medverknads-, aktivitets- og tilretteleggingsplikta m.m. ved sjukefråvær. Departementet har også sett i gang eit arbeid for å regulere ei meir behovstilpassa sjukefråværsoppfølging frå Arbeids- og velferdsetaten, og etaten har starta opp eit *forsøk med forsterka oppfølging av sjukmelde med uklare jobbutsikter*. Sjå omtalen under Betre sjukefråværsoppfølging.

Prosjektet *Berekraftig sjukmelding* er sett i verk. Sjå omtalen under Tiltak for å styrke sjukmeldaren si rolle i sjukmeldingsarbeidet og kap. 601, post 75.

Den breie *kunnskapsinnhentinga* avtalt i IA-avtalen, som hentar inn kunnskap om årsaker til utviklinga i sjukefråværet og vurderer behovet for nye tiltak, held fram ut 2026. Rapport frå arbeidet vil bli publisert vinteren 2026/2027. Partane skal bruke 2027 og 2028 til å vurdere justeringar i tiltaka i IA-avtalen og behovet for nye tiltak basert på denne kunnskapen. Kunnskapsinnhentinga er forankra i Arbeidslivs- og pensjonspolitisk råd.

I tillegg er desse verkemidla førte vidare frå IA-avtalen 2019–2024:

Satsinga på kunnskapsutvikling (IA-FoU-programmet og statistikkforum) er ført vidare. Sjå nærmare omtale under kap. 601, post 22.

Arbeidsmiljøsatsinga i regi av Arbeidstilsynet, STAMI, Arbeids- og velferdsetaten og Havindustritilsynet bidrar til å støtte opp under partane sitt ansvar for førebyggande arbeidsmiljøarbeid i verksemdene. Per april 2026 er det utvikla verktøy for 33 ulike bransjar, tilgjengelege på Arbeidsmiljøportalen. Arbeidet for å få fleire verksemder til å ta verktøya i bruk held fram, bl.a. ved at partane i arbeidslivet har forplikta seg til å formidle kunnskap frå satsinga til medlemmene sine.

For å målrette innsatsen mot bransjar med stort potensial for å redusere sjukefråvær og fråfall er det etablert *bransjeprogram* i utvalde bransjar. Bransjeprogramma skal formidle aktivitetar, tiltak og verktøy for betre arbeidsmiljø og lågare sjukefråvær i sin bransje. Det er etablert bransjeprogram i elleve bransjar: sjukehus, sjukeheimar, barnehagar, leverandørindustrien innanfor olje og gass, næringsmiddelindustrien, rutebuss- og persontrafikk, bygg og anlegg, heimetenesta, butikkhandel, barnevern og undervisning. Dei siste fire blei oppretta i 2025. Arbeidet i programma er knytt til arbeidsmiljøsatsinga gjennom felles planar og møtepunkt.

Opplæring i arbeidsmiljøarbeid inneber at partane i arbeidslivet aktivt skal formidle informasjon og kunnskap til medlemmene sine om betydninga av førebyggande arbeidsmiljøarbeid, riktig og aktiv sjukefråværsoppfølging og lokalt partssamarbeid.

Den samla innsatsen til Arbeids- og velferdsetaten overfor verksemdene, inkludert frå Nav Arbeidslivssenter, skal sikre *heilskaplege og koordinerte tenester til arbeidsgivarar,* både gjennom sjølvbetente digitale tenester og tenester med prosesstøtte til prioriterte verksemder. Arbeids- og velferdsetaten sin innsats overfor verksemdene er retta mot å støtte opp under arbeidet deira med å utvikle arbeidsmiljøet og forbetre sjukefråværsoppfølginga.

HelseIArbeid, ein modell for tenestesamhandling om helsefremmande og førebyggande tiltak retta mot arbeidslivet, og *Tilskot til ekspertbistand* til bruk i enkeltsaker med lange og/eller hyppig gjentakande sjukefråvær, er førte vidare i den nye avtalen. Sjå omtale under høvesvis Arbeid og helse og kap. 2650, post 76.

Betre dialog mellom aktørane i eit sjukefråvær

Mangel på relevant informasjon til rett tid er ei av fleire utfordringar i oppfølginga av sjukmelde. Det er sett i verk arbeid med fleire tiltak for å betre samhandlinga og informasjonsutvekslinga mellom aktørane. Sjå òg omtale av *Arbeid og helse* nedanfor.

Arbeids- og velferdsdirektoratet samarbeider med Helsedirektoratet om å forbetre informasjonsutvekslinga mellom Arbeids- og velferdsetaten og helsetenesta. Regjeringa foreslår å styrke etaten si løyving til arbeidet i 2027, sjå omtale under kap. 605, post 01. Arbeidet skal bidra til betre kvalitet på dei helseopplysningane som blir utveksla, redusert ressursbruk, auka rettstryggleik for brukarar og auka endringsevne for Arbeids- og velferdsetaten. Som del av arbeidet blir det i første omgang utvikla ei ny digital sjukmeldingsløysing. Det vil vere behov for lovendring for å ta den nye sjukmeldingsløysinga i bruk, og departementet tar sikte på å sende forslag på høyring hausten 2026. Ambisjonen er at den nye sjukmeldingsløysinga blir tatt i bruk kort tid etter at dei nødvendige lovendringane er vedtatte, og at den eksisterande løysinga blir avvikla sommaren 2028. Ny sjukmeldingsløysing er ein føresetnad for vidare tenesteutvikling på fleire område, for eksempel arbeidet med avgjerdsstøtte for sjukmeldaren, sjå nærmare omtale ovanfor.

Arbeids- og velferdsdirektoratet arbeider med å lage ei digital samhandlingsløysing slik at det blir enklare for aktørane i sjukefråværsoppfølginga å dele relevant informasjon med kvarandre. Direktoratet gjennomførte i 2025 eit forprosjekt. Basert på anbefalingane frå forprosjektet jobbar direktoratet med nødvendige regelverksendringar og forslag til konseptval. Samtidig ser direktoratet på korleis eksisterande løysingar kan forbetrast. Arbeidet i denne fasen skal vere ferdig i løpet av 2026, og departementet tar sikte på å sende forslag til lovendringar på høyring våren 2027.

Arbeid og helse

Mange med ulike helseproblem har behov for samtidig bistand frå både arbeids- og velferdsforvaltninga og helse- og omsorgstenestene for å komme eller bli verande i arbeid og få betre helse. Helse- og omsorgstenestene og arbeids- og velferdsforvaltninga må derfor samarbeide for å kunne møte behovet brukarane har for tenester. Helse- og omsorgsdepartementet og Arbeids- og inkluderingsdepartementet vil halde fram samarbeidet om dette i 2027.

Regjeringa jobbar for å betre tenestetilbodet til personar som treng samtidige helsetenester og arbeidsretta tenester for å bli verande i eller komme i arbeid. Dette handlar bl.a. om å utvikle og spreie verksame samhandlingstilbod for ulike brukar- og pasientgrupper. Arbeids- og velferdsdirektoratet og Helsedirektoratet arbeider også med å utvikle arbeid og helse som fagfelt.

Regjeringa vil bygge ut tilbodet om individuell jobbstøtte (IPS) og har som mål å få på plass eit landsdekkande tilbod. Det skal bidra til at fleire personar med moderate til alvorlege psykiske lidingar og/eller rusmiddelproblem kjem over i lønna arbeid. Regjeringa foreslår ei styrking i 2027, sjå nærmare omtale under programkategori 09.30.

HelseIArbeid er ein modell for tenestesamhandling som dreier seg om helsefremmande og førebyggande tiltak retta mot arbeidslivet, sett saman av eit individtiltak og eit bedriftstiltak. Modellen er retta mot grupper som står i fare for å bli sjukmelde eller falle ut av arbeidslivet pga. muskel- og skjelettplager og/eller psykiske plager. Arbeids- og velferdsdirektoratet har som ei oppfølging av IA-avtalen utvikla eit digitalt alternativ til bedriftstiltaket som krev mindre ressursar frå helsetenesta, sjå nærmare omtale i boks 6.3.

Arbeids- og velferdsdirektoratet og Helsedirektoratet prøver ut to ulike modellar for systematisk tenestesamhandling mellom Arbeids- og velferdsetaten og kommunehelsetenesta. Modellane er retta mot personar med milde til moderate psykiske lidingar, eventuelt også muskel- og skjelettplager, som har behov for både arbeidsretta tenester og behandling for å stå i arbeid. I den eine modellen samarbeider Arbeids- og velferdsetaten og Rask psykisk helsehjelp (RPH) om felles brukarar. I den andre modellen samarbeider Navrettleiaren, arbeidsretta kognitiv terapeut i kommunen og fastlege. Målet med modellutviklinga er at pasientar/brukarar skal oppleve eit heilskapleg og godt koordinert tenestetilbod. Det skal igjen bidra til forbetra helsetilstand og meistringsevne, raskare retur til arbeid og redusert overgang til arbeidsavklaringspengar og uføretrygd.

Rapport frå følgeforsking på pilotane blei levert i april 2026. Bl.a. på bakgrunn av anbefalingar frå følgeforskarane, er innrettinga av modellane justert gjennom 2026. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til utprøvinga for å etablere fleire pilotar frå 2027, sjå omtale under kap. 605, post 01 og forslag til løyvingsauke under Helse- og omsorgsdepartementet sitt budsjett. Slik vil tilbodet nå ut til fleire brukarar samtidig som det vil legge eit betre grunnlag for vidare evaluering. Satsinga er ein del av Opptrappingsplanen for psykisk helse (2023–2033). Sjå òg

omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Helse- og omsorgsdepartementet.

Direktorata fekk i 2026 i oppdrag å innarbeide effektar av arbeidsdeltaking på helse og livskvalitet i prioriteringsrettleiarar for helse- og omsorgstenesta og i andre normerande dokument, for å gjere helse- og omsorgstenesta meir merksam på betydninga av arbeidsdeltaking. Direktorata har tidlegera utarbeidd felles nasjonale faglege råd for Individuell jobbstøtte (IPS) og HelseIArbeid, som no blir implementerte i tenestene. Saman med dei regionale helseforetaka har direktorata i 2026 også etablert eit interregionalt nettverk for helse og arbeid.

Sjå òg omtale av arbeid og helse i Prop. 1 S (2026–2027) for Helse- og omsorgsdepartementet.

Inntektssikringsordningar som gir økonomisk tryggleik og samtidig stimulerer til arbeid

Det norske velferdssamfunnet har gode ordningar for inntektssikring ved inntektstap og eit godt offentleg tilbod av tenester, samtidig som arbeidslinja står sentralt i velferdspolitikken. Inntektssikringsordningane skal gi økonomisk tryggleik til personar som midlertidig eller varig ikkje kan delta i arbeidslivet, og gjennom det bidra til utjamning av inntekt og levekår og støtte sosial inkludering. Ordningane skal sikre inntekt og kompensere for særlege utgifter i samanheng med sjukdom, arbeidsløyse, sjukdom hos barn, midlertidig svikt i arbeids- og inntektsevna, uførleik og alderdom.

Ordningane skal utformast slik at dei i tilstrekkeleg grad tar omsyn til målet om høg sysselsetting og eit omstillingsdyktig arbeidsliv. Det skal vere lønnsamt for kvar og ein å utnytte arbeidsevna si, og ein skal ha økonomisk tryggleik som støttar viljen og evna til å ta risiko. Utover omsyna til insentiv og fordeling bidrar inntektssikringsordningane, og særleg dagpengeordninga, til å stabilisere den økonomiske utviklinga.

Folketrygda er utforma slik at ein i hovudsak opparbeider seg rettar gjennom arbeid. Nivået på ytingane er stort sett knytt til tidlegare inntekt, og for fleire ytingar er tidlegare arbeidsinntekt òg ein føresetnad for å komme inn under ordninga. Det sikrar at ordningane har eit betydeleg innslag av forsikring. Det gir òg insentiv til å opparbeide seg rettar til ytingar gjennom arbeid.

Kompensasjonsgraden, eller kor stor andel av den tapte inntekta som blir erstatta, er noko ulik i dei forskjellige ordningane. For sjukepengar, pleiepengar, omsorgspengar og opplæringspengar blir det som hovudregel gitt full inntektskompensasjon opp til seks gonger grunnbeløpet i folketrygda (G). Dei andre ordningane har ein lågare kompensasjonsgrad.

Bruk av forsøksordningar for å teste ut om justeringar fungerer etter intensjonen, kan bidra i arbeidet med å vidareutvikle gode ordningar for inntektssikring. Departementet har sett i gang eit forsøk med eit arbeidsretta ungdomsprogram med ei ungdomsyting, der nedsett helsetilstand ikkje er eit inngangsvilkår. Målet med ungdomsprogrammet er å auke overgangen til jobb og utdanning, og førebygge og avgrense tilstrøyminga til helserelaterte ytingar. I 2024 fekk departementet òg ein søknad frå Arbeids- og velferdsdirektoratet om å etablere eit forsøk med *Eit enklare Nav*. Forsøket skal prøve ut ei ordning der unge under 30 år får éi samla yting, kalla aktivitetspengar for unge, og tett, individuelt tilpassa oppfølging og aktivitet. Regjeringa tar sikte på å starte forsøket i november 2026.

Begge desse forsøka skal bidra til at unge kjem raskare i gang med arbeidsretta oppfølging, bl.a. ved at dei får tilgang til inntektssikring utan eit helserelatert inngangsvilkår. Sjå nærmare omtale av Ungdomsprogrammet under kap. 634, post 70 og Eit enklare Nav – aktivitetspengar for unge under kap. 2652, post 70.

Områdegjennomgang av dei helserelaterte ytingane i folketrygda

I 2024 og 2025 blei det gjennomført ein områdegjennomgang av dei helserelaterte ytingane i folketrygda, som resulterte i to rapportar.[21] I den første rapporten kartla utgreiarane bruken av helserelaterte ytingar og drivarar bak utviklinga, og dei framheva ti barrierar for arbeidsdeltaking blant mottakarar av helserelaterte ytingar. I sluttrapporten anbefalte utgreiarane ei rekke tiltak innanfor fire tiltaksområde for å auke sysselsettinga.

Med områdegjennomgangen fekk regjeringa eit grunnlag for vidare arbeid med tiltak for auka sysselsetting og redusert bruk av helserelaterte ytingar. I Prop. 1 S (2025–2026) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet blei det gjort nærmare greie for departementet sine vurderingar og

[21] Oslo Economics, Frischsenteret og OsloMet (2025). Områdegjennomgang av helserelaterte ytelser i folketrygden: Delrapport 1 – Kartlegging og oppsummering av kunnskap. Rapport 2025:42. Oslo: Oslo Economics

Oslo Economics, Frischsentert og OsloMet (2025). Områdegjennomgang av helserelaterte ytelser i folketrygden: Delrapport 2 – Tiltak. Rapport 2025:43. Oslo: Oslo Economics

det planlagde oppfølgingsarbeidet. Dei anbefalte tiltaka femnar breitt, og arbeidet med oppfølging og implementering følger derfor ulike løp. Mange av tiltaka blir utgreidde nærmare før ev. implementering. Anbefalingane blir òg sette i samanheng med anna arbeid knytt til dei helserelaterte ytingane. For eksempel er oppfølging av anbefalingane om tiltak for å redusere sjukefråværet tett kopla saman med arbeidet med å følge opp IA-avtalen og integrert i prosjektet Ei friskare befolkning, sjå nærmare omtale under mål 3 over.

Gjennomgang av pleiestønader for barn

Familiar med pleietrengande barn kan få både dei statlege ytingane pleiepengar og hjelpestønad og den kommunale ytinga kommunal omsorgsstønad. Arbeids- og inkluderingsdepartementet lyste ut eit eksternt utgreiingsoppdrag hausten 2025, i samarbeid med Helse- og omsorgsdepartementet og Finansdepartementet, for å få meir kunnskap om bruk og sambruk av dei tre ordningane. Proba Samfunnsanalyse vann oppdraget og held på med ei utgreiing, der dei undersøker korleis ein kan sikre eit meir treffsikkert system som hindrar at same pleiebehov blir dekt av dei ulike ordningane på same tid. Dei skal også utgreie alternative innretningar av ordningane, som kan bidra til å redusere veksten i bruken av desse stønadene. Rapporten skal leverast til Arbeids- og inkluderingsdepartementet på nyåret i 2027.

Endringar i regelverk og praksis for å auke andelen uføretrygda som kombinerer trygda med arbeid

Om lag 20 pst. av dei uføretrygda kombinerer trygda med arbeid, og samfunnsgevinsten av å få fleire uføre i arbeid er stor. I 2026 blei det gjort endringar som gjer det meir lønsamt å kombinere arbeid og uføretrygd.

Frå 1. oktober 2026, med verknad frå 1. januar 2026, auka fribeløpet frå 0,4 til 1 gonger grunnbeløpet for dei som har hatt uføretrygd i minst to år. Dette gjer at mottakarar av uføretrygd kan tene meir før trygda blir redusert. Inntekt utover fribeløpet gjer at uføretrygda blir redusert med kompensasjonsgraden, som er forholdet mellom det ein får i uføretrygd (ved 100 pst. grad) og inntekta før ein blei ufør. For dei fleste uføre er denne om lag 60–70 pst. Dei med særleg høg kompensasjonsgrad kan få ein høgare reduksjonsprosent, i nokre tilfelle over 100 pst. Frå 1. juli 2026 blei det sett eit tak på reduksjonsprosenten for uføretrygda på 70 pst. når ein har arbeidsinntekt ved sida av. Det gjer at også dei med høg kompensasjonsgrad tener på å arbeide i kombinasjon med uføretrygda. Frå 1. juli 2026 blei også minste inntekt før uførleik for gifte/sambuande auka til same nivå som for einslege. Dette gjer uføregraden uavhengig av sivilstand og gjer at det blir noko meir lønnsamt for gifte/sambuande med låg tidlegare inntekt å arbeide ved sida av uføretrygda. Begge endringane fekk verknad frå 1. januar 2026.

Eit forslag om å legge om barnetillegget til uføretrygd til eit universelt, standardisert tillegg har vore på høyring. Formålet med forslaget er å forenkle reglane og å styrke arbeidsinsentiva. Høyringsfristen var 24. september 2026. Høyringsinnspela er no under vurdering i departementet.

Frå hausten 2026 sender Arbeids- og velferdsdirektoratet ei melding til alle mellom 18 og 30 år som mottek uføretrygd og har vore uføre i minst to år, med informasjon om moglegheiter for arbeidsretta oppfølging. Tiltaket følger opp eit av tiltaka i Meld. St. 33 (2023–2024) *En forsterket arbeidslinje*. Bakgrunnen er at fleire ønsker å jobbe, men ikkje veit kva reglar som gjeld og kva slags hjelp ein kan få. Sjå nærmare omtale under kap. 2655 Uføretrygd m.m.

Rett til sjukepengar for uføre

Regjeringa foreslår å avgrense retten til sjukepengar for uføre. Forslaget gjer at ein ikkje kan få dekt det same inntektstapet to gonger gjennom to ulike ytingar. Det vil bringe praksis meir i tråd med intensjonen bak regelverket og bidra til reduserte utgifter for folketrygda. Endringa stimulerer dessutan til arbeid og gjer det meir lønnsamt å vere gradert ufør med rett uføregrad samanlikna med å vere fullt ufør.

Eit utkast til lovendringar som inneber å avgrense retten til sjukepengar til den fastsette restarbeidsevna til den uføre, har vore på høyring. Departementet tar sikte på å legge fram eit lovforslag om kort tid, slik at endringane kan få verknad i 2027. Det er tatt høgde for det i budsjettframlegget. Sjå nærmare omtale av tiltaket under kap. 2650.

Kap. 2650 Sjukepengar m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
70	Sjukepengar for arbeidstakarar m.m., *overslagsløyving*	61 661 263	64 750 000	69 722 000
71	Sjukepengar for sjølvstendige, *overslagsløyving*	1 778 462	1 960 000	2 010 000
72	Pleie-, opplærings- og omsorgspengar m.m., *overslagsløyving*	3 891 268	4 460 000	4 750 000
75	Feriepengar av sjukepengar, *overslagsløyving*	3 564 905	3 720 000	4 070 000
76	Tilskot til ekspertbistand , *kan overførast*	54 242	51 200	51 200
	Sum kap. 2650	70 950 140	74 941 200	80 603 200

Overført frå 2025 til 2026:
Post 76: 16 995 000 kroner

Hovudtrekk ved regelverket

Sjukepengar skal kompensere for bortfall av arbeidsinntekt for yrkesaktive som er arbeidsuføre pga. sjukdom eller skade. Sjukepengeperioden er inntil eitt år. Arbeidsgivaren skal betale sjukepengar i inntil 16 kalenderdagar (arbeidsgivarperioden). Sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar har ikkje eit tilsettingsforhold hos ein arbeidsgivar og må derfor sjølve dekke tapt arbeidsinntekt i dei første 16 kalenderdagane av ein sjukepengeperiode. Sjukepengar blir berekna på grunnlag av tidlegare inntekt opp til seks gonger grunnbeløpet i folketrygda (G). Sjukepengar til arbeidstakarar og frilansarar blir gitte med 100 pst. av grunnlaget, mens sjølvstendig næringsdrivande får sjukepengar med 80 pst. av grunnlaget. Sjukepengar kan graderast ned til 20 pst. dersom ein er delvis arbeidsufør. Sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar kan, mot ein særskild premie, teikne forsikring som omfattar sjukepengar for dei første 16 sjukedagane og/eller sjukepengar med 100 pst. av grunnlaget. Folketrygdlova og arbeidsmiljølova pålegg arbeidsgivaren, Arbeids- og velferdsetaten og den sjukmelde ei rekke oppfølgings- og aktivitetskrav. Formålet med desse krava er å stimulere og hjelpe den sjukmelde heilt eller delvis tilbake i arbeidslivet så raskt som mogleg.

Pleiepengar og omsorgspengar skal kompensere for bortfall av arbeidsinntekt for yrkesaktive i samanheng med sjukdom hos barn. Pleiepengar kompenserer òg for bortfall av arbeidsinntekt ved pleie av nærståande i sluttfasen av livet. Opplæringspengar skal kompensere for bortfall av arbeidsinntekt for yrkesaktive i samanheng med opplæring som er nødvendig for å kunne ta seg av og behandle eit barn med langvarig sjukdom eller nedsett funksjonsevne.

Pleiepengar kan ytast til personar som har omsorg for eit barn under 18 år som pga. sjukdom, skade eller lyte treng kontinuerleg tilsyn og pleie. Ved omsorg for ein person med utviklingshemming som treng kontinuerleg tilsyn og pleie pga. livstruande eller annan alvorleg sjukdom, blir pleiepengane ytte utan omsyn til aldersgrensa på 18 år. Det blir gitt rett til framhald av pleiepengar i ein overgangsperiode på inntil seks veker eller tre månader ut frå bestemte vilkår dersom barnet døyr i stønadsperioden. Pleiepengar blir ytte med 100 pst. kompensasjon opp til seks gonger grunnbeløpet i folketrygda. Ved behov kan inntil to omsorgspersonar få pleiepengar samtidig. Pleiepengar blir graderte mot talet på timar barnet er i ei etablert tilsyns- og avlastingsordning, og dei kan graderast ned til 20 pst. Dei kan likevel graderast skjønnsmessig sjølv om barnet er under tilsyn av andre, dersom foreldra ikkje kan vere i inntektsgivande arbeid pga. nattevaking eller konstant beredskap.

Omsorgspengar kan ytast til arbeidstakarar som må vere borte frå arbeidet pga. omsorg for eit sjukt barn under tolv år. I utgangspunktet blir ytinga gitt i inntil ti stønadsdagar for kvart kalenderår. Dersom mottakaren har omsorg for meir enn to barn, blir det gitt omsorgspengar i opptil 15 dagar. Til ein arbeidstakar med kronisk eller langvarig sjuke eller funksjonshemma barn kan det givast ti stønadsdagar ekstra. Når arbeidstakaren

er aleine om omsorga, blir talet på stønadsdagar dobla. Arbeidsgivaren dekker dei første ti stønadsdagane, mens folketrygda dekker omsorgspengar utover ti stønadsdagar. Sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar dekker sjølve dei første ti dagane og får dekt eventuelle dagar utover dei på same måten som arbeidstakarar.

For å støtte opp under oppfølginga av sjukmelde er det etablert ei ordning med tilskot til ekspertbistand til bruk i enkeltsaker med lange og/eller hyppig gjentakande sjukefråvær. Ordninga kan bli tilbydd når arbeidstakaren og arbeidsgivaren har vurdert og/eller forsøkt å løyse utfordringane på arbeidsplassen utan å lykkast.

Endringar i regelverket

Rett til sjukepengar m.m. for uføre

Uføre kan få sjukepengar. Når uføretrygd blir innvilga, får ein fastsett ei *inntekt etter uførleik*, som den uføre er føresett å kunne skaffe seg med si restinntektsevne. For 100 pst. uføre er denne lik null. Uføre som jobbar utover fastsett restinntektsevne, kan få dekt det same inntektstapet to gonger gjennom å ta imot både uføretrygd og sjukepengar.

Ein fullt ufør som jobbar 20 pst., vil for eksempel få uføretrygd for 100 pst. bortfall av inntektsevna, samtidig som vedkommande kan ta imot sjukepengar i inntil tolv månader. Problemstillinga er sett på spissen etter at fribeløpet har auka til 1 G, som gjer at fribeløpet er høgare enn minstekravet til inntektstap for rett på sjukepengar på 0,5 G. Uføre kan da få dekt det same inntektstapet to gonger, gjennom to ulike ytingar, utan at uføretrygda blir avkorta.

Det er urimeleg og ikkje i tråd med intensjonen i folketrygda at det same inntektstapet blir dekt fleire gonger gjennom ulike ytingar. Departementet foreslår derfor å avgrense retten til sjukepengar for uføre. Forslaget inneber at sjukepengane skal bereknast i tråd med restinntektsevna til den enkelte, ved at sjukepengane ikkje kan overstige den fastsette *inntekta etter uførleik*. Uføre vil framleis få kompensert den tapte inntektsevna si gjennom uføretrygda, men vil ikkje lenger kunne få kompensert det same inntektstapet ein gong til, gjennom å ta imot sjukepengar i tillegg til uføretrygda.


Forslaget vil redusere utgiftene til folketrygda, samtidig som det vil bli meir lønnsamt å vere gradert ufør med rett uføregrad i tråd med restinntektsevna til den uføre. Tiltaket fører til ei innsparing for sjukepengar for arbeidstakarar, sjå omtale under kap. 2650, post 70, samt foreldrepengar, sjå omtale under kap. 2530, post 70 i Prop. 1 S for Barne- og familiedepartementet. Det er samtidig nødvendig med ein auke i driftsløyvinga til Arbeids- og velferdsdirektoratet, sjå omtale under kap. 605, post 01.

Rapport

Utviklinga i sjukefråvær og fråfall

Sjukefråværet i Noreg har i mange år vore høgt samanlikna med fråværet i andre land. Det auka ytterlegare i samanheng med koronapandemien, og har halde seg høgt i åra etterpå. Korleis sjukefråværet og mottaket av sjukepengar utviklar seg, har svært mykje å seie for kor mange nye mottakarar det blir av dei andre helserelaterte ytingane. Når det blir færre som bruker opp sjukepengerettane, blir det òg færre som går over til meir langvarige helserelaterte ytingar. Sjå òg omtalen under del I, punkt 3.4 Utviklinga i helserelaterte ytingar.

Sjukefråværet justert for sesongvariasjonar var på 6,6 pst. i 1. kvartal og 6,7 pst. i 2. kvartal 2026, sjå figur 6.1. Det er dermed framleis betydeleg høgare enn før pandemien. I perioden frå 2. kvartal 2025 til 2. kvartal 2026 gjekk sjukefråværet noko opp. Det er særleg det legemelde sjukefråværet i diagnosegruppa «psykiske lidingar» som er på eit høgare nivå enn før pandemien. Sjå òg del I, punkt 3.4 Utviklinga i helserelaterte ytingar for omtale av utviklinga i sjukefråværet etter pandemien.



Figur 6.1 Sjukefråværsprosenten. Sesongjustert og sesong- og influensajustert. 1. kvartal 2001–2. kvartal 2026

Før 2015 ligg den sesong- og influensajusterte serien systematisk lågare enn den sesongjusterte serien, som følge av endringar i SSB sin metode. Tala før og etter 2015 er ikkje direkte samanliknbare.
Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Det er til dels store forskjellar i sjukefråværet mellom ulike grupper. Kvinner har eit vedvarande høgare sjukefråvær enn menn. Det er òg betydeleg forskjell mellom ulike næringar, og kvinnedominerte yrke har ofte eit høgt sjukefråvær. Eldre har òg eit høgare sjukefråvær enn yngre, med unntak for kvinner 30–39 år, der sjukefråværet er særleg høgt. Dei vanlegaste årsakene til legemeldt sjukefråvær er muskel- og skjelettlidingar og psykiske lidingar. Sjukefråvær med psykiske lidingar auka kraftig over fleire år fram til 2024. Etter ein nedgang i 2025 har fråværet med psykiske lidingar auka igjen i første halvår 2026. Sjukefråvær med psykiske symptom og plager som stress og utbrentheit, utgjer ein stor del av fråværet med psykiske lidingar og har auka over tid. Samtidig har det vore ein nedgang i muskel- og skjelettlidingar.

Utgiftsutviklinga

Dei samla utgiftene til sjukepengar frå folketrygda var 70 950 mill. kroner i 2025. Det er ein vekst på 4,2 pst. samanlikna med 2024.

Utgiftene til sjukepengar til arbeidstakarar auka med 3,4 pst., til 61 661 mill. kroner i 2025, sjå figur 6.2 for månadlege utgifter til sjukepengar til arbeidstakarar. Veksten kjem først og fremst av at sysselsettingsveksten og lønnsveksten auka med hvv. 0,7 pst. og 4,9 pst. Den trygdefinansierte delen av sjukefråværet blei redusert med 2,2 pst. frå 2024 til 2025.

Frå 2024 til 2025 gjekk utgiftene til sjukepengar til arbeidsledige opp med 8,6 pst. til 894 mill. kroner. Sjukepengar til yrkesaktive midlertidig ute av inntektsgivande arbeid auka med 6,0 pst., frå 380 mill. kroner i 2024 til 403 mill. kroner i 2025. Utgiftene til refusjonsordninga for gravide blei reduserte til 135 mill. kroner i 2025, ein nedgang på 4,4 pst. frå 2024. Utgiftene til refusjonsordninga for kronisk sjuke gjekk derimot opp med 9,3 pst. til 830 mill. kroner.

Sjukepengeutgifter på post 70 Sjukepengar for arbeidstakarar m.m. etter formål (mill. kroner)

	2023	2024	2025	Endring i pst. 2023–2025
Sjukepengar ved eigen sjukdom etter arbeidsgivarperioden	52 751,1	57 523,4	59 380,9	12,6
Forsikringsordning for frilansarar	1,2	1,6	1,9	55,3
Sjukepengar til yrkesaktive midlertidig ute av inntektsgivande arbeid	330,9	379,9	402,6	21,7
Sjukepengar til arbeidsledige	804,5	822,7	893,7	11,1
Refusjon til ordningane for				
– små bedrifter	13,4	12,0	10,5	-21,6
– kronisk sjuke	788,2	759,9	830,4	5,4
– tilskot ved arbeidsreiser	5,9	6,8	6,3	6,7
– gravide	131,5	141,1	134,8	2,5
– personar med innreiserestriksjonar	0,1	0,1	0,01	-90,3
Sum	54 827	59 647,5	61 661	12,5

Utgiftene til sjukepengar til sjølvstendig næringsdrivande var 1 778 mill. kroner i 2025 og sokk med 5,8 pst. frå 2024.

Utgiftene til pleie-, opplærings- og omsorgspengar auka med 18,8 pst. til 3 891 mill. kroner i 2025. Utgiftene til omsorgspengar var på 84 mill. kroner i 2025, og auka med 6,6 pst. frå 2024. Pleie av nærståande i sluttfasen av livet hadde størst vekst blant ytingane på posten med ein auke på 24,6 pst. til 71 mill. kroner i 2025. Utgiftene til opplæringspengar auka med 18,0 pst. til 82 mill. kroner.

Utgiftene til pleie av sjuke barn held fram med å auke. I 2025 steig utgiftene med heile 583 mill. kroner, tilsvarande 19,0 pst., til 3 655 mill. kroner. Pleiepengeordninga for sjuke barn blei utvida frå 1. oktober 2017. Reforma innebar både ei liberalisering av kravet om dokumentasjon av sjukdom og ei utviding av aldersgruppa. Langt fleire enn tidlegare kan derfor få ytinga, noko som har resultert i at både talet på omsorgspersonar og talet på barn omfatta av ordninga meir enn dobla seg frå 2016 til 2025. I 2025 fekk totalt 27 800 omsorgspersonar pleiepengar for pleie og omsorg av totalt 21 900 barn, som utgjer 2,0 pst. av alle barn i aldersgruppa 0–17 år. Aldersfordelinga har òg endra seg, med ein særleg stor auke blant barn i alderen 10–15 år. Det kjem i stor grad av fleire eldre barn med psykiske lidingar og åtferdsforstyrringar, som har blitt den vanlegaste diagnosegruppa.[22] I 2025 fekk i gjennomsnitt 9 291 omsorgspersonar pleiepengar kvar månad for i gjennomsnitt 7 930 barn. Både det gjennomsnittlege talet på omsorgspersonar med pleiepengar og talet på barn omfatta av ordninga har auka med nesten 13 pst. frå 2024 til 2025.

[22] Helde, I. (2023). «Pleiepengeordningen ble utvidet: antall brukere mer enn doblet», Arbeid og velferd 2/2023.


Utgifter på post 72 Pleie-, omsorgs- og opplæringspengar etter formål/yting (mill. kroner). 2023–2025

	2023	2024	2025	Endring i pst. 2023–2025
Pleiepengar sjukt barn	2 317	3 072	3 655	57,8
Pleiepengar livets sluttfase	59	57	71	19,4
Omsorgspengar	120	78	84	30,3
Opplæringspengar	67	67	82	21,7
Utgifter i alt kap. 2650, post 72	2 563	3 277	3 891	51,8

Utgiftene til tilskot til ekspertbistand var i 2025 på 54,2 mill. kroner.

Tilskot til ekspertbistand har tidlegare vore lite brukt, men bruken auka betydeleg i 2024 og 2025. Arbeids- og velferdsdirektoratet har etablert ei referansegruppe, som partane i arbeidslivet deltar i, som skal vurdere moglege tiltak for å gjere ordninga betre kjend og slik bidra til at ho blir tatt meir i bruk. Referansegruppa skal òg vurdere om det er nødvendig å endre regelverket for tilskotsordninga.

I løpet av første halvåret 2026 er det rekneskapsført 30 013 mill. kroner i sjukepengar til arbeidstakarar. Det svarer til ein nominell auke i utgiftene på 383 mill. kroner eller 8,6 pst. samanlikna med utgiftene i første halvåret 2025. Utgiftsutviklinga i første halvåret kjem truleg av ein intensivert innsats for kortare saksbehandlingstid og færre restansar i Arbeids- og velferdsetaten. Det er venta at dette vil gi ein betydeleg auke i utbetalingane i 2026.



Figur 6.2 Utgiftene folketrygda har til sjukepengar til arbeidstakarar. Mill. kroner. Januar 2020–juni 2026

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet

Budsjettforslag 2027

Post 70 Sjukepengar for arbeidstakarar m.m., overslagsløyving

På bakgrunn av utviklinga i sjukefråværet i første halvåret 2026 og anslag for resten av året, er det i budsjettforslaget for 2027 lagt til grunn at utbetalingane til sjukepengar, korrigerte for lønns- og sysselsettingsvekst, aukar med 4 pst. i 2026 samanlikna med det gjennomsnittlege nivået året før. For 2027 blir det lagt til grunn at utbetalingane, korrigert for lønns- og sysselsettingsvekst,

vil gå tilbake med 1 pst. samanlikna med det gjennomsnittlege nivået i 2026. Auken i 2026 kjem i hovudsak av at ein ventar stor verknad på utbetalingane av den intensiverte innsatsen i Arbeids- og velferdsetaten for å ta ned talet på restansar og saksbehandlingstidene på sjukefråværsområdet, bl.a. som følge av regjeringa si styrking av arbeidet på sjukepengeområdet med 20 mill. kroner i Revidert nasjonalbudsjett 2026, sjå omtale over og under kap. 605, post 01. Det er lagt til grunn at innsatsen held fram i 2027, men at verknaden på utbetalingane blir noko lågare, som følge av at liggetida for restansane som blir behandla, er forventa å vere lågare. Det er stor usikkerheit om desse anslaga.

I tillegg til sjukefråværet og saksbehandlinga blir sjukepengeutgiftene påverka av sysselsettingsutviklinga og veksten i sjukepengegrunnlaget (lønnsveksten). I budsjettforslaget for 2027 er det lagt til grunn at sysselsettinga vil auke med 0,6 pst. i 2026 og 0,4 pst. i 2027. Vidare er det lagt til grunn at sjukepengegrunnlaget vil auke med 4,6 pst. i 2026 og 4,0 pst. i 2027.

Departementet foreslår å avgrense retten til sjukepengar for uføre, slik at ikkje det same inntektstapet blir dekt av to ulike ytingar. Tiltaket er anslått å gi ei innsparing på 38 mill. kroner på posten i 2027.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 69,7 mrd. kroner.

Post 71 Sjukepengar for sjølvstendige, overslagsløyving

På bakgrunn av utviklinga i sjukefråværet i første halvåret 2026 og anslag for resten av året, er det i budsjettforslaget for 2027 lagt til grunn at utbetalingane til sjukepengar for sjølvstendige, korrigert for lønns- og sysselsettingsvekst, aukar med 4 pst. i 2026 samanlikna med det gjennomsnittlege nivået året før. For 2027 er det lagt til grunn at utbetalingane, korrigerte for lønns- og sysselsettingsvekst, går ned med 1 pst. samanlikna med det gjennomsnittlege nivået i 2026. Auken i 2026 kjem i hovudsak av at den intensiverte innsatsen i Arbeids- og velferdsetaten for å redusere restansar og saksbehandlingstider er venta å gi auka utbetalingar. Innsatsen held fram i 2027, men verknaden på utbetalingane er venta å bli mindre. Det er stor usikkerheit om desse anslaga. I tillegg er det lagt til grunn at sysselsettinga vil auke med 0,6 pst. i 2026 og 0,4 pst. i 2027, og at sjukepengegrunnlaget vil auke med 4,6 pst. i 2026 og 4,0 pst. i 2027.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 2 mrd. kroner.

Post 72 Pleie-, opplærings- og omsorgspengar m.m., overslagsløyving

I budsjettanslaget er det lagt til grunn ein vekst i utbetalingane til pleiepengar m.m. på 8 pst. i 2026 og 4 pst. i 2027, korrigert for lønnsvekst. Nedgangen i utgiftsveksten kjem i hovudsak av færre mottakarar. Veksten blir halden oppe av ein auke i gjennomsnittleg varigheit på ei stønadsperiode, samt auka innsats i Arbeids- og velferdsetaten for å redusere restansar og saksbehandlingstider.

Det er vidare lagt til grunn ein vekst i lønningane på 4,6 pst. i 2026 og 4,0 pst. i 2027, som også påverkar anslaget.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 4,8 mrd. kroner.

Post 75 Feriepengar av sjukepengar, overslagsløyving

Det blir ytt feriepengar til arbeidstakarar både av sjukepengar (post 70) og av pleie-, opplærings- og omsorgspengar (post 72). For 2027 er det lagt til grunn ein feriepengeandel på 5,7 pst. av den anslåtte utbetalinga av desse ytingane i 2026.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 4,1 mrd. kroner.

Post 76 Tilskot til ekspertbistand, kan overførast

Ordninga med *tilskot til ekspertbistand* er ein del av Avtale om redusert sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet (IA-avtalen) 2025–2028. Formålet med tilskotsordninga er å førebygge og redusere sjukefråvær i enkeltsaker med lange og/eller hyppig gjentakande sjukefråvær på den enkelte arbeidsplassen. Tilskotet skal dekke utgifter til bistand frå ein ekspert for å løyse ulike problem som leier til sjukefråvær, med sikte på å føre arbeidstakaren tilbake til arbeid.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 51,2 mill. kroner.

Kap. 2651 Arbeidsavklaringspengar m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
70	Arbeidsavklaringspengar, *overslagsløyving*	51 540 801	55 906 000	59 198 000
71	Tilleggsstønad, *overslagsløyving*	140 157	154 000	140 000
72	Legeerklæringar	474 459	490 000	491 900
	Sum kap. 2651	52 155 417	56 550 000	59 829 900

Hovudtrekk ved regelverket og endringar i regelverket

Arbeidsavklaringspengar skal sikre inntekt for personar som får aktiv behandling, deltar på arbeidsretta tiltak eller får anna oppfølging med sikte på å skaffe seg eller behalde arbeid. For å ha rett til arbeidsavklaringspengar må ein ha ei arbeidsevne som er nedsett med minst 50 pst. pga. sjukdom, skade eller lyte. Ytinga blir innvilga for inntil eitt år om gongen. Stønadsperioden for arbeidsavklaringspengar er avgrensa til tre år, men kan forlengast i inntil to år etter særlege unntaksreglar. Arbeidsavklaringspengar blir berekna på grunnlag av tidlegare pensjonsgivande inntekt opp til seks gonger grunnbeløpet i folketrygda (G). Ytinga blir gitt med 66 pst. av den pensjonsgivande inntekta siste året eller gjennomsnittet av den pensjonsgivande inntekta dei tre siste kalenderåra, rekna frå året før arbeidsevna blei sett ned. Minsteytinga er 2,041 G og to tredelar av dette for personar under 25 år. Mottakarar av arbeidsavklaringspengar som har barn, får eit fast kronebeløp i barnetillegg.

Tilleggsstønad skal kompensere for utgifter til læremiddel, reiser, flytting, barnetilsyn og bustad som stønadsmottakaren har i samanheng med deltaking på arbeidsretta tiltak.

Legeerklæringar gjeld dekning av honorar for erklæringar som Arbeids- og velferdsetaten innhentar frå legar og andre behandlarar i samanheng med behandling av krav om ytingar frå folketrygda. Posten omfattar òg honorar til legar for å delta på dialogmøte for sjukmelde.

Rapport

Utgiftsutviklinga

I 2025 blei det utbetalt 51 541 mill. kroner til mottakarar av arbeidsavklaringspengar. Det er ein auke på 10,3 pst. samanlikna med 2024. Både talet på mottakarar av arbeidsavklaringspengar og den gjennomsnittlege utbetalinga auka frå 2024 til 2025. Når det gjeld endringa i talet på mottakarar frå 2024 til 2025, blei tilgangen til arbeidsavklaringspengar noko redusert, men også avgangen frå arbeidsavklaringspengar blei redusert. Tilgangen er likevel høgare enn avgangen, slik at det netto blir ein auke i talet på mottakarar.

I første halvåret 2026 er det rekneskapsført 27 335 mill. kroner i utgifter til arbeidsavklaringspengar. Det inneber ein nominell vekst i utgiftene på 9,6 pst. samanlikna med første halvåret 2025.[23]

Den nominelle utgiftsveksten for arbeidsavklaringspengar må sjåast i samanheng med auken i det gjennomsnittlege talet på mottakarar og auken i det gjennomsnittlege grunnbeløpet i første halvåret 2026 sett i forhold til første halvåret 2025.

I 2025 blei det utbetalt 140 mill. kroner i tilleggsstønader. Det er ein auke på om lag 2 mill. kroner, eller 1,7 pst., samanlikna med 2024. I første halvåret 2026 er det rekneskapsført om lag 74 mill. kroner i tilleggsstønader. Det inneber ein reduksjon i utgiftene på 3,6 pst. samanlikna med første halvåret 2025.


Utgiftene til legeerklæringar var på 474 mill. kroner i 2025. Det er ein auke på om lag 11 mill. kroner, eller 2,4 pst., frå 2024. I dei fem første månadene av 2026 er det rekneskapsført om lag 212 mill. kroner til legeerklæringar. Dette inneber ein auke i utgiftene på 6,4 pst. frå same periode i fjor.

Mottakarar av arbeidsavklaringspengar

Talet på mottakarar av arbeidsavklaringspengar var om lag 168 900 i desember 2025. Det er ein auke på om lag 10 300 frå same tidspunkt i 2024.

---

[23] Arbeidsavklaringspengar blir utbetalte for 14-dagarsperiodar, og korleis vekedagane fordelte seg i første halvåret 2025 og 2026, kan ha hatt ein liten effekt på utgiftsauken.



Figur 6.3 Talet på mottakarar av arbeidsavklaringspengar og andelen av befolkninga som får ytinga (pst.). Desember 2016–2025

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet

I juni 2026 fekk 4,7 pst. av befolkninga i alderen 18–66 år arbeidsavklaringspengar. Tilsvarande andel i juni 2025 var òg 4,7 pst. Det var om lag 168 700 mottakarar av arbeidsavklaringspengar i juni 2026, noko som er om lag 3 200 fleire enn i juni 2025. Dette er ein klart lågare auke enn frå juni 2024 til juni 2025, noko som må sjåast i samanheng med at talet på mottakarar av arbeidsavklaringspengar har gått ned i månadene februar-juni 2026.

Figur 6.3 viser utviklinga i talet på personar som fekk arbeidsavklaringspengar i desember månad, frå 2016 til 2025.

Ordninga med arbeidsavklaringspengar blei innført 1. mars 2010 og erstatta dei tre tidlegare ytingane rehabiliteringspengar, attføringspengar og tidsavgrensa uførestønad.[24] Frå 2016 og fram til desember 2019 minka talet på mottakarar og andelen mottakarar i befolkninga. Da var det om lag 31 400 færre mottakarar enn i 2016. Det var størst nedgang i talet på mottakarar i 2018. Dette må sjåast i lys av regelendringane som kom i 2018, spesielt innstramminga i vilkåra for å få unntak frå maksimal varigheit og innføringa av karens.

I 2020–2025 auka talet på mottakarar. Midlertidige regelendringar, generelle forseinkingar i avklaringsløpa og ein lengre periode med auke i arbeidsløysa under koronapandemien bidrog til låg avgang frå ordninga frå og med 2020. Utviklinga må òg sjåast i samanheng med regelendringane frå 2022, da det kom eit nytt arbeidsretta unntak frå varigheitsgrensa på tre år og karensåret blei avvikla. Desse endringane gjer at fleire kan få arbeidsavklaringspengar lenger. Fleire brukarar per rettleiar og lengre tid til saksbehandling for uføretrygd kan òg vere med på å forklare utviklinga i delar av perioden. I 2024 var avgangen høgare enn i åra før. Tilgangen har òg auka noko etter 2019. Det kan ha samanheng med høgare tilgang frå sjukepengar. I 2024 og 2025 var tilgangen spesielt høg. Auke i tilgangen og lågare avgang har ført til vekst i talet på mottakarar i perioden 2020–2025.

[24] Frå mars 2010 fram til sommaren 2011 auka talet på mottakarar. Talet på mottakarar gjekk ned fram til 2016.

Talet på mottakarar av arbeidsavklaringspengar etter alder og kjønn. Desember 2025

	Under 30 år	30–49 år	50 år og over	Totalt
Kvinner	18 733	48 680	32 043	99 456
Menn	13 544	30 650	25 234	69 428
Sum	32 277	79 330	57 277	168 884

Tabellen ovanfor viser kjønns- og aldersfordelinga blant mottakarar av arbeidsavklaringspengar ved utgangen av 2025. Det er berre små endringar i samansettinga frå 2024. 47 pst. av dei som får arbeidsavklaringspengar, er i aldersgruppa 30–49 år, mens 34 pst. er 50 år og eldre. Andelen som er i aldersgruppa under 30 år, er 19 pst. Blant mottakarane av arbeidsavklaringspengar er andelen kvinner 59 pst. Andelen kvinner er høgast i aldersgruppa 30–49 år (61 pst.). For dei under 30 år og dei i aldersgruppa over 50 år er andelen kvinner høvesvis 58 og 56 pst.

Personar med rett til arbeidsavklaringspengar på tiltak[1]. Talet totalt og prosentvis andel på ulike tiltak. Årsgjennomsnitt, 2023–2025

	2023	2024	2025
Arbeidspraksis	26,1	24,3	25,2
Arbeidsretta rehabilitering	1,7	1,9	2,1
Avklaringstiltak	7,4	7,4	7,6
Jobbskaping og eigenetablering	0,1	0,1	0,0
Lønnstilskot	4,9	6,0	4,9
Oppfølging	29,6	28,8	29,7
Opplæring	29,6	30,5	29,5
Tilrettelagt arbeid	0,3	0,3	0,2
Tilrettelegging	0,5	0,6	0,6
Tiltak totalt	27 721	29 997	31 891

1 Mottakarar av arbeidsavklaringspengar på tiltak er her definerte etter rett til ytinga ved utgangen av månaden.

Tabellen ovanfor viser deltakarar på tiltak som har rett på arbeidsavklaringspengar. Det gjennomsnittlege talet på mottakarar av arbeidsavklaringspengar på tiltak var om lag 31 900 i 2025. Dette utgjer om lag 19,1 pst. av alle mottakarane av arbeidsavklaringspengar.[25] Dei fleste fekk oppfølging (29,7 pst.), var under opplæring (29,5 pst.) eller var i arbeidspraksis (25,2 pst.). Mange mottakarar av arbeidsavklaringspengar er i aktiv medisinsk behandling og/eller delvis i ordinært arbeid og inngår derfor ikkje i tala i tabellen.

25 Målt etter rett til yting ved utgangen av månaden.


Mottakarar av arbeidsavklaringspengar under 30 år

Ved utgangen av 2025 fekk om lag 32 280 personar under 30 år arbeidsavklaringspengar. Det er ein auke på om lag 1 190 personar, eller vel 3,8 pst., frå utgangen av 2024, da det var om lag 31 090 personar under 30 år som fekk arbeidsavklaringspengar.

Sidan 2016 har talet på mottakarar av arbeidsavklaringspengar under 30 år auka med om lag 3 500 personar. Andelen mottakarar av arbeidsavklaringspengar i aldersgruppa 18–29 år har auka frå 3,4 pst. i 2016 til 3,8 pst. i 2025.

Status etter avgang frå arbeidsavklaringspengar

Talet på avgangar frå arbeidsavklaringspengar har gått ned med nær 4 400 frå 2024 til 2025. Talet som gjekk til uføretrygd har gått ned, mens talet som gjekk til berre arbeid, har gått noko opp frå 2024 til 2025. Figur 6.4 viser korleis dei som avslutta eit stønadsløp i 2025, fordeler seg på ulike statusar seks månader etterpå.



Figur 6.4 Avgangar frå arbeidsavklaringspengar i 2025 – status seks månader etter avgang

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet

Som figuren viser, var det om lag 45 pst. som seks månader etter avgang fekk uføretrygd, anten som full eller gradert uføretrygd eller i kombinasjon med arbeid. Den samla andelen som fekk uføretrygd, var om lag fem prosentpoeng høgare enn for avgangane i 2024, og talet er redusert med om lag 4 800 personar. Vidare var det om lag 24 pst. som var i arbeid (heiltid eller deltid) utan samtidig å få andre statlege ytingar.[26] Dette er om lag tre prosentpoeng høgare enn for 2024. I tillegg var det om lag 19 pst. som var i arbeid samtidig som dei fekk ei anna yting, dette er ein liten reduksjon frå 2024. Dette er inkludert dei som kombinerte uføretrygd og arbeid. Om lag 8 pst. av dei som avslutta ein stønadsperiode med arbeidsavklaringspengar i 2025, fekk arbeidsavklaringspengar igjen seks månader etterpå. Denne andelen er om lag som i 2024.

Om lag 15 pst. av dei som avslutta ein stønadsperiode med arbeidsavklaringspengar i 2025, var etter seks månader verken registrerte i arbeid eller som mottakarar av uføretrygd eller arbeidsavklaringspengar. Dette kan vere personar som fekk andre ytingar etter folketrygdlova, tiltakspengar, kvalifiseringsstønad, økonomisk sosialhjelp eller studielån, var privat forsørgde eller var ordinære arbeidssøkarar. Andelen har auka med om lag eitt prosentpoeng frå 2024.

[26] Gjeld arbeidsavklaringspengar, uføretrygd, overgangsstønad, tiltakspengar, dagpengar eller alderspensjon.

Budsjettforslag 2027

Post 70 Arbeidsavklaringspengar, overslagsløyving

For 2027 er det lagt til grunn eit gjennomsnittleg antal mottakarar av arbeidsavklaringspengar på 173 800 og ei gjennomsnittleg utbetaling per mottakar på 341 542 kroner.

Utgiftsanslaget for 2027 inkluderer anslått effekt av trygdeoppgjeret i 2026 og 2027. Som følge av dette aukar utgiftsanslaget for 2027 med til saman 2 398 mill. kroner.

Det er anslått at ungdomsprogrammet vil redusere utgiftene til arbeidsavklaringspengar med 40 mill. kroner i 2027, ettersom fleire deltakarar i programmet vil få ungdomsprogramytinga i staden for arbeidsavklaringspengar.

Det er anslått at forsøk med aktivitetspengar vil redusere utgiftene til arbeidsavklaringspengar med 166 mill. kroner i 2027, ettersom fleire deltakarar i forsøket vil få aktivitetspengar i staden for arbeidsavklaringspengar.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 59,2 mrd. kroner.

Post 71 Tilleggsstønad, overslagsløyving

Posten gjeld tilleggsstønader som skal kompensere for utgifter til læremiddel, reiser, flytting, barnetilsyn og bustad som stønadsmottakaren har i samanheng med deltaking på arbeidsretta tiltak.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 140 mill. kroner.

Post 72 Legeerklæringar

Posten gjeld dekning av honorar for erklæringar som Arbeids- og velferdsetaten innhentar frå legar og andre behandlarar i samanheng med behandling av krav om ytingar frå folketrygda. Posten

omfattar òg honorar til legar for å delta på dialogmøte for sjukmelde. Som følge av resultatet av takstforhandlingane med legane i 2026, er løyvinga redusert med 28 mill. kroner.

Løyvinga på posten er volumstyrt og avheng av utbetaling av honorar for erklæringar som Arbeids- og velferdsetaten innhentar frå legar og andre behandlarar i samanheng med behandling av krav om ytingar frå folketrygda, samt honorar til legar som deltar på dialogmøte for sjukmelde. Uvisse knytt til utgiftene på posten kan føre til at anslaga knytte til utgiftene enkelte år vil vere for låge, slik at rammene for posten blir overskridne, noko som er forbode etter bevilgningsreglementet § 5 andre ledd første punktum med mindre Stortinget har gitt samtykke til overskriding. Riksrevisjonen har i 2025 vist til eit uheimla meirforbruk på posten. Regjeringa foreslår at Arbeids- og inkluderingsdepartementet kan overskride løyvinga under posten med inntil 5 pst., sjå forslag til romartalsvedtak.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 492 mill. kroner.

Kap. 2652 Eit enklare Nav – forsøk med aktivitetspengar for unge

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
70	Forsøk med aktivitetspengar for unge		7 000	284 000
	Sum kap. 2652		7 000	284 000

Post 70 Forsøk med aktivitetspengar for unge

Arbeids- og inkluderingsdepartementet fekk i 2024 ein søknad frå Arbeids- og velferdsdirektoratet om å etablere eit forsøk med *Eit enklare Nav*. Søknaden er eit resultat av tillitsreforma og eit samarbeid mellom Nav Falkenborg, Nav Lerkendal, Trondheim kommune, Statsforvaltaren i Trøndelag, Nav Trøndelag og Arbeids- og velferdsdirektoratet. Det blei søkt om eit forsøk der ein skal prøve ut éin stønad til unge under 30 år, med tett og individuelt tilpassa oppfølging og aktivitet.

Forslag til forskrift om ytinga aktivitetspengar for unge har vore på høyring. Forslaget til forsøk inneber at det skal undersøkast om samspelet mellom ei yting med enklare vilkår for å få støtte og individuelt tilpassa oppfølging, med vekt på styrkar og moglegheiter, kan bidra til at fleire unge kjem i arbeid. Aktivitetspengar for unge er meint å kunne erstatte andre ordningar, som arbeidsavklaringspengar, kvalifiseringsprogrammet, tiltakspengar, dagpengar og delvis økonomisk sosialhjelp. Målgruppa er unge som har fylt 18 år og som enno ikkje har fylt 30 år, og som treng bistand frå arbeids- og velferdsforvaltninga for å komme i arbeid. Også dei med meir omfattande behov for oppfølging kan ha rett til å få ytinga. Departementet foreslår reglar for fastsetting av berekningsgrunnlag og utrekning av ytinga, som i hovudsak er dei same som reglane for arbeidsavklaringspengar. Regjeringa tar sikte på å starte opp forsøket med ytinga aktivitetspengar for unge i november 2026.

Målet med *Eit enklare Nav – aktivitetspengar for unge* og forsøket med arbeidsretta ungdomsprogram er i stor grad samanfallande. Begge forsøka skal bidra til at unge kjem raskare i gang med arbeidsretta oppfølging, bl.a. ved at dei får tilgang til inntektssikring utan eit helserelatert inngangsvilkår. Likevel er forsøka ulikt innretta. Ein viktig forskjell mellom forsøka er at ungdomsprogrammet skal vere kortvarig (i hovudsak maksimalt eitt år), mens ein person skal kunne ta imot aktivitetspengar i inntil fire år. Eit kortvarig ungdomsprogram vil rette seg mot unge som blir vurderte å kunne komme i ordinær jobb eller utdanning relativt raskt. Aktivitetspengar rettar seg derimot mot heile spekteret av unge personar med behov for arbeidsretta bistand, dvs. også dei med meir komplekse utfordringar og meir langvarig bistandsbehov, som står lenger frå arbeidsmarknaden.

Ytinga i *Eit enklare Nav – aktivitetspengar for unge* er meint å kunne erstatte andre ordningar. Målet er at éin stønad, utan krav om diagnose, skal gi raskare saksbehandling – og redusere kompleksiteten og byråkratiet slik at det frigjer ressursar til at arbeidsretta oppfølging kan starte nærmast umiddelbart. Det vil vere tydelege aktivitetskrav til den enkelte for å ta imot ytinga.

Både forsøka med ungdomsprogrammet og aktivitetspengar for unge skal evaluerast av Oslo Economics i samarbeid med Frischsenteret. Forsøket med aktivitetspengar for unge i Trondheim

blir gjennomført som ein ikkje-eksperimentell studie, der effektar blir estimerte ved hjelp av registerdata frå forsøkskontora og frå ei kontrollgruppe som består av eitt eller fleire Nav-kontor med liknande kjenneteikn som forsøkskontora (brukarsamansetting, arbeidsmarknad m.m.). Forsøket i Trondheim vil vere ein pilot for nødvendig læring før ei eventuell oppskalering. Dersom resultata i denne piloten viser seg å vere lovande, bør forsøket skalerast opp til å omfatte fleire Nav-kontor før ein eventuelt tar ei avgjerd om å innføre aktivitetspengar for unge som ei ny, permanent nasjonal yting. Ved ei eventuell seinare oppskalering vil det vere tenleg at forsøket blir lagt opp som eit randomisert forsøk.

Det blir anslått at forsøket vil gi ei samla utgift til aktivitetspengar på om lag 284 mill. kroner i 2027. Samtidig fører forsøket til reduserte utgifter under kap. 634, post 76, kap. 2541, post 70 og kap. 2651, post 70. Det blir vidare anslått at Trondheim kommune vil ha ei innsparing på totalt 25 mill. kroner i 2027, fordelt på 14 mill. kroner til reduserte utgifter til økonomisk sosialhjelp og 11 mill. kroner til reduserte utgifter til kvalifiseringsstønad. Dette vil bli tatt omsyn til gjennom eit trekk i kommunen sitt rammetilskot over kap. 571, post 60. Sjå òg omtale i Prop. 1 S for Kommunal- og distriktsdepartementet. Netto meirutgifter til stønad i 2027 blir anslåtte til 74 mill. kroner. Det er òg foreslått ei løyving til forsøket på 22,5 mill. kroner under kap. 605, post 01.

Det er knytt usikkerheit til kor mange som vil delta i forsøket i løpet av året, og dermed kor høge utgiftene til stønad vil bli. Dette kan innebere at anslaget knytt til utgiftene på posten er for lågt, slik at rammene for posten blir overskridne, noko som er forbode etter bevilgningsreglementet § 5 andre ledd første punktum med mindre Stortinget har gitt samtykke til overskriding. Regjeringa foreslår at Arbeids- og inkluderingsdepartementet kan overskride løyvinga under posten med inntil 5 pst., sjå forslag til romartalsvedtak.

For 2027 er det foreslått ei løyving til aktivitetspengar på 284 mill. kroner.

Kap. 2655 Uføretrygd m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
70	Uføretrygd, *overslagsløyving*	133 308 023	140 800 000	150 170 000
75	Meinerstatning ved yrkesskade, *overslagsløyving*	93 943	94 000	98 000
76	Yrkesskadetrygd gml. lovgiving, *overslagsløyving*	28 791	27 000	23 000
	Sum kap. 2655	133 430 757	140 921 000	150 291 000

Hovudtrekk ved regelverket og endringar i regelverket

Uføretrygd skal sikre inntekt til personar som har fått inntektsevna si varig nedsett med minst 50 pst. pga. sjukdom, skade eller lyte. For personar som får arbeidsavklaringspengar når kravet om uføretrygd blir sett fram, er det tilstrekkeleg at inntektsevna er varig nedsett med 40 pst. Det er eit vilkår for rett til uføretrygd at ein har gått gjennom tenleg behandling for å betre inntektsevna. Arbeidsretta tiltak skal vere gjennomførte så lenge ingen openberre grunnar tilseier at det ikkje er tenleg.

Uføretrygda svarer til 66 pst. av berekningsgrunnlaget, som er gjennomsnittet av den pensjonsgivande inntekta i dei tre beste av dei fem siste kalenderåra før uføretidspunktet. Pensjonsgivande inntekt over seks gonger grunnbeløpet (G) blir ikkje medrekna. For personar som lever saman med ektefelle eller sambuar, er den minste årlege ytinga 2,329 G, eller 2,379 G dersom dei får ei uføretrygd som er ein omrekna uførepensjon. For andre utgjer den minste årlege ytinga 2,529 G. Personar som blir uføre før dei fyller 26 år pga. alvorleg og varig sjukdom som er klart dokumentert, er sikra ei årleg minsteyting på 2,709 G (gift/sambuar) eller 2,959 G (einsleg) frå dei fyller 20 år.

Dersom trygdetida (busett og/eller i arbeid i Noreg) er mindre enn 40 år, blir uføretrygda avkorta tilsvarande. Etter nærmare reglar blir det medrekna framtidig trygdetid til og med det året ein fyller 66 år.

Personar som fyller vilkåra for rett til uføretrygd, men som ikkje har mista heile inntektsevna, får ei gradert uføretrygd tilsvarande

den delen av inntektsevna som er tapt. Det blir fastsett eit botnfrådrag for den uføretrygda som svarer til (forventa) inntekt etter uførleik pluss eit fribeløp på 0,4 G. Frå 1. oktober 2026, med verknad frå 1. januar 2026, blei reglane endra slik at fribeløpet aukar til 1 G etter at ein har mottatt uføretrygd i to år. Det same gjeld ved ein ev. auke i uføregrad. Når inntekta overstig botnfrådraget, skal uføretrygda reduserast forholdsmessig mot den overskytande inntekta. Reduksjonen skjer ut frå kor stor andel uføretrygda ved 100 pst. uføregrad utgjer av inntekta før uførleik, det vil seie etter den faktiske kompensasjonsgraden for den enkelte. Dei fleste som får uføretrygd, har ein kompensasjonsgrad, og dermed reduksjonsprosent, på mellom 60 og 70 pst. Uføregraden ligg fast sjølv om uføretrygda blir redusert pga. inntekt. Reglane om gradering og om reduksjon skal sikre at to personar med same tidlegare og noverande inntekt får utbetalt om lag like høg uføretrygd utan omsyn til innvilga uføregrad, men fribeløpet gir eit avvik frå dette. For å hindre at det blir lite lønsamt for personar med høg kompensasjonsgrad å kombinere uføretrygda med arbeid, er det frå 1. juli 2026 sett eit tak på reduksjonsprosenten på 70 pst.

Harmonisering av minstenivået for gifte og sambuande

Departementet foreslo i statsbudsjettet for 2026 at det særskilde minstenivået for gifte og sambuande som fekk uførepensjon omrekna til uføretrygd i 2015, skulle opphevast frå 1. juli 2026. Stortinget vedtok endringa. I samanheng med forhandlingane om revidert nasjonalbudsjett blei endringa reversert. Endringa blei reversert frå 1. oktober 2026, men med verknad frå 1. juli 2026. Etterbetaling til dei berørte for perioden juli–september vil skje i løpet av 2026.

Målretta informasjon om arbeidsretta oppfølging til unge uføretrygda

Regjeringa lanserte Ungdomsløftet i 2025. Dette skal bidra til at fleire unge kjem i arbeid, og er ei av prioriteringane i regjeringa sin plan for Noreg. Regjeringa har som mål å få 30 000 fleire unge under 30 år i jobb i 2030, og det er viktig at også dei som mottar uføretrygd, men som ønsker å jobbe, får tilstrekkeleg støtte til å komme i arbeid. Sjølv om ein mottar uføretrygd, kan helsa endre seg, slik at arbeid blir meir aktuelt. Fleire unge med uføretrygd ønsker å jobbe, men er usikre på økonomiske konsekvensar av å arbeide ved sida av å motta uføretrygd, og på om dei blir prioriterte om dei kontaktar Nav for hjelp. Frå hausten 2026 sender Arbeids- og velferdsdirektoratet ei melding til alle mellom 18 og 30 år som mottar uføretrygd og har vore uføre i minst to år, med informasjon om moglegheiter for arbeidsretta oppfølging. Tiltaket følger opp eit av tiltaka i Meld. St. 33 (2023–2024) *En forsterket arbeidslinje*. I meldinga som blir sendt ut står det at dei som ønsker det kan logge seg inn på Min side på nav.no for meir informasjon. Der vil dei finne målretta informasjon om korleis Nav kan hjelpe dei som ønsker å jobbe, korleis ein kontaktar Nav og korleis trygda blir påverka om ein har inntekt frå arbeid.

Oppfølging av oppmodingsvedtak nr. 1200, 10. juni 2021

> «*Stortinget ber regjeringen snarest fremme forslag om at uføre fosterforeldre ikke får avkortning i sin uføretrygd som følge av fosterhjemsoppdraget.*»

Vedtaket blei gjort under behandlinga av Prop. 133 L (2020–2021), sjå Innst. 625 L (2020–2021) frå familie- og kulturkomiteen. Departementet har venta med å følge opp vedtaket til dei økonomiske rammevilkåra for fosterforeldre var endeleg avklarte. Sjå bl.a. omtale i Prop. 1 S (2024–2025). Under behandlinga av Prop. 83 L (2024–2025), blei det vedtatt at godtgjeringa til fosterforeldre, no kalla grunnstøtte, framleis skal vere skattepliktig og reknast som pensjonsgivande inntekt, sjå Innst. 524 L (2024–2025) frå familie- og kulturkomiteen. Samtidig blei økonomisk godtgjering og utgiftsdekning til fosterforeldre lovfesta, jf. barnevernsloven § 9-6. Nivået på grunnstøtta er ikkje fastsett i lov, men KS sin rettleiande sats for fosterheimar er på om lag 1 G (136 549 kr) per år. I Prop. 1 S (2025–2026) foreslo regjeringa å oppheve oppmodingsvedtaket, men Stortinget gjekk imot dette.

Pensjonsgivande inntekt som fosterforeldre har, inngår i grunnlaget for opptening og berekning av trygdeytingar på same måte som anna pensjonsgivande inntekt. Uføre fosterforeldre har i tillegg til grunnstøtte krav på barnetrygd og dekning av utgifter. Som alle andre uføre som forsørger barn, kan uføre fosterforeldre ha krav på behovsprøvd barnetillegg.

Til liks med andre uføre som kombinerer uføretrygd og arbeidsinntekt, kjem dei aller fleste uføre fosterforeldre betre ut økonomisk ved å vere fosterforelder enn ved å ikkje vere det. I 2026

blei reglane for avkorting av uføretrygd ved samtidig inntekt endra, slik at det no er meir lønnsamt enn før å ta imot lønn, økonomisk godtgjering eller anna inntekt ved sida av trygd. Uføre fosterforeldre kan behalde uføretrygda uavkorta dersom den pensjonsgivande inntekta ein har ved sida av trygda ikkje er høgare enn fribeløpet, og ev. forventa restinntekt som ufør (dette gjeld graderte uføre). Til saman utgjer dette botnfrådraget. Inntekt over botnfrådraget inneber at uføretrygda blir redusert med ein forholdsmessig prosent, den såkalla reduksjonsprosenten, men etter nye reglar kan ein ikkje få ein høgare reduksjon enn 70 pst. Det vil derfor alltid lønne seg å ha inntekt ved sida av trygda.

Fribeløpet var tidlegare på 0,4 G, men med verknad frå 1. januar 2026 (i kraft 1. oktober 2026) auka fribeløpet til 1 G etter ei ventetid på to år etter at ein har fått innvilga uføretrygd, eller etter ein ev. auke i uføregrad. Når dei fleste uføre no har eit fribeløp på 1 G, og dei fleste får 1 G i grunnstøtte, beheld dei fleste uføre fosterforeldre heile grunnstøtta utan avkorting i uføretrygda, i tillegg til at dei får utgiftsdekning, barnetrygd og ev. barnetillegg.

Grunnstøtta inngår i oppteninga i pensjonssystemet og i berekningsgrunnlaget når uføretrygda blir fastsett. Om ein har hatt grunnstøtte *før* ein blir ufør, vil derfor grunnstøtta bidra til høgare uføretrygd. Motstykket til dette er at grunnstøtta også blir behandla på same måte som all anna pensjonsgivande inntekt som uføre har ved sida av trygda *etter* at dei blir uføre. Det vil innebere ein overkompensasjon og ulik behandling av ulike former for pensjonsgivande inntekt dersom akkurat denne inntekta ikkje skal telle med når ein fastset uføregraden, eller ikkje skal telle med i summen av inntekt som kan føre til redusert uføretrygd. Ein slik unntaksregel vil gjere at uføre fosterforeldre blir positivt særbehandla i forhold til andre som får uføretrygd. Eit unntak for uføre fosterforeldre som er grunna i at fosterheimsoppdrag er viktige for samfunnet, vil reise spørsmål om tilsvarande unntak for andre grupper med viktige oppgåver. Det er ikkje heldig at trygdesystemet skal differensiere regelverket slik. Frå eit trygderettsleg perspektiv bør omsynet til likebehandling stå sterkt.

Regjeringa meiner at når økonomisk godtgjering for å vere fosterforelder er pensjonsgivande inntekt, må denne behandlast som andre typar pensjonsgivande inntekt. Regjeringa viser til at det nyleg er gjort justeringar i regelverket som gjer at uføre som jobbar ved sidan av trygd kjem betre ut økonomisk enn før. Regjeringa ser ikkje noko grunnlag for å behandle uføretrygda mottakarar av grunnstøtte som fosterforelder annleis enn andre grupper som får uføretrygd, og foreslår å oppheve oppmodingsvedtaket.

Oppfølging av oppmodingsvedtak nr. 70, 5. desember 2025

> «*Stortinget ber regjeringen øke fribeløpet i uføretrygden til 1 G med iverksettelse 1. oktober 2026. De to første årene etter at man har fått innvilget uføretrygd, skal den uføretrygdede kunne tjene inntil 0,4 G uten avkorting av trygd. De påfølgende årene skal fribeløpet økes til 1 G. Dette gjelder for løpende og nye saker. Forholdet til tjenestepensjonsordningene skal vurderes.*»

Departementet la fram forslag til lovendringar om auka fribeløp for uføre i Prop. 62 L (2025–2026) for å følge opp stortingsvedtaket. Lovendringane innebar at personar som har mottatt uføretrygd i 24 månader (ventetid), kan ha ei pensjonsgivande inntekt opptil 1 G ved sida av 100 pst. uføretrygd utan at trygda blir redusert. Tilsvarande kan delvis uføre ha ei pensjonsgivande inntekt på 1 G i tillegg til den restinntektsevna det er lagt til grunn at dei har. Ventetida på 24 månader skal reknast frå verknadstidspunktet for uføretrygda. På same måte skal det gjelde ventetid etter at uføregraden er auka. I ventetida er fribeløpet 0,4 G, slik det har vore tidlegare.

I proposisjonen viste departementet til at det er både fordelar og ulemper ved ei slik regelendring. Det prinsipielle utgangspunktet er at uføretrygd skal erstatte arbeidsinntekt som har falle bort pga. helseproblem. Dersom ein ufør har arbeidsinntekt, har ikkje all arbeidsinntekt falle bort, og uføretrygda bør prinsipielt sett bli redusert. Fordelen ved endringa er at det blir meir lønnsamt å ha arbeidsinntekt mellom 0,4 og 1 G. Blant ulempene er at det er risiko for at auka fribeløp vil føre til at uføretrygd blir innvilga med høgare uføregrad enn i dag. Ventetida skal bidra til å dempe risikoen for dette noko.

I tillegg til uføretrygd frå folketrygda blei det foreslått tilsvarande endringar for uførepensjon frå Statens pensjonskasse, pensjonsordninga for sjukepleiarar og pensjonsordninga for apotekverksemd m.m. I samråd med Finansdepartementet blei også forslag om endringar for uførepensjon i tenestepensjonslova (privat sektor) lagt fram i same proposisjonen. Det blei også foreslått ei endring i folketrygdlova om stønad til betring av funksjonsevna i arbeidslivet (hjelpemiddel) for å

unngå at auka fribeløp gjer at uføre får svekt tilgang til hjelpemiddel i arbeidslivet.

Endringane blei vedtatte av Stortinget i lovvedtak 45 (2025–2026) og sanksjonerte i statsråd 12. juni 2026, jf. lov 12. juni 2026 nr. 24 om endringer i folketrygdloven og enkelte andre lover (oppfølging av Stortingets vedtak om økt fribeløp for uføre). I tråd med omtale i lovproposisjonen kapittel 6 er det overlate til Kongen å avgjere ikraftsettingstidspunktet. Endringane i folketrygdlova tredde i kraft 1. oktober 2026 med verknad frå 1. januar 2026. Det er lagt opp til at endringane i dei andre lovene trer i kraft seinare, slik at systema til dei offentlege og private tenestepensjonsleverandørane kan tilpassast. Også desse endringane skal likevel få verknad frå 1. januar 2026.

Med det ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Rapport

Utgiftsutviklinga

I 2025 var utgiftene til uføretrygd 133 308 mill. kroner, mot 125 162 mill. kroner i 2024. Utgiftene auka dermed med 8 146 mill. kroner, eller 6,5 pst., frå 2024.

Utgiftsveksten skriv seg i hovudsak frå regulering av grunnbeløpet og fleire mottakarar av uføretrygd. Det gjennomsnittlege grunnbeløpet auka i perioden 2024–2025 med om lag 4,8 pst. Det gjennomsnittlege talet på mottakarar auka med om lag 1,2 pst. frå 2024 til 2025.


Auken i utgifter til uføretrygd var likevel lågare i perioden 2021–2025 enn i dei føregåande åra. Det kjem av ein midlertidig nedgang i talet på mottakarar som gjekk frå arbeidsavklaringspengar til uføretrygd, som følge av at stønadsperioden for mottakarar av arbeidsavklaringspengar blei forlengd pga. koronapandemien. I 2022 kom det òg andre endringar i reglane for arbeidsavklaringspengar. Også desse endringane kan ha bidratt til at færre gjekk frå arbeidsavklaringspengar til uføretrygd samanlikna med før 2021.

I første halvåret 2026 er det rekneskapsført utgifter på 69 240 mill. kroner til uføretrygd. Det inneber ein vekst på 5,4 pst. i forhold til same perioden i 2025.

Mottakarar av uføretrygd

Per desember 2025 var det registrert 374 918 mottakarar av uføretrygd. Det er ein auke på 1 882 personar, eller 0,5 pst., frå desember 2024. Denne auken er om lag halvparten av den årlege gjennomsnittlege auken frå 2020 til 2024, på 1,1 pst. Som andel av befolkninga i aldersgruppa 18–66 år var det 10,5 pst. som fekk uføretrygd i desember 2025. Andelen er uendra sidan desember 2024.

Ved utgangen av juni 2026 fekk 378 502 personar uføretrygd, noko som inneber ein auke på 3 584 personar sidan utgangen av 2025. Ved utgangen av juni 2026 fekk 10,6 pst. av befolkninga i aldersgruppa 18–66 år uføretrygd.



Figur 6.5 Mottakarar av uføretrygd.[1] Talet på mottakarar og mottakarar som andel av befolkninga i aldersgruppa 18–66 år ved utgangen av året. Tal i tusen. Andel i pst. 2015–2025

[1] 11/12 av 18-åringane og 1/12 av 67-åringane er medrekna. Det kjem av at ein kan få uføretrygd frå månaden etter at ein fyller 18 år, og til og med den månaden ein fyller 67 år.

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet

Figur 6.5 viser utviklinga i talet på personar som mottok uføretrygd frå 2015 til 2025. I åra frå 2015 til 2025 auka talet på uføretrygda kvart år. Frå 2015 til 2024 auka andelen av befolkninga med uføretrygd frå 9,4 pst. til 10,5 pst. I tiåret før 2015 heldt talet på mottakarar av uføretrygd og tidsavgrensa uførestønad seg tilnærma uendra. Samtidig førte vekst i befolkninga til ein reduksjon i andelen uføretrygda. I 2004 utgjorde andelen 10,4 pst., mens han i 2013 var redusert til 9,3 pst. Under del I, punkt 3.6 Utviklinga i helserelaterte ytingar, kan ein sjå utviklinga for dei helserelaterte ytingane i samanheng over fleire år. Der er òg betydninga av demografiske endringar og arbeidsmarknadssituasjonen drøfta nærmare.

Tabellen nedanfor viser alders- og kjønnsfordelinga blant mottakarar av uføretrygd ved utgangen av 2025. Omtrent 6,0 pst. av mottakarane er i aldersgruppa under 30 år, mens 29,4 pst. er mellom 30 og 49 år. Hovudtyngda av mottakarane er 50 år og eldre og utgjer omtrent 64,6 pst. av alle mottakarane. Andelen kvinner er høgast i aldersgruppene 30–49 år og 50 år og over, hvv. 58,3 pst. og 60,2 pst. Blant dei under 30 år utgjer menn 53,7 pst. Fordelinga av uføretrygda etter alder og kjønn er så å seie uendra frå 2022.

Talet på mottakarar av uføretrygd i desember 2025. Etter alder og kjønn

	Under 30 år	30–49 år	50 år og over	Ikkje oppgitt	Totalt
Kvinner	10 291	64 537	145 701	0	220 529
Menn	11 922	46 198	96 267	2	154 389
Sum	22 213	110 735	241 968	2	374 918

Som andel av befolkninga er det fleire kvinner enn menn som får uføretrygd. 12,6 pst. av kvinnene i aldersgruppa 18–66 år fekk uføretrygd ved utgangen 2025, mot 8,5 pst. av mennene i same aldersgruppa. Dette er uendra frå 2024. Uføreandelen blant kvinner er høgare enn blant menn i alle aldersgrupper eldre enn 29 år. I aldersgruppene 18–19 år og 20–24 år er andelen menn høgare. I

aldersgruppa 25–29 år er andelen lik. Forskjellen mellom kjønna aukar med alderen og er særleg stor for gruppa 50 år og over.

Frå utgangen av desember 2024 til utgangen av desember 2025 har uføreandelen gått ned for dei over 45 år, med størst nedgang blant dei over 60 år. For alle i alderen 30–44 år har andelen gått ned. For dei under 30 år har andelen auka eller halde seg uendra. Nedgangen for dei eldre aldersgruppene, og spesielt dei over 60 år, har bidratt til at uføreandelen i alt har halde seg forholdsvis stabil over tid. Andelen unge uføre som andel av befolkninga i same aldersgruppe var 2,7 pst. per desember 2025, uendra frå 2024.

Talet på nye mottakarar av uføretrygd i løpet av året og prosentvis endring frå året før. 2023–2025

	Nye mottakarar av uføretrygd			Prosentvis endring frå året før		
År	I alt	Menn	Kvinner	I alt	Menn	Kvinner
2023	26 901	11 307	15 594	-6,2	-6,6	-5,8
2024	30 788	13 054	17 734	14,4	15,5	13,7
2025	26 052	11 126	14 926	-15,4	-14,8	-15,8

Tabellen ovanfor viser talet på nye mottakarar av uføretrygd i løpet av året og prosentvis endring frå tidlegare år. Det var ein nedgang i talet på nye mottakarar av uføretrygd blant begge kjønn frå 2024 til 2025. Blant kvinnene var det 2 808 færre nye mottakarar i 2025, mens det blant mennene var 1 928 færre nye mottakarar enn i 2024. Av dei nye uføretrygda i 2025 var 57 pst. kvinner.

Per desember 2025 var det 380 430 personar med eit vedtak om uføretrygd. Av desse var 18,8 pst. registrerte med eit arbeidsforhold. Det er 0,3 prosentpoeng høgare enn i desember 2024. Om lag 82 pst. av mottakarane av uføretrygd fekk 100 pst. uføretrygd. Av desse var 5,8 pst. registrerte med eit arbeidsforhold. Om lag 19 pst. av alle uføretrygda hadde vedtak om gradert uføretrygd. Av desse var 73 pst. registrerte med eit arbeidsforhold.

Den gjennomsnittlege utbetalingsgraden, det vil seie justert for reduksjon mot samtidig pensjonsgivande inntekt, var 93,4 pst. i desember 2025. Det er 0,2 prosentpoeng høgare enn på same tida i 2024.

Mottakarar av uføretrygd under 30 år

Ved utgangen av 2025 fekk om lag 22 210 personar under 30 år uføretrygd. Det er ein nedgang på om lag 160 personar i forhold til utgangen av 2024, da det var om lag 22 370 personar under 30 år som fekk uføretrygd.

Sidan 2015 har talet på uføretrygda under 30 år auka med om lag 9 170 personar. Det har vore ein betydeleg befolkningsvekst i aldersgruppa i perioden, men likevel har andelen uføre i aldersgruppa under 30 år nesten dobla seg frå om lag 1,6 pst. i 2015 til om lag 2,7 pst. i 2025. Endringar i regelverket for midlertidige helserelaterte ytingar har òg spelt inn på utviklinga. I perioden med tidsavgrensa uførestønad (2004–2010) fekk mange unge slik stønad når dei søkte om ei uføreyting. Innføringa av arbeidsavklaringspengar i 2010 har bidratt til at avklaringa til varig uføretrygd skjer raskare enn før.

Budsjettforslag 2027

Post 70 Uføretrygd, overslagsløyving

For 2027 er det lagt til grunn eit gjennomsnittleg antal mottakarar av uføretrygd på om lag 383 108 og ei gjennomsnittleg årleg utbetaling per mottakar på 376 131 kroner.

Utgiftsanslaget for 2027 inkluderer anslått effekt av trygdeoppgjeret i 2026 og 2027. Som følge av dette aukar utgiftsanslaget på posten med 6 024 mill. kroner.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 150,2 mrd. kroner.

Post 75 Meinerstatning ved yrkesskade, overslagsløyving

Posten dekker utgifter til meinerstatning ved yrkesskade etter folketrygdlova § 13-17. Meinerstatning ved yrkesskade skal gi kompensasjon for ulemper av ikkje-økonomisk art som følge av yrkesskade som er godkjend etter folketrygdlova. Meinerstatninga blir utmålt etter graden av medisinsk invaliditet.

Utgiftsanslaget for 2027 inkluderer anslått effekt av trygdeoppgjeret i 2026 og 2027. Som følge av dette aukar utgiftsanslaget på posten med 4 mill. kroner.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 98 mill. kroner.

Post 76 Yrkesskadetrygd gml. lovgiving, overslagsløyving

Posten dekker utgifter til uførepensjon for yrkesskadar som skjedde før 1971. Yrkesskadetrygda får stadig mindre betydning ettersom ho berre omfattar skadar som skjedde før 1971 og blei melde inn før 1. januar 1990. Utgiftene under posten fell derfor frå år til år.

Utgiftsanslaget for 2027 inkluderer anslått effekt av trygdeoppgjeret i 2026 og 2027. Som følge av dette aukar utgiftsanslaget på posten med 1 mill. kroner.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 23 mill. kroner.

Programkategori 29.60 Kompensasjon for meirutgifter ved nedsett funksjonsevne m.m.

Utgifter under programkategori 29.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
2661	Grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel m.m.	15 121 681	16 822 115	16 712 309	-0,7
	Sum kategori 29.60	15 121 681	16 822 115	16 712 309	-0,7

Utgifter under programkategori 29.60 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
50–89	Overføringar til andre	15 121 681	16 822 115	16 712 309	-0,7
	Sum kategori 29.60	15 121 681	16 822 115	16 712 309	-0,7

Mål 9 for arbeids- og inkluderingspolitikken er inkludering i samfunnet og gode levekår for dei mest vanskelegstilte. Det sosiale sikkerheitsnettet skal gi tryggleik til alle og bidra til at folk får nødvendig hjelp til å delta i arbeidslivet og i samfunnet.

Grunn- og hjelpestønad er ordningar som bidrar til tryggleik gjennom økonomisk kompensasjon dersom ein har ekstrautgifter eller behov for særskilt tilsyn eller pleie som følge av varig sjukdom, skade eller lyte.

Regjeringa har eit mål om at personar med nedsett funksjonsevne skal kunne delta i arbeidslivet og samfunnet på lik linje med andre. Hjelpemiddel og tilrettelegging gjer at folk i størst mogleg grad blir sette i stand til å klare seg sjølve. Det bidrar til at funksjonshemma kan leve eit godt liv der dei kan meistre, delta og vere aktive i arbeids- og samfunnsliv.

Yrkesdeltakinga er relativt låg blant funksjonshemma. Den demografiske utviklinga tilseier at det framover kjem til å bli stadig færre i yrkesaktiv alder. Desto viktigare blir det med hjelpemiddel, tilpassingar og tiltak som bidrar til at flest mogleg kan gjennomføre utdanning og delta i arbeid.

Programkategorien omfattar grunnstønad og hjelpestønad etter folketrygdlova kapittel 6, og hjelpemiddel etter folketrygdlova kapittel 10.

I tillegg til hjelpestønad kan familiar med pleietrengande barn få pleiepengar og omsorgsstønad. Hjelpestønad og pleiepengar er statlege ytingar, mens omsorgsstønad er ei kommunal yting. Det pågår no ei utgreiing som skal sjå på bruken av dei tre ordningane og alternative innretningar. Sjå nærmare omtale under del II, programkategori 29.50 Inntektssikring ved sjukdom, arbeidsavklaring og uførleik.

Kap. 2661 Grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
70	Grunnstønad, *overslagsløyving*	1 823 417	1 891 800	1 671 200
71	Hjelpestønad, *overslagsløyving*	2 529 692	2 748 200	3 028 000
72	Stønad til servicehund, *kan overførast*	7 489	10 650	9 044
73	Hjelpemiddel m.m. under arbeid og utdanning	120 942	147 000	173 000
74	Tilskot til bilar	1 058 425	1 299 700	1 259 600
75	Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel	5 148 866	5 821 900	5 616 700
76	Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel som tenester	454 940	555 000	530 000
77	Ortopediske hjelpemiddel	2 785 332	3 058 200	3 119 160
78	Høyreapparat	1 133 236	1 210 200	1 223 200
79	Aktivitetshjelpemiddel til personar over 26 år	59 342	79 465	82 405
	Sum kap. 2661	15 121 681	16 822 115	16 712 309

Overført frå 2025 til 2026:
Post 79: 2 883 000 kroner

Grunn- og hjelpestønad

Hovudtrekk ved regelverket og endringar i regelverket

Grunn- og hjelpestønad skal gi økonomisk kompensasjon til personar som pga. varig sjukdom, skade eller lyte har visse ekstrautgifter, eller som treng særskilt tilsyn og pleie.

Grunnstønad blir gitt til bestemte formål, inkludert drift av tekniske hjelpemiddel, transport (inkludert drift av bil), klesslitasje, hald av førarhund og servicehund og fordyra kosthald ved diett. Stønaden blir gitt etter seks satsar. Den lågaste satsen er 9 024 kroner, og den høgaste er 44 928 kroner i året per 1. januar 2026.

Hjelpestønad kan givast til personar som har særskilt behov for tilsyn og pleie pga. varig sjukdom, skade eller lyte. Stønaden blir berre gitt dersom det ligg føre eit privat pleieforhold. Ordinær hjelpestønad er 16 152 kroner i året per 1. januar 2026. Forhøgd hjelpestønad, som kan ytast til barn og unge under 18 år med særskilt behov for tilsyn og pleie, er to, fire eller seks gonger ordinær hjelpestønad. Den høgaste satsen er 96 912 kroner i året per 1. januar 2026.

Blir det gitt grunn- og hjelpestønad til barn, er det vanlegvis foreldra som disponerer stønaden som verje for barnet. Hjelpestønad er ei skattefri kontantyting som kan nyttast til å kjøpe hjelp.

Stortinget vedtar satsane for grunn- og hjelpestønad i eige romartalsvedtak. Departementet foreslår å føre satsane vidare nominelt frå 2026 til 2027. Dette er anslått å gi ei innsparing på 46,8 mill. kroner på post 70 og 62 mill. kroner på post 71.

Nye endringar

Dokumentasjonskrav for grunnstønad for personar med ADHD med hyperaktivitet

Formålet med grunnstønad er å gi økonomisk kompensasjon for visse ekstrautgifter. For å få rett til grunnstønad må desse ekstrautgiftene dokumenterast.

Grunnstønad til personar som har ADHD med hyperaktivitet skal gi økonomisk kompensasjon for nødvendige ekstrautgifter samanlikna med andre pga. slitasje på klede og sengetøy o.l. For dei som er under 18 år og har ADHD med hyperaktivitet, er det gitt eit unntak frå kravet om at dei må dokumentere ekstrautgiftene. I dag kan denne gruppa få grunnstønad med sats 1 (752 kroner per månad) utan å sende inn dokumentasjon på ekstrautgiftene, berre dokumentasjon på diagnosen. Dersom dei meiner at dei har rett til ein høgare sats, må

ekstrautgiftene dokumenterast, men dei aller fleste med ADHD mottar sats 1 for grunnstønad.

Unntaket frå dokumentasjonskravet blei innført frå 2019. I etterkant har det vore ein kraftig auke i talet på mottakarar. Før dokumentasjonskravet blei fjerna, var det om lag 500 i denne gruppa som tok imot grunnstønad, mens det i juni 2026 var 24 600. Fjerninga av dokumentasjonskravet er truleg ein viktig grunn til auken. Da dette blei vedtatt, var det lagt til grunn at nokre fleire ville søke om å få grunnstønad, men meirutgiftene blei rekna til berre om lag 4,5 mill. kroner, sjå Prop. 1 S (2018–2019). Det svarte til om lag 550 personar, og dette inkluderte også personar over 18 år. For personar over 18 år blei dokumentasjonskravet gjeninnført frå 2023, sjå Prop. 1 S (2022–2023).

Å gi ein standardsats utan krav til dokumentasjon er enkelt både for mottakarane og for Nav, som administrerer ordninga. Dei store meirutgiftene dette har ført til, står likevel ikkje i eit rimeleg forhold til den administrative forenklinga.

Departementet foreslår derfor å gjeninnføre dokumentasjonskravet for personar under 18 år som har diagnose ADHD med hyperaktivitet, det vil seie fjerne det unntaket som dei har hatt sidan 2019. Forslaget inneber at alle som kan dokumentere at dei faktisk har høge nok ekstrautgifter, framleis vil få grunnstønad, dersom dei sender inn dokumentasjon. Det er derfor ikkje snakk om å ta ifrå nokon ein stønad dei skal ha rett til etter regelverket. Gitt at dei som har høge ekstrautgifter sender inn dokumentasjon, vil dei som mistar retten til grunnstønad vere dei som eigentleg ikkje oppfyller vilkåra for å få stønaden. Dette er rett og rimeleg. Dokumentasjonskravet skal gjelde både for nye mottakarar og for eksisterande mottakarar.

Den kraftige auken i talet på mottakarar kan tyde på at mange av dagens mottakarar ikkje ville fått innvilga grunnstønad dersom dei hadde vore vurderte individuelt ut frå dokumentasjon. Det er likevel vanskeleg å vurdere kor mange det gjeld. På usikkert grunnlag er det budsjetteknisk lagt til grunn at halvparten av mottakarane dokumenterer høge nok ekstrautgifter til at dei framleis får grunnstønad. Dokumentasjonskravet skal gjelde frå 1. mars 2027. Dette blir rekna å redusere utgiftene til grunnstønad på kap. 2661, post 70 med 105 mill. kroner i 2027. Dei administrative meirutgiftene er relativt små. Heilårseffekten vil komme frå 2028. Da er reduksjonen i utgiftene til grunnstønad rekna til 126 mill. kroner.

Gruppa personar under 18 år som får grunnstønad pga. ADHD med hyperaktivitet, har vakse sterkt i omfang etter 2019. Departementet understrekar at vurderingane i SIFO-rapporten[27] som endringane i 2019 var baserte på, ikkje kan leggast til grunn som ei «sannsynleggjering» av ekstrautgiftene. Det kan altså ikkje gjerast unntak frå dokumentasjonskravet med grunnlag i denne. Grunnstønaden opphøyrer i dag automatisk ved fylte 18 år, og mottakaren må da dokumentere ekstrautgifter på nytt for framleis å få grunnstønad. Hyperaktiv åtferd som kan utløyse ekstra slitasje på klede, blir normalt vesentleg redusert med alder. Eventuelle ekstrautgifter blir dermed også vesentleg reduserte. Grunnstønaden skal derfor framleis opphøyre automatisk ved fylte 18 år, slik at eit eventuelt vidare behov må dokumenterast.

Det tilsvarande dokumentasjonskravet for ekstrautgifter for personar over 18 år som har ADHD med hyperaktivitet, blei som nemnt gjeninnført frå 1. januar 2023. Etter dette har relativt få nye vaksne med ADHD fått innvilga grunnstønad, men retten for dei som allereie mottok grunnstønad har i liten grad vore revurdert. Det er grunn til å tru at mange av mottakarane som fekk innvilga grunnstønad i 2019–2022, ikkje kan dokumentere høge nok ekstrautgifter til at dei skulle hatt rett til stønaden. Departementet vil derfor be Arbeids- og velferdsdirektoratet om å revurdere stønaden for alle mottakarar over 18 år, slik at dei som ikkje dokumenterer høge nok ekstrautgifter til at dei skulle fått grunnstønad, mistar retten til grunnstønad. Dette skal også gjelde frå 1. mars 2027.

På usikkert grunnlag er det budsjetteknisk lagt til grunn at 15 pst. av mottakarane over 18 år dokumenterer høge nok meirutgifter ved ei revurdering. Dette er rekna å redusere utgiftene til grunnstønad på kap. 2661, post 70 med 57 mill. kroner i 2027, mens dei administrative meirutgiftene er relativt små. Heilårseffekten frå 2028 er rekna til ei innsparing på 68 mill. kroner på stønadsbudsjettet.

Revurderinga som skal gjennomførast for personar under og over 18 år som allereie mottar grunnstønad, er knytt til endra reglar for å få stønad. Departementet presiserer at dette ikkje er knytt til den ordinære revurderinga etter folketrygdlova § 6-7, som gjeld endringar i forholda for å innvilge grunnstønaden, for eksempel at den medisinske tilstanden til ein person har endra seg vesentleg. Departementet viser elles til at Arbeids- og velferdsetaten etter folketrygdloven §§ 21-3 og 21-4 til ei kvar tid kan krevje dokumentasjon for å kontrollere om vilkåra for ei yting framleis er oppfylte.

---

[27] Roos, G., Laitala, K., Klepp, I. G., Austgulen, M. H., & Borgeraas, E. (2018). Kartlegging av ekstrautgifter.

Endre direkteplassering frå sats 2 til sats 1 for personar 18–30 år med cøliaki

Grunnstønad til personar med cøliaki skal gi økonomisk kompensasjon for nødvendige meirutgifter samanlikna med andre pga. behov for glutenfritt kosthald. Personar over 30 år får sats 1 (752 kroner per månad), mens personar mellom 5 og 30 år får sats 2 (1 146 kroner per månad). Sjølv om det generelt er eit krav for å få grunnstønad at meirutgifter må dokumenterast, blir personar med cøliaki plasserte direkte på ein sats utan krav til dokumentasjon. Dette er grunngitt med administrativ forenkling. Ein vil framleis kunne få ein høgare sats etter individuell vurdering om ein kan dokumentere høgare nødvendige utgifter.

I 2018 kartla SIFO på oppdrag frå departementet meirutgiftene for ulike diagnosegrupper.[28] Rapporten viste at meirutgiftene knytte til glutenfri diett hadde blitt lågare over tid og var blitt lågare enn sats 2. SIFO berekna gjennomsnittlege meirutgifter i 2018 til 655 kroner per månad, som var litt lågare enn sats 1. Det er ikkje gjort ei tilsvarande undersøking etter 2018, men Norsk Cøliakiforening samanlikna i 2023 prisar for utvalde varer frå Meny med tilsvarande prisar i 2019, og fann ein auke på 28 pst. For å ha rett til sats 2 må ein kunne dokumentere meirutgifter på 1 146 kroner per månad. Dette vil seie ein prisauke på 75 pst. på glutenfrie matvarer sidan 2018. Prisen på matvarer totalt sett har auka med 25–30 pst. sidan 2018 ifølge SSB, og sjølv om prisen på glutenfrie matvarer truleg har auka meir enn andre matvarer, er det ikkje grunn til å tru at forskjellen er så stor at alle med diagnosen cøliaki har behov for sats 2.

Det er grunn til å anta at personar med cøliaki som er mellom 5 og 30 år, i dag kan få høgare kompensasjon for nødvendige meirutgifter enn dei faktisk har, utan at dei treng å dokumentere utgiftene. Det er heller ikkje openbart at dei *nødvendige* meirutgiftene til personar som er mellom 5 og 30 år, er vesentleg høgare enn for dei over 30 år. I tillegg til nødvendige utgifter er det grunn til å tru at fleire med cøliaki har ekstra kostnader knytte til sosiale aktivitetar. Det er særleg viktig at barn får moglegheit til å delta på sosiale aktivitetar, og derfor foreslår regjeringa å framleis direkteplassere personar under 18 år på sats 2.

Departementet foreslår å direkteplassere personar 18–30 år på sats 1, slik dei over 30 år blir i dag, med verknad frå 1. januar 2027. Dette skal gjelde både for nye og eksisterande mottakarar. Forslaget er rekna å redusere utgiftene til grunnstønad på kap. 2661, post 70 med 50 mill. kroner årleg. Dei administrative meirutgiftene er relativt små.

Rapport

Utgiftene til grunnstønad i 2025 var 1 823 mill. kroner, mot 1 799 mill. kroner i 2024. Utgiftene til hjelpestønad var 2 530 mill. kroner i 2025, mot 2 321 mill. kroner i 2024. I løpet av 2025 fekk i alt 8 694 nye personar innvilga grunnstønad, mens 9 774 nye personar fekk innvilga hjelpestønad.

Tabellane nedanfor viser talet på mottakarar av grunn- og hjelpestønad etter alder og sats per 31. desember 2025. Ved utgangen av 2025 fekk til saman 144 039 personar grunnstønad og 82 569 personar hjelpestønad. Talet på mottakarar av dei to ytingane i alt var 5,0 pst. høgare enn i 2024.

Utgiftsutvikling for grunn- og hjelpestønad i perioden 2023–2025 (mill. kroner)

	2023	2024	2025
Grunnstønad	1 663	1 799	1 823
Hjelpestønad	1 956	2 321	2 530

[28] Roos, G., Laitala, K., Klepp, I. G., Austgulen, M. H., & Borgeraas, E. (2018). Kartlegging av ekstrautgifter.

Talet på grunnstønadsmottakarar etter alder og sats per 31. desember 2025

Alder	I alt	0–17 år	18–66 år	67 år og eldre
I alt	144 039	34 779	76 598	32 662
Sats 1	91 999	25 217	45 486	21 296
Sats 2	25 460	8 124	14 756	2 580
Sats 3	14 061	791	7 487	5 783
Sats 4	9 660	477	6 799	2 384
Sats 5	1 904	121	1 350	433
Sats 6	955	49	720	186

63,9 pst. av grunnstønadsmottakarane fekk sats 1 ved utgangen av 2025. 24,1 pst. av mottakarane var under 18 år.

50,1 pst. av hjelpestønadsmottakarane fekk sats 1 ved utgangen av 2025. Det er barn og ungdom i alderen 0–17 år som får hjelpestønad etter sats 2–4.

Talet på hjelpestønadsmottakarar etter alder og sats per 31. desember 2025

Alder	I alt	0–17 år	18–66 år	67 år og eldre
I alt	82 569	45 753	30 282	5 534
Sats 1	41 335	4 787	30 026	6 522
Sats 2	28 618	28 531	77	10
Sats 3	10 899	10 844	55	-
Sats 4	1 717	1 591	124	-

Hjelpemiddel

Hovudtrekk ved regelverket og endringar i regelverket

Hjelpemiddel frå folketrygda kompenserer for utgifter til betring av arbeidsevna og funksjonsevna i dagleglivet for personar som har behov for det som følge av varig sjukdom, skade eller lyte. Det blir gitt stønad til tiltak som er nødvendige og tenlege for at mottakarane skal bli i stand til å skaffe seg eller behalde arbeid, og for å betre funksjonsevna deira i dagleglivet.

Stønad kan givast i form av utlån av, tilskot til eller lån til hjelpemiddel, høyreapparat, grunnmønster til saum av klede, førarhund, lese- og sekretærhjelp for blinde og svaksynte, tolkehjelp for døve og personar med nedsett høyrsel, tolk- og følgeperson for døvblinde, motorkøyretøy eller anna transportmiddel, ortopediske hjelpemiddel, brystprotesar, ansiktsdefektprotesar, augeprotesar, parykkar, briller til barn m.m. Det kan òg givast stønad til å bygge om maskiner og til å legge til rette det fysiske miljøet på arbeidsplassen, og tilskot til opplæringstiltak.

Utgiftene til hjelpemiddel er fordelte på postane 72–79. Reglane om hjelpemidla som blir finansierte over post 72 og 79 er gitte i forskrifter som følger opp dei årlege budsjettvedtaka til Stortinget. Post 72 og 79 er rammefinansierte, og tildeling av hjelpemidla blir stansa dersom løyvinga er brukt opp.

Hovudreglane om utgiftene som er fordelte på postane 73–78 er gitte i folketrygdlova kapittel 10. Dersom vilkåra i § 10-5 (stønad til betring av funksjonsevna i arbeidslivet) eller § 10-6 (stønad til betring av funksjonsevna i dagleglivet) er oppfylte, kan det etter § 10-7 givast stønad i form av utlån av, tilskot til eller lån til hjelpemiddel (postane 73–78 er omfatta av regelen). Det er gitt ei rekke forskrifter i medhald av § 10–7. Dette gjeld bl.a. forskrifter om stønad til høyreapparat, til ortopediske hjelpemiddel, til motorkøyretøy mv. Forskriftene er ei nødvendig presisering og utdjuping av loven.

Det finst svært mange ulike hjelpemiddel, og detaljerte reglar om tildeling av hjelpemidla er gitte i forskift og rundskriv. Medlemmer av folketrygda har rett til desse hjelpemidla dersom vilkåra er oppfylte.

Fleire faktorar kan påverke utgiftene på postane. Størst uvisse er det knytt til kor mange som vil søke, og ha rett til, dei ulike hjelpemidla det enkelte året. Over tid vil den demografiske utviklinga ha stor betydning for utgiftsveksten. Ved rett til visse typar hjelpemiddel blir dei faktiske utgiftene til hjelpemiddelet dekte. Uvisse knytt til utviklinga av prisane på desse hjelpemidla bidrar derfor også til uvisse om utgiftene på postane. Uvisse knytt til utgiftene på postane kan føre til at anslaga knytte til utgiftene enkelte år vil vere for låge, slik at ramma for ein eller fleire av postane blir overskriden, noko som er forbode etter bevilgningsreglementet § 5 andre ledd første punktum med mindre Stortinget har gitt samtykke til overskriding. Riksrevisjonen har karakterisert meirforbruket på enkelte postar i 2024 som vesentleg uheimla meirforbruk.

Regjeringa foreslår at Arbeids- og inkluderingsdepartementet kan overskride løyvinga under postane 73–78 dersom talet på mottakarar av hjelpemiddel blir høgare enn føresett i budsjettet, sjå forslag til romartalsvedtak.

Stønad til enkelte hjelpemiddel blir gitt etter stønadssatsar. Dette gjeld bl.a. hjelpemiddel den enkelte kjøper sjølv, og der det er ein viss valfridom knytt til kva slags produkt den enkelte kjøper. Også hjelpemiddel der det er nødvendig med ei viss eigenbetaling for å hindre overforbruk, blir dekte ved stønadssatsar. Departementet foreslår å føre satsane vidare nominelt frå 2026 til 2027 med unntak for satsane for stønad til parykk for personar over 30 år, som blir auka med 19 pst. frå 1. januar 2027. Den nominelle vidareføringa blir anslått å gi ei innsparing på 0,4 mill. kroner på post 74; 3,3 mill. kroner på post 75; 12,1 mill. kroner på post 77; og 26,8 mill. kroner på post 78.

Endringar innførte i løpet av 2026

Auka honorar til frilanstolkar

Det blir meldt inn fleire oppdrag om tolking for døve, høyrselshemma og døvblinde enn tolketenesta til Nav klarer å dekke. I 2025 dekte tolketenesta 53 000 oppdrag, mens det var 7 600 oppdrag som ikkje blei dekte. Tolketenesta består både av tolkar som er fast tilsette i Nav, og av tolkar som har frilansavtale med Nav. Regjeringa innførte ein ny honorarmodell 1. februar 2026 som gir frilanstolkar betre vilkår og som skal stimulere fleire frilanstolkar til å ta på seg oppdrag frå Nav. Timesatsen auka frå 368 kroner til 546 kroner. Det blei også innført ein oppmøtesats og enkelte andre endringar i honorarreglane.

Ny formidlingsmodell for tolketenester

For å tilpasse tolkeformidlinga i Nav til tilbodsreglar for offentlege innkjøp, skal Nav inngå rammeavtale med ein formidlingsleverandør av tolketenester. Døve, høyrselshemma og døvblinde som bestiller tolk av Nav i dag, får anten tolketenester leverte av tolkar som er fast tilsette i Nav, eller av frilanstolkar som Nav har inngått avtale med. Det er formidlinga av tolketenester levert av frilanstolkar som skal endrast. I staden for at Nav inngår avtale om kjøp av tolketenester frå den enkelte frilanstolken, skal Nav kjøpe slike tolketenester av ein formidlingsleverandør som har avtale med frilanstolkar. Den nye formidlingsmodellen for tolketenester frå frilanstolkar er planlagt innført frå slutten av 2026.

Endringar i forskrift om parykk

Hausten 2025 blei forslag til enkelte endringar i regelverket for stønad til parykk, dels som følge av innspel frå Alopeciaforeningen Norge, sendt på høyring til interesseorganisasjonar for kreftramma, personar som har alopecia og personar som har kjønnsinkongruens, paraplyorganisasjonane FFO, SAFO og Unge funksjonshemma, og Arbeids- og velferdsdirektoratet. Det blei foreslått at personar under 30 år skulle få fleire alternativ når det gjeld val av parykk enn i den daverande ordninga. I den daverande ordninga kunne dei velje mellom anten inntil seks syntetiske standardparykkar, eller inntil to standardparykkar av ekte hår eller inntil to individuelt tillaga parykkar som kan vere laga av syntetisk materiale eller ekte hår. For å gjere ordninga meir fleksibel for personar over 30 år, blei det foreslått at det blei opna for at stønadsbeløpet kunne nyttast til reparasjon og vedlikehald av parykk.

I enkelte av høyringssvara blei det opplyst om at sjølv om forslaget om fleire alternativ for personar under 30 år ville innebere auka fleksibilitet for denne gruppa, ville ordninga framleis avgrense moglegheitene for den enkelte til å finne løysingar som dekker den enkelte sine individuelle behov. På bakgrunn av dette vart det innført ei øvre stønadsgrense på 50 000 kroner frå 1. januar 2026 i staden for ulike alternativ for val av parykk for personar under 30 år. Endringa som opna for at stønadsbeløpet kunne nyttast til reparasjon og vedlikehald av parykk blei også aktuell for personar under 30 år med innføringa av ei øvre stønadsgrense.

Det viste seg imidlertid at innføringa ei øvre stønadsgrense resulterte i at eit mindre antal brukarar under 30 år med særskilde behov ikkje lenger ville få dekt nødvendige utgifter til parykk utover stønadssatsen på inntil 50 000 kroner. Dette var eit utilsikta resultat av regelverksendringa som følge av at det ikkje lenger var mogleg ifølge regelverket å gjere unntak frå stønadssatsen. På bakgrunn av dette blei regelverket på nytt endra frå 1. juli 2026 for å gjere det mogleg i særskilde tilfelle å gjere unntak frå stønadssatsen der nødvendige utgifter til parykk overstig stønadssatsen. Det er lagt til grunn at dette gjeld eit avgrensa antal personar. Regelverksendringa blei gjort gjeldande frå 1. januar 2026 slik at det i samtlege saker for inneverande år kan vurderast om det kan gjerast unntak frå stønadssatsen.

I tillegg blei det gjort enkelte endringar i regelverket, som kom i tillegg til forslaga i høyringsnotatet, for å få regelverket i tråd med gjeldande praksis. Dette gjeld heimel for å gi stønad ved alopecia androgenetica, dvs. androgent håravfall hos kvinner, heimel for å gjere unntak frå varigheitsvilkåret på to år for hårtap som følge av behandling for sjukdom, heimel for å gi stønad til hårforlenging og hårintegrasjon i staden for stønad til parykk og heimel for at det kan gjerast unntak frå kravet om dermatologisk undersøking for å dokumentere behov for ektehårs parykk for personar over 30 år dersom dermatologisk undersøking ikkje er medisinsk forsvarleg.

Nye endringar

Auka satsar for parykk for personar over 30 år

Personar som heilt eller delvis har mista hår pga. sjukdom kan få støtte til parykk eller anna hårerstatning. Bruk av hårerstatning er viktig for den psykiske helsa til brukarane. Personar under 30 år er prioriterte, sidan dei oftare er i ein meir sårbar situasjon og mange er i starten av karrieren. Dei kan få dekt utgifter opp til 50 000 kroner årleg. Satsane for personar under 30 år er vesentleg lågare, og prisane på parykkar har auka meir enn stønadssatsane dei siste åra.

Regjeringa foreslår å auke satsane for stønad til parykk for personar over 30 år med 19 pst. frå 1. januar 2027. Dette inneber at den ordinære satsen blir auka frå 6 265 til 7 455 kroner og den forhøgde satsen frå 16 220 til 19 302 kroner. Forhøgd sats blir gitt til personar som må bruke individuelt tillaga parykk eller standardparykk av ekte hår pga. avvikande hovudform eller allergisk reaksjon mot syntetisk materiale.

Endring av ordninga med aktivitetshjelpemiddel til personar over 26 år

Fysisk aktivitet gir store helsegevinstar. Å ha moglegheit til å delta i slike aktivitetar kan vere viktig for både arbeidsevna og det sosiale livet for funksjonshemma.

Ordninga med aktivitetshjelpemiddel til personar over 26 år er ei rammestyrt ordning som legg til rette for at personar med nedsett funksjonsevne, til liks med resten av befolkninga, kan drive fysisk aktivitet. Sidan ordninga er rammestyrt, må Arbeids- og velferdsetaten slutte å tildele aktivitetshjelpemiddel når løyvinga er brukt opp, sjølv om fleire søkarar fyller vilkåra for tildeling. Dei siste åra har det vore langt fleire som har søkt om aktivitetshjelpemiddel, enn det er løyving til å innvilge aktivitetshjelpemiddel til.

Dei gjeldande vilkåra for tildeling tar ikkje omsyn til om søkarane allereie har eit aktivitetshjelpemiddel eller ikkje. Dette gjer at nokre brukarar har aktive lån av fleire aktivitetshjelpemiddel, medan nokre søkarar aldri har fått innvilga eit aktivitetshjelpemiddel.

Regjeringa meiner det er rimeleg at flest mogleg i målgruppa for ordninga får innvilga eitt aktivitetshjelpemiddel før personar som allereie har aktive lån av eitt eller fleire aktivitetshjelpemiddel får innvilga fleire. Regjeringa foreslår derfor å innføre ein regel om at personar som har eitt eller fleire aktive lån av aktivitetshjelpemiddel, ikkje kan få innvilga eit nytt lån. Ei slik endring vil også legge til rette for at personar som har aktivitetshjelpemiddel dei ikkje lenger brukar, får eit insentiv til å levere desse tilbake, slik at dei kan få innvilga eit aktivitetshjelpemiddel dei har større nytte av. Aktivitetshjelpemidla dei leverer tilbake kan da bli lånte ut til andre søkarar, slik at fleire kan få innvilga eit aktivitetshjelpemiddel. Endringa skal gjelde frå 1. januar 2027.

Kortare ventetid for høyreapparat

Høyreapparat er ofte viktig for å oppretthalde arbeid og sosial aktivitet, og for å unngå psykiske plager og demens. Regjeringa arbeider med ein høyreapparatgaranti som sikrar at alle som treng det, skal få tilgang til høyreapparat innan fire månader. Garantien skal vere oppfylt innan 2029. Regjeringa greier bl.a. ut forenklingar og endringar av regelverk og forvaltningsoppgåver for tildeling av høyreapparat. Sjå nærmare omtale i kap. 760 i Prop. 1 S (2026-2027) for Helse- og omsorgsdepartementet.

Rapport

Stønad til servicehund

Utgiftene på denne posten var 7,5 mill. kroner i 2025. Det blei utlevert 13 servicehundar i 2025.

Hjelpemiddel m.m. under arbeid og utdanning

Utgiftene på denne posten var 120,8 mill. kroner i 2025, mot 118,3 mill. kroner i 2024.

Dette er ein samansett post med fleire typar ytingar. Talet på søknader om fysisk tilrettelegging på arbeidsplassen gjekk ned med 5 pst. i 2025 i forhold til 2024, mens utgiftene gjekk ned med 36 pst. I hovudsak blir stønaden til dette formålet gitt i form av lån og tilskot.

Utgifter til tolkehjelp for personar med nedsett høyrsel i arbeid og i utdanning, utført av frilanstolkar, gjekk opp med 4,4 pst. frå 2024 til 2025.

Over tid har det blitt fleire fast tilsette teiknspråktolkar i Tolketenesta. Satsinga på fast tilsette blei styrkt ytterlegare i 2024, og har ført til redusert bruk av frilanstolkar. Generelt er det eit aukande behov for tolking, bl.a. fordi fleire unge med nedsett høyrsel tar høgare utdanning.

Utgiftsutviklinga for dei enkelte stønadene i perioden 2023–2025 (mill. kroner)

	2023	2024	2025
I alt	132,0	118,3	120,8
Lån og tilskot til tilrettelegging til arbeid	15,6	10,8	6,9
Tolkehjelp til personar med nedsett høyrsel[1]	95,7	82,9	86,5
Tolkehjelp til døvblinde[2]	6,3	6,9	7,1
Lese- og sekretærhjelp	14,4	17,7	20,2

[1, 2] Utgiftene til tolkehjelp i tabellen gjeld berre utgifter til frilanstolkar. I tillegg kjem driftsutgifter til fast tilsette tolkar under kap. 605, post 01.

Tilskot til bilar

Det kan givast økonomisk tilskot til ordinære bilar (gruppe 1) til arbeid og utdanning eller rente- og avdragsfrie lån til spesialtilpassa bilar (gruppe 2).

Utgiftene til bilstønad var 1 058 mill. kroner i 2025, mot 1 008 mill. kroner i 2024. Endringa svarer til ein auke på 5,1 pst. Talet på søknader om stønad til bil gjekk litt ned frå 2024 til 2025, både for bil gruppe 1 og gruppe 2. Talet på innvilga søknader om stønad til bil i gruppe 2, gjekk litt opp frå 2024 til 2025, etter ein betydeleg nedgang året før.

Utgiftsutviklinga innanfor dei enkelte stønadene på bilområdet, heile året i perioden 2023–2025 (mill. kroner)

	2023	2024	2025
I alt	926,4	1 007,5	1 058,0
Kjøp av bil gruppe 1	10,5	12,0	12,5
Kjøp av bil gruppe 2	551,5	652,3	639,7
Utstyr, ombygging, køyreopplæring	366,8	346,1	407,4
Innbetaling gjeldsoppgjer, m.m.	-2,4	-2,9	-1,2

Innbetalingane ved gjeldsoppgjer er i hovudsak flytta over til kap. 5701, post 88.

Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel

Utgiftene på denne posten var 5 149 mill. kroner i 2025. Det er ein auke på 2,8 pst. frå 2024, da utgiftene var 5 009 mill. kroner. Dei største hovudgrup-

pene i 2025 var kommunikasjons- og datahjelpemiddel (1 165 mill. kroner), hjelpemiddel til hushald og bustad (1 127 mill. kroner) og elektrisk rullestol (98 mill. kroner).

I 2025 var det 175 016 brukarar som fekk eitt eller fleire utlån gjennom hjelpemiddelsentralane. Det er ein svak nedgang på 0,1 pst. frå 2024. Det var i tillegg 14 853 brukarar som fekk service på hjelpemiddel, og 14 830 brukarar som fekk råd, rettleiing m.m. Om lag 12 pst. av alle registrerte utlån frå hjelpemiddelsentralane går til barn og unge under 18 år. Delen av utlån til brukarar i yrkesaktiv alder er nesten 40 pst., mens omtrent halvparten av utlåna går til personar over 67 år. Kommunane satsar i stor grad på heimebasert omsorg i eigne bustader framfor institusjonar, noko som bidrar til eit større behov for utlån av hjelpemiddel.

Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel som tenester

Dette er ein samansett post med fleire typar ytingar. Utgiftene på posten var 455 mill. kroner i 2025, noko som inneber ein auke på 5,3 pst. frå 2024. Det meste av utgiftene er knytte til tilpassingskurs og anna opplæring, reise og opphald i samanheng med utprøving av ulike hjelpemiddel, tolkehjelp til personar med nedsett høyrsel og døve, tolk- og følgeperson for døvblinde, og førarhundar. Dei samla utgiftene til tolkehjelp til personar med nedsett høyrsel og døvblinde, utført av frilanstolkar, i arbeid og i dagleglivet, gjekk opp frå om lag 195 mill. kroner i 2024, til om lag 205 mill. kroner i 2025.

Ortopediske hjelpemiddel

Utgiftene til ortopediske hjelpemiddel var 2 785 mill. kroner i 2025. Det er ein auke på 6,9 pst. frå 2024. Dei største produktgruppene det blei gitt støtte til i 2025, var ortosar og fotsenger (1 188 mill. kroner), fottøy (730 mill. kroner) og protesar (717 mill. kroner).

Høyreapparat og tinnitusmaskerarar

Dei samla utgiftene på posten var 1 133 mill. kroner i 2025. Det er ein auke på 4,6 pst. frå 2024. Utgiftene til reparasjonar gjekk ned med 1,5 pst. frå 2024 til 2025.

Det kom inn 71 000 søknader om stønad til høyreapparat i 2025. Det var ein auke på 12,5 pst. frå 2024.

Aktivitetshjelpemiddel til personar over 26 år

Det blei kjøpt inn hjelpemiddel i ordninga for 59 mill. kroner i 2025. Kjøp av tenester utgjorde 1,8 mill. kroner, og det blei innbetalt eigenandelar på om lag 2,8 mill. kroner. I første halvåret 2026 var dei rekneskapsførte utgiftene til aktivitetshjelpemiddel for personar over 26 år på 46 mill. kroner. Det blei innbetalt eigenandelar på om lag 2,8 mill. kroner.

Budsjettforslag 2027

Post 70 Grunnstønad, overslagsløyving

Det er lagt til grunn eit gjennomsnittleg antal grunnstønadsmottakarar på 145 780 for 2026 og 149 425 for 2027. For 2027 er det foreslått å vidareføre satsane nominelt frå 2026. Desse satsane er foreslåtte frå 1. januar 2027:

- Sats 1: 9 024 kroner
- Sats 2: 13 752 kroner
- Sats 3: 18 024 kroner
- Sats 4: 26 544 kroner
- Sats 5: 35 964 kroner
- Sats 6: 44 928 kroner

Regjeringa foreslår å gjeninnføre dokumentasjonskrav for grunnstønad for personar under 18 år med ADHD med hyperaktivitet, revurdere grunnstønaden for personar over 18 år med ADHD med hyperaktivitet, og å endre direkteplassering frå sats 2 til sats 1 for personar med cøliaki mellom 18 og 30 år. Desse tiltaka er rekna å gi ei samla innsparing på 212 mill. kroner på posten. Løyvinga til administrative utgifter blir samtidig foreslått auka med 12 mill. kroner på kap. 605, post 01.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 1,7 mrd. kroner.

Post 71 Hjelpestønad, overslagsløyving

Det er lagt til grunn eit gjennomsnittleg antal hjelpestønadsmottakarar på 86 295 for 2026 og 91 475 for 2027. For 2027 er det foreslått å føre satsane vidare nominelt frå 2026. Desse satsane er foreslåtte frå 1. januar 2027:

- Sats 1: 16 152 kroner
- Sats 2: 32 304 kroner
- Sats 3: 64 608 kroner
- Sats 4: 96 912 kroner

For 2027 er det foreslått ei løyving på 3,0 mrd. kroner.

Post 72 Stønad til servicehund, kan overførast

Posten er rammestyrt, og det er lagt til grunn ein prisauke i 2026 på 3,6 pst. Dei siste åra har det vore mindreforbruk på posten som følge av lågare etterspørsel. For 2027 er det derfor foreslått å redusere løyvinga med 1,93 mill. kroner.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 9 mill. kroner.

Post 73 Hjelpemiddel m.m. under arbeid og utdanning

For 2026 er det lagt til grunn ein volumvekst på 0 pst. og ein prisauke på 5 pst. For 2027 er det lagt til grunn ein volumvekst på 0 pst. og ein prisauke på 6 pst.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 173 mill. kroner.

Post 74 Tilskot til bilar

For 2026 er det lagt til grunn ein volumvekst på 7 pst. og ein prisauke på 3,5 pst. For 2027 er det lagt til grunn ein volumvekst på 3 pst. Det er lagt til grunn at tilskotet til bil i gruppe 1 blir ført vidare nominelt frå 2026 til 2027. For stønad til bil i gruppe 2 er det lagt til grunn ein prisauke på 2,6 pst.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 1,3 mrd. kroner.

Post 75 Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel

Det er lagt til grunn ein volumvekst på 2 pst. og ein prisauke på 3,5 pst. i 2026. For 2027 er det lagt til grunn ein volumvekst på 2 pst. Det er lagt til grunn at tilskotssatsane under denne posten blir førte vidare nominelt frå 2026 til 2027. For andre stønader er det lagt til grunn ein prisauke på 2,9 pst.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 5,6 mrd. kroner.

Post 76 Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel som tenester

Det er lagt til grunn ein negativ volumvekst på 4 pst. og ein prisauke på 4,3 pst. i 2026. For 2027 er det lagt til grunn ein volumvekst på 1 pst. og ein prisauke på 3,7 pst.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 530 mill. kroner.

Post 77 Ortopediske hjelpemiddel

Det er lagt til grunn ein volumvekst på 1 pst. og ein prisauke på 3,5 pst. i 2026. For 2027 er det lagt til grunn ein volumvekst på 5 pst. Det er lagt til grunn at tilskotssatsane under denne posten blir førte vidare nominelt frå 2026 til 2027 med unntak for satsane for stønad til parykk for personar over 30 år. For andre stønader er det lagt til grunn ein prisauke på 2,9 pst.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga med 11,3 mill. kroner for å auke satsane for stønad til parykk for personar over 30 år med 19 pst. frå 1. januar 2027. Dette inneber at den ordinære satsen blir auka frå 6 265 til 7 455 kroner og den forhøgde satsen frå 16 220 til 19 302 kroner for personar som må bruke individuelt tillaga parykk eller standardparykk av ekte hår pga. avvikande hovudform eller allergisk reaksjon mot syntetisk materiale.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 3,1 mrd. kroner.

Post 78 Høyreapparat

Det er lagt til grunn ein volumvekst på 1 pst. og ein prisauke på 3,5 pst. i 2026. For 2027 er det lagt til grunn ein volumvekst på 5 pst. Det er lagt til grunn at prisgrensa for analoge høyreapparat utan propp, analoge høyreapparat med propp, digitale høyreapparat og tinnitusmaskerarar blir ført vidare nominelt frå 2026 til 2027. For andre stønader er det lagt til grunn ein prisauke på 2,9 pst.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 1,2 mrd. kroner.

Post 79 Aktivitetshjelpemiddel til personar over 26 år

Posten er rammestyrt. For 2026 er det lagt til grunn ein prisauke på 2,9 pst.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 82,4 mill. kroner.

Programkategori 29.70 Alderdom

Utgifter under programkategori 29.70 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
2670	Alderdom	334 204 872	352 070 000	378 160 000	7,4
	Sum kategori 29.70	334 204 872	352 070 000	378 160 000	7,4

Utgifter under programkategori 29.70 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
50–89	Overføringar til andre	334 204 872	352 070 000	378 160 000	7,4
	Sum kategori 29.70	334 204 872	352 070 000	378 160 000	7,4

Pensjonspolitikken har som mål at pensjonssystemet skal vere økonomisk og sosialt berekraftig, og at det skal sikre føreseielege og gode pensjonar for både dagens og kommande generasjonar. Pensjonssystemet må derfor gi gode insentiv til arbeid, samtidig som det er fleksibelt, slik at alle kan velje sjølv når dei vil ta ut pensjon, og kor stor andel dei skal ta ut.

Det samla pensjonssystemet blir ofte omtalt som tredelt, med alderspensjonen frå folketrygda, tenestepensjonar (pensjonar opptente i arbeidsforhold) inkludert AFP og dessutan individuell pensjonssparing. Denne programkategorien omfattar alderspensjon frå folketrygda, inkludert grunnpensjon, tilleggspensjon, inntektspensjon og særtillegg, pensjonstillegg m.m.

Elles blir det vist til mål 8 om gode og føreseielege pensjonar for dagens og framtidige generasjonar i del I i innleiinga.

Kap. 2670 Alderdom

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
70	Grunnpensjon, *overslagsløyving*	95 452 640	96 840 000	98 710 000
71	Tilleggspensjon, *overslagsløyving*	194 144 312	197 400 000	202 880 000
72	Inntektspensjon, *overslagsløyving*	34 299 529	46 390 000	63 030 000
73	Særtillegg, pensjonstillegg m.m., *overslagsløyving*	10 308 391	11 440 000	13 540 000
	Sum kap. 2670	334 204 872	352 070 000	378 160 000

Allmenn omtale

Formålet med alderspensjon frå folketrygda er å sikre inntekt for personar i alderdommen og å legge til rette for ein fleksibel og gradvis overgang frå arbeid til pensjon. Folketrygda gir både ei minstesikring for dei som har hatt låg eller inga arbeidsinntekt, og ei standardsikring som er knytt til tidlegare arbeidsinntekt.

Alderspensjonen kan takast ut fleksibelt mellom 62 og 75 år, og det årlege pensjonsnivået blir høgare jo seinare ein vel å ta ut pensjonen – noko som gir gode insentiv til arbeid. Alderspensjonen blir levealdersjustert, og pensjonar under utbetaling blir regulert med gjennomsnittet av lønns- og prisveksten.

For personar fødde frå og med 1954 gir alle år med pensjonsgivande inntekt mellom 13 og 75 år pensjonsopptening. Personar som er fødde i 1954–1962, får ein forholdsmessig andel av alderspensjonen sin berekna etter dei nye reglane, mens personar som er fødde i 1963 og seinare, får heile pensjonen sin berekna etter dei nye reglane.

Hovudtrekk ved regelverket

Alderspensjon etter gammal oppteningsmodell gjeld fullt ut for dei som er fødde i 1953 og tidlegare. Alderspensjonen består av ulike komponentar. Grunnpensjonen blir fastsett uavhengig av tidlegare inntekt, mens tilleggspensjon i hovudsak blir berekna på bakgrunn av den pensjonsgivande inntekta kvar enkelt har hatt som yrkesaktiv. For å få rett til grunnpensjon må ein ha minst fem års trygdetid. Full grunnpensjon oppnår ein når ein har 40 års trygdetid. Oppteningstida for full tilleggspensjon er òg 40 år.

Det blir gitt pensjonstillegg til personar med låg eller ingen tilleggspensjon. Formålet med pensjonstillegget er å sikre alle eit minstenivå på pensjonen, uavhengig av tidlegare inntekt. Minste pensjonsnivå skal sikre eit akseptabelt inntektsnivå for personar utan eller med låg tidlegare inntekt. For å få rett til eit minste pensjonsnivå må ein ha minst fem års trygdetid. Fullt minste pensjonsnivå oppnår ein når ein har 40 års trygdetid.

Alderspensjon etter ny oppteningsmodell gjeld fullt ut for dei som er fødde i 1963 og seinare. Personar som er fødde i 1954–1962 får ein forholdsmessig andel av alderspensjonen sin berekna etter dei nye reglane. Alderspensjonen består av inntektspensjon og garantipensjon. Inntektspensjonen er i hovudsak berekna ut frå tidlegare inntekt. Til personar som har opparbeidd liten eller ingen rett til inntektspensjon, blir det ytt ein garantipensjon.

I inntektspensjonen blir all pensjonsgivande inntekt ein har mellom 13 og 75 år rekna med i pensjonsoppteninga. For åra før 2010 er den nedre og øvre aldersgrensa for pensjonsgivande inntekt 17 og 69 år. For kvart år med pensjonsopptening blir det akkumulert ei pensjonsbehaldning. Den årlege pensjonsoppteninga svarer til 18,1 pst. av den pensjonsgivande inntekta. Inntekter opp til eit nivå tilsvarande 7,1 G (grunnbeløpet i folketrygda) blir rekna med. Den årlege pensjonen til ein person blir fastsett på bakgrunn av pensjonsbehaldninga på uttakstidspunktet. Pensjonsbehaldninga blir da rekna om til ein årleg pensjon ved at ho blir dividert med delingstalet til personen, som speglar forventa gjenståande levetid på uttakstidspunktet.

Personar med ingen eller låg opptening av inntektspensjon har rett til garantipensjon dersom den samla trygdetida er minst fem år. Garantipensjon blir gitt med to satsar avhengig av sivilstand og inntektsforholdet til ektefelle eller sambuar. Full garantipensjon blir ytt til dei som har minst 40 års trygdetid. Dersom trygdetida er kortare, blir garantipensjonen tilsvarande lågare. Garantipensjonen blir avkorta med 80 pst. av inntektspensjonen, slik at dei som har opptent noko inntektspensjon, får utbetalt ein samla pensjon som er høgare enn full garantipensjon.

Våren 2022 vedtok Stortinget nye reglar for regulering av alderspensjon under utbetaling. Dei gamle reglane, som blei innførte med pensjonsreforma, skulle bidra til at pensjonane over tid hadde ei utvikling som svarte til gjennomsnittet av lønns- og prisveksten. Dei gamle reglane innebar at pensjonane blei regulerte med lønnsveksten, og deretter blei det trekt frå ein fast faktor på 0,75 pst. Frå og med 2022 blir alderspensjon under utbetaling regulert med gjennomsnittet av den faktiske lønns- og prisveksten. Det gjeld òg for regulering av minste pensjonsnivå og garantipensjon. Avtalefesta pensjon (AFP) i privat sektor blir regulert i tråd med dei gamle reglane.

I Meld. St. 6 (2023–2024) *Et forbedret pensjonssystem med en styrket sosial profil* blei det foreslått ei rekke tiltak for å styrke den sosiale berekrafta til pensjonssystemet. I samanheng med stortingsbehandlinga av meldinga inngjekk dei daverande regjeringspartia (Arbeidarpartiet og Senterpartiet) og partia Høgre, Sosialistisk Venstreparti, Venstre, Kristeleg Folkeparti og Miljøpartiet Dei Grøne ein avtale om justeringar i regelverket for pensjon. Avtalepartane stiller seg bak forslaga i pensjonsmeldinga om ein gradvis auke av alders-

grensene, betre regulering av minsteytingane i pensjonssystemet og styrke alderspensjonen til uføre. Vidare har avtalepartane bl.a. blitt einige om å opprette ei slitarordning i folketrygda samtidig med dei andre endringane i pensjonssystemet. Endringane som følger av pensjonsforliket krev eit omfattande lovarbeid. Departementet arbeider med eit høyringsnotat om auka aldersgrenser i pensjonssystemet og tilgrensande ordningar, inkludert ei slitarordning i folketrygda, og nye reglar for regulering av minsteytingane. Departementet tar sikte på å sende ut høyringsnotatet med lovforslag i løpet av hausten 2026.

Rapport

Utviklinga i utgifter til alderspensjon

Frå 1. januar 2011 blei det mogleg å ta ut alderspensjon fleksibelt mellom 62 og 75 år. Det gjennomsnittlege talet på mottakarar av alderspensjon under 67 år utgjorde 24 700 i 2011. Talet auka kvart år fram til 2018, men med avtakande vekst. I 2025 var det i gjennomsnitt 81 300 mottakarar av alderspensjon under 67 år, ein nedgang på 200 frå året før.

Auken i talet på mottakarar av alderspensjon under 67 år har bidratt til ein stor auke i utgiftene folketrygda har til alderspensjon. Dei nøytrale uttaksreglane gjer likevel at veksten i utgiftene seinare blir lågare, og utgiftene på lang sikt er i mindre grad påverka av kor mange som tar ut alderspensjon tidleg.

Utviklinga i utgifter til alderspensjon

År	Nominelle kroner (mill. kroner)	Endring (mill. kroner)	Endring (pst.)	2025 kroner[1] (mill. kroner)	Endring (mill. kroner)	Endring (pst.)
2023	296 881	24 523	9,0	327 215	9 378	3,0
2024	316 171	19 290	6,5	331 410	4 195	1,3
2025	334 205	18 034	5,7	334 205	2 795	0,8

[1] Utgifter i 2025-kroner er deflaterte med gjennomsnittleg grunnbeløp 2025 = 128 816 kroner.

Frå 2024 til 2025 auka utgiftene til alderspensjon med 5,7 pst. Det gjennomsnittlege grunnbeløpet (G) auka med 4,8 pst., og rekna i fast grunnbeløp var veksten 0,8 pst. Veksten i utgiftene målt i fast grunnbeløp kjem av at det blei fleire pensjonsmottakarar som er 67 år og eldre. Utgiftene til alderspensjonistar under 67 år gjekk ned med 2,7 pst. i 2025, målt i realverdi (fast grunnbeløp), mens utgiftene til alderspensjonistar som er 67 år eller eldre, auka med 1,0 pst.

Utviklinga i talet på mottakarar av alderspensjon og minstepensjonistar

Talet på mottakarar av alderspensjon har auka dei siste åra. Frå 2023 til 2025 var auken på 45 100, tilsvarande 4,3 pst. Ved utgangen av 2025 fekk 1 084 600 personar alderspensjon frå folketrygda.

Minstepensjonistar utgjorde 11,0 pst. av alle pensjonsmottakarane ved utgangen av 2025. Andelen gjekk ned med 0,4 prosentpoeng frå 2024.

Antal mottakarar av alderspensjon og minstepensjonistar og andel minstepensjonistar. Per 31. desember

	Mottakarar av alderspensjon i alt	Minste-pensjonistar	Andel minstepensjonistar[1]		
År			I alt	Menn	Kvinner
2023	1 039 500	133 300	12,8	4,3	21,0
2024	1 060 500	121 200	11,4	3,9	18,6
2025	1 084 600	119 600	11,0	3,9	17,9

[1] Andelen mannlege og kvinnelege minstepensjonistar er andelane av hvv. alle mannlege og alle kvinnelege mottakarar av alderspensjon.

Det er framleis ein langt høgare andel kvinner enn menn med minstepensjon. Det kjem av at kvinnene gjennomgåande har hatt ei svakare tilknyting til arbeidslivet og lågare inntekt enn mennene. Blant kvinnene som no tar ut alderspensjon, er det stadig fleire som har vore yrkesaktive. Andelen minstepensjonistar blant kvinner er derfor forventa å falle vidare i åra framover.

Utvikling i gjennomsnittleg pensjon[1] og minstepensjon, 2025-kroner[2]

	Alderspensjon			Minstepensjon		
År	I alt	Menn	Kvinner	I alt	Menn	Kvinner
2023	305 900	333 300	279 600	206 900	171 700	213 700
2024	309 700	335 800	284 600	210 300	174 900	217 500
2025	310 700	335 200	287 100	213 800	178 200	221 200

[1] Tala for gjennomsnittleg pensjon inkluderer ikkje etterbetalingar.
[2] Beløpa er rekna om til 2025-kroner med utviklinga i konsumprisindeksen.

Gjennomsnittleg alderspensjon auka med 1,6 pst. i realverdi frå 2023 til 2025. Det var ein auke på 0,6 pst. for menn og ein auke på 2,7 pst. for kvinner. Gjennomsnittleg minstepensjon auka med 3,3 pst. i realverdi frå 2023 til 2025. Auken heng saman med ein ekstraordinær auke i minste pensjonsnivå for einslege, med verknad frå 1. januar 2025.

Nye mottakarar av alderspensjon 62–66 år i 2025

Ein kan velje å ta ut full alderspensjon eller gradert pensjon med 20, 40, 50, 60 eller 80 pst. uttaksgrad. Tabellen nedanfor viser at den gjennomsnittlege uttaksgraden blant dei som tok ut alderspensjon før 67 år i 2025, var 79,1 pst., og at han var høgare blant menn enn blant kvinner. Den gjennomsnittlege alderspensjonen for nye mottakarar av alderspensjon i alderen 62–66 år er 212 100 kroner. Om ein korrigerer for uttaksgrad og bereknar gjennomsnittleg alderspensjon dersom alle tok ut full alderspensjon, ville denne vore på 267 400 kroner. Gjennomsnittleg pensjon er høgare for menn enn for kvinner som følge av at mennene har høgare opptening.

Nye mottakarar av alderspensjon 62–66 år i 2025. Gjennomsnittleg uttaksgrad, gjennomsnittleg alderspensjon og gjennomsnittleg alderspensjon korrigert for uttaksgrad

	Antal	Gjennomsnittleg uttaksgrad	Gjennomsnittleg pensjon	Gjennomsnittleg pensjon korrigert for uttaksgrad
Kvinner	11 427	78,3	198 600	253 100
Menn	18 583	79,6	220 400	276 200
Totalt	30 010	79,1	212 100	267 400

Budsjettforslag 2027

Regulering av grunnbeløpet i folketrygda

Utgiftsanslaget for 2027 inkluderer anslått effekt av trygdeoppgjeret i 2026 og 2027. Departementet viser til omtale under kvar enkelt post. Reguleringsreglane for løpande pensjon er lagde om frå 2022. Løpande pensjonar har frå 1. mai 2022 blitt regulerte med gjennomsnittet av lønns- og prisveksten.

Post 70 Grunnpensjon, overslagsløyving

Det er lagt til grunn at det i gjennomsnitt vil vere 1 085 700 personar med grunnpensjon, og at gjennomsnittleg grunnpensjon vil utgjere 90 900 kroner.

Utgiftsanslaget for 2027 inkluderer anslått effekt av trygdeoppgjeret i 2026 og 2027. Som følge av dette aukar anslaget på post 70 med 3,3 mrd. kroner.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 98,7 mrd. kroner.

Post 71 Tilleggspensjon, overslagsløyving

Det er lagt til grunn at det i gjennomsnitt vil vere 1 067 800 personar med tilleggspensjon, og at gjennomsnittleg tilleggspensjon vil utgjere 190 000 kroner.

Utgiftsanslaget for 2027 inkluderer anslått effekt av trygdeoppgjeret i 2026 og 2027. Som følge av dette aukar anslaget på post 71 med 6,7 mrd. kroner.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 202,9 mrd. kroner.

Post 72 Inntektspensjon, overslagsløyving

Det er lagt til grunn at det i gjennomsnitt vil vere 469 500 personar med inntektspensjon, og at gjennomsnittleg inntektspensjon vil utgjere 134 200 kroner.

Utgiftsanslaget for 2027 inkluderer anslått effekt av trygdeoppgjeret i 2026 og 2027. Som følge av dette aukar anslaget på post 72 med 2,1 mrd. kroner.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 63 mrd. kroner.

Post 73 Særtillegg, pensjonstillegg m.m., overslagsløyving

Posten dekker fleire tillegg til alderspensjon: særtillegg, pensjonstillegg, minstenivåtillegg, garantipensjon og skjermingstillegg. Om lag 44 pst. av løyvinga for 2027 gjeld særtillegg og pensjonstillegg. Det er lagt til grunn at det i gjennomsnitt vil vere 150 900 personar med særtillegg eller pensjonstillegg i 2027, og at gjennomsnittleg særtillegg eller pensjonstillegg vil utgjere 39 300 kroner.

Utgiftsanslaget for 2027 inkluderer anslått effekt av trygdeoppgjeret i 2026 og 2027. Som følge av dette aukar anslaget på post 73 med 450 mill. kroner.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 13,5 mrd. kroner.

Programkategori 29.80 Forsørgartap m.m.

Utgifter under programkategori 29.80 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
2680	Etterlatne	3 465 583	3 581 200	2 911 300	-18,7
2686	Stønad ved gravferd	509 645	370 000	423 000	14,3
	Sum kategori 29.80	3 975 228	3 951 200	3 334 300	-15,6

Utgifter under programkategori 29.80 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
50–89	Overføringar til andre	3 975 228	3 951 200	3 334 300	-15,6
	Sum kategori 29.80	3 975 228	3 951 200	3 334 300	-15,6

Programkategori 29.80 omfattar kapitla 2680 Etterlatne og 2686 Stønad ved gravferd.

Kap. 2680 Etterlatne omfattar i hovudsak pensjon og omstillingsstønad til gjenlevande ektefellar under 67 år, tidlegare familiepleiarar og barn som har mista den eine eller begge foreldra.

Kap. 2680 Etterlatne

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
70	Omstillingsstønad m.m., *overslagsløyving*	1 699 522	1 750 000	1 060 000
71	Barnepensjon, *overslagsløyving*	1 764 712	1 830 000	1 850 000
74	Tilleggsstønader og stønad til skolepengar, *overslagsløyving*	147	100	200
75	Stønad til barnetilsyn til attlevande i arbeid, *overslagsløyving*	1 202	1 100	1 100
	Sum kap. 2680	3 465 583	3 581 200	2 911 300

Hovudtrekk ved regelverket

Formålet med ytingar til etterlatne er å sikre inntekt til gjenlevande ektefelle og tidlegare familiepleiarar i ein overgangsperiode, og gi dei hjelp til sjølvhjelp. Ytingane skal òg sikre inntekt til barn som har mista den eine eller begge foreldra. Regelverket blei endra med verknad frå 2024, jf. Prop. 13 L (2020–2021), Innst. 128 L (2020–2021) og lovvedtak 39 (2020–2021).

Gjenlevande ektefelle

Ytingar til gjenlevande ektefelle under 67 år blir gitt etter føresegner i folketrygdlova kapittel 17. Kven som blir rekna som ektefelle er nærmare definert i lova. Det blir gitt ein omstillingsstønad der full årleg yting utgjer 2,25 gonger grunnbeløpet. Denne stønaden blir redusert med 45 pst. av arbeidsinntekt som årleg overstig halvparten av grunnbeløpet. Stønaden skal òg reduserast forholdsmessig dersom trygdetida til avdøde er under 40 år. Omstillingsstønaden kan givast i inntil tre år etter dødsfallet, og stønadsperioden kan på visse vilkår forlengast med to år.

Omstillingsstønaden kan i nokre tilfelle givast fram til 67 år. Nokre av dei som har rett til ytingar etter dei gamle reglane kan òg i visse tilfelle få desse fram til 67 år. Dei som har rett til ytingar etter dei gamle reglane, kan få desse fram til inntil fem år etter at reforma tredde i kraft. Dersom dei framleis har rett til ytingar etter denne perioden, vil ytingane bli berekna etter dei nye reglane.

Gjenlevandetillegg og gjenlevandefordelar til uføretrygd og alderspensjon frå folketrygda blir fasa ut etter nærmare fastsette overgangsreglar. Desse tillegga blir utbetalte under kap. 2655 Uførleik og kap. 2670 Alderdom.

Barnepensjon

Barnepensjon blir gitt til barn som har mista den eine av eller begge foreldra.

Barnepensjon blir gitt etter faste satsar. Årleg pensjon utgjer eitt grunnbeløp dersom barnet har mista éin forelder, og 2,25 grunnbeløp dersom barnet har mista begge foreldra. Pensjonen skal reduserast forholdsmessig dersom den avdøde hadde mindre enn 40 års trygdetid. Barnepensjonen kan givast inntil barnet fyller 20 år. Barnepensjonar som var under utbetaling da dei nye reglane tok til å gjelde, blir gitt etter nye satsar dersom det gir ei høgare yting.

Utgiftsutviklinga

Nytt regelverk frå 2024 verkar inn på utbetalingane, i første rekke i form av ein auke i utbetalingane av barnepensjon. Tidsavgrensinga av ytinga til vaksne etterlatne vil over tid redusere utbetalingane.

I nominelle beløp har utgiftene under kap. 2680 hatt ein samla auke på 63 pst. i perioden 2023–2025. I fast grunnbeløp har det vore ein auke i utgiftene på 48 pst. i løpet av den same perioden. Årsaka til den sterke veksten er ein kraftig auke i nivået på barnepensjonane og den utvida aldersgrensa for å kunne få barnepensjon som tok til å gjelde frå 2024.

Talet på gjenlevande ektefellar med pensjon har gått ned dei siste åra, og isolert sett bidratt til å redusere utgiftene. Dødelegheita i aldersgruppene under 67 år er redusert, særleg blant menn, og det har dermed blitt færre gjenlevande ektefellar. Den aukande yrkesaktiviteten blant kvinner påverkar òg utviklinga i talet på gjenlevande ektefellar som får utbetalt gjenlevandepensjon, da pensjonen blir avkorta mot inntekt og dermed fell heilt bort over visse inntektsnivå.

Gjenlevande ektefellar med pensjon per 31.12. og endring frå føregåande år. 2023–2025

	Med grunnpensjon		Med særtillegg		Med tilleggspensjon	
År	Tal på personar	Endring frå året før	Tal på personar	Endring frå året før	Tal på personar	Endring frå året før
2023	13 442	-144	4 212	30	13 151	-128
2024	12 098	-1 344	3 855	-357	11 838	-1 313
2025	10 751	-1 347	3 481	-374	10 517	-1 321

Andelen gjenlevande ektefellar med frådrag i ytinga som følge av faktisk eller antatt inntekt har vore relativt stabil dei siste åra. Ved utgangen av 2025 hadde 86 pst. av alle gjenlevande ektefellar

med pensjon/stønad reduksjon i ytinga som følge av faktisk eller antatt inntekt.

Ordninga med gjenlevandepensjon til gjenlevande mellom 18 og 67 år har vore under utfasing sidan 2024. Ordninga blir erstatta av ein tidsavgrensa omstillingsstønad, som har vore under innfasing frå 2024. Ved utgangen av 2025 var det 2 079 mottakarar av omstillingsstønad. Ved utgangen av 2025 hadde 81 pst. av alle med omstillingsstønad ein reduksjon i ytinga som følge av faktisk eller antatt inntekt.

Dei aller fleste gjenlevande ektefellar med pensjon eller omstillingsstønad er kvinner. Ved utgangen av 2025 var andelen kvinner 90 pst. Rundt 45 pst. av enkene og 17 pst. av enkemennene under 67 år fekk gjenlevandepensjon eller omstillingsstønad ved utgangen av 2025.

Tal på personar med avgang frå gjenlevandepensjon og tilstand etter avgang, 2025

Kjønn	Totalt tal	Alders-pensjon/AFP	Uføretrygd	I arbeid[1]	Anna
Totalt	1 526	766	165	303	292
Kvinner	1 324	683	142	250	249
Menn	202	83	23	53	43

[1] Registrert som arbeidstakar.

50 pst. av gjenlevande ektefellar med avgang frå gjenlevandepensjon har overgang til alderspensjon/AFP, mens 11 pst. har blitt uføretrygda. Vidare har 19 pst. mista pensjonen pga. ekteskapsinngåing, dødsfall eller andre forhold.[29]

Dei gjenverande 20 pst. er i arbeid. Dette er i stor grad personar som òg har vore i arbeid samtidig som dei har fått gjenlevandepensjon, og som no har fått høgare inntekt slik at heile pensjonen blir avkorta. Dei som sluttar å få gjenlevandepensjon, har i gjennomsnitt fått pensjon i overkant av ti år.

[29] Det er låge tal som har gifta seg eller er registrerte som døde, særleg blant menn. For å sikre at statistikk ikkje kan førast tilbake til enkeltpersonar det er mogleg å identifisere, er kategoriane «gift på nytt» og «død» slått saman med kategorien «anna» og Alderspensjon/AFP framstilt samla.

Barnepensjonistar per 31. desember. 2023–2025

	2023	2024	2025	Endring 2023–2025 i pst.
Tal i alt	10 862	14 235	14 239	31,1
Begge foreldre døde	145	168	254	75,2

Talet på mottakarar av barnepensjon har auka med nærmare 31 pst. frå 2023 til 2025. Årsaka til den kraftige auken er omleggingane av regelverket frå 2024, som innebar at aldersgrensa for å kunne ta imot barnepensjon blei heva til 20 år.

Talet på barnepensjonistar utgjer 1,1 pst. av alle unge mellom 0 og 20 år.

Budsjettforslag 2027

Post 70 Omstillingsstønad m.m., overslagsløyving

Posten omfattar omstillingsstønad og dessutan gjenlevandepensjon til ektefellar og tidlegare familiepleiarar etter overgangsreglar.

Det er lagt til grunn eit gjennomsnittleg tal på mottakarar på om lag 7 300 med ei gjennomsnittleg yting på om lag 145 200 kroner.

Utgiftsanslaget for 2027 inkluderer anslått effekt av trygdeoppgjeret i 2026 og 2027. Som følge av dette aukar anslaget med 43 mill. kroner på post 70.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 1,1 mrd. kroner.

Post 71 Barnepensjon, overslagsløyving

Det er lagt til grunn eit gjennomsnittleg tal på mottakarar på om lag 14 000, med ei gjennomsnittleg yting på om lag 132 100 kroner.

Utgiftsanslaget for 2027 inkluderer anslått effekt av trygdeoppgjeret i 2026 og 2027. Som følge av dette aukar anslaget med 75 mill. kroner på post 71.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 1,9 mrd. kroner.

Post 74 Tilleggsstønader og stønad til skolepengar, overslagsløyving

Posten omfattar stønad til skolepengar og alle tilleggsstønadene, irekna stønad til barnetilsyn til gjenlevande ektefellar og tidlegare familiepleiarar i utdanning og arbeidssøking.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 0,2 mill. kroner.

Post 75 Stønad til barnetilsyn til attlevande i arbeid, overslagsløyving

Posten omfattar stønad til barnetilsyn til gjenlevande ektefellar i arbeid.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 1,1 mill. kroner.

Kap. 2686 Stønad ved gravferd

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
70	Stønad ved gravferd, *overslagsløyving*	509 645	370 000	423 000
	Sum kap. 2686	509 645	370 000	423 000

Hovudtrekk ved regelverket

Formålet med stønad ved gravferd etter folketrygdlova kap. 7 er å kompensere for utgifter til gravferd. Når ein medlem i folketrygda døyr, kan det givast gravferdsstønad og stønad til båretransport. Det blir òg ytt stønad til ektefellen til ein medlem og medlemmen sine barn under 18 år som ikkje sjølve er medlemmer i folketrygda, dersom desse oppheld seg i Noreg og blei forsørgde av medlemmen.

Gravferdsstønaden blir fastsett av Stortinget og utgjer frå 1. januar 2026 maksimalt 30 898 kroner. Stønaden er, med unntak for barn under 18 år, behovsprøvd.

Stønad til båretransport blir ytt for å dekke nødvendige utgifter til transport av båre dersom båra med den avdøde må transporterast lenger enn 20 km frå dødsstaden til nærmaste naturlege gravplass ved bustaden. Det blir gjort frådrag for ein eigenandel på 10 pst. av gravferdsstønaden etter gjeldande regelverk. Sjå forslag til endra eigenandel under budsjettforslag 2027.

Ved dødsfall under opphald utanfor landet kan det i visse tilfelle ytast stønad etter særskilde reglar.

Rapport

Utgiftene til stønad ved gravferd i 2025 var på 509,6 mill. kroner. Av dette blei det utbetalt 402,1 mill. kroner til båretransport, 93,1 mill. kroner til behovsprøvd gravferdsstønad og 14,4 mill. kroner til gravferdsstønad ved dødfødt barn.

Behovsprøvd gravferdsstønad 2023–2025

År	Utgifter, mill. kroner	Tal på mottakarar	Mottakarar i pst. av talet på døde	Gjennomsnittleg beløp, kroner	Maksimal sats, kroner
2023	61,7	2 858	6,5	21 577	27 195
2024	83,5	3 697	8,4	22 587	28 677
2025	93,1	3 977	8,4	23 420	29 853

Stønad til båretransport 2023–2025

År	Utgifter, mill. kroner	Tal på mottakarar	Mottakarar i pst. av talet på døde	Gjennomsnittleg beløp, kroner
2023	222,0	18 764	42,8	11 833
2024	327,2	24 144	54,6	13 551
2025	402,1	25 903	57,5	15 523

I 2025 fekk 3 977 personar behovsprøvd gravferdsstønad, mot 3 697 i 2024. Andelen dødsfall der det blei gitt behovsprøvd gravferdsstønad, var 8,8 pst. I tillegg blei det i 2025 utbetalt stønad til båretransport for 25 903 personar og i 674 saker med gravferdsstønad for dødfødde barn.

Budsjettforslag 2027

Post 70 Stønad ved gravferd, overslagsløyving

Utgiftene til stønad til båretransport har auka mykje dei siste åra, og meir enn det som kan forklarast av utviklinga i talet på dødsfall og endra transportbehov. For å dempe veksten i utgiftene, foreslår departementet å auke eigenandelen til 20 pst. av gravferdsstønaden med verknad frå 1. januar 2027. Endringa skal ha verknad for tilfelle der dødsfallet skjer etter at lova har tredd i kraft. Eigenandelen utgjer 3 090 kroner etter gjeldande regelverk, og vil auke til 7 400 kroner med forslaget.

Departementet foreslår samtidig å auke satsen for behovsprøvd gravferdsstønad tilsvarande auken i satsen for eigenandel i stønad til båretransport. Dette vil føre til at dei som får stønad frå begge ordningane, kjem likt eller betre ut med endringane som er foreslått. I tillegg vil dette styrke den behovsprøvde ordninga for dei som har kortare transportavstandar og derfor ikkje oppfyller vilkåret for stønad til båretransport. Departementet foreslår å auke satsen for den behovsprøvde gravferdsstønaden frå maksimalt 30 898 kroner til maksimalt 37 000 kroner frå 1. januar 2027. Endringa gjeld for tilfelle der dødsfallet skjer etter satsauken.

Regjeringa har starta opp ein heilskapleg gjennomgang av ordninga med stønad til båretransport. Formålet er å sikre at ordninga gir gode insentiv i gravferdsnæringa, effektiv ressursbruk og føreseielege utgifter for etterlatne og for folketrygda. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget med eventuelle forslag til endringar når dette arbeidet er ferdig.

Auka sats for behovsprøvd gravferdsstønad vil auke talet på mottakarar med om lag 600 personar, og gjennomsnittleg stønadsbeløp per mottakar vil auke med drygt 4 000 kroner. Det er lagt til grunn at det i gjennomsnitt vil vere om lag 4 500 personar som får gravferdsstønad, og at det gjennomsnittlege beløpet per mottakar vil vere om lag 28 500 kroner. Dette gir eit utgiftsanslag på 129 mill. kroner, som er om lag 33 mill. kroner høgare enn anslaget med ei vidareføring av gjeldande regelverk.

Auka sats for eigenandel i stønad til båretransport vil redusere talet på mottakarar av ordninga med om lag 1200 personar, og gjennomsnittleg stønadsbeløp per mottakar vil bli redusert med drygt 4 000 kroner. For stønad til båretransport er det anslått at talet på mottakarar blir om lag 23 500, med eit gjennomsnittleg stønadsbeløp per mottakar på om lag 12 500 kroner. Dette gir eit utgiftsanslag på 293 mill. kroner, som er om lag 120 mill. kroner lågare enn anslaget med ei vidareføring av gjeldande regelverk.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 423 mill. kroner.

Programkategori 29.90 Diverse inntekter

Inntekter under programkategori 29.90 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
5701	Diverse inntekter	2 397 150	2 335 635	2 404 839	3,0
	Sum kategori 29.90	2 397 150	2 335 635	2 404 839	3,0

Inntekter under programkategori 29.90 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
50–89	Overføringar frå andre	2 397 150	2 335 635	2 404 839	3,0
	Sum kategori 29.90	2 397 150	2 335 635	2 404 839	3,0

Kap. 5701 Diverse inntekter

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
71	Refusjon ved yrkesskade	840 084	798 940	809 779
80	Renter	4 666	22 000	27 000
86	Innkrevjing av feilutbetalingar	1 427 567	1 396 000	1 467 200
87	Diverse inntekter	27 843	5 695	5 860
88	Hjelpemiddelsentralar m.m.	96 990	113 000	95 000
	Sum kap. 5701	2 397 150	2 335 635	2 404 839

Budsjettforslag 2027

Post 71 Refusjon ved yrkesskade

Bakgrunn

Ein vesentleg del av utgiftene til folketrygda ved yrkesskade blir finansiert av arbeidsgivarar gjennom ei refusjonsordning knytt til den obligatoriske yrkesskadeforsikringa etter yrkesskadeforsikringslova. Ordninga er forankra i forskrift om trygderefusjon ved yrkesskade gitt i medhald av folketrygdlova § 23-8.

Refusjonsordninga bygger på ein forenkla modell der kapitaliserte uføreytingar blir medrekna fullt ut i berekningsgrunnlaget, mens andre

trygdeytingar ikkje blir tatt med. Ordninga speglar forholdet mellom utgiftene til folketrygda og erstatningsutbetalingane, men tar ikkje sikte på å dekke dei faktiske trygdeutgiftene i dei enkelte yrkesskadetilfella. Forsikringsgivarane refunderer 120 pst. av dei faktiske erstatningsutbetalingane under yrkesskadeforsikringslova. Refusjonssatsen har vore uendra sidan 1991, da ordninga blei innført. Refusjonssatsen blir beheldt uendra på 120 pst. av erstatningsutbetalingane i 2027 òg. Av praktiske grunnar følger oppgjersåret kalenderåret, men forsikringsselskapa kan først ha oppgjeret ferdig berekna og utbetalt 1. mars i det etterfølgande året. Frå 1. januar fram til forfall 1. mars blir selskapa belasta renter i samsvar med dagslånsrenta i Noregs Bank.

Regjeringa er i samanheng med sin plan for Noreg (2025–29) i gang med reform av yrkesskaderegelverket. Dette er fleire ulike prosessar som går samtidig føre seg. Nytt arbeidsulykkeomgrep og tydeleggjering av bevisbyrda er einstemmig vedtatt av Stortinget i samanheng med behandlinga av Prop. 93 L (2025–2026). Det nye arbeidsulykkeomgrepet gir eit meir rettferdig regelverk for arbeidstakarane, og svarer ut Stortingets fire oppmodingsvedtak om arbeidsulykkeomgrepet frå 2. juni 2025 i samanheng med behandlinga av Prop. 134 L (2024–2025). Sjå òg omtale i del I, kap. 4 Oppmodingsvedtak. I tillegg blir det jobba med ny yrkessjukdomsliste, kriterium for å ta nye sjukdommar inn på lista og sikringsventil for sjukdommar utanfor lista. Departementet oppnemnde i slutten av august 2026 det partssamansette utvalet som m.a. skal gi råd til departementet om nye sjukdommar som bør takast inn på lista.

Nærmare om utgiftene til folketrygda og refusjonsinntekter ved yrkesskade

Dei faktiske utgiftene til folketrygda ved yrkesskade er langt større enn beløpet som blir refundert. Det kjem av at mange stønadsartar, i hovudsak korttidsytingar som sjukepengar og utgifter til helsetenester, er haldne utanfor refusjonsordninga. Enkelte persongrupper som høyrer inn under ansvaret til det offentlege, til dømes skoleelevar, er òg haldne utanfor refusjonsordninga.

Tabellen nedanfor viser dei faktiske refusjonsinnbetalingane som folketrygda har fått frå forsikringsselskapa i åra 2023–2025, og bevilga beløp i revidert nasjonalbudsjett 2026.

Refusjonsinnbetalingar frå forsikringsselskapa (mill. kroner, nominelle beløp)

År	2023	2024	2025	2026
Inntekt	744,4	865,9	840,1	782,4

Inntektene på posten er vanskelege å føreseie. I budsjettforslaget er det lagt til grunn eit gjennomsnitt av inntektene i tabellen over.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 809,8 mill. kroner.

Post 80 Renter

Posten består i hovudsak av morarenter på yrkesskadeforsikringskrav og andre krav der det blir ilagt forseinkingsrente. Renteinntekter ved tilbakekrevjing av feilutbetalingar blir òg inntektsførte på posten. Posten aukar med 5 mill. kroner som følge av ein auke i ilagte rentekrav og beløp til innkrevjing.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 27 mill. kroner.

Post 86 Innkrevjing av feilutbetalingar

På posten blir det bl.a. inntektsført tilbakebetaling av for mykje utbetalt til stønadsmottakarar, inkludert etteroppgjer av uføretrygd og AFP. I tillegg rekneskapsfører Helfo refusjon for feilutbetalte ytingar og renter på slike feilutbetalingar på denne posten.

Samanlikna med saldert budsjett for 2026 aukar inntektene i 2027. Hovudårsaka er auka inntekter frå innkrevjing av feilutbetalingar. Posten blir foreslått auka med 71,2 mill. kroner.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 1,5 mrd. kroner.

Post 87 Diverse inntekter

Posten består i hovudsak av inntekter frå tolketenester på stønadsområdet, gebyr og tvangsmulkt.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 5,9 mill. kroner.

Post 88 Hjelpemiddelsentralar m.m.

Posten omfattar i hovudsak inntekter frå sal av bilar og gjeldsoppgjer for bilar.

Samanlikna med saldert budsjett for 2026 går inntektene ned med 18 mill. kroner i 2027. Årsaka

til reduserte inntekter er knytte til lavere inntekter frå sal av bilar og gjeldsoppgjør for bilar.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 95 mill. kroner.

Programkategori 33.30 Arbeidsliv

Utgifter under programkategori 33.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
2541	Dagpengar	15 365 464	16 867 000	17 605 000	4,4
2542	Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.m.	917 971	1 100 000	1 185 000	7,7
	Sum kategori 33.30	16 283 435	17 967 000	18 790 000	4,6

Utgifter under programkategori 33.30 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
50–89	Overføringar til andre	16 283 435	17 967 000	18 790 000	4,6
	Sum kategori 33.30	16 283 435	17 967 000	18 790 000	4,6

Måla om ein velfungerande arbeidsmarknad med god utnytting av arbeidskrafta og inntektsikringsordningar som gir økonomisk tryggleik og samtidig stimulerer til arbeid, ligg til grunn for dagpengeordninga. Ordninga skal gi midlertidig inntektssikring ved bortfall av arbeidsinntekt og bidra til økonomisk tryggleik for den enkelte. Samtidig skal dagpengeordninga stimulere til aktiv jobbsøking og overgang til arbeid. Dagpengeordninga er dermed både eit fordelingspolitisk og eit arbeidsmarknadspolitisk verkemiddel. Under følger budsjettforslaga til kapittel 2541 Dagpengar og kapittel 2542 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs. Lønnsgarantiordninga skal, på visse vilkår, dekke utestående krav som arbeidstakaren har på lønn når arbeidsgivaren går konkurs.

Kap. 2541 Dagpengar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
70	Dagpengar, *overslagsløyving*	15 365 464	16 867 000	17 605 000
	Sum kap. 2541	15 365 464	16 867 000	17 605 000

Hovudtrekk ved regelverket

Eit av formåla med dagpengeordninga er å kompensere midlertidig for tap av arbeidsinntekt som følge av arbeidsløyse. Kor mykje dagpengar ein kan få, og kor lenge ein kan få det, avheng av tidlegare arbeidsinntekt.

Oppteningsprinsippet gir insentiv til å arbeide, ved at retten blir opparbeidd gjennom yrkesdeltaking. Ordninga er også utforma for å motivere til aktiv jobbsøking, bl.a. gjennom aktivitetskrav, mobilitetskrav og sanksjonar. Utforminga av dagpengeordninga inneber ei avveging mellom omsynet til økonomisk tryggleik ved arbeidsløyse og omsynet til høg sysselsetting og god utnytting av arbeidskrafta.

For å få dagpengar, må ein vere arbeidsledig, men også permitterte kan få dagpengar. Det er eit krav at den arbeidsledige har fått arbeidstida redusert med minst 50 pst., og at vilkåra elles er oppfylte. For å få rett til dagpengar må ein bl.a. ha hatt ei minste tidlegare arbeidsinntekt, og ein må vere reell arbeidssøkar. Det inneber at ein aktivt må søke og vere tilgjengeleg for all slags arbeid, på heiltid og deltid, kor som helst i landet.

Rapport

Utviklinga i talet på dagpengemottakarar

I gjennomsnitt fekk om lag 48 600 personar dagpengar i 2025. I første halvår 2026 var det om lag 49 900 dagpengemottakarar i gjennomsnitt. Det er ein auke på 0,9 pst. samanlikna med første halvår 2025.

I 2025 var utgiftene til dagpengar om lag 15 400 mill. kroner. I første halvår 2026 summerte utgiftene over dagpengekapittelet seg til om lag 9 100 mill. kroner. Det er ein auke på rundt 9,8 pst. samanlikna med første halvår 2025.

Tabellen under viser omfanget og samansettinga av dagpengemottakarar for 2024 og 2025 og for første halvår 2025 og 2026.

Gjennomsnittleg antal dagpengemottakarar, 2024–1. halvår 2026

	2024	2025	1. halvår 2025	1. halvår 2026
Heilt ledige ikkje permitterte	21 799	26 620	25 702	26 048
Heilt ledige permitterte	3 930	3 456	4 187	4 065
Delvis ledige ikkje permitterte	6 014	7 542	7 437	7 509
Delvis ledige permitterte	3 298	2 782	3 363	3 571
Andre (inkl. tiltaksdeltakarar)	7 313	8 213	8 819	8 743
Sum	42 354	48 613	49 507	49 935

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet

Gjennomsnittleg fekk dagpengemottakarane ytinga i 25 veker i 2025. I 2024 fekk dagpengemottakarane ytinga i 30 veker i gjennomsnitt. Fleirtalet av dagpengemottakarane er heilt ledige (inkl. heilt permitterte). I 2025 var det gjennomsnittleg om lag 30 100 personar i denne gruppa. I første halvår 2026 var det i gjennomsnitt om lag 30 110 heilt ledige dagpengemottakarar. Dette er ein auke på om lag 0,75 pst. frå første halvår 2025.

Frå 2024 til 2025 gjekk talet på permitterte ned med om lag 990 personar til eit nivå på om lag 6 240 i gjennomsnitt. I første halvår 2026 var det i gjennomsnitt 7 640 heilt og delvis permitterte, eit nivå som var om lag 1,1 pst. høgare enn i same perioden året før.

Bruk av sanksjonar overfor mottakarar av dagpengar

Sanksjonane mot dei som er sjølvforskyldt ledige, som utan rimeleg grunn lèt vere å ta jobb eller delta i arbeidsmarknadstiltak, eller som lèt vere å møte ved Nav-kontoret etter innkalling, er eit viktig verkemiddel for å sikre aktiv arbeidssøking. Krava i dagpengeordninga om at mottakarane skal vere mobile og disponible for arbeid eller arbeidsmarknadstiltak, skal praktiserast konsekvent. Avstenging ved enkeltbrot på krava skjer i form av sanksjonsperiode eller tidsavgrensa bortfall av dagpengar etter reglane i folketrygdlova §§ 4-10 og 4-20.

I 2025 blei det gjort 1 162 vedtak om tidsavgrensa bortfall og 7 914 vedtak om sanksjonsperiode for å få dagpengar som følge av å vere sjølvfor-

skyldt ledig. I første halvår 2026 blei det gjort 708 vedtak om tidsavgrensa bortfall og 3 204 vedtak om sanksjonsperiode.

Budsjettforslag 2027

Post 70 Dagpengar, overslagsløyving

Løyvinga på posten har blitt endra gjennom første halvår 2026. I revidert nasjonalbudsjett for 2026 blei løyvinga sett ned til 16 430 mill. kroner.

Løvinga blir foreslått auka med 738 mill. kroner samanlikna med anslaget i Saldert budsjett 2026. Hovudårsaka til auka i løyvinga er at anslaget for gjennomsnittleg yting per mottakar er oppjustert. Vidare er det anslått at forsøk med aktivitetspengar vil redusere utgiftene til dagpengar med 16 mill. kroner i 2027, ettersom fleire deltakarar i forsøket vil få aktivitetspengar i staden for dagpengar. Sjå nærmare omtale under kap. 2652, post 70.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 17,6 mrd. kroner.

Kap. 5705 Refusjon av dagpengar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
70	Refusjon av dagpengar, statsgaranti ved konkurs	26 007	29 000	31 000
71	Refusjon av dagpengar for grensearbeidarar m.m. busette i Noreg	944	1 000	1 000
72	Innkrevjing av forskotterte dagpengar	43 512	25 000	8 000
	Sum kap. 5705	70 463	55 000	40 000

Budsjettforslag 2027

Post 70 Refusjon av dagpengar, statsgaranti ved konkurs

Arbeids- og velferdsetaten kan forskotere lønnsgarantimidlar i form av dagpengar dersom vilkåra for dekning gjennom lønnsgarantiordninga er til stades. Arbeids- og velferdsetaten fremmer refusjonskrav i konkursbuet for utbetalte dagpengar når det blir klart at det vil bli utbetalt lønnsgarantimidlar til arbeidstakaren.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 31 mill. kroner.

Post 71 Refusjon av dagpengar for grensearbeidarar m.m. busette i Noreg

Arbeids- og velferdsetaten kan søke refusjon for utbetalte dagpengar til personar som er busette i Noreg og har blitt heilt arbeidsledige frå arbeid i eit anna EØS-land. Tilsvarande kan eit anna EØS-land krevje refusjon frå Noreg for utbetalte dagpengar til personar som er busette i det andre EØS-landet og har blitt heilt arbeidsledige frå arbeid i Noreg. Mellom dei nordiske landa gjeld ein avtale om å ikkje krevje slik refusjon.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 1 mill. kroner.

Post 72 Innkrevjing av forskoterte dagpengar

Under koronapandemien blei uvanleg mange permitterte eller arbeidsledige. For at dei skulle vere sikra nødvendige midlar til livsopphald mens dei venta på at søknaden deira om dagpengar blei behandla, blei det innført ei ny ordning for forskotsutbetaling av dagpengar 30. mars 2020. Forskotsordninga var nødvendig for å følge opp Stortinget sitt vedtak om at utbetalingane til dei permitterte og arbeidsledige skulle skje raskt. Ordninga har ikkje vore i bruk sidan 2021 og ho blei avvikla 31. desember 2022.

Krav om tilbakebetaling av forskot kan inndrivast etter reglane i bidragsinnkrevjingslova. Det er Skatteetaten som står for inndrivingane, på vegne av Arbeids- og velferdsetaten.

Utbetaling av forskot er utgiftsført i statsrekneskapen for 2020 under kap. 2541, post 70. Tilbakebetalingar av forskot er inntektsførte mot det same kapittelet i samsvar med fullmakta frå Stortinget. I 2021 blei det utbetalt 53 mill. kroner i

nye forskot fram til ordninga blei stengd ned 26. mai.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 8 mill. kroner.

Kap. 2542 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
70	Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.m., *overslagsløyving*	917 971	1 100 000	1 185 000
	Sum kap. 2542	917 971	1 100 000	1 185 000

Hovudtrekk ved regelverket

Lønnsgarantiordninga skal, på visse vilkår, dekke utestående krav som arbeidstakaren har på lønn m.m. når arbeidsgivaren går konkurs, jf. lov av 14. desember 1973 nr. 61 om statsgaranti for lønnskrav ved konkurs mv.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har ansvar for lønnsgarantiregelverket, og ordninga blir forvalta av Arbeids- og velferdsetaten ved Nav Lønnsgaranti. I tillegg til skriftleg søknadsbehandling inneber lønnsgarantiarbeidet munnleg informasjon og rettleiing om garantiordninga til bl.a. arbeidstakarar, bustyrarar og tingrettar.

Lønnsgarantiordninga omfattar arbeidsforhold der det skal betalast arbeidsgivaravgift til folketrygda. Sjølvstendig næringsdrivande, oppdragstakarar og arbeidstakarar som har hatt ein eigardel i verksemda på minst 20 pst., er unntatt frå ordninga, med mindre dei kan sannsynleggjere at dei ikkje har hatt vesentleg innverknad på drifta.

Lønn og anna arbeidsvederlag for maksimalt seks månader kan dekkast gjennom ordninga. Lønnskravet må ikkje vere forfalle lenger tilbake enn tolv månader før fristdagen i konkursen. Opptente feriepengar kan dekkast for same året som fristdagen og året før. Pensjonsytingar og erstatning for tapt arbeidsvederlag kan dekkast for maksimalt seks månader. I tillegg kan renter av utestående lønnskrav inntil fristdagen og eventuelle inndrivingskostnader dekkast.

Den maksimale dekninga er avgrensa til eit bruttobeløp tilsvarande to gonger grunnbeløpet i folketrygda på fristdagen. I tillegg kan ein få dekt rimelege omkostningar i samanheng med konkurskravet.

Rapport

Talet på konkursar på landsbasis, talet på føretakskonkursar, talet på tilsette, ansiennitet og lønnsnivå i dei bedriftene som blir ramma av konkurs, påverkar den samla størrelsen på utbetalingane frå lønnsgarantiordninga. Utbetalingane er på denne måten konjunkturavhengige. Økonomien i det enkelte buet har også svært mykje å seie for utbetalingane. Utover dette vil svingingar i restansesituasjonen i Nav Lønnsgaranti kunne påverke utgiftene det enkelte året.

Årlege utbetalingar refererer seg i hovudsak til saker som har komme inn i utbetalingsåret og året før. Bustyrarane må ofte bruke noko tid på å få oversikt over konkursbuet. Det kan derfor ta litt tid før krava blir sende inn til Nav Lønnsgaranti.

Talet på konkursar på landsbasis og talet på nye saker inn til lønnsgarantiordninga

År	2023	2024	2025
Konkursar totalt	4 517	4 543	4 245
Av desse føretakskonkursar[1]	3 745	3 917	3 715
Nye saker inn til lønnsgarantiordninga	2 217	2 155	2 032

[1] Med føretakskonkursar meiner vi konkursar i føretak med tilsette arbeidstakarar. Tabellen skil derfor mellom det samla talet på konkursar totalt og talet på føretakskonkursar, der personlege konkursar og konkursar i enkeltpersonføretak ikkje er rekna med.

Talet på konkursar totalt, som også omfattar personlege konkursar og føretakskonkursar, gjekk ned med 6,6 pst. frå 2024 til 2025. Talet på føretakskonkursar har gått ned med 5,2 pst. i same periode, mens det i første halvåret 2026 gjekk ned med 9,8 pst. samanlikna med første halvår 2025. Talet på tilsette ramma av konkurs gjekk i 2025 ned med om lag 11,4 pst. frå 2024, og har i første halvår 2026 gått ned med 13,7 pst. samanlikna med første halvår 2025. Om lag 50 til 60 pst. av føretakskonkursane på landsbasis har ført til krav til lønnsgarantiordninga dei siste åra. Talet på nye saker inn til garantiordninga gjekk ned med om lag 5,7 pst. frå 2024 til 2025, og gjekk ned med om lag 12 pst. i første halvår 2026.

I 2025 utgjorde utgiftene 918 mill. kroner, noko som gir ein reduksjon på 11,4 pst. frå 2024. I første halvår 2026 utgjorde utgiftene på posten 556 mill. kroner. Det er ein nedgang på 34,9 pst. frå første halvår 2025.

Budsjettforslag 2027

Post 70 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.m., overslagsløyving

Posten dekker utgifter for staten i samsvar med lov av 14. desember 1973 nr. 61 om statsgaranti for lønnskrav ved konkurs mv.

For 2027 er det foreslått ei løyving på 1,2 mrd. kroner.

Kap. 5704 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
70	Dividende	214 201	320 000	240 000
	Sum kap. 5704	214 201	320 000	240 000

Hovudtrekk ved ordninga

Dividende blir innbetalt ved at staten trer inn i arbeidstakarane sine prioriterte dividendekrav i konkursbuet når arbeidstakarane får utbetalt lønnsgarantimidlar.

Dividenden kan til ei viss grad sjåast i samanheng med endringane i utbetalingane og med den generelle økonomiske situasjonen i bua. Innbetalingane gjeld utbetalingar både i inneverande og tidlegare år. Økonomien i det enkelte buet betyr også svært mykje for utbetalingane og moglegheitene for å krevje inn dividende. Dette kan igjen ha samanheng med kva bransjar og næringar som har økonomiske problem. Ein annan påverknadsfaktor kan vere dei moglegheitene og ressursane bustyraren har til rådighet for inndriving av midlar til buet. Det er derfor eit betydeleg etterslep i dividenden i forhold til utbetalingane.

Rapport

I 2025 utgjorde innbetalt dividende 214 mill. kroner. Det er ein nedgang på 28,8 pst. frå 2024. I første halvår 2026 utgjorde innbetalt dividende 105 mill. kroner. Det er ein nedgang på 16,6 pst. frå første halvår 2025.

Budsjettforslag 2027

Post 70 Dividende

For 2027 er det foreslått ei løyving på 240 mill. kroner.

Del III
Omtale av særlege tema

7 Innspel frå pensjonistorganisasjonane til utforminga av eldrepolitikken

Innspel frå pensjonistorganisasjonane til utforminga av eldrepolitikken.

Regjeringa meiner at pensjonistane skal kunne komme med innspel til utforminga av eldrepolitikken og politikken på andre område som vedkjem dei. Regjeringa inngjekk 20. juni 2022 ein avtale med organisasjonane til pensjonistane og arbeidstakarane om fire årlege møte om statsbudsjetta, for at regjeringa gjennom desse årlege møta kan nyttiggjere seg kompetansen til organisasjonane og innsikta dei har på eit viktig politikkområde. Regjeringa sin politikk på område som vedkjem eldre, vil på denne måten vere betre forankra i ønska og behova til pensjonistane, og verkemidla i politikken for dei eldre kan slik innrettast til det beste for levekåra og livssituasjonen deira. Sjå òg omtale i Prop. 41 L (2021–2022) *Endringer i folketrygdloven, lov om Statens pensjonskasse og enkelte andre lover (endret regulering av alderspensjon under utbetaling)*, kap. 10.

Pensjonist- og arbeidstakarorganisasjonane har til budsjettet for 2027 fremma krav på områda til fleire departement. Regjeringa viser til ønska frå organisasjonane om høgare minstepensjon, betre alderspensjon til uføre og sjukepengerettar etter fylte 67 år. Dette er område som òg er behandla i Meld. St. 6 (2023–2024) *Et forbedret pensjonssystem med styrket sosial profil,* Innst. 233 S (2023–2024) frå Arbeids- og sosialkomiteen og i pensjonsavtalen mellom dei daverande regjeringspartia (Arbeidarpartiet og Senterpartiet) og partia Høgre, Sosialistisk Venstreparti, Venstre, Kristeleg Folkeparti og Miljøpartiet Dei Grøne. Departementet arbeider med eit høyringsnotat om oppfølging av pensjonsforliket. Som følge av avtalen om revidert nasjonalbudsjett for 2026 mellom Arbeidarpartiet, Raudt, Sosialistisk Venstreparti, Senterpartiet og Miljøpartiet Dei Grøne blir satsane for minstepensjon auka med 8 000 kroner i året utover ordinær regulering. Auken skal etter planen utbetalast i september månad 2026, men med etterbetaling frå 1. mai 2026.

Pensjonistorganisasjonane har i møta med regjeringa fremma krav om styrkt kommuneøkonomi. Kommuneøkonomi er eit prioritert område for regjeringa, og dei frie inntektene til kommunane er derfor auka betydeleg dei seinare åra. I 2027 foreslår regjeringa ein realvekst i dei frie inntektene til kommunesektoren på 3,2 mrd. kroner, samanlikna med Revidert nasjonalbudsjett 2026. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

Organisasjonane meiner òg at bustøtta bør styrkast. Regjeringa meiner det er viktig med ei god bustøtteordning som gjer det enklare for husstandar med låge inntekter å behalde ein eigna bustad. Førre stortingsperiode styrkte regjeringa bustøtta med varige tiltak for om lag 630 mill. kroner, i tillegg til foreløpige tiltak i samanheng med dyrtid og høge straumprisar. Da minstenivåa for alderspensjon blei auka i samanheng med Revidert nasjonalbudsjett for 2026, blei bustøtteregelverket justert for å sikre at einslege mottakarar av alderspensjon ikkje skulle miste bustøtte. Regjeringa har òg sett ned eit utval som skal vurdere formålet og rolla til bustøtta, både for hushalda, og som ein del av bustad- og sosialpolitikken. Utvalet skal levere ein rapport innan 31. desember 2026.

Organisasjonane har fremma krav om styrking av Husbanken for å bidra til fleire aldersvennlege bustader. Noreg treng fleire bustader, inkludert aldersvenlege bustader, og regjeringa har som mål at det blir tillate å sette i gang bygging av 130 000 bustader innan 2030. Regjeringa tar ei rekke grep for å få fart på bustadbygginga, sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Kommunal- og distriktsdepartementet. Regjeringa foreslår ei låneramme i Husbanken på 34 mrd. kroner i 2027. Låne- og tilskotsordningane i Husbanken bidrar til fleire aldersvennlege bustader. Regjeringa har òg utvida Husbanken sitt mandat til å støtte kommunane i det bustadpolitiske arbeidet deira. Under Eldreløftet har regjeringa etablert ei ny tilskotsordning til aldersvennleg oppgradering av eigen bustad. Videre følger regjeringa opp Eldrebustadprogrammet, som regjeringa starta i 2024, jf. Meld. St. 24 (2022–2023) *Fellesskap og meistring – Bu trygt heime*. Programmet skal bidra til at alle har tilgang til ein eigna bustad i eit aldersvennleg bumiljø. I

2025 har regjeringa dessutan etablert ein eldrebustadallianse, som bl.a. har levert ein rapport med forslag til tiltak for at fleire kan bu heime lenger, jf. tidlegare omtale.

Pensjonistorganisasjonane har vidare fremma krav om ein auke i heildøgns omsorgsplassar. Regjeringa har i 2026 innført og føreslår no fleire forenklingar og forbetringar av investeringstilskotsordninga for heildøgns omsorgsplassar. Regjeringa vil òg legge til rette for at kommunane fornyar og bygger heildøgns omsorgsplassar i takt med framtidige behov og foreslår ei tilskotsramme tilsvarande 1 750 heildøgns omsorgsplassar. Om lag 30 pst. av ramma blir reservert for plasser som gir netto tilvekst.

Det kjem til å bli knappleik på arbeidskraft i åra framover. Samfunnet står overfor store utfordringar, med satsing på forsvar og beredskap, grøn omstilling og ei aldrande befolkning. Samtidig blir barne- og ungdomskulla mindre, og arbeidsstyrken vil ikkje lenger vekse. Det gir oss eit samanfall av større behov for, og lågare tilbod av, kompetent arbeidskraft. Som del av *regjeringa sin plan for Noreg (2025–29)* utviklar regjeringa kompetansebudsjettet, som blir lagt fram første gong i kapittel 5 i Prop. 1 S (2026–2027) for Kunnskapsdepartementet. Det vil vere eit prioriteringsverktøy som skal utviklast dei neste fire åra og skal gjere det lettare for institusjonane å jobbe aktivt med dimensjonering av studietilboda, arbeidsdeling og omprioriteringar. Regjeringa la i 2025 fram Meld. St. 11 (2024–2025) *Fagfolk for en ny tid – med høyere yrkesfaglig utdanning,* der eit av tiltaka er å bygge ut kapasiteten i fagskolane i samsvar med kompetansebehova i heile landet. Behova for helsepersonell er store i kommunane, og regjeringa har i rammeløyvinga til universiteta og høgskolane ført vidare bu- og reisestønad til helse- og sosialfagstudentar og andre tiltak som støttar opp under kvalitet og kapasitet i praksis i kommunar langt frå campus. Vidare vil regjeringa frå 2027 bl.a. auke kapasiteten ytterlegare i helsefagutdanningane (sjukepleiar-, vernepleie-, bioingeniør- og jordmorutdanningane). Det er ei oppfølging av Helsepersonellplan 2040 og kjem i tillegg til den styrkte kapasiteten i medisin, fysioterapi, vernepleie og sjukepleie dei siste åra. Vi viser til nærmare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Kunnskapsdepartementet.

På Kultur- og likestillingsdepartementets område er det fremma krav om auke i tilskot til frivilligsentralane og full meirverdiavgiftskompensasjon til frivillige organisasjonar. Regjeringa foreslår å løyve 3 250 mill. kroner til meirverdiavgiftskompensasjon til frivillige organisasjonar, og legg med det opp til full kompensasjon av godkjente søknader. Regjeringa foreslår òg nær 13 mill. kroner meir i tilskot til frivilligsentralane. Sjå også nærmare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Kultur- og likestillingsdepartementet.

På Digitaliserings- og forvaltningsdepartementets område er det fremma krav om heving av den digitale kompetansen blant eldre, medrekna digitalisering og tilgjengeleggjering av offentlege tenester.

Regjeringa foreslår for 2027 at det blir løyva 8 mill. kroner til tilskot til hjelpe- og rettleiingstilbod til innbyggarar med manglande eller låg digital kompetanse. Formålet med ordninga er å bidra til at alle innbyggarar skal settast i stand til å bruke digitale verktøy og tenester frå offentlege og private aktørar. Digitaliseringsdirektoratet forvaltar ordninga. Målet med driftstilskotet til Seniornett Norge er å styrke aktivitetar retta mot målgruppa svake eller ikkje-brukarar av internett over 65 år over heile landet. Regjeringa foreslår eit driftstilskot på 5,3 mill. kroner for 2027. Departementet viser til nærmare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

8 Fordrivne frå Ukraina

Regjeringa si handtering av fordrivne frå Ukraina

Over fire og eit halvt år har gått sidan Russland sin fullskalainvasjon i Ukraina, som har drive millionar av menneske på flukt. Frå fullskalainvasjonen til utgangen av juni 2026 hadde om lag 4,4 millionar ukrainarar fått midlertidig kollektivt vern i EU-landa, Noreg, Island, Sveits og Liechtenstein. I same periode har over 110 000 ukrainske borgarar søkt om vern i Noreg. Noreg har sidan våren 2022 bidratt til felles europeiske tiltak for å avlaste Ukraina og nabolanda ved å overføre 500 fordrivne ukrainarar frå Moldova, og ta imot 550 ukrainske pasientar gjennom EU si ordning for medisinsk evakuering (Medevac).

Regjeringa innførte 11. mars 2022 ei ordning med midlertidig kollektivt vern for personar som er fordrivne frå Ukraina, med heimel i utlendingslova § 34. Ordninga inneber eit unntak frå utgangspunktet om at ein søknad om vern skal bli vurdert individuelt. Opphaldsløyvet gir ikkje grunnlag for permanent opphald, men det gir rett til familiesameining og rett til å arbeide. Opphald blir gitt for eitt år om gongen og kan bli fornya eller forlenga i inntil fem år. Det følger av utlendingslova § 34 at ein deretter kan få eit nytt opphaldsløyve innanfor ordninga med kollektivt vern, som dannar grunnlag for permanent opphaldsløyve. Regjeringa førebur overgangen til nytt opphaldsløyve for fordrivne som når fem års opphaldstid i Noreg. Regjeringa har foreløpig ikkje fastsett nokon dato for når ordninga med midlertidig kollektivt vern skal opphøyre. Det er Kongen i statsråd som avgjer når ordninga ikkje lenger gjeld.

Regjeringa har gjort fleire justeringar i ordninga med midlertidig kollektivt vern dei siste åra. Bl.a. gjeld ikkje ordninga med kollektivt vern lenger for asylsøkarar frå område i Ukraina som utlendingsstyresmaktene vurderer som tilstrekkeleg trygge. Sidan mai 2026 omfattar ordninga heller ikkje menn i alderen 18 til 60 år. Nye asylsøkarar som fell utanfor ordninga med kollektivt vern, får asylsøknaden vurdert individuelt. Mykje tyder på at tiltaka har hatt effekt på innreisetala. Talet som kjem til Noreg har i seinare tid vore lågt, noko som bidrar til å redusere presset på kommunane.

Våren 2026 var det ein nedgang i talet på fordrivne frå Ukraina til Noreg, etter ein auke seinhausten 2025. Det kan likevel oppstå situasjonar der mottakssystemet kjem under svært stort press, f.eks. dersom innreisetala aukar og busettingskapasiteten minkar. Samtidig kan det også komme færre fordrivne frå Ukraina enn venta.

Regjeringa sendte hausten 2026 på høyring eit forslag om ei særordning for vidare opphald for fordrivne på grunnlag av arbeid. Forslaget inneber at fordrivne med midlertidig kollektivt vern som er i arbeid og har hatt ei tilstrekkeleg arbeidsinntekt i løpet av dei siste tolv månadene, kan søke om opphaldsløyve som dannar grunnlag for permanent opphald. Formålet med ordninga er å legge til rette for overgang til opphald på grunnlag av arbeid for å gi meir føreseielege rammer for den enkelte, arbeidsgivarane og kommunane. Samtidig vil ordninga òg stimulere til auka sysselsetting og sjølvforsørging blant ukrainarar.

Regjeringa forventar at fordrivne frå Ukraina raskt kjem ut i jobb, og har tatt fleire grep for å gjere introduksjonsprogrammet for fordrivne frå Ukraina meir arbeidsretta, sjå omtale under *Raskt ut i arbeid og annan aktivitet*. Tal frå SSB viser at 48 pst. av dei fordrivne i alderen 20-66 år var i arbeid i juli 2026.

For å legge til rette for rask busetting og integrering av eit høgt tal fordrivne frå Ukraina, vedtok Stortinget 7. juni 2022 midlertidige endringar i fleire lover, inkludert barnevernlova, opplæringslova, helselovgivinga, barnehagelova, plan- og bygningslova og integreringslova, jf. Prop. 107 L (2021–2022) og Innst. 352 L (2021–2022). Dei midlertidige reglane er seinare forlenga og justerte fleire gonger, og er no vidareførte til 1. juli 2028, jf. Prop. 51 L (2025–2026) og Innst. 336 L (2025–2026). Dei midlertidige reglane skal samla bidra til å gjere det enklare for kommunane å handtere og planlegge for ein situasjon med framleis høge innkomstar.

Prop. 1 S (2026–2027) bygger på dei siste innkomstprognosane utarbeidde sommaren 2026 av fagmiljø i utlendingsforvaltninga. Ifølge desse prognosane kan vi forvente om lag 7 800 fordrivne frå Ukraina til Noreg i 2026 og 7 400 fordrivne i 2027.

Det er ei rekke budsjettpostar under fleire departement som blir påverka av desse prognosane, og derfor blir prognosane sette på eit tidleg tidspunkt. Det er stor usikkerheit knytt til prognosane, da det er vanskeleg å berekne kor mange som kjem.

Regjeringa foreslår ei rekke løyvingar i 2027 for å kunne handtere innkomstane frå Ukraina. Det er integreringstilskotet som utgjer hovudfinansieringa av arbeidet med busetting og integrering i kommunane, saman med tilskot til norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar, tilskot til busetting av personar med nedsett funksjonsevne eller åtferdsvanskar, og særskilt tilskot til busetting av einslege mindreårige flyktningar.

Regjeringa har vidare lagt til rette for at fordrivne frå Ukraina skal kunne nytte gjeldande ordningar for tilbakevending og retur, der Utlendingsdirektoratet gir tilskot til personar som vender heim. Tilbakevending og retur av fordrivne frå Ukraina vil ha konsekvensar for busettingskommunane. Sjå nærmare omtale om tilbakevending og retur i Prop. 1 S (2026–2027) for Justis- og beredskapsdepartementet.

Registrering og mottak

Pga. dei mange fordrivne frå Ukraina har det vore nødvendig å utvide mottakskapasiteten vesentleg. Det siste året er noko av denne kapasiteten tatt ned. Dette har bl.a. samanheng med lågare tal på innkomstar av ukrainske fordrivne. Det er venta om lag 10 800 bebuarar i mottak i gjennomsnitt i 2026 og om lag 9 200 i 2027, medan det i åra før krigen braut ut var under 3 000. Regjeringa foreslår ei løyving til asylmottak i tråd med prognosane, men det er usikkert korleis innkomsttala vil utvikle seg. I 2026 har regjeringa ei overskridingsfullmakt knytt til mottakspostane for at kapasiteten skal kunne bli skalert i tråd med endringar i talet på fordrivne og andre asylsøkarar som kjem. Ei slik fullmakt blir foreslått også i 2027, med ei beløpsgrense på 3 mrd. kroner.

Behovet for kapasitet til å handtere innreisetala og ukrainarar som allereide er i Noreg er framleis stort. Regjeringa foreslår ei løyving på 212 mill. kroner til Utlendingsdiretoratet (UDI) si handtering av asylsøkarar frå Ukraina i 2027, i tillegg til eigne løyvingar til politiet og Utlendingsnemda (UNE) på 85 og 34 mill. kroner. Løyvinga til UDI inkluderer 8 mill. kroner til ei eventuell innføring av særordning for vidare opphald for fordrivne fra Ukraina på grunnlag av arbeid. Sjå meir om registrering og mottak av flyktningar og fordrivne frå Ukraina i Prop. 1 S (2026–2027) for Justis- og beredskapsdepartementet.

Busetting i kommunane

Personar som har fått innvilga midlertidig kollektivt vern, er omfatta av tilbodet om å bli busette med offentleg hjelp. Det er busett svært mange fordrivne frå Ukraina og andre flyktningar over heile landet dei siste åra. I perioden 2022 til 1. september 2026 blei det busett om lag 110 000 personar, der over 95 000 var fordrivne frå Ukraina.

Busettinga av eit svært høgt tal flyktningar over fleire år har stilt mange kommunar overfor utfordringar, særleg knytte til bustadtilgang og planlegging av tenestetilbod. Regjeringa har derfor sett i verk fleire tiltak for å støtte kommunane. Som ein del av oppfølginga har Husbanken prioritert å gi kommunar kunnskap og rettleiing for å støtte arbeidet deira med busetting og utvikling av lokale bustadløysingar. Stortinget har vedtatt midlertidige endringar i fleire lovar som skal gjere det enklare for kommunane å busette og handtere mange flyktningar. Det er vedtatt vidareføring av midlertidige beredskapsheimlar i plan- og bygningslova som følge av mange fordrivne frå Ukraina, med verknad til 1. juli 2028. Desse gjer det mogleg å etablere flyktningmottak, omsorgssenter, barnehagar, skolar, og raskare tilgang på bustader. Beredskapsheimlane gir kommunane moglegheit til å gi midlertidige unntak frå bl.a. krav til søknad om løyve og frå kommunale planar. Det er også vedtatt ein midlertidig heimel i husleigelova, som opnar for at fritidsbustader kan leigast ut som bustad med ei minstetid på eitt år, i staden for tre år, som er hovudregelen. Dei midlertidige heimlane er viktige for å gi kommunane handlingsrom og fleksibilitet i ein ekstraordinær situasjon. I 2026 blei låneramma til Husbanken i samanheng med revidert nasjonalbudsjett auka til 36 mrd. kroner. Lån til utleigebustader er eit av dei prioriterte formåla innanfor Husbanken si låneramme.

Sidan 2022 har Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) fått auka midlertidig løyving til arbeidet med busetting, kartlegging og kvalifisering av ekstraordinært mange fordrivne frå Ukraina. For at IMDi skal ha kapasitet til å handtere ein stor pågang også neste år, foreslår regjeringa at IMDi får ei midlertidig ekstraløyving på 32 mill. kroner i 2027.

Regjeringa vurderer behovet for ytterlegare tilpassingar kontinuerleg i lys av talet på fordrivne som kjem, kunnskap om korleis situasjonen utviklar seg, og samansettinga av dei som kjem til Noreg. Tett dialog og kommunikasjon med statsforvaltarane, fylkeskommunane og kommunesektoren er nødvendig, og praksisendringar blir drøfta med KS.

Raskt ut i arbeid og annan aktivitet

Regjeringa er opptatt av at fordrivne frå Ukraina kjem raskt i arbeid. Arbeidsplassen er ein viktig arena for integrering, språktrening og inkludering i fellesskapet.

Tal frå SSB viser at nær 25 000 fordrivne frå Ukraina i alderen 20 til 66 år var sysselsette i juli 2026. Dette utgjer 48 pst. av alle dei busette i denne aldersgruppa. Til samanlikning var sysselsettinga 41 pst. i juli i 2025. Om lag seks av ti jobbar innan helse- og sosialtenester, overnatting og servering, varehandel eller industri. Sysselsettinga aukar med butid. Tal frå Arbeids- og velferdsetaten viser at 66 pst. av dei som kom i 2022, er sysselsette.

Majoriteten av dei fordrivne har behov for kvalifisering og norskopplæring før dei er klare til å gå over i arbeid. Regjeringa har derfor lagt til rette for at ukrainske fordrivne får tilnærma same kvalifiseringstilbod som andre flyktningar, sjølv om dei har midlertidig opphald. Personar med kollektivt vern har rett, men ikkje plikt, til å delta i introduksjonsprogram og norskopplæring. Tilbodet er tilpassa situasjonen til dei fordrivne frå Ukraina og er òg gjort meir arbeidsretta.

Dei fleste fordrivne har nytta seg av tilbodet om introduksjonsprogram og norskopplæring. Om lag halvparten går direkte over i arbeid eller vidare utdanning etter fullført introduksjonsprogram. Fire av ti går over til arbeidsmarknadstiltak i regi av Nav eller andre kvalifiserande tiltak med mål om arbeid.

Norskkunnskapar er viktige for deltaking i arbeidslivet. For å auke tilgangen til fleksibel opplæring lanserte regjeringa i 2024 eit nasjonalt tilbod om digital lærarstyrt norskopplæring som kan kombinerast med arbeid.

Fordrivne frå Ukraina som ikkje kan sørge for eige livsopphald gjennom arbeid eller andre økonomiske rettar, har krav på økonomisk sosialhjelp. Utgiftene til sosialhjelp har auka betydeleg dei siste åra. Ein medverkande årsak er det historisk høge talet fordrivne frå Ukraina etter Russlands fullskalainvasjon i februar 2022.

Frivillige organisasjonar arbeider for inkludering av fordrivne frå Ukraina

Frivillige organisasjonar gjer eit viktig arbeid når det gjeld integrering og inkludering av flyktningar. Organisasjonane arbeider både i mottak og i lokalsamfunn med å tilby språktrening, møteplassar, kurs og fritidsaktivitetar innan kultur, idrett og friluftsliv. Det frivillige arbeidet bidrar til å skape tillit og tilhøyrsel, i tillegg til å løyse viktige samfunnsoppgåver.

Mange av dei som kjem til Noreg frå Ukraina, er barn og unge som har behov for ein stabil kvardag. Dei treng å bli inkluderte i aktivitetar med andre barn og ta opp igjen aktivitetar dei gjorde i heimlandet. Dei vaksne skal òg få høve til å delta i fellesskap og meiningsfulle aktivitetar i regi av frivillige organisasjonar.

Oppfølging av barn og unge

Russlands fullskala invasjon av Ukraina har ført til at fleire utsette barn og unge har komme til Noreg. Regjeringa vurderer fortløpande kva tiltak som er nødvendige for å sikre gode tilbod til barn og unge som kjem til Noreg.

Stortinget har vedtatt midlertidige endringar i barnehagelova og opplæringslova som skal bidra til å gjere det lettare for kommunane å busette mange barn og unge. Det blei løyvd 20,9 mill. kroner i 2024 og 20 mill. kroner i 2025 og 19 mill. kroner i 2026 til tiltak som skal bidra til betre bemanning og auka kompetanse i barnehage og skole om nykomne barn, unge og vaksne. Ifølge kommunane er den største utfordringa å skaffe nok og kvalifisert personale. Løyvinga skal bl.a. bidra til å utvikle og drive etter- og vidareutdanningstilbod i innføring i norsk barnehage og skole for personar som har relevant pedagogisk utdanning frå utlandet, og til ordninga med fleksibel opplæring. Regjeringa foreslår å vidareføre denne løyvinga på same nivå i 2027.

Ungdom som har fullført grunnskole eller tilsvarande, har etter søknad rett til vidaregåande opplæring. Som hovudregel er søknadsfristen 1. mars, men fylkeskommunen kan ta omsyn til søknader som kjem seinare. Alle fylkeskommunane har ulike typar innføringstilbod og språkopplæring til ungdom som søker vidaregåande opplæring, som dei kan ta del i mens dei ventar på ordinær plass. Mange har også løpande inntak, men det er ei utfordring for dei å ha tilstrekkeleg oversikt over målgruppa for vidaregåande opplæring, slik at dei kan planlegge for eit tilbod. Nokre fylkeskommunar har kapasitetsutfordringar fordi dei allereie har mange ungdommar i vidaregåande opplæring. Framleis tar ein del ungdommar imot digital opplæring frå Ukraina eller opplæring i norsk og samfunnskunnskap i kommunane. Sjå Prop. 1 S (2026–2027) for Kunnskapsdepartementet for omtale av tiltak retta mot å gi opplæring til fordrivne barn, unge og vaksne i barnehage og skole.

Høgare utdanning

I 2022 blei det løyvd midlar tilsvarande 1 000 studieplassar ved universitet og høgskolar retta mot studentar som følge av Russlands fullskalainvasjon av Ukraina. Løyvinga er midlertidig og skal bli fasa ut med normal studieprogresjon eller dersom plassane ikkje blir brukte, jf. Innst. 270 S (2021–2022) og Prop. 78 S (2021–2022). Løyvinga blei redusert til 500 plassar i 2023 fordi talet på studentar som til da hadde fått tilbod, og anslag på antal fordrivne som kom frå Ukraina, tydde på at behovet var mindre. På bakgrunn av rapportering frå dei institusjonane som fekk midlar til studieplassane, blei løyvinga redusert ytterlegare i 2024, og midlar tilsvarande 277 studieplassar blei vidareførte. Løyvinga blir foreslått fasa heilt ut i 2027.

Innanfor godkjenning av høgare utdanning er både Ukraina og Noreg omfatta av Lisboakonvensjonen om godkjenning av kvalifikasjonar. Studentar med flyktningstatus har tilgang til finansiering frå Lånekassa tilsvarande norske studentar.

Russland er suspendert frå gjeldande strategi for høgare utdannings- og forskingssamarbeid med prioriterte land utanfor EU.

I juni 2025 lanserte regjeringa to nye satsingar for kunnskap og utdanningssamarbeid med Ukraina. Målet er å støtte Ukraina sin europeiske integrasjon og bidra til den langsiktige gjenoppbygginga av landet. Satsingane er finansierte gjennom Nansen-programmet og blir administrerte av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse i samarbeid med Norad og Utanriksdepartementet.

Program for Ukraina-kompetanse (UA-KOMP) skal styrke tverrfagleg og samfunnsrelevant kunnskap om Ukraina i Noreg. Programmet rettar seg mot politikarar, forvaltning, næringsliv, akademia og allment interesserte, og skal bidra til betre forståing av situasjonen i Ukraina og tilhøva for fordrivne ukrainarar i Noreg. Programmet har ei ramme på 45 mill. kroner for perioden 2025–2026. Det har vore to utlysingar i programmet for Ukraina-kompetanse (UA-KOMP), og den tredje er ute no.

Nansen EDU skal styrke det faglege samarbeidet mellom norske og ukrainske utdanningsinstitusjonar. Programmet skal bidra til å utdanne den kompetansen Ukraina treng for gjenoppbygging, og støtte utvikling av godt kvalifisert arbeidskraft innanfor prioriterte fagområde, tilpassa regionale behov. Samtidig skal programmet sikre varig samarbeid innanfor høgare utdanning mellom dei to landa. 16 prosjekt har fått støtte i opptil tre år til kompetansebygging som Ukraina treng for motstandskraft og gjenoppbygging. Til saman deltar 11 norske og 34 ukrainske universitet og høgskolar. Kunnskapsdepartementet har slutta seg til Coalition for Ukraine, eit initiativ som vart lansert under Ukraine Recovery Conference i Roma i 2025. Deltakinga er i tråd med den overordna norske Ukraina-politikken og bygger på ei vurdering av at betre koordinering mellom land og organisasjonar kan bidra til meir effektiv ressursutnytting og ein meir målretta og kraftfull innsats på særleg viktige område.

Helse- og omsorgstenester for personar med midlertidig kollektivt vern

Asylsøkarar og personar med midlertidig kollektivt vern i Noreg har same rett til helsetenester som resten av befolkninga. Helse- og omsorgsdepartementet følger situasjonen med innkomstar frå Ukraina nøye, bl.a. for å følge med på at det er stor nok kapasitet i helse- og omsorgstenestene. Helse- og omsorgstenesta handterer dagens innreisebilde når det gjeld kapasitet.

For å bidra til at kapasiteten i tenestene ikkje blir overskriden, har Stortinget gjort midlertidige endringar i helselovgivinga som opnar for at Helse- og omsorgsdepartementet kan gjere heilt eller delvis unntak frå enkelte plikt- og rettsreglar i pasient- og brukarrettslova, spesialisthelsetenestelova og helse- og omsorgstenestelova. I tannhelsetenestelova er det gjort endring i lova som stiller krav om fem års botid i riket for vaksne personer i alderen 19 til og med 28 år med midlertidig opphaldsløyve, for rett til nødvendig tannhelsehjelp. I møte med innkomstane frå Ukraina har spesialisthelsetenestene tatt høgde for større tilstrøyming til tenestene og utfordringar. Det kan gjelde manglande dokumentasjon om sjukdom og tidlegare behandling, behov for ekstraordinære smitteverntiltak, særlege behov for tenester innan psykisk helse og rettleiing av kommunehelsetenesta innan traume- og krisehandtering. Noreg deltar også i det europeiske samarbeidet for medisinsk evakuering av pasientar frå Ukraina, som skjer gjennom EUs ordning for sivil beredskap UCPM (Medevac). Ordninga omfattar alvorleg sjuke og skadde pasientar, og nokre av dei blir følgde av pårørande. Sidan august 2022 har Noreg tilbydd faste flygingar kvar veke til europeiske land for å evakuere ukrainske pasientar. Per 22. juli 2026 hadde Noreg bidratt med transportkapasitet til 4 105 pasientar og pårørande til Noreg og andre europeiske land. Per 22. juli 2026 har det komme 521 pasientar og 295 pårørande til Noreg.

Norsk helsesektor bidrar med donasjonar av bl.a. legemiddel, vaksinar og medisinsk utstyr til Ukraina, i hovudsak gjennom UCPM. Som ledd i eit ønske om eit meir langsiktig perspektivsamarbeid inngjekk Noreg og Ukraina ein avtale om eit helsepartnarskap 1. juli 2025. Helsepartnarskapsavtalen har mål om djupare samarbeid, betre helse og å motvirke dei negative konsekvensane i helsesektoren som følge av Russlands fullskalainvasjon av Ukraina. Avtalen legg opp til erfaringsutveksling mellom helseforvaltninga, utdanningsinstitusjonar og helsesektoren i Noreg og Ukraina.

9 FNs berekraftsmål

2030-agendaen med berekraftsmåla er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, motverke ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Det er til saman 17 mål og 169 delmål. Måla forpliktar Noreg både internasjonalt og nasjonalt. Regjeringa la 20. juni 2025 fram Meld. St. 35 (2024–2025) *Norges arbeid med bærekraftsmålene – Status, utfordringer og veien videre*. I meldinga er det ein samla omtale av status for nasjonal og internasjonal oppfølging av alle berekraftsmåla. Det er òg ei samla rapportering på berekraftsmåla i vedlegg til Prop. 1 S (2026–2027) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet, som har ansvar for koordineringa av arbeidet med berekraftsmåla.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har ansvar for koordineringa av berekraftsmål 1. Departementet har også eit ansvar for bidrag til delmål under berekraftsmåla 5 og 8. Kapittelet omtalar primært innsatsen under berekraftsmåla som er finansierte over budsjettet til Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Berekraftsmål 1 Utrydde fattigdom

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har ansvaret for å koordinere innanlandsk oppfølging av berekraftsmål 1 om å utrydde alle former for fattigdom. Berekraftsmål 1 blir følgt opp nasjonalt gjennom innsatsen for å redusere fattigdom og utjamne forskjellar. Oppfølginga av mål 1 må sjåast saman med oppfølging av dei andre berekraftsmåla, særleg mål 8 om anstendig arbeid m.m. og mål 10 om mindre ulikskap.

Regjeringa ønsker eit samfunn med små forskjellar og like moglegheiter. Regjeringa vil redusere sosiale og geografiske forskjellar og motverke fattigdom. Dei viktigaste grepa for å redusere forskjellar og fattigdom er å inkludere fleire i arbeid, gode og universelle velferdsordningar, og meir rettferdig og omfordelande skatt.

Trass i høg sysselsetting og ein godt utbygd velferdsstat, blir enkeltpersonar og familiar ramma av fattigdom og andre levekårsutfordringar. Fattigdom er eit samansett og komplekst problem, og heng ofte saman med andre levekårsutfordringar, som manglande deltaking i arbeidsmarknaden. Manglande deltaking i arbeidsmarknaden har ofte si årsak i utfordringar knytte til helse, låg utdanning og låge kvalifikasjonar, eller manglande norskferdigheiter. Fattigdom og låginntekt kan ha konsekvensar for buforhold, helse og andre område i livet.

Offentlege og universelle velferdsordningar som barnehage, skole og helse- og omsorgstenester bidrar til like moglegheiter og til å redusere forskjellar i levekår. Velferdstenestene skal bidra til at alle får nødvendig bistand, slik at dei kan delta i arbeidslivet og på andre arenaer i samfunnet. Helsepolitikken, utdanningspolitikken, integreringspolitikken, bustadpolitikken, oppvekst- og familiepolitikken mfl. har derfor også stor betydning for å motverke ulike årsaker til og konsekvensar av fattigdom.

Den samla innsatsen mot fattigdom omfattar innsatsar og tiltak under Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Finansdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet, Kultur- og likestillingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet. Prinsippet om sektoransvar gjeld, og inneber at omsynet til fattigdom skal følgast opp innanfor ansvarsområda til dei ulike fagdepartementa.

Regjeringa vil prioritere desse tiltaka i 2027:

- Regjeringa foreslår å auke løyvingane til ulike arbeidsretta tiltak med 290,5 mill. kroner i 2027, sjå del I, punkt 2.2 Satsingar og hovudprioriteringar (Arbeids- og inkluderingsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet).
- 480 mill. kroner til *Kommunalt førebyggingsprogram for barn og unge* (Barne- og familiedepartementet).
- 10 mill. kroner til *Tilskot til å inkludere barn og unge* (Barne og familiedepartementet).
- 7 mill. kroner til auka grunnstønad til barne- og ungdomsorganisasjonane (Barne- og familiedepartementet).
- 119,3 mill. kroner til styrkt innsats mot barne- og ungdomskriminalitet (Barne- og familiedepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet).

- Følge opp Opptrappingsplan for psykisk helse (Helse- og omsorgsdepartementet):
  - 60 mill. kroner til utvikling, tilpassing og etablering av kunnskapsbaserte lågterskeltilbod innan psykisk helse- og rusmiddelfeltet.
  - 80 mill. kroner i auka rammetilskot til kommunane grunngitt med psykisk helse og rus.
  - 70 mill. kroner til døgnkapasitet i psykisk helsevern, bl.a. nye døgnplassar for barn og unge med rusmiddellidingar og eteforstyrringar.
  - 50 mill. kroner til spesialisert rusbehandling for barn og unge.
  - 20 mill. kroner til implementering av tiltak i handlingsplan for å heve levealderen for menneske med alvorlege psykiske lidingar og/eller rusmiddelproblem.
  - 20 mill. kroner til modellar for systematisk samhandling mellom Arbeids- og velferdsetaten og kommunehelsetenesta (Arbeids- og inkluderingsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet).
- 105,8 mill. kroner til nominell vidareføring av maksimalpris i barnehage (Kunnskapsdepartementet).
- 465,4 mill. kroner til ei særskild satsing på grunnleggande ferdigheiter til smågruppeundervisning i skolen (Kunnskapsdepartementet).

Regjeringa foreslår i statsbudsjettet for 2027 også å redusere inntektsskatten og gjere det litt meir lønnsamt å arbeide for det store fleirtalet skattytarar.

Nedanfor er det ein omtale av innsatsar og tiltak som har særleg betydning for innsatsen mot fattigdom og oppfølging av berekraftsmål 1. Sjå budsjettproposisjonane til dei ulike departementa for ein meir utførleg omtale.

Delmål 1.2 Innan 2030 minst halvere prosentandelen av menn, kvinner og barn i alle aldrar som lever i fattigdom, i samsvar med nasjonale definisjonar

Regjeringa sitt mål er eit samfunn med små forskjellar, og redusert fattigdom. Det er ikkje ein offisiell definisjon av fattigdom eller fattigdomsgrense i Noreg. Ein indikator for kor mange som er i risiko for fattigdom, er kor mange som har inntekt under eit bestemt nivå i inntektsfordelinga, f.eks. 60 pst. av medianinntekta, i ein bestemd periode (EU60). Desse har økonomiske ressursar som ligg betydeleg under det generelle inntektsnivået i samfunnet. Om låginntekt som indikator på fattigdom, sjå del I, punkt 3.6 Utviklinga for låginntektsgrupper.


Forskjellane i inntekt og levekår er mindre i Noreg enn i andre land, men også her har enkeltpersonar og familiar utfordringar som er knytte til låg inntekt og fattigdom. Andelen med vedvarande låginntekt har vore relativ stabil, men har auka noko etter 2010. Andelen med vedvarande låginntekt var 9,5 pst. i treårsperioden 2022–2024, ein auke på 0,3 prosentpoeng frå treårsperioden før.

Det er små forskjellar i omfanget av vedvarande låginntekt mellom menn og kvinner. Forskjellane har også blitt mindre over tid. I 2007–2009 var andelen kvinner med vedvarande låginntekt 2,1 prosentpoeng høgare enn for menn. I perioden 2022–2024 er forskjellen 1,1 prosentpoeng, der 10,1 pst. av kvinner og 9,0 pst. av menn høyrde til hushald med vedvarande låginntekt. Forklaringa, når ein nyttar EU60 for å måle låginntekt, er i første rekke at det er ein større andel kvinner enn menn i gruppene einslege minstepensjonistar og einslege med barn.

Ein indikator for kor mange barn som veks opp i familiar med risiko for fattigdom, er andelen barn i hushald med ei inntekt under 60 pst. av medianinntekta over ein periode på tre år. Sidan tusenårsskiftet har andelen barn i hushald med vedvarande låginntekt auka, med eit toppunkt på 11,7 pst. i 2018–2020. Deretter følgde ein periode med nedgang. Lågare innvandring til Noreg i åra etter 2016 og lengre butid blant innvandrarar, medverka til nedgangen. Mange nykomne flyktningar har svak tilknyting til arbeidsmarknaden. Dei siste tilgjengelege tala viser igjen ein auke i indikatoren. I treårsperioden 2022–2024 var andelen barn i hushald med vedvarande låginntekt 10,2 pst. Auken er i hovudsak grunna i tilstrøyminga av fordrivne frå Ukraina og at dette no blir fanga opp i treårsstatistikken. Samtidig har utviklinga vore positiv for fleire andre grupper, bl.a. som følge av betre inntektsutvikling for barnefamiliar og auka barnetrygd.

Seks av ti barn som veks opp i hushald med vedvarande låginntekt har innvandrarbakgrunn, og andelen er størst blant flyktningar med kort butid, sjølv om nokre innvandrargrupper har låg inntekt også etter lengre butid.

Over tid har gjennomsnittsinntekta i låginntektsgruppa auka, men ikkje i takt med den generelle inntektsveksten. Når grensa for låginntekt blir låst til eit bestemt år og berre blir justert for prisstigning (fast låginntektsgrense), går andelen personar med låginntekt ned. Dette er illustrert i figur 9.1.



Figur 9.1 Andel av befolkninga i hushald med vedvarande låginntekt 2007–2024 (EU-skala: 60 pst. av medianinntekta, treårsperiode). Fast og løpande låginntektsgrense
Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Tilgang på offentlege, subsidierte velferdstenester har stor betydning for levekår, og spesielt for hushald med låginntekt.

Arbeid og inntekt

For personar i yrkesaktiv alder er det ein nær samanheng mellom låginntekt og manglande eller låg deltaking i arbeidsmarknaden. Det viktigaste tiltaket mot fattigdom er å få fleire i jobb. Regjeringa vil legge til rette for at alle som kan og vil arbeide, får moglegheit til det. Å vere i jobb gir inntekt og økonomisk sjølvstende, og også sosial tilhøyrsel og fellesskap. Inntektssikringsordningane skal gi økonomisk tryggleik for personar som ikkje kan arbeide.

Arbeids- og velferdspolitikken skal legge til rette for at flest mogleg kan forsørge seg sjølve gjennom arbeid. I Meld. St. 33 (2023–2024) *En forsterket arbeidslinje* la regjeringa fram ei rekke tiltak for å fremme arbeidslinja. Regjeringa har også styrkt innsatsen for å få fleire unge i arbeid og utdanning gjennom eit ungdomsløft. Ungdomsløftet samlar eksisterande og planlagde arbeidsretta innsatsar for unge. Som ein del av ungdomsløftet har regjeringa inngått ein intensjonsavtale med partane i arbeidslivet, store verksemder og brukarorganisasjonar for personar med funksjonsnedsetting. Intensjonsavtalen forpliktar partane til å arbeide saman om å skape jobbmoglegheiter og mestringsarenaer for unge.

Regjeringa foreslår å auke løyvingane til ulike arbeidsretta tiltak med 290,5 mill. kroner i 2027. Målet er å få fleire i arbeid og færre på trygd. Sjå nærmare omtale under del I, punkt 2.2 Satsingar og hovudprioriteringar.

Det er høg førekomst av låginntekt blant innvandrarar med flyktningbakgrunn. Mange nykomne flyktningar har ei svak tilknyting til arbeidsmarknaden. Nokre innvandrargrupper har låg inntekt også etter å ha budd lenge i Noreg. Integreringslova av 1. januar 2021 legg til rette for at fleire nykomne flyktningar kan ta formell utdanning innanfor ramma av introduksjonsprogrammet, og lova stiller tydelegare krav til norskkunnskapar. Kvalifisering, utdanning og arbeid er viktige innsatsområde. Regjeringa la våren 2024 fram Meld. St. 17 (2023–2024) *Om integreringspolitikken: Stille krav og stille opp*. Målet er at fleire innvandrarar skal få ei stabil tilknyting til det seriøse arbeidslivet og at fleire skal delta i små og store fellesskap. Auka sysselsetting og deltaking på andre samfunnsområde vil betre levekåra og redusere utanforskap blant innvandrarar. Regjeringa satsar vidare på tilskotsordninga Jobbsjansen slik at fleire kvinner med innvandrarbakgrunn kan få kvalifisering for å komme ut i arbeid. Vidare er det gjort ei rekke tiltak for å styrke kvalifiseringstilbodet for fordrivne frå Ukraina. Det er også innført minstekrav for omfanget av arbeidsretta innhald i introduksjonsprogrammet, og i mars 2024 blei det etablert eit nasjonalt tilbod om digital norskopplæ-

ring. Dette vil gjere det enklare å kombinere arbeid med norskopplæring.

Skatt

Skattesystemet bidrar til omfordeling gjennom å finansiere offentlege tenester og overføringar. Regjeringa har dei siste åra redusert inntektsskatten for dei med låge og middels inntekter, og både marginalskatten og gjennomsnittleg skattesats er redusert for personar med låg inntekt. I 2027-budsjettet foreslår regjeringa å redusere inntektsskatten og gjere det litt meir lønnsamt å arbeide for det store fleirtalet skattytarar. Samtidig blir dei omfordelande eigenskapane til inntektsskatten oppretthaldne.

Utdanning

Utdanning og kunnskap legg grunnlaget for ein varig og stabil tilknyting til arbeidslivet for enkeltpersonar og er dermed heilt sentralt for å førebygge fattigdom. Utdanning og kunnskap bidrar til å skape likeverdige moglegheiter for alle uavhengig av bakgrunn, og til å fremme sosial mobilitet. Eit godt barnehagetilbod og ein god fellesskole er ein nøkkel til å motverke sosiale forskjellar og til å skape eit meir rettferdig samfunn. Utdanning skal bidra til eit berekraftig samfunn med små forskjellar og høg tillit.

Barnehagar og skolar som løftar alle barn og unge, uavhengig av bakgrunnen til foreldra, er viktig for å skape likeverdige moglegheiter for alle. Regjeringa har gjennomført ei rekke tiltak for å fjerne økonomiske hindringar for bruk av barnehage og skolefritidsordning (SFO). Maksimalprisen i barnehagar blei 1. august 2025 redusert frå 2 000 kroner til 1 200 kroner per månad nasjonalt og til 700 kroner per månad i kommunar med sentralitetsindeks 5 og 6. I statsbudsjettet for 2027 foreslår regjeringa å løyve 105,8 mill. kroner for å føre vidare maksimalprisen på same nominelle nivå. Frå 1. august 2023 blei det innført gratis barnehage for tredje barn i familien som går i barnehage samtidig med søsken, og gratis barnehage for alle barn i tiltakssona i Finnmark og Nord-Troms. Dette blir vidareført i 2027.

Regjeringa vil føre vidare moderasjonsordninga med redusert foreldrebetaling, som inneber at ingen skal betale meir enn 6 pst. av samla skattbar inntekt for ein barnehageplass, med maksimalprisen som øvre grense. Regjeringa fører også vidare ordninga med 20 timar gratis kjernetid i barnehage per veke for barn i alderen 2–5 år i familiar med låg inntekt.

Det blir foreslått 224,9 mill. kroner i 2027 til å føre vidare tilskotet til auka pedagogtettleik og grunnbemanning i barnehagar i levekårsutsette område. Minoritetsspråklege barn er overrepresenterte blant barn som veks opp i familiar med låg inntekt. Det resterande tilskotet til tiltak for å styrke den språklege utviklinga for minoritetsspråklege barn i barnehage blir foreslått overført til Kommunalt førebyggingsprogram for barn og unge.

SFO er ein viktig arena som gir alle barn, uavhengig av bakgrunn, tilgang til ein felles arena for leik, vennskap og kultur- og fritidsaktivitetar. Likevel er det framleis elevar som ikkje deltar i SFO pga. familien sin økonomi. Regjeringa vil at alle barn skal ha høve til å delta i SFO. Frå hausten 2022 blei det innført tolv timer gratis SFO for alle elevar på 1. trinn, frå hausten 2023 blei ordninga utvida til også å gjelde 2. trinn, og frå hausten 2024 blei ordninga utvida til også å omfatte 3. trinn. Frå 1. august 2026, er retten til tolv timer gratis SFO kvar veke for 1.–3.-trinn òg lovfesta. Det gjer at alle elevar på 1.–3. trinn får høve til å gå på SFO. Vidare blei det oppretta ei tilskotsordning frå hausten 2026 som gir elevar på 4. trinn i område som er ein del av statens områdesatsing tolv timar gratis SFO.

Regjeringa vil gi alle barn og unge like høve til å lære, delta og utvikle seg i ein fellesskole som gir meir og betre læring, jf. omtalen av «Tryggheit for barn og unge» i regjeringa sin plan for Noreg. Regjeringa arbeider for å snu den negative utviklinga i skoleresultat, og særleg prioritere lesing, skriving og rekning. Det blir i statsbudsjettet for 2027 foreslått 465,4 mill. kroner til ei særskild satsing på grunnleggande ferdigheiter til smågruppeundervisning i skolen. Dette skal gi målretta innsats og tett oppfølging av elevane si utvikling i lesing, skriving og rekning. Det blir òg foreslått ytterlegare midlar til Leseløftet for barn og unge, inkludert særskild støtte til barn med særskilde behov som dysleksi eller svake norskferdigheiter, slik at alle barn skal ha moglegheit for videre deltaking i utdanning og arbeidsliv. Regjeringa jobbar vidare med og har ei rekke tiltak for å skape ein meir praktisk skolekvardag, bl.a. for å førebygge utanforskap og sikre at alle skal kunne ta del i fellesskolen.

Gjennomføring av vidaregåande opplæring er viktig for å få ei stabil tilknyting til arbeidslivet. Med innføring av fullføringsrett, som tredde i kraft i august 2024, har alle rett til opplæring til dei har fullført og bestått vidaregåande opplæring. Samtidig blei målgruppa til oppfølgingstenesta utvida til å gjelde fleire unge. Regjeringa vidarefø-

rer innsatsen for at fleire skal fullføre vidaregåande opplæring, bl.a. ved å vidareføre tilskot til Fagbrev på jobb. For å legge betre til rette for fullføring, har regjeringa dei siste åra styrkt stipendordningar i Lånekassen.

Utdanning og forsking av høg kvalitet vil gi meir tryggheit for økonomien, for arbeids- og næringslivet og for barn og unge vil det bidra til å gi oss eit meir motstandsdyktig og berekraftig samfunn. For barn og unge er utdanning ein viktig veg inn i arbeidslivet og til deltaking i samfunnet. Arbeidskrafta blir knappare i åra framover som følge av ei aldrande befolkning, mindre barne- og ungdomskull og ein arbeidsstyrke som ikkje lenger veks. Det gjer det enda viktigare at flest mogleg av dei om lag 300 000 studentane ved norske universitet og høgskolar fullfører utdanninga og tek del i arbeidslivet.

Sjå Prop. 1 S (2026–2027) for Kunnskapsdepartementet for nærmare omtale.

Helse

Ei friskare befolkning er eit samarbeidsprosjekt mellom Helse- og omsorgsdepartementet og Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Målet er å jamne ut sosiale helseforskjeller, redusere sjukefråvær og fråfall, og dessutan redusere behovet for helse- og omsorgstenester. Prosjektet satsar særleg på førebygging, meistring og støtte til arbeidsdeltaking. Eit styrkt folkehelsearbeid for alle aldersgrupper skal redusere helsetap gjennom livet og bidra til å oppretthalde arbeidsevna.

Regjeringa har lagt fram *Helsepersonellplan 2040* med målretta og spissa tiltak for å bidra til ei berekraftig personellutvikling i helse- og omsorgstenestene. Planen skal bidra til å sikre nok personell med rett kompetanse, og særleg hjelpe kommunane med å møte personellutfordringane i tenestene både på kort og lang sikt. Tiltaka vil også kunne gjere det lettare for menneske med helseproblem å stå i arbeid, og til å rekruttere personell som i dag står utanfor arbeid og utdanning, til helse- og omsorgstenestene.

Meld. St. 15 (2022–2023) *Folkehelsemeldinga – Nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskjellar* ligg til grunn for arbeidet med å redusere sosiale ulikskapar i helse. Tiltaka er innretta slik at dei verkar best for dei som treng det mest, men samtidig er universelle og gode for alle. Regjeringa følger opp den nasjonale strategien for livskvalitet og den reviderte folkehelselova, og det strategiske samarbeidet mellom helse- og arbeidsmiljømyndigheitene blir vidareført for å fremme betre helse i arbeidslivet.

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 55 mill. kroner for å innføre eit gratis tilbod for å verne spedbarn mot RS-virus (RSV) frå 1. juli 2027. Tiltaket skal gi eit likeverdig tilbod over heile landet for å bidra til å redusere alvorleg sjukdom blant dei yngste barna, og det vil vere sosialt utjamnande. Tiltaket vil redusere talet på sjukehusinnleggingar og dempe belastninga på helsetenesta under den årlege RSV-sesongen.

Meld. St. 23 (2022–2023) *Opptrappingsplan for psykisk helse (2023–2033)* blir følgd opp med tiltak innan helsefremmande og førebyggande arbeid, gode lokale tenester og eit styrkt tilbod til personar med langvarige og samansette behov. Regjeringa foreslår å auke løyvingane til opptrappingsplanen med 300 mill. kroner i 2027. Løyvingane til psykisk helse-feltet er med det auka med om lag 1,5 mrd. kroner så langt i planperioden. Oppfølginga av førebyggings- og behandlingsreforma for rusfeltet, medrekna det nasjonale programmet for rusførebyggande arbeid blant barn og unge, blir vidareført.

Forsøksordninga i Helse Nord for pasientar med lang reiseveg til spesialisthelsetenester – med høgare stønad til overnatting og auka kilometergodtgjersle for å redusere dei økonomiske barrierane for helsehjelp – er etablert og blir planlagt vidareført i 2027.

Dei kommunale helse- og omsorgstenestene og fastlegeordninga er styrkte for å sikre god og likeverdig tilgang for heile folket. Oppfølginga av Meld. St. 23 (2024–2025) *Fornye, forsterke, forbedre – Framtidens allmennlegetjeneste og akuttmedisinske tjenester utenfor sykehus* held fram i 2027. Tiltak som tverrfaglege allmennlegetenester (refusjon for konsultasjonar utførte av sjukepleiar på delegasjon frå fastlege) og utprøving av kommunal nettlege blir vidareførte og evaluerte. Hevinga av aldersgrensa for eigenandelsfritak hos fastlege, legevakt og fysioterapi til og med fylte 17 år (iverksett frå 1. august 2026) har heilårseffekt og blir vidareført i 2027 for å gjere tenestene meir tilgjengelege for barnefamiliar og ungdom.

Utvidinga av den offentlege tannhelsetenesta blir følgd opp vidare i 2027. Den lovfesta retten til nødvendig tannhelsehjelp for 25- til 28-åringar, saman med styrkinga av fylkeskommunane sitt arbeid med tannpleiarar og rettleiing om rettar, blir vidareført som eit sentralt bidrag til å redusere levekårsforskjellar og betre tannhelsa i befolkninga.

Regjeringa arbeider saman med budsjettpartnarane for ei tannhelsereform. Sosiale helseforskjellar er særleg tydelege innan tann- og munnhelse, og målet med ei tannhelsereform er å

jamne ut desse forskjellane. Budsjettpartnarane er samde om at regjeringa skal sende ulike modellar på høyring hausten 2026, og dette arbeider no regjeringa med.

Sjå nærmare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Helse- og omsorgsdepartementet.

Familie, oppvekst og fritid

Dei fleste barn i Noreg har gode oppvekstvilkår og bur i familiar med ein trygg økonomi. Samtidig er det nokre barn og familiar som fell utanfor fellesskapet. Låg inntekt og dårlege levekår kan påverke barna og ha konsekvensar for dei langt fram i tid. I treårsperioden 2022–2024 høyrde 10,2 pst. av alle barn til i eit hushald med vedvarande låginntekt. Sjå nærmare omtale i del I, punkt 3.6 Utviklinga for låginntektsgrupper.

Barn og unge som har foreldre med låg inntekt, har oftare svakare skoleprestasjonar enn andre, og det er mindre sannsynleg at dei gjennomfører eit utdanningsløp. Dei har auka risiko for låg inntekt sjølv og for å bli ståande utanfor arbeidslivet som vaksne. Ein oppvekst i fattigdom inneber òg auka risiko for lågare deltaking i fritidsaktivitetar, dårlegare fysisk og psykisk helse og dårlegare buforhold.

Regjeringa la 6. juni 2025 fram Meld. St. 28 (2024–2025) *Tro på framtida – uansett bakgrunn*. Meldinga har ein brei førebyggande og sektorovergripande inngang til politikken for å jamne ut sosiale forskjellar og legge til rette for like moglegheiter gjennom oppveksten. Hovudmåla i meldinga er at alle barn og unge får ein god start på livet og gode oppvekstvilkår, og at dei får utvikle seg, lære, meistre og skape seg et godt liv, uavhengig av sosial bakgrunn. Meldinga løftar fram fem innsatsområde: arbeid og økonomisk tryggleik, ein god start på livet, like moglegheiter gjennom utdanningsløpet, på fritidsarenaer og inn i arbeidslivet, laget rundt barn og unge, og meir kunnskap og samarbeid. Meldinga er eit samarbeid mellom Barne- og familiedepartementet, Kunnskapsdepartementet, Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, og Kultur- og likestillingsdepartementet.

Like muligheter i oppveksten – Samarbeidsstrategi for barn og ungdom i lavinntektsfamilier (2020–2023) blei ført vidare av regjeringa i 2024. I januar 2025 leverte Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) sluttrapportering på oppfølginga av tiltaka i vidareføringa av strategien.

Som eit tiltak for betre førebygging for barn og unge i kommunane og for å styrke insentiva til samarbeid, har regjeringa i 2026 etablert eit Kommunalt førebyggingsprogram for barn og unge (Førebyggingsprogrammet). Dette er ei tilskotsordning for førebyggande innsats i kommunane retta mot barn og unge, der tilskot som tidlegare har vore øyremerkte eit bestemt tiltak eller område, er samla i éi større ordning. Målet er å legge til rette for gode oppvekstvilkår og førebygge at barn og unge fell utanfor, og ordninga skal støtte opp under det førebyggande arbeidet til kommunane og bidra til verksam innsats for barn og unge, på tvers av sektorar. Ordninga er ledd i regjeringa sin ambisjon om eit heilskapleg og godt tilbod frå dei viktige 1 000 første dagane, gjennom barndom og ungdomstid og inn i vaksenlivet. Omlegginga er i tråd med tillitsreforma sine intensjonar om mindre statleg styring og større fridom til å velje tiltak i kommunane. Barne- og familiedepartementet har hovudansvaret for ordninga, i samarbeid med Helse- og omsorgsdepartementet, Kunnskapsdepartementet og Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Regjeringa foreslår å utvide det kommunale førebyggingsprogrammet med 480 mill. kroner i 2027. Midlane blir flytta frå delen av *Tilskot til å inkludere barn og unge* som i dag går til kommunane, *Tilskot til foreldrestøttande tiltak* og *Tilskot til minoritetsspråklege i barnehage*. Samla er løyvinga til førebyggingsprogrammet 1 025 mill. kroner i 2027. Sjå nærmare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Barne- og familiedepartementet, kap. 846 Familie- og oppvekststiltak, post 63 Kommunalt førebyggingsprogram for barn og unge.

Mange familiar med låginntekt og svak tilknyting til arbeidslivet har samansette utfordringar, og har behov for oppfølging frå ulike delar av arbeids- og velferdsforvaltninga og andre tenester i kommunen. Som ei oppfølging av Meld. St. 28 (2024–2025) vil regjeringa prøve ut ulike modellar for ei familiekoordinatorrolle i Nav-kontora. Sjå nærmare omtale i del II, under kap. 621, post 63.

Regjeringa har sett i gang eit samfunnsoppdrag om å inkludere fleire barn og unge i utdanning og arbeids- og samfunnsliv. Det langsiktige overordna målet er at ingen barn og unge blir ståande utanfor, og at utanforskap er vesentleg redusert innan 2035. Sjå nærmare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Barne- og familiedepartementet.

Deltaking i fritidsaktivitetar er ein viktig del av oppveksten for barn og unge. Gjennom slike aktivitetar får barn og unge oppleve samkjensle, meistring og sosial tilhøyrsle. Samtidig viser undersøkingar at barn som veks opp i låginntektsfamiliar i mindre grad enn andre deltar i fritidsaktivitetar. Gjennom ordninga Tilskot til å inkludere barn og unge har kommunar, frivillige organisa-

sjonar og andre ideelle aktørar kunna få støtte til tiltak som ferie- og fritidsaktivitetar, opne møteplassar og sommar- og deltidsjobbar for ungdom. Regjeringa foreslår i 2027 å overføre heile delen av tilskotsordninga som i dag går til kommunane, til *Kommunalt førebyggingsprogram for barn og unge*, som blei etablert i 2026. Dette inneber at det vil bli gjort endringar i forskrifta for tilskot til å inkludere barn og unge, med verknad frå 2027, bl.a. at kommunane ikkje lenger kan søke på ordninga. Regjeringa foreslår samtidig å auke tilskotsordninga med 10 mill. kroner i 2027, i tillegg til midlane som blir førte over frå den gamle ordninga på kap. 846, post 61. Med forslaget blir tilskot til å inkludere barn og unge i underkant av 495 mill. kroner i 2027.

Det blir foreslått å auke grunnstønad til barne- og ungdomsorganisasjonane med 7 mill. kroner i 2027.

Som ei oppfølging av Meld. St. 28 (2024–2025) blei det i 2026 løyvd midlar til å sette i gang ei fleirårig effektevaluering av inkluderingstiltak på fritidsfeltet. Evalueringa har ei samla ramme på i underkant av 10 mill. kroner for perioden 2026–2029.

Sjå nærmare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Barne- og familiedepartementet, programkategori 11.10 *Familie og oppvekst*.

Deltaking i fritidsaktivitetar innan idrett, kunst og kultur gir barn og unge fysiske, kulturelle og sosiale opplevingar. Dei med meir økonomiske, sosiale eller kulturelle ressursar deltar i større grad i frivilligheita enn andre. Eit overordna mål i kultur-, idretts- og frivilligheitspolitikken er å bygge ned denne forskjellen. Det viktigaste grepet for brei deltaking er å oppretthalde dei universelle ordningane. Dei viktigaste universelle ordningane er meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar, Frifond-ordningane og LAM-ordninga (lokale aktivitetsmidlar) til lokale lag og foreiningar på idrettsområdet.

Regjeringa la i 2024 fram *Alle inkludert! Handlingsplan for like muligheter til å delta i kultur-, idretts- og friluftslivsaktiviteter 2024–2026*. Planen inneheld 43 tiltak for å få fleire barn og unge med i aktivitetar innanfor kultur, idrett og friluftsliv. Tiltaka skal bidra til å redusere kostnader, utvikle fleire tilbod, styrke samarbeid og medverknad, samt dele kunnskap og spreie informasjon om gode eksempel. Planen er laga i eit breitt samarbeid med barn og unge, lag og foreiningar og offentleg sektor. Planen støttar opp om arbeidet med intensjonsavtalen Fritidserklæringen, som regjeringa har underteikna saman med KS og frivilligheita. Målet med erklæringa er at alle barn og unge skal ha moglegheit til å delta jamleg i fritidsaktivitetar saman med andre.

Sidan 2023 er tilskotet til arbeidet med å fremme inkludering i kultur-, idretts- og friluftslivsaktivitetar auka med over 1 mrd. kroner ekstra frå statsbudsjettet og frå spelemidlar. Midlane er bl.a. fordelte gjennom Frifond, Lokale aktivitetsmidlar (LAM) til idretten og som ekstrainnsats til idretten i område med mange barn i familiar med vedvarande låginntekt. Det er også gitt tilskot til eit krafttak for mangfald i kulturfrivilligheita, til ordninga Inkludering i kulturliv og til Ungdom og Fritids Fond. Tilskota bidrar til deltaking i idrett, korps, kor, kulturfrivilligheit og fritidsklubbar.

I 2026 er det fordelt over 4 mrd. kroner av Norsk Tipping sitt overskot til idrettsformål og over 1,1 mrd. kroner i spelemidlar til kulturformål. Midlane styrker rammevilkåra for idretten og kulturfrivilligheita. Tiltak for barn og unge er prioriterte, slik at fleire kan delta i, skape og oppleve idrett og kultur, uavhengig av bakgrunn og økonomi.

Gode anlegg og arenaer er ein føresetnad for deltaking i fritidsaktivitetar. Den gjennomsnittlege ventetida for spelemidlar til anlegg er på veg ned mot eit halvt år, frå over tre år i 2021. Regjeringa arbeider òg med ein nasjonal strategi for kulturarenaer som skal legge betre til rette for deltaking i kulturlivet lokalt. Strategien kjem i 2027.

Den kulturelle skolesekken (DKS) er ei viktig nasjonal ordning som sikrar at alle barn og unge får oppleve kunst og kultur av høg kvalitet gjennom skolen. Det statlege tilskotet til DKS er auka dei seinare åra og er ført vidare med totalt 390 mill. kroner i 2026. Biblioteka er inkluderande arenaer som sikrar fri og lik tilgang til kunnskap, informasjon og kultur for alle. Biblioteka er viktige møteplassar der folk treffest på tvers av alder, kjønn, kulturell og sosioøkonomisk bakgrunn, og ulike arrangement finn stad. Frivilligsentralane bidrar til frivillig deltaking, fellesskap og aktivitetar for barn, unge, vaksne og eldre i heile landet. Regjeringa har prioritert frivilligsentralane gjennom å få på plass ei øyremerka ordning på budsjettet til Kultur- og likestillingsdepartementet og har styrkt ordninga i kvart einaste budsjett i regjeringsperioden. 336 kommunar har fått vedtak om tilskot for til saman 601 frivilligsentralar i 2027. I 2024 la regjeringa fram ein leselyststrategi for barn og unge. Strategien gjeld for perioden 2024–2030 og inneheld tiltak retta mot skolebibliotek, trykte lærebøker, leseopplæring, tilgang til variert litteratur og formidling av litteratur. I regjeringa sin plan for Noreg er eit leseløft ei viktig prioritering. Arbeidet med oppfølginga av leselyststrate-

gien for barn og unge og leselyststrategien for vaksne held fram i 2027.

Sjå meir omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Kultur- og likestillingsdepartementet.

Førebygging av barne- og ungdomskriminalitet

Det er sett i gang fleire tiltak for å førebygge barne- og ungdomskriminalitet. I 2025 blei det løyvd om lag 450 mill. kroner til arbeidet mot barne- og ungdomskriminalitet. Innsatsen blei auka med 230 mill. kroner i 2026. Det blir i statsbudsjettet for 2027 foreslått ytterlegare 119,3 mill. kroner til styrkt innsats mot barne- og ungdomskriminalitet. Sjå nærmare omtale av regjeringa sitt arbeid for å førebygge barne- og ungdomskriminalitet i Prop. 1 S (2026–2027) for Barne- og familiedepartementet og i Prop. 1 S (2026–2027) for Justis- og beredskapsdepartementet.

Bustad

Trygge og gode buforhold er viktig for å jamne ut forskjellar i levekår og sikre gode oppvekstvilkår for barn og unge. Den sosiale bustadpolitikken skal førebygge at folk får utfordringar på bustadmarknaden, og gi hjelp til dei som ikkje sjølve klarer å skaffe og behalde ein eigna bustad. Bustøtte, startlån og lån til utleigebustader er viktige bustadsosiale verkemiddel.

Om lag tre firedelar av befolkninga i Noreg bur i ein bustad dei eig. Startlån frå Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet gjer at fleire kan kjøpe ein eigen bustad, og lån til utleigebustader gjer at det blir tilgang på fleire eigna utleigebustader. Regjeringa har foreslått at låneramma til Bustad- og bygningsdirektoratet blir 34 mrd. kroner for 2027. Startlån og lån til utleigebustader er prioriterte formål innanfor låneramma. Regjeringa gjer òg eit forsøk der kommunane kan gi startlån til førstegongsetablerarar som er noko betre økonomisk stilte enn dei som får startlån i dag. Sjå omtale av bustøtte under delmål 1.3.

Regjeringa la våren 2024 fram ei melding til Stortinget om ein heilskapleg bustadpolitikk, Meld. St. 13 (2023–2024). Meldinga tar for seg bl.a. eige- og leigemarknadene, bustadutfordringar i distrikts- og pressområde, og arbeidet for spesielt sårbare grupper. I meldinga legg regjeringa fram fire innsatsområde for bustadpolitikken; 1) Fleire skal få høve til å eige eigen bustad; 2) Leigemarknaden skal vere trygg og føreseieleg; 3) Ta vare på bustadene vi har, og bygge dei vi treng og 4) Forsterka innsats for dei som ikkje sjølve klarer å skaffe seg og behalde ein eigna bustad.

Områdesatsing i byar

Områdesatsingar er avtalebaserte langsiktige samarbeid mellom stat og kommune om ekstra innsats i geografisk avgrensa område med eit visst folketal og med konsentrasjon av levekårsutfordringar. 14 kommunar har avtale med staten om områdesatsing. Nytt statleg mål for områdesatsingar frå 2027 er å bidra til auka sysselsetting, gode oppvekst- og nærmiljø og varige tenesteforbetringar.

Sjå meir omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

Delmål 1.3 Innføre nasjonalt tilpassa sosiale velferdsordningar og tiltak for alle, inkludert minstestandardar, og innan 2030 oppnå ei vesentleg dekning av fattige og sårbare

Noreg har universelle velferdsordningar og godt utbygde offentlege velferdstenester. Inntektssikringsordningane i folketrygda gir økonomisk tryggleik for personar som ikkje kan arbeide. Stønadsordningane sikrar inntekt og kompenserer for særlege utgifter ved arbeidsløyse, fødsel, sjukdom, uførleik og alderdom. Folketrygda bidrar til utjamning av inntekt og levekår over livsløpet til den enkelte og mellom grupper av personar. Saman med tilgang til gratis eller sterkt subsidierte offentlege tenester som barnehage, skole og helsevesen, bidrar dette til at situasjonen til personar med låginntekt er betre i Noreg enn i mange andre land.

Ei rekke ytingar til livsopphald blir kvart år justert i tråd med endringar i grunnbeløpet. Dette gjeld bl.a. uføretrygd og arbeidsavklaringspengar. Endringane i grunnbeløpet skal sikre at ytingane held tritt med lønnsveksten i arbeidslivet.

Frå 1. juli 2022 er regelen om at summen av uføretrygd og barnetillegg ikkje kan utgjere meir enn 95 pst. av inntekta før mottakarane blei uføre, avvikla. Frå 2024 påverkar ikkje lenger barn sine eigne inntekter eller barnepensjon barnetillegga for mottakarar av arbeidsavklaringspengar, uføretrygd og kvalifiseringsstønad. Minstesatsane for arbeidsavklaringspengar, uføretrygd og kvalifiseringsstønad blei oppjusterte frå 1. juli 2024. Barnetillegga for arbeidsavklaringspengar, kvalifiseringsstønad og dagpengar er auka, og utgjer 38 kroner per barn per dag frå 1. januar 2026.

Økonomisk stønad og dei sosiale tenestene i arbeids- og velferdsforvaltinga (Nav) er det nedre

tryggleiksnettet i velferdsordningane. Tenestene skal bidra til økonomisk og sosial tryggleik og fremme overgang til arbeid og sosial inkludering. Sosiale tenester og sosialfagleg arbeid er viktig i det heilskaplege tenestetilbodet til personar som opplever sosiale problem, men også i arbeidet i kommunane for å førebygge at slike problem oppstår. Arbeids- og inkluderingsdepartementet har tatt initiativ til eit program for førebyggande sosialt arbeid og heilskapleg førebyggande innsats lokalt.

Dei statlege rettleiande satsane for økonomisk sosialhjelp blei auka ekstraordinært med 10 pst. frå 1. juli 2023. Dette omfatta òg satsane for livsopphald til barn.

For å ivareta og styrke barneperspektivet i arbeids- og velferdsforvaltninga er det sett i gang fleire tiltak, bl.a. opplæring og utvikling av kompetansemateriell. Det er utarbeidd ein rettleiar for Nav-tilsette om når og korleis arbeids- og velferdsforvaltninga skal vurdere det beste for barnet.

For nærmare omtale sjå programkategori 09.20 Tiltak for betra levekår m.m.

Barnetrygda er auka betydeleg under denne regjeringa, særleg for barn over 6 år og for einslege forsørgarar. Ordningane trygger og betrar det økonomiske handlingsrommet i familiane. Under regjeringsperioden har barnetrygda for dei yngste barna auka frå 1 654 kroner i månaden til 2 012 kroner i månaden, og for dei eldste barna frå 1 054 kroner i månaden til 2 012 kroner i månaden. Sjå nærmare omtale av barnetrygda under programkategori 11.10 Familie og oppvekst i Prop. 1 S (2026–2027) for Barne- og familiedepartementet.

Den statlege bustøtta skal sikre at husstandar med låge inntekter og høge buutgifter kan bu i ein trygg og god bustad. Regjeringa har styrkt bustøtta i fleire omgangar. Frå og med oktober 2024 har inntekta til heimebuande 18- og 19-åringer ikkje vore tald med i berekninga av bustøtte, noko som gjer at unge vaksne kan tene pengar utan at det går ut over bustøtteutbetalinga for husstanden. Frå januar 2025 er det innført ei skjermingsordning som hindrar at dei som har inntekt frå arbeidsavklaringspengar og dagpengar får mindre eller mistar bustøtta når dei får tre utbetalingar i same kalendermånad. Regjeringa har sett ned eit utval som skal vurdere formålet og rolla til bustøtta, både for hushalda og som del av bustad- og sosialpolitikken. Utvalet skal levere ein rapport innan 31. desember 2026. Sjå nærmare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

Delmål 1.4 Innan 2030 sikre at alle menn og kvinner, særleg fattige og sårbare, har lik rett til økonomiske ressursar og tilgang til grunnleggande tenester, til å eige og kontrollere jord og andre former for eigedom, og til arv, naturressursar, ny teknologi og finansielle tenester, inkludert mikrofinansiering

Den norske velferdsmodellen med universelle velferdsordningar og velferdstenester bidrar til like moglegheiter og til å redusere fattigdom og forskjellar i levekår. Sjå omtale under delmål 1.2.

Offentlege velferdstenester skal bidra til at alle får nødvendig bistand, slik at dei kan delta i arbeidslivet og på andre arenaer i samfunnet. Velferdsordningar og tenester for å fremme arbeid, inkludering og sosial tryggleik er omtalte i del II i denne proposisjonen.

Delmål 1.b) Opprette gode politiske rammeverk på nasjonalt, regionalt og internasjonalt nivå baserte på utviklingsstrategiar som gagnar dei fattige og tar omsyn til kjønnsperspektivet, med sikte på å auke investeringar i tiltak som motverkar fattigdom

Det politiske rammeverket i Noreg, med ein godt utbygd velferdsstat som sikrar alle tilgang til gratis utdanning og helsetenester samt stønadsordningar ved bortfall av arbeidsinntekt, gir eit godt rammeverk for å motverke fattigdom.

Berekraftsmål 5.3

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har ansvar for å følge opp delmål 5.3 *Avskaffe all skadeleg praksis, som barneekteskap, tidlege ekteskap og tvangsekteskap og kjønnslemlesting*. Det er eit stort problem på verdsbasis, men er òg eit alvorleg problem for dei som blir utsette for det i Noreg. Flyktningar og innvandrar frå land der dette er vanleg, og barna deira i Noreg, er spesielt utsette.

Delmålet blir bl.a. følgt opp gjennom regjeringa sin nye handlingsplan *Sjef i eget liv – styrket innsats mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vold (2025–2028)*. Viktige innsatsområde er kompetanseheving for tilsette i tenesteapparatet og styrking av rettsvernet for utsette personar. Arbeidet blir også følgt opp gjennom *Opptrappingsplanen mot vold og overgrep mot barn og vold i nære relasjoner (2024–2028)*.

Det finst fleire særskilde tenester som skal bidra til å førebygge negativ sosial kontroll og æresmotivert vald, herunder kjønnslemlesting, tvangsekteskap og ufrivillige utanlandsopphald. Tenestene er tilgjengelege både for dei som treng

akutt hjelp og for dei som treng langsiktig støtte, og inkluderer Kompetanseteamet mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vold, IMDis mangfaldsrådgivarar, spesialutsendingane for og IMDis fagteam for førebygging av negativ sosial kontroll og æresrelatert vald (IMDis fagteam). Dei særskilde tenestene bidrar også med kompetanseheving for tilsette i dei ordinære tenestene, som politi, barnevern og lærarar, slik at dei er betre rusta til å avdekke saker og bistå utsette som dei møter i jobben sin.

Det er ei absolutt 18-årsgrense for å inngå ekteskap i Noreg. Etter ei lovendring våren 2021 er det vedtatt at ekteskap som er inngått før partane er 18 år etter utanlandsk rett, som ein klar hovudregel ikkje vil bli anerkjende i Noreg. Straffeloven har også eigne føresegner mot tvangsekteskap og kjønnslemlesting.

Berekraftsmål 8.6

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har eit delansvar for delmål 8.6 om å redusere prosentandelen unge som verken er i arbeid, under utdanning eller under opplæring.

Dei fleste unge i Noreg fullfører utdanning og kjem i arbeid. Sysselsettinga for unge er høg, og det er få ledige, samanlikna med mange andre land. Samtidig er det ein andel av dei unge som verken er i utdanning, opplæring eller arbeid (NEET). I 2025 var NEET-raten 6,9 pst., ifølge arbeidskraftundersøkinga. NEET-raten er lite endra over tid og var i 2025 om lag som gjennomsnittet for den siste tiårsperioden. NEET-raten er lågast for dei under 20 år.

NEET-gruppa er samansett. Ho består bl.a. av arbeidsledige, unge med alvorlege helseproblem, personar som er heime med barn, og personar som tar ein pause frå arbeid og skole. Sjølv om delar av NEET-gruppa berre er midlertidig utanfor utdanning eller arbeid, er det også godt dokumentert at det er mange i gruppa som har problem med å få fotfeste i arbeidslivet. Innvandrarar, personar med låg utdanning og personar som tar imot helserelaterte stønader, er overrepresenterte i NEET-gruppa.

Ungdomsløftet, som er regjeringa si satsing for unge, skal bidra til at fleire unge kjem i arbeid og til å betre tilgangen på arbeidskraft. Det er sett i gang fleire forsøk retta mot unge, bl.a. arbeidsretta ungdomsprogram og rekrutteringsprogram til helse- og omsorgssektoren. Hausten 2026 er det også planlagt oppstart av forsøk med aktivitetspengar for unge og fireårig lønnstilskot for unge.

Berekraftsmål 8.8

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har del i ansvaret for delmål 8.8 om å verne arbeidstakarrettar og fremme eit trygt og sikkert arbeidsmiljø for alle arbeidstakarar, inkludert arbeidsinnvandrarar, særleg kvinnelege innvandrarar, og arbeidstakarar i vanskelege arbeidsforhold.

Dei fleste i Noreg arbeider under gode og forsvarlege arbeidsforhold, og arbeidsvilkåra er jamt over betre enn i andre land. Likevel er det framleis utfordringar i enkelte yrke, bransjar og næringar, jf. omtale av arbeidsmiljøtilstanden i punkt 3.3 og omtale under programkategori 09.40 Arbeidsmiljø og sikkerheit. Eit sentralt utviklingstrekk i arbeidslivet handlar om at fleire arbeider i yrke med kunde-, brukar- og pasientrelasjonar. Desse yrka inneber både fysiske og psykososiale belastningar. Aukande digitalisering av arbeidslivet medfører at arbeidet blir mindre stadbunde. Dette er endringar som kan påverke arbeidsmiljøet, og som vi treng meir kunnskap om. Regjeringa vil legge fram ein nasjonal arbeidsmiljøstrategi for å styrke det førebyggande arbeidsmiljøarbeidet.

Regjeringa følger opp handlingsplanen mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet som blei lagd fram i 2025. Handlingsplanen peiker bl.a. på utfordringar for utanlandske arbeidstakarar med liten kjennskap til rettar og plikter i det norske arbeidslivet, som kan vere særleg utsette for å få dårlege lønns- og arbeidsvilkår. Regjeringa vil gå gjennom regelverk, styrke arbeidet med informasjon og vurdere tiltak for å styrke bistanden til arbeidstakarar som blir utnytta, og som kan vere offer for menneskehandel til tvangsarbeid. Regjeringa har lagt fram ein nasjonal strategi mot menneskehandel for perioden 2025-2030. Målet er å gjennomføre ein koordinert innsats, der det offentlege og ideelle organisasjonar arbeider saman for å redusere handlingsrommet for slik utnytting.

På fleire område er det innført allmenngjering av tariffavtalar for å sikre utanlandske arbeidstakarar lønns- og arbeidsvilkår som er likeverdige med dei vilkåra norske arbeidstakarar har, og hindre konkurransevriding til ulempe for den norske arbeidsmarknaden. I ein del tilfelle skjer det systematiske lovbrot som bl.a. inneber utnytting av arbeidstakarar og arbeidslivskriminalitet. Arbeidstilsynet, Arbeids- og velferdsetaten, Skatteetaten og politiet samarbeider om førebygging og kontroll for å motverke arbeidslivskriminalitet. Regjeringa har styrkt Arbeidstilsynet slik at dei kan vere meir synlege og tydeleg til stades i arbeidslivet.

Tilstrekkelege språkkunnskapar i norsk og engelsk er ofte ein føresetnad for at innvandrarar skal ha kjennskap til rettar og plikter og kunne delta varig i arbeidslivet. Myndigheitene har her ei sentral rolle som pådrivarar og samordnar av kvalifiseringstiltak for innvandrarar. Det blir bl.a. gjort ein særleg innsats for at fleire kvinner skal komme i arbeid eller utdanning, i tillegg til ein innsats mot rasisme og diskriminering i arbeidslivet.

Regjeringa har fått gjennomført fleire endringar i regelverket for å styrke hovudregelen om faste og direkte tilsettingar i arbeidslivet. Regjeringa vil styrke rettane for dei som utfører arbeid som blir formidla gjennom digitale plattformer, eller som på andre måtar har ein arbeidskvardag som blir styrt gjennom bruk av algoritmer. Dette inkluderer også korleis handhevinga av regelverket kan styrkast på dette området.

Gjennom Treparts bransjeprogram blir det lagt vekt på samarbeid med partane i arbeidslivet for å følge opp bransjar med særlege utfordringar. Det er oppretta bransjeprogram innan reinhald, uteliv, delar av transportnæringa, bilbransjen og jordbruk- og gartnerinæringa, der ein finn mange utanlandske sesongarbeidarar.

Regjeringa legg vekt på å føre ein politikk som stimulerer til auka organisasjonsgrader og utbreiing av tariffavtalar i arbeidslivet. Dei siste åra har det vore ein auke i organisasjonsgradene for arbeidstakarar og arbeidsgivarar. Eit organisert arbeidsliv, saman med dei lovene, føresegnene og handlingsplanane som er utarbeidde og blir implementerte, sikrar den store majoriteten av arbeidstakarar i Noreg eit trygt og sikkert arbeidsmiljø i samsvar med delmål 8.8.

For nærmare omtale av regjeringa sin innsats når det gjeld rettar for arbeidstakarar og omtale av eit trygt og sikkert arbeidsmiljø, sjå Programkategori 09.40 Arbeidsmiljø og sikkerheit om oppfølging av målet om eit sikkert og seriøst arbeidsliv.

10 Likestilling og mangfald

Arbeids- og inkluderingsdepartementets arbeid med likestilling som offentleg myndigheit

Arbeids- og inkluderingsdepartementet arbeider breitt og målretta for å fremme likestilling og hindre diskriminering gjennom dei ulike ordningane og tiltaka vi rår over.

Folketrygdlova er utforma slik at alle ytingar skal vere kjønnsnøytrale. F.eks. er svangerskapsrelaterte sjukepengar, svangerskapspengar og foreldrepengar likestilte med arbeidsinntekt som grunnlag for rett til dagpengar ved arbeidsløyse, sjukepengar og pleiepengar. Sjukepengar og pleiepengar blir gitte med 100 pst. av berekningsgrunnlaget opp til 6 gonger grunnbeløpet. Dette taket gjer at personar med låg og middels inntekt får dekt heile inntektstapet ved f.eks. sjukdom, og det har derfor ein omfordelande verknad.

Departementet følger med på utviklinga på variablar som kjønn, alder og fødeland der dette er relevant.

Ordningane med hjelpemiddel til betring av funksjonsevna i arbeidslivet og dagleglivet skal gjere det enklare for personar med nedsett funksjonsevne å delta i arbeidsliv og i samfunnet på lik linje med alle andre.

Arbeidsavklaringspengar skal sikre inntekt for personar som får aktiv behandling, deltar på arbeidsretta tiltak eller får anna oppfølging med sikte på å skaffe seg eller behalde arbeid. Det er ikkje krav til tidlegare inntekt for å få arbeidsavklaringspengar. Personar med låg eller inga inntekt får ei minsteyting. Inntekt over seks gonger grunnbeløpet blir ikkje rekna med. Ordninga har derfor ein omfordelande verknad. Reglane er kjønnsnøytrale. Fleire kvinner enn menn tar imot arbeidsavklaringspengar, sjå omtale under del II, kap. 2651 Arbeidsavklaringspengar. Uføretrygd skal sikre inntekt for personar som har fått inntektsevna varig nedsett pga. sjukdom, skade eller lyte. Det er ikkje krav til tidlegare inntekt for å få uføretrygd. Personar med låg eller inga inntekt får ei minsteyting. Øvste grense for opptening er 6 G. Ordninga har derfor ein omfordelande verknad. Dersom ein person har fått opptening til alderspensjon på grunnlag av omsorgsarbeid i åra som inngår i berekningsgrunnlaget for uføretrygd, kan ein sjå bort frå desse åra når berekningsgrunnlaget blir fastsett. Regelen kan auke berekningsgrunnlaget for personar som har gått ned i inntekt i omsorgsåra og deretter blir ufør.

Omsorgspengar blir gitte for like mange dagar til begge omsorgspersonane til barnet, slik at både mor og far har same rett til å vere borte frå arbeidet for å ta vare på eit sjukt barn.

Ordninga med pleiepengar ved omsorg for sjukt barn blei revidert i 2017. I evalueringa av endringane blei bl.a. effektar på fordelinga mellom mødrer og fedrar undersøkt. Kvinner tar framleis imot pleiepengar i større grad enn menn, men utviklinga har gått i riktig retning.

Regelverket i folketrygda for alderspensjon er kjønnsnøytralt, i den forstanden at pensjonen blir berekna på same måte for kvinner og menn. Kjønnsnøytrale oppteningssatsar og kjønnsnøytrale delingstal sikrar at kvinner og menn med same oppteningshistorikk får same årlege pensjon. Sjølv om regelverket for å berekne pensjon er kjønnsnøytralt, er gjennomsnittleg utbetalt pensjon frå folketrygda høgare for menn enn for kvinner. Dette kjem av faktorar som forskjellar i arbeidsmarknadsdeltaking, lønnsnivå, stillingsprosent og avgangsalder. Alderspensjon i folketrygda har element som fører til auka likskap mellom kjønna trass forskjellar i arbeidsdeltaking, lønn og omsorgsarbeid. Slike element er eksempelvis minstenivå, oppteningstak og omsorgsopptening. Alderspensjon i folketrygda fører totalt sett til ei klar omfordeling frå menn til kvinner. Dette gjeld både for gammal og ny oppteningsmodell. Kvinner tener på dei generelle omfordelingselementa, fordi dei i gjennomsnitt har lågare inntekter enn menn, og dei lever lenger.

Arbeidsmarknadstiltaka skal bidra til å betre moglegheitene i arbeidsmarknaden for personar som står utanfor. Dei skal også hindre at personar fell ut av arbeidslivet. Innvandrarar frå land utanfor EØS-området, unge og langtidsledige kan oppleve særlege utfordringar med å komme i arbeid og deltar oftare i arbeidsmarknadstiltak enn andre. Vidare er enkelte av arbeidsmarknadstiltaka innretta for å støtte og legge til rette for at

personar med nedsett funksjonsevne skal kunne vere i jobb, som tiltaka funksjonsassistanse i arbeidslivet og arbeids- og utdanningsreiser. Vi viser til omtale av arbeidsmarknadstiltak under programkategori 09.30 Arbeidsmarknad.

Integreringspolitikken skal bidra til at fleire kjem i arbeid og lærer seg norsk, og samtidig fremme likestilling og kjempe mot negativ sosial kontroll.

Retten til opplæring etter integreringslova skal gi nykomne flyktningar grunnlag for å komme i arbeid, skaffe seg vidare utdanning og bli aktive deltakarar i samfunnet. Jobbsjansen er eit individuelt retta kvalfiseringsprogram som skal auke sysselsettinga og derigjennom økonomisk sjølvstende blant kvinner med innvandrarbakgrunn.

Lov om offentlege organer sitt ansvar for bruk av tolk mv. (tolkelova) bidrar til å sikre rettstryggleik og forsvarleg hjelp og teneste for personar som ikkje kan kommunisere forsvarleg med offentlege organ utan tolk.

I november 2023 la regjeringa fram ein overordna handlingsplan mot rasisme og diskriminering som gjeld ut 2027. I tillegg gjer regjeringa ein særskild innsats mot hets og diskriminering av bestemte etniske og religiøse minoritetar. Regjeringa la fram to nye handlingsplanar i 2024, éin mot antisemittisme og éin mot muslimfiendskap, og dessutan éin i 2025 mot hets og diskriminering av samar. Desse tre handlingsplanane gjeld ut 2030.

Ein ny handlingsplan mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald for perioden 2025–2028 blei lansert våren 2025. Arbeidet med å kjempe mot negativ sosial kontroll handlar om å ivareta grunnleggande rettar, sikre fridom og likestilling for alle og kjempe mot vald og overgrep. Arbeidet på dette området skal bl.a. bidra til auka kompetanse om negativ sosial kontroll og æresmotivert vald i det offentlege tenestetilbodet, slik at fleire saker kan bli avdekte og fleire utsette kan få hjelp. Våren 2026 la regjeringa fram eit lovforslag for Stortinget. Lova blei vedtatt og gir dei særskilde tenestene, mangfaldsrådgivarane, Kompetanseteamet og spesialutsendingane for integreringssaker, betre høve til å samarbeide og dele opplysningar på tvers.

Forboda mot diskriminering i arbeidslivet er regulert i arbeidsmiljølova og likestillings- og diskrimineringslova. Arbeidsmiljølova regulerer forbod mot diskrimering pga. alder, seksuell orientering, politiske oppfatningar og medlemskap i fagforeiningar eller politiske organisasjonar, deltidstilsette og midlertidig tilsette. Verksemdene er ifølge arbeidsmiljølova ansvarlege for at det blir gjennomført eit førebyggande arbeidsmiljøarbeid, noko som òg omfattar tema knytte til likestilling og diskriminering.

Utanlandske arbeidstakarar med manglande kunnskap om rettigheiter og pliktar i det norske arbeidslivet er særleg utsette for å få dårlege lønns- og arbeidsvilkår. Dei kan også oppleve å bli utnytta av useriøse og kriminelle aktørar til svart og ulovleg arbeid. Regjeringa sin handlingsplan mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet har fleire tiltak som bidrar til å avgrense desse problema, og til å betre vilkåra for utanlandske arbeidstakarar.

Manglande heiltidskultur er etter regjeringa sitt syn eit stort problem i deler av både offentleg og privat sektor, og det rammar særleg kvinner. Heiltid er viktig både i et likestillings- og samfunnsøkonomisk perspektiv, for å utnytte arbeidskraftpotensialet best mogleg, og det er viktig for den enkelte arbeidstakaren. Regjeringa jobbar saman med partane i arbeidslivet for at hovudregelen i arbeidslivet skal vere tilsetting på heiltid.

ILO-konvensjon nr. 190, som blei ratifisert av Stortinget i 2023, er ein internasjonal arbeidslivsstandard og anerkjenner alles rett til eit arbeidsliv fritt for vald og trakassering. Konvensjonen har relevans for likestilling og arbeidsliv og har bl.a. fokus på kjønnsbasert vald og trakassering, herunder seksuell trakassering. Samtidig som Stortinget samtykka til ratifiseringa vedtok dei også lovendringar som bl.a. presiserte at vernet mot trakassering i arbeidsmiljølova også inneber eit vern mot seksuell trakassering.

Arbeids- og velferdsetaten

Ein viktig del av samfunnsoppdraget til Arbeids- og velferdsetaten er å medverke til eit inkluderande arbeidsliv med plass for alle.

Arbeidet med å fremme likestilling og hindre diskriminering når etaten møter brukarane, går føre seg kontinuerleg. Det blir jobba med å få meir systematikk i oppfølginga av aktivitetsplikta, og å strukturere arbeidet slik at det får ei breiare involvering og forankring.

Behova til kvar enkelt brukar blir lagde til grunn for kva type bistand dei får. Arbeidssøkarar med innvandrarbakgrunn utanfor EØS har som gruppe høgare deltaking på tiltak enn arbeidssøkarar elles. Dei som har utfordringar med f.eks. helse, skal få bistand som hjelper dei over i arbeid. Det er fastsett retningslinjer for å motverke diskriminering i samanheng med formidling til arbeid. Retningslinjene gjeld alle grupper som kan oppleve diskriminering i samanheng med arbeidsformidling i regi av etaten, f.eks. pga. kjønn, alder,

kjønnsidentitet, seksuell orientering, nedsett funksjonsevne eller etnisitet. Som følge av tiltak 6 i Regjeringa sin handlingsplan mot rasisme og diskriminering, har Arbeids- og velferdsdirektoratet i samarbeid med Likestillings- og diskrimineringsombodet tilbydd kurs om diskriminering for tilsette i Arbeids- og velferdsetaten og tematisert diskriminering i arbeidslivet i faglege forum.

Arbeids- og velferdsetaten har utvikla ei rettleiingsplattform som skal gi rettleiarane god kompetanse i å tilby tenester som treffer dei ulike behova til brukarane. Ein av fordjupingsmodulane tematiserer rettleiing av brukarar med innvandrarbakgrunn. Målet med modulen er å gi tilsette i etaten fleirkulturell kompetanse for å sikre god kommunikasjon i møte med brukarar med svake norskferdigheiter og andre migrasjonsrelaterte utfordringar. Nye tilsette blir gjort kjende med etaten si rolle som samfunnsaktør, samfunnsoppdraget og skal settast i stand til å skjønne kven som er brukarar. Det blir også gitt opplæring som skal gjere dei tilsette medvitne om at brukarane har ulike behov og føresetnader, og auke forståinga av kva for utfordringar ulike funksjonsnedsettingar kan innebere. Dei som jobbar i Nav Hjelpemiddel og tilrettelegging får f.eks. tilbod om e-læring om «Kjønnsdelte hjelpemiddel». Det skal gi praktisk kunnskap og verktøy for å sikre likeverdige offentlege tenester gjennom auka medvit rundt normer om kjønn og funksjonsevne.

Den fysiske tilgangen til sjølve Nav-kontoret kan vere ein risiko for diskriminering av f.eks. rullestolbrukarar og synshemma. Regelverk om universell utforming skal leggast til grunn for prosjektering og gjennomføring av bygg, og Norsk Standards til ei kvar tid gjeldande versjon.

Det er også brukarar som slit med å bruke digitale tenester, og som ikkje utan vidare kan nytte den digitale løysinga for skjema og kommunikasjon med etaten. Arbeids- og velferdsdirektoratet arbeider med å redusere faren for digitalt utanforskap. Etaten arbeider òg for at nav.no skal oppfylle krava til universell utforming. Det blir utarbeidd tilgjengeerklæringar som seier noko om i kva grad nettstaden innfrir krava. På denne måten får brukaren f.eks. informasjon om brot på krav til universell utforming, og utfordringar det kan føre til. Brukaren kan melde frå om feil og manglar direkte til etaten, og eventuelt sende klage til Diskrimineringsnemnda.

Omorganiseringa av Arbeids- og velferdsdirektoratet våren 2025, med bl.a. opprettinga av ei avdeling for brukaroppleving, prioriterte omsynet til lovkrav og løysingar for likestilling, diskriminering og universell utforming. Målsettinga er at betre samspel mellom digitale/fysiske flater, universell utforming/tilgjenge og klart språk, skal sikre at etaten sine tenester er betre tilgjengelege for alle.

Gjennom seviceklagesystem til etaten kan brukarar klage på servicen dei har fått, f.eks. dersom dei meiner seg utsette for diskriminering eller seksuell trakassering. Systemet skal bidra til å sikre at uheldig praksis både på individ- og systemnivå blir fanga opp.

Statistikk som etaten utarbeider har med variablar som kjønn, alder og fødeland. Denne informasjonen er også med i dei fleste analysane som blir produserte og publiserte. Dette kan vere med på å avdekke eventuelle systematiske forskjeller i tilbodet til ulike grupper.

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi)

IMDis visjon er å fremme like moglegheiter, rettar og plikter for alle i eit mangfaldig samfunn. Arbeid for likestilling og mot diskriminering ligg i kjernen av IMDis samfunnsoppdrag og er ein integrert del av all verksemd i IMDi. Rasisme og diskriminering er barrierar for deltaking på alle samfunnsarenaer, og arbeidet på dette feltet er ein viktig del av innsatsen for å få til vellykka integrering.

IMDi er eit fagdirektorat, forvaltningsorgan og nasjonalt kompetansesenter med ansvar for integreringsfeltet. IMDi tar hand om arbeidet med å busette flyktningar og legg til rette for at fleire innvandrarar deltar i arbeids- og samfunnslivet. Dei gir faglege innspel til vidareutvikling av integreringspolitikken og sørger for god samordning på integreringsfeltet. Dei forvaltar tilskotsordningar retta mot kommunane og frivillige organisasjonar. Dei produserer og formidlar forsking, utgreiingar, statistikk og god praksis. Dei medverkar også til ein profesjonell og serviceinnstilt offentleg sektor. IMDi er fagstyremakt for tolking i offentleg sektor. Dei jobbar òg mot negativ sosial kontroll, æresmotivert vald, tvangsekteskap og kjønnlemlesting.

IMDi skal medverke til auka deltaking i og bruk av sivilsamfunnet for å oppnå målet om at innvandrarar har høg deltaking i samfunnslivet og lever eit fritt liv. IMDi skal særleg medverke til at fleire innvandrarkvinner deltar i samfunnslivet, tar utdanning og kjem i arbeid.

IMDi skal gjennomføre integreringspolitikken til regjeringa. Dei skal styrke kompetansen til kommunane, sektorstyresmaktene og andre samarbeidspartnarar når det gjeld integrering og mangfald. IMDi har ei sentral rolle som pådrivar og samordnar overfor aktørar på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå for å styrke kompetansen til kommu-

nane, sektorstyresmaktene og andre samarbeidspartnarar om mangfald og innvandrarar i Noreg.

Regjeringa vil fortsette innsatsen for å auke kunnskap om mangfald som ressurs blant arbeidsgivarar gjennom ulike tiltak i regi av IMDi, og i samarbeid med Arbeids- og velferdsdirektoratet og partane i arbeidslivet. Viktige verkemiddel i dette arbeidet er IMDis tilskotsordning til private og offentlege arbeidsgivarar og informasjon og rettleiingsteneste for arbeidsgivarar.

Regjeringa ønsker meir mangfald i arbeidslivet, IMDi initierer og formidlar kunnskap, utviklar og tilbyr verktøy og deler erfaringar om korleis verksemder kan auke det etniske mangfaldet på arbeidsplasser.

Negativ sosial kontroll, æresmotivert vald, tvangsekteskap og kjønnslemlesting kan ramme begge kjønn, men kvinner og jenter er meir utsette. Offentlege styresmakter har plikt til å handle når nokon blir utsett, og IMDi medverkar i det førebyggande arbeidet.

IMDi forvaltar ei rekke tilskotsordningar som har som formål å fremme likestilling og/eller motverke diskriminering.

IMDi har delansvar for gjennomføringa av fleire av handlingsplanane til regjeringa innanfor arbeidet for likestilling og mot diskriminering.

IMDi jobbar aktivt for å auke kunnskapsgrunnlaget om diskriminering og likestillling blant innvandrarar.

Maritim pensjonskasse (MPK)

Omsynet til likestilling og ikkje-diskriminering er forankra i MPK sitt arbeid med rettferdig og likeverdig tenesteyting. Dette kjem til uttrykk i verksemdsstrategien, som legg vekt på kvalitet, rettferd og føreseielegheit for interessentane, og blir operasjonalisert gjennom interne retningslinjer for kommunikasjon, saksbehandling, universell utforming og brukardialog.

Den maritime næringa er i stor grad dominert av menn, og det er ei stor overvekt av menn blant medlemmene i ordninga. Kvinner utgjer berre i overkant av 10 prosent av medlemmene. Over 20 pst. av kvinnene har stillingar som gir eit lågare pensjonsgrunnlag. Dette er forhold MPK ikkje kan påverke direkte. Derfor legg verksemda stor vekt på at omsynet til likestilling og ikkje-diskriminering blir ivaretatt i alt arbeid. Kundar og medlemmer i ordninga, og andre som er i kontakt med MPK, skal få eit likeverdig tilbod og likeverdig service. Medlemmer og kundar skal kunne melde frå dersom dei opplever trakassering eller uønskt åtferd i møte med verksemda, og tilsette som møter medlemmer og kundar, skal kunne melde frå om uønskt åtferd frå eksterne. Regelverket for ordninga er kjønnsnøytralt, og vedtak blir fatta etter same kriterium uavhengig av kjønn og annan bakgrunn.

Universell utforming og klart språk er ein del av arbeidet med å utvikle og forbetre tenestene til MPK. I august 2025 lanserte verksemda ein ny versjon av nettstaden for å betre brukarvenlegheita, og tilgjengelegheitserklæringa viser at mpk.no er i samsvar med krava til universell utforming av ikt. Både i tekst og bildebruk skal nettsidene vere balanserte og nøytrale med omsyn til kjønn, slik at kommunikasjonen ikkje bygger opp under stereotype framstillingar av yrke og roller i næringa. Viktig informasjon om ordninga finst på både nynorsk og engelsk. Innsikt frå brukarar og frå kunde- og medlemsundersøkinga blir nytta i arbeidet med å utvikle tenester og informasjon.

Ordninga skal framstå som kjønnsnøytral, og det skal takast omsyn til likestilling i kommunikasjonen med medlemmene. Frå 1. januar 2023 endra ordninga namn frå Pensjonstrygden for sjømenn til Maritim pensjonskasse.

Resultata av arbeidet blir vurderte gjennom løpande brukarhenvendingar, kunde- og medlemsundersøkinga, oppfølging av nettstaden, klarspråkarbeid og intern oppfølging av kommunikasjon og tenester. Verksemda vurderer at tenestene er tilgjengelege og likeverdige. Det er ikkje registrert saker i 2025 der forskjellsbehandling eller manglande tilgjenge har vore tema.

Framover vil MPK halde fram med å vidareutvikle digitale tenester, informasjon og rettleiing slik at dei er tilgjengelege, forståelege og likeverdige for alle brukargrupper, og halde tilgjengelegheitserklæringa oppdatert. Verksemda vil elles vidareføre arbeidet med klart språk og med å sikre at kommunikasjonen er balansert og nøytral.

Statens pensjonskasse (SPK)

Likestillingsarbeid i Statens pensjonkasse er forankra i eigen strategi, verktøy og retningslinjer. Dei har eigne retningslinjer for å hindre diskriminering, trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald, med eit tilhøyrande varslingssystem. Omsynet til likestilling og ikkje-diskriminering er elles inkludert i personalpolitikken.

Som offentleg verksemd er Statens pensjonskasse opptatt av at omsynet til likestilling og ikkje-diskriminering skal ivaretakast i alt løpande arbeid. Statens pensjonkasse har som mål at kundane og medlemmane av ordninga, og andre som er i kontakt med Statens pensjonskasse, skal få likeverdig tilbod og service. Visjonen til Statens

pensjonskasse er at alle brukarane skal ha like moglegheiter til å bruke tenestene og forstå innhaldet uavhengig av ferdigheiter, føresetnader og situasjon.

Statens pensjonskasse har fokus på kommunikasjon som ikkje fremmer stereotypiar, og sørger for god opplæring blant tilsette i haldningar og mot diskriminering.

Universell utforming – inkludert klart språk – er ein del av prosessen med å utvikle og forbetre tenestene til Statens pensjonskasse. Dei har jobba med å forenkle strukturen på nettsidene, forenkle og forkorte tekstar og innhald, og redusert talet på nettsider for å forenkle navigasjon og søk. Vidare jobbar Statens pensjonskasse tett saman med brukarane, og innsikt frå brukartesting er ein viktig del av arbeidet med å utvikle tenester. Dette for at Statens pensjonskasse sine tenester skal bli meir tilgjengelege for alle. Statens pensjonskasse er opptatt av at nettsidene skal fylle EU sitt webdirektiv om universell utforming, og tilgjengelegheitserklæringa viser at Statens pensjonskasse er på god veg til å fylle krava.

Statens pensjonskasse har tatt tak i og utbetra fleire utfordringar med dei sjølvbetente digitale løysingane, og jobbar vidare med eit nytt designsystem, som har universelt forma ut kodebibliotek og modellar til bruk i utviklingsoppgåver. Det er også klare planar for når dei manglande krava i tilgjengelegheitserklæringa skal vere oppfylte.

Arbeidstilsynet

Arbeidstilsynet skal legge til rette for eit trygt og seriøst arbeidsliv for alle. Gjennom tilsyn, rettleiing, byggesaksbehandling, digitale tenester og kunnskapsformidling bidrar etaten til å fremme likestilling, mangfald og inkludering og til å redusere risikoen for diskriminering og utanforskap i arbeidslivet. Arbeidet rettar seg mot forhold som kan påverke moglegheita til å få, behalde og delta i arbeid uavhengig av kjønn, alder, etnisitet, funksjonsevne, religion, seksuell orientering eller andre diskrimineringsgrunnlag.

Arbeidstilsynet har særleg merksemd på at verksemder skal arbeide systematisk med førebygging av trakassering, eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø og likeverdige arbeidsvilkår. Gjennom informasjon, rettleiing og tilgjengelege tenester arbeider etaten også for at arbeidstakarar med ulike føresetnader skal kunne ivareta rettane sine og delta på lik linje i arbeidslivet.

Eit velfungerande arbeidsmiljø, vern mot trakassering, tilrettelegging for arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne og innsats for å nå ut til sårbare og utsette arbeidstakargrupper er døme på område der Arbeidstilsynet sine verkemiddel bidrar til å styrke likestilling og inkludering i arbeidslivet.

Vern mot diskriminering og trakassering

Arbeidstilsynet har innhald på nettsidene om vern mot diskriminering og gir verksemder råd og rettleiing for å fremme likestilling og førebygge og handtere diskriminering på norske arbeidsplassar. Arbeidstilsynet kan rettleie nærare om føresegnene i likestillings- og diskrimineringsregelverket, men har ikkje myndigheit til å gi pålegg. Eit unntak gjeld trakassering, der Arbeidstilsynet har tilsynsmyndigheit etter føresegner i arbeidsmiljølova.

Gjennom tilsyn, rettleiing og kunnskapsformidling bidrar Arbeidstilsynet til at verksemder arbeider systematisk for å førebygge og handtere trakassering. Dette støttar opp under målet om eit arbeidsliv der arbeidstakarar blir møtte med respekt og har like moglegheiter til å delta og utvikle seg.

Universelt utforma arbeidsplassar

Bygningsmessige løysingar kan ha stor betydning for like moglegheiter i arbeidslivet. Gjennom byggesaksbehandlinga kontrollerer Arbeidstilsynet bl.a. at arbeidsplassar og personalfasilitetar, så langt det er rimeleg og mogleg, er tilrettelagde for arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne.

Arbeidet bidrar til å redusere barrierar for deltaking i arbeidslivet og legge til rette for at fleire kan delta på lik linje med andre, uavhengig av funksjonsevne.

Universell utforming av digitale tenester

Arbeidstilsynet arbeider systematisk med universell utforming av digitale tenester for å sikre at dei er tilgjengelege for eit mangfald av brukarar. Ved utvikling og vidareutvikling av digitale løysingar blir det lagt vekt på brukskvalitet, universell utforming og klarspråk.

I utforming av skjema og digitale tenester blir det lagt vekt på klarspråk, føreseieleg navigasjon og tydelege feilmeldingar. Det blir særleg tatt omsyn til brukargrupper som kan møte barrierar i digitale tenester, til dømes brukarar med lese- og skrivevanskar, avgrensa norskkunnskapar eller andre behov for tilrettelegging. Dette bidrar til at fleire kan nytte Arbeidstilsynet sine tenester og ivareta rettane sine.

Informasjon og rettleiing til utanlandske arbeidstakarar

Gjennom Servicesentera for utanlandske arbeidstakarar (SUA) samarbeider Arbeidstilsynet, Skatteetaten, politiet og Utlendingsdirektoratet om å gi informasjon og rettleiing til utanlandske arbeidstakarar og arbeidsgivarane deira om norsk arbeidsliv.

Arbeidstilsynet tilbyr også informasjon om arbeidsmiljø, rettar og plikter på fleire språk. Dette bidrar til at utanlandske arbeidstakarar får betre tilgang til relevant informasjon, styrker moglegheita deira til å ivareta eigne rettar og kan bidra til å motverke diskriminering, utnytting og utanforskap i arbeidslivet.

Likestilling i Arbeids- og inkluderingsdepartementet og underliggande verksemder

I alle offentlege verksemder skal arbeidsgivarar undersøke om det finst risikoar for diskriminering eller andre hinder for likestilling i verksemda, og annakvart år kartlegge lønn fordelt etter kjønn og bruken av ufrivillig tidsavgrensa arbeid.

I tillegg til aktivitetsplikt følger det av likestillings- og diskrimineringslova § 26 a at arbeidsgivarar i offentlege verksemder skal greie ut om den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling mellom kjønna. Lova gir òg pålegg til arbeidsgivarar i offentlege verksemder om å gjere greie for iverksette eller planlagde tiltak for å fremme formålet om likestilling uavhengig av etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.

Under følger ei oversikt over status for arbeidet med likestilling og mangfald i Arbeids- og inkluderingsdepartementet og dei underliggande verksemdene. Likestillings- og diskrimineringslova § 26 gir alle arbeidsgivarar pålegg om å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering innanfor eiga verksemd.

Oversiktstabellar over tilsette og gjennomsnittleg lønn etter kjønn

Tabellen under gir ei oversikt over prosentdelen kvinner i Arbeids- og inkluderingsdepartementet og underliggande verksemder, totalt for verksemdene og i ulike stillingskategoriar.

Tilsette etter kjønn i Arbeids- og inkluderingsdepartementet og underliggande verksemder[1]

		AID	AV-etaten	TR	MPK	SPK	Atil	IMDi
Totalt i verksemda[2]	2025	216	15 457	77	17	480	744	280
	2024	228	14 965	67	20	470	719	283
Kvinneandel i pst:								
I verksemdene	2025	69,9	70	61	35	52,5	60	67,9
	2024	71,9	70	60	45	53,6	60	68,2
Toppleiarar	2025	44	51	100	0	54,5	60	75
	2024	44	53	100	0	50	56	71,4
Mellomleiarar	2025	55	66	66	50	55,8	63	46,7
	2024	61	65	80	50	60	64	60
Alternativ karriereveg	2025	66,7	70	58	-	45,1	0	55,6
	2024	65,2	66	58	-	45,2	0	52,4
Saksbehandlarar	2025	73,1	70	80	33	60	67	70,2
	2024	75,1	69	80	57	61,7	66	70,3
Konsulentar/kontorstillingar	2025	100	74	-	-	-	74	100
	2024	100	75	-	-	-	78	0

		AID	AV-etaten	TR	MPK	SPK	Atil	IMDi
Slutta	2025	87	70	83	60	79	61	62,2
	2024	73	70	73	0	55	57	69
Nytilsette	2025	56	78	83	50	41,2	60	60
	2024	80	71	50	-	38,5	63	71
Deltidstilsette	2025	75	85	-	-	33,3	77	80
	2024	100	84	-	50	31,3	71	66,7
Midlertidig tilsette	2025	75	73	100	-	40	73	88,9
	2024	92,9	76	80	-	50	100	87,1
Foreldrepermisjon	2025	100	85	67	-	54,5	67	70,4
	2024	100	85	60	-	52,2	83	80,6

[1] Tabellen er utarbeidd av Arbeids- og inkluderingsdepartementet på bakgrunn av tal frå eige lønns- og personalsystem og frå dei underliggande verksemdene. Forkortingar: Arbeids- og inkluderingsdepartementet (AID), Arbeids- og velferdsetaten (AV-etaten), Trygderetten (TR), Maritim pensjonskasse (MPK), Statens pensjonskasse (SPK), Arbeidstilsynet (Atil), Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi). I kategorien alternativ karriereveg er fagdirektørar, spesialrådgivarar, rettsmedlemmar og rettsfullmektigar. I AID består toppleiinga av ein departementsråd, ekspedisjonssjefar, stabsdirektør og kommunikasjonssjef. I TR og MPK er det berre éin toppleiar.

[2] Talgrunnlaget for «totalt i verksemda» er tilsette i aktiv teneste og i lønt permisjon.

Gjennomsnittleg antal veker foreldrepermisjon for kvinner og menn

	AID		AV-etaten		TR		MPK		SPK		Atil		IMDi	
	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K
2025	11	22	15	20	15	18	18	0	14	16	10	15	4	11
2024	17	18	14	20	15	23	0	0	13	24	13	22	12	17

Tala i tabellen under viser at kvinner i gjennomsnitt jamt over har lågare lønn enn sine mannlege kollegaer. Biletet er meir nyansert når ein ser på dei enkelte stillingskategoriane i verksemdene.

Kvinners andel av lønna til menn etter stillingskategori per 31. desember[1]

		AID	AV-etaten	TR	MPK	SPK	Atil	IMDi
I pst.								
Gjennomsnitt for heile verksemda	2025	92,9	94	89	95,0	93,6	98	94,6
	2024	91,9	94	102	90	93,1	97,6	95,2
Toppleiarar	2025	105,0	98	100	-	94,7	100,7	100,6
	2024	105,5	103	100	-	96,2	103,9	99,7
Mellomleiarar	2025	101,4	95	112	90	92,5	99,3	101,0
	2024	101,1	95	99	88	92,8	99,7	96,5

		AID	AV-etaten	TR	MPK	SPK	Atil	IMDi
I pst.								
Alternativ karriereveg	2025	95,5	89	100	-	96,2	-	92,5
	2024	97,7	93	100	-	96,6	-	94,1
Saksbehandlarar	2025	101,7	93	93	99,5	98,4	96,8	97,0
	2024	101,3	93	92	103,1	96,9	96,8	95,8
Konsulentar/kontorstillingar	2025	100	101	-	-	-	100,1	-
	2024	100	101	-	-	-	99,5	-

[1] Tabellen er utarbeidd av Arbeids- og inkluderingsdepartementet på bakgrunn av tal frå eige lønns- og personalsystem og frå dei underliggande verksemdene.

Legemeldt sjukefråvær i Arbeids- og inkluderingsdepartementet og underliggande verksemder

Tabellane under viser tal for legemeldt sjukefråvær i departementet og underliggande verksemder, totalt og fordelt på kjønn.

Legemeldt sjukefråvær i pst. per 31. desember[1]

	AID	AV-etaten	TR	MPK	SPK	Atil	IMDi
2025	3,5	6,4	6,3	1,8	3,0	4,5	7,3
2024	3,3	6,9	4,6	4,3	4,2	5,6	5,4

[1] Tala er henta frå eige lønns- og personalsystem og frå dei underliggande verksemdene.

Det har vore ein auke i sjukefråværet i Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Trygderetten og Integrerings- og mangfaldsdirektoratet frå 2024 til 2025.

Det legemelde sjukefråværet i Arbeids- og inkluderingsdepartementet var 3,5 pst. i 2025 mot 3,3 pst. i 2024. Til samanlikning var det gjennomsnittlege legemelde sjukefråværet i departementa 3,0 pst. i 2025.

I det statlege tariffområdet var det gjennomsnittlege legemelde sjukefråværet 4,3 pst. i 2025. I Arbeids- og inkluderingsdepartementets sektor var det gjennomsnittlege legemelde sjukefråværet 6,0 pst. Tala i tabellen over viser at det legemelde sjukefråværet i 2025 ligg over nivået for det statlege tariffområdet i Arbeids- og velferdsetaten, Trygderetten og Integrerings- og mangfaldsdirektoratet.

Legemeldt sjukefråvær i pst. for menn og kvinner per 31. desember[1]

	AID		AV-etaten		TR		MPK		SPK		Atil		IMDi	
	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K
2025	3,5	3,5	3,9	7,4	0	6,3	1,1	2,8	2,2	3,8	3,0	5,5	3,3	7,7
2024	1,3	4,2	4,0	8,1	0,9	7,0	5,4	3,0	3,0	5,5	3,5	7,0	4,3	7,3

[1] Tala er henta frå eige lønns- og personalsystem og frå dei underliggande verksemdene.

Tala viser at det framleis er stor forskjell mellom menn og kvinner i det legemelde sjukefråværet i dei fleste verksemdene i sektoren.

I det statlege tariffområdet var det gjennomsnittlege legemelde sjukefråværet blant menn 2,7 pst. i 2025, medan det var 3,7 pst. i Arbeids- og inkluderingsdepartementets sektor. Det legemelde sjukefråværet blant menn var høgare enn 2,7 pst. i Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Arbeids- og velferdsetaten, Arbeidstilsynet og Integrerings- og mangfoldsdirektoratet.

I det statlege tariffområdet var det gjennomsnittlege sjukefråværet blant kvinner 5,8 pst. i 2025, medan det var 7,0 pst. i Arbeids- og inkluderingsdepartementets sektor. Sjukefråværet blant kvinner var høgare enn 5,8 pst. i Arbeids- og velferdsetaten, Trygderetten og Integrerings- og mangfoldsdirektoratet.

Frå 2024 til 2025 har det vore ein nedgang i sjukefråværet blant menn i alle verksemdene, bortsett frå i Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Blant kvinner har det i same periode vore ein nedgang i sjukefråværet i alle verksemdene, bortsett frå i Integrerings- og mangfoldsdirektoratet.

Nærmare om arbeidet med likestilling i verksemdene

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Det var 216 tilsette i departementet ved utgangen av 2025, og 69,9 pst. av dei var kvinner.

Av dei nyrekrutterte i 2025 var kvinnedelen 56 pst., og av dei som slutta var 87 pst. kvinner.

Kjønnsperspektivet er ein del av personalpolitikken i departementet. Departementet fokuserer særleg på at kvinner og menn får same høve til fagleg utvikling, forfremming, alternative karriererevegar og karriereutvikling til høgare stillingar. Det er framleis slik at balansen mellom kjønna i dei ulike stillingskategoriane varierer, men det er no fleire kvinner enn menn i alle stillingskategoriane, bortsett frå blant toppleiarane, der delen kvinner er 44 pst. Blant mellomleiarane er delen kvinner 55 pst. og i stillingskategorien alternativ karriereveg er 67 pst. kvinner. I denne stillingskategorien har delen kvinner auka jamt dei siste åra. Blant saksbehandlarar er kvinnedelen 73 pst. og i stillingsgruppa konsulentar er det berre kvinner.

Prinsippet om likelønn skal løysast gjennom den lokale lønnspolitikken. Lønnsutviklinga i samanliknbare grupper skal vere uavhengig av etnisk bakgrunn, funksjonsevne, kjønn og alder. Sett under eitt er gjennomsnittleg lønn for kvinner i departementet lågare enn for menn, og utgjer 92,9 pst., ein auke på 1 prosentpoeng frå 2024. Som tala i tabellen over viser, er biletet meir nyansert når lønna til kvinner og menn blir samanlikna innanfor kvar stillingskategori. Kvinner tener i snitt meir enn menn i alle stillingskategoriane bortsett frå i stillingskategorien alternativ karriereveg. Det er ei stor overvekt av kvinner i dei lågare stillingskategoriane, og det kan forklare noko av årsaka til forskjellen i gjennomsnittleg lønn mellom kjønna.

Utvida lønnskartlegging

Med den forsterka aktivitets- og utgreiingsplikta er det no krav om å undersøke om det førekjem diskriminering på grunnlag av kjønn der menn og kvinner utfører «likt arbeid» eller «arbeid av lik verdi». Departementet gjennomførte ei utvida lønnskartlegging i 2021, 2023 og 2025 og undersøkte lønnsutviklinga blant saksbehandlarane etter kjønn dei fire siste åra. I lønnskartleggingane blei det ikkje avdekt systematiske forskjellar i lønnsutviklinga mellom kjønna.

Ufrivillig deltid handlar om at medarbeidarar er tilsette i ei deltidsstilling sjølv om dei ønsker å jobbe heiltid. Departementet har ikkje tilsette som jobbar ufrivillig deltid.

Inkludering og mangfald

Departementet deltar i det statlege traineeprogrammet for personar med høgare utdanning og nedsett funksjonsevne og hol i CV-en. Andelen søkarar som oppgav at dei hadde nedsett funksjonsevne til ordinære stillingar var 3,7 pst. i 2025, og andelen som oppgav å ha hol i CV-en var 1,8 pst.

Av totalt 1 091 søkarar til stillingar i departementet i 2025 opplyste 15 pst. at dei har innvandrarbakgrunn frå landgruppe 2, og 12,5 pst. av dei nytilsette opplyste om at dei har innvandrarbakgrunn frå landgruppe 2.

Tilsette med innvandrarbakgrunn utgjorde 8,2 pst. av dei tilsette i departementet ved utgangen av 2025. Andelen tilsette med innvandrarbakgrunn gjeld for både landgruppe 1 og landgruppe 2.

Gjennom arbeidet med aktivitetsplikta har ikkje departementet avdekt risikoar for diskriminering på nokon av personalområda. Samtidig er departementet saman med dei tillitsvalde einige om at departementet framleis bør ha særleg merksemd på området rekruttering – vegen inn i departementet.

Det legemelde sjukefråværet var 3,5 pst. i 2025, ein auke på 0,2 prosentpoeng frå 2024.

Arbeids- og velferdsetaten

Arbeids- og velferdsetaten hadde 15 457 tilsette ved utgangen av 2025, og 10 884 er kvinner. Kvinnedelen har lege stabilt på om lag 70 pst. dei siste åra.

Fordelinga av kvinner og menn varierer mellom dei ulike einingane. Det er flest kvinner i Arbeids- og tenestelina (Nav-kontora), med over 75 pst. kvinner i fleire fylke og færrast i Arbeids- og velferdsdirektoratet. Der er kvinnedelen 51 pst. Endringa frå 2024 skuldast i hovudsak flytting av klage- og ankelinja til direktoratet. I direktoratet er IT eit stort område som tiltrekker seg fleire menn enn kvinner. Dette speglar arbeidsmarknaden på området. Delen kvinner er størst i dei lågaste stillingskategoriane. Kvinnedelen blant toppleiarane er 51 pst. i 2025, og blant mellomleiarane ligg den stabilt på 66 pst. Arbeids- og velferdsdirektoratet kartlegg årleg kjønnsbalansen innanfor stillingsgruppene og følger opp dette med driftseiningane gjennom krav til tiltak og rapportering.

Sett under eitt er gjennomsnittleg lønn for kvinner i Arbeids- og velferdsetaten noko lågare enn for menn, og utgjer 94 pst. av menns lønn. Menn har høgare gjennomsnittleg årslønn enn kvinner i alle stillingskategoriar, med unntak av blant toppleiarane og konsulentane.

Personalpolitikken i etaten viser at administrative og faglege karrierevegar er likeverdige, og at medarbeidarar kan ha høgare lønn enn leiarar. Ved rekruttering av nye medarbeidarar skal kompetansebehovet i etaten supplerast, og målsettinga om inkludering og mangfald skal følgast opp.

Utvida lønnskartlegging

Det er slått fast i personal- og lønnspolitikken i Arbeids- og velferdsetaten at det ikkje skal vere forskjell i lønna mellom kvinner og menn, utan at det er sakleg grunn til det. Tala i tabellen over kan likevel tyde på lønnsforskjellar. Menn tener i snitt meir enn kvinner i stillingskategoriane mellomleiarar, saksbehandlarar (rådgivarar), alternativ karriereveg og blant deltidstilsette. Blant konsulentane tener kvinner i snitt meir enn menn, men det er stillingskategorien med lågast lønn generelt.

I den utvida lønnskartlegginga har Arbeids- og velferdsetaten undersøkt om det er forskjellar mellom kvinners og menns gjennomsnittlege lønn etter ansiennitetsintervallar på to år. Resultata av undersøkinga viser at menn i snitt tener meir enn kvinner i alle ansiennitetsintervalla.

Isolert sett kan tala tyde på at det er systematiske lønnsforskjellar mellom kjønna, men tala gir ikkje eit fullstendig bilete av lønnsforskjellane. Det som er med i lønnskartlegginga er kjønn, lønn, ansiennitet og arbeidsstilling, og andre faktorar som kan påverke resultata er ikkje vurderte. Systematiske lønnsforskjellar ligg føre dersom kvinner tener mindre enn menn, medan alt anna er likt, som utdanning, alder og arbeidserfaring frå andre verksemder. Dette er faktorar som i stor grad kan påverke lønna. Det kan òg vere «usynlege» faktorar som det er vanskeleg å kvantifisere eller måle som påverkar lønna. Etaten har så langt ikkje godt nok datagrunnlag til å analysere dette nærmare.

Ufrivillig deltid

Arbeids- og velferdsetaten har ikkje opplysningar om ufrivillig deltid. Det er nokre få saker der deltidstilsette hevdar fortrinnsrett til heiltidsstillingar, men det betyr ikkje at deltidsstillinga er ufrivillig i utgangspunktet.

Arbeids- og velferdsetaten har ein jamn andel av deltidstilsette, med eit gjennomsnitt i 2025 på om lag 4 pst. Etaten kunngjer i stor grad heiltidsstillingar og reduserer dermed risikoen for at nokon jobbar ufrivillig deltid.

Inkludering og mangfald

I tilpassingsavtalen for Arbeids- og velferdsetaten er partane einige om at etaten skal ha ein personalpolitikk som legg til rette for likestilling og mangfald når det gjeld kjønn og andre diskrimineringsgrunnlag. Dette er òg eit prinsipp som kjem til uttrykk i etatens nulltoleranse for diskriminering og i sentrale dokument om økonomistyring, lønnspolitikk, generelle kompetansetiltak og opplæring av nytilsette.

Tilsette i etaten møter eit mangfald av brukarar i forbindelse med samfunnsoppdraget. Mangfaldet skal òg speglast internt, og verksemda stiller krav til arbeidet med inkludering og mangfald. Etaten stiller dei same krava til universell utforming for interne IKT-løysingar som for eksterne. I tillegg til generell tilrettelegging i bygg og teknologi set etaten i verk individuelle tiltak lokalt for den enkelte medarbeidaren. Sentrale normer, retningslinjer for arbeid med brukarar og opplæring av tilsette i inkludering og mangfald gir retning for arbeidet i etaten på tvers av alle diskrimineringsgrunnlag.

Frå 2022 har etaten utarbeidd ei oversikt over seks utvalde mangfaldsmarkeringar dei ønsker å framheve. Dei seks dagane er Pride, samane sin nasjonaldag, den internasjonale kvinnedagen,

Verdsdagen for psykisk helse, FN-dagen og FN-dagen for funksjonshemma. Sentralt markerer etaten religiøse høgtider som er forankra i lovverket, og følger føringane i Statens personalhandbok.

I 2025 var det 91 789 personar som søkte jobb i Arbeids- og velferdsetaten, ein kraftig auke frå 2024. I 2025 oppgav 2 524 søkarar at dei hadde hol i CV-en, 1 740 søkarar oppgav å ha nedsett funksjonsevne og 8 030 søkarar opplyste om at dei hadde innvandrarbakgrunn. Av 2 025 nytilsette hadde 3,1 pst. hol i CV-en eller nedsett funksjonsevne og 1,4 pst. opplyste at dei hadde innvandrarbakgrunn.

Antal søkarar frå målgruppa har gått ned, samtidig som antal søkarar totalt har auka kraftig i 2025. Det inneber at konkurransen om ledige stillingar i etaten blir tøffare. I tillegg utgjer kvalifikasjonsprinsippet og manglande kandidatar frå målgruppa ei utfordring.

Etaten har ambisjonar om å auke delen tilsettingar i målgruppa, og for å oppnå betre resultat i 2026 videreførast tiltaka som allereie er satt i gang.

Arbeids- og velferdsetaten er fast medlem i det statlege mangfaldsnettverket, og deltar i statens traineeprogram for personar med høgare utdanning og nedsett funksjonsevne og hol i CV-en. Traineeprogrammet er eit viktig tiltak for å sikre inkludering i arbeidslivet. I 2025 tilsette etaten to nye traineear gjennom statens traineeprogram.

Arbeids- og velferdsetaten har hatt ein jamn auke i talet på tilsette med innvandrarbakgrunn dei siste ti åra, særleg frå landgruppe 2. I 2025 hadde 14 pst. av dei tilsette i etaten innvandrarbakgrunn, med noko større spreiing i landbakgrunn enn gjennomsnittet i staten. Av desse høyrde 9,5 pst. til landgruppe 2.

Nav-einingane i Oslo og Arbeids- og velferdsdirektoratet har ein høgare andel tilsette med innvandrarbakgrunn, samanlikna med dei andre einingane. Dette speglar befolkninga i området.

Det legemelde sjukefråværet var 6,4 pst. i 2025, ein nedgang på 0,5 prosentpoeng frå 2024.

Trygderetten

Trygderetten er ei forholdsvis lita verksemd med 77 tilsette ved utgangen av 2025 og 61 pst. av dei tilsette er kvinner. Toppleiaren er ei kvinne og kvinnedelen blant mellomleiarane er 66 pst.

Innan dei ulike stillingskategoriane har samansetninga vore meir eller mindre lik dei seinare åra. I stillingskategorien alternativ karriereveg er delen kvinner 58 pst. og blant saksbehandlarane er delen kvinner 80 pst.

Utvida lønnskartlegging

Sett under eitt er den gjennomsnittlege lønna for kvinner i Trygderetten lågare enn for menn, og utgjer 89 pst. i 2025, mot 102 pst. i 2024.

Trygderetten skil seg frå dei fleste statlege verksemdene ved at dei to største stillingsgruppene, dommarane og rettsfullmektigane, har lik lønn. Rettsfullmektigane har ein lønnsstige med ansiennitet som kriterium for plassering av lønn.

Blant mellomleiarane tener kvinner i snitt 112 pst. av den gjennomsnittlege lønna til menn, mens den gjennomsnittlege lønna til kvinner utgjer 93 pst. blant saksbehandlarane. Det er ikkje avdekt lønnsforskjellar baserte på kjønn.

Trygderetten har ikkje identifisert utfordringar knytte til likestilling. Trygderetten arbeider aktivt for at kvinner og menn i organisasjonen skal behandlast likt, uavhengig av kjønn. I tilpassingsavtalen om medråderett er det nedfelt at «uansett kjønn skal arbeidsoppgåver fordelast slik at alle tilsette får like moglegheiter til å kvalifisere seg for avansement til leiande stillingar».

Ingen tilsette i Trygderetten har ufrivillig deltidsarbeid.

Inkludering og mangfald

Trygderetten har sett som delmål å behalde medarbeidarar med nedsett funksjonsevne heilt eller delvis fram til pensjonsalder. Aktuelle verkemiddel er bl.a. å la eldre, erfarne rettsmedlemmar vere fadrar for nytilsette og arbeide med praksisundersøkingar og anna utgreiingsarbeid i tillegg til ordinær saksbehandling. Andre tiltak er å tilby heimekontor og ha ei positiv haldning til graderte stillingar.

Trygderetten har ikkje hatt ei positiv utvikling i talet på tilsette med hol i CV-en eller nedsett funksjonsevne. Det kan vere fleire årsaker til dette, bl.a. at verksemda ikkje har sett konkrete mål for rekruttering av personar i målgruppa. Situasjonen er annleis når det gjeld tilsetting av medarbeidarar med innvandrarbakgrunn. Her er tilfanget av kvalifiserte søkarar stort. I samarbeid med dei tillitsvalde vil Trygderetten etablere ei arbeidsgruppe som skal greie ut og foreslå tiltak for å auke delen tilsette med hol i CV-en eller nedsett funksjonsevne.

For embetet som rettsmedlem (dommar) og stillinga som rettsfullmektig, er det eit lovkrav at den som blir tilsett har norsk statsborgarskap.

Det legemelde sjukefråværet var 6,3 pst. i 2025, ein auke på 1,7 prosentpoeng frå 2024.

Maritim pensjonskasse

Maritim pensjonskasse er ei lita verksemd med 17 tilsette, og ein kvinnedel på 35 pst. Kvinnedelen er 50 pst. i leiargruppa og 33 pst. blant saksbehandlarane.

Maritim pensjonskasse gjennomfører årleg ei kartlegging og ein intern analyse av forholda for å sikre likestilling og hindre diskriminering. Dei legg stor vekt på omsynet til likestilling og ikkje-diskriminering i den lokale lønns- og personalpolitikken og arbeider for at alle tilsette skal ha same høve til utvikling av kompetanse, karriere og lønn.

Utvida lønnskartlegging

Den utvida lønnskartlegginga vart gjennomført i 2026. Resultata av lønnskartlegginga viser at det er liten forskjell i gjennomsnittslønna mellom kvinner og menn. Kvinners andel av menns lønn utgjer 95 pst. når øvste leiar er medrekna., ein auke på 5 prosentpoeng frå 2024.

I leiargruppa utgjer den gjennomsnittlege lønna for kvinner 90 pst. av menns lønn. Små endringar kan slå betydeleg ut på lønnsstatistikken i ei så lita verksemd som Maritim pensjonskasse.

Kartlegginga og analysen har ikkje avdekt kjønnsbaserte forskjellar, eller nokon risiko for diskriminering eller hindre for likestilling når det gjeld lønn eller andre forhold.

Ingen tilsette i Maritim pensjonskasse har ufrivillig deltidsarbeid.

Inkludering og mangfald

Maritim pensjonskasse har som mål å auke mangfaldet, men i ei lita verksemd med få rekrutteringar er det utfordrande å talfeste eit mål. Utlysingstekstane blir gjennomgått for å sikre eit inkluderande språk og krav som er sakleg grunngjevne ut frå oppgåvene i stillinga.

Verksemda har svært få søkarar som oppgir at dei har nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en

I 2025 var det legemelde sjukefråværet 1,8 pst., ein nedgang på 2,5 prosentpoeng frå 2024.

Statens pensjonskasse

Statens pensjonskasse har totalt 480 tilsette, og ein kvinnedel på 52,5 pst. I toppleiinga er kvinnedelen 54,5 pst., blant mellomleiarane 55,8 pst., 45,1 pst. i stillingskategorien alternativ karriereveg og 60 pst. blant saksbehandlarane.

Utvida lønnskartlegging

Sett under eitt er gjennomsnittleg lønn for kvinner i Statens pensjonskasse lågare enn for menn, og utgjorde 93,6 pst. av menns lønn i 2025, ein auke på 0,5 prosentpoeng frå 2024. Menn tener jamt over noko meir enn kvinner i alle stillingsgruppene.

Verksemda analyserer lønnsforholda jamleg. Lønnsforskjellane mellom kvinner og menn innanfor kvar stillingskategori er relativt små og har halde seg stabile. Under lønnsforhandlingane har verksemda fokus på ikkje å diskriminere medarbeidarar i permisjon eller deltidsstillingar. Verksemda vurderer det slik at utfordringar og barrierar knytte til likestilling er små.

Statens pensjonskasse har liten eller ingen grad av ufrivillig deltid. Statens pensjonskasse har god praksis for at medarbeidarar som har behov for midlertidig eller fast reduksjon av stillinga si får det.

Inkludering og mangfald

I 2018 utarbeidde verksemda nye retningslinjer for å hindre diskriminering, trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald, med eit tilhøyrande varslingssystem. Omsynet til likestilling og ikkje-diskriminering er også inkludert i personalpolitikken og i iverksette tiltak.

Verksemda har eigne tilrettelagde rom som blir brukt til bønn og kvile. Toalett- og garderobeløysingar er godt tilrettelagd for kvinner, tilsette med nedsett funksjonsevne og transpersonar.

Statens pensjonskasse har tidlegare sett på korleis dei skal jobbe meir fleksibelt og vidareutvikle hybride arbeidsformer. Det er stadfesta at Statens pensjonskasse skal vere ein moderne arbeidsplass, der tillit er grunnsteinen i kulturen. Verksemda har jobba særskild med tilrettelegging for å gjere det lettare å kombinere arbeid med familieliv.

Statens pensjonskasse kommuniserer aktivt i utlysingar at dei har ei kontorløysing med universell utforming, og dei bruker ein tekst om mangfald i alle utlysingar. I tillegg er det gjennomført informasjonstiltak om inkludering retta mot leiarane. I 2024 rekrutterte verksemda ein trainee gjennom statens traineeprogram for personar med høgare utdanning og nedsett funksjonsevne og/eller hol i CV-en, med oppstart i 2025.

Det er få søkarar i nokre kategoriar til dei utlyste stillingane i verksemda. Utover dette er det ikkje avdekt nokon utfordringar med likestillingsarbeidet.

I 2025 var det legemelde sjukefråværet 3 pst., ein nedgang på 1,2 prosentpoeng frå 2024.

Arbeidstilsynet

Arbeidstilsynet har 744 tilsette, og ein kvinneandel på 60 pst. Andelen menn og kvinner har vore relativt stabil dei siste åra. Blant toppleiarane er delen kvinner 60 pst., blant mellomleiarane er kvinnedelen 63 pst. og blant saksbehandlarane er kvinnedelen 67 pst. Arbeidstilsynet har ein god kjønnsbalanse i stillingar som kan samanliknast. Verksemda tar regelmessig ut statistikk for å følge utviklinga i kvar enkelt eining i etaten.

Sett under eitt er den gjennomsnittlege lønna til kvinner i Arbeidstilsynet noko lågare enn for menn og utgjer 98 pst. av menns lønn. Blant toppleiarane er gjennomsnittleg lønn for kvinner 100,7 pst. av menns lønn, blant mellomleiarane 99,3 pst. og blant saksbehandlarane 96,8 pst. Lønnspolitikken til Arbeidstilsynet sikrar kjønnsnøytrale kriterium for å fastsette lønn. Innanfor kvar stillingskategori er det tilnærma lik lønn mellom kvinner og menn.

Arbeidstilsynet har valt å vidareføre ordninga med heimekontor inntil to dagar i veka som eit tiltak for å auke fleksibiliteten for dei tilsette. Meir fleksibilitet kan legge betre til rette for å kombinere arbeid og familieliv. Dei fleste tilsette i Arbeidstilsynet har i dag valt å inngå ein tilleggsavtale om frivillig heimekontor.

Utvida lønnskartlegging

Arbeidstilsynet rapporterte på ufrivillig deltid og kartlegging av likt arbeid av lik verdi i 2022 og 2024, og neste rapportering på desse områda vil vere i 2026. Dette arbeidet vil bli gjort saman med dei tillitsvalde, og det skal utarbeidast eit fullstendig lønnsbilete for 2024.

Mange tilsette har same stillingskode, men ulike arbeidsoppgåver og fagleg bakgrunn. Stillingskoder alene gir derfor ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å kartlegge likt arbeid og arbeid av lik verdi. Arbeidstilsynet har saman med dei tillitsvalde vald å sjå på lønn og kjønn internt i avdelingar og seksjonar, og tatt utgangspunkt i at tilsette i same seksjon har like arbeidsoppgåver og kan samanliknast. Gjennom statistikken blei det identifisert avdelingar og seksjonar kor kvinner i snitt tente mindre enn menn. Dette har no vore praksis i nokre år.

Det er få tilsette i Arbeidstilsynet som jobbar deltid, men dei som jobbar deltid gjer det etter eige ønske.

Inkludering og mangfald

Arbeidstilsynet vil arbeide meir systematisk med aktivitetsplikta i 2026, og gjennomføre ein systematisk gjennomgang av personalområda med omsyn til likestilling og ikkje-diskriminering.

Det er ein samanheng mellom likestilling, ikkje-diskriminering og mangfald opp mot enkelte av FN sine berekraftsmål. I 2024 blei det lagt særleg vekt på berekraftsmål 5 om likestilling mellom kjønna og i 2025 er satsinga vidareført med særleg vekt på sosial berekraft. Mangfald og inkludering er òg tema på leiarsamlinga i 2026.

På nokre område er det jobba godt med tiltak og planar for å fremme likestilling og hindre diskriminering og trakassering. Eit av tiltaka har vore å utarbeide ei rutine for mangfaldsmarkeringar. Nokre viktige markeringar som er framheva på etatsnivå er den internasjonale kvinnedagen, Pride, FN-dagen, FN-dagen for menneske med funksjonshemming og Verdsdagen for psykisk helse.

I rekrutteringsprosessane blir det lagt stor vekt på likebehandling og inkludering av grupper som kan ha vanskeleg for å få innpass i arbeidslivet. Når det gjeld rekruttering av personar med nedsett funksjonsevne og/eller hol i CV-en, opplever Arbeidstilsynet at dette er ei vanskeleg gruppe å nå gjennom ordinære rekrutteringsprosessar. I 2024 reforhandla verksemda personalreglementet med dei tillitsvalde og opna opp for administrative tilsettingar inntil eitt år for personar i målgruppa. Dette kan vere ein av fleira løysingar for å nå målsettinga om å auke mangfaldet i Arbeidstilsynet.

Arbeidstilsynet har gode erfaringar med traineeprogrammet i staten, og rekrutterte to nye traineear i 2025.

I 2025 var det gjennomsnittlege legemelde sjukefråværet 4,5 pst., ein nedgang på 1,1 prosentpoeng frå 2024.

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet har 280 tilsette, og ein kvinnedel på 67,9 pst. Blant toppleiarane er delen kvinner 75 pst. og 46,7 pst. blant mellomleiarane. I kategorien alternativ karriereveg er kvinnedelen 55,6 pst. og blant saksbehandlarane er 70,2 pst. kvinner.

Utvida lønnskartlegging

Blant toppleiarane tener kvinner i snitt 100,6 pst. av menns lønn, blant mellomleiarane 101 pst. og

97 pst. blant saksbehandlarane. I kategorien alternativ karriereveg tener kvinner i snitt 92,5 pst. av menns lønn.

Sjølv om det er relativt små forskjellar i lønna mellom kjønna innanfor dei fleste stillingsgruppene, resulterer kjønnsfordelinga i direktoratet til at kvinner totalt sett tener 94,6 pst. av den gjennomsnittlege lønna til menn. Integrerings- og mangfaldsdirektoratet er merksame på likelønn mellom kjønna ved lokale lønnsforhandlingar og ved lønnsfastsetting i rekrutteringsprosessar.

Det er ikkje registrert ufrivillig deltid i verksemda i 2025.

Inkludering og mangfald

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet har som visjon å fremme like moglegheiter, rettar og plikter i eit mangfaldig samfunn. Arbeid for likestilling og mot diskriminering ligg i kjernen av samfunnsoppdraget og er ein integrert del av verksemda til direktoratet.

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet har som mål å ha ei samansetning av medarbeidarar som speglar befolkninga med omsyn til etnisk bakgrunn, kjønn, alder, funksjonsevne og seksuell orientering. IMDi har som mål at 5 pst. av dei nytilsette skal vere personar med hol i CV-en eller nedsett funksjonsevne. Som eit tiltak for å nå dette målet inngjekk verksemda eit samarbeid med Nav om inkluderande rekruttering. Verksemda har ikkje nådd målet om at 5 pst. av dei nytilsette skal vere frå målgruppa i 2024 eller i 2025. Arbeidet held fram i 2026. Direktoratet er merksame på denne målsettinga ved rekruttering, i individuell oppfølging og i ein livsfaseorientert personalpolitikk med fleksible og individuelt tilpassa løysingar.

I 2023 utarbeidde direktoratet ein mangfaldspolicy for internt bruk, som skal bidra til at verksemda jobbar strategisk for at mangfald skal gi meirverdi.

Verksemda har som mål at minimum 30 pst. av dei tilsette har innvandrarbakgrunn på alle nivå i organisasjonen. I rekrutteringsprosessane skal det viast særskild merksemd mot kva krav til kvalifikasjonar og personlege eigenskapar som blir stilte, for ikkje å ekskludere søkarar. Alle utlysingar inneheld oppfordring til personar i målgruppene om å søke på ledige stillingar.

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet har ein betydeleg andel tilsette med innvandrarbakgrunn, totalt 31,5 pst. Dette er ein høg andel samanlikna med staten sett under eitt. Av dei tilsette med innvandrarbakgrunn er 74 pst. frå landgruppe 2.

I 2025 var det legemelde sjukefråværet 7,3 pst., ein auke på 1,9 prosentpoeng frå 2024.

11 Samfunnstryggleik

Arbeids- og inkluderingsdepartementet sitt overordna ansvar for samfunnstryggleik og beredskap omfattar:

- Å ivareta pensjonar og ytingar frå folketrygda, offentleg tenestepensjon, yrkesskade med meir, ved kriser eller katastrofar i fredstid og krig.
- Arbeidsmiljø og tryggleik i arbeidslivet på land (ansvaret for storulykker ligg hos Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB)).
- Å medverke til å dekke samfunnet sitt behov for arbeidskraft ved kriser i fredstid og krig.
- Eit særleg ansvar for introduksjonsordninga for nykomne vaksne innvandrarar og busetting av flyktningar.
- Ansvar for saker som gjeld statsborgarlova, av betydning for samfunnstryggleiken.

Krav til arbeidet går fram av *instruks for departementa sitt arbeid med samfunnssikkerheit (samfunnssikkerheitsinstruksen)* av 1. september 2017. Instruksen legg til grunn at departementa på sine fagområde skal arbeide systematisk med beredskap, og mål for Arbeids- og inkluderingsdepartementets arbeid på området er utvikla i tråd med krava i *samfunnssikkerheitsinstruksen*.

Departementet har som mål å førebygge uønskte krisehendingar innanfor vårt sektoransvar, og å styrke samordninga i sektoren og med andre departement. Eit godt samarbeid på tvers av sektoren og med andre styresmakter, forvaltningsnivå og aktørar er ein føresetnad, både i det førebuande arbeidet og ved krisehandtering. Arbeids- og inkluderingsdepartementet har òg som mål å kunne handtere og redusere konsekvensane av alle typar krisehendingar i eigen sektor, samt å medverke til at kriser i andre sektorar og samfunnsviktige funksjonar blir handterte på ein god måte. Ein viktig del av dette er å ha evne til god kontinuitetsplanlegging og å kunne lære av øvingar og tidlegare hendingar.

Underliggande verksemder har eit sjølvstendig ansvar for tryggleiken innanfor sine ansvarsområde, og for at samfunnstryggleik er ein integrert del av arbeidet i sektoren. Departementet har stilt instruksfesta krav til verksemdene sitt arbeid på dette området og samfunnstryggleik er en viktig del av styringsdialogen. Instruksane er samordna med krav, oppgåver og prioriteringar i *samfunnssikkerheitsinstruksen* og *Nasjonal strategi for digital tryggleik* frå 2019. Arbeid i verksemdene som òg gjeld samfunnstryggleik, er nærare omtalt under dei ulike programkategoriane i del II.

Totalforsvarsåret

Dei siste åra har vore prega av ein alvorleg global tryggleikssituasjon. I *den nasjonale tryggleiksstrategien* frå mai 2025 peiker regjeringa på strategiske hovudprioriteringar i møte med dei tryggingspolitiske utfordringane. Hovudprioriteringane i strategien handlar om raskt å styrke forsvarsevna, gjere samfunnet meir motstandsdyktig og styrke den økonomiske tryggleiken i Noreg. Meld. St. 9 (2024–2025) *Totalberedskapsmeldinga – førebudd på kriser og krig* har samanliknbare hovudmål. Måla i meldinga er å oppretthalde eit sivilt samfunn som er førebudd på kriser og krig, som står imot samansette truslar, og som støttar opp under militær innsats. Oppfølginga av *den nasjonale tryggleiksstrategien* og t*otalberedskapsmeldinga* må dermed sjåast i samanheng. Arbeids- og inkluderingsdepartementet har i 2026 hatt stor merksemd om dette, og dette arbeidet vil halde fram i 2027.

Eit viktig tiltak i totalberedskapsmeldinga er at 2026 skal vere eit totalforsvarsår. I løpet av året er det lagt opp til eit tettare samarbeid mellom det militære og det sivile samfunnet, med mål om å styrke evna i Noreg til å førebygge og handtere tryggingspolitiske kriser og krig. Gjennom året er det gjennomført ei rekke aktivitetar på tvers av sektorane. Arbeids- og inkluderingsdepartementet har deltatt i fleire av desse, og det er òg gitt føringar om dette i tildelingsbreva til dei største verksemdene i sektoren. I tillegg er det internt i sektoren gjennomført både konsekvensvurderingar knytt til ulike scenario, kompetansetiltak og andre aktivitetar som kan bidra til å styrke samarbeidet for å møte dagens trusselbilete.

Regjeringa og partane i arbeidslivet underteikna 26. mai 2026 ei samarbeidserklæring om å

styrke trepartssamarbeidet som ein sentral ressurs i den nasjonale beredskapen. Målet er at god dialog og samordning mellom regjeringa og partane i arbeidslivet skal bidra til å styrke samfunnet si motstandskraft og opprettholde tillit, sikre rask mobilisering av arbeidskraft og kompetanse, samt bidra til koordinert kommunikasjon og krisehandtering på tvers av sektorar. Avtalen skal sikre ei heilskapleg, fleksibel og tillitsbasert samordning i møte med omfattande kriser som rammar grunnleggjande samfunnsfunksjonar, i alt frå tryggingspolitisk krise og krig til naturkatastrofar, helsekriser og økonomiske sjokk.

Ein viktig del av totalforsvarsåret 2026 er øvingar. Arbeids- og inkluderingsdepartementet har saman med Arbeids- og velferdsdirektoratet, Integrerings- og mangfaldsdirektoratet, Arbeidstilsynet og Statens pensjonskasse deltatt i totalforsvarsøvinga TDX26. Gjennom øvinga er det gjennomført analysar og vurderingar, og det er utarbeidd tilrådingar om korleis aktuelle konsekvensar av eit tryggingspolitisk scenario ved kriser og krig skal handterast. Det er òg arbeidd med sektoren sine planar for ulike tryggingspolitiske scenario. Det førebuande utgreiingsarbeidet som vart gjort i forkant av sjølve øvinga, har vore ein like viktig del som erfaringane frå sjølve gjennomføringa. Evalueringa av øving TDX26 er i gang, og læringspunkta for sektoren vil bli følgde opp i 2027.

Sivil arbeidskraftberedskap

I ein væpna konflikt kan regjeringa få behov for å mobilisere og prioritere tilstrekkeleg med arbeidskraft for å støtte opp om forsvaret av landet, ivareta sivilsamfunnets grunnleggande funksjoner og verne om sivilbefolkninga. Mobilisering av sivil arbeidskraftberedskap kan i ein gitt situasjon òg få betydning for evna til å ta imot allierte forsterkingar frå NATO.

Endringar i *lov om sivil beskyttelse og beredskap (sivilbeskyttelseslova)* trådde i kraft 1. juli 2025. Det er teke inn ei rammeregulering av sivil arbeidskraftberedskap til bruk når riket er i krig, krig truar eller riket sitt sjølvstende er i fare. *Sivilbeskyttelseslova* sorterer under Justis- og beredskapsdepartementet sitt ansvarsområde, men Arbeids- og inkluderingsdepartementet har òg ansvar for å følge opp korleis vi kan førebu oss på bruk av sivil arbeidskraftberedskap i tryggingspolitisk krise og krig.

Det er etablert eit breitt samarbeid mellom sektorane for å følge opp lova. Det er gitt eit oppdrag til Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap i samarbeid med Arbeids- og velferdsdirektoratet, Forsvaret og Helsedirektoratet om å greie ut og foreslå moglege mekanismar for prioritering av sivil arbeidskraft til bruk når riket er i krig, krig truar eller riket sin tryggleik er i fare, og korleis bruk av sivil arbeidskraftberedskap bør førebuast i fredstid. Arbeidet vart fullført i september 2026. Utfordringar knytte til eventuell bruk av sivil arbeidskraftberedskap i ei tryggingspolitisk krise eller krig har elles vore belyst i samband med totalforsvarsøvinga TDX26. Med utgangspunkt i tilrådingane frå verksemdene og drøftingane under TDX26 vil Arbeids- og inkluderingsdepartementet fortsette arbeidet med å utarbeide forskrifter med heimel i *sivilbeskyttelseslova*.

Førebuande tryggingsarbeid

Arbeidet med å følge opp *lov om nasjonal sikkerheit (sikkerheitslova)* er eit viktig verkemiddel for å halde oversikt over og styrke beredskapen knytt til kritiske verdiar i sektoren. Det er krav i sikkerheitslova om å trygge nasjonale tryggingsinteresser og til å førebygge, avdekke og motverke tryggingstrugande verksemd. Alle departementa har ansvar for å gjennomføre og følge opp desse krava for å verne om dei nasjonale tryggingsinteressene til Noreg. Lova slår fast at alle departement skal identifisere grunnleggjande nasjonale funksjonar (GNF) innanfor sine ansvarsområde, avdekke verksemder som har avgjerande betydning for dei grunnleggjande nasjonale funksjonane slik at dei kan leggast under *sikkerheitslova*, og gjennomføre nødvendige sikringstiltak for skjermingsverdige verdiar.

Følgande grunnleggjande nasjonale funksjonar har blitt identifiserte i arbeids- og inkluderingsdepartementets sektor:

- *Departementet si verksemd, handlefridom og vedtaksførleik.* Denne funksjonen går på tvers av sektorar og omfattar departementet si rolle som fagleg sekretariat for politisk leiing, utøving av myndigheit og styring og oppfølging av underliggande verksemder.
- *Kritiske offentlege ytingar til befolkninga.* Fleire av dei største ytingane Arbeids- og velferdsetaten forvaltar, er avgjerande for livsopphaldet til mottakarane. Manglande utbetaling av slike ytingar kan på kort tid føre til uro og ustabilitet i befolkninga, noko som kan påverke nasjonale tryggingsinteresser. Funksjonen er knytt til evna til å utbetale slike ytingar.

Det er prioritert å vidareutvikle sektoren sitt arbeid med oppfølging av *sikkerheitslova* og ansvaret for grunnleggjande nasjonale funksjonar. Arbeids- og inkluderingsdepartementet har vur-

dert og meldt inn skjermingsverdige objekt og infrastrukturar til Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) i tråd med dei grunnleggjande nasjonale funksjonane i sektoren. Arbeidet med dette er ein kontinuerleg prosess, der det kan skje endringar i identifiserte funksjonar og skjermingsverdige verdiar, i vurderingane av kva verksemder som har vesentleg eller avgjerande betydning, og i vurderingane av kor avhengige verksemdene er av eksterne ressursar og andre verksemder. Kva som er nødvendig for å oppnå eit forsvarleg tryggingsnivå, kan òg endre seg over tid.

Informasjonstryggleik

Trusselsituasjonen på IKT- og digitaliseringsområdet i Noreg er vedvarande høg og alvorleg. Statlege aktørar, digital sårbarheit og lausepengevirus utgjer dei største farane. Situasjonen rammar ikkje berre verksemdene i sektoren. Den siste tida har vi sett fleire døme på at digitale fellesløysingar som sektoren er avhengig av for å fungere, har blitt råka av angrep, noko som òg har fått konsekvensar for sektoren til Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Nasjonal strategi for digital sikkerheit og den tilhøyrande handlingsplanen slår fast at fagdepartementa har eit overordna ansvar for å ta vare på tryggleiken i IKT-infrastrukturen i sin sektor. I tråd med krava i denne strategien er det etablert responsmiljø i sektoren for å handtere digitale angrep og andre uønskte digitale hendingar. Responsmiljøa arbeider kontinuerleg med informasjonsdeling og forbetringar på tvers av dei digitale infrastrukturane til deltakarane.

Departementet, saman med Arbeids- og velferdsdirektoratet, Integrerings- og mangfaldsdirektoratet, Arbeidstilsynet og Statens pensjonskasse, deltok hausten 2025 i øvinga Digital 2025. Evna til departementet, verksemdene og responsmiljøa til å handtere og koordinere komplekse digitale hendingar vart testa i samanheng med denne øvinga. Evna til å kommunisere og samarbeide om å handtere samfunnskonsekvensane av eit omfattande digitalt angrep vart òg testa. Ei evaluering av denne øvinga vart fullført tidleg i 2026, og sektoren er no i gang med å følge opp læringspunkta.

12 Standardiserte nøkkeltal for nettobudsjetterte verksemder – STAMI

Finansdepartementet har i samråd med aktuelle departement etablert nye prosedyrar for rapportering av kontantbehaldningane i nettobudsjetterte verksemder per 31. desember med verknad frå statsrekneskapen for 2010. Det blei i samanheng med budsjettproposisjonen for 2011 utarbeidd tre standardtabellar med nøkkeltal:

Utgifter og inntekter etter art: Formålet med tabellen er å vise brutto utgifter og inntekter i verksemda ut frå kontantprinsippet og med inndeling etter art ut frå dei same prinsippa som gjeld for dei bruttobudsjetterte verksemdene (i heile kroner)

Utgifter/inntekter	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rekneskap 2025	Budsjett 2026
1. Utgifter				
Driftsutgifter:				
Utgifter til lønn	115 692 930	124 702 871	138 058 773	126 983 117
Varer og tenester	56 354 788	61 912 077	64 773 167	63 242 860
Sum driftsutgifter	172 047 718	186 614 948	202 831 940	190 225 978
Investeringsutgifter:				
Investeringar, større anskaffingar og vedlikehald	8 712 383	14 314 242	16 333 169	9 828 800
Sum investeringsutgifter	8 712 383	14 314 242	16 333 169	9 828 800
Sum utgifter	180 760 101	200 929 190	219 165 109	200 054 778
2. Inntekter				
Driftsinntekter:				
Inntekter frå sal av varer og tenester	7 767 915	5 589 282	6 311 466	5 176 100
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	0	0	0	0
Andre driftsinntekter	0	0	0	0
Sum driftsinntekter	7 767 915	5 589 282	6 311 466	5 176 100

Utgifter/inntekter	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rekneskap 2025	Budsjett 2026
Investeringsinntekter				
Salg av varige driftsmidler	0	0	0	0
Sum investeringsinntekter	0	0	0	0
Overføringar til verksemda:				
Inntekter frå statlege løyvingar	168 440 000	174 350 000	182 440 000	186 521 000
Andre innbetalingar	21 589 906	9 717 605	14 644 242	0
Sum overføringsinntekter	190 029 906	184 067 605	197 084 242	186 521 000
Sum inntekter	197 797 821	189 656 887	203 395 709	191 697 100
3. Nettoendring i kontantbehaldninga (2–1)	17 037 720	-11 272 303	-15 769 400	-8 357 678

Inntekter etter inntektskjelde: Dei fleste nettobudsjetterte verksemdene har fleire inntektskjelder, og formålet med tabell 2 er å gi ei oversikt over dei ulike inntektskjeldene (i heile kroner)

Inntektskjelde	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rekneskap 2025	Budsjett 2026
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget:				
Løyvingar frå fagdepartementet	168 440 000	175 250 000	182 440 000	186 521 000
Løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	2 147 250	1 017 263	3 629 450	5 788 232
Løyving frå Forskingsrådet	6 598 816	4 353 091	3 767 156	5 091 954
Sum løyvingar	177 186 066	180 620 354	189 836 606	197 401 186
Offentlege og private bidrag:				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	499 340	586 454	612 908	146 000
Bidrag frå private	3 046 225	1 026 403	3 997 491	5 022 683
Løyvingar frå internasjonale organisasjonar	9 298 276	1 834 394	2 637 238	7 463 502
Sum bidrag	12 843 840	3 447 251	7 247 636	12 632 185

Inntektskjelde	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rekneskap 2025	Budsjett 2026
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget:				
Oppdragsinntekter:				
Oppdrag frå statlege verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå private	0	0	0	0
Andre inntekter (kursinntekter, laboratorieinntekter)	7 767 915	5 589 282	6 311 466	6 676 100
Sum oppdragsinntekter	7 767 915	5 589 282	6 311 466	6 676 100
Sum inntekter	197 797 821	189 656 887	203 395 709	216 709 471

Andre inntekter enn basisløyvinga er i hovudsak forskingsbidrag. Inntektskjeldene er i all hovudsak offentlege midlar frå andre finansieringskjelder, hovudsakleg Forskingsrådet og andre forskingsfond.

Kontantbehaldninga i verksemda per 31. desember i perioden 2021–2023 med spesifikasjon av formålet kontantbehaldninga skal nyttast til (i heile kroner)

Balanse 31. desember	2023	2024	2025	Endring 2024–2025
Kontantbehaldning:				
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	169 831 000	158 558 000	142 789 000	-15 769 000
Behaldning på andre bankkontoar, andre kontantbehaldningar og kontantekvivalentar	0	0	0	0
Andre kontantbehaldningar	0	0	0	0
Sum kontantbehaldning	169 831 000	158 558 000	142 789 000	-15 769 000
Avsetningar til dekning av kostnader med forfall i neste budsjettår:				
Feriepengar mv.	10 858 000	10 869 000	11 859 000	990 000
Skattetrekk og offentlege avgifter	10 400 000	10 301 000	11 175 000	874 000
Gjeld til leverandørar	8 623 000	12 764 000	13 483 000	719 000
Gjeld til oppdragsgivarar	0	0	0	0
Anna gjeld med forfall i neste budsjettår	-1 722 000	-6 193 000	-8 579 000	-2 386 000
Sum til dekning av kostnader med forfall i neste budsjettår	27 886 000	27 741 000	27 938 000	197 000

Balanse 31. desember	2023	2024	2025	Endring 2024–2025
Avsetningar til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekte i framtidige budsjettår:				
Prosjekt finansierte av Forskingsrådet mv.	22 495 000	9 827 000	2 591 000	-7 236 000
Større starta, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartement	4 044 000	4 044 000	3 571 000	-473 000
Konkrete oppstarta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå fagdepartement	107 133 000	108 946 000	100 689 000	-8 257 000
Andre avsetningar til vedtatte, ikkje igangsette formål	0	0	0	0
Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår	133 672 000	122 817 000	106 851 000	-15 966 000
Andre avsetningar:				
Avsetningar til andre formål /ikkje spesifiserte formål	8 000 000	8 000 000	8 000 000	0
Fri verksemdskapital	0	0	0	0
Sum andre avsetningar	8 000 000	8 000 000	8 000 000	0
Langsiktige forpliktingar (netto):				
Langsiktige forpliktingar knytte til anleggsmiddel	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	0	0
Sum langsiktig gjeld	0	0	0	0
Sum netto gjeld og forpliktingar	169 831 000	158 558 000	142 789 000	-15 769 000

Utanom avsetningar til arbeidsgivaravgift, feriepengar og pensjonsinnskot frå arbeidsgivaren inneheld kontantbehaldninga konkrete utgiftsforpliktingar i form av forskotsinnbetalte forskingsbidrag i dei enkelte prosjekta. Kontantbehaldninga inneheld også delar av tidlegare års løyving som i framtidige år vil gå med til å skaffe vitskapleg utstyr i tillegg til dekning av periodevise høgare kostnader.

13 Nye internasjonale standardar frå ILO

På ILO si generalforsamling som blei held i Genève i juni 2026 blei følgande konvensjon vedteke. Sjå omtale under del II, programkategori 09.40.

Konvensjon om anstendig arbeid i plattformøkonomien

Generalkonferansen til Den internasjonale arbeidsorganisasjonen,

som er blitt kalla saman i Genève av styret i Det internasjonale arbeidsbyrået og har møtt til sin 114. sesjon den 1. juni 2026,

som anerkjenner at særtrekka og veksten til plattformøkonomien, særleg digitale arbeidsplattformer, fører med seg store endringar i arbeidslivet,

som merkar seg at plattformøkonomien har skapt moglegheiter for bedrifts- og næringsutvikling, opna for nye måtar å formalisere arbeid på og gjeve arbeids- og inntektsmoglegheiter,

som anerkjenner at det finst manglar i plattformøkonomien når det gjeld anstendig arbeid,

som merkar seg at når digitale arbeidsplattformer opererer på tvers av landegrenser, kan kundane, arbeidarane og plattformene vere i ulike land,

som understrekar at arbeid via digitale arbeidsplattformer har visse særtrekk som gjer det ønskjeleg å vedta særlege standardar som, saman med andre internasjonale arbeidsstandardar, vil bidra til å realisere anstendig arbeid i plattformøkonomien fullt ut,

som erkjenner rollene til digitale arbeidsplattformer, mikrobedrifter og små og mellomstore bedrifter og behovet for å fremme berekraftige bedrifter og rettvis konkurranse mellom bedrifter,

som anerkjenner skilnadene mellom medlemsstatane når det gjeld utviklinga av plattformøkonomien, så vel som mangfaldet av forretningsmodellar og arbeidsordningar,

som har bestemt seg for å vedta visse forslag knytte til anstendig arbeid i plattformøkonomien, som er det femte punktet på dagsordenen til sesjonen, og fastsett at desse forslaga skal vere i form av ein internasjonal konvensjon,

vedtek den 12. juni 2026 denne konvensjonen, som kan visast til som konvensjonen om anstendig arbeid i plattformøkonomien av 2026:

I. Definisjonar

Artikkel 1

I denne konvensjonen tyder

a. «digital arbeidsplattform» ein juridisk person eller, når det følgjer av nasjonal lovgjeving, ein fysisk person som, ved hjelp av digital teknologi og bruk av automatiserte avgjerdssystem,
   i. organiserer og/eller legg til rette for arbeid utført av personar mot vederlag eller betaling, for å yte tenester på førespurnad frå parten som mottek eller ber om tenestene,
   ii. utan omsyn til om arbeidet blir utført via internett eller på ein spesifikk geografisk stad,
b. «digital plattformarbeidar» ein person som er tilsett eller har fått oppdrag for å arbeide
   i. med tenesteyting som er organisert og/eller tilrettelagt via ei digital arbeidsplattform,
   ii. mot vederlag eller betaling,
   iii. utan omsyn til korleis tilsetjingsstatusen til vedkommande er klassifisert,
c. «formidlar» ein juridisk person eller, når det følgjer av nasjonal lovgjeving, ein fysisk person som gjer ein digital plattformarbeidar sitt arbeid tilgjengeleg
   i. gjennom kontraktsforhold med den digitale arbeidsplattforma og den digitale plattformarbeidaren, eller
   ii. som del av ei underleverandørkjede mellom den digitale arbeidsplattforma og den digitale plattformarbeidaren,
d. «vederlag» eller «betaling» beløpet som ein digital plattformarbeidar har krav på etter nasjonale lover og forskrifter, tariffavtaler eller kontraktsforpliktingar, alt etter klassifiseringa av plattformarbeidaren sin tilsetjingsstatus, i byte for utført arbeid. Vederlag inkluderer ikkje eventuell kompensasjon for utgifter eller andre kostnader som digitale plattformarbeidarar har hatt i samband med utføringa av arbeidet.

II. Verkeområde

Artikkel 2

1. Denne konvensjonen gjeld for
   a. alle digitale arbeidsplattformer,
   b. alle digitale plattformarbeidarar, med mindre anna er oppgjeve i denne konvensjonen, utan omsyn til om dei arbeider i den formelle eller den uformelle økonomien.
2. I tilfelle der det oppstår særlege vesentlege problem, kan kvar medlemsstat, etter samråd med representative arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonar og, der slike finst, med organisasjonar som representerer digitale arbeidsplattformer og digitale plattformarbeidarar, heilt eller delvis utelukke frå bruksområdet til konvensjonen
   a. avgrensa kategoriar av digitale arbeidsplattformer eller
   b. avgrensa kategoriar av digitale plattformarbeidarar.
3. I tilfelle av utelukking etter nr. 2 i denne artikkelen, og der det er praktisk mogleg, skal medlemsstaten setje inn tiltak for å gradvis utvide bruksområdet til konvensjonen slik at han blir gjeldande for dei aktuelle kategoriane av digitale arbeidsplattformer og digitale plattformarbeidarar.
4. Kvar medlemsstat som nyttar seg av høvet til å utelukke kategoriar etter nr. 2 i denne artikkelen, skal, i sin første rapport om bruken av konvensjonen i samsvar med artikkel 22 i konstitusjonen for Den internasjonale arbeidsorganisasjonen,
   a. oppgje dei avgrensa kategoriane av digitale arbeidsplattformer eller digitale plattformarbeidarar som er utelukka etter nr. 2 i denne artikkelen,
   b. oppgje årsakene for utelukkinga og korleis lovgjevinga og praksisen til medlemsstaten stiller seg til kategoriane som er utelukka, og skildre dei respektive standpunkta til organisasjonane som er nemnde i nr. 2 i denne artikkelen.
5. I seinare rapportar om bruken av konvensjonen etter artikkel 22 i konstitusjonen skal medlemsstaten presisere eventuelle tiltak som er sette inn med sikte på å utvide bruksområdet til konvensjonen slik at han blir gjeldande for dei aktuelle kategoriane av digitale arbeidsplattformer og digitale plattformarbeidarar.

III. Grunnleggjande prinsipp og rettar i arbeidslivet

Artikkel 3

Kvar medlemsstat skal treffe tiltak for å respektere, fremje og realisere dei grunnleggjande prinsippa og rettane i arbeidslivet i plattformøkonomien, nemleg

a. foreiningsfridom og effektiv anerkjenning av forhandlingsretten,
b. avskaffing av alle former for tvangsarbeid,
c. effektiv avskaffing av barnearbeid,
d. avskaffing av diskriminering i sysselsetjing og yrke,
e. eit trygt og sunt arbeidsmiljø.

IV. Sikkerheit og helse i arbeidslivet

Artikkel 4

1. Kvar medlemsstat skal treffe passande tiltak for å førebyggje arbeidsulukker, yrkessjukdomar og andre helseskadar hos digitale plattformarbeidarar som er forårsaka av, knytte til eller oppstår i samband med arbeidet.
2. Når medlemsstatane treff tiltak etter nr. 1 i denne artikkelen, skal dei presisere dei respektive funksjonane og ansvarsområda til dei offentlege styresmaktene, dei digitale arbeidsplattformene, dei digitale plattformarbeidarane og andre aktuelle aktørar, og ta omsyn til
   a. den komplementære karakteren til ansvarsområda,
   b. nasjonale tilhøve og praksis og klassifiseringa av digitale plattformarbeidarar sin tilsetjingsstatus,
   c. behovet for å vurdere yrkesrisikoar og setje inn passande førebyggande tiltak og vernetiltak.

Artikkel 5

Kvar medlemsstat skal treffe passande tiltak for å sikre at digitale plattformarbeidarar har rett til å fjerne seg frå ein arbeidssituasjon som dei har rimeleg grunn til å tru at inneber overhengande og alvorleg fare for livet eller helsa deira, utan å bli utsett for urimelege konsekvensar, og at dei snarast råd skal informere den digitale arbeidsplattforma.

V. Vald og trakassering

Artikkel 6

Kvar medlemsstat skal treffe passande tiltak for å effektivt verne alle digitale plattformarbeidarar mot vald og trakassering i arbeidslivet, inkludert

vald og trakassering utøvd via internett eller av tredjepartar som til dømes kundar.

VI. Fremjing av anstendig arbeid

Artikkel 7

Kvar medlemsstat skal, i sin nasjonale politikk og i samsvar med nasjonale forhold, treffe tiltak for å fremje høve til anstendig arbeid og oppmuntre til karriere- og kompetanseutvikling i plattformøkonomien.

Artikkel 8

Kvar medlemsstat skal treffe passande tiltak for å leggje til rette for formalisering av arbeid via digitale arbeidsplattformer, inkludert registrering av arbeidarar som er sjølvstendig næringsdrivande.

VII. Klassifisering av digitale plattformarbeidarar sin tilsetjingsstatus

Artikkel 9

Kvar medlemsstat skal treffe passande tiltak for å sikre korrekt klassifisering av digitale plattformarbeidarar med omsyn til om dei har eit tilsetjingsforhold eller ikkje, hovudsakleg på grunnlag av fakta som gjeld mellom anna utføring av arbeid og vederlaget eller betalinga den digitale plattformarbeidaren får, og på ein måte som tek omsyn til særtrekka til arbeid via digitale arbeidsplattformer.

VIII. Vederlag eller betaling

Artikkel 10

1. Kvar medlemsstat skal treffe tiltak for å sikre at vederlaget eller betalinga som digitale plattformarbeidarar har krav på etter nasjonale lover og forskrifter, tariffavtaler eller kontraktsforpliktingar, blir betalt til rett tid og fullt ut, fråtrekt dei lovlege trekk og frådrag som nasjonale lover og forskrifter eller tariffavtaler tillèt, og med lovlege betalingsmiddel, inkludert elektronisk pengeoverføring der nasjonale lover og forskrifter tillèt det.
2. Kvar medlemsstat skal òg treffe tiltak for å sikre at digitale plattformarbeidarar i eit tilsetjingsforhold
   a. får i vederlag eit beløp som, eksklusive eventuelle tips eller tilsvarande, ikkje i noko fall skal vere lågare enn ei eventuell gjeldande lovpålagd eller framforhandla minsteløn,
   b. får kompensasjon for utgifter eller andre kostnader dei har i samband med utføringa av arbeidet i samsvar med nasjonal lovgjeving og praksis.
3. Kvar medlemsstat skal vurdere om tiltaka som er vedtekne, særleg tiltaka i nr. 2 bokstav a i denne artikkelen, også skal gjelde for digitale plattformarbeidarar som ikkje er i eit tilsetjingsforhold.

Artikkel 11

Kvar medlemsstat skal treffe passande tiltak for å setje krav om at digitale arbeidsplattformer til rett tid skal gje digitale plattformarbeidarar nøyaktig og lettfatteleg informasjon om vederlaget eller betalinga deira og eventuelle frådrag.

IX. Trygd

Artikkel 12

Kvar medlemsstat skal treffe tiltak for å sikre at digitale plattformarbeidarar har tilgang til trygdeordningar på vilkår som ikkje er dårlegare enn dei som gjeld for andre arbeidarar med same klassifisering av tilsetjingsstatus.

X. Verknader av bruk av automatiserte system

Artikkel 13

Kvar medlemsstat skal setje krav om at digitale arbeidsplattformer skal informere digitale plattformarbeidarar, før dei blir tilsette eller får oppdrag, og deira representantar eller representative arbeidstakarorganisasjonar og, der slike finst, organisasjonar som representerer digitale plattformarbeidarar, om
a. bruken av automatiserte system baserte på algoritmar eller liknande metodar til overvaking eller evaluering av arbeid, eller til å generere avgjerder om arbeid,
b. i kor stor grad bruken av slike automatiserte system påverkar digitale plattformarbeidarar sine arbeidstilhøve eller deira tilgang til arbeid.

Artikkel 14

Kvar medlemsstat skal treffe passande tiltak for å sikre at digitale arbeidsplattformer som definert i artikkel 1 bokstav a bruker automatiserte system på ein ansvarleg måte i samsvar med medlemsstatane sine forpliktingar om å respektere, fremje og realisere grunnleggjande prinsipp og rettar i arbeidslivet.

Artikkel 15

1. I tilfelle der avgjerder blir genererte av eit automatisert avgjerdssystem, skal kvar medlemsstat treffe passande tiltak for å setje krav om at digitale arbeidsplattformer skal sikre at digitale plattformarbeidarar, samstundes som ein tek omsyn til klassifiseringa av tilsetjingsstatus, på førespurnad og utan urimeleg opphald har tilgang til
   a. ei skriftleg grunngjeving for viktige avgjerder som påverkar arbeidsordningane deira og tilgangen til arbeid i negativ retning,
   b. dersom det er relevant, ei gjennomgang av avgjerder som resulterer i at beløp som digitale plattformarbeidarar har til gode, ikkje blir utbetalte, eller at kontoen deira blir suspendert eller deaktivert, eller at tilsetjinga eller oppdraget hos ei digital arbeidsplattform blir avslutta.
2. For å gi verknad til nr. 1, skal kvar medlemsstat sikre passande menneskeleg involvering hos dei digitale arbeidsplattformene.

XI. Vern av personopplysningane og privatlivet til digitale plattformarbeidarar

Artikkel 16

1. Kvar medlemsstat skal etablere effektive og passande garantiar for å verne digitale plattformarbeidarar sine personopplysningar og sikre at dei blir behandla for det legitime formålet dei blei innsamla for, og ikkje blir vidarebehandla på ein måte som strir mot rettane og vernetiltaka som denne konvensjonen fastset.
2. Kvar medlemsstat skal sikre at digitale plattformarbeidarar har rett til å be om innsyn i, og retting og sletting av, personopplysningar som blir behandla av digitale arbeidsplattformer, i samsvar med gjeldande lovgjeving om datalagring.

XII. Suspensjon eller deaktivering av konto og avslutting av tilsetjingsforhold eller oppdrag

Artikkel 17

Kvar medlemsstat skal treffe passande tiltak for å forby suspensjon eller deaktivering av digitale plattformarbeidarar sin konto eller avslutting av arbeidsforholdet eller oppdraget hos ei digital arbeidsplattform på grunnlag av diskriminerande eller andre ulovlege grunnar.

XIII. Vilkår for tilsetjing eller oppdrag

Artikkel 18

Kvar medlemsstat skal, i samsvar med nasjonal lovgjeving og praksis, treffe tiltak for å sikre at digitale plattformarbeidarar får verifiserbar og lettfatteleg informasjon til rett tid om vilkåra for tilsetjinga eller oppdraget.

Artikkel 19

Vilkåra for tilsetjing av eller oppdrag til digitale plattformarbeidarar skal fortrinnsvis vere underlagde lovene og forskriftene i det landet der arbeidet blir utført, med mindre anna er fastsett i nasjonale lover og forskrifter, internasjonale instrument eller multilaterale eller bilaterale avtaler, samtidig som ein tek omsyn til ordningar fastsette i kontraktar.

XIV. Vern av migrantar og flyktningar

Artikkel 20

Kvar medlemsstat skal treffe tiltak for å hindre misbruk og sikre tilstrekkeleg vern av migrantar og flyktningar i samband med rekruttering eller oppdraget og i deira arbeid som digitale plattformarbeidarar.

XV. Tvisteløysing og rettsmiddel

Artikkel 21

Kvar medlemsstat skal treffe tiltak for å sikre at digitale plattformarbeidarar og digitale arbeidsplattformer har lett tilgang til trygge, rettferdige og effektive tvisteløysingsmekanismar og passande og effektive rettsmiddel.

XVI. Etterleving og handheving

Artikkel 22

Kvar medlemsstat skal treffe tiltak for å sørgje for å ha mekanismar som sikrar at relevante nasjonale lover og forskrifter og tariffavtaler blir etterlevde og handheva.

XVII. Ikkje mindre gunstig behandling

Artikkel 23

Når konvensjonen blir gjennomført, skal kvar medlemsstat treffe tiltak for å sikre at digitale plattformarbeidarar får vern som ikkje er mindre gunstig enn for andre arbeidarar med same klassifisering av tilsetjingsstatus.

XVIII. Gjennomføring

Artikkel 24

1. Kvar medlemsstat skal gjennomføre føresegnene i konvensjonen i samråd med dei mest representative arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonane gjennom lover og forskrifter, tariffavtaler, rettsavgjerder, ein kombinasjon av desse midla, eller på anna vis som samsvarer med nasjonal praksis.
2. Kvar medlemsstat skal gjennomføre føresegnene i konvensjonen når det gjeld digitale arbeidsplattformer og formidlarar som driv verksemd, og digitale plattformarbeidar som arbeider, på medlemsstaten sitt territorium.
3. Der det er tillate å bruke formidlarar, skal medlemsstatane avgjere og fordele ansvaret for å sikre at føresegnene i konvensjonen blir etterlevde mellom digitale arbeidsplattformer og formidlarar.
4. Når dei gjennomfører konvensjonen, skal kvar medlemsstat setje i verk passande tiltak som vernar sensitiv forretningsinformasjon hos digitale arbeidsplattformer.

XIX. Normativt språk

Artikkel 25

I denne konvensjonen skal all bruk av den generiske hankjønnsforma tolkast som ikkje-eksklusiv og som at forma òg omfattar kvinner, med mindre noko anna går klart fram av samanhengen.

XX. Avsluttande føresegner

Artikkel 26

Dei formelle ratifikasjonane av denne konvensjonen skal meldast til generaldirektøren for Det internasjonale arbeidsbyrået for registrering.

Artikkel 27

1. Denne konvensjonen skal berre vere bindande for dei medlemsstatane i Den internasjonale arbeidsorganisasjonen som har fått registrert ratifikasjonen sin hos generaldirektøren for Det internasjonale arbeidsbyrået.
2. Konvensjonen skal tre i kraft tolv månader etter den datoen då ratifikasjonane frå to medlemsstatar er registrerte hos generaldirektøren.
3. Deretter skal denne konvensjonen tre i kraft for ein medlemsstat tolv månader etter den datoen då ratifikasjonen frå medlemsstaten er registrert.

Artikkel 28

1. Ein medlemsstat som har ratifisert denne konvensjonen, kan seie han opp etter utløpet av ein periode på ti år frå den datoen då konvensjonen først tredde i kraft, ved å sende eit skriftleg dokument til generaldirektøren for Det internasjonale arbeidsbyrået for registrering. Ei slik oppseiing skal ikkje få verknad før eitt år etter den datoen då ho er registrert.
2. Medlemsstatar som har ratifisert denne konvensjonen, og som ikkje nyttar seg av retten til å seie opp konvensjonen i samsvar med denne artikkelen innan det året som følgjer den tiårsperioden som er nemnd i førre nummer, skal vere bundne av konvensjonen i ein ny tiårsperiode og kan deretter seie opp konvensjonen innan det første året av kvar nye tiårsperiode, på dei vilkåra som er fastsette i denne artikkelen.

Artikkel 29

1. Generaldirektøren for Det internasjonale arbeidsbyrået skal underrette alle medlemsstatar i Den internasjonale arbeidsorganisasjonen kvar gong det blir registrert ratifikasjonar, erklæringar og oppseiingar som er melde inn av medlemsstatane i organisasjonen.
2. Når generaldirektøren underrettar medlemsstatane i organisasjonen om at den siste av ratifikasjonane som krevst for ikraftsetjing, er meld inn og registrert, skal generaldirektøren informere medlemsstatane i organisasjonen om datoen då konvensjonen trer i kraft.

Artikkel 30

Generaldirektøren for Det internasjonale arbeidsbyrået skal sende generalsekretæren for Dei sameinte nasjonane fullstendige opplysningar om alle ratifikasjonar, erklæringar og oppseiingar som er blitt registrerte i samsvar med føresegnene i dei føregåande artiklane, for registrering i samsvar med artikkel 102 i pakta til Dei sameinte nasjonane.

Artikkel 31

Styret i Det internasjonale arbeidsbyrået skal, når det finn det nødvendig, leggje fram for konferansen ein rapport om korleis denne konvensjonen har verka, og skal vurdere om det er ønskjeleg å setje spørsmålet om revisjon av konvensjonen opp på dagsordenen til konferansen.

Artikkel 32

1. Dersom konferansen vedtek ein ny konvensjon som inneber ein revisjon av denne konvensjonen, skal, med mindre den nye konvensjonen fastset noko anna,
   a. ein medlemsstat sin ratifikasjon av den nye reviderande konvensjonen ipso jure innebere ei direkte oppseiing av denne konvensjonen, utan omsyn til føresegnene i artikkel 28 ovanfor, dersom og når den nye reviderande konvensjonen har tredd i kraft,
   b. denne konvensjonen ikkje lenger vere open for ratifikasjon av medlemsstatane frå den datoen då den nye reviderande konvensjonen trer i kraft.
2. Denne konvensjonen skal i alle tilfelle halde fram med å gjelde i si noverande form og med sitt noverande innhald for dei medlemsstatane som har ratifisert han, men som ikkje har ratifisert den reviderande konvensjonen.

Artikkel 33

Den engelske, den franske og den spanske versjonen av teksten til denne konvensjonen har same gyldigheit.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2026–2027) om statsbudsjettet for år 2027 blir dei forslag til vedtak ført opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Arbeids- og inkluderingsdepartementet blir i Prop. 1 S (2026–2027) statsbudsjettet for budsjettåret 2027 dei forslag til vedtak som følger ført opp:

Kapitla 600–672, 2470, 2541–2542, 2620–2686, 3605–3672, 5470, 5701–5705

I

Utgifter:

Kap.	Post		Kroner	Kroner	Kroner
		Administrasjon			
600		Arbeids- og inkluderings-departementet			
	01	Driftsutgifter		321 179 000	321 179 000
601		Utgreiingsverksemd, forsking m.m.			
	21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast*		105 155 000	
	22	Kunnskapsutvikling i IA-avtalen m.m., *kan overførast*		37 902 000	
	70	Tilskot		69 695 000	
	71	Tilskot til bransjeprogram under IA-avtalen m.m., *kan overførast*		89 850 000	
	72	Tilskot til Kunnskapssenter for lengre arbeidsliv		22 998 000	
	73	Tilskot til trygderettsleg/EØS-rettsleg forsking og kompetanse-utvikling		6 273 000	
	74	Tilskot til Noregs forskingsråd, *kan overførast*		184 600 000	
	75	Tilskot til berekraftig sjukmelding, *kan overførast*		16 000 000	532 473 000
		Sum Administrasjon			853 652 000
		Administrasjon av arbeids- og velferdspolitikken			
604		Utviklingstiltak i arbeids- og velferdsforvaltninga			
	21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast, kan nyttast under post 45*		116 832 000	

Kap.	Post		Kroner	Kroner	Kroner
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, *kan overførast, kan nyttast under post 21*		366 350 000	483 182 000
605		Arbeids- og velferdsetaten			
	01	Driftsutgifter		16 000 916 000	
	22	Forskings- og utgreiingsaktivitetar, *kan overførast*		84 096 000	16 085 012 000
606		Trygderetten			
	01	Driftsutgifter		125 427 000	125 427 000
		Sum Administrasjon av arbeids- og velferdspolitikken			16 693 621 000
		Pensjonar m.m. under Statens pensjonskasse			
611		Pensjonar frå statskassa			
	01	Driftsutgifter, *overslagsløyving*		20 000 000	20 000 000
612		Tilskot til Statens pensjonskasse			
	01	Driftsutgifter, *overslagsløyving*		13 156 000 000	13 156 000 000
613		Arbeidsgivaravgift til folketrygda			
	01	Driftsutgifter, *overslagsløyving*		1 000 000	1 000 000
		Sum Pensjonar m.m. under Statens pensjonskasse			13 177 000 000
		Tiltak for betra levekår m.m.			
621		Tilskot til sosiale tenester og sosial inkludering			
	21	Spesielle driftsutgifter		115 426 000	
	63	Sosiale tenester og tiltak for vanskelegstilte, *kan overførast*		179 129 000	
	70	Frivillig arbeid, *kan overførast*		121 919 000	
	74	Tilskot til pensjonistorganisasjonar m.m.		17 716 000	434 190 000
		Sum Tiltak for betra levekår m.m.			434 190 000
		Arbeidsmarknad			
634		Arbeidsmarknadstiltak			
	01	Driftsutgifter		833 254 000	
	21	Forsøk med tilrettelagd vidaregåande opplæring, *kan overførast*		35 357 000	
	70	Forsøk med ungdomsprogramyting, *kan overførast*		225 043 000	
	75	Varig lønnstilskot, *kan overførast*		1 071 221 000	

Kap.	Post		Kroner	Kroner	Kroner
	76	Tiltak for arbeidssøkarar, *kan overførast*		8 010 638 000	
	77	Varig tilrettelagt arbeid, *kan overførast*		2 515 508 000	
	78	Tilskot til arbeids- og utdannings-reiser		143 396 000	
	79	Funksjonsassistanse i arbeidslivet, *kan overførast*		151 766 000	12 986 183 000
		Sum Arbeidsmarknad			12 986 183 000
		Arbeidsmiljø og sikkerheit			
640		Arbeidstilsynet			
	01	Driftsutgifter		982 100 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, regionale verneombod		20 531 000	1 002 631 000
643		Statens arbeidsmiljøinstitutt			
	50	Statstilskot		193 257 000	193 257 000
647		Kompensasjonsordning for oljepionerane			
	01	Driftsutgifter, *kan overførast*		11 717 000	
	70	Kompensasjonsutbetalingar til oljepionerane, *overslagsløyving*		52 887 000	64 604 000
648		Arbeidsretten, Riksmeklaren m.m.			
	01	Driftsutgifter		28 926 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast, kan nyttast under post 01*		634 000	
	70	Tilskot til fagleg utvikling		2 375 000	31 935 000
		Sum Arbeidsmiljø og sikkerheit			1 292 427 000
		Kontantytingar			
660		Krigspensjon			
	70	Tilskot, militære, *overslagsløyving*		12 000 000	
	71	Tilskot, sivile, *overslagsløyving*		49 000 000	61 000 000
664		Pensjonsordninga for arbeids-takarar til sjøs			
	70	Tilskot, *overslagsløyving*		15 400 000	15 400 000

Kap.	Post		Kroner	Kroner	Kroner
666		Avtalefesta pensjon (AFP)			
	70	Tilskot, *overslagsløyving*		5 060 000 000	5 060 000 000
667		Supplerande stønad			
	70	Tilskot til personar over 67 år med kort butid, *overslagsløyving*		475 000 000	
	71	Tilskot til uføre flyktningar med kort butid, *overslagsløyving*		480 000 000	955 000 000
		Sum Kontantytingar			6 091 400 000
		Integrering og mangfald			
670		Integrerings- og mangfalds-direktoratet			
	01	Driftsutgifter		389 817 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast*		33 026 000	422 843 000
671		Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarar			
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlike-hald, *kan overførast*		54 783 000	
	60	Integreringstilskot, *kan overførast*		13 712 012 000	
	61	Særskilt tilskot ved busetting av einslege mindreårige flyktningar, *overslagsløyving*		2 175 155 000	
	62	Kommunale integreringstiltak		426 492 000	
	70	Busettingsordninga og integreringstilskot, oppfølging		2 950 000	
	71	Tilskot til integreringsarbeid i regi av sivilsamfunn og frivillige organisasjonar		275 421 000	
	72	Kvalifiseringsordningar for tolkar		25 027 000	
	73	Tilskot		21 393 000	16 693 233 000
672		Opplæring i norsk og samfunns-kunnskap for vaksne innvandrarar			
	21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast*		91 421 000	
	22	Prøvar i norsk og samfunnskunn-skap for vaksne innvandrarar		52 077 000	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, *kan overførast*		10 712 000	

Kap.	Post		Kroner	Kroner	Kroner
	60	Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar		1 379 470 000	
	61	Kompetansekartlegging i mottak før busetting		616 000	1 534 296 000
		Sum Integrering og mangfald			18 650 372 000
		Statens forvaltningsbedrifter			
2470		Statens pensjonskasse			
	24	Driftsresultat			
		1 Driftsinntekter, *overslagsløyving*	-900 000 000		
		2 Driftsutgifter, *overslagsløyving*	692 000 000		
		3 Avskrivingar	135 000 000		
		4 Renter av statens kapital	3 000 000		
		5 Til investeringsformål	80 000 000		
		6 Til reguleringsfond	-30 000 000	-20 000 000	
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, *kan overførast*		165 037 000	145 037 000
		Sum Statens forvaltningsbedrifter			145 037 000
		Arbeidsliv			
2541		Dagpengar			
	70	Dagpengar, *overslagsløyving*		17 605 000 000	17 605 000 000
2542		Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.m.			
	70	Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.m., *overslagsløyving*		1 185 000 000	1 185 000 000
		Sum Arbeidsliv			18 790 000 000
		Sosiale formål			
2620		Stønad til einsleg mor eller far			
	70	Overgangsstønad, *overslagsløyving*		1 090 000 000	
	72	Stønad til barnetilsyn til einsleg mor eller far i arbeid, *overslagsløyving*		4 000 000	
	73	Tilleggsstønader og stønad til skolepengar, *overslagsløyving*		1 000 000	1 095 000 000
2650		Sjukepengar m.m.			
	70	Sjukepengar for arbeidstakarar m.m., *overslagsløyving*		69 722 000 000	
	71	Sjukepengar for sjølvstendige, *overslagsløyving*		2 010 000 000	

Kap.	Post		Kroner	Kroner	Kroner
	72	Pleie-, opplærings- og omsorgspengar m.m., *overslagsløyving*		4 750 000 000	
	75	Feriepengar av sjukepengar, *overslagsløyving*		4 070 000 000	
	76	Tilskot til ekspertbistand, *kan overførast*		51 200 000	80 603 200 000
2651		Arbeidsavklaringspengar m.m.			
	70	Arbeidsavklaringspengar, *overslagsløyving*		59 198 000 000	
	71	Tilleggsstønad, *overslagsløyving*		140 000 000	
	72	Legeerklæringar		491 900 000	59 829 900 000
2652		Eit enklare Nav – forsøk med aktivitetspengar for unge			
	70	Forsøk med aktivitetspengar for unge		284 000 000	284 000 000
2655		Uføretrygd m.m.			
	70	Uføretrygd, *overslagsløyving*		150 170 000 000	
	75	Meinerstatning ved yrkesskade, *overslagsløyving*		98 000 000	
	76	Yrkesskadetrygd gml. lovgiving, *overslagsløyving*		23 000 000	150 291 000 000
2661		Grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel m.m.			
	70	Grunnstønad, *overslagsløyving*		1 671 200 000	
	71	Hjelpestønad, *overslagsløyving*		3 028 000 000	
	72	Stønad til servicehund, *kan overførast*		9 044 000	
	73	Hjelpemiddel m.m. under arbeid og utdanning		173 000 000	
	74	Tilskot til bilar		1 259 600 000	
	75	Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel		5 616 700 000	
	76	Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel som tenester		530 000 000	
	77	Ortopediske hjelpemiddel		3 119 160 000	
	78	Høyreapparat		1 223 200 000	
	79	Aktivitetshjelpemiddel til personar over 26 år		82 405 000	16 712 309 000

Kap.	Post		Kroner	Kroner	Kroner
2670		Alderdom			
	70	Grunnpensjon, *overslagsløyving*		98 710 000 000	
	71	Tilleggspensjon, *overslagsløyving*		202 880 000 000	
	72	Inntektspensjon, *overslagsløyving*		63 030 000 000	
	73	Særtillegg, pensjonstillegg m.m., *overslagsløyving*		13 540 000 000	378 160 000 000
2680		Etterlatne			
	70	Omstillingsstønad m.m., *overslagsløyving*		1 060 000 000	
	71	Barnepensjon, *overslagsløyving*		1 850 000 000	
	74	Tilleggsstønader og stønad til skolepengar, *overslagsløyving*		200 000	
	75	Stønad til barnetilsyn til attlevande i arbeid, *overslagsløyving*		1 100 000	2 911 300 000
2686		Stønad ved gravferd			
	70	Stønad ved gravferd, *overslagsløyving*		423 000 000	423 000 000
		Sum Sosiale formål			690 309 709 000
		Sum departementets utgifter			779 423 591 000

Inntekter:

Kap.	Post		Kroner	Kroner
		Arbeids- og inkluderingsdepartementet		
3605		Arbeids- og velferdsetaten		
	01	Administrasjonsvederlag	7 115 000	
	04	Tolketenester	5 250 000	
	05	Oppdragsinntekter m.m.	23 146 000	35 511 000
3640		Arbeidstilsynet		
	04	Kjemikaliekontroll, gebyr	5 995 000	
	06	Refusjonar	4 192 000	
	07	Byggesaksbehandling, gebyr	27 586 000	
	08	Refusjon av utgifter til regionale verneombod	20 852 000	
	85	Tvangsmulkt	7 175 000	
	86	Gebyr for brot	59 950 000	125 750 000

Kap.	Post		Kroner	Kroner
3671		Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarar		
	04	Tilskot til integreringsprosjekt i asylmottak i regi av frivillige organisasjonar, ODA-godkjende utgifter	14 251 000	14 251 000
3672		Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar		
	01	Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter	50 759 000	50 759 000
		Sum Arbeids- og inkluderingsdepartementet		226 271 000
		Avskrivingar, avsettingar til investeringsformål og inntekter av statens forvaltningsbedrifter i samanheng med nybygg, anlegg m.m.		
5470		Statens pensjonskasse		
	30	Avsetting til investeringsformål	80 000 000	80 000 000
		Sum Avskrivingar, avsettingar til investeringsformål og inntekter av statens forvaltningsbedrifter i samanheng med nybygg, anlegg m.m.		80 000 000
		Folketrygda		
5701		Diverse inntekter		
	71	Refusjon ved yrkesskade	809 779 000	
	80	Renter	27 000 000	
	86	Innkrevjing av feilutbetalingar	1 467 200 000	
	87	Diverse inntekter	5 860 000	
	88	Hjelpemiddelsentralar m.m.	95 000 000	2 404 839 000
5704		Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs		
	70	Dividende	240 000 000	240 000 000
5705		Refusjon av dagpengar		
	70	Refusjon av dagpengar, statsgaranti ved konkurs	31 000 000	
	71	Refusjon av dagpengar for grensearbeidarar m.m. busette i Noreg	1 000 000	
	72	Innkrevjing av forskotterte dagpengar	8 000 000	40 000 000
		Sum Folketrygda		2 684 839 000
		Sum departementets inntekter		2 991 110 000

Fullmakter til å overskride gitte løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykker i at Arbeids- og inkluderingsdepartementet i 2027 kan:

overskride løyvinga under	mot tilsvarande meirinntekter under
kap. 605 post 01	kap. 3605 postane 01, 04 og 05
kap. 640 post 01	kap. 3640 postane 06 og 07
kap. 640 post 21	kap. 3640 post 08
kap. 670 post 01	kap. 3670 post 01

Meirinntekt som gir grunnlag for overskriding, skal også dekke meirverdiavgift knytt til overskridinga, og gjeld derfor også kap. 1633, post 01 for dei statlege forvaltningsorgana som inngår i nettoordninga for meirverdiavgift.

Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter blir tatt med i berekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år.

III

Omdisponeringsfullmakter

Stortinget samtykker i at Arbeids- og inkluderingsdepartementet i 2027 kan:

1. omdisponere inntil 10 pst. av løyvinga under kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak, post 01 Driftsutgifter til kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak, post 76 Tiltak for arbeidssøkarar.
2. omdisponere frå kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak, post 76 Tiltak for arbeidssøkarar til kap. 634, post 78 Tilskot til arbeids- og utdanningsreiser på inntil 10 pst. av løyvinga under kap. 634, post 78.
3. omdisponere frå kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak, post 76 Tiltak for arbeidssøkarar til kap. 634, post 79 Funksjonsassistanse i arbeidslivet på inntil 10 pst. av løyvinga under kap. 634, post 79.

IV

Fullmakt til overskriding

Stortinget samtykker i at Arbeids- og inkluderingsdepartementet i 2027 kan overskride løyvinga under kap. 2470 Statens pensjonskasse, post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, med inntil 50 mill. kroner mot dekning i reguleringsfondet.

V

Fullmakt til overskriding

Stortinget samtykker i at Arbeids- og inkluderingsdepartementet i 2027 kan overskride løyvingane under kap. 671 Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarar, post 60 Integreringstilskot, samt kap. 672 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar, post 60 Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar og post 61 Kompetansekartlegging i mottak før busetting, dersom innkomst- og busettingsnivået fører til at talet personar som utløyser tilskot på postane blir høgare enn føresett i budsjettet. Overskridinga på kvar post skal ikkje overstige 5 pst. av løyvinga under posten.

VI

Fullmakt til overskriding

Stortinget samtykker i at Arbeids- og inkluderingsdepartementet i 2027 kan overskride løyvinga under kap. 2651 Arbeidsavklaringspengar m.m., post 72 Legeerklæringar med inntil 5 pst.

VII

Fullmakt til overskriding

Stortinget samtykker i at Arbeids- og inkluderingsdepartementet i 2027 kan overskride løyvinga under kap. 2652 Eit enklare Nav – forsøk med aktivitetspengar for unge, post 70 Forsøk med aktivitetspengar for unge med inntil 5 pst.

VIII

Fullmakt til overskriding

Stortinget samtykker i at Arbeids- og inkluderingsdepartementet i 2027 kan overskride løyvingane under kap. 2661 Grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel m.m., post 73-78 dersom talet på mottakarar av hjelpemiddel blir høgare enn føresette i budsjettet. Summen av netto overskridingar på postane skal ikkje overstige 5 pst. av den samla løyvinga under postane.

IX

Utbetaling ved midlertidig likviditetsmangel

Stortinget samtykker i at Arbeids- og inkluderingsdepartementet i 2027 kan utgiftsføre utan løyving på kap. 665 Pensjonstrygda for fiskarar, post 70 Tilskot, for å dekke midlertidig likviditetsbehov eller eventuelt underskot i trygda.

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

X

Tilsagnsfullmakter

Stortinget samtykker i at Arbeids- og inkluderingsdepartementet i 2027 kan gi tilsegn om tilskot utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgande beløp:

Kap.	Post	Betegnelse	Samlet ramme
601		Utgreiingsverksemd, forsking m.m.	
	74	Tilskot til Noregs forskingsråd	640,3 mill. kroner
634		Arbeidsmarknadstiltak	
	76	Tiltak for arbeidssøkarar	3 124,5 mill. kroner
	77	Varig tilrettelagt arbeid	1 369,2 mill. kroner
	79	Funksjonsassistanse i arbeidslivet	98,1 mill. kroner

XI

Fullmakt til å pådra staten forpliktingar for investeringsprosjekt

Stortinget samtykker i at Arbeids- og inkluderingsdepartementet i 2027 under kap. 604 Utviklingstiltak i arbeids- og velferdsforvaltninga, post 21 Spesielle driftsutgifter og post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald kan starte opp Prosjekt 6 i IKT-moderniseringa i Arbeids- og velferdsetaten innanfor ei kostnadsramme på 1 439 mill. 2027-kroner. Fullmakta gjeld også forpliktingar som blir inngåtte i seinare budsjettår, innanfor kostnadsramma for prosjektet. Arbeids- og inkluderingsdepartementet blir gitt fullmakt til å prisjustere kostnadsramma i seinare år.

Andre fullmakter

XII

Fullmakt til postering mot mellomværet med statskassa

Stortinget samtykker i at Arbeids- og inkluderingsdepartementet i 2027 kan gi Arbeids- og velferdsetaten fullmakt til å:

1. postere utgifter som Arbeids- og velferdsetaten betaler på vegner av Statens pensjonskasse mot mellomværet konto 724220 Statens pensjonskasse. Konto 724220 blir utlikna ved at Statens pensjonskasse resultatfører og rapporterer dei utbetalte ytingane i sin rekneskap.
2. postere utgifter som Arbeids- og velferdsetaten betaler på vegner av ikkje-statlege aktørar knytt til AFP-ordninga og kommunal tilleggspensjon mot mellomværet med statskassa.

Andre vedtak

XIII

Oppheving av oppmodingsvedtak

Vedtak nr. 617, 6. mai 2025, nr. 619, 6. mai 2025, nr. 802, 27. mai 2025 og nr. 1200, 10. juni 2021 blir oppheva.

Folketrygda

Andre fullmakter

II

Stortinget samtykker i at med virkning frå 1. januar 2027 skal følgande ytingar i folketrygda bli gitt etter desse satsane[1]:

		kroner
1a.	Grunnstønad for ekstrautgifter på grunn av varig sjukdom, skade eller lyte etter folketrygdlova § 6-3 (lågaste sats)	9 024
1b.	Ved ekstrautgifter utover lågaste sats, kan grunnstønaden bli auka til	13 752
1c.	eller til	18 024
1d.	eller til	26 544
1e.	eller til	35 964
1f.	eller til	44 928
		-
2a.	Hjelpestønad etter folketrygdlova § 6-4 til dei som må ha særskilt tilsyn og pleie på grunn av varig sjukdom, skade eller lyte	16 152
2b.	Høgare hjelpestønad etter folketrygdlova § 6-5 til barn under 18 år som må ha særskilt tilsyn og pleie	32 304
2c.	eller til	64 608
2d.	eller til	96 912
3.	Behovsprøvd gravferdsstønad opptil	37 000
4.	Stønad til barnetilsyn etter lova §§15-10 og 17-10 første ledd bokstav a)[2]	
	for første barn	60 324
	for to barn	78 684
	for tre og fleire barn	89 184

[1] Satsane under punkt 1, 2 og 4 er årlege beløp for ytingane.
[2] Beløpa i tabellen er maksimale refusjonssatsar. Stønaden er inntektsprøvd.

Bestilling av publikasjonar

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa
publikasjoner.dep.no
Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på
www.regjeringen.no

Trykk: Aksell AS – 10/2025

